



DET KONGELEGE KYRKJE-,
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2000-2001)

FOR BUDSJETTERMINEN 2001

Utgiftskapitla: 200-299 og 2410

Inntektskapitla: 3200-3299, 5310 og 5617

Innhald

Del I		Kap. 0202 Læringsssenteret (jf. kap. 3202)	41
Oversikt over budsjettforslaget frå		Kap. 3202 Læringsssenteret (jf. kap. 202)	43
Kyrkje-, utdannings- og		Kap. 0203 Statens utdanningskontor	
forskningsdepartementet		(jf. kap. 3203)	44
1	Hovudinnleiing	Kap. 3203 Statens utdanningskontor	
		(jf. kap. 203)	45
1.1	Kyrkja i eit nytt tusenår	Kap. 0204 Foreldreutvalet for grunnskolen	
1.2	Regjeringa satsar på langsiktig,	(jf. kap. 3204)	46
	grunnleggjande forskning	Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen	
1.3	Regjeringa satsar på ein FRISK	(jf. kap. 204)	46
	utdanningsprofil.....	Kap. 0206 Samisk utdanningsadministrasjon	47
1.4	Hovudprioriteringane i budsjettet	Kap. 3206 Samisk utdanningsadministrasjon	
	for 2001	(jf. kap. 206)	48
		Kap. 0210 Tilskott til trudomssamfunn m.m.	
		og privatåtte skole- og kyrkjebygg	48
2	Utviklingsprosjekt i skolen og	<i>Programkategori 07.20 Grunnskolen</i>	50
	opplæringa	Kap. 0221 Tilskott til grunnskolen	
		(jf. kap. 3221)	63
3	Forskning og utvikling i	Kap. 3221 Tilskott til grunnskolen	
	statsbudsjettet	(jf. kap. 221)	67
		Kap. 0222 Statens grunnskolar og grunn-	
4	Miljø	skoleinternat (jf. kap. 3222).....	67
		Kap. 3222 Statens grunnskolar og grunn-	
5	Fornyng av offentleg sektor	skoleinternat (jf. kap. 222).....	68
		Kap. 0228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen	
		(jf. kap. 3228)	68
6	Bruk av stikkordet	Kap. 3228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen	
	«kan overførast»	(jf. kap. 228)	70
		Kap. 0229 Andre formål i grunnskolen	70
		Kap. 3229 Andre formål i grunnskolen	
7	Oversikt over forslaget til budsjett	(jf. kap. 229)	72
	for Kyrkje-, utdannings- og	<i>Programkategori 07.30 Vidaregåande</i>	
	forskningsdepartementet	<i>opplæring</i>	73
		Kap. 0231 Tilskott til vidaregåande opplæring	83
		Kap. 0232 Statlege skolar med opplæring på	
		vidaregåande nivå (jf. kap. 3232) ..	84
		Kap. 3232 Statlege skolar med opplæring på	
		vidaregåande nivå (jf. kap. 232)	88
		Kap. 0234 Tilskott til lærebedrifter m.m.	89
		Kap. 0238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande	
		opplæring (jf. kap. 3238)	91
		Kap. 3238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande	
		opplæring (jf. kap. 238)	94
		Kap. 0239 Andre formål i vidaregåande	
		opplæring	94
Del II			
Nærmare om budsjettforslaget			33
	<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>		35
	Kap. 0200 Kyrkje-, utdannings- og forskings-		
	departementet (jf. kap. 3200)		38
	Kap. 3200 Kyrkje-, utdannings- og forskings-		
	departementet (jf. kap. 200)		41

<i>Programkategori 07.40 Andre tiltak i utdanninga</i>	98	Kap. 0264 Noregs handelshøgskole (jf. kap. 3264)	179
Kap. 0240 Private skolar mv.....	99	Kap. 3264 Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)	181
Kap. 0243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243).....	103	Kap. 0265 Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 3265)	182
Kap. 3243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243).....	106	Kap. 3265 Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)	184
Kap. 0244 Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 3244).....	107	Kap. 0268 Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 3268)	184
Kap. 3244 Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 244).....	107	Kap. 3268 Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)	186
Kap. 0249 Andre tiltak i utdanninga.....	108	Kap. 0269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)	187
<i>Programkategori 07.50 Vaksenopplæring</i>	112	Kap. 3269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)	189
Kap. 0250 Statens ressurs- og vaksenopplæringssenter og opplæring for vaksne innvandrara (jf. kap. 3250)	118	Kap. 0270 Studium i utlandet og sosiale formål for elever og studentar.....	190
Kap. 3250 Statens ressurs- og vaksenopplæringssenter og opplæring for vaksne innvandrara (jf. kap. 250)	119	Kap. 0273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)	191
Kap. 0251 Vaksenopplæring i studieforbunda	119	Kap. 3273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)	195
Kap. 0252 Fjernundervisning (jf. kap. 3252)	119	Kap. 0274 Statlege høgskolar (jf. kap. 3274) ..	196
Kap. 3252 Fjernundervisning (jf. kap. 252) ...	120	Kap. 3274 Statlege høgskolar (jf. kap. 274)	210
Kap. 0253 Folkehøgskolar	120	Kap. 0278 Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 3278)	210
Kap. 0254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254).....	122	Kap. 3278 Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 278)	213
Kap. 3254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254).....	125	Kap. 0279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)	214
Kap. 0255 Forsking, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 3255).....	125	Kap. 3279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)	216
Kap. 3255 Forsking, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 255).....	125	Kap. 0281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)	217
Kap. 0256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256).....	126	Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)	226
Kap. 3256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256).....	127	Kap. 0282 Privat høgskoleutdanning	226
Kap. 0258 Forsking, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa	128	<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>	233
Kap. 0259 Kompetanseutviklingsprogrammet	130	Kap. 0283 Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 3283)	241
<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning</i>	131	Kap. 3283 Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 283)	243
Kap. 0260 Universitetet i Oslo	153	Kap. 0285 Noregs forskingsråd.....	244
Kap. 3260 Universitetet i Oslo (jf. kap. 260) ..	160	Kap. 0286 Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)	253
Kap. 0261 Universitetet i Bergen	160	Kap. 3286 Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)	254
Kap. 3261 Universitetet i Bergen (jf. kap. 261)	166	Kap. 0287 Forskingsinstitutt og andre tiltak..	254
Kap. 0262 Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.....	166	Kap. 0288 Internasjonale samarbeidstiltak	259
Kap. 3262 Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (jf. kap. 262)	172	<i>Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering</i>	263
Kap. 0263 Universitetet i Tromsø.....	173	Kap. 0291 Studium i utlandet og sosiale formål for elever og studentar.....	266
Kap. 3263 Universitetet i Tromsø (jf. kap. 263).....	178		

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310).....	266	Kap. 0297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)	288
Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410).....	272	Kap. 3297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)	289
Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	273	Kap. 0299 Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 3299)	290
<i>Programkategori 07.90 Den norske kyrkja</i>	274	Kap. 3299 Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)	293
Kap. 0294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294).....	280	Forslag til vedtak for budsjetterminen 2001 Kapitla 200-299 og 2410, 3200-3299, 5310 og 5617	295
Kap. 3294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294).....	285		
Kap. 0295 Presteskapet (jf. kap. 3295).....	285		
Kap. 3295 Presteskapet (jf. kap. 295).....	287		

Figurar

Figur 8.1 Elevar per PC i grunnskolar med mellom- og ungdomstrinn	54	Figur 8.5 Dei ulike elementa i Kompetansereforma	114
Figur 8.2 Relativ endring i talet på barn i grunnskolealder (01.01.2000=100) 56		Figur 8.6 Fordeling av lesedugleiken på alle tre leseskalaer i prosent.....	118
Figur 8.3 Aldersfordelinga av lærarane i grunnskolen. 1980, 1990 og 1999 58		Figur 8.7 Tal på avlagde doktorgradar i dei nordiske landa 1989-99	238
Figur 8.4 Delingstimar og timar til spesial- undervisning som prosent av minstetimetallet, etter kommune- gruppe 1997-99.....	59		



DET KONGELEGE KYRKJE-,
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2000-2001)

FOR BUDSJETTERMINEN 2001

Utgiftskapitla: 200-299 og 2410

Inntektskapitla: 3200-3299, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 15. september 2000,
godkjend i statsråd same dagen.*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

1 Hovudinnleiing

1.1 Kyrkja i eit nytt tusenår

Det er målet til Regjeringa at dei kristne kulturtradisjonane og det kristne verdigrunnlaget blir haldne levande som ein del av vår felles kulturarv. Regjeringa legg vekt på at Den norske kyrkja skal vere ei open og inkluderande folkekyrkje, som møter menneska i deira konkrete livssituasjon. Medlemmene av kyrkja skal kunne kjenne at dei høyrer til i kyrkja, og at det er plass for alle.

Kyrkja lever sitt liv i lokalsamfunnet. Målet er at ho der kan vere ein viktig formidlar av kulturelle og identitetsskapande fellesverdiar og kjelde til solidaritet, personleg medansvar og omsorg for den einskilde.

Prestetenesta, som er ei bærande teneste i kyrkja, skal utviklast og styrkjast. Regjeringa foreslår derfor å opprette 35 nye prestestillingar i 2001. Regjeringa ser det som viktig å få ei breiare deltaking under dei kyrkjelege vala, og at kvinner blir likestilte på alle nivå i kyrkja.

Det nye kyrkjelege lovverket har endra dei rettslege og organisatoriske rammevilkåra for kyrkja. Regjeringa ser endringane som viktige for utviklinga av gode arbeidsvilkår for dei kyrkjelege råda, for tilsette i kyrkja og for kyrkja i det heile.

1.2 Regjeringa satsar på langsiktig, grunnleggjande forskning

Ei investering i forskning er ei investering i framtida vår. Langsiktig, grunnleggjande forskning og forskning av høg internasjonal kvalitet utgjer fundamentet i ei slik investering. Regjeringa foreslår å utvide kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 3 mrd. kroner frå 1. januar 2001. Dette gir ein samla kapital i fondet på 7 mrd. kroner. Fondet er ein viktig reiskap for å sikre ei auka og meir heilskapleg offentleg finansiering av norsk forskning. Avkastninga frå fondet skal særleg støtte langsiktig, grunnleggjande forskning generelt og langsiktig forskning innanfor dei fire tematiske satsingsområda som er peika ut i Innst. S. nr. 110 (1999–2000) og St.meld. nr. 39 (1998–99) Forskning ved et tidsskille.

Ei satsing på forskning krev menneskelege ressursar. Universitet og høgskeolar står for hovuddelen av den langsiktige og grunnleggjande forskinga. Det er eit stort behov for fleire forskarrekruftar ved dei høgre utdanningsinstitusjonane. Regjeringa foreslår derfor å opprette 100 nye doktorgradsstipendiatstillingar og 40 nye postdoktorstillingar. Regjeringa vil også satse på å utnytte

det potensialet som kvinnene utgjer, og det er eit mål at begge kjønna skal vere godt representerte på alle nivå i forskningssamfunnet. Dei 40 nye postdoktorstillingane skal derfor vere øyremerkte kvinner. Kvinner utgjer i dag berre ca. 12 pst. av alle professorane. For å bøte på dette vil Regjeringa opprette 20 nye professorat som er øyremerkte for kvinner.

Det er viktig at forskarane har gode arbeidsvilkår og tilgang på oppdatert vitenskapleg utstyr. Regjeringa vil derfor auke løyvingane til vitenskapleg utstyr med 25 mill. kroner.

1.3 Regjeringa satsar på ein FRISK utdanningsprofil

Menneskeleg arbeid, kunnskap og skaparevne er Noregs viktigaste nasjonalformue. God økonomi er å ta desse ressursane i bruk i heile landet. Kunnskap og kompetanse har mykje å seie for trivsel, sjølvkjensle og menneskeleg utvikling, og for ei samfunnsutvikling som gir større forståing for fellesverdiane.

Regjeringa legg vekt på brei tilnærming i utdannings- og kompetansopolitikken. Ei hovudutfordring er å sikre at våre menneskelege ressursar blir forvalta på ein god måte.

Det overordna målet er lik rett til utdanning. Dette er eit kjernepunkt i velferdssamfunnet vårt. Ein rettferdig utdanningspolitikk er ein nøkkel til eit rettferdig samfunn. Regjeringa vil arbeide for at utdanninga blir prega av Fleksibilitet, Rettferd, Intensitet, Skaparkraft og Kvalitet, med andre ord ei «FRISK» utdanning.

Utdanning og forskning skal medverke til å utvikle vidare og fornye velferdsstaten. Utdanninga skal gi oss kunnskapar vi treng for å løse viktige samfunnsproblem og hjelpe oss til å fungere saman som samfunn.

Livslang læring er ein av nøklane til det 21. hundreåret. Omgrepet rekk vidare enn det tradisjonelle skiljet mellom grunnutdanning og vidare utdanning. Eit kompetansesamfunn må baserast på den evna den enkelte har til å skaffe seg, fornye og ta i bruk kunnskap. Det bør leggjast vekt på desse aspektane i alle utdanningsprosessar og på alle nivå. Den vekta Regjeringa legg på livslang læring, møter somme av dei utfordringane som ei verd i rask endring gir.

Globalisering og internasjonalisering gir oss nye utfordringar. Kunnskap og utdanning blir i aukande grad internasjonaliserte. Regjeringa legg vekt på å gi utdanningsinstitusjonane våre høve til å vere konkurransedyktige i ei meir internasjonalisert verd. Regjeringa vil derfor satse på større

deltaking i internasjonale fora og nærmare samarbeid om utviklingsbistand.

Regjeringa satsar på eit fleksibelt utdanningssystem

Kunnskapen om og bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er grunnleggjande element i utviklinga av samfunns- og næringsliv. Blant internasjonale analytikarar blir det stadig oftare peika på at den akselererande bruken av IKT og den globale utviklinga av Internett også vil føre til omfattande endringar i utdanningssektoren. Utviklinga krev eit fleksibelt utdanningssystem som er tilpassa eit samfunn i endring og behova til den einskilde.

Grunnsteinen i utdanningssystemet vårt er grunnskolen. Læreplanverket som blei innført med Reform 97, legg vekt på at alle elevar skal få høve til å ta i bruk og utvikle sine gode sider gjennom varierte aktivitetar. Opplæringa skal både vere tilpassa den einskilde og dei lokale tilhøva, og opne for fleksibilitet og variasjon. Tilsvarende har Reform 94 lagt eit rammeverk for tilpassing og fleksibilitet i vidaregåande opplæring.

Utfordringa no er å stimulere kommunane, fylkeskommunane og dei einskilde skolane til å ta i bruk det handlingsrommet som ligg i lov-, læreplan- og avtaleverk. Skolen skal utviklast innanfor ramma av opplæringslova, læreplanverka og andre forskrifter til lova, og gjennom tidsavgrensa pedagogisk og organisatoriske forsøk som krev avvik fra lov og forskrifter, jf. opplæringslova § 1-4.

Den nye arbeidstidsavtalen for lærarar, som gjeld frå og med skoleåret 2000-01, skal medverke til meir fleksibel organisering av skoleåret og skoledagen. Regjeringa og hovudsamanslutningane/Norsk lærarlag har gått saman om ei intensjonserklæring om eit målretta samarbeid som skal leggje til rette for større lokal fridom til å organisere arbeidet og til å disponere arbeidstida. Dette skal mellom anna gi rom for meir lokalt utviklingsarbeid, gi meir plass for kreativiteten til den einskilde læraren og gi betre utnytting av ressursane. Samarbeidet vil bli nedfelt i ein handlingsplan fram til 1. august 2003. Endringar i særavtalane som regulerer lønns- og arbeidsvilkår for lærarane, vil stå sentralt. Erfaringar frå forsøks- og utviklingsarbeid vil vere viktige føresetnader for dette arbeidet.

IKT og Internett er sentrale element i arbeidet med å førebu ein meir fleksibel skole og gjere morgondagens skole betre. IKT kan medverke til at skolen kan komme behova og interessene til den einskilde eleven betre i møte. IKT fører òg til

endra roller og endra organisering av skole og skolearbeid. Vi ser at læraren i større grad blir ein person som rettleier og legg til rette, og at eleven i større grad tar ansvar for eiga læring. Skolen vil på denne måten i større grad enn i dag leggje grunnlaget for livslang læring. Gjennom IKT ser ein at draumen om eit utvida, globalt klasserom kan bli ein realitet. Regjeringa satsar på ei styrking av denne utviklinga og foreslår å løyve 100 mill. kroner ekstra til satsinga på IKT i opplæringa. Dette inneber ein auke på 50 pst. frå 2000 og ei åttedobling i høve til 1999-nivået. Det finst ikkje noko einskild grep som løyser alle IKT-utfordringane. Verkemidla er ei brei satsing på ei rad område som heng nøye saman: kompetanseutvikling for lærarane, IKT i lærarutdanninga, infrastruktur og breiband, utvikling av læremiddel og nettinnhald, forsøk, forskning og utvikling og internasjonalt samarbeid.

Utdanning utover grunnskolen og vidaregåande opplæring har endra seg vesentleg i dei siste tiåra. Høgre utdanning har gått frå å vere ei utdanning for dei få til at mange får høve til slik utdanning. I tillegg har det utvikla seg ein marknad for kortare fagretta utdanningar mellom vidaregåande opplæring og høgre utdanning. Ein vil framover merkje eit stadig større innslag av godt vaksne som søker etter- og vidareutdanning. For at utdanningstilbod innanfor høgre utdanning skal nå nye grupper, har Regjeringa lagt fram forslag til endring av opptaksparagrafane i universitets- og høgskolelova. Forslaget inneber at alle institusjonar under lova frå hausten 2001 kan ta opp søkjarar til studium ut frå realkompetansen deira, jf. Ot.prp. nr. 58 (1999-2000). Regjeringa vil også føre vidare satsinga på desentraliserte studietilbod og støtte til utvikling av fjernundervisning og fleksible studieopplegg basert på IKT ved dei høgre utdanningsinstitusjonane.

Eit offentleg oppnemnt utval (Berg-utvalet) leverte våren 2000 utgreinga si i NOU 2000: 5 Mellom barken og veden – om fagskoleutdanning. Utvalet konkluderer med at det er behov for korte, yrkesretta utdanningar som kan svare raskt på endringsbehov i samfunns- og arbeidsliv. Utvalet foreslår at det blir definert eit sjølvstendig utdanningsnivå organisert under ei eiga lov. Regjeringa vil på bakgrunn av m.a. denne utgreinga fremme ei stortingsmelding der denne typen utdanningar blir sette i samanheng med høgre utdanning og studiefinansiering.

Det er eit mål for arbeidet med Kompetansereforma å gi heile befolkninga eit kompetanseløft, uavhengig av tidlegare utdanning, alder, kjønn og bustad. Regjeringa ser det som viktig at tilboda

blir utforma slik at flest mogleg kan gjennomføre eit utdanningsløp utan å tre ut av arbeidsmarknaden. Dei ulike tiltaka blir gjennomførte i samarbeid mellom Regjeringa, partane i arbeidslivet og offentlege og andre utdanningsaktørar.

Dokumentasjon og verdsetjing av dei kunnskapane og erfaringane den einskilde har, skal vere basis for opplæringa av vaksne. Tilbodet vil derfor kunne bli både eit avkorta og eit tilpassa opplæringsløp. Regjeringa meiner at opplæring som er lagd til rette på denne måten, er ei lønnsam investering, både fordi det gjer det mogleg for vaksne å gå inn på rett nivå i utdanninga, og fordi arbeidslivet får eit betre verktøy for kompetansekartlegging. Gjennom realkompetanseprosjektet fekk over om lag 1000 vaksne vurdert realkompetansen sin som ein del av vidaregåande opplæring våren 2000. Gjennom dei prosjekta som no er i gang i regi av fylkeskommunar, arbeidsliv, studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar, folkehøgskolar og frivillige organisasjonar, blir metodane i prosjektet utvikla vidare. Målet er å etablere eit nasjonalt system for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse med legitimitet både i arbeidslivet og i utdanningssystemet. Med framlegg om vidareføring av prosjektet i 2001 vil det samla ha vore nytta 50 mill. kroner til dette arbeidet over ein treårsperiode.

Kompetanseutviklingsprogrammet har som overordna målsetjing å medverke til nyskaping i og vidareutvikling av marknaden for etter- og vidareutdanning. Det blei løyvd 50 mill. kroner til programmet i 2000. Det kom inn over 250 søknader etter første utlysing av prosjektmidlane våren 2000. Regjeringa foreslår at satsinga på kompetanseutviklingsprogrammet blir auka med 50 mill. kroner til totalt 100 mill. kroner i 2001, jf. omtale under kategori 07.50 Vaksenopplæring kap. 259.

Regjeringa legg vekt på å betre samarbeidet mellom partane i arbeidslivet og dei høgere utdanningsinstitusjonane om arbeidslivsretta utdanningstilbod. Regjeringa har mellom anna støtta utviklinga av Noregsuniversitetet, eit samarbeid mellom Universitets- og høgskolerådet og fleire av organisasjonane i arbeidslivet om ein database med høgere utdanningstilbod og eit elektronisk kurstorg for å møte etterspurnad etter utdanningstilbod frå arbeids- og næringsliv. Det er opna for at institusjonane sjølve skal kunne opprette og leggje ned undervisningstilbod på opptil 30 vektal, mellom anna for at dei enklare og raske skal kunne svare på nye behov i næringsliv og arbeidsliv.

Regjeringa satsar på eit rettferdig utdanningssystem

Regjeringa vil arbeide for å sikre lik rett til utdanning uavhengig av bakgrunn og føresetnader.

Regjeringa er oppteken av at alle elevar på vidaregåande opplæringsnivå skal få gratis lærebøker. Eit første skritt på vegen er teke, når alle elevar på vidaregåande kurs I og II frå hausten 2000 har fått redusert utgiftene sine til lærebøker i dei felles allmenne faga. Ordninga blir ført vidare i forslaget til statsbudsjett for 2001. I tillegg vil departementet arbeide for å utvikle læremiddel for Internett.

Ein tek sikte på at retten til grunnskoleopplæring for vaksne blir gjort gjeldande 1. august 2002. Det er i samband med dette sett i gang eit prosjekt for å kartleggje behov og utvikle og prøve ut opplæringsmodellar for vaksne som vil ta grunnskoleopplæring i eitt eller fleire fag.

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne blei sett i kraft frå 1. august 2000. Lova opnar for at fylkeskommunane kan nytte fjernundervisningsinstitusjonar, studieforbund eller andre tilbydarar for å oppfylle plikta til å gi vidaregåande opplæring for vaksne. Regjeringa er oppteken av at opplæringa fører fram til full kompetanse, det vil seie studiekompetanse eller fag-/sveinebrev. Kvar fylkeskommune og tre opplæringsregionar har fått statlege prosjektmidlar for å utvikle høvelege undervisningsmodellar. Regjeringa vil føre arbeidet vidare i 2001, og foreslår at det blir lagt særleg vekt på vaksne med lese- og skrivevanskar.

Utdanningsfinansiering er eit viktig verkemiddel for å få til eit rettvis utdanningssystem. Utvalet som vurderte ordninga med utdanningsstøtte i Statens lånekasse for utdanning, la fram innstillinga si hausten 1999 i NOU 1999: 33 Nyttige lærepenger – om utdanningsfinansieringen gjennom Lånekassen (Aamodt-utvalet). Utvalet foreslår ei rekkje tiltak for å gjere utdanningsfinansieringa enklare og meir rettvis. Regjeringa vil følgje opp arbeidet med innstillinga gjennom ei stortingsmelding våren 2001. I meldinga skal utdanningsstøttesystemet sjåast i nær samanheng med oppfølginga av Berg-utvalet og utvalet for høgere utdanning (Mjøs-utvalet).

Bygging av studentbustader er eit sentralt verkemiddel for å sikre rekruttering til ulike typar høgere utdanning uavhengig av geografisk tilhørsel. I tillegg skal bygging av studentbustader sørge for rimelege bustadtilbod, og slik gjere det mogleg å velje høgere utdanning uavhengig av eigen økonomi eller økonomien til foreldra. Regje-

ringa vurderer studentbustader som eit viktig velferdstilbod som fremmar lik rett til høgre utdanning. Tilskottet til bygging av studentbustader blir derfor foreslått auka, slik at det blir mogleg å byggje 1 000 nye bustader i 2001.

Det er ei viktig målsetjing å fremme likestilling i opplæringa, utdanninga og forskinga. Den nye rettleiinga for likestilling i grunnskolen, vidaregåande opplæring og vaksenopplæringa vil bli følgt opp med ulike tiltak, mellom anna etterutdanningstilbod for lærarar og tiltak retta mot lærarstudentar. Regjeringa vil vidare satse på å få opp interessa og kunnskapen til jenter og kvinner om matematikk, naturfag og teknologi, særskilt innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi. I tillegg blir det satsa på særskilde tiltak for å informere og rettleie jenter og gutar om utdanningsval på tvers av tradisjonelle kjønnsroller.

For å nå målsetjinga om å gi alle likeverdig opplæringstilbod blir det satsa på individuell tilpassing for funksjonshemma med utgangspunkt i læreplanane for dei ulike opplæringsområda. Ei hovudutfordring i St.meld. nr. 8 (1998-99) Om handlingsplan for funksjonshemma 1998-2001 er samarbeid på tvers av faggrenser, sektorar og forvaltningsnivå. Årsplan for IKT i utdanninga 2000 gir klarare signal til teknologiske og pedagogiske utviklingsmiljø om å leggje vekt på tilgjenge for funksjonshemma brukarar. Det er òg viktig å leggje til rette for at brukarane i større grad kan ta del i utviklinga av IKT-prosjekt.

I ei verd der tilgang til utdanning ikkje er eit gode for alle, vil Regjeringa satse på globalt samarbeid og utviklingsbistand på utdanningsområdet. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har inngått samarbeid med NORAD om dette. Utdanning, særleg for jenter, er eit av dei mest effektive verkemiddla for sosial og økonomisk rettferd. Internasjonalt er det 110 millionar barn som ikkje har tilgang til eller ikkje fullfører grunnskolen. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har mykje erfaring frå arbeidet med å gjennomføre reformer. Departementet vil nytte denne kompetansen i bistandsarbeid. Departementet har no eit samarbeid med utdanningsdepartementa i Nepal og i Zambia om støtte til gjennomføring av reformer i grunnskolen. Departementet legg vekt på samarbeidet innanfor UNESCO og Europarådet, der utdanning er eit sentralt ledd i demokrati- og samfunnsbygginga i ulike utviklings- og reformland.

Regjeringa vil arbeide for å heve kunnskapsnivået hos norske ungdommar om nord-sør relasjonar. Departementet har derfor fastsett eit eige nord-sør valfag i vidaregåande opplæring. Depar-

tementet vil fortsette samarbeidet med elev- og lærarorganisasjonane om ei internasjonal veke ved alle grunnskolar og vidaregåande skolar i samband med Operasjon Dagsverk.

Regjeringa satsar på ei intensiv utdanning

Utdanningssystemet møter krav om større effektivitet. For å møte denne utfordringa må utdanningssystemet nytte ressursane betre, auke gjennomstrøyminga og gjere opplæringa spennande og utbyterik for elevane, lærlingane og studentane.

Ved overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring må elevane ta avgjerande og riktige val i ein tidleg livsfase. Regjeringa vil arbeide for å styrkje fundamentet i fellesskolen og sjå det trettårige opplæringsløpet i samheng. Målet er å sikre ein smidigare overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, mellom anna gjennom god rådgiving og rettleiing.

For å møte behova i samfunnet og arbeidslivet må den vidaregåande opplæringa vere under stadig endring. Ein større intensitet og fleksibilitet i opplæringa kan frigjere ressursar og auke gjennomstrøyminga. Med om lag 100 vidaregåande kurs I er spesialiseringa i vidaregåande opplæring blitt for sterk. For å møte behova i arbeidslivet er det behov for breie og fleksible tilbod om opplæring. Departementet legg opp til eit tett samarbeid med partane i arbeidslivet om dei framtidige behova for vidaregåande opplæring.

Eit godt og positivt miljø er ein føresetnad for effektivitet og intensitet i utdanninga. Regjeringa vil føre vidare og styrkje innsatsen for eit positivt lærings- og oppvekstmiljø i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Prinsippet om medbestemmelse og brukerinvolvering vil stå sentralt og alle i skolesamfunnet må derfor vere med på å bidra til eit stimulerande og trygt oppvekst- og læringsmiljø. Samarbeid mellom skole og heim vil stå sentralt. Departementet vil føre vidare program for skolemekling og følgje opp handlingsplanen mot barne- og ungdomskriminalitet (St.meld. nr. 17 (1999-2000)). Regjeringa foreslår at det blir løyvd i alt 15 mill. kroner til oppfølging av handlingsplanen, der løyvinga er delt mellom Justisdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. For å oppnå best mogleg resultat foreslår Regjeringa at innsatsen rettar seg mot heile spekteret av målgrupper, frå relativt små barn som viser teikn på problemåtferd, til ungdom som utfører kriminelle handlingar.

Departementet vil føre vidare arbeidet med trafikktryggleik på skolevegen.

Ei evaluering av forskrift om miljøretta helsevern i skolar på oppdrag frå Sosial- og helsedepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet viser at fylkeskommunane og kommunane har komme langt i arbeidet, men at ikkje alle skolar enno tilfredsstillar krava i forskrifta. Som eit ledd i arbeidet med nettverk for miljølære har departementet derfor starta opp eit inneklimateprogram, der vekta blir lagd på energi og inneklimate i skolen. Ei rekkje skolar har teke del i programmet, der elevane sjølve prøver ut ulike tiltak for å betre energibruken og inneklimateet ved eigen skole. Programmet byggjer på tidlegare erfaringar frå MEIS-prosjektet.

Regjeringa vil vere særleg merksam på arbeidsmiljøet til elevane og lærarane. Departementet vil finansiere produksjon og spreiding av materiell om helse, miljø og tryggleik (HMS-materiell) til bruk for elevane i skolen og opprette ei rettleiingsteneste for skolebyggjarar.

Regjeringa vil i melding til Stortinget ta stilling til forslaget frå Mjøs-utvalet om å endre gradsstrukturen i høgre utdanning slik at den er meir i samsvar med system i andre land. Utdanningane må dimensjonast slik at ein best mogleg tek omsyn til både ønska til studentane og det behovet samfunnet har for tilgang på arbeidskraft. I dag er det mangel på arbeidskraft på fleire samfunnsområde, som i helse- og sosialsektoren og IKT-bransjen. Samstundes går årskull som er aktuelle for studiar ned. Kravet til omstilling er stort. Fleire hundre studieplassar står ledige. Ansvarleg politikk frå Regjeringa si side fører derfor til medviten nedskjering på somme felt for å kunne skjerme eller styrkje andre.

Regjeringa legg vekt på at studia i høgre utdanning har god gjennomstrøyming. Tilhøva må derfor leggjast til rette for at studentane møter gode og inspirerande studium, og institusjonane må ta imot og følgje opp studentane på ein måte som motverkar fråfall. Dette krev medvite arbeid frå institusjonane si side, ikkje berre med å gi tilboda høg fagleg kvalitet, men òg for å tilfredsstillere endra behov hos brukarane. Ikkje minst er det viktig at tilboda metodisk er så gode som råd er ved at ein nyttar varierte og relevante arbeids- og samarbeidsformer og nyare teknologiske hjelpemiddel. Det er òg naudsynt at alle høgre utdanningsinstitusjonar har gode system for studentvelferd og for å følgje opp studentane gjennom studia.

Regjeringa satsar på ei utdanning med skaparkraft

Kreativitet og skapande evner er avgjerande i ei verd i stadig endring. Utdanninga må leggje til rette for å realisere skaparkrafta både hos den ein-skilde og i samfunnet. Dette inneber også at utdanningssystemet på alle nivå må tenkje nytt og vere innstilt på omstilling og endring for å møte endra behov.

Skolekvardagen i fellesskolen må vere utfordrande, lærerik og inspirere til skaparkraft. Skolen er mangfaldig. Mangfaldet vil auke, ikkje minst ved at skolen blir meir fleirkulturell, og ved at nye profesjonar bankar på skoledøra. Regjeringa vil arbeide for å styrkje kvaliteten og auke mangfaldet.

Ved handsaminga av St.prp. nr. 38 (1999-2000) slutta Stortinget seg til oppretting av Læringssenteret, jf. Innst. S. nr. 156 (1999-2000). Læringssenteret skal medverke til kontinuerleg fornying og forbetring av skolen og opplæringa. Regjeringa meiner at grunnlaget no er på plass for å leggje til rette for eit meir heilskapleg utviklingsperspektiv på mellom anna læring, evalueringsarbeid og læremiddel.

Entreprenørskap er ein reiskap for å fremme nyskapande skolar i nært samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv. I Hedmark, Nordland og Østfold er det i gang eit 3-årig prosjekt kalla «Entreprenørskap på timeplanen». Prosjektet omfattar både grunnskolar og vidaregåande opplæring.

Regjeringa ønskjer ei utvida satsing på kultur i opplæringa. Kulturarven må gjerast levande, og lokalkulturen må takast i bruk. I samarbeid med Kulturdepartementet vil det bli sett i gang ei nasjonal satsing på kultur i skolen under nemninga «Den kulturelle skolesekken». Målet med satsinga er å styrkje og utvikle samarbeidet mellom skolane og det lokale kulturlivet.

På bakgrunn av Innst. S. nr. 225 (1995-2000) og St.prp. nr. 63 (1999-2000) fatta Stortinget vedtak om at dei tre vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk fjernundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter frå 1. januar 2001 skulle bli overførde til ein ny institusjon under namnet VOX - Vaksenopplæringsinstituttet. VOX skal arbeide med kunnskapsutvikling gjennom forskning og utvikling og kunnskapsformidling.

Regjeringa ser viktige verdiar i det desentraliserte systemet som vi har for høgre utdanning. Høgskolar utanom dei største sentra greier i mange høve å rekruttere studentar som elles

ikkje ville teke høgre utdanning, og dei utdannar ofte for eit lokalt arbeidsliv som ikkje så lett rekrutterer personell frå andre delar av landet. Desse institusjonane har vist seg å kunne vere viktige instrument for lokal nyskaping i nærings- og yrkesliv. Regjeringa legg vekt på å gi dei høgre utdanningsinstitusjonane gode høve til å medverke til lokal nyskaping, mellom anna gjennom forskingsrådsprogramma under BRO-paraplyen (Brobygging mellom næringsliv og forskning).

Regjeringa vil utvikle vidare og styrkje samarbeidet med EU gjennom EØS-avtalen, ta del i OECD-arbeid og ta i vare det nordiske samarbeidet. Det vil vere særleg nyttig å hente erfaringar frå andre land innanfor området høgre utdanning og forskning. Det vil bli lagt til rette for nært samarbeid mellom norske og utanlandske institusjonar, mellom lærarar og mellom studentar og elevar på ulike utdanningsnivå.

Regjeringa ønskjer å profilere norsk utdanning og forskning internasjonalt. Noreg har mykje å medverke med, ikkje minst gjennom erfaringar frå ti års samanhengande reformarbeid. Gjennom Kompetansereforma har Noreg utvikla modellar for samarbeid som møter utfordringane i mange land. Innanfor særskilde forskingsfelt har norske institusjonar utvikla ein spisskompetanse som er etterspurd.

Regjeringa satsar på kvalitet i utdanninga

Den norske skolen er god. Mykje er gjort, men mykje kan bli betre, og skolen må heile tida fornyast. Nøkkelen til kvalitet i skolen er dyktige og engasjerte lærarar. Vi må derfor sikre ei god rekruttering til læraryrket. Mellom anna som eit ledd i dette har lærarane fått ein monaleg lønnsauke i samband med lønnsoppgjeret dette året. Til gjengjeld vil lærarane opne for meir fleksibilitet ved at undervisningstida i større grad kan tilpassast skolen og behova til elevane. Dette er eit viktig bidrag til å betre kvaliteten på skoletilbodet.

For å utvikle fellesskolen vidare er det naudsynt med god kunnskap om dei kvalitative sidene ved opplæringa. Departementet vil derfor utvikle og ta i bruk indikatorar som kan gi betre innsikt både i dei gode og dei dårlege sidene ved utdanninga, lokalt og nasjonalt. Internasjonalt samarbeid omkring utvikling av indikatorar gir høve til å sjå norsk utdanning i eit internasjonalt perspektiv. Skolar og lærebedrifter har framleis behov for bistand til å gjennomføre skole- og bedriftsbasert vurdering. Departementet er oppteke av at det blir knytt kontaktar med eksterne instansar og

miljø som kan gå inn som ein ressurs i arbeidet med skole- og bedriftsbasert vurdering og kvalitetsutvikling. I eit treårig nasjonalt prosjekt vil departementet prøve ut ei ordning med ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid.

For å forbetre elevvurderinga er det sett i gang utviklingsarbeid i bruk av IKT ved avgangsprøva, og det er opna for forsøk med elevvurdering utan bruk av karakterar på ungdomstrinnet. Elevar, lærlingar, foreldre og lærarar må ta del i arbeidet med vurdering og kvalitetsutvikling av skolen og utdanninga.

Mjøs-utvalet, som la fram utgreiinga si om høgre utdanning i mai 2000, har lagt særskild vekt på vurderingar og forslag om korleis ein betre kan sikre kvalitet i høgre utdanning og forskning. Utvalet vurderte dei fleste spørsmåla som er knytte til høgre utdanning, mellom anna tilknytingsform, styringsform, finansiering og gradssystem. I det vidare oppfølgingsarbeidet i departementet blir dei tre utgreiingane frå utvala Berg, Mjøs og Aamodt sette i samanheng. Ei felles oppfølging gir høve til ei heilskapleg tilnærming til utforminga av norsk utdanning. I dette inngår også at studiefinansieringa er eit sentralt verkemiddel for å nå dei utdanningspolitiske måla.

I Noreg har det, som i dei fleste vestlege land, vore vanskeleg å rekruttere til naturvitskaplege og teknologiske fag. Dette har ført til at det er liten konkurranse om plassane ved mange realfaglege og teknologiske studium, og ved somme studium står plassar ledige. For profesjonsutdanningar, som ingeniør- og sivilingeniørutdanningane, blir inntakskvaliteten styrkt ved å krevje spesiell studiekompetanse ved opptak. Det er sett i gang ulike tiltak for å styrkje realfaga i heile opplæringsystemet. Departementet legg også vekt på at relevante fagmiljø intensiverer arbeidet med didaktiske problemstillingar innanfor realfag, da dette kan vere med på å få opp interessa for og kunnskapen om realfag blant studentar og elevar. Institusjonane driv i samarbeid med næringslivet aktiv rekruttering på ulike måtar. Regjeringa løyvde våren 2000 midlar til Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) til å opprette eit nasjonalt senter for rekruttering til naturvitskaplege og teknologiske fag, og senteret har fått eit nasjonalt koordineringsansvar for rekrutteringsarbeidet.

Dei høgre utdanningsinstitusjonane har eit ansvar for at undervisningstilboda har høg kvalitet og relevans, og Regjeringa ventar at dei legg vekt på heile tida å vurdere og styrkje kvaliteten på og relevansen til undervisningstilboda sine. Regjeringa vil støtte opp under det kvalitetsarbeidet.

det som gjerast i institusjonane mellom anna gjennom ulike evalueringar, og har gitt Noregsnetttrådet eit ansvar for dette arbeidet. Der har ein gjennom eit prøveprosjekt starta arbeidet med å utvikle eit felles system for kvalitetsvurdering ved institusjonane, og det er sett i gang ulike fag- og institusjonsevalueringar. Dette arbeidet held fram.

1.4 Hovudprioriteringane i budsjettet for 2001

Forslaget frå Regjeringa til løyvingar til kyrkje-, utdannings- og forskingsformål utgjer 43,3 mrd. kroner. Dette er ein auke på 12,1 pst. i høve til saldert budsjett for 2000.

Regjeringa foreslår 100 mill. kroner som ei ekstra satsing på informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i opplæringa. Satsinga vil skje på ei rad område som heng nøye saman: kompetanseutvikling for lærarane, IKT i lærarutdanninga, infrastruktur og breiband, utvikling av elektroniske læremiddel og nettinnhald samt forsøk og utvikling.

Den særskilde satsinga på skolen (skolepakka) blir ført vidare. Satsinga på ungdomstrinnet vil fortsette i 2001. Løyvingane skal gå til kvalitetsutvikling i skolen med vekt på lærarutdanning, etterutdanning for lærarar, forskings-, forsøks- og utviklingsarbeid og til pedagogisk bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT).

Det er foreslått ei løyving på 5 mill. kroner over budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til å følgje opp handlingsplanen mot barne- og ungdomskriminalitet, jf. St.meld. nr. 17 (1999-2000).

Regjeringa foreslår 100 mill. kroner til vidareføring av ordninga med utlån av lærebøker i vidaregåande opplæring. I tillegg vil departementet arbeide for å utvikle læremiddel for Internett.

Som ledd i å gi kommunane større lokalt handlingsrom foreslår Regjeringa å innlemme det øyremerkte tilskottet til leirskoleopplæring i rammetilskottet til kommunane.

Lærarane har fått to ekstra lønnstrinn i tillegg til det ordinære lønnsoppgjeret i 2000, knytte til endringar i arbeidstidsavtalen. Det er lagt inn midlar over rammetilskotta til kommunar og fylkeskommunar til dekning av meirutgifter som følgje av dette.

Tilskottet til private skole- og kyrkjebygg blir foreslått avvikla. Budsjettforslaget inneheld og framlegg om nokre mindre innstramningar under kapitlet for private skolar.

Tilskottet til ekstra opplæring av språklege minoritetar i vidaregåande opplæring blir foreslått redusert med 10 mill. kroner.

Dei ekstra stimuleringstilskotta til formidling og inntak av lærlingar med stort frávær og svake karakterar, blir foreslått avvikla.

Det er eit overordna mål for Kompetansereforma at ho skal medverke til å dekkje behova for kompetanse i samfunnet, arbeidslivet og hos den einskilde. Regjeringa foreslår å føre vidare tiltak over budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Kompetansereforma med totalt 100 mill. kroner. Satsingsområda omfattar mellom anna kompetanseutviklingsprogrammet, prosjekt for å utvikle fleksible undervisningsmodellar og dokumentasjon av realkompetanse. Ein vil dessutan auke innsatsen for vaksne med lese- og skrivevanskar. Regjeringa foreslår i tillegg ein auke på 50 mill. kroner til kompetanseutviklingsprogrammet for vidareutvikling av marknaden for etter- og vidareutdanning. Det er etter dette foreslått 100 mill. kroner til programmet i 2001.

Regjeringa satsar på forskning. Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping blir foreslått auka med 3 mrd. kroner frå 1. januar 2001. Dette gir ein samla kapital i fondet på 7 mrd. kroner. Avkastninga som kan nyttast i 2001, vil vere 203,5 mill. kroner, ein auke på 113,5 mill. kroner frå 2000. Som følgje av kapitalauken i 2001 vil avkastninga som kan nyttast i 2002, bli om lag 410 mill. kroner. Avkastninga frå fondet vil særleg styrkje langsiktig, grunnleggjande forskning.

Det er i tillegg til auken i avkastninga frå Forskingsfondet lagt inn midlar til 100 nye doktorgradsstipendiatstillingar, 40 postdoktorstillingar og 25 mill. kroner i auka løyvingar til vitenskapleg utstyr. For å betre rekrutteringa av kvinner til faste vitenskaplege stillingar vil departementet øyremerkje dei nye postdoktorstillingane til kvinner og opprette 20 nye professorat som er øyremerkte for kvinner.

UNINETT tilbyr nett-tenester som bind det norske forskingsmiljøet saman med det internasjonale akademiske miljøet, og gir tilgang til ressursar i nettverk. Regjeringa foreslår ei løyving på 10 mill. kroner for å betre kapasiteten i forskingsnett ved å byggje ut eit nytt breibandforskningsnett.

Dimensjonering av høgre utdanning må tilpassast slik at ein tek omsyn til både ønska til studentane og det behovet samfunnet har for arbeidskraft. Det har vore ein nedgang i søknaden til høgre utdanning i dei siste åra, og studieplassar står ledige. Budsjettforslaget inneheld ein netto reduksjon på om lag 2 160 studieplassar ved uni-

versitet, vitskaplege høgskolar og statlege høgskolar. I tillegg er tilskottet til private høgskolar reelt redusert med om lag 10 mill. kroner. Det er mangel på arbeidskraft på fleire samfunnsområde, mellom anna innanfor helse- og sosialsektoren og IKT. Nettoendringa i studenttal inkluderer derfor eit forslag om ca. 400 nye studieplassar for å føre vidare den høge opptakskapasiteten, hovudsakleg innanfor IKT-utdanningar og helsefag. Det er prioritert å opprette 16 nye studieplassar til auka opptak i psykologi, med midlar overførde frå psykiatriplanen på budsjettet til Sosial- og helsedepartementet. Det er vidare prioritert å opprette 135 nye plassar til auka opptak i sjukepleiarutdanninga, 30 nye studieplassar til auka opptak i allmennlærerutdanninga og 60 nye studieplassar på IKT-utdanningar. Regjeringa vil føre vidare 20 mill. kroner til særskilde omstillingstiltak i høgskolesektoren.

Den ekstra løyvinga til dei statlege kunsthøgskolane på 6,5 mill. kroner frå revidert nasjonalbudsjett for 2000 blir ført vidare i budsjettet for 2001.

For å realisere 1 000 nye studentbustader i 2001 foreslår Regjeringa å auke løyvingane til dette formålet med om lag 44 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å redusere talet på fag som står på gebyrstipendlista for utdanning i utlandet.

19-åringar som tek folkehøgskole som siste år i eit fireårig løp, får i dag stipend som om dei var under aldersgrensa på 19 år. Regjeringa foreslår å fjerne denne særordninga. Dette utgjer 17 mill. kroner. Regjeringa foreslår også å avvike minstestipendet til personar som likevel får dekt livsopphaldet av barnevernet. Dette utgjer 15 mill. kroner.

Det er lagt inn 3 mill. kroner i budsjettet til Det norske meteorologiske institutt til utbygging av Noregs tredje verradar.

I budsjettforslaget til Den norske kyrkja er prestetenesta særleg prioritert. Forslaget gir rom for 35 nye prestestillingar. Det blir elles foreslått at Opplysningsvesenets fond tek over finansieringsansvaret for dei kommunale prestebustadene. Statstilskottet til dei kyrkjelege fellestråda blir ført vidare med 85 mill. kroner. Løyvinga for 2000 var på 110 mill. kroner.

2 Utviklingsprosjekt i skolen og opplæringa

Stortinget har fatta følgjande vedtak:

«Stortinget ber Regjeringa som grunnlag for en diskusjon legge fram en egen sak om de viktigste organisatoriske og pedagogiske utviklingsprosjekter som er i gang (grunnskole og videregående skole).»

Den enkelte kommunen/fylkeskommunen har som skoleeigar eit generelt ansvar for å ta initiativ til, gjennomføre og følgje opp arbeid med prosjekt for utvikling av skolen. Rapporteringa viser at det blir utført eit omfattande arbeid med utvikling i skolane, basert på lokalt definerte behov. Innanfor område der departementet ser særlege behov for utviklingsarbeid, tek departementet initiativ til særskilde prosjekt.

Departementet har gjennom «Skolepakka» auka satsinga på kvalitetsutvikling i grunnskolen for perioden 2000-03. Satsinga blir konsentrert om pedagogisk bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), kompetanseutvikling, utviklingsarbeid, vurdering og forsøk. Departementet vil ta initiativ til ei forskningsbasert evaluering av ulike sider ved satsinga på utviklingsarbeid i kommunane.

Departementet har gitt kommunane midlar til mellom anna kompetanseutvikling for bruk av IKT i opplæringa med særleg vekt på utviklingsarbeid på ungdomstrinnet. Vidare er det gitt midlar til kompetanseutvikling gjennom permisjons- og hospiteringsordningar for lærarar særleg på ungdomstrinnet. Det er sett i gang kompetanseutvikling knytt til læreplanverket for lærarar, skoleleiarar og PP-tjenesta i grunnskolen (mellom anna LUIS og Samtak), og bruk av Internett på skolar med ungdomstrinn.

Kommunane er inviterte til å ta del i forsøk som er retta mot vidareutvikling av lærerrolla, gjennom samarbeid med andre yrkesgrupper på ungdomstrinnet eller utprøving av ulike ordningar for bruk av personalet i 1. klasse/førskolen, alternativ tildeling av timar på ungdomstrinnet og elevvurdering utan bruk av karakterar på ungdomstrinnet. Søknader til departementet om forsøk viser stor aktivitet og breidd.

Departementet har òg sett i gang tiltak som gjeld styrking av realfaga, pedagogisk bruk av IKT, miljø og utvikling, elevvurdering og avgangsprøve, utarbeiding av rettleiingar, samarbeid mellom heim og skole, arbeid med lærings- og oppvekstmiljøet, tiltak som gjeld opplæring i og på samisk, og oppfølging av språklege minoritetar. Som ledd i arbeidet med kvalitetsutviklinga er det

utarbeidd ein strategi for nasjonal vurdering der mellom anna skolebasert vurdering, leseundersøkingar, utvikling av kartleggingsprøver, utvikling av indikatorar og deltaking og samarbeid i internasjonale fora inngår. Viktige internasjonale samarbeidsorganisasjonar i dette arbeidet er OECD, EU, IEA og Nordisk Ministerråd.

Noregs forskingsråd organiserer på oppdrag frå departementet den forskingsbaserte evalueringa av grunnskolereforma. Denne er organisert i tre temaområde: læreplanverket, fag og praktisk-pedagogisk verksemd; samarbeid, leiing, oppvekst, læringsmiljø og læringsresultat; og ein-skapsskolen, likeverd og kulturelt mangfald. Rapport frå den forskingsbaserte evalueringa vil ligge føre i 2003. Den særskilde evalueringa av KRL-faget (Kristendom, religions- og livssynsfaget) vil ligge føre hausten 2000. I tillegg løyver departementet midlar til forskingsprogrammet Kompetanse, utdanning, verdiskaping.

Nærmare omtale av utviklingstiltak i grunnskolen er omtala under kategori 7.20.

I vidaregåande opplæring blir det i dag utført utviklingsarbeid på ei rekkje område, jf. omtale under programkategori 07.30 Vidaregåande opplæring. For å bidra til at den enkelte eleven i størst mogleg grad får ei opplæring som er tilpassa hans eller hennar eigne føresetnader og behov, har departementet sett i gang ei omfattande nasjonal satsing på prosjektet Differensiering og tilrettelegging i vidaregåande opplæring. Bakgrunnen for prosjektet er eit dokumentert behov for å fornye og forbetre praksis på dette området. I prosjektet Mot studie- eller yrkeskompetanse for ungdom med funksjonshemming blir det arbeidd med tiltak som kan medverke til at fleire ungdommar med funksjonshemming fullfører vidaregåande opplæring med studie- eller yrkeskompetanse. I kriminalomsorga er det sett i verk utviklingsarbeid for å tileigne seg erfaringar som kan føre til betre samordning, effektivisering og utnytting av ressursane innanfor oppfølgingsarbeidet.

Prosjekta Bevisste utdanningsval og Delt rådgjevingsteneste har som formål å kvalitetsutvikle og styrkje rettleiinga i høve til unges utdannings- og yrkesval, og å arbeide mot at unge i større grad vel utdanning og yrke uavhengig av tradisjonelle kjønnsroller. Utviklingsarbeidet skal sjåast i samanheng med andre tiltak som blir sette i verk for å styrkje rådgivingstenesta.

Ein vil setje søkjelyset på kvalitetsutvikling av vurderingsarbeidet og arbeidet med organisering og tilrettelegging av eksamen og fag-/sveineprøver gjennom prosjekta Alternative vurderings- og

prøveformer i fagopplæringa og Forsøk med bruk av IKT under eksamen.

For å leggje til rette for at dei unge kan utvikle verdiar og haldningar som gjer dei rusta til å fungere i familie- og samliv, og fungere som ein del av eit sosialt fellesskap, har departementet sett i gang prosjektet Verdi- og samlivsoplæring i vidaregåande skole. Ein tek sikte på å få i gang skolemekling i vidaregåande opplæring gjennom prosjektet Skolemekling i vidaregåande opplæring. Vidare tek departementet del i prosjektet NORDLAB i Nordisk Ministerråd. Eit norsk delprosjekt under NORDLAB om Elevsentrert matematikkundervisning med fokus på eigenvurdering blir gjennomført i grunnskole, vidaregåande opplæring og lærarutdanninga i to kommunar. Prosjekt Innovasjon i Læring, Organisasjon og Teknologi (PILOT) set søkjelyset på arbeidet med pedagogisk bruk av IKT i opplæringa.

3 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

Innleiing

I Noreg blei det brukt 1,8 mrd. kroner på forskning og utviklingsarbeid (FoU) i 1997, som er det siste året det finst offisiell statistikk for. FoU-utgiftene utgjorde da 1,7 pst. av bruttonasjonalproduktet. Til samanlikning var OECD-gjennomsnittet på om lag 2,2 pst. FoU-statistikken for 1997 viser at offentlege kjelder finansierte 42,5 pst. av den samla FoU-innsatsen i Noreg, mens næringslivet stod for 48,7 pst. og utanlandske kjelder ca. 9 pst.

I februar 2000 blei St.meld. nr. 39 (1998-99) Forskning ved et tidsskille handsama av Stortinget, jf. Innst. S. nr. 110 (1999-2000). Meldinga trekker opp mål, gir prioriteringar og varsler tiltak for norsk forskning for den nærmaste femårsperioden. Som ei oppfølging av handsaminga av meldinga la Regjeringa fram ein opptrappingsplan for forskingsløyvingane, jf. St.prp. nr. 61 (1999-2000). I planen understrekar Regjeringa at vedtaket om at forskingsinnsatsen skal styrkjast slik at Noreg minst når OECD-snittet i løpet av fem år står fast.

Stortinget var også oppteke av utviklinga i den privatfinansierte forskinga og bad Regjeringa komme attende i budsjettproposisjonen for 2001 med konkrete oppfølgingsstiltak knytte til innstillinga frå det såkalla Hervik-utvalet. Med bakgrunn i tilrådingane frå Hervik-utvalet foreslår Regjeringa å innføre ei ny tilskottsordning som skal gi næringslivet støtte til kjøp av FoU-tenester, jf. omtale nedanfor.

Dei neste fem åra skal veksten i offentlege forskingsløyvingar i all hovudsak komme på dei prioriterte områda i forskingsmeldinga slik Stortinget har slutta seg til. Desse områda er langsiktig, grunnleggjande forskning i kunnskapsallmenningen og fire tematiske satsingar: marin forskning, medisinsk og helsefagleg forskning, informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og forskning i skjeringsfeltet mellom miljø og energi.

Forskning er eit verkemiddel som kan brukast innanfor alle sektorar, og ansvaret for den offentleg finansierte forskinga er fordelt mellom dei ulike departementa. Budsjettproposisjonane til dei ulike departementa inneheld såleis meir detaljert omtale av dei forskjellige forskingssatsingane.

Overslag over FoU-løyvingar i statsbudsjettet

Kvart år utarbeider Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) ein statsbudsjettanalyse. Statsbudsjettanalysen viser at om lag 130 kapittel i statsbudsjettet i større eller mindre grad blir nytta til å finansiere forskning. Statsbudsjettanalysen blir laga for statistiske formål. Statistikken er aggregert, og på detaljnivå kan overslaga derfor vere usikre. Med utgangspunkt i NIFUs data, som seier kor stor del av løyvingane som blir nytta til FoU, er det mogleg å rekne ut eit overslag over dei samla FoU-utgiftene på statsbudsjettet.

Eit slikt overslag viser at dei samla FoU-løyvingane i forslaget til statsbudsjett for 2001 er ca. 10,4 mrd. kroner, jf. tabellen under. Dette er ein auke på om lag 5 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2000.

Overslag over løyvingane¹ til forskning over statsbudsjettet (i mill. kroner)

Departement	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Endring 2000/2001 (i pst.)
Utanriksdepartementet	350	412	17,7
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	4857	4590	-5,5 ²
Kulturdepartementet	60	63	5,0
Justisdepartementet	15	15	0,0
Kommunal- og regionaldepartementet	141	144	2,1
Sosial- og helsedepartementet	560	609	8,8
Barne- og familiedepartementet	36	37	2,8
Nærings- og handelsdepartementet	1219	1987	63,0 ²
Fiskeridepartementet	447	462	3,4
Landbruksdepartementet	367	377	2,7
Samferdsledepartementet	149	163	9,4
Miljøverndepartementet	379	407	7,4
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	358	177	-50,6
Finansdepartementet	60	60	0,0
Forsvarsdepartementet	483	483	0,0
Olje- og energidepartementet	282	278	-1,4
Statsbankane	165	170	3,0
Totalt	9 928	10 434	5,1

¹Tala er netttotal, dvs. korrigererte for bruttobudsjettering. Fordi universiteta f.o.m. 2001 er nettobudsjetterte, er det ikkje lenger meningsfullt å ha separate tal for brutto- og nettoløyvingar, slik det blei gjort i St.prp. nr. 1 (1999–2000).

²Ein stor del av endringa er teknisk og skriv seg frå overføringa av ansvaret for EUs rammeprogram, Teknologirådet og dei regionale forskingsinstitutta frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet. Korrigerert for overføringane blir auken på budsjettet

til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet 5,8 pst., og på budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet 14,4 pst.

Det blir berekna FoU-andelar av løyvingar til bygg som blir nytta til forskingsformål. Den store nedgangen under budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet skriv seg såleis frå at det nye Rikshospitalet og Realfagsbygget ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet er ferdigstilte. Korrigert for reduksjonen i FoU-løyvingane knytt til dette, blir auken i dei samla forskingsløyvingane om lag 7 pst.

Prioriteringar i 2001-budsjettet

Prioriteringane i 2001-budsjettet tek utgangspunkt i dei prioriterte felt i forskingsmeldinga, jf. over. For å styrkje den langsiktige, grunnleggjande forskinga foreslår Regjeringa å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 3 mrd. kroner frå 1. januar 2001. Den samla kapitalen i fondet blir såleis 7 mrd. kroner. Fondsavkastninga skal styrkje langsiktig, grunnleggjande forskning generelt og dei langsiktige delane av dei fire tematiske satsingane. Som ei oppfølging av Stortingets handsaming av St.meld.nr. 39 (1998-99), foreslår Regjeringa å auke løyvingane til avansert vitenskapleg utstyr med 25 mill. kroner og å opprette 100 nye doktorgradsstipendiattstillingar og 40 nye postdoktorstillingar, jf. kap. 281 på budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Det vil òg komme nye midlar til rekrutteringsstillingar gjennom den auka avkastninga frå Forskingsfondet og gjennom auka forskingsløyvingar på budsjetta til andre departement. For å betre likestillinga i forskning og høgre utdanning, foreslår Regjeringa å øyremerkje dei 40 nye postdoktorstillingane og 20 nye professorat for kvinner, jf. kategori 07.60.

Regjeringa foreslår å styrkje den marine forskinga mellom anna ved å auke løyvingane til næringsretta forskning og havbruksforskning gjennom Noregs forskingsråd og Havforskningsinstituttet, og gjennom auka løyvingar til marin bioteknologi over budsjetta til Fiskeridepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. I tillegg er det eit auka fokus på marin forskning over budsjettet til Landbruksdepartementet.

Som eit ledd i ei satsing på medisinsk og helsefagleg forskning, foreslår Regjeringa mellom anna ei styrking av løyvingane til klinisk forskning ved regionsjukehusa og til medisinsk og helsefagleg forskning gjennom Forskingsrådet over budsjettet til Sosial- og helsedepartementet. I tillegg foreslår regjeringa å auke løyvingane til bio-

teknologisk forskning knytt til medisin og helse (jf. kap. 920 på budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet) samt å styrkje innsatsen innanfor forskning retta mot matvarekvalitet og -tryggleik (jf. kap. 1137 på budsjettet til Landbruksdepartementet).

Innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologisk forskning foreslår Regjeringa mellom anna å styrkje telekommunikasjonsforskning over budsjettet til Samferdsledepartementet og å auke løyvingane til IKT-forskning gjennom Forskingsrådet og løyvingane til HØYKOM-prosjektet over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet. IKT-satsinga gir dessutan auka løyvingar til satellittkommunikasjonsprogramma under European Space Agency. I tillegg er det over budsjettet til Landbruksdepartementet retta fokus mot IKT-relaterte FoU-tiltak som mellom anna er knytte til kompetanseutvikling, mobilitet og opplæring.

Regjeringa foreslår å styrkje forskning i skjeringfeltet mellom miljø og energi ved auka løyvingar til forskning om og utvikling av reinseteknologi for gasskraftverk med minst 20 mill. kroner, jf. budsjettproposisjonane frå Olje- og energidepartementet, Miljøverndepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Vidare foreslår Regjeringa å auke løyvingane til klimaforskning over budsjettet til Miljøverndepartementet. Også over budsjettet til Landbruksdepartementet vil energi- og klimaspørsmål blir prioriterte.

Regjeringa ønskjer å auke forskingsinnsatsen til næringslivet og å stimulere til meir samarbeid og kontakt mellom næringslivet og forskingsmiljøa. For å medverke til dette, og som ei oppfølging av eit forslag frå det såkalla Hervik-utvalet, foreslår Regjeringa at det blir etablert ei tilskottsordning som skal gi næringslivet støtte til kjøp av FoU-tenester frå universiteta, høgskolane eller forskingsinstitutta. Bedriftene kan få støtte til inntil 25 pst. av FoU-prosjektet, med eit tak på 1 mill. kroner i støtte per verksemd. For verksemdar i Nord-Noreg foreslår Regjeringa at støtteprosenten er inntil 30 pst. Regjeringa foreslår ei løyving på 200 mill. kroner til denne nye tilskottsordninga. Noregs forskingsråd vil få ansvaret for å forvalte tilskottsordninga. Sjå kap. 928 for nærare omtale.

Noregs forskingsråd

I 2000 blir om lag 30 pst. av statlege midlar til forskning, eller til saman om lag 3 mrd. kroner, kanali-

serte gjennom Forskningsrådet, som dermed er ein viktig reiskap for å gjennomføre forskingspolitikken. Frå Nærings- og handelsdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet får Forskningsrådet generelle, faglege løyvingar samt instituttløyvingar. I tillegg kjem avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping, som er plassert på budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Til saman står desse seks departementa for nesten 90 pst. av løyvingane frå departementa til Noregs forskingsråd. Frå alle departementa, med unntak av Forsvarsdepartementet, får Forskningsrådet midlar som er øyremerkte til ein skilde program eller prosjekt, såkalla «spesielle midlar». Det er

framleis behov for forenkling og samordning av finansieringssystemet for rådet.

Dei generelle løyvingane til forskingsformål auka nominelt med 8,3 pst. frå 1999 til 2000. Auken skriv seg i hovudsak frå at den første avkastninga frå Forskningsfondet blei delt ut i 2000. Dei generelle løyvingane ligg på om lag same nominelle nivå som i etableringsåret 1993. men reelt sett er løyvingane reduserte med om lag 12 pst. i høve til 1993. Dei spesielle løyvingane til forskingsformål, som departementa har øyremerkt forskingsprogram og andre tiltak, er reelt sett nesten fordobla i perioden 1993–2000, og utgjør i 2000 ca. 455 mill. kroner av det totale budsjettet til Forskningsrådet. Forskningsrådet har fått ein del nye oppgåver, m.a. når det gjeld kanalisering av basisløyvingar til forskingsinstitutt.

Fordeling av løyvingar på 2000-budsjettet til Noregs forskingsråd, fordelt på områda (i mill. kroner).¹ Tilsegningsfullmakter er inkluderte

Departement	Totalt	BF	IE	KS	MH	MU	NT	Anna ²
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdep. ³	711,7	18,5	1,0	232,3	104,0	43,0	240,0	72,9
Nærings- og handelsdepartementet ³	878,4	27,7	460,6	44,2	9,0	0,5	326,4	10,0
Olje- og energidept. ³	185,7		101,4	7,5		11,7	65,1	
Fiskeridepartementet	183,5	175,8	2,0			4,0		1,7
Landbruksdept.	280,8	252,4		13,1		14,0		1,2
Miljøverndept.	192,6		12,7	5,9	2,1	171,3		0,6
Arbeids- og administrasjonsdept.	19,5			19,5				
Barne- og familiedept.	18,2			16,5		1,7		
Finansdepartementet	8,1			5,5	2,0	0,6		
Justisdepartementet	3,6			3,6				
Kommunal- og regionaldept.	82,0		59,7	18,3	4,0			
Kulturdepartementet	1,9			1,9				
Samferdsledept.	58,4		28,6	13,5	0,3		16,0	
Sosial- og helsedep.	105,9		4,5	23,7	73,7	1,0	3,0	
Utanriksdept.	53,9			5,5		48,4		
Fondet for forskning og nyskaping	90,0	27,5		10,0	16,5	9,0	17,0	10,0
Diverse inntekter	57,0	8,5	16,4	17,7	3,9	0,3	1,7	8,4
Totalt	2 931,1	510,5	687,0	438,6	215,5	305,6	669,2	104,8

¹ Forklaring til tabellen: BF: Bioproduksjon og foredling, IE: Industri og energi, KS: Kultur og samfunn, MH: Medisin og helse, MU: Miljø og utvikling, NT: Naturvitskap og teknologi.

² Midlar til tverrgående strategiarbeid, informasjon, vitskapleg utstyr m.m.

³ I tillegg er det løyvd 169,9 mill. kroner til administrasjon over budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og til saman 68 mill. kroner til dei særskilde forvaltningsoppdraga HØYKOM og Demo 2000 over budsjetta til Nærings- og handelsdepartementet og Olje- og energidepartementet.

Kjelde: Noregs forskingsråd (revidert per 1. september 2000).

Som nemnt over får Forskingsrådet såkalla generelle løyvingar frå seks departement. Tabellen nedanfor viser ein oversikt over løyvingsforslag for dei generelle midlane for desse departementa i 2001-budsjettet. Korrigert for tekniske

endringar vil desse løyvingane få ein samla nominell auke på om lag 9,1 pst. i høve til 2000. Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping er inkludert i dette.

Generelle løyvingar til Noregs forskingsråd (i 1 000 kroner)

Kap./post	Departement	Saldert	
		budsjett 2000	Forslag 2001
285/52 og 55	Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	782 249	812 797
920/50	Nærings- og handelsdepartementet	847 800	907 500
1830/50	Olje- og energidepartementet	176 500	182 700
1023/50	Fiskeridepartementet	179 500	205 000
1137/50	Landbruksdepartementet	116 302	120 212
1410/51 og 52	Miljøverndepartementet	104 952	114 314
286/50	Fondet for forskning og nyskaping	90 000	203 500
Sum		2 297 303	2 546 023

Den faglege løyvinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Forskingsrådet skal sikre kvalitet og fornying i grunnforskninga samt tilstrekkeleg og effektiv forskarrekuttering av høg kvalitet. Forslaget til løyving for 2001 er 638,1 mill. kroner. Dette er ein nominell auke på ca. 3,5 pst. i høve til året før, korrigert for tekniske endringar. I tillegg kjem forslaget til administrasjonsløyving på 174,7 mill. kroner.

Løyvinga frå Nærings- og handelsdepartementet til Forskingsrådet får ein nominell auke på 2,4 pst., korrigert for tekniske endringar i samband med overføring av ansvaret for dei regionale forskingsinstitutta og Teknologirådet frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. I samsvar med prioriteringane i forskingsmeldinga vil departementet særleg styrkje den strategiske forskinga innanfor næringsretta IT-forskning og bioteknologi.

Den generelle løyvinga frå Olje- og energidepartementet til Forskingsrådet er foreslått auka nominelt med 3,5 pst. i høve til saldert budsjett 2000. Auken er ei oppfølging av forskning i skjeringsfeltet mellom energi og miljø, som er ei av dei tematiske satsingane i forskingsmeldinga. I tillegg til løyvingane over kap. 1830, får Forskingsrådet midlar til prosjektretta teknologiutvikling i petroleumsverksemda (Demo 2000) over kap. 2441 post 50. Regjeringa foreslår å løyve 50 mill. kroner til Demo 2000 i 2001.

Løyvinga frå Fiskeridepartementet til Forskingsrådet får ei nominell styrking på 25,5 mill. kroner, eller 14,2 pst. i høve til 2000. I

tråd med strategiplanen til Fiskeridepartementet «FoU innen fiskeri og havbruk, havner og infrastruktur for sjøtransport», vil forskning som er retta mot utvikling av marknadskunnskap, produkt- og prosessutvikling og betre utnytting av råstoffet, mellom anna gjennom marin bioteknologi, og havbruksforskning inklusive dyrking av havet vere prioriterte felt innanfor marin FoU i 2001.

Den generelle løyvinga frå Landbruksdepartementet over kap. 1137 post 50 i 2001 får ein nominell auke på 3,4 pst. i høve til 2000. Forskingsinnsatsen er basert m.a. på Langtidsplanen for landbruksforskning, og vil i 2001 særleg bli retta mot: forbrukarhaldningar, matvarekvalitet og -tryggleik i heile verdikjeda (jf. St.meld. nr. 19 (1999–2000)), samt kunnskapsutvikling knytt til Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon. Viktig er også forskning og utvikling knytt til St.meld. nr. 17 (1998–99), om skogprodukta si verdi og konkurransekraft. Departementet legg vidare stor vekt på samfunnsplanlegging, særleg omsynet til jordvern og behovet for kunnskap om effekten av sentrale politiske verkemiddel.

Løyvinga frå Miljøverndepartementet til Forskingsrådet i 2001 får ein nominell auke på 8,9 pst. i høve til 2000. Auken skriv seg i stor grad frå ei styrking av forskning i skjeringsfeltet mellom miljø og energi som er ei av dei fire tematiske satsingane i St.meld. nr. 39 (1998–99). Løyvinga skal dekkje forskning innanfor mest alle resultatområda til Miljøverndepartementet. Forskingsrådet skal likevel leggje sterkast vekt på forskning innanfor

klimaendringar, der auken i budsjettet hovudsakleg går til forskning om og utvikling av reinseteknologi for gasskraftverk, og til forskning på biologiske og samfunnsmessige endringar som følgje av klimaendringa. Forsking innanfor vern og bruk av biologisk mangfald samt helse- og miljøfarlege kjemikalier skal også vektleggjast.

Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping skal styrkje langsiktig, grunnleggjande forskning generelt og dei meir langsiktige delane av dei fire tematiske satsingane: marin forskning, IKT, medisin og helse og forskning i skjeringfeltet mellom miljø og energi. Avkastninga aukar med 113,5 mill. kroner i høve til 2000. Auken skriv seg frå at fondskapitalen som blei løyvd i 1999 har fått heilårsverknad, og at kapitalen blei utvida med 1 mrd. kroner i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2000. Den auka avkastninga vil m.a. bli nytta til å finansiere ei ordning med senter for framifrå forskning.

I tillegg får Noregs forskingsråd løyvingar frå ei rekkje andre departement. Desse løyvingane er øyremerkte spesielle forskingsprogram og institutt.

Sjå også nærmare omtale av Noregs forskingsråd under kategori 07.70.

4 Miljø

Regjeringa vil arbeide for at det norske folket har kjennskap til og ser samanhengen mellom økonomi, politikk og vårt levevis. Ei berekraftig utvikling krev at borgarane har nødvendig kunnskap, medvete, vilje og kompetanse. Regjeringa vil òg satse på sterke fagmiljø innanfor høgere utdanning og forskning som grunnlag for god miljøundervisning og forskning, og bidra til at dei forskingspolitiske prioriteringane på miljøfeltet blir følgde opp.

Departementet vil hausten 2000 leggje fram ein miljøhandlingsplan. På miljøområdet vil departementet mellom anna medverke til at informasjonen som er knytt til samlingane ved dei naturhistoriske musea ved universiteta, blir gjort elektronisk tilgjengeleg, og at tiltaket blir utvikla vidare til ein eigen «Artsdatabank» slik det er foreslått i St.meld. nr. 33 (1999-2000) tilleggsmelding til St.meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

5 Fornyning av offentleg sektor

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har om lag 120 underliggjande verksemdar.

Departementet og dei underliggjande verksemdene har budsjett på til saman om lag 17 mrd. kroner. Nedanfor følgjer ein omtale av organisasjons- og strukturendringar innanfor ansvarsområdet til departementet. I samband med fornyingsprogrammet til Regjeringa vil departementet gå gjennom heile organisasjonen med tanke på fornying.

Grunnskole og vidaregåande opplæring

Formålet med etableringa av Læringscenteret, som blei oppretta 1. september 2000, var å få eit organ som var i stand til å skjømte sentrale utviklings- og informasjonsoppgåver overfor departement, kommunar, fylkeskommunar, skolar og lærebedrifter. Vidare var formålet å samle oppgåver med relevans og samanheng på éin stad og å skape eit breitt miljø slik at ein oppnår heilskapleg oversikt og samla kompetanse på område som har samanheng. Etableringa av Læringscenteret inneber mellom anna overføring av oppgåver frå departementet til senteret. Statens utdanningskontor er i dag det regionale bindeleddet mellom statlege styresmakter og kommunesektoren, jf. kategori 07.10.

Som ledd i å gi kommunane større lokalt handlingsrom foreslår Regjeringa at det øyremerkte tilskottet til leirskoleopplæring innlemmast i rammetilskottet til kommunane. I handsaminga av Kommuneøkonomiproposisjonen for 2001 har Stortinget vedteke at tilskottet til skolefritidsordningar skal innlemmast i rammetilskottet frå hausten 2001.

For å legge til rette for meir fleksible arbeidsordningar i skoleverket som er tilpassa dagens og morgondagens skole, er det inngått ny arbeidstidsavtale for lærarane frå og med 1. august 2001. Det er vidare inngått ei intensjonserklæring om eit målretta samarbeid mellom staten og organisasjonane som skal gjennomførast i perioden 1. august 2000 til 31. juli 2003. Dette skal gjerast på ein slik måte at nasjonale målsetjingar for utdanningspolitikken lét seg realisere.

Departementet vil følgje opp Innst. S. nr. 196 og St. meld. nr. 9 (1999-2000) om kommunalt sjølvstyre på Svalbard når det gjeld Longyearbyen skole. Planane om å byggje ut vidaregåande opplæring på Svalbard vil bli vurderte.

Framtidige oppgåver og tilknytingsform (statleg, fylkeskommunalt eller privat) for Statens dykkarskole, Statens trafikk lærarskole og Statens vidaregåande skolar i landbruksfag og naturbruk er under vurdering. Forslag til endringar vil bli handsama hausten 2000/våren 2001.

Høgre utdanning og vaksenopplæring

Mjøs-utvalet leverte si hovudutgreiing NOU 2000: 14 «Frihet med ansvar – om høgere utdanning og forskning i Norge» i mai 2000. Mjøs-utvalet har hatt i oppgåve å gi ei samla framstilling og vurdering av universitet og høgskolar som utdannings- og forskingsinstitusjonar. Utgreiinga drøfta m.a. spørsmål knytte til organisering av universitet og høgskolar og det forholdet institusjonane har til sentrale styresmakter, intern organisering og styring ved institusjonane, gradsstruktur og dimensjonering i høgre utdanning og finansiering av utdanning og forskning. Departementet vil komme tilbake til Stortinget i samband med oppfølging av utgreiinga våren 2001. Organisasjons- og strukturendringar vil bli vurderte i samband med oppfølginga.

For å betre omstillingsevna til universiteta er det i budsjettforslaget for 2001 lagt opp til at desse institusjonane blir omdanna til nettobudsjetterte institusjonar frå og med 2001. Universiteta si organisatoriske tilknytning til staten blir ikkje endra med denne omlegginga, men dei blir skilde ut frå den ordinære statsforvaltninga ved at dei ikkje lenger blir direkte driftsbudsjetterte i statsbudsjettet. Innføring av nettobudsjettering vil gi universiteta større fridom og fleksibilitet til å disponere midlar, noko som legg til rette for betre bruk av ressursane innanfor mål som er fastsette av departementet. Nettobudsjettering vil medverke til ei effektivisering av økonomiforvaltninga ved institusjonane samt forenkle rapporteringsrutinane. Økonomireglementet for staten med tilhørande funksjonelle krav vil gjelde for økonomiforvaltninga ved universiteta, med dei unntaka som gjeld for nettobudsjettering, jf. nærmare omtale under kategori 07.60.

Frå og med 2000 har departementet delegert fullmakt til å fastsetje årsverksramme til styra ved institusjonane.

I samband med oppfølginga av Innst. S. nr. 78 (1998-99) og St.meld. nr. 42 (1997-98) Kompetansereforma har departementet lagt vekt på å leggje forholda til rette for at utdanningstilbod innanfor høgre offentleg utdanning skal nå nye grupper og dekkje nye kompetansebehov. Departementet har derfor i 1999-2000 gitt institusjonane lov til å etablere og leggje ned studietilbod av eit omfang på 30 vektall på lågare grad og å etablere desentraliserte studium av same omfang. Samarbeid om hovudfag treng ikkje lenger bli godkjend av departementet.

Departementet har lagt fram forslag om endring av opptaksparagrafane i universitets- og høg-

skolelova, slik at alle institusjonar under lova frå hausten 2001 skal kunne ta opp søkjarar til eit studium ut frå realkompetansen deira for studiet, jf. Ot.prp. nr. 58 (1999-2000).

Etableringa av VOX-Vaksenopplæringsinstituttet vil skje 1. januar 2001 gjennom ei samorganisering av dei tre statlege institusjonane Norsk fjerundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter, jf. Innst. S. nr. 225 (1999-2000) og St.prp. nr. 63 (1999-2000). Målsetjinga med samorganiseringa er å skape eit miljø som kan vere ein ressurs for offentlege og private aktørar som driv med vaksenopplæring. VOX skal utvikle eit godt samarbeid med utdanningssystem og arbeidsliv og med nasjonale og internasjonale institusjonar på området. Nærmare omtale under kategori 07.50 Vaksenopplæring kap. 256.

Utdanningsfinansiering

For at Lånekassen skal bli ein meir fleksibel organisasjon, yte betre service og ha høgre kvalitet i arbeidet, skal det setjast i verk ein organisasjonsgjennomgang i verksemda. Gjennomgangen skal også sjåast i samheng med ulike modellar for teknologiske løysingar for søknadshandsaming og tilbakebetaling av lån.

Forsking

Departementet vil vurdere ulike modellar for organisering og tilknytingsform for Det norske meteorologiske institutt. Når det gjeld tilknytingsform, vil forvaltningsorgan med særskilde fullmakter vere eit av alternativa. Instituttet møter i dag ein stadig aukande konkurranse frå private aktørar i inn- og utland. Instituttet oppretta derfor i 1999 ei marknadsavdeling med ansvar for å utvikle den kommersielle, konkurranseutsette meteorologiske verksemda vidare. Instituttet har til vurdering om det vil vere mest tenleg å skilje marknadsavdelinga heilt ut som eige selskap.

Den norske kyrkja

Oppgåver som gjeld forvaltninga av Opplysningsvesenets fond, vil frå 1. januar 2001 bli lagde til eit nytt forvaltningsorgan for Opplysningsvesenets fond, jf. St.prp. nr. 61 (1999-2000) og Innst. S. nr. 220 (1999-2000). Styret for forvaltningsorganet vil, innanfor ramma av eit overordna instruksverk og på grunnlag av tildelingsbrev frå departementet, få eit delegert ansvar for forvaltninga av fondet. Departementet legg til grunn at dei fleste som i

dag er tilsette i departementet med oppgåver som gjeld Opplysningsvesenets fond, skal først over til det nye forvaltningsorganet. Kyrkjeavdelinga i departementet vil bli reorganisert som følge av dette. Skipinga av det nye forvaltningsorganet for Opplysningsvesenets fond er elles omtalt under kap. 299.

Innanfor det kyrkjelege området pågår det også forsøk som siktar mot ei ny organisering av

prestetenesta, sjå omtale under kap. 295 Presteskapet.

6 Bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet blir stikkordet foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30-49:

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2000	Forslag 2001
0202	70	Tilskott til læremiddel o.a.	9 257	32 828
0221	60	Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg	756	19 058
0221	63	Tilskott til skolefritidsordningar	566	398 619
0221	68	Det samiske utdanningsområdet	2 160	27 133
0228	21	Særskilde driftsutgifter		291 873
0229	62	Kompensasjon for meirutgifter i samband med mellombels lokale		40 000
0243	60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar	2 800	80 000
0249	21	Særskilde driftsutgifter		167 719
0259	21	Særskilde driftsutgifter		100 000
0270	75	Tilskott til bygging av studentbustader	99 929	186 848
0281	60	Tilskott til RiT 2000		111 050
0281	76	Tilskott til Nordunet		32 652
0283	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	97	44 088
0294	79	Til disposisjon for departementet	16	500
0299	79	Til disposisjon for felleskyrkjelege tiltak		25 000

7 Oversikt over forslaget til budsjett for Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
Administrasjon					
0200	Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 3200)	166 876	155 455	149 862	-3,6
0202	Læringssenteret (jf. kap. 3202)			111 609	
0203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)	136 947	135 758	115 601	-14,8
0204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)		4 830	5 169	7,0
0206	Samisk utdanningsadministrasjon	25 059	23 525	27 954	18,8

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0210	Tilskott til trdomssamfunn m.m. og privatatte skole- og kyrkjebygg	87 984	94 945	107 767	13,5
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>416 866</i>	<i>414 513</i>	<i>517 962</i>	<i>25,0</i>
Grunnskolen					
0221	Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 3221)	1 181 739	1 202 715	1 305 956	8,6
0222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternerat (jf. kap. 3222)	48 889	47 392	48 979	3,3
0228	Kvalitetsutvikling i grunnskolen (jf. kap. 3228)	140 283	259 032	291 873	12,7
0229	Andre formål i grunnskolen	576 890	608 165	603 342	-0,8
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>1 947 801</i>	<i>2 117 304</i>	<i>2 250 150</i>	<i>6,3</i>
Vidaregåande opplæring					
0231	Tilskott til vidaregåande opplæring	244 760	292 698	288 526	-1,4
0232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)	163 103	147 318	156 154	6,0
0234	Tilskott til lærebedrifter m.m.	330 672	366 036	330 522	-9,7
0238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)	81 909	82 898	94 163	13,6
0239	Andre formål i vidaregåande opplæring	149 990	257 205	263 100	2,3
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>970 434</i>	<i>1 146 155</i>	<i>1 132 465</i>	<i>-1,2</i>
Andre tiltak i utdanninga					
0240	Private skolar mv.	999 884	1 061 557	1 174 629	10,7
0243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)	771 319	756 245	786 556	4,0
0244	Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 3244)	103 548	81 596		-100,0
0249	Andre tiltak i utdanninga	53 283	130 229	186 926	43,5
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>1 928 034</i>	<i>2 029 627</i>	<i>2 148 111</i>	<i>5,8</i>
Vaksenopplæring					
0250	Statens ressurs- og vaksenopplærings-senter og opplæring for vaksne innvandrarakar (jf. kap. 3250)	536 663			
0251	Vaksenopplæring i studieforbunda	208 995			
0252	Fjernundervisning (jf. kap. 3252)	40 146			
0253	Folkehøgskolar	355 113	370 303	395 950	6,9
0254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)		622 825	719 700	15,6
0255	Forsking, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 3255)	44 448			
0256	VOX – Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)		65 635	65 028	-0,9

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0258	Forskning, utviklingsarbeid og fellestiltak i voksenopplæringa		89 035	91 646	2,9
0259	Kompetanseutviklingsprogrammet		50 000	100 000	100,0
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>1 185 365</i>	<i>1 197 798</i>	<i>1 372 324</i>	<i>14,6</i>
	Høgre utdanning				
0260	Universitetet i Oslo	2 826 084	2 652 513	2 196 746	-17,2
0261	Universitetet i Bergen	1 780 173	1 567 824	1 326 705	-15,4
0262	Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	1 867 581	2 082 080	1 719 349	-17,4
0263	Universitetet i Tromsø	885 381	873 592	764 076	-12,5
0264	Noregs handelshøgskole (jf. kap. 3264)	179 112	179 319	185 206	3,3
0265	Arkitektthøgskolen i Oslo (jf. kap. 3265)	42 200	44 928	60 207	34,0
0268	Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 3268)	93 609	87 187	90 660	4,0
0269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)	86 081	89 385	92 202	3,2
0270	Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar		343 753	394 065	14,6
0273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)	140 865	143 075	155 464	8,7
0274	Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)	5 557 159	5 565 044	5 852 048	5,2
0278	Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 3278)	502 617	498 685	507 381	1,7
0279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)	216 661	205 402	212 318	3,4
0281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)	675 558	717 298	691 724	-3,6
0282	Privat høgskoleutdanning	344 081	359 581	365 094	1,5
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>15 197 162</i>	<i>15 409 666</i>	<i>14 613 245</i>	<i>-5,2</i>
	Forskning				
0283	Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 3283)	333 047	318 130	345 013	8,5
0285	Noregs forskingsråd	770 914	782 249	812 797	3,9
0286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)	3 000 000	90 000	3 203 500	3 459,4
0287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	111 150	115 447	85 529	-25,9
0288	Internasjonale samarbeidstiltak	487 733	587 207	92 070	-84,3
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>4 702 844</i>	<i>1 893 033</i>	<i>4 538 909</i>	<i>139,8</i>
	Utdanningsfinansiering				
0291	Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	226 421			
2410	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)	13 548 385	13 552 295	15 880 453	17,2
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>13 774 806</i>	<i>13 552 295</i>	<i>15 880 453</i>	<i>17,2</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
Den norske kyrkja					
0294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)	281 007	269 105	255 249	-5,1
0295	Presteskapet (jf. kap. 3295)	542 966	564 161	557 462	-1,2
0297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)	27 908	23 136	26 988	16,6
0299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 3299)	28 657	37 445	41 500	10,8
<i>Sum kategori 07.90</i>		<i>880 538</i>	<i>893 847</i>	<i>881 199</i>	<i>-1,4</i>
Sum programområde 07		41 003 850	38 654 238	43 334 818	12,1
Sum utgifter		41 003 850	38 654 238	43 334 818	12,1

Utgifter fordelt på postgrupper:

(i 1 000 kr)

Post- gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	17 024 038	16 947 049	10 662 446	-37,1
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	627 190	699 602	392 005	-44,0
50-59	Overføringer til andre statsrekneskapar	869 754	998 486	7 118 865	613,0
60-69	Overføring til kommunesektoren	2 620 407	2 752 142	2 950 507	7,2
70-89	Overføring til private	9 919 107	10 470 751	11 141 787	6,4
Sum under departementet		41 003 850	38 654 238	43 334 818	12,1
90-99	Utlån, avdrag o.a.	9 943 354	6 786 208	11 069 208	63,1
Sum under departementet		41 003 850	38 654 238	43 334 818	12,1

Inntekter fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
Administrasjon					
3200	Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 200)	5 226	1 522	721	-52,6
3202	Læringscenteret (jf. kap. 202)			18 935	
3203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)	15 098	11 247	11 351	0,9
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)		100	206	106,0
3206	Samisk utdanningsadministrasjon (jf. kap. 206)	2 483			
<i>Sum kategori 07.10</i>		<i>22 807</i>	<i>12 869</i>	<i>31 213</i>	<i>142,5</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
Grunnskolen					
3221	Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 221)	5 900	5 914	24 395	312,5
3222	Statens grunnskolar og grunnskoleinter- nat (jf. kap. 222)	2 045	330	340	3,0
3228	Kvalitetsutvikling i grunnskolen (jf. kap. 228)	112			
3229	Andre formål i grunnskolen (jf. kap. 229)	549			
<i>Sum kategori 07.20</i>		<i>8 606</i>	<i>6 244</i>	<i>24 735</i>	<i>296,1</i>
Vidaregåande opplæring					
3232	Statlege skolar med opplæring på vidare- gåande nivå (jf. kap. 232)	18 392	7 471	12 721	70,3
3238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæ- ring (jf. kap. 238)	180	2 000	2 060	3,0
<i>Sum kategori 07.30</i>		<i>18 572</i>	<i>9 471</i>	<i>14 781</i>	<i>56,1</i>
Andre tiltak i utdanninga					
3243	Kompetansesenter for spesialundervis- ning (jf. kap. 243)	56 335	35 075	47 083	34,2
3244	Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 244)	21 049	15 229		-100,0
<i>Sum kategori 07.40</i>		<i>77 384</i>	<i>50 304</i>	<i>47 083</i>	<i>-6,4</i>
Vaksenopplæring					
3250	Statens ressurs- og vaksenopplærings- senter og opplæring for vaksne innvan- drarar (jf. kap. 250)	43 599			
3252	Fjernundervisning (jf. kap. 252)	2 060			
3254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)		28 568	57 112	99,9
3255	Forsking, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 255)	3 324			
3256	VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)		19 744	17 658	-10,6
<i>Sum kategori 07.50</i>		<i>48 983</i>	<i>48 312</i>	<i>74 770</i>	<i>54,8</i>
Høgre utdanning					
3260	Universitetet i Oslo (jf. kap. 260)	719 905	602 864		-100,0
3261	Universitetet i Bergen (jf. kap. 261)	654 934	375 789		-100,0
3262	Norges teknisk-naturvitskaplege univer- sitet (jf. kap. 262)	398 716	352 445		-100,0
3263	Universitetet i Tromsø (jf. kap. 263)	219 020	176 547		-100,0
3264	Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)	36 186	19 387	19 609	1,1
3265	Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)	2 442	4 661	4 666	0,1
3268	Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)	18 779	12 505	13 760	10,0
3269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)	2 780	1 483	1 491	0,5
3273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)	6 108	3 042	4 665	53,4

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3274	Statlege høgskolar (jf. kap. 274)	506 556	384 911	419 991	9,1
3278	Noregs landsbrukshøgskole (jf. kap. 278)	188 777	185 563	177 642	-4,3
3279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)	89 436	74 685	77 332	3,5
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)	13 766	2 836	277	-90,2
<i>Sum kategori 07.60</i>		<i>2 857 405</i>	<i>2 196 718</i>	<i>719 433</i>	<i>-67,2</i>
Forskning					
3283	Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 283)	143 318	123 767	142 928	15,5
3286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)		90 000	203 500	126,1
	Sum kategori 07.70	143 318	213 767	346 428	62,1
Utdanningsfinansiering					
5310	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	4 155 932	4 302 426	5 566 066	29,4
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	4 519 120	3 583 000	4 941 000	37,9
<i>Sum kategori 07.80</i>		<i>8 675 052</i>	<i>7 885 426</i>	<i>10 507 066</i>	<i>33,2</i>
Den norske kyrkja					
3294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)	22 785	5 836	9 835	68,5
3295	Presteskabet (jf. kap. 295)	24 758	17 531	2 057	-88,3
3297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)	10 941	7 389	10 713	45,0
3299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)	28 657	37 445	41 500	10,8
<i>Sum kategori 07.90</i>		<i>87 141</i>	<i>68 201</i>	<i>64 105</i>	<i>-6,0</i>
Sum programområde 07		11 939 268	10 491 312	11 829 614	12,8
Sum inntekter		11 939 268	10 491 312	11 829 614	12,8

Inntekter fordelte på postgrupper:

(i 1 000 kr)

Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	3 154 566	2 430 258	1 080 342	-55,5
30-49	Inntekter i samband med nybygg, anlegg o.a.	33 494	12 750	10	-99,9
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringar	4 708 308	3 868 304	5 318 262	37,5
90-99	Utlån, avdrag o.a.	4 042 900	4 180 000	5 431 000	29,9
Sum under departementet		11 939 268	10 491 312	11 829 614	12,8

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Kategori 07.10 gjeld:	– Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)
– Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	– Samisk utdanningsadministrasjon
– Læringscenteret	– Løyving til trdomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg
– Statens utdanningskontor	

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0200	Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 3200)	166 876	155 455	149 862	-3,6
0202	Læringscenteret (jf. kap. 3202)			111 609	
0203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)	136 947	135 758	115 601	-14,8
0204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)		4 830	5 169	7,0
0206	Samisk utdanningsadministrasjon	25 059	23 525	27 954	18,8
0210	Tilskott til trdomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg	87 984	94 945	107 767	13,5
	Sum kategori 07.10	416 866	414 513	517 962	25,0

I høve til år 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

– Nytt kapittel 202 Læringscenteret blei oppretta våren 2000. Kapitlet er finansiert gjennom	– overføringar av midlar og oppgåver frå kap. 200, 203, 239 og 244.
	– Løyvinga på kap. 206 er auka med 3,9 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 202 og 243.

Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3200	Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 200)	5 226	1 522	721	-52,6
3202	Læringscenteret (jf. kap. 202)			18 935	
3203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)	15 098	11 247	11 351	0,9
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)		100	206	106,0
3206	Samisk utdanningsadministrasjon (jf. kap. 206)	2 483			
	Sum kategori 07.10	22 807	12 869	31 213	142,5

Nytt kapittel 3202 Læringscenteret blei oppretta våren 2000.

Budsjettforslag for 2001 – prioriteringar

Budsjettforslaget inneber ei vidareføring av aktivitetnivået i 2000 for departementet, statens utdanningskontor, Foreldreutvalet for grunnskolen og samisk utdanningsadministrasjon. Budsjettforslaget for kap. 202 Læringscenteret innber ei vidareføring av aktivitetnivået i 2000 med helårsverknad, jf. Innst. S. nr. 156 (1999-2000) og St.prp. nr. 38 (1999-2000). Tilskottet til trdomssamfunn m.m er ei regelstyrt løyving, og forslaget om auka løyving er grunna i vekst i aktiviteten. Tilskottet til privatåtte skole- og kyrkjebygg, som er ei av ordningane under kap. 210, blir foreslått avvikla.

Mål for administrasjonen av kyrkje-, utdannings- og forskingssektoren

- Det overordna målet for administrasjonen av kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet er å arbeide for eit godt utdanningssystem på høgt fagleg nivå med brei rekruttering, produktive og kvalitativt gode forskingsmiljø. Den norske kyrkja skal framstå som synleg og levande i samfunnslivet, med brei kontaktflate og deltaking.

Delmål:

- Administrasjonen skal sikre at politikken til Regjeringa blir gjennomført i sektorane og sikre god styring av sektorar og underliggjande verksemdar.

Tilstandsvurdering

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har det overordna ansvaret for utforminga av politikken innanfor kunnskapssektoren, og forvaltningsansvar for store delar av tenesteytinga i sektoren, sjå nærare omtale under kap. 200. Læringscenteret blei oppretta 1. september 2000, og skal bidra til eit meir heilskapleg perspektiv på læring, forsøks- og utviklingsarbeid, forskning og vurdering, sjå nærare omtale under kap. 202. Statens utdanningskontor har ei sentral rolle i forvaltninga av utdanningssektoren, og har ei rekke oppgåver for departementet. Dei statlege utdanningskontora skal i tillegg til å vere bindeleddet mellom departementet og kommunesektoren også samhandle med Læringscenteret om oppgåver regionalt. For nærare omtale av utdanningskontora, sjå under

kap. 203. Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit rådgivande organ for departementet og skal arbeide for å styrkje engasjementet til foreldra i grunnskolen gjennom informasjon, skolering og rettleiing, sjå nærare omtale under kap. 204.

Eit omfattande ansvarsområde som spenner over mange og store sektorar, medfører krevjande oppgåver for departementet og ytre etatar. Endringar nasjonalt og internasjonalt fører med seg nye behov med omsyn til organisering og fordeling av oppgåver i administrasjonen. Viktige trekk ved utviklinga er kunnskap som blir raskare utvikla og utdatert, ny teknologi, endringar i sosiale og økonomiske strukturar, verdiendringar, internasjonalisering og globalisering og utviklinga av ein kunnskapsmarknad. Administrasjonen må i større grad enn tidlegare liggje i forkant av utviklinga og fange opp både internasjonale og lokale utviklingstrekk og utfordringar.

Departementet har gjennomført ei omorganisering som skal bidra til å gjere det mogleg å møte desse utfordringane på ein god måte. Den nye organiseringa avspeglar endringane som er blitt gjennomførte som følgje av Reform 94 og Reform 97, ved at to avdelingar har blitt slått saman til ei ny avdeling som vil ha eit heilskapleg ansvar for det trettenårige opplæringsløpet. Departementet har også oppretta ei avdeling for analyse og internasjonalt arbeid. Avdelinga skal utarbeide analysar og dokumentasjon som grunnlag for arbeidet i departementet, og samordne og utvikle vidare det internasjonale arbeidet.

Sektorstyring av grunnskole og vidaregåande opplæring er ein del av oppgåvene til administrasjonen. Denne styringa er nærare omtalt under kategoriane 07.20 og 07.30. Statens utdanningskontor utarbeider kvart år ein rapport som vurderer tilstanden i utdanningssektoren der dei legg vekt på grunnskole, vidaregåande skole og vaksenopplæring. Samarbeidsavtalen mellom departementet og Statistisk sentralbyrå (SSB) om innhenting av utdanningsstatistikk er gjennomgått og fornya. Arbeidet med å utgi felles nasjonale statistikkhefte for ulike delar av utdanningssektoren vil halde fram.

Departementet legg vekt på ei god styring av og dialog med dei underliggjande verksemdene, med regelmessige møte og ei kontinuerleg utvikling av styringsdialogen. Det er om lag 120 verksemdar som er underlagde Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

Dei høgre utdanningsinstitusjonane er dei største etatane i utdanningssektoren. Mellom anna med utgangspunkt i krava i økonomireglementet for staten har departementet utvikla etats-

styringa på området. Styringsdialogen er evaluert av sektoren. Tilbakemeldingane har stort sett vore gode og viser mellom anna at institusjonane meiner dialogen med departementet er betra. Noregsnettrådet verkar som ein viktig premissleverandør for det arbeidet departementet gjer på område der universitets- og høgskolelova legg avgjersla til departementet.

På det kyrkjelege området har rapportering og resultatoppfølging stått i fokus for vidareutviklinga av etatsstyringa. Arbeidet med å utvikle ny forvaltningsordning for Opplysningsvesenets fond har òg stått sentralt.

Innanfor forskingsfeltet har departementet lagt vekt på å utvikle ei etatsstyring som tek omsyn til at institusjonane er forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Strategiar og tiltak

Administrasjonen står framfor store oppgåver med oppfølging av målsetjingane til Regjeringa og Stortinget på kyrkje-, utdannings- og forskingssektoren. Politikken til Regjeringa blir presentert i hovedinnleiinga og kategoriane 07.20–07.90. Strammare økonomiske rammer og fleire oppgåver representerer ei stor utfordring for departementet og underliggjande verksemder.

Administrasjonen i kyrkje-, utdannings- og forskingssektoren vil arbeide for:

- eit avtaleverk mellom arbeidsgivarpartane og arbeidstakarorganisasjonane som gir rom for dynamikk og fleksibilitet
- eit utdannings- og forskningssystem og ei kyrkje som fungerer godt, og som det er attraktivt å arbeide i
- å gi rom for lokale initiativ og løysingar som samtidig tek vare på kravet til høg kvalitet
- å sikre kvalitet, mål- og resultatorientering
- å sikre ei open forvaltning med god kommunikasjon til sektorar og brukarar
- å utvikle vidare det internasjonale samarbeidet
- å styrkje analysearbeidet

For å løyse dei mange og samansette arbeidsoppgåvene i sektorane er det viktig å utvikle nye arbeidsformer som er tilpassa nye behov. Administrasjonen vil nytte forskjellige utval, grupper og nettverk, ved sida av den ordinære organiseringa av arbeidsoppgåver. Administrasjonen vil arbeide vidare med å utvikle strategiar og rutinar som sikrar kvalitet og effektiv sakshandsaming. I denne samanhengen står utvikling av ulike IKT-system sentralt. Det er starta opp eit forprosjekt for innføring av IKT-støtte til organisering og

gjennomføring av sakshandsamingsprosessar i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Målsetjinga er å digitalisere dokumentflyten i departementet. Departementet vil også vidareutvikle andre elektroniske system til hjelp i sakshandsaminga.

Det er planlagt eit prosjekt som skal vurdere innføring av einsarta sakshandsamingssystem for tilskottsforvaltninga i utdanningskontora. Eit slikt system kan bidra til å sikre likebehandling av tilskottsmottakarane og gjere sakshandsaminga enklare for administrasjonen.

Ei kontinuerleg satsing på utvikling av etatsstyringa er eit sentralt verkemiddel for å få gjennomført politikken til Regjeringa i sektorane. Mellom anna vil utviklinga av etatsstyringa bli sett i høve til at universiteta skal bli nettobudsjetterte.

I 2001 er det ei prioritert oppgåve å følgje opp endringane som fant stad i 2000 i den statlege utdanningsadministrasjonen. Retningslinjer for samhandling mellom departementet, dei statlege utdanningskontora og Læringssenteret vil bli utvikla vidare. Departementet vil vurdere ytterlegare overføring av oppgåver til utdanningskontora og Læringssenteret når ein vinn meir erfaring med korleis den nye administrasjonsordninga verker.

Som ledd i oppfølginga av Kompetansereforma blir tre statsinstitusjonar innanfor vaksenopplæringa slått saman til ein felles institusjon, VOX-Vaksenopplæringsinstituttet, frå 1. januar 2001. Den nye institusjonen skal mellom anna drive med kunnskaputvikling, kunnskapsformidling, utviklingsprogram og nettverksbygging mellom ulike organisasjonar. Samanslåinga vil medverke til ei betre samordning og nytting av ressursane på området. På fleire område innanfor vaksenopplæring vil det vere aktuelt at VOX samarbeider med Læringssenteret.

Frå 2001 vil det bli oppretta eit forvaltningsorgan for Opplysningsvesenets fond med eit eige styre, sjå Innst. S. nr. 220 (1999-2000) og St.prp. nr. 61 (1999-2000).

Departementet vil gjennomføre jamlege evalueringar av sine underliggjande verksemder. Det er mellom anna sett i verk ei evaluering av Noregs forskingsråd. St.meld. nr. 39 (1998-99) skisserte eit opplegg for evalueringa, og i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2000 slutta Stortinget seg til at Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet kan inngå kontrakt om evalueringssopdraget. Evalueringa skal vere sluttført innan utgangen av 2001.

God sektor- og samfunnskontakt vil framleis liggje til grunn for arbeidet i kyrkje-, utdannings- og forskingssektoren. Kyrkje-, utdannings- og for-

skingsdepartementet satsar vidare på ei aktiv og open presseteneste og publikumsinformasjon, mellom anna via korte, lesarvennlege versjonar av stortingsmeldingar (Faktablad). Departementet skal vere tilgjengeleg med høg profil på nettet. Tenesta skal profilere departementet med oppdatert informasjon og dokumentasjon og leggje forholda til rette for kommunikasjon. Tenesta skal vere differensiert og tilpassa ulike målgrupper. På lengre sikt skal nettenesta vere ein portal for sektorane kyrkje, utdanning og forskning.

I løpet av det siste året er ODIN (nettenesta) lagt om til ein meir brukarvennleg profil som skal gjere det lettare for dei ulike målgruppene å finne fram til relevant stoff frå departementet. Samstundes gir den nye ODIN-tenesta også betre høve til å kommunisere direkte med departementet. Det er eit mål at sentralt stoff frå departementet straks blir lagt ut på nettet, og at informasjon som ligg ute, til kvar og ei tid er oppdatert.

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på postgrupper:

		(i 1 000 kr)			
Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	315 938	293 704	347 033	18,2
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	2 159	2 339	2 380	1,8
50-59	Overføringar til andre statsrekneskapar		23 525	27 954	18,8
70-89	Overføring til private	98 769	94 945	140 595	48,1
Sum kategori 07.10		416 866	414 513	517 962	25,0

Sjå omtale av tekniske endringar under tabellane til kategori 07.10 og under dei einskilde kapitla.

Kap. 0200 Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 3200)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	154 276	145 747	145 685
21	Særskilde driftsutgifter	7 441	7 369	1 797
22	Folkegåve til Island, <i>kan overførast</i>	3 000		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 159	2 339	2 380
Sum kap. 0200		166 876	155 455	149 862

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 200 post 01 er redusert med 2,7 mill. kroner mot tilsvarende auke av kap. 202 post 01 i samband med etablering av Læringssenteret.
- Kap. 200 post 01 er redusert med 2,2 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Kap. 200 post 01 er nedjustert med 0,8 mill. kroner mot parallell nedjustering av kap. 3200 post 04.

- Løyvinga på 5,7 mill. kroner til Rådet for fagopplæring i arbeidslivet og opplæringsråda er overført frå kap. 200 post 21 til kap. 234 post 01.

Resultatrapport for 1999-2000

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet er av dei departementa som har flest underliggjande verksemder. I tillegg spelar kommunesektoren ei sentral rolle innanfor området til departementet. Departementet forvaltar også om lag 120 tilskottsordningar. Dette inneber at departementet handsamar svært mange saker frå underlig-

gjande institusjonar, organisasjonar, private og offentlege institusjonar og privatpersonar, i tillegg til arbeidsoppgåvene som er knytte til førebuinga og iverksetjinga av politikken på sektorområda. Departementet har også forhandlingsansvar for store grupper arbeidstakarar. Dette medfører eit vesentleg arbeidspress på departementet. Reduksjonen i driftsbudsjettet til departementet i 1999 og 2000 har stilt departementet overfor store utfordringar og medført auka arbeidspress for den einskilde medarbeidaren i departementet.

1. januar 2000 blei 335 stillingar lønna over budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Departementet har blitt omorganisert per 1. september 2000, jf. nærmare omtale i kategoriinnleiinga. Oppgåver og tilsette er overførde til Læringssenteret. Etter omorganiseringa er 293 stillingar lønna over budsjettet til departementet. Omorganiseringa internt og arbeidet med oppretting av Læringssenteret har krevd store ressursar i departementet.

Departementet har arbeidd med følgjande meldingar og proposisjonar som Regjeringa har lagt fram for Stortinget:

- St.meld. nr. 12 (1999-2000) ...og yrket skal båten bera...
- St.prp. nr. 63 (1999-2000) Om samanslåing av vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter
- St.prp. nr. 38 (1999-2000) Opprettelse av Nasjonalt senter for læring og utvikling
- Ot.prp. nr. 58 (1999-2000) Om lov om endring i lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høyskoler
- Ot.prp. nr. 44 (1999-2000) Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og vidaregåande opplæring (opplæringslova) m.m.
- Ot.prp. nr. 22 (1999-2000) Om lov om endring i lov 26. april om utdanningsstøtte til elever og studenter

Departementet har leia prosessen som førte fram til ei ny arbeidstidsavtale for lærarane frå og med 1. august 2001. Vidare er det inngått ei intensjons-erklæring om eit målretta samarbeid for å utvikle meir fleksible arbeidsordningar i skoleverket.

Ei styringsgruppe leia av departementet har arbeidd med førebuing av overgang til nettobudsjettering for universiteta frå 1. januar 2001.

I 2000 har tre utval som har sett på utdanninga og utdanningsfinansieringa, levert sine utgreiingar. Berg-utvalet leverte våren 2000 utgreiinga si om det såkalla mellomnivået i NOU 2000: 5 Mel-

lom barken og veden – om fagskoleutdanningar. Eit anna offentlig utval som vurderte behov for endringar i universitets- og høyskolesektoren etter år 2000 (Mjøs-utvalet), leverte utgreiinga si i mai 2000. Utvalet som såg nærmare på utdanningsstøtteordninga som blir forvalta av Statens lånekasse for utdanning (Aamodt-utvalet), la fram si innstilling 15. desember 1999 i NOU 1999: 33. Utvalet fremmer ei rekkje tiltak for å gjere utdanningsfinansieringa enklare og meir rettferdig. Arbeidet med oppfølging av innstillingane er sett i gang.

KUF-skolen er eit internt opplæringsprogram for tilsette i departementet. Våren 2000 blei eit managementprogram avslutta, og det blir planlagt eit nytt program. Det er òg gjennomført eit leiaropplæringsprogram. Oppfølginga av dette blir vurdert.

Departementet har vore arrangør for konferansen Kvinner i Akademia. Konferansen samla over 100 leiarar innanfor universitets- og høyskolesektoren. Formålet med denne samlinga var å diskutere og finne fram til strategier og løysings-tiltak for å heve talet på kvinner i faste vitskaplege og administrative stillingar.

Klargjeringa av IKT-systema i departementet til år 2000 gjekk utan problem.

Departementet har gjort greie for si oppfølging av økonomireglementet i St.prp. nr. 1 for dei seinaste åra. Det siste året har departementet lagt vekt på å fullføre arbeidet med å fastsette nytt regelverk etter økonomireglementet for verksemdene og tilskottsordningane under departementet sitt ansvarsområde. Dette arbeidet er no i all hovudsak gjennomført. Departementet vil også framover ha høg fokus på oppfølging av økonomireglementet.

Som følgje av krava i det nye økonomiregelverket for staten har departementet innført eit nytt lønns- og personalsystem. Ei rekkje rutinar og funksjonar i økonomiforvaltninga er lagt om på grunn av det nye systemet og som følgje av at oppgåver er overførde frå Statens forvaltningsteneste til departementet. Innføringa av lønns- og personalsystemet har tatt lang tid og krevd mange ressursar, og det vil framleis ta noko tid før alt er på plass.

Resultatmål for 2001

Arbeidet i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil bli ført vidare i tråd med politikken til Regjeringa slik han er uttrykt i hovudinnleiinga og under kategoriane 07.20-07.90. Til grunn for arbeidet i departementet ligg ein administrativ

strategiplan, verksemdsplan, strategiplanar og policydokument for einskilde tverrgåande område.

Som følgje av omorganisering av forvaltninga av Opplysningsvesenets fond vil forvaltningsoppgåver for fondet, som til no har vore behandla i departementet, bli overførde til det nye forvaltningsorganet for fondet. Kyrkjeavdelinga vil bli omorganisert som følgje av dette.

Departementet vil følgje opp arbeidet med utgreiingane til dei tre utvala Berg, Mjøs og Aamodt i ei stortingsmelding våren 2001. Oppfølgingsarbeidet vil vere omfattande, og det er lagt opp til ei arbeidsform som går på tvers av avdelingane i departementet. Oppfølginga vil til saman krevje 10-12 stillingar.

Det vil bli lagt større vekt på prosjektarbeid og arbeid på tvers av avdelingsgrenser. Mellom anna er arbeidet med oppfølginga av utgreiingane til utvala Berg, Mjøs og Aamodt organiserte som prosjekt med medarbeidarar frå fleire avdelingar i departementet.

Departementet vil vurdere utgreiinga frå det offentlege utvalet som er sett ned for å sjå på dei rettslege, organisatoriske og økonomiske spørsmåla i samband med ei lovfesting av dåpsopplæringa i kyrkja.

I det vidare arbeidet med oppfølginga av Intenjonserklæringa vil departementet gjennomføre ei offensiv satsing i høve til lærarorganisasjonane. Dette skal gjerast på ein slik måte at nasjonale målsetjingar for utdanningspolitikken lét seg realisere gjennom dialog, prosess og forhandlingar. Prosessen vil krevje vesentlege administrative ressursar, sidan ein også må ta i vare omsynet til det lokale handlingsrommet til skoleeigar (kommunar/fylkeskommunar), mellom anna gjennom handsaming av søknader om forsøksordningar mv.

Tiltak knytte til det likestillingspolitiske ansvaret til departementet er blitt nedfelt i «Policynotat om likestilling 1999-2001». Særskilde satsingsområde for denne perioden er Kvinner i Akademia og

Jenter og matematikk. Departementet driv ei omfattande informasjonsverksemd når det gjeld likestilling. Det vil bli arrangert kurs, konferansar og publisering av kunnskap om likestilling gjennom bladet Camilla og på ODIN. Konferansen Kvinner i Akademia i september 2000 vil krevje oppfølging i departementet. Departementet vil fortsette å ta del i ulike tverrdepartementale grupper og i nordisk og internasjonalt samarbeid for å fremme likestilling innanfor sektorane til departementet.

For å sikre dyktige medarbeidarar til dei mange og omfattande arbeidsoppgåvene som departementet har framover, vil departementet mellom anna utvikle vidare personalpolitikken, herunder på sikt å leggje til rette for mellom anna jobbotasjon, fleksible arbeidsformer og fjernarbeidsplassar. Departementet har allereie innført ei ordning med at tilsette kan inngå leigeavtale om heime-PC. I tillegg vil ein fortsette satsinga på KUF-skolen for å styrkje kompetansen til dei tilsette. Slik håper ein både å sikre at dyktige medarbeidarar blir i departementet og å rekruttere nye.

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga under post 01 går til å dekkje lønn og drift i departementet. Budsjettforslaget inneber at aktivitetsnivået i 2000 blir ført vidare i 2001. Dette er ein naudsynt føresetnad for å kunne halde oppe kvalitet og framdrift med både forvaltningsoppgåver og reformarbeid. Løyvinga under post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3200 post 02, sjå framlegg til vedtak II nr. 1.

Løyvinga under post 21 dekkjer utgifter knytte til tiltak i samband med Regjeringas arbeid med forskingspolitikken. Midlar til opplæringsråda og Rådet for fagopplæring i arbeidslivet er flytta til kap. 234.01.

Løyvinga under post 45 gjeld kjøp av datautstyr og programvare som blir nytta til utvikling av departementets IKT-system.

Kap. 3200 Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 200)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
02	Salsinntekter o.a.	1 353		
04	Husleigeinntekter o.a.	800	822	
05	Refusjon frå NORAD	285	700	721
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	32		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 718		
17	Refusjon for lærlingar	38		
	Sum kap. 3200	5 226	1 522	721

I høve til 2000 er det gjort denne tekniske endringa:

- Kap. 3200 post 04 er nedjustert med 0,8 mill. kroner mot parallell nedjustering av kap. 200 post 01.

Kap. 0202 Læringscenteret (jf. kap. 3202)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter			72 236
21	Særskilde driftsutgifter			6 545
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast</i>			32 828
	Sum kap. 0202			111 609

Kapitlet blei oppretta våren 2000, jf. Innst. S. nr. 156 og St.prp. nr. 38 (1999-2000). Kapitlet er finansiert gjennom overføring av midlar og oppgaver frå kap. 200, 203, 239 og 244.

I tillegg til overføringar i samsvar med St.prp. nr. 38 (1999-2000) tillagt prisjustering er det gjort følgjande tekniske endringar i høve til 2000:

- Kap. 202 post 01 er redusert med kr 123 000 i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Kap. 202 post 01 er auka med 1,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 3202 post 02.
- Kap. 202 post 01 er auka med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 202 post 21, i samband med at lydbokordninga er ført over til post 01.
- Kap. 202 post 21 er oppjustert med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarande oppjustering av kap. 3202 post 01.
- Kap. 202 post 70 er redusert med 1,7 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 206 post 50 i samband med ny handlingsplan for spesialpedagogiske læremiddel.

Avgangsprøva i grunnskolen og eksamen i vidaregåande opplæring blir framleis finansierte over kap. 229 og kap. 239.

Kapitlet omfattar:

- drift av Læringscenteret, som inneber m.a.:
- læremiddelutvikling
- læreplanarbeid
- utviklingsarbeid
- prosjekt som er overførte frå departementet, jf. omtale nedanfor

Læringscenteret skal vere eit nasjonalt kompetansesenter for heile utdanningsektoren, med særleg grunnskolen og vidaregåande opplæring som nedslagsfelt. Ei sentral målsetjing for Læringscenteret vil vere å bidra til eit meir heilskapleg perspektiv på læring, forsøks- og utviklingsarbeid, forskning og vurdering.

I St.meld. nr. 28 (1998-99) blei formålet med å opprette eit nasjonalt utviklingscenter formulert slik:

- å samle oppgaver med relevans og samanheng på éin stad og skape eit breitt miljø slik at ein oppnår heilskapleg oversikt og samla kompe-

tanse på område som har samanheng med kvarandre

- å få eit organ som er i stand til å skjøtte sentrale utviklings- og informasjonsoppgåver overfor departement, kommunar, fylkeskommunar, skolar og lærebedrifter

Resultatrapport for 1999-2000

Som ledd i oppfølginga av Innst. S. nr. 214 og St. meld. nr. 28 (1998-99) Mot rikare mål og Innst. S. nr. 156 og St. prp. nr. 38 (1999-2000) Opprettelse av Nasjonalt senter for læring og utvikling, blei Læringssenteret oppretta 1. september 2000. Nasjonalt læremiddelsenter (NLS) under kap. 244 og Eksamenassekretariatet ved Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus under kap. 203 blei innlemma i Læringssenteret frå den same dato. Resultatrapport for avgangsprøva i grunnskolen og eksamen i vidaregåande opplæring finn ein under kap. 229 og kap. 239. Resultatrapport for NLS sine oppgåver knytte til IKT finn ein under kap. 249.

Særskilt tilrettelagde læremiddel

NLS har følgd opp handlingsplanen for spesialpedagogiske læremiddel. Handlingsplanen går ut i 2000, og NLS har utarbeidd ein ny plan for perioden 2001-04. NLS har følgd opp eit treårig prosjekt for utvikling av teiknordbok i form av elektronisk database og vidareført oppgåver innanfor internasjonalt samarbeid på området. Innsatsen med å skaffe fram læremiddel for språklege minoritetar er ført vidare.

Godkjenning av læremiddel

NLS har i løpet av 1999 godkjent 103 lærebøker for grunnskolen, 117 lærebøker for vidaregåande opplæring og 32 lærebøker for teknisk fagskole.

Godkjenningsordninga for lærebøker er oppheva 1. august 2000, jf. Innst. O. nr. 89 og Ot. prp. nr. 44 (1999-2000). Det er læreplanen som skal vere styrande for undervisninga. Forlaga, forfattarane og fagmiljøa skal sjølv utøve kvalitetskontroll med omsyn til innhald, likestilling og språkleg kvalitet. For å sikre den språklege kvaliteten i lærebøkene, skal bøkene følgje læreboknormalen. Likestillingsperspektivet skal takast i vare ved at likestillingslova § 7 pålegg skolane å berre bruke læremiddel som tek omsyn til likestilling mellom kjønna.

Utvikling av læremiddel, herunder utgiving av basisutgåver, parallellutgåver og fellesutgåver

NLS har bidratt til at det ligg føre lærebøker i tilvalsfaga i grunnskolen, at det ligg føre lærebøker på og i finsk i grunnskolen, og at det blir utvikla tverrfaglege læremiddel innanfor læreplanverka for grunnskolen. NLS har bidratt til at alle studieretningar, fag og område i vidaregåande opplæring hadde lærebokdekning ved skolestart i 1999. NLS har bidratt til utvikling av læremiddel for grunnskoleopplæring for vaksne.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)

NLS har vore ein viktig aktør i gjennomføringa av den nasjonale IKT-planen for utdanninga for perioden 1996-99, mellom anna gjennom Skolenettet, utvikling av elektroniske læremiddel, rettleiing og forhandlingar av rammeavtalar for utstyr og programvare for skoleverket, jf. kap. 249.

Miljø og utvikling

NLS har bidratt til å realisere Handlingsplan for nettverk for miljølære 1998-2001.

Produksjon og distribusjon av læreplanar, fagplanar mv.

NLS har bidratt til at læreplanar og rettleiingar til L97/L97 Samisk og anna materiell til bruk i grunnskolen blei trykt, distribuert og lagt på Skolenettet. NLS har bidratt til at læreplanar, fagplanar, opplæringsbok og metodiske rettleiingar og andre publikasjonar blei gjorde tilgjengelege for brukarane i vidaregåande opplæring.

Resultatmål for 2001

Læringssenteret skal i hovudsak ha evaluerings- og utviklingsfunksjonar i tillknytning til grunnskolen og vidaregåande opplæring. Hovudoppgåvene i Læringssenteret skal vere å:

- arbeide med revisjon av læreplanar og/eller utvikling av nye etter oppdrag frå departementet
- koordinere og kvalitetssikre det nasjonale arbeidet med elev- og lærlingvurdering
- sørge for utvikling, produksjon og distribusjon av læremiddel for ulike opplæringsgrupper
- koordinere utviklingsarbeidet med bruk av IKT i opplæringa
- setje i verk nasjonale kompetanseutviklingstiltak for skoleverket

- setje i verk forsøks- og utviklingsarbeid etter oppdrag frå departementet og gi støtte og rettleiing i lokalt utviklingsarbeid
- setje i verk forskning med relevans for skoleverket etter oppdrag frå departementet. Spreie forskingsresultat med særleg relevans for skoleverket
- levere informasjon og dokumentasjon som grunnlag for planlegging og gjennomføring av utdanningspolitiske tiltak, lokalt og sentralt
- utføre utgreiingsoppgåver og gi råd, etter oppdrag frå departementet, innanfor dei fagområda senteret har ansvar for

Læringssenteret har forvaltningsansvaret for å:

- gjennomføre avgangsprøver i grunnskolen og sentralt gitte prøver i vidaregåande opplæring
- fordele statstilskott til læremiddelutvikling og -produksjon
- sikre grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring eit breitt tilbod av læremiddel
- utarbeide rettleiingar og anna pedagogisk støttemateriell til grunnskolen og vidaregåande opplæring
- drive Skolenettet med ulike tilbod som læringsressurs for grunnskole og vidaregåande opplæring.

Utviklingsoppgåvene skal stå i fokus for arbeidet i senteret. Forvaltningsoppgåvene som senteret skal ta hand om, skal i hovudsak vere ei vidareføring av dei forvaltningsoppgåvene som tidlegare blei utførte av NLS og Eksamenessekretariatet.

Læringssenteret skal ikkje bygge opp eit eige regionalt apparat. Dei statlege utdanningskontora skal framleis vere det regionale bindeleddet mellom departementet og kommunesektoren. Generelt inneber dette at Læringssenteret må samhandle med departementet og kommunesektoren på fleire område. Utdanningskontora skal bruke kompetansen til Læringssenteret når det gjeld utvikling, dokumentasjon og forskning. Dei prak-

tiske formene for samhandling må utviklast over tid og vil bli diskuterte i styringsdialogen mellom departementet og sentrale underliggjande etatar.

For å sikre blinde og sterkt svaksynte elevar læremiddel i punktskrift i rett tid, er det lagt føringar for valfridomen til skolen med omsyn til lærebøker. Læringssenteret skal også vurdere etablering av utlånsordning for lærebøker i papirpunktskrift, jf. Innst. O. nr. 89 og Ot.prp. nr. 44 (1999-2000). Sjå også kap 243.

Budsjettforslag for 2001

Forslaget under post 01 skal dekkje driftsutgiftene ved Læringssenteret. Løyvinga knytt til lyd-bokordninga, 8 mill. kroner, er ført over frå post 21. Løyvinga under post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap 3202 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Forslaget under post 21 gjeld verksemd som Læringssenteret gjer som oppdrag, i hovudsak frå andre statlege institusjonar. Løyvinga under post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overørast

Tilskottsordningane skal samla sett bidra til å gi alle elevar tilgang til læremiddel i samsvar med læreplanane og sikre utvikling og produksjon av læremiddel for små fagområde/elevegrupper der det ikkje er marknadsgrunnlag til å utvikle dette. I samband med den nye handlingsplanen for spesialpedagogiske læremiddel blir det foreslått at løyvinga på kap. 244 post 70, som tidlegare har dekt samisk del av handlingsplanen, blir løyvd direkte over kap. 206. Tilsagnsfullmakta på 20 mill. kroner, som NLS/Læringssenteret har hatt i 2000, blir ført vidare på det same nivået i 2001, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 3202 Læringssenteret (jf. kap. 202)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2001
		1999	Saldert budsjett 2000	
01	Inntekter frå oppdrag			6 545
02	Salsinntekter o.a.			12 390
	Sum kap. 3202			18 935

Kapitlet blei oppretta våren 2000. Overføringar i 2001 er gjort i samsvar med St.prp. nr. 38 (1999-2000), der kap. 3244 i sin heilskap går inn i kap. 3202. Samanlikna med 2000 er det gjort for øvrig gjort følgjande tekniske endringar (sjå også tekniske endringar under kap. 244 og 3244):

- Kap. 3202 post 01 er oppjustert med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarende oppjustering av kap. 202 post 21.
- Kap. 3202 post 02 er oppjustert med 1,8 mill. kroner mot ein tilsvarende oppjustering av kap. 202 post 01.

Kap. 0203 Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	127 850	134 558	114 401
21	Særskilde driftsutgifter	9 097	1 200	1 200
	Sum kap. 0203	136 947	135 758	115 601

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 203 post 01 er redusert med 21,2 mill. kroner som følgje av overføring av oppgåver til Læringssenteret, kap. 202 post 01.
- Kap. 203 post 01 er redusert med 2,3 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet omfattar drift av 18 utdanningskontor. Utdanningskontora er bindeledd mellom departementet og utdanningssektoren i kommunar og fylkeskommunar. Hovudoppgåva er å utføre statlege oppgåver regionalt. Arbeidsoppgåvene er m.a.:

- informasjon og rettleiing
- tilsyn, lovlegkontroll og klagebehandling
- kvalitetsutvikling
- løpande forvaltningsoppgåver
- vurdering, resultatoppfølging og rapportering

Utdanningskontora er delegerte ansvar for fleire statlege tilskottsordningar. Kontora har ein del tilsynsoppgåver og fører lovlegkontroll etter kommunelova med at kommunar og fylkeskommunar overheld regelverk som er relatert til utdanning. Kontora har også tilsynsoppgåver knytte til private skolar, særleg innanfor økonomiforvaltning. Utdanningskontora er klageinstans for ei rekkje saker som gjeld rettane for elevar, lærlingar og lærekandidatar. Kontora skal hjelpe kommunane i arbeidet med kvalitetsutvikling.

Resultatrapport for 1999-2000

Statens utdanningskontor har utarbeidd tilstandsrapportar for 1999-2000 som omhandlar tilstanden

i grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring i høve til dei måla som er sette.

Kontora har bidratt til at ein forsterka innsats på området kvalitetsutvikling i grunnskolen er sett i gang i kommunane. Kontora har vidare medverka til at planen til departementet for kompetanseutvikling av det pedagogiske personalet er følgt opp.

Dei statlege utdanningskontora har medverka til å starte prosjektet «Differensiering og tilrettelegging i vidaregåande opplæring». Kontora har hatt ansvar for å følgje opp fylkeskommunane i arbeidet med å utvikle ein plan for prosjektet. Kontora har vidare assistert departementet i vurderinga av prosjektsøknadene frå fylkeskommunane, og har stått for tildelinga av midlar.

Utdanningskontora har teke del i arbeidet med gjennomføringa av den nasjonale planen for IKT i utdanninga for perioden 1996-99. Gjennom ulike informasjonstiltak og lokalt utviklingsarbeid har kontora medverka til skjerpa merksemd på og utvida bruk av IKT i opplæringa. Sjå kap. 249 for nærmare omtale av det arbeidet utdanningskontora gjer på IKT-området.

Det er stor variasjon i talet på klagesaker frå kontor til kontor og frå kommune til kommune. Fleirtalet av sakene er knytte til spesialundervisning.

Eksamensavviklinga innanfor grunnskolen og vidaregåande opplæring våren 2000 er omtalt under programkategoriane 07.20 og 07.30.

For vidare omtale, jf. programkategoriane 07.20 Grunnskolen og 07.30 Vidaregåande opplæring og 07.50 Vaksenopplæring.

Resultatmål for 2001

Departementet er oppteke av å skape samanheng i arbeidet med kvalitetsutvikling – både lokalt, regionalt og nasjonalt. For å bidra til dette skal utdanningskontora prioritere kontakt-, informasjons- og samordningsoppgåver som kan vere med på å utvikle vidare nettverkssamarbeidet mellom skolar, kommunar og fylkeskommunar og mellom grunnskole, vidaregåande opplæring og universitet og høgskolar. Utdanningskontora skal i dette arbeidet samarbeide aktivt med Lærings-senteret.

I 2001 skal utdanningskontora m.a.:

- utvikle vidare arbeidet med tilstandsrapportar, resultatrapportering, rettleiing til kommunane, tilsyn og kontroll og klagebehandling gjennom utvikling og oppfølging lokalt
- følgje opp strategien til departementet for kvalitetsutvikling i grunnskolen i perioden 2000-03
- følgje opp arbeidet med prosjektene Samtak, LUIS, PILOT og «Differensiering og tilrettelegging i vidaregåande opplæring»
- medverke til sluttvurdering av arbeid knytt til departementets plan for kompetanseutvikling i samband med innføringa av læreplanverka for grunnskolen for perioden 1996-2000
- medverke til evaluering av arbeidet med kvalitetsutvikling i grunnskolen
- ta aktiv del i arbeidet med gjennomføringa av handlingsplanen «IKT i norsk utdanning. Plan for 2000-2003», jf. kap. 249
- følgje opp arbeidet med kompetansereforma lokalt og regionalt
- føre vidare arbeidet med å følgje opp kommunar og fylkeskommunar når det gjeld styrkinga

av PP-tenesta, jf. Innst. S. nr. 228 og St.meld. nr. 23 (1997-98) Om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilde behov, samt kap. 243

- følgje opp gjennomføringa av dei sentralt initierte utviklingsprosjekta i vidaregåande opplæring
- informere om opplæringslova med forskrifter
- følgje opp miljøhandlingsplanen til departementet
- følgje opp arbeidet med Reform 97 i kommunane ved å sjå til at lover og forskrifter blir fulgte, gjennom tilskottsforvaltning og ved å drive informasjon og rettleiing lokalt
- informere, rettleie og medverke til at skoleiagar kan oppfylle dei nasjonale måla med omsyn til verdiprofilering og haldningsmål i opplæringa, m.a. gjennom å følgje opp det lokale arbeidet med nasjonale planar og lokale handlingsplanar/satsingsområde
- følgje opp departementets likestillingspolitiske satsingsområde innanfor utdanningssektoren

I tillegg er resultatmåla for dei einskilde utdanningsområda nærmare omtalte under programkategoriane 07.20 og 07.30 og under dei respektive fagkapitla.

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga under post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3203 postane 02 og 11, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga under post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3203 Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	2 876	1 200	1 200
02	Salsinntekter o.a.	3 629	3 477	3 581
11	Kursavgifter	7 939	6 570	6 570
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	135		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	510		
17	Refusjon for lærlinger	9		
	Sum kap. 3203	15 098	11 247	11 351

Post 01 gjeld oppdragsinntekter, og post 02 gjeld salsinntekter o.a. ved statens utdanningskontor. Post 11 gjeld inntekter i samband med at

utdanningskontora står som teknisk arrangør av kurs og konferansar.

Kap. 0204 Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter		4 830	5 169
	Sum kap. 0204		4 830	5 169

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 204 post 01 er redusert med kr 27 000 i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Kap. 204 post 01 er oppjustert med kr 100 000 mot ein tilsvarande oppjustering av kap. 3204 post 02.

Resultatrapport for 1999-2000

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit rådgivande organ for departementet og skal arbeide for å styrkje engasjementet til foreldra i grunnskolen gjennom informasjon, skolering og rettleiing. Nytt foreldreutval for grunnskolen (FUG) blei oppnemnt i januar 2000, med sju medlemer og to varamedlemmer. Oppnemninga gjeld til 31. desember 2003. I 2000 er det planlagt til saman fem møte i utvalet. Mellom dei viktigaste tiltaka i skoleåret 1999-2000 er Grunnskolen si veke, semi-

nar for medlemmer av kommunale foreldreutval, arbeidet for barn med særskilde behov og arbeidet for språklege minoritetar, samt kontakt med nasjonale og internasjonale organisasjonar, styre og råd.

Resultatmål for 2001

Foreldreutvalet for grunnskolen vil også i 2001 arbeide vidare etter dei retningslinjene som er trekte opp i St.meld. nr. 14 (1997-98), jf. Innst. S. nr. 117 (1997-98) og opplæringslova § 11-9 med forskrifter. I samsvar med formålsparagrafen i grunnskolen skal FUG medverke til eit godt samarbeid mellom heim og skole, og ta hand om interessene til foreldra og dei føresette i samband med skoleverksemda.

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga blir ført vidare på same nivå som 2000.

Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
02	Salsinntekter o.a.		100	206
	Sum kap. 3204		100	206

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 3204 post 02 er oppjustert med kr 100 000 mot ein tilsvarande oppjustering av kap. 204 post 01.

Inntektene kjem frå sal av materiell.

Kap. 0206 Samisk utdanningsadministrasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	9 995		
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	4 279		
50	Tilskott til Sametinget		23 525	27 954
70	Tilskott til produksjon av samiske læremiddel, <i>kan overførast</i>	10 785		
	Sum kap. 0206	25 059	23 525	27 954

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- 1,7 mill. kroner er overførde frå kap. 202 post 70 i samband med ny handlingsplan for spesialpedagogiske læremiddel.
- 2,2 mill. kroner er overførde frå kap. 243 post 01 til styrking av det spesialpedagogiske feltet og til kompetansehevingstiltak innanfor det samiske området.

Kapitlet finansierer:

- driftsutgifter knytte til dei administrative ressursane som blei overførde frå departementet til Sametinget med verknad frå 1. januar 2000
- tilskott til produksjon og utvikling av læremiddel for samiske elevar

Resultatrapport for 1999-2000

Som oppfølging av Innst. S. nr. 145 og St.meld. nr. 18 (1997-98) Tillegg til St.meld. nr. 41 (1996-97) Om norsk samepolitikk blei rådsfunksjonen ved Samisk utdanningsråd lagd ned og sekretariatet overført til Sametinget med verknad frå 1. januar 2000. Dei statlege utdanningskontora har framleis tilsyns- og rettleiingsoppgåver overfor kommunar og fylkeskommunar, men Sametinget har vore med på møter departementet har hatt med utdanningskontora og skoleeigarane. Statens utdanningskontor i Finnmark vil utarbeide eit opplegg for å sikre at Sametinget kan delta ved tilsynsbesøk i kommunar innanfor det samiske forvaltningsområdet.

- Sametinget har m.a. ført vidare arbeidet med informasjon, kompetanseutvikling, rettleiings- og utviklingstiltak i samband med at L97 Samisk er blitt sett i verk. Produksjon av samiske

læremiddel tilpassa nye læreplanar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, samt handlingsplan for spesialpedagogiske læremiddel, samisk del, har òg vore høgt prioriterte oppgåver i denne perioden.

Resultatmål for 2001

Samarbeidet mellom Sametinget og Læringscenteret må styrkjast og vurderast etter ein periode på to år.

Sametinget skal mellom anna føre vidare arbeidet med:

- informasjon, kompetanseutvikling, rettleiing og utviklingstiltak i samband med at L97 Samisk er blitt sett i verk
- utvikling, kvalitetssikring og produksjon av samiske læremiddel tilpassa nye læreplanar for grunnskolen og vidaregåande opplæring
- hjelp med faglege råd og støtte til lærarar som underviser samiske elevar i barnehage, i grunnskolen og i vidaregåande opplæring i og utanfor det samiske kjerneområdet
- handlingsplan for spesialpedagogiske læremiddel, samisk del, i samarbeid med Læringscenteret. Ny handlingsplan blir fastsett med verknad frå 1. januar 2001, jf. omtale under kap. 202

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga skal dekkje driftsutgifter, utviklingsarbeid og tilskott til læremiddelproduksjon. Det er foreslått å gi tilsegnfullmakt for å betale inntil 3 mill. kroner i år 2002 for avtalar om produksjonsstøtte som er gjorde med forlaga i 2001, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Kap. 3206 Samisk utdanningsadministrasjon (jf. kap. 206)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	2 028		
02	Salsinntekter o.a.	182		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	21		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	252		
	Sum kap. 3206	2 483		

Kap. 3206 blei i 2000 innlemma i kap. 206 post 50 som følgje av nettobudsjetteringa.

Kap. 0210 Tilskott til trdomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Tilskott til trdomssamfunn og livssynssamfunn, <i>overslagsløyving</i>	51 364	58 308	106 796
71	Tilskott til uregistrerte trdomssamfunn, <i>overslagsløyving</i>	6 178	6 949	
72	Tilskott til livssynssamfunn, <i>overslagsløyving</i>	14 219	17 739	
73	Tilskott til Norges frikirkeråd	666	685	
74	Tilskott til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn	250	257	
75	Tilskott til privatåtte skole- og kirkebygg	15 307	11 007	
76	Tilskott til råd for trdomssamfunn og livssynssamfunn			971
	Sum kap. 0210	87 984	94 945	107 767

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Postane 70, 71 og 72 er slåtte saman til post 70.
- Postane 73 og 74 er slåtte saman til ny post 76 Tilskott til råd for trdomssamfunn og livssynssamfunn.

Kapitlet omfattar tilskott til

- trdomssamfunn etter lov av 13. juni 1969 nr. 25 Om trdomssamfunn og ymist anna
- livssynssamfunn etter lov av 12. juni 1981 nr. 64 Om tilskott til livssynssamfunn
- Norges frikirkeråd
- Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn
- oppføring av privatåtte skole- og kyrkjebygg

Post 70 Tilskott til trdomssamfunn og livssynssamfunn, *overslagsløyving*

Tilskottsordninga skal sikre økonomisk lik hand-saming mellom Den norske kyrkja og trdoms- og livssynssamfunna utanfor Den norske kyrkja, ved at desse får ei tilsvarende løyving per medlem som statskyrkja.

Den årlege veksten i talet på registrerte medlemmer i trdoms- og livssynssamfunna med tilskottsrett har vore på om lag 4 pst. i dei siste ti åra. I 1999 blei det utbetalt tilskott for til saman om lag 340 000 medlemmer i trdoms- og livssynssamfunna utanfor Den norske kyrkja. I 1999 var tilskott per medlem kr 212 og i 2000 kr 219.

Innstillinga frå den tverrdepartementale arbeidsgruppa som har gjennomgått lover og forskrifter på området, er send på høyring.

Løyvinga på post 70 er regelstyrt, jf. lov av 13. juni 1969 nr. 25 Om trdomssamfunn og ymist anna, og lov av 12. juni 1981 nr. 64 Om tilskott til livssynssamfunn, og er ei overslagsløyving. Tilskottssatsen per medlem blir rekna ut på grunnlag av medlemstalet og utgifter i Den norske kyrkja. Veksten i høve til 2000 er grunna i venta vekst i medlemstala for samfunna og i løyvingar til Den norske kyrkja.

Post 75 Tilskott til privatåtte skole- og kyrkjebygg

Formålet med tilskottsordninga er å gi trdomssamfunn utanfor Den norske kyrkja, og frivillige organisasjonar innanfor Den norske kyrkja, høve til å byggje kyrkjebygg med lågare eigenfinansiering. Vidare skal ordninga medverke til å finansiere bygg for godkjende private grunnskolar og private vidaregåande skolar.

I 1999 blei det gitt tilskott til å byggje eller kjøpe 36 privatåtte kyrkjebygg og tre privatåtte skolebygg.

Regjeringa foreslår å avvikle tilskottsordninga på post 75 frå 2001.

Post 76 Tilskott til råd for trdomssamfunn og livssynssamfunn

Tilskottsordningane skal medverke til at Norges frikirkeråd (NFR) og Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (STL) kan ta hand om samordningsoppgåver for sine medlemssamfunna sine.

NFR har ansvaret for samordninga bl.a. gjennom konsultasjonar med medlemssamfunna og har hjulpet dei både i økonomiske, administrative og kyrkjelege/regionspolitiske saker. STL har i 1999 styrkt administrasjonen og har engasjert seg i fleire religionspolitiske saker og i evalueringa av KRL-faget.

Forslaget til løyving inneber uendra tilskott i høve til 2000.

Programkategori 07.20 Grunnskolen

Grunnskolen blir i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane, dvs. rammetilskott og skatteinntekter. Dei midlane som blir løyvde over programkategori 07.20, går til særskilde tiltak og omfattar desse løyvingane:

- tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, skolefritidsordningar, undervisning i finsk som andrespråk, opplæring for språklige minoritetar i grunnskolen, kommunale musikk- og kulturskolar og det samiske utdanningsområdet

- tilskott til statens grunnskolar og grunnskoleinternat
- tilskott til kvalitetsutvikling i grunnskolen, mellom anna kompetanseutvikling for det pedagogiske personalet, utviklingsarbeid og forsøk
- tilskott til andre formål i grunnskolen, mellom anna utgifter til avgangsprøva og kompensasjon for investeringskostnader i samband med Reform 97

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0221	Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 3221)	1 181 739	1 202 715	1 305 956	8,6
0222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222)	48 889	47 392	48 979	3,3
0228	Kvalitetsutvikling i grunnskolen (jf. kap. 3228)	140 283	259 032	291 873	12,7
0229	Andre formål i grunnskolen	576 890	608 165	603 342	-0,8
	Sum kategori 07.20	1 947 801	2 117 304	2 250 150	6,3

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3221	Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 221)	5 900	5 914	24 395	312,5
3222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 222)	2 045	330	340	3,0
3228	Kvalitetsutvikling i grunnskolen (jf. kap. 228)	112			
3229	Andre formål i grunnskolen (jf. kap. 229)	549			
	Sum kategori 07.20	8 606	6 244	24 735	296,1

Budsjettforslag for 2001 - Prioriteringar

Budsjettforslaget for 2001 fører vidare den auka satsinga på kvalitetsutvikling i grunnskolen med vekt på ungdomstrinnet. Kvalitetsutviklinga set

kompetanseutvikling, vurdering, utviklingsarbeid og forsøk i fokus. For å styrkje og utvikle vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i skolen har departementet oppretta det nye Læringscenteret, jf. kap. 202.

Regjeringa foreslår å løyve 100 mill. kroner til ei auka satsing på informasjons- og kommunikasjonsteknologi i skolen. 30 mill. kroner av desse midlane er plasserte på kap. 228. Dette inneber ei brei satsing på ei rekkje område som vil medverke til å styrkje opplæringa for elevane, jf. også kap. 238 og kap. 249.

Som ledd i å gi kommunane større lokalt handlingsrom, foreslår Regjeringa å innlemme tilskottet til leirskoleopplæring i rammetilskottet til kommunane frå og med 1. januar 2001.

Regjeringa foreslår å løyve 15 mill. kroner til å følgje opp handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet. Midla er fordelt over fleire av departementa sine budsjett, og 5 mill. kroner av desse er løyvde over kap. 228.

Mål for grunnskolen

Det overordna målet for grunnskolen er som følger:

- Grunnskolen skal vere ein inkluderande fellesskole, der alle barn og unge får opplæring av høg kvalitet.

Fellesskolen skal leggje til rette for at alle elevar får opplæring tilpassa evner og føresetnader. Skolen skal vere inkluderande og gi alle høve til å realisere evnene og anlegga sine i eit godt lærings- og oppvekstmiljø. Skolen må tilpasse opplæringa til lokale forhold og til den enkelte eleven. Vidare skal skolen ta i bruk handlingsrommet i læreplanverket og lov- og avtaleverket, og leggje til rette for effektiv bruk av ressursane. Det må skapast rom for omstilling, fleksibilitet og nytenking i skolekvardagen.

Kvalitet står sentralt i utdanningspolitikken til Regjeringa. Høg kvalitet er det beste grunnlaget for å sikre den tilliten samfunnet og foreldra har til den offentlege grunnskolen. Dyktige lærarar og god rekruttering til læraryrket er viktige føresetnader for ein god skole. Det er viktig å utvikle formålstenlege reiskapar for å undersøkje kvaliteten i opplæringa. Kvalitetsutvikling skal medverke til å vidareutvikle og styrkje all opplæring. Kvaliteten i opplæringa må vurderast mot eit breitt bakteppe av verdiar og mål som ligg til grunn for opplæringa. Tradisjonelle testar og prøver gir nokre indikasjonar, men er ikkje nok til å måle kvaliteten i vid forstand. Departementet vil derfor utvikle og ta i bruk indikatorar som gir ei felles referanseramme når kvalitet skal diskuterast, både lokalt og nasjonalt. Kunnskap om opplæringa rundt om i landet, og samanlikningar med andre land, er vik-

tig for det målretta arbeidet med å betre kvaliteten i grunnskolen.

Ein fellesskole for alle krev også gode sosiale forhold på skolen. Derfor vil Regjeringa halde fram med å styrkje innsatsen mot problemåtferd og sosial utryggleik i skolen. Å styrkje oppvekst- og læringsmiljøet for elevane blir ei viktig oppgåve i tida som kjem. Samtidig er det nødvendig å betre arbeidsmiljøet for elevane og lærarane.

Det overordna målet for grunnskolen blir delt opp i følgjande delmål:

- Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar som grunnlag for vidare utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet.
- Elevane skal, uavhengig av kjønn, bustad og økonomien til foreldra, få likeverdig opplæring tilpassa evner, føresetnader og kulturell og språkleg bakgrunn.
- Elevane skal ha eit godt og stimulerande lærings- og oppvekstmiljø, og det skal vere godt samarbeid mellom heim og skole.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar som grunnlag for vidare utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet

Tilstandsvurdering

Læreplanverka for den 10-årige grunnskolen (L97 og L97 Samisk) er no innførte på alle klassetrinn. Det er utarbeidd læreplanar for morsmålsopplæring på barnetrinnet. Rettleiingar til L97 og L97 Samisk er i ferd med å bli fullførte. Læreplanen i samisk som tilvalsspråk er no klar for utgiving frå Sametinget. Samarbeidet mellom Sametinget, Møller kompetansesenter og Læringscenteret om å leggje til rette opplæring i teiknspråk for samiske brukarar held fram. Det er utarbeidd eit informasjonsopplegg for kommunar med elevar som har finsk som andrespråk i grunnskolen.

Nye avgangsprøver som er utarbeidd på grunnlag av L97 og L97 Samisk, blei tekne i bruk for første gong våren 2000, og den avsluttande prosjektoppgåva blei gjennomført for første gong for alle avgangselevane skoleåret 1999-2000. Gjennom spørjeundersøkingar har Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar om korleis dette har fungert i skolane. Ein breiare analyse av undersøkingane i regi av Læringscenteret vil liggje føre hausten 2000. Det er utarbeidd rettleiingar for elevvurdering i fag og i prosjektarbeid på ungdomstrinnet. Tilstandsrapportane frå utdanningskontora for skoleåret 1999-2000 viser at skolering av sensorar er ei oppgåve som må førast vidare.

På oppdrag frå departementet og Statens informasjonsteneste er det gjennomført spørjeundersøkingar i 1996, 1997 og våren 2000 for å kartleggje kunnskapar om og forståing for Reform 97. Målgrupper har vore foreldre, lærarar, rektorar og ansvarlege for grunnskolen på kommunenivå. Undersøkingane viser mellom anna at eit klart fleirtal av lærarane, rektorane og dei ansvarlege for grunnskolen i kommunane, og om lag halvparten av foreldra, opplever at grunnskolen er blitt betre som følgje av reforma. Om lag 20 pst. av foreldra opplever at skolen er blitt dårlegare. Undersøkingane viser at det i perioden 1996-2000 har vore ei utvikling frå å oppleve inntaket av seksåringane som den viktigaste konsekvensen av reforma til å oppleve endringar i arbeidsmåtar og innhald som viktigast.

Kompetanseutviklinga for lærarar med utgangspunkt i den planen departementet la for perioden 1996-2000, er avslutta. Tilboda frå universitet og høgskolar om etter- og vidareutdanning har vore til positiv hjelp i den fagspesifikke kompetanseutviklinga og for utviklinga av leiingsfunksjonane i skolen. Tilstandsrapportane viser at kvaliteten i tilboda er blitt betre for kvart år i perioden. Fagleg kompetanseutvikling og kompetanseutvikling som er knytt til vurdering og til bruk av IKT i opplæringa, har vore prioriterte område i heile perioden. Dei aller fleste lærarane har teke del i kompetanseutviklinga, og alle skoleleiarane har hatt etterutdanning knytt til reformrelatert leiing. Regionalt samarbeid mellom kommunar i fleire fylke har gitt betre tilhøve for gjennomføringa av kompetanseutviklingstiltaka og til meir effektiv bruk av ressursane. Tilstandsrapportane viser at det i løpet av dei siste åra har skjedd ei dreining av interessa frå reine etterutdanningskurs til meir skolebasert kompetanseutvikling. Departementet ser positivt på denne utviklinga, og gjer merksam på at det i det skolebaserte arbeidet er behov for rettleiing mellom anna frå universitet og høgskolar.

Den statlege satsinga på kvalitetsutvikling i grunnskolen er styrkt gjennom «skolepakka» frå og med 2000, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000). Departementet legg vekt på at skoleeigarane legg til rette for ein samla innsats for kvalitetsutvikling, der verkemidla er kompetanseutvikling, vurdering, utviklingsarbeid og forsøk. Skolen skal utviklast innanfor ramma av opplæringslova, læreplanverka og andre forskrifter til lova og gjennom tidsavgrensa pedagogiske og organisatoriske forsøk som krev avvik frå lov og forskrifter, jf. opplæringslova §1-4. Det er satsa særskilt på ungdomssteget. Kommunane har fått tildelt midlar til å

gjennomføre kommunale planar for kvalitetsutvikling.

Ei undersøking som er utført av Statistisk sentralbyrå (SSB), kartla omfanget av den formelle undervisningskompetansen lærarane hadde i dei faga dei underviste i skoleåra 1998-99 (matematikk, natur- og miljøfag og tilvalsspråk) og 1999-2000 (dei andre faga i grunnskolen). Undersøkinga ser ikkje på den samla kompetansen til lærarane, men viser mellom anna at ungdomstrinnet har den største prosentdelen lærarar med høg formell kompetanse i dei faga dei underviser i. Samtidig har ungdomstrinnet den største prosentdelen eldre lærarar, og det er desse som har den høgaste faglege kompetansen. På barnetrinnet har lærarane lågare formell kompetanse i dei faga dei underviser i, jf. delmål II. Departementet finn grunn til å uttrykkje uro over den formelle kompetansen til lærarane i skolefaga matematikk, engelsk og natur- og miljøfag. På barnetrinnet er det ein god del lærarar som underviser i desse faga med låg eller ingen formell fagleg kompetanse.

Nordlandsforskning har på oppdrag frå Kommunenes Sentralforbund (KS) og i samråd med departementet undersøkt arbeidet med kvalitetsutvikling i kommunane. Målgruppene for undersøkinga var rådmenn, ansvarlege for grunnskolen på kommunenivå og rektorar. Undersøkinga viser mellom anna at målgruppene i høg grad er samde om at dei viktigaste faktorane for kvaliteten i skolen er leiarkompetansen til rektorane, kompetansen til lærarane, samarbeidet mellom lærar og elev, dei statlege rammene for kommuneøkonomien og tilbodet om kompetanseutvikling. Kommunane har gitt opp fire område der behovet for rettleiing er særleg stort: skolebasert vurdering, organisering av opplæringa, organisering av kvalitetsutviklingsarbeidet og kompetanse- og organisasjonsutvikling. Dei ulike målgruppene har noko ulik vurdering, men undersøkinga viser at behovet for hjelp er mindre i store kommunar enn i små.

LUIS-programmet (Leiingsutvikling i skolen) er revidert, og ein tilbodspakke som er knytt til dette programmet, blir evaluert og gjord ferdig hausten 2000. Eit utviklingssenter for realfaga er etablert ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, jf. kap. 262 og 281.

Kompetanseutviklingsprogrammet Samtak er sett i verk og blir gjennomført i perioden 2000-2002 for PP-tenesta og skoleleiarane i grunnskole og vidaregåande opplæring. Samtak er nærmare omtalt under kap. 243.

Departementet har opna for lokale forsøk med vurdering utan bruk av karakterar på ungdomstrinnet, nye former for organisering av opplæringa, alternativ til reglane for klassesdeling og forsøk med nye arbeidsmåtar og bruk av andre yrkesgrupper i skolen. Departementet har per august 2000 godkjent søknader om forsøk frå tolv kommunar og får jamleg nye søknader om forsøk, som blir handsama etter kvart som dei kjem inn.

Det er sett i gang eit treårig nasjonalt prosjekt med å bruke eksterne rettleiarar i lokalt vurderingsarbeid i samband med det kommunale arbeidet med vurdering og kvalitetsutvikling. Eit uavhengig forskingsmiljø skal følgje opp dette prosjektet.

Noreg tek del i eit breitt internasjonalt samarbeid om vurdering av rammene for skolen, innhaldet i opplæringa og utbyttet elevane har av opplæringa. Dette gjeld mellom anna vurdering av lese-dugleiken og kunnskapane i matematikk og naturfag, brukarundersøkingar og vurdering av demokratikunnskapane i grunnskolen. Internasjonalt tek departementet del i arbeidet med å utvikle indikatorar på læringsutbyttet til elevane. Samarbeidet skjer i OECD, innanfor Nordisk Ministerråd og i regi av International Association for the Evaluation of Educational Achievement (IEA), jf. kap. 228.

Resultat frå IEA, Second Information Technology in Education Study (SITES), låg føre i 1999. Undersøkinga omfattar mellom- og ungdomstrinnet og den vidaregåande opplæringa og viser at Noreg ligg relativt godt an når det gjeld tilgangen på datamaskinar. Dei fleste skolane er godt utstyrte. Berre 14 skolar var utan datamaskinar til elevane. Figur 8.1 viser fordelinga av elevar per PC i grunnskolar med mellom- og ungdomstrinn.

Den forskingsbaserte evalueringa av Reform 97 er i gang. Noregs forskingsråd har ansvaret for å gjennomføre evalueringa, som er finansiert av departementet. Hovudevalueringa blir avslutta i 2003. Den særskilde evalueringa av faget kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering blir lagd fram hausten 2000. Tilstandsrapportane frå utdanningskontora viser at det er svært få søknader om fritak for opplæring i faget.

Arbeidet med entreprenørskap i opplæring og utdanning blir teke hand om på ulik måte i kommunane. I Hedmark, Nordland og Østfold er det sett i gang eit treåring prosjekt «Entreprenørskap på timeplanen (1999-2001)», som omfattar grunnskolar og vidaregåande skolar. Målet med prosjektet er å heve den generelle motivasjonen og kompetansen for entreprenørskap ved å leggje til rette for meiningsfull og aktiv læring knytt til

lokalt næringsliv og lokal tenesteyting, jf. kategori 07.30.


Strategiar og tiltak

Utviklinga av ein kvalitativt god grunnskole vil stå sentralt i dei kommande åra. Kvalitetsutviklinga har som hovudoppgåve å styrkje det utbyttet elevane har av opplæringa, og utviklinga av skolen skal derfor ha eleven i sentrum.

Departementet vil føre vidare «skolepakka» og utvikle den statlege satsinga på kvalitetsutvikling i grunnskolen i perioden 2001-03. Den særskilde satsinga på ungdomstrinnet vil bli halden ved lag i 2001. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til IKT i skolen med 100 mill. kroner i 2001. Dette vil gi ei brei satsing på ei rekkje område som vil medverke til å styrkje opplæringa til beste for elevane, jf. kap. 238 og kap. 249. Kompetanseutvikling, utviklingsarbeid, forsøk og vurdering skal vere med på å gi ei betre opplæring. Sentrale satsingsområde for kvalitetsutviklinga vil vere IKT i opplæringa, organiseringa av opplæringa, variert bruk av arbeidsmåtar samt utvikling av det sosiale miljøet. Det vil bli lagt vekt på å samordne arbeidet med kompetanseutvikling, utviklingsarbeid og forsøk. Frå og med 2001 blir det sett i verk forskning som skal følgje og evaluere arbeidet med kvalitetsutvikling i grunnskolen.

Evalueringa av Reform 97 vil bli ført vidare i regi av Noregs forskingsråd. Departementet vil også vurdere og følgje opp evalueringa av faget kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering.

Kvaliteten i opplæringa må vurderast mot dei breie og allsidige måla for opplæringa. Departementet vil følgje opp og føre vidare, både nasjonalt og internasjonalt, arbeidet med å vurdere rammene for og innhaldet i skolen og kva utbytte elevane har av opplæringa. Utvikling og bruk av indikatorar vil vere ein del av dette arbeidet. Tradisjonelle testar og prøver gir nokre indikasjonar, men ikkje nok til at ein får eit godt bilete av kvaliteten i opplæringa. I arbeidet med å utvikle gode og informative indikatorar vil departementet byggje på både nasjonale og internasjonale erfaringar. Elevar og foreldre vil vere viktige deltakarar i vurderingsarbeidet. Reiskapar for vurdering og indikatorar skal nyttast til å gi eit godt bilete av tilstanden i skolen, og ikkje til kontroll av enkeltlærarar og skolar. Departementet vil leggje til rette for arbeid med kvalitetsutvikling ved den enkelte skolen. Skolebasert vurdering vil bli utvikla vidare mellom anna ved hjelp av ein nasjonal ressursbank på Skolenettet.



Figur 8.1 Elevar per PC i grunnskolar med mellom- og ungdomstrinn

Departementet vil gjennomføre utprøving av obligatoriske kartleggingsprøver i lesing på 2. og 7. klassetrinnet. Utprøvinga tek til hausten 2000 og vil gå over fire år.

IKT og Internett er sentrale element i arbeidet med å utvikle ein meir fleksibel skole og gjere morgondagens skole betre. IKT kan medverke til at skolen betre kan komme den einskilde eleven sine behov og interesser i møte. IKT fører også til endra roller og endra organisering av skole og skolearbeid. Skolen vil på denne måten i større grad enn i dag leggje grunnlaget for livslang læring.

Forslaget om auka løyvingar til IKT skal bidra til å skape ein betre skole. Verkemidla er ei brei satsing på ei rekkje område som heng saman: Styrkje kompetansen til lærarane i pedagogisk bruk av IKT i opplæringa, IKT i lærarutdanninga, infrastruktur og breiband, utvikling av læremiddel og nettinnhald, forsøk, FoU og internasjonalt samarbeid.

Departementet vil framleis ha eit særleg blikk for etter- og vidareutdanninga til lærarane. I tillegg til å styrke kompetansen til lærarane i pedagogisk bruk av IKT i opplæringa, er det behov for å heve den formelle kompetansen lærarane har i dei faga dei underviser i, jf. undersøkinga til Statistisk sentralbyrå. Det vil også bli satsa sterkare på å utvikle tilbodet om nettbasert kompetanseutvikling for lærarar.

Det vil bli utarbeidd læreplan i morsmål tilval fordjuping for språklege minoritetar på ungdomstrinnet. Rettleiing i tospråkleg opplæring i grunnskolen er under utarbeiding. I rettleiinga blir det lagt vekt på å sjå læreplanen i norsk som andrespråk for språklege minoritetar og læreplanen i morsmål i samanheng.

Senter for kompetanseutvikling for lærarar som underviser elevar med anna morsmål enn norsk og samisk, vil bli ført vidare.

Det vil også bli laga læreplan i opplæring i punktskrift m.m. for sterkt svaksynte og blinde elevar. Elevane skal også få opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel og i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet.

Departementet vil hente inn erfaringar med bruken av midlar til permisjonar i 2000, og vurdere utviklinga av tenlege permisjonsordningar for lærarar (sabbatsår). Samtidig vil det bli lagt til rette for at ein del av dei statlege midlane til kvalitetsutvikling i 2001 kan nyttast til å delfinansiere permisjonsordningar for lærarar som tek etter- og vidareutdanning i prioriterte fag.

I samarbeid med Kulturdepartementet vil det bli sett i gang ei nasjonal satsing på kultur i skolen, under nemninga «Den kulturelle skolesekken». Målet med satsinga er å styrkje og utvikle samarbeidet mellom grunnskolen og kulturlivet i kommunane. Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet vil i samarbeid med Kulturdepartementet og institusjonar og fagorgan på kulturfeltet leggje til rette for at skolebarn lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit aktivt og positivt forhold til kulturytringar av alle slag. Tiltaket vil bli utvikla i nært samarbeid med kommunane og skoleverket. Ein ide- og informasjonskatalog skal vere tilgjengeleg på alle grunnskolar ved skolestart i 2001. På budsjettet for Kulturdepartementet er det foreslått å løyve 15 mill. kroner til dette formålet i 2001. Dei kommunale musikk- og kulturskolane kan vere ein ressurs i dette arbeidet.

Det treårige prosjektet «Entreprenørskap på timeplanen» vil bli ført vidare. Gode eksempel frå

prosjektet vil bli nytta i spreingsarbeidet til andre fylke og kommunar. Arbeidet vil bli ført vidare i samarbeid med andre departement, statens utdanningskontor og andre instansar, jf. kategori 07.30.

Elevane skal, uavhengig av kjønn, bustad og foreldra sin økonomi, få likeverdig opplæring tilpassa evner, føresetnader og kulturell og språkleg bakgrunn

Tilstandsvurdering

Grunnskolen er obligatorisk for alle barn i alderen frå seks til 16 år. For skoleåret 1999-2000 var det registrert 580 256 elevar ved vanlege grunnskolar, ein vekst på om lag 2 pst. frå året før. 9 378

(1,6 pst.) av desse elevane gjekk på private skolar, jf. kap. 240.

Tabellen nedanfor omfattar statlege, kommunale (inkl. dei statleg finansierte, jf. kap. 222) og private grunnskolar. Elevar og klassar ved norske grunnskolar i utlandet og kommunale, fylkeskommunale og statlege spesialskolar og institusjonsskolar er ikkje med i tabellen. Tabellen viser stigning i elev- og klassetala i dei seinare åra. På 1990-talet har det vore ein svak, men jamn tendens, mot større gjennomsnittleg klassestorleik, medan det har vore små endringar i talet på årsverk per klasse og elevar per årsverk. I skoleåret 1999-2000 gjekk tre av fire elevar i klassar med 25 eller fleire elevar. Kommunar med få elevar har som regel mindre klassar, men også desse har hatt auke i klassestorleiken.

Elevar, klassar og årsverk i grunnskolen frå 1980-81 til 1999-2000

År	Elevar	Klassar	Årsverk ¹	Elevar per klasse	Elevar per årsverk	Årsverk per klasse
1980-81	591 323	28 574	43 400	20,7	13,6	1,5
1990-91	471 779	24 692	47 000	19,1	10,0	1,9
1996-97	486 739	24 529	50 000	19,8	9,8	2,0
1997-98 ²	558 247	28 228	55 800	19,8	10,0	2,0
1998-99	569 044	28 645	58 600	19,9	9,7	2,0
1999-00	580 256	29 051	59 600	20,0	9,7	2,1


¹Omfattar også administrativt personell. Frå og med 1996-97 inkluderer tala også årsverk for assistentar. I 1999-2000 utgjorde årsverka til administrasjon om lag 8 pst. og til assistentar om lag 7 pst. av alle årsverk.

²Den sterke veksten i elevtal, klassetal og årsverk frå 1996-97 til 1997-98 kom av at seksåringane blei tekne inn i skolen.

Kjelde: GSI, SSB

Det minste årskullet i grunnskolen i skoleåret 1999-2000 var 15-åringane, med 52 200 elevar. Alle dei fem første årstrinna i grunnskolen var til samanlikning over 60 000. Talet på barn i grunnskolealder vil stige med i underkant av 36 000 frå 583 619 i 1999-2000 til om lag 619 000 i 2004-05. Sær-

leg merkbar vil veksten bli på ungdomstrinnet. I skoleåret 2004-05 vil det etter ei berekning som er basert på befolkningsframskrivinga frå SSB, vere 17 pst. fleire elevar på ungdomstrinnet enn i skoleåret 1999-2000.



Figur 8.2 Relativ endring i talet på barn i grunnskolealder (01.01.2000=100)

Etter 2005 flatar elevtalsveksten ut.

Kjelde: SSB

Veksten i elevtalet vil føre til fleire klassar på ungdomstrinnet i mange kommunar, men ein reknar med at veksten i klassetalet vil bli mindre enn veksten i elevtalet. Grunnen er at det berre er få av klassane i dag som har 30 elevar, som er største tillatne klassestorleik. Delar av veksten i elev-

talet vil såleis kunne resultere i eit høgare elevtal i dei eksisterande klassane. Det vil likevel ikkje vere mogleg å heve elevtalet opp mot 30 ved alle skolane med den skolestrukturen vi har i landet i dag.

Endring i elev- og klassetala på ungdomstrinnet etter elevtal i kommunen frå skoleåra 1999-2000 til 2004-2005

Elevtal i kommunen	Kommunar	Endringar i elevtalet på ungdomstrinnet	Øverslag over endringar i klassetalet på ungdomstrinnet
<i>I alt</i>	435	17,1 %	11,8 %
1. Under 300	111	4,2 %	4,1 %
2. 300-699	135	8,3 %	4,5 %
3. 700-2 399	137	14,6 %	10,3 %
4. 2 400-9 999	47	20,4 %	13,5 %
5. Over 9 999	5	23,3 %	20,0 %

Kjelde: SSB

Det er klar samanheng mellom kommunestorleiken og veksten i elevtalet. Som tabellen ovanfor viser, er det stort sett dei store kommunane som får relativt flest nye elevar (og klassar) på ungdomstrinnet, medan dei minste kommunane i gjennomsnitt får ein elevtalsauke som er så liten at han ikkje gir utslag i nokon vesentleg stigning i

klassetalet. Den sterke veksten i elevtalet på ungdomstrinnet kan venteleg føre med seg behov for nye skolelokale, særleg i dei største kommunane.

I skoleåret 1999-2000 var det 3 191 offentlege grunnskolar og 81 private grunnskolar med statleg tilskott i Noreg, ein reduksjon på 14 offentlege og ein auke på ni private frå skoleåret 1998-99.

Prosentdelen private skolar gjekk dermed opp frå 2,2 til 2,5, medan prosentdelen elevar ved desse skolane gjekk opp frå 1,5 til 1,6. Noreg har spreidd busetnad, med skolar av svært ulik storleik. Sidan skoleåret 1980-81 har endringar i skolestrukturen ført til at det er blitt færre små skolar, medan talet på mellomstore skolar har stige. Om lag 38 pst. av skolane i Noreg hadde i skoleåret 1999-2000 mindre enn 100 elevar, men elevane i desse skolane utgjorde berre 10 pst. av det samla elevtalet. 39 pst. av skolane var fådelt, men elevane ved desse skolane utgjorde berre 11 pst. av alle elevane. Det ser også ut til at det blir noko færre elevar som bur i små kommunar. Denne nedgangen har vore liten, men relativt stabil. Når det gjeld fordelinga av skolar og elevar etter skolestørleik, er det små endringar frå det føregåande skoleåret.

Frå skoleåret 1998-99 til 1999-2000 vart det i alt registrert 28 nedlagde og 23 oppretta skolar (både kommunale og private). Tilstandsrapportane frå statens utdanningskontor indikerer at 21 av dei 28 registrerte nedleggingane var reelle i den forstand at dei var resultat av endra skolestruktur i kommunane. Desse skolane var i hovudsak små, fådelt skolar. Nedlegging påverka i overkant av 500 elevar. Det vart ikkje registrert nedlagde ungdomsskolar.

Tilstandsrapportane viser at nedleggingane oftast har økonomiske årsaker, men at det også hender at foreldra ønskjer at barna skal gå på ein skole med fleire elevar for å få eit betre pedagogisk tilbod og ein større sosial omgangskrins. Utdanningskontora gjer også merksam på at nedlegging av skolar skaper særlege vanskar i kommunar med fråflytting og reduksjon i folketalet.


I nokre få tilfelle kan det sjå ut til at det er søkt danna privatskolar for å bevare nærskolen. I oppretting av ein privat skole kan òg føre til at talet på elevar i den offentlege skolen blir så lågt at det kan bli aktuelt å leggje ned den offentlege skolen. Departementet ser det som urovekkjande at skolar blir lagde ned hovudsaklig av økonomiske årsaker. Samtidig vil departementet peike på at

det er viktig at kommunane har handlefridom til å velje skolestruktur på bakgrunn av ønske om å bevare busetjing og omsyn til det pedagogiske og sosiale tilbodet til elevane. Det er også viktig å unngå for lang reiseveg, særleg for dei yngste barna. Det er uheldig dersom det blir utvikla eit mønster der nedlegging av offentlege skolar fører til oppretting av private skolar i staden.

I perioden 01.01.2000-31.08.2000 mottok departementet sju søknader om godkjenning av private grunnskolar med heimel i privatskulelova.

I grunnskolen vart det i skoleåret 1999-2000 registrert i alt 59 600 årsverk. Av desse gjekk 85 pst. til undervisning, 7 pst. til assistentar og 8 pst. til administrasjon. I skoleåret 1999-2000 var nær 6 pst. av lærarårsverka utførte av personar utan godkjend lærarutdanning. Assistentar og administrativt personale er då haldne utanfor. Bruken av assistentar har auka noko i dei seinare åra, noko som i hovudsak har samanheng med inntaket av seksåringane.

Undersøkinga til SSB om lærarkompetanse viser at den gjennomsnittlege alderen til lærarane stig, og at det er flest eldre lærarar på ungdomstrinnet. Samtidig viser undersøkinga at det er dei eldste lærarane på ungdomstrinnet som har den høgaste formelle kompetansen i dei faga dei underviser i. Søknaden til lærarutdanning har gått ned i dei siste åra. I St.meld. nr. 12 (1999-2000) skreiv departementet at samla kapasitet innanfor lærarutdanninga bør haldast på om lag same nivå som i dag. Meldinga varsla også ei omdisponering av kapasitet frå førskolelærarutdanning til anna lærarutdanning. På grunn av manglande søknad til førskolelærarutdanninga i 1999 fekk høgskolane høve til førebels å omdisponere til anna lærarutdanning. Opptaket til allmennlærarutdanninga vart derfor høgare enn måлтаlet. Det same var tilfellet for praktisk-pedagogisk utdanning. I 1999 starta også ei ny fireårig faglærarutdanning i praktiske og estetiske fag. Det samla opptaket til lærarutdanning var i 1999 litt i overkant av måлтаlet.



Figur 8.3 Aldersfordelinga av lærarane i grunnskolen. 1980, 1990 og 1999

Kjelde: SSB/STS

Undersøkinga til SSB viser at det blir færre mannlege lærarar i grunnskolen. Om lag tre av

fire lærarar på barnetrinnet er kvinner, og i heile grunnskolen er om lag to av tre lærarar kvinner.

Klassestorleik og ressursbruk i kommunane i 1998¹

Elevar i kommunen	Kommunar	Elevar	Elevar per klasse	Driftsutgifter per elev	Driftsutgifter per klasse
Samla	435	559 901	19,9	46 600	927 600
Under 300	111	20 467	13,9	64 100	891 900
300-699	135	62 255	16,8	54 000	908 600
700-2 399	137	171 736	19,4	45 900	892 100
2 400-9 999	47	188 240	21,1	43 500	919 400
Over 9 999	5	117 203	22,6	45 500	1 025 600


¹Tabellen omfattar berre elevar og klassar frå kommunale skolar.

Kjelde: SSB/GSI

Tabellen viser at den gjennomsnittlege klassestorleiken i kommunane stig med elevtalet i kommunen, og at driftsutgiftene per elev, ikkje overraskande, er størst i dei minste kommunane, som har mindre klassar. Driftsutgiftene per klasse er høgast i dei fem største kommunane, men elles er det små skilnader som følgje av kommunestorleiken. Dei gjennomsnittlege driftsutgiftene per elev, målt i 1998-kroner, steig med 2,2 pst., og driftsut-

giftene per klasse steig med 3,4 pst. på dei fem åra frå 1994 til 1998. Kommunerekneskapane viser at lønnsutgiftene som del av dei samla driftsutgiftene framleis ligg stabilt på mellom 82 og 83 pst.

Det er store skilnader mellom kommunane når det gjeld ressursituasjonen, noko som går fram av tilstandsrapportane frå statens utdanningskontor. Ein indikator som viser variasjonar i den kommunale ressursinnsatsen til grunnskolen over tid, er bruken av ekstratimar.



Figur 8.4 Delingstimar og timar til spesialundervisning som prosent av minstetimetallet, etter kommunegruppe 1997-99

Årstimar til ulik undervisning som prosent av minstetimetallet¹

	1997/98	1998/99	1999/2000
Minstetimetallet	100,0	100,0	100,0
Spesialundervisning	21,8	22,2	22,0
Delingstimar	26,7	26,5	24,9
Anna ²	27,9	31,0	30,4
Årstimar i alt	176,4	179,7	177,2

¹Minstetimetallet er det undervisningstimetallet ein elev etter læreplanen har rett til.

²Kategorien «anna» omfattar mellom anna timar til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for elevar med anna morsmål enn norsk og samisk, timar til finsk, samisk og avtalebaserte årstimar.

Kjelde: SSB/GSI

Tabellen ovanfor viser at talet på årstimar har gått noko ned frå 1998-99 til 1999-2000. Her er det til dels store forskjellar mellom kommunane, men det har for alle kommunegruppene (kommunane inndelte etter elevtal) vore nedgang i bruken av delingstimar og timar til spesialundervisning, jf. figuren nedanfor. Dette kan vere ein indikasjon på at den kommunale ressursinnsatsen i grunnskolen er redusert.

Spesialundervisning og delingstimar kan delvis sjåast som alternative måtar å drive tilpassa opplæring på. Ressursar til spesialundervisning og delingstimar utgjer samla eit tillegg på 46,9 pst. av grunnressursen (minstetimetallet) i skoleåret 1999-2000, ein svak nedgang frå dei to føregåande skoleåra. Nedgangen kjem hovudsakleg av nedgang i delingstimetallet, ikkje av nedgang i timetallet til spesialundervisning. Dette varierer likevel sterkt mellom kommunane og mellom skolar i same kommune. Mange stader arbeider ein aktivt med å dreie tildelinga av ekstra ressursar mot

delingstimar, slik at spesialundervisning etter enkeltvedtak først blir nytta når elevane har særlege og omfattande hjelpebehov. Dette gjer at det blir lagt større vekt på tilpassa opplæring gjennom differensiering innanfor den vanleg organiserte undervisninga, noko som reduserer arbeidskrevjande prosedyrar og byråkrati. Dette er i tråd med tilrådingane frå departementet og målet om ein inkluderande skole.

Om lag 34 300 grunnskoleelevar fekk i skoleåret 1999-2000 spesialundervisning etter enkeltvedtak. Den delen av elevane som får spesialundervisning, har lege stabilt på rundt 6 pst. i dei seinare åra. Talet på dei som får spesialundervisning fordeler seg skeivt mellom gutar og jenter, med om lag 70 pst. gutar og 30 pst. jenter. Dette mønsteret har lenge vore nokså stabilt. På oppdrag frå departementet har Noregs forskingsråd utarbeidd ein kunnskapsstatus om kjønnskilnader i spesialundervisninga, som stadfestar dette mønsteret ut frå ein gjennomgang av ulike for-

skingsprosjekt. Forskarane har ulike syn på årsakene. Ei vurdering er at «bråkete» gutar blir skilde ut til spesialundervisning for å dempe uro i klassen. Eit anna syn er at «snille» jenter i mindre grad får merksemd frå lærarane og blir sitjande passive med problema sine. Det er viktig at skolen arbeider medvite med denne problematikken framover, slik at ein unngår både stigmatisering og usynleggjering av elevane.

Kommunal og fylkeskommunal PP-teneste i Sør- og Midt-Noreg er styrkt med 240 fagårsverk ved øremerkte statstilskott frå 1. august 1999, jf. Innst. S. nr. 228 (1997-98) til St.meld. nr. 23 (1997-98) Om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Tilstandsrapportane frå utdanningskontora viser med enkelte unntak god rekruttering, jf. kap. 243. Nye 36 fagårsverk er med statleg finansiering lyste ut i Nord-Noreg frå 1. august 2000.

Departementet har i Ot.prp. nr. 44 (1999-2000) følgt opp vedtaket om å fremje sak om lovfesta rett til opplæring i punktskrift, jf. kap. 243 og kategori 07.30.

Departementet har støtta utviklinga av nettbasert opplæring i nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. Målet med arbeidet er å utvikle ei fagleg likeverdig, nettbasert opplæring for samiske elevar uavhengig av kvar i landet dei bur, jf. også kap. 249.

Nettbaserte læremiddel i finsk som andrespråk er under utarbeiding for elevar på barnetrinnet.

I skoleåret 1999-2000 var det 39 600 elevar frå språklege minoritetar i grunnskolen, ein auke på 3 700 elevar (vel 10 pst.) frå skoleåret 1998-99. Denne elevgruppa representerer over 130 ulike språkgrupper, og utgjer nær 7 pst. av det samla elevtalet i grunnskolen. Om lag 71 pst. av desse elevane fekk særskild norskopplæring, og 43 pst. fekk morsmålsopplæring i skoleåret 1999-2000.

Strategiar og tiltak

Departementet vil framleis følgje utviklinga i ressursbruken i grunnskolen nøye. Gjennom dialog og tilsyn med kommunane vil utdanningskontora vurdere samanhengen mellom ressursituasjonen i enkelte kommunar og kvaliteten i opplæringstilbodet.

Departementet vil gi støtte til prosjektkostnader ved utprøving av alternativ bruk av timeressursar i skolen, jf. Innst. S. nr. 120 (1999-2000) til St.meld. nr. 12 (1999-2000) ...og yrke skal båten bera... Handlingsplan for rekruttering til læreryrket. Gjennom forsøka ønskjer departementet å

prøve ut ulike modellar for bruk av ressursar ved skolane, slik at ressursane i større grad blir knytte til elevtalet på kvart årstrinn enn til kvar enkelt klasse. Formålet er å stimulere til større fleksibilitet i organiseringa av opplæringa og å jamne ut forskjellar i lærartettleik mellom små og store klassar. Forsøka vil bli evaluerte undervegs. Ein tek sikte på forsøk over to år. På grunnlag av evalueringar og erfaringar frå forsøka vil departementet vurdere vidare oppfølging.

Den nye arbeidstidsavtalen for lærarar, som gjeld frå og med skoleåret 2000-01, skal medverke til meir fleksibel organisering av skoleåret og skoledagen. Dette skal mellom anna gi rom for meir lokalt utviklingsarbeid, gi meir plass for kreativiteten til den einskilte lærar og gi betre ressursutnytting. Erfaringar frå forsøks- og utviklingsarbeid vil vere viktige føresetnader for dette arbeidet.

I arbeidet med kvalitetsutvikling i skolen vil departementet også stimulere til vidare utviklingsarbeid med organisering av tilpassa opplæring og ressurstildeling til delingstimar og spesialundervisning. Målet er meir fleksibel bruk av ressursane innanfor den vanleg organiserte undervisninga. Det vil også vere eit mål å vri arbeidsprofilen til PP-tenesta mot meir systemretta tiltak, jf. St.meld. nr. 23 (1997-98). Dette er viktige tema i Samtak og i den rådgivinga til kommunar og fylkeskommunar som statens utdanningskontor har ansvar for.

Departementet vil stille til rådvelde øremerkte midlar til dei siste 20 fagårsverka i PP-tenesta i Sør- og Midt-Noreg frå 1. august 2001, jf. kap. 243. Det er sett i gang ei forskingsbasert evaluering av styrkinga av PP-tenesta og Samtak-programmet, med avslutning i 2003, jf. kap. 243. Eit fagleg spesialpedagogisk tyngdepunkt for samiske brukarar skal byggjast opp fram til budsjettåret 2003, med til saman tre årsverk. Dette tiltaket skal administrerast av Styret for det spesialpedagogiske støtte-systemet over kap. 243.

Departementet vil leggje til rette for at kommunar og skolar som har utvikla gode ordningar for å følgje opp nyutdanna lærarar (fadderordningar), kan medverke til utviklingsarbeid og å formidle erfaringar.

Departementet vil leggje om tilskottsordninga for språklege minoritetar i grunnskolen frå skoleåret 2001-02. Det er eit mål at den nye tilskottsordninga vil gi ei meir rettferdig fordeling av midlane mellom kommunane. Den nye ordninga vil vere meir rammeprega og enklare å handtere både for kommunane og for departementet.

Arbeidet med å utvikle nettbaserte læremiddel i finsk som andrespråk vil bli ført vidare og utvida til å omfatte elevar på ungdomstrinnet.

Departementet vil også føre vidare arbeidet med å utvikle nettbasert opplæring i samisk.

Elevane skal ha eit godt og stimulerande lærings- og oppvekstmiljø, og det skal vere godt samarbeid mellom heim og skole

Tilstandsvurdering

Skolen er ein sentral del av oppvekstmiljøet for barn og unge. Det er i det daglege samværet på skolen og i klassen ein legg til rette for gode og trygge forhold. Samtidig skal oppvekst- og læringsmiljøet gi stimulans til læring og utvikling for den enkelte eleven. Som ledd i arbeidet med å utvikle gode lærings- og oppvekstforhold er kommunane og skolane oppmoda om å utarbeide lokale handlingsplanar for å førebyggje problemåtferd (mellom anna mobbing) i skolen. Det går fram av tilstandsrapportane frå utdanningskontora at mange kommunar og skolar no har utarbeidd slike planar, ofte som delar av meir heilskaplege planar.

Departementet har samarbeidd med andre departement og etatar om ulike tiltak for å styrkje læringsmiljøet og fremje trivselen i skolen, mellom anna Utviklingsprogram for styrking av oppvekstmiljøet og Program for skolemekling. Tilstandsrapportane viser at mange kommunar nyttar seg av tilbod om opplæring i skolemekling, men at det førebels er stor variasjon i kor langt arbeidet har komme. Program for skolemekling i grunnskolen vil derfor bli utvida med eitt år, fram til september 2001. Prosjektleiinga er overført frå Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus til Læringssenteret. Departementet vil vente med vurderinga til prosjektet er avslutta.

Som oppfølging av St.meld. nr. 17 (1999-2000) Handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet sette Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Barne- og familiedepartementet ned ei faggruppe. Denne gruppa vurderte ulike program og tiltak som har som formål å redusere problemåtferd og utvikle sosial kompetanse. Av 25 vurderte program tilrår gruppa at ni, heilt eller delvis, kan vere til nytte i skolen. Programma kan vere gode hjelpemiddel når dei blir knytte til det daglege arbeidet i skolen. Gruppa legg fram tilrådingar for det vidare arbeidet med statlege strategiar på området.

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. pålegg skoleeigarane å sikre eit fysisk og psykososialt godt arbeidsmiljø for elev-

ane. Ei evaluering av forskrifta viser at dei fleste kommunane har komme langt på veg i arbeidet, men at mange enno ikkje oppfyller krava i forskrifta fullt ut.

Hausten 1999 blei det oppretta eit samarbeidsorgan for arbeidsmiljø i skolen med representantar frå KS, lærarorganisasjonane og departementet. Samarbeidsorganet har dette første året sett fokus på og drøfta ulike problemstillingar som er knytte til arbeidsmiljøet i skolen, med særleg vekt på det psykososiale arbeidsmiljøet. Det blir også arbeidd med ei rettleiing og eit såkalla «dialogspel» med sikte på å styrkje det lokale arbeidsmiljøet og dei lokale aktørane. Det er også teke initiativ overfor SSB for å koble spørsmålsstillingar om arbeidsmiljøet til den levekårsundersøkinga SSB skal gjennomføre.

Arbeidet med å styrkje samarbeidet mellom heim og skole blir ført vidare. I samarbeid mellom departementet og Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) blir det gjennomført eit treårig utviklingsprosjekt i åtte kommunar, som skal medverke til større foreldremedverknad, jf. St.meld. nr. 14 (1997-98) Om foreldremedverknad i grunnskolen. Det er blitt halde informasjons- og kursamlingar for foreldre. Kompetanseheving av prosjektgruppene blir gjennomført på fylkesnivå. Det er gjennomført ei kartleggingsundersøking som gir godt grunnlag for vidare justering og satsing. Prosjektet blir forskingsmessig evaluert undervegs.

Hausten 1999 var det registrert om lag 116 000 barn i skolefritidsordninga. Reduksjonen i løyvinga for 1999 førte til at foreldrebetalinga steig noko frå 1998 til 1999. Under stortingshandsaminga av budsjettet for 2000 vart ramma for stats-tilskott til drift av skolefritidsordninga utvida med 100 mill. kroner. Heile auken gjekk til å heve stats-tilskottet per plass. Om lag 60 pst. av barna i skolefritidsordningane er seksåringar. Under handsaminga av Innst. S. nr. 252 (1999-2000) Om kommuneøkonomien 2001 m.v. vedtok Stortinget at statstilskottet til drift av skolefritidsordningar skal leggjast inn i inntektssystemet frå skoleåret 2001-02, jf. kap. 221 post 63.

429 av 435 kommunar og Svalbard hadde i skoleåret 1999-2000 etablert musikk- og kulturskoletilbod, aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Drygt 70 000 barn i grunnskolealder (12,4 pst.) tok del i dette tilbodet, i tillegg til 6 000 førskolebarn og nær 6 500 barn over grunnskolealder. Over 17 000 av desse barna fekk tilbod i dans, drama, bilete og andre kulturaktivitetar.

I samarbeid med mellom andre Trygg Trafikk, Vegdirektoratet, Justisdepartementet og

Samferdselsdepartementet har departementet teke del i arbeidet med å utvikle tiltak i samband med trafikkopplæring og trafikktryggleik på skolevegen. Tiltaka har særleg vore konsentrerte om skolestart og ulike informasjonstiltak der trafikantane blir bedne om å senke farten på vegane rundt skolane. Tiltaka har sett tryggleiken på skolevegen for dei yngste elevane i fokus.

Strategiar og tiltak

Eit godt lærings- og oppvekstmiljø oppnår ein først og fremst gjennom det daglege arbeidet på kvar enkelt skole. Departementet vil leggje til rette for å støtte skolane i dette arbeidet. Faggruppa som Barne- og familiedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet nedsette, vurderte ulike program som skal redusere problemåtferd i skolen og utvikle sosial kompetanse. Oppfølginga av rapporten til faggruppa vil rette merksemda mot det ansvaret skolen har for å førebyggje og motverke problemåtferd og å utvikle sosial kompetanse hos elevane. Departementet vil leggje til rette for å styrkje kompetansen til lærarane på området (jf. delmål I). Departementet har også sendt rapporten frå faggruppa til kommunane, slik at skolane blir informerte om vurderingane.

Regjeringa foreslår å løyve 15 mill. kroner til oppfølging av handlingsplanen mot barne og ungdomskriminalitet (St.meld. nr. 17 (1999-2000)) over budsjetta til Barne- og familiedepartementet, Justisdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Departementet vil samarbeide med dei andre departementa om det vidare arbeidet. For å oppnå best mogleg effekt foreslår Regjeringa koordinert bruk av løyvingane. Innsatsen skal ta vare på breidda i handlingsplanen og rette seg mot heile spekteret av målgrupper, frå relativt små barn som viser teikn på problemåtferd, og til ungdommar som gjer seg skuldig i brotsverk, jf. omtale under kap. 854 i budsjettproposisjonen til Barne- og familiedepartementet. Område det vil bli satsa særskilt på, er tverretatleg samarbeid, foreldretrening (PMT), program mot mobbing, barn og ungdom med alvorlege åtferdsproblem (MST), prosjekt mot gjengkriminalitet, barn og ungdom med krigsopplevingar, kontraktar for unge lovbrutarar og forskning og kompetanseutvikling. Departementet vil leggje vekt på å utvikle breie, tverrfaglege og praksisnære tiltak.

Departementet vil i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet fremje arbeidet med å oppfylle krava i forskrifta om miljøretta helsevern i

barnehagar og skolar gjennom samfinansiering av produksjon og spreing av HMS-materiell («helse, miljø og sikkerhet») til bruk for elevane i skolane. Materiellet er evaluert og tilrådd.

For å følgje opp St.meld. nr. 12 (1999-2000)...og yrke skal båten bera... Handlingsplan for rekruttering til læraryrket vil departementet be statens utdanningskontor hente inn informasjon om utviklinga når det gjeld arbeidsmiljøet til lærarane. Departementet vil i samarbeid med SSB, KS og lærarorganisasjonane arbeide med analyse av arbeidsmarknadsundersøkinga, som blir gjennomført hausten 2000. Departementet vil også medverke til å spreie informasjon om undersøkinga.

I dei seinaste åra er det blitt stadig meir problematisk å få kvalifiserte søkjarar til skoleleiarstillingar. Departementet er ikkje tilfreds med rekrutteringa, og det vil derfor bli etablert ei arbeidsgruppe som skal sjå nærmare på arbeidstilhøva for skoleleiarane. For å fremje gode lærings- og arbeidsmiljø i skolen vil det bli oppretta ei rettleiingsteneste som kan gi skoleeigarane rettleiing om korleis ein skal få tenlege og framtidretta skoleanlegg.

Samarbeidet mellom heim og skole må sjåast i samheng med kvalitetsutviklinga i skolen og utviklinga av oppvekst- og læringsmiljøet for barna. I samarbeid med FUG vil det bli utarbeidd ein brosjyre om rettane til elevane og foreldra. Hausten 2000 er det sett i gang eit prosjekt for å styrkje temaet samarbeidet mellom heim og skole innanfor allmennlærerutdanninga. Det blir utarbeidd informasjons- og undervisningsopplegg, og målgruppa er studentane ved lærarhøgskolane.

Departementet hentar inn informasjon om skolefritidsordninga gjennom GSI og tilstandsrapportane. Som grunnlag for vidareutvikling av skolefritidsordninga set departementet i gang ei undersøking av organiseringa av og innhaldet i skolefritidsordningane. I samband med at tilskottet blir lagt inn i rammetilskottet til kommunane frå hausten 2001, vil departementet leggje fram ein odelstingsproposisjon med forslag til endringar i opplæringslova når det gjeld finansieringa av skolefritidsordninga. Det skal framleis vere reglar for foreldrebetalinga i dei kommunale skolefritidsordningane.

På bakgrunn av merknader frå Stortinget i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000) har departementet sett ned eit representativt utval (Lunde-utvalet) som har gått gjennom fire øremerkte tilskottsordningar. Blant desse er tilskottet til kommunale musikk- og kulturskolar, tilskottet til leirskoleopplæring og tilskottet til opplæring for språklege

minoritetar i grunnskolen. På bakgrunn av tilrådingar frå utvalet foreslår departementet å innlemme det øremerkte tilskottet til leirskoleopplæring i rammetilskottet til kommunane, jf. omtale under kap. 221 post 66. Innlemming vil gi kommunane større handlefridom når det gjeld innhaldet i og organiseringa av tilbodet til elevane.

Departementet vil føre vidare samarbeidet med Trygg Trafikk, Vegdirektoratet, Justisdepartementet og Samferdselsdepartementet om arbeidet med trafikkopplæring og trafikktryggleik på skolevegen. Tryggleiken for dei yngste elevane vil framleis stå sentralt.

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på postgrupper:

		(i 1 000 kr)			
Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	223 089	336 352	375 206	11,6
60-69	Overføring til kommunesektoren	1 714 562	1 770 463	1 863 831	5,3
70-89	Overføring til private	10 150	10 489	11 113	5,9
Sum kategori 07.20		1 947 801	2 117 304	2 250 150	6,3

Kap. 0221 Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 3221)

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	6 709	6 747	9 882
60	Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, <i>kan overførast</i>	15 633	18 758	19 058
61	Tilskott til institusjonar	32 741	32 734	32 734
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	3 400	3 682	3 682
63	Tilskott til skolefritidsordningar, <i>kan overførast</i>	324 078	399 089	398 619
64	Tilskott til undervisning i finsk	5 665	5 849	6 699
65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen	651 109	599 635	717 554
66	Tilskott til leirskoleopplæring	23 722	20 700	
67	Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, <i>overslagsløyving</i>	84 228	83 500	83 500
68	Det samiske utdanningsområdet, <i>kan overførast</i>	27 754	25 133	27 133
70	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	6 700	6 888	7 095
Sum kap. 0221		1 181 739	1 202 715	1 305 956

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Post 01 er auka med 3 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på post 68. Bakgrunnen for dette er at midlar til omstillingstiltaka i indre Finnmark som tidlegare har vore dekte over post 68, ikkje er spesielt knytte til opplæring i og på samisk, men gjeld opplæringstiltak i regionen.

Kapitlet omfattar tilskott til

- verkemiddeltiltak i Nord-Noreg

- grunnskoleopplæring i landsdekkjande institusjonar
- Fjellheimen leirskole
- skolefritidsordningar
- undervisning i finsk som andrespråk
- opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen
- kommunale musikk- og kulturskolar
- det samiske utdanningsområdet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal medverke til å utvikle grunnskolen i utsette område i Nord-Noreg, og er ein del av verkemiddelordninga, jf. post 60. Løyvinga har i 1999 gått til 67 ulike tiltak i Nordland, Troms og Finnmark.

Post 60 Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, kan overførast

Verkemiddelskolar er statlege og kommunale grunnskolar i Nordland, Troms og Finnmark der lærarårsverk utførte av lærarar utan godkjend utdanning i gjennomsnitt for dei fire føregåande skoleåra har utgjort 20 pst. eller meir av alle lærarårsverka. Den noverande verkemiddelordninga gjeld frå 1. august 1998 til 31. juli 2003.

Målet er å medverke til godt opplæringstilbod for elevane i Nord-Noreg ved at så mange skolar som mogleg har lærarar med godkjend utdanning, og ved at skolen i utsette område blir styrkt.

Talet på lærarar utan godkjend utdanning har gått meir ned i Nord-Noreg enn gjennomsnittleg for landet. Finnmark er framleis det fylket som har den største delen lærarar utan godkjend utdanning, medan det er fire andre fylke som har fleire lærarar utan godkjend utdanning enn Troms og Nordland. Av dei 76 skolane som var verkemiddelskolar i 1999-2000, har 55 fått fleire lærarar med godkjend utdanning dette skoleåret, medan 21 skolar framleis har så stor del lærarar utan godkjend utdanning at dei blir verkemiddelskolar også i skoleåret 2000-01. I tillegg har det komme 60 nye verkemiddelskolar i skoleåret 2000-01.

Forslaget for 2001 er grunna på tal for skoleåret 1999-2000 frå GSI over kor stor del av lærarane ved dei enkelte skolane som manglar godkjend utdanning. Dette avgjer kor mange verkemiddelskolar det vil bli i 2000-01.

Post 61 Tilskott til institusjonar

Målet er at elevar i institusjonar med heile landet som inntaksområde får grunnskoleopplæring utan at dette fører til arbeidskrevjande oppgjer for gjesteelevane.

I skoleåret 1999-2000 vart det gitt tilskott til opplæring ved åtte institusjonar fordelte på fem fylke. Omfanget av opplæringa ved desse institusjonane har lege på om lag same nivå som i skoleåret 1998-99.

For 2001 vil ordninga bli ført vidare på same nivå som for 2000.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Målet med ordninga er å gi barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar eit leirskoleopphald gjennom å gi tilskott til drifta av Fjellheimen leirskole. Leirskolen finansierer drifta ved statstilskott, eigenbetaling frå deltakarane og eit bidrag frå Engerdal kommune.

Talet på deltakarar ved leirskolen har vore relativt stabilt. I 1999 var det 958 deltakarar.

Budsjettforslaget for 2001 er basert på uendra aktivitetsnivå og omfattar grunntilskott og tilskott per deltakar. Tilskottet per deltakar er foreslått til kr 1 250, som er det same som i 2000.

Post 63 Tilskott til skolefritidsordningar, kan overførast

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn kan få eit tilbod om omsorg og aktivitet før og etter skoletid i alle kommunar.

Hausten 1999 var det registrert om lag 116 000 barn i skolefritidsordninga Budsjettforslaget gir rom for 111 200 barn i skolefritidsordninga våren 2001 og 115 900 barn hausten 2001.

Stortinget har vedteke å innlemme denne øremerkte tilskottsordninga i rammetilskottet til kommunane frå hausten 2001, jf. forslag til vedtak II i Innst. S. nr. 252 (1999-2000) til St.prp. nr. 62 (1999-2000) Om kommuneøkonomien 2001 m.v. Finansieringa av skolefritidsordninga er i dag basert på ei tredeling mellom stat, kommune og brukarar. Innlemminga av tilskottet inneber såleis at § 13-7 i opplæringslova med forskrift må endrast. Regjeringa vil derfor leggje fram ein eigen odelstingsproposisjon om denne lovendinga tidleg på nyåret 2001. Det skal framleis vere reglar for foreldrebetalinga i dei kommunale skolefritidsordningane.

Departementet vil på bakgrunn av dette komme attende i revidert nasjonalbudsjett for 2001 med dei konkrete beløpa som skal overførast frå denne posten til rammetilskottet.

20 kommunar er med i eit forsøk med rammefinansiering av øremerkte tilskott. Dette er eit av dei tilskotta som er omfatta av forsøket, så det blir løyvt midlar til denne ordninga over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett, jf. omtale under kap. 571 post 68.

Post 64 Tilskott til undervisning i finsk

Elevar i Nord-Troms og Finnmark med kvensk-finsk bakgrunn har etter opplæringslova rett til opplæring i finsk. Opplæringa blir gitt i samsvar

med læreplanverket for den tiårige grunnskolen. Staten gir kommunane tilskott til denne opplæringa og til vidareutdanning for lærarar i finsk.

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at kommunar i Troms og Finnmark gir elevar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk, og å medverke til å styrkje kompetansen til lærarane i finsk. Statens utdanningskontor i Troms vil føre vidare utviklingsarbeidet med finsk i skolen.

I skoleåret 1999-2000 fekk 864 elevar opplæring i finsk. Omfanget av opplæringa er i skoleåret 2000-01 på om lag same nivå som for skoleåret 1999-2000.

Budsjettforslaget for 2001 dekkjer tilskott for skoleåret 2000-01. Det er lagt til grunn ein sats på 239 kroner per undervisningstime. Tilskottspos-ten omfattar i tillegg økonomisk støtte til vidareutdanning i finsk. I 2001 er det behov for å gi tilsegn om utbetaling av tilskott for skoleåret 2001-02, sjå forslag til vedtak III nr. 3 og nr. 4.

Post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen

Ordninga omfattar tilskott til fire tiltak:

- særskild norskopplæring
- morsmålsopplæring
- opplæring for barn i asylmottak
- opplæring for barn som er omfatta av integreringstilskottet på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet

Målet med tilskotta til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for elevar med anna morsmål enn norsk og samisk er å medverke til at desse elevane får opplæring i samsvar med sine evner og føresetnader.

Målet med tilskottet til opplæring for barn i asylmottak er å medverke til at grunnskoleelevar som er busette der, kan få starte på skolen så snart som mogleg etter at dei er komne til landet.

Målet med tilskottet til opplæring for barn som er omfatta av integreringstilskottet, er å dekkje eigendelen til kommunane i samband med særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for desse elevane.

I skoleåret 1999-2000 fekk 4,9 pst. av grunnskoleelevane (28 200) særskild norskopplæring og 3,0 pst. (17 300) morsmålsopplæring.

Budsjettforslaget for 2001 dekkjer tilskott for skoleåret 2000-01. Tilskottet er berekna på grunnlag av førehandstilsegner frå statens utdanningskontor. Tilskotta til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for skoleåret 2000-01 er

226,60 kroner per time. Tilskottet for skoleåret 2000-01 til opplæring for barn i asylmottak er 50 225 kroner per barn per år. Tilskottet omfattar all grunnskoleopplæring til desse elevane, også særskild norskopplæring og morsmålsopplæring. Integreringstilskottet dekkjer utbetaling for våren og hausten 2001 og er 7 925 kroner per barn per år. Satsane for tilskottet er justerte for prisstiging frå 2000 til 2001. I 2001 er det nødvendig å gi tilsegn om utbetaling av tilskott for skoleåret 2001-02, sjå forslag til vedtak III nr. 5.

Med bakgrunn i Stortinget sitt vedtak i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000) og Innst. S. nr. 57 (1999-2000) sette departementet ned eit utval som skulle gjennomgå fire øyremerkte tilskottsordningar (Lunde-utvalet). Dette utvalet tilrår å halde fram med ei øymerkt tilskottsordning, men at ein bør vurdere enkelte endringar i tilskottsordninga.

Det er foreslått å endre tilskottsordninga til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring frå skoleåret 2001-02, og departementet vil sjå nærmare på utvalet sine forslag til endringar. Dette vil ikkje ha konsekvensar for budsjettåret 2001, sidan tilskottet blir utbetalt etterskottsvis. Det er eit mål at den nye tilskottsordninga vil gi ei meir rettferdig fordeling av midlane mellom kommunane. Den nye ordninga vil vere meir rammeprega og enklare å handtere for kommunane og departementet.

20 kommunar er med i eit forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskott. Dette er eit av dei tilskotta som er omfatta av forsøket, så det blir løyvt midlar til denne ordninga over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett, jf. omtale under kap. 571 post 68.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Målet med tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å gi alle elevar eit leirskoleopphald i løpet av skoletida.

I 1999 vart det utbetalt tilskott for 2 532 klassar. Tal frå GSI viser at i alt 2 917 klassar og 55 602 elevar hadde planlagt å reise på leirskole i skoleåret 1999-2000. Dette utgjer om lag 10 pst. av alle klassane og om lag 10 pst. av alle elevane i grunnskolen.

Utvalet som blei sett ned på bakgrunn av vedtak i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000) og Innst. S. nr. 57 (1999-2000), (Lunde-utvalet), har også sett på tilskottet til leirskoleopplæring. Fleirtalet i utvalet har tilrådd at tilskottet blir lagt inn i rammetilskottet til kommunane. Departementet har valt å følgje denne tilrådinga og foreslår at tilskottet blir lagt inn i rammetilskottet med verknad frå

1. januar 2001. Midlane på posten blir derfor overførte til kap. 571 post 60.

20 kommunar er med i eit forsøk med rammefinansiering av øremerkte tilskott. Dette er eit av dei tilskotta som er omfatta av forsøket. På grunn av forslaget om innlemming blir denne tilskottsordninga teken ut av forsøket i 2001.

Post 67 Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, *overslagsløyving*

Målet med tilskottet er å stimulere kommunane til å auke talet på elevar som får tilbod i kommunale musikk- og kulturskolar.

Tilskottet blir utbetalt til kommunar som gir eit kommunalt musikk- og kulturskoletilbod. I tillegg til musikk kan tilbodet også omfatte opplæring i dans, drama og bilete. Det blir også gitt tilskott til musikk- og kulturskoletilbodet på Svalbard.

429 av 435 kommunar og Svalbard hadde i skoleåret 1999-2000 etablert musikk- og kulturskoletilbod, aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Drygt 70 000 barn i grunnskolealder (12,4 pst.) tok del i dette tilbodet, i tillegg til 6 000 førskolebarn og nær 6 500 barn over grunnskolealder. Over 17 000 av desse barna fekk tilbod i dans, drama, bilete og/eller andre kulturaktivitetar. Departementet vil følgje opp dei seks kommunane som framleis ikkje har musikk- og kulturskoletilbod.

Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar har også blitt gjennomgått av Lunde-utvalet, jf. omtale under post 65 og 66. Fleirtalet i utvalet tilrådde å innlemme tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar i rammetilskottet til kommunane. Departementet vil imidlertid ikkje foreslå innlemming nå.

Tilskottet blir utbetalt etterskottsvis, dvs. at løyvingsforslaget for 2001 dekkjer tilskott for hausten 2000 og våren 2001. Statstilskottet er kr 69,30 per undervisningstime.

20 kommunar er med i eit forsøk med rammefinansiering av øremerkte tilskott. Dette er eit av dei tilskotta som er omfatta av forsøket, så det blir løyvt midlar til denne ordninga over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett, jf. omtale under kap. 571 post 68.

Post 68 Det samiske utdanningsområdet, *kan overførast*

Målet med tilskottsordninga er å styrkje den økonomiske evna i kommunane til å gi opplæring i og på samisk, i samsvar med dei rettane som går fram av § 6-2 i opplæringslova. Tilskottet går også til å styrkje kompetansen til lærarane i samisk språk og kultur.

Omfanget av opplæringa i og på samisk har auka noko det siste skoleåret. Talet på elevar som har samisk som førstespråk, steig også noko frå skoleåret 1998-99 til 1999-2000. Talet på lærarar som har fått permisjon med lønn for å ta vidareutdanning i samisk, har minka noko. Departementet har endra retningslinjene for tilskottet slik at bindingstida for lærarar som søker permisjon, er redusert frå fem til to år.

Framlegget for 2001 gir rom for ei ytterlegare utviding av omfanget av opplæring i og på samisk, basert på dei same tilskottssatsane som i budsjettet for 2000. Det er framleis mangel på lærarar med kompetanse i samisk, og framlegget gir derfor rom for fleire studiepermisjonar enn i 1999. Ein vil sjå på tiltak som kan få fleire lærarar til å ta vidareutdanning i samisk.

Post 70 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane

Målet med tilskottet er å medverke til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av gode modellar for innhald, organisering og samarbeid med grunnskolane og det lokale kulturlivet. Samarbeidet med grunnskolane må medverke til å støtte opp under intensjonar og mål i L97 og L97 Samisk.

I 1999 vart det gitt tilskott til prosjekt som var gjennomførte i regi av Norsk musikk- og kulturskoleråd (NMOK). Midlane er mellom anna nytta til vidareføring av utviklingsprogrammet Positivt skolemiljø, til utvikling av nye musikk- og kulturskolar og til enkeltprosjekt etter søknad. I tillegg er det gitt tilskott til Norsk musikkskoleorkester.

Budsjettforslaget for 2001 er ei vidareføring av det beløpet som blei brukt i 2000 til å gjennomføre utviklingsprosjekt i regi av NMOK og andre som medverkar til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane. I dette ligg det også midlar til Norsk musikkskoleorkester.

Kap. 3221 Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 221)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	5 900	5 914	24 395
	Sum kap. 3221	5 900	5 914	24 395

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til OECDs statistikkdirektiv definerast som offentlig utviklingshjelp. Ein legg til grunn at 24,4

mill. kroner på kap. 221 post 65 blir innrapporterte som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp blir foreslått løyvd på 3221 post 04.

Kap. 0222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	48 889	47 392	48 979
	Sum kap. 0222	48 889	47 392	48 979

I høve til 2000 er det gjort denne tekniske endringa:

- Kap. 222 post 01 er redusert med kr 60 000 i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Løyvinga under dette kapitlet skal dekkje utgiftene til

- økonomisk tilskott til Kautokeino og Karasjok kommunar ved overtaking av dei tidlegare grunnskoleinternata
- ventelønn for personale ved avvikla statsinternat

Elevtal ved grunnskolar for samiske elevar

	1997-98	1998-99	1999-2000
Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal	13	15	15
Sameskolen i Målselv	25	25	25
Sameskolen i Snåsa	29	29	29

Ressursinnsats (kostnad per elev i 1 000 kroner)

	Elevar per årsverk		Kostnad per elev ¹		
	1997-98	1998-99	1997	1998	1999
Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal	1,1	1,1	355	358	350
Sameskolen i Målselv	2,6	2,2	221	235	264
Sameskolen i Snåsa	4,9	5,2	239	285	315

¹Skolane har også internat. Internatutgiftene er inkluderte i beløpa.

- drift av skolen og internatet ved Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
- drift av Longyearbyen skole, Svalbard
- kjøp av undervisnings- og internattenester frå Snåsa og Målselv kommunar

Resultatrapport for 1999-2000*Statens grunnskoleinternat i Finnmark*

Etter forhandlingar med kommunane Kautokeino og Karasjok om overføring av grunnskoleinternata er internata overførte til kommunane - internatet i Kautokeino frå hausten 1998 og internatet i Karasjok frå hausten 1999.

Longyearbyen skole, Svalbard

I skoleåret 1999-2000 hadde skolen 175 elevar, i det føregående året 182. Tala inkluderer elevar i vidaregåande opplæring. Talet på elevar per årsverk ved skolen i 1997-98 og 1998-99 var 6,6 og 5,4. Kostnadene per elev i perioden 1997 til 1999 har stige frå om lag 64 000 til om lag kr 85 000; dette har samanheng med mellom anna større utgifter til spesialpedagogiske tiltak. Skolen tok frå 1. januar 1999 over den lokale kulturskolen.

Resultatmål for 2001

Dei sørsamiske grunnskolane med internat samlar elevar frå område med spreidd sørsamisk folkesetnad.

Målsetjinga med tilskottet er å gi desse elevane opplæringstilhøve som kan vere med og styrkje samisk språk og identitet. Planlegginga av ombygginga ved Sameskolen i Snåsa har teke lengre tid enn føreset. Utbygginga av sjølve skoleledelen vil etter planen vere ferdig på nyåret 2001,

utbygginga av internatdelen hausten 2001. Ombygginga skal også gi rom for elevane i 8.-10. klasse.

Departementet vil i perioden ta opp arbeidet med å følgje opp Innst. S. nr. 196 og St.meld. nr. 9 (1999-2000) om kommunalt sjølvstyre på Svalbard når det gjeld skolesektoren. Dei nye planane for å byggje ut vidaregåande opplæring på Svalbard vil bli vurderte i denne samanhengen.

Budsjettforslag for 2001

Forslaget til løyving skal dekkje utgifter kommunane har til drift av dei tidlegare statlege grunnskoleinternata i ein overgangsfase og ventelønn for tidlegare tilsette ved nedlagde internat. Forslaget skal også dekkje driftsutgiftene ved dei samiske grunnskolane og Longyearbyen skole. Det er lagt inn kompensasjon for dei ekstra lønstrinna til lærarane i samband med den nye arbeidstidsavtalen. Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3222 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3222 Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 222)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
02	Salsinntekter o.a.	1 922	330	340
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	123		
	Sum kap. 3222	2 045	330	340

Post 02 gjeld inntekter frå utleige av hyblar til elevar i vidaregåande skole og utleige til skolefritidsordningar.

Kap. 0228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen (jf. kap. 3228)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	140 283	259 032	291 873
	Sum kap. 0228	140 283	259 032	291 873

I høve til 2000 er det gjort denne tekniske endringa:

- Kap. 228 post 21 er redusert med kr 60 000 som følgje av at midlar til Det europeiske språksenteret i Graz er overført til kap. 281 post 21.

Kapitlet finansierer

- kompetanseutvikling
- utviklingsarbeid
- forsøk
- vurdering og undersøkingar
- forskingsprogram

Resultatrapport

Løyvinga på kap. 228 er nytta til å finansiere tiltak som er nemnde under tilstandsvurderinga av dei tre delmåla som er omtalte i kategoriinnleiinga (07.20).

Resultatmål for 2001

Som i 2000 vil hovudsatsinga i 2001 vere arbeidet med å utvikle kvaliteten i grunnskolen. Den særskilde satsinga på ungdomstrinnet vil bli halden ved lag. Det er behov for å forsterke innsats og konkrete tiltak på desse områda:

- bruk av IKT i opplæringa
- fleksibel organisering og variert bruk av arbeidsmåtar
- undervisningskompetansen til lærarane i fag der det er særleg behov for det, jf. SSB-undersøkinga
- lærarkompetanse til å førebyggje og motverke problemåtferd

Verkemidla i arbeidet er kompetanseutvikling, utviklingsarbeid, forsøk og vurdering. Dei omfattar også undersøkingar og forskning. Regjeringa har i budsjettet for 2001 foreslått ein auke i løyvingane til IKT i skolen med 100 mill. kroner. 30 mill. kroner er plasserte på kap. 228. Sjå også omtalen under kap. 249, der det er gitt ei framstilling av strategien til departementet for IKT i utdanninga. Departementet vil leggje til rette for samordna bruk av midlar til kvalitetsutvikling (kompetanseutvikling, utviklingsarbeid, vurdering og eventuelle forsøk)

Delmål I: Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar som grunnlag for vidare utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet

Departementet vil

- styrkje kompetansen til lærarane i å bruke IKT i opplæringa
- stimulere til utvikling av skoleleiarane, PP-tenesta og kompetansen til lærarane for fleksibel organisering, variert bruk av arbeidsmåtar og å førebyggje og motverke problemåtferd
- ta initiativ til å utvikle gode modellar for nettbasert kompetanseutvikling for personalet i grunnskolen
- hente inn erfaringar med bruken av midlar til kompetanseutvikling og permisjonsordningar for lærarar i 2000, og vurdere tenlege ordningar mellom anna ved å delfinansiere permisjonar til etter- og vidareutdanning i 2001

- stimulere til utviklingsarbeid på dei prioriterte områda, jf. resultatmåla over
- føre vidare forsøk med vurdering utan bruk av karakterar
- føre vidare evalueringa av Reform 97
- gjennomføre forskingsmessig evaluering av arbeidet med kvalitetsutvikling i perioden 2000-03
- følgje opp og føre vidare nasjonalt og internasjonalt arbeid med å vurdere rammene for og innhaldet i skolen og læringsutbyttet for elevane, mellom anna gjennom å utvikle og bruke indikatorar
- føre vidare arbeidet med å utvikle kvaliteten i elevvurderinga mellom anna ved å bruke IKT
- føre vidare arbeidet med skolebasert vurdering mellom anna ved hjelp av ein nasjonal ressursbank på skolenettet
- prøve ut obligatorisk bruk av kartleggingsprøver i lesing på 2. og 7. klassetrinnet
- samarbeide med Kulturdepartementet om ei nasjonal satsing på kultur i skolen under nemninga «Den kulturelle skolesekken»
- sjå til at prosjektet «Entreprenørskap på timeplanen» blir ført vidare
- sjå til at Senter for kompetanseutvikling for lærarar som underviser elevar med anna morsmål enn norsk og samisk, blir ført vidare
- sjå til at det blir utarbeidd læreplan i punkt-skrift m.m., og læreplan i morsmål tilvalgdordning for språklege minoritetar.
- utvikle kartleggingsprøver i lesing for samiske elevar

Delmål II: Elevane skal, uavhengig av kjønn, bustad og økonomien til foreldra, få likeverdige opplæringstilpassa evner, føresetnader og kulturell og språkleg bakgrunn

Departementet vil

- gi støtte til projektkostnader ved utprøving av alternativ bruk av timeressursar, jf. delmål I
- stimulere til utviklingsarbeid med organisering av tilpassa opplæring og ressurstildeling til delingstimar og spesialundervisning
- sjå til at utdanningskontora vurderer samanhengen mellom ressurssituasjonen i enkelte kommunar og kvaliteten på opplæringstilbodet
- medverke til å vri arbeidsprofilen i PP-tenesta mot meir systemretta tiltak, jf. Samtak
- sjå til at arbeidet med å utvikle nettbaserte læremiddel i finsk som andrespråk blir ført vidare
- vidareutvikle ordningar for å følgje opp nyutdanna lærarar (fadderordningar)

- støtte utviklinga av nettbasert opplæring i nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk, jf. også kap. 249

Delmål III: Elevane skal ha eit godt og stimulerande lærings- og oppvekstmiljø, og det skal vere godt samarbeid mellom heim og skole

Departementet vil

- samarbeide med Barne- og familiedepartementet (BFD) og Justis- og politidepartementet (JD) om oppfølging av handlingsplanen mot barne- og ungdomskriminalitet. Departementet vil leggje vekt på å utvikle breie, tverrfaglege og praksisnære tiltak
- sjå til at det blir utarbeidd HMS-materiell til bruk for elevane i skolen, i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet
- sjå til at det blir utarbeidd ein brosjyre for foreldre om dei rettane elevane og foreldre har i høve til skolen, i samarbeid med FUG
- sjå til at det blir etablert ei teneste som kan rettlege skoleeigarane om korleis ein skal få tenlege og framtidretta skoleanlegg

- gjennomføre ei undersøking av organiseringa av og innhaldet i skolefritidsordningane
- arbeide vidare med tryggleiken for dei yngste elevane, i samarbeid med Trygg Trafikk
- medverke til å spreie informasjon om utviklinga når det gjeld arbeidsmiljøet til lærarane
- samarbeide med SSB, KS og lærarorganisasjonane om ein analyse av arbeidsmarknadsundersøkinga som blir gjennomført hausten 2000. Departementet vil og medverke til å spreie informasjon om undersøkinga

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga er auka mellom anna som følgje av den auka satsinga til IKT i skolen. «Skolepakka» først vidare i forslaget, kor det fortsatt skal leggjast vekt på kvalitetsutvikling i skolen, med særskilt vekt på ungdomstrinnet. Løyvinga finansierer også nokre stillingar i samband med dette arbeidet. Det er behov for ei tilsegnsmakt på 100 mill. kroner, sjå forslag til vedtak III nr. 6.

Kap. 3228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen (jf. kap. 228)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	112		
	Sum kap. 3228	112		

Kap. 0229 Andre formål i grunnskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 239 post 01</i>	22 045	23 181	24 472
21	Særskilde driftsutgifter	5 163		
60	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	529 303	501 383	534 852
62	Kompensasjon for meirutgifter i samband med mellombels lokale, <i>kan overførast</i>	5 361	80 000	40 000
63	Ekstraordinært tilskott til læremiddel, <i>kan overførast</i>	11 568		
70	Tilskott	3 450	3 601	4 018
	Sum kap. 0229	576 890	608 165	603 342

I høve til 2000 er det gjort denne tekniske endringa:

- Post 70 er auka med 0,3 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon under kap. 675 post 21 i sam-

band med vidareformidling av driftstilskottet til Dissimilis kultur- og kompetansesenter.

Kapitlet finansierer

- utgifter til avgangsprøva i grunnskolen
- tilskott i samband med Reform 97: Investeringskompensasjon og kompensasjon for meir-utgifter til mellombels lokale
- andre tiltak på grunnskolen område, mellom anna tilskott til organisasjonar

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 239 post 01

Løyvinga på posten gjeld utgifter til avgangsprøva i grunnskolen.

Resultatrapport for 2000

Våren 2000 var om lag 53 000 elevar oppe til skriftleg avgangsprøve etter nye modellar tilpassa L97. For første gong blei det også gjennomført avgangsprøve i teiknspråk som førstespråk og prøve i norsk for døve. Nokre av dei skolane som er med i forsøk med å bruke IKT som hjelpemiddel ved sentrale prøver, blei trekte ut til å gjennomføre skriftleg avgangsprøve. Resultata vil bli analyserte og følgde opp. Våren 2000 var elevane også oppe til munnleg avgangsprøve etter nye modellar med førebuingstid. Til hjelp for skolane i denne samanhengen var det laga rettleiingshefte og videoar. Det karakter- og læringsstøttande prøvemateriellet til hjelp i undervegsvurderinga er tilpassa L97. Dei fleste skolane brukte dette materiellet. Våren 2000 vart det utarbeidd nye protokollar for avgangskaraktarar og nye vitnemål for grunnskolen, også i elektronisk form. Arbeidet med avgangsprøva i grunnskolen blei 1. september 2000 flytta frå Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus til Læringscenteret, jf. kap. 202.

Resultatmål for 2001

Avgangsprøvene og dei karakter- og læringsstøttande prøvene skal fremje kvalitet og utvikling i læring og undervisning. I 2001 skal det bli

- utarbeidd sentralt prøvemateriell som også er tilpassa elevar med særlege behov og vaksne på grunnskolen område
- gjennomført sentral sensur og klagebehandling
- arbeid vidare med å utvikle nye prøveformer og oppgåvetypar
- utvikla støttmateriell for lokalt vurderingsarbeid

- gjennomført analysar av læringsresultat på systemnivå
- gjennomført sensorrettleiing
- gjennomført analysar av resultatata på skriftlege avgangsprøver etter nye modellar
- gjennomført vidare arbeid med å vurdere den avsluttande prosjektoppgåva

Løyvingsforslag 2001

Løyvingsforslaget for 2001 inneber at aktiviteten blir ført vidare på om lag same nivå som i 2000.

Post 60 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma

Tilskottet skal kompensere for meirutgifter kommunane har til investeringar i skolebygg i samband med skolestarten for seksåringane.

Det er berekna ei total investeringsramme som skal dekkje det investeringsbehovet kommunane har for å gi plass til eit ekstra elevkull i samband med innføringa av Reform 97. Investeringsramma for den enkelte kommunen vart første gong presentert i St.prp. nr. 39 (1995-96) Om investeringskostnadene ved grunnskolereforma, og er sidan blitt justert fleire gonger. Den siste justeringa skjedde i samband med den etterberekninga Kostnadsberekningssutvalet gjorde av investeringskostnadene til kommunane, jf. NOU 1998: 5 Reform 97 – Investeringer i skolelokaler, og Regjeringas oppfølging av denne, jf. St.prp. nr. 60 (1997-98) Om kommuneøkonomien 1999 m.v. Investeringsramma er fastsett til 5 247,5 mill. kroner.

Med utgangspunkt i investeringsramma blir det berekna ein årleg investeringskompensasjon til kommunane. Denne kompensasjonen dekkjer dei årlege utgiftene til nedbetaling av eit lån på same storleik som investeringsramma. Før investeringskompensasjonen blir berekna, blir investeringstilskotta for 1995 og 1996 og stimuleringstilskottet for 1996 trekte frå. Investeringskompensasjonen er basert på ei rente som blir fastsett årleg i samsvar med utviklinga i lånemarknaden.

I St.prp. nr. 1 (1998-99) fekk kommunane gitt siste frist, 31. desember 2000, for å erstatte mellombels lokale med permanente. Oslo kommune har fått denne fristen særskilt forlengd til 31. desember 2003. Dersom dei mellombels lokala ikkje er erstatta med ferdiggjorde, permanente lokale innan fristen, vil investeringsramma til kommunen bli redusert med den delen av ramma som skulle dekkje dei investeringane som ikkje er blitt gjennomført. Departementet vil i samband

med dette i løpet av våren 2001 gjennomgå dei kommunane som tidlegare har rapportert at dei har mellombels lokale.

Løyvingsforslaget for 2001 er 534,9 mill. kroner. Forslaget er basert på ei investeringsramme på 5 247,7 mill. kroner, eit investerings- og stimuleringsstilskott på til saman 465,3 mill. kroner og avdragstider på bygg og inventar på 20 og 10 år.

Investeringskompensasjonen for 2001 er basert på ei rente på 7,0 pst. I tråd med tidlegare praksis er kupongrenta på 9-12 månaders statssertifikat per 1. juli, tillagd ein margin på 0,5 prosentpoeng, lagd til grunn.

Post 62 Kompensasjon for meirutgifter i samband med mellombels lokale, *kan overførast*

Tilskottet skal gi kommunar som ved skolestart hausten 1997 måtte bruke mellombels lokale i samband med innføringa av Reform 97, dekning for dokumenterte meirutgifter til dette. Informasjon om tilskottsordninga er gitt i rundskriv F-39/99.

I St.prp. nr. 1 (1998-99) vart fristen for å gjere ferdig permanente lokale og å kunne søkje om midlar innanfor denne tilskottsordninga sett til 31. desember 2000.

Løyvingsforslaget for 2001 er 40 mill. kroner. Departementet vil komme attende i revidert nasjonalbudsjett for 2001, dersom det viser seg at løyvinga på posten ikkje er tilstrekkeleg.

Post 70 Tilskott

Målet med tilskottet er å fremje nye kunnskapar og holdningar i grunnskolen ved å gi grunnstøtte til frivillige organisasjonar som på ulike måtar medverkar til å nå dei måla som er sette for grunnskolen. Desse organisasjonane har fått tilskott i 2000: Norsk musikk- og kulturskoleråd, Norsk kunstscoleråd, Det norske hageselskap, Landslaget for udelte og fådelte skolar, Noregs Mållag, Den norske bibelbussen AS, Kristent pedagogisk forbund, Dissimilis og Rådet for folke-musikk og folkedans.

Budsjettforslaget for 2001 vil dekkje tilskott til Norsk kulturskoleråd, Det norske hageselskap, Landslaget for udelte og fådelte skolar, Noregs Mållag, Kristent pedagogisk forbund, Dissimilis og Rådet for folkemusikk og folkedans.

I budsjettet for 2001 er det overført 300 000 kroner til denne posten frå kap. 675 post 21 på budsjettet til Sosial- og helsedepartementet til finansiering av Dissimilis.

Kap. 3229 Andre formål i grunnskolen (jf. kap. 229)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag 2001
		1999	budsjett 2000	
02	Salsinntekter o.a.	549		
	Sum kap. 3229	549		

Programkategori 07.30 Vidaregåande opplæring

Den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til fylkeskommunane, det vil seie rammetilskott frå staten og skatteinntekter. Programkategori 07.30 gjeld statlege løyvingar til den vidaregåande opplæringa som ikkje kjem inn under overføringane gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane:

- tilskott til landslinjer
- tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga
- tilskott til ekstra opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring
- tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale
- driftsløyvingar og tilskott til statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå, under dette statens samiske vidaregåande skolar og statlege skolar i landbruksfag og naturbruk
- tilskott til lærebedrifter
- kvalitetsutvikling i den vidaregåande opplæringa
- eksamen i den vidaregåande opplæringa
- utlånsordning for lærebøker i vidaregåande opplæring
- tilskott til internasjonale utdanningsprogram
- tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0231	Tilskott til vidaregåande opplæring	244 760	292 698	288 526	-1,4
0232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)	163 103	147 318	156 154	6,0
0234	Tilskott til lærebedrifter m.m.	330 672	366 036	330 522	-9,7
0238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)	81 909	82 898	94 163	13,6
0239	Andre formål i vidaregåande opplæring	149 990	257 205	263 100	2,3
Sum kategori 07.30		970 434	1 146 155	1 132 465	-1,2

Inntekter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)	18 392	7 471	12 721	70,3
3238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 238)	180	2 000	2 060	3,0
Sum kategori 07.30		18 572	9 471	14 781	56,1

Budsjettforslag 2001

Departementet foreslår at løyvinga til kvalitetsut-

vikling i vidaregåande opplæring på kap. 238 blir styrkja med 10 mill. kroner som ledd i den samla satsinga på 100 mill. kroner til IKT i skolen.

Utlånsordninga for lærebøker i vidaregåande opplæring på kap. 239 blir ført vidare med 100 mill. kroner, og løyvinga til teknisk undervisningsutstyr på kap. 231 blir ført vidare med 30 mill. kroner. Som ledd i det samla finanspolitiske opplegget foreslår departementet å redusere løyvinga til ekstra opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring med 10 mill. kroner. Vidare blir ordningane med ekstra stimuleringstilskott for formidling og inntak av lærlingar med stort fråvær og svake karakterar avvikla med høvesvis 10 mill. kroner over kap. 234 post 60 og 10 mill. kroner over kap. 234 post 70. I tillegg foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 234 post 70 med 20 mill. kroner som følge av berekna behovsendring.

Mål for vidaregåande opplæring

- Vidaregåande opplæring skal bli tilbydd i tråd med ønska til søkjarane og behova i samfunnet og arbeidslivet.
- Elevar og lærlingar skal få vidaregåande opplæring av høg kvalitet tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte.
- Elevar og lærlingar skal ha eit godt lærings- og arbeidsmiljø.
- Utdanninga skal vere rettferdig og prega av solidaritet nasjonalt og internasjonalt.

Fylkeskommunane har ansvar for drift og utvikling av vidaregåande opplæring. Rammevilkåra for fylkeskommunane er lagde mellom anna gjennom opplæringslova, kommuneloven og inntektsystemet for kommunesektoren.

Vidaregåande opplæring skal bli tilbydd i tråd med ønska til søkjarane og behova i samfunnet og arbeidslivet

For å møte behova i samfunnet og arbeidslivet må den vidaregåande opplæringa stadig justerast og tilpassast. Ein større intensitet og fleksibilitet i opplæringa kan frigjere ressursar og auke gjennomstrøyinga. Med om lag 100 vidaregåande kurs I er spesialiseringa i vidaregåande opplæring blitt for sterk. For å møte behova i arbeidslivet er det behov for breie og fleksible tilbod om opplæring. Det vil òg gjere det lettare å halde oppe eit desentralisert tilbod i fylkeskommunane. Breiare tilbod vil i større grad gi elevane høve til å velje vidaregåande kurs I der dei bur. Ved overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring må elevane ta avgjerande og riktige val i ein tidleg livsfase. Derfor er god rådgiving og rettleiing, og eit godt samarbeid mellom grunnskole og vidaregåande opplæring, nødvendig for å gjere overgangen lettast mogleg for den einskilde eleven. Det er nødvendig å arbeide for å få til ein betre samheng mellom grunnskole og vidaregåande opplæring. Eit tett samarbeid med partane i arbeidslivet om dei framtidige behova for opplæring er viktig.

Tilstandsvurdering

Det er to hovudretningar innanfor vidaregåande opplæring: kurs som leier til studiekompetanse, og kurs som leier til yrkeskompetanse. Følgjande studieretningar gir studiekompetanse:

- allmenne, økonomiske og administrative fag
- musikk, dans og drama
- idrettsfag

Dei resterande studieretningane fører normalt fram til yrkeskompetanse.

Søkjarar til grunnkurs etter type kurs for skoleåra 1998-99 til 2000-01

	1998-99		1999-2000		2000-01	
	Søkjarar	Prosent	Søkjarar	Prosent	Søkjarar	Prosent
I alt	63 846	100,0	61 432	100,0	62 086	100,0
Grunnkurs som leiar til studiekompetanse	29 130	45,6	28 222	45,9	27 949	45,0
Grunnkurs som leiar til yrkeskompetanse	34 716	54,4	33 210	54,1	34 137	55,0

Tabellen over viser at om lag 55 pst. av søkjarane til grunnkurs hausten 2000 søker yrkesfaglege studieretningar. Denne delen har halde

seg stabil sidan innføringa av Reform 94. Elevtala syner ei meir lik fordeling mellom kurs som leier til studiekompetanse og kurs som leier til yrkes-

kompetanse enn søkjartala, med om lag 50 pst. av elevane i dei ulike retningane. Dette har også vore stabilt sidan reformen blei innført.

Søklarar¹ utan tilbod om skoleplass, etter alder, skoleåra 1996 til 2000

Skoleår	I alt	19 år	20 år	21-25 år	26 år og eldre
1996-97	3 083	503	407	1 156	1 017
1997-98	2 001	279	299	723	700
1998-99	1 606	218	213	539	636
1999-2000	1 503	264	273	483	483

¹ Primærsøklarar ved fellesinntaket i eigen fylkeskommune. Søklarar til læreplass er ikkje inkludert.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF

I 1999 viste inntaket ved skolestart at i overkant av 94 pst. av dei inntekne elevane på grunnkurs hadde komme inn på det første kurs ønsket sitt. Tabellen over viser at talet på søklarar som ikkje får tilbod om vidaregåande opplæring er blitt om lag halvert sidan 1996. I 1999 var det i overkant av 1 500 søklarar som ikkje hadde fått noko tilbod per 1. oktober. Desse søklarane er vaksne søklarar utan rett til vidaregåande opplæring.

Rapportar frå fylkeskommunane viser at det per 1. august 2000 var blitt formidla om lag 8 800 av 16 679 søklarar som var til læreplass. Dette utgjør omtrent 53 pst. av søklarane. Det var formidla om lag 2 000 fleire søklarar til læreplass per 1. august enn per 1. juli. Det er ein større del av søklarane som er formidla i år enn på same tid i fjor.

Så langt er det ikkje noko som tyder på at det er spesielt store problem i fylkeskommunane med

å skaffe læreplassar. Det har vore vanskeleg å få bransjane til å spesifisere kor mange plassar som er tilgjengelege, men signala frå fylkeskommunane syner at det i mange bransjar er eit større problem å få tak i lærlingar enn å tilby nok læreplassar. Det er likevel viktig å vere førebudd på at læreplassar på ny kan bli mangelvare når elevkulla begynnar å auke i den vidaregåande opplæringa. Talet på 17-åringar stig i 2002. Læreplassar vil også kunne bli mangelvare om arbeidsmarknaden endrar seg.

Det har vore ein jamn nedgang i talet på lærlingar som det ikkje har vore mogleg å skaffe læreplass, og som derfor har teke alternativ opplæring i skole. I 1996 var det i overkant av 2 400 som fekk opplæring i skole. Ved skolestart i 1999-2000 var tallet redusert til under 700.

Elevar og løpande lærekontrakter, 1994-99

År	1994	1996	1998	1999
Elevar ¹	191 427	178 283	168 587	164 228
Løpande lærekontraktar ²	21 247	25 836	31 793	30 657

¹ Elevtal per 1. oktober

² Løpande kontraktar per 31.12

Kjelde: : Linda-inntak og Linda-fagopplæring

Tabellen over viser at elevtalet har blitt redusert kvart år sidan 1994. Dette har samanheng med mellom anna befolkningsutviklinga (færre 16-18 åringar) og at det har vore eit stramt arbeidsmarknad på slutten av 1990-talet. Talet på løpande lærekontraktar har auka kraftig dei siste åra, frå i overkant av 21 000 i 1994 til om lag

30 600 i 1999. Auka skyldast i stor grad at fleire unge får lærekontrakt no enn før Reform 94.

Det er oppretta to nye studieretningar i vidaregåande opplæring, og det er nå 15 grunnkurs til saman. Grunnkurset i sal og service blir i skoleåret 2000-01 tilbydd i ti fylkeskommunar, medan grunnkurs i medium og kommunikasjon blir tilbydd i ni fylkeskommunar. Utvidinga med to nye

grunnkurs kan føre til færre elevar i dei andre grunnkursa. Departementet har førebels ikkje fått signal frå fylkeskommunane om at andre grunnkursstilbod vil bli lagde ned som følgje av redusert søking.

Det er fleire utfordringar knytte til tilbodsstrukturen i vidaregåande kurs I (VKI). Det synest å vere for mange kurstilbod og for stor grad av spesialisering. På grunn av få søkjarar blir mange tilbod ikkje oppretta. For å redusere problemet med låg rekruttering i enkelte små fag er det blitt godkjend fleire nye kryssløp det siste året. Nokre skolar har fått godkjend forsøk med samanslåing av VKI.

Ved handsaming av St.meld. nr. 32 (1998-99) uttalte komiteen i Innst. S. nr. 246 (1998-99):

«Etter komiteen si vurdering er det viktig å få etablert nødvendige endringar i struktur og rettar så snart som råd er. Læreplanverket må reviderast og utviklast i tråd med dette. Slike endringar må følgjast opp med planar for etterutdanning både sentralt og lokalt.»

«Komiteen legg til grunn at Regjeringa prioriterer dette arbeidet på ein måte som sikrar både kvalitet og den nødvendige framdrifta.»

Vidare bad komiteen Regjeringa om å leggje fram planar for dette revisjonsarbeidet for Stortinget.

I dette arbeidet vil departementet nytte dei same prinsippa som blei lagde til grunn for tilbodsstrukturen i St.meld. nr. 33 (1991-92). og i St.meld. nr. 32 (1998-99). I Innst. S. nr. 246 (1998-99) uttalte komiteen at den deler Regjeringa sitt syn på at desse prinsippa langt på veg er eigna til å møte dei krava vi vil stå overfor i framtida.

Departementet har som mål at ein endra struktur mellom anna må

- innebere større fleksibilitet enn i dag
- vere meir tilpassa eit samfunn og eit arbeidsliv i endring
- innebere at fylkeskommunen kan gi eit breitt tilbod
- innebere at vegen til ny kompetanse/nye fagbrev blir kortare

Allereie i 1998 fekk Opplæringsrådet for mekaniske og elektromekaniske fag (ORMET) godkjent eit prosjekt for å vurdere tilbodsstrukturen innanfor sitt fagområde med sikte på å gjere endringar. Departementet har arbeidd tett saman med ORMET og andre opplæringsråd og har på bakgrunn av arbeidet så langt vurdert ulike til-

nærmingar til endringar av heile tilbodsstrukturen.

Ved fastsetjing av tilbodsstrukturen for dei to nye studieretningane har departementet saman med partane komme fram til ei løysing som har gitt færre VKI enn tidlegare innanfor desse fagområda.

Fylkeskommunane har etablert eit nasjonalt samordningsutval og har eit godt samarbeid om landsdekkjande tilbod. Landsdekkjande tilbod er kurs som det ikkje er grunnlag for å ha i meir enn eitt eller nokre få fylke. Fylkeskommunane er blitt einige om at søkjarar frå heile landet skal stille likt ved inntaket til slike kurs. Kursa blir finansierte av fylkeskommunane ved gjesteelevsoppgjer. Einskilde kurs i den vidaregåande opplæringa som anten er små eller svært kostbare, blir organiserte som landslinjer. Dette er fylkeskommunale kurs som får øyremerkte tilskott frå staten over kap. 231 post 60 i statsbudsjettet. Målsetjinga er den same som ved dei fylkeskommunale landsdekkjande kursa, nemleg å sikre eit nasjonalt tilbod i slike kurs. Ved handsaminga av statsbudsjettet for 1996 vedtok Stortinget å gjeninnføre ordninga med landslinjer innanfor vidaregåande opplæring frå skoleåret 1996-97. Ved handsaminga av St.prp. nr. 55 (1995-96) Om kommuneøkonomien 1997 m.v. vedtok Stortinget at landslinjeordninga skulle omfatte fleire kurstilbod ved namngivne skolar. Gjeninnføring og utviding av landslinjeordninga blei finansiert ved trekk i rammetilskottet til fylkeskommunane. Departementet mottek fleire søknader frå fylkeskommunar og organisasjonar om direkte statleg finansiering for fleire fag. Dersom fleire kurs skal få ei direkte statleg finansiering, vil ein måtte gjere trekk i rammetilskottet til fylkeskommunane. Ei slik utvikling vil ta frå fylkeskommunane ansvar og høve til heilskapleg planlegging av tilbodet innanfor den vidaregåande opplæringa. Å sikre det behovet arbeidslivet og samfunnet har for kompetanse innanfor dei mange små faga i vidaregåande opplæring, krev heilskapleg planlegging og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunane.

Dei unge skal i løpet av dei tretten åra i skole og opplæring gjere viktige val. Vala er viktige både for den enkelte og for samfunnet, og dei unge treng god rådgiving og rettleiing. Delt rådgivingsteneste inneber at ein organisatorisk skil den sosialpedagogiske rettleiinga frå utdannings- og yrkesrettleiinga i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa. Med dette som utgangspunkt blir modellar for ny organisering av utdannings- og yrkesrettleiinga prøvd ut. Prosjektet delt rådgivingsteneste er sett i verk frå 1. august 2000 slik

Stortinget bad om i Innst. S. nr. 246 (1998-99). Departementet ser dessutan iverksetjinga av prosjektet delt rådgivingsteneste og som ledd i å kartleggje andre moglege tiltak og behov for skoleing, særleg innanfor utdannings- og yrkesretteleinga. Departementet vil følgje utviklinga av prosjektet nøye, og vil vurdere eventuelle fleire tiltak for å styrkje rettleiingstenesta i ungdomsskolen og den vidaregåande opplæringa.

Strategiar og tiltak

Departementet vil:

- i samråd med berørte partar vurdere tilpassingar i strukturen i den vidaregåande opplæringa for om å gjere den vidaregåande opplæringa meir fleksibel og betre tilpassa ønska til elevane og eit samfunn og eit arbeidsliv i stadig endring
- i løpet av hausten 2000 og i samråd med Rådet for fagopplæring i arbeidslivet (RFA), opplæringsråda, organisasjonar, bransjar, interessepartar og elev- og lærarorganisasjonar ha drøfta og komme fram til eit sett av felles kriterium som skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med endring av tilbodsstrukturen. Når kriteria er fastlagde ved årsskiftet 2000-01, vil opplæringsråda få i oppdrag å utarbeide konkrete forslag til ny struktur innanfor dei rammene og retningslinjene som departementet trekkjer opp. Departementet tek sikte på at dette arbeidet blir slutført innan 31. desember 2001. Før departementet fastset strukturen, vil forslaga bli sende på brei høring og behandla i RFA
- stimulere fylkeskommunane til å føre vidare og utvide samarbeidet om små fag og å utvide ordninga med landsdekkjande tilbod

- følgje situasjonen og eventuelt setje i verk tiltak for å skaffe fleire læreplassar
- styrkje fundamentet til fellesskolen og sjå det 13-årige opplæringsløpet i samanheng. Målet er å sikre ein smidigare overgang frå grunnskolen til den vidaregåande opplæringa, mellom anna gjennom god rådgiving og rettleiing

Elevar og lærlingar skal få vidaregåande opplæring av høg kvalitet tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte

Tilstandsvurdering

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at i underkant av 82 pst. av elevane som hausten 1998 var registrerte i utdanning innanfor opplæringslova, fullførte og bestod eit årskurs våren 1999. Nesten 7 pst. av elevane fullførte uten å bestå årskurset. Nær 5 pst. av elevane slutta i løpet av året, og i underkant av 7 pst. fullførte kurs som er særskilt tilrettelagde innanfor læreplanverket eller mangla vurdering i eitt eller fleire fag, for eksempel på grunn av stort fråvær. Denne statistikken viser at det er nødvendig å arbeide vidare med den metodiske og organisatoriske tilrettelegginga av opplæringa, med sikte på å auke utbyttet av opplæringa for den enkelte eleven og lærlingen. Krava til fleksibilitet og kvalitet blir òg større når opplæringa omfattar nye og meir samansette grupper enn tidlegare. Departementet, fylkeskommunane, skolane og lærebedriftane arbeider derfor på mange vis for å betre kvaliteten i opplæringa, ikkje minst når det gjeld den pedagogiske tilrettelegginga. Fylkeskommunane gjer òg eit viktig arbeid for å utvikle tilbod som organisatorisk er meir lagde til rette for den enkelte.

Fag- og sveineprøver¹, etter type (1996-1999)

År	I alt	Lærlingar	Praksiskandidatar	Elevar ²
1996	19 339	8 521	9 193	1 133
1997	28 330	9 211	16 817	2 302
1998	37 997	13 145	23 263	1 589
1999	28 731	14 433	13 408	890

¹ Dersom ein person tek fleire prøver i perioden, er alle forsøk talt med.

² Elevar som har avlagd fag- og sveineprøve etter fullført opplæring i skole

Kjelde: LINDAL-fagopplæring

Tabellen viser at talet på avlagde fag- og sveineprøver for lærlingar og praksiskandidatar steig kvart år frå 1996 til 1998. Frå 1998 til 1999 gjekk

talet på avlagde prøver ned, men det var fleire lærlingar som avla fag- og sveineprøve i 1999 enn i 1998. I 1998 var det var siste gongen praksiskandi-

datane kunne melde seg opp til fag- og sveineprøve etter eigne opplæringsplanar. Dette førte til ein stor auke av praksiskandidatar som ville ta prøva i 1998. Etter 1998 melder praksiskandidatane seg opp etter ordinære læreplanar. I 1999 var det noko færre praksiskandidatar som tok prøva enn i 1997.

I 1999 var det i underkant av 29 000 personer som gjennomførte fag- og sveineprøve. Av desse bestod 92 pst. prøva. Dette er eitt prosentpoeng høgre enn i 1998 og seks prosentpoeng høgre enn i 1997. Praksiskandidatane har den høgste delen bestått, med 95 pst. I faga norsk muntleg, norsk skriftleg og engelsk har i gjennomsnitt 99 pst. av elevane på grunnkurs og vidaregåande kurs I, fått bestått standpunktkarakter skoleåret 1999-2000. Som ved førre skoleår har elevane på grunnkurs i studieretning for tekniske byggfag og studieretning for trearbeidsfag noko svakare resultat i engelsk enn resten av elevane. Om lag 97 pst. av desse elevane fikk bestått standpunktkarakter. I gjennomsnitt har 95 og 98 pst. av elevane på grunnkurs fått bestått standpunktkarakter i høvevis matematikk og naturfag.

Tal frå oppfølgingstenesta i fylkeskommunane syner at om lag 96 pst. av ungdommar med rett til vidaregåande opplæring er i arbeid eller utdanning. Delen ungdommar med rett til vidaregåande opplæring som er i arbeid eller utdanning, har halde seg stabil i dei siste åra. Per 1. juni 2000 utgjorde målgruppa for oppfølgingstenesta i fylkeskommunane 13 425 elevar, dvs. 8,5 pst. av alle elevar med rett til vidaregåande opplæring. I overkant av 5 pst. har i løpet av skoleåret teke imot eit tilbod om opplæring eller arbeid, og 2 pst. av rettselevane var framleis under oppfølging per 1. juni. Den resterande delen har anten takka nei til tilbodet eller ikkje blitt oppspora av oppfølgingstenesta. Statens utdanningskontor rapporterer at dei fleste fylkeskommunane har sett i gang særlege tiltak for å skaffe læreplassar til søkjjarar med stort fråvær og svake karakterar. Det blir rapportert om at prosjekt som er sette i gang gjennomgåande har god effekt. Likevel er det framleis behov for utvikling av fleire og meir fleksible løysingar som er særleg tilpassa denne gruppa. Det er òg behov for å styrkje det tverretatlege samarbeidet om oppfølgingstenesta. I Innst. S. nr. 246 (1998-99) om vidaregåande opplæring bad eit fleirtal i kyrkje, utdannings- og forskingskomiteen Regjeringa leggje til rette for avkorta løp til fagbrev for elevar med studiekompetanse frå vidaregåande opplæring. Departementet har sett i gang arbeid med å utforme prinsipp for ei slik ordning

Arbeidet med dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse knytt til vidaregåande opplæring er organisert som eit prosjekt over tre år (1999-2002). I løpet av det siste året har fleire fylkeskommunar starta arbeidet med å utvikle tilbod om opplæring som er tilpassa vaksne, der tileigna realkompetanse blir vurdert ved inntak til opplæringa. For nærare omtale av prosjektet og av Kompetansereforma, sjå programkategori 07.50. Yrkesprøving av innvandrarar inngår som innsatsområde i realkompetanseprosjektet. I løpet av prosjektperioden skal ein prøve ut og komme fram til ordningar som skal sikre at innvandrarar kan få dokumentert sin reelle kompetanse for norsk arbeidsliv og utdanningssystem.

Bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er òg eit virkemiddel for å leggje opplæringa til rette. Tilstandsrapportane frå statens utdanningskontor fortel at bruk av IKT i den vidaregåande skolen aukar. Rapportane tyder på at det framleis er eit stykke fram før opplæringa er godt tilpassa for vaksne. Utfordringa er først og fremst å få til målretta pedagogisk bruk av den nye teknologien i lys av prinsippet om tilpassa opplæring for alle. Departementet har derfor gitt støtte til kompetanseutvikling når det gjeld pedagogisk bruk av IKT. Etter rapportane å dømme er utstyrssituasjonen generelt sett tilfredsstillande, sjølv om det framleis er skilnader mellom skolane. Rapportane frå utdanningskontora peiker på at støtteapparatet til drift krev stadig meir ressursar. Utfordringa er å finne løysingar som gir rasjonell drift, noko fylkeskommunane etter tilstandsrapportane er svært opptekne av. Sjå òg omtale av IKT under kap. 249.

Kompetanseutvikling for mellom anna lærarar og instruktørar er eit helt sentralt verkemiddel i arbeidet med pedagogisk tilrettelegging. Tilstandsrapportane frå statens utdanningskontor viser at fylkeskommunane på ein god måte har følgd opp dei sentrale føringane som har følgd dei statlege tilskotta til kompetanseutvikling. Aktiviteten i fylkeskommunane har vore særleg høg når det gjeld kompetanseutvikling for prøvenemndsmedlemmer og instruktørar i bedrift. Samstundes har det vore satsa omfattande og systematisk på å utvikle kompetansen i bruk av IKT i opplæringa. Gjennom arbeidet med LUIS (Leiarutvikling i skolen) og SAMTAK (Kompetanseutviklingsprogram for PP-teneste og skoleleiarar) har kompetanseutvikling for skoleleiarar vore sett i samband med endringsprosessar i skolen og organiseringa av PP-tenesta. Etter at handlingsplanen for etterutdanning i samband med Reform 94 var gjennomført, har arbeidet med kompetanseutvikling for

personell i vidaregåande opplæring gått over i ein ny fase. Kompetanseutvikling for lærarar har fått auka lokal forankring, og kompetanseutvikling er nærare kopla til utviklingsarbeidet i skolane, slik som i prosjekta SAMTAK, PILOT og differensiering og tilrettelegging. Jf. omtale under kap. 228 og kap. 238.

Den nye arbeidsavtalen for lærarar, som gjeld frå og med skoleåret 2000-01, skal medverke til meir fleksibel organisering av skoleåret og skoledagen. Dette skal mellom anna gi rom for meir lokalt utviklingsarbeid, gi meir plass for kreativiteten til den einskilde lærar, og gi betre ressursutnytting. Erfaringar frå forsøks- og utviklingsarbeid vil være viktige føresetnader for dette arbeidet.

Skolar og lærebedrifter har framleis behov for bistand til å gjennomføre skole- og bedriftsbasert vurdering. Departementet er oppteke av at skolar og lærebedrifter skal knyte kontaktar med eksterne instansar og miljø som kan gå inn som ein ressurs i arbeidet med skole- og bedriftsbasert vurdering og kvalitetsutvikling. I eit treårig nasjonalt prosjekt vil departementet prøve ut ei ordning med ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid. Sjå òg omtale under kap. 228. Til støtte for skole- og bedriftsbasert vurdering og lokalt arbeid med kvalitetsutvikling har departementet også teke initiativ til opprettinga av ein nasjonal elektronisk ressursbank. Arbeidet er i ein innleiande fase.

Ved handsaminga av Innst. S. nr. 246 (1998-99) om vidaregåande opplæring, bad Stortinget Regjeringa mellom anna leggje fram planar for revisjon av læreplanverket. Departementet har på denne bakgrunnen arbeidd med å gjere endringar i Retningslinjer for læreplanarbeid med sikte på å få ei meir einskapleg og formålstenleg inndeling av modular. Arbeidet har også hatt som målsetjing å sikre at hovudmomenta skal vere faglege delmål og ikkje gi metodiske føringar.

Læreplanar for dei nye grunnkurser i medium og kommunikasjon og sal og service blei fastsette og tekne i bruk ved skolestart hausten 2000. Arbeidet med nye læreplanar for VKI innanfor desse nye studieretningane er i gang.

Ved handsaminga av Innst. S. nr. 246 (1998-99) bad Stortinget Regjeringa vurdere om det let seg gjere å utvide timetalet i kroppssøving i vidaregåande opplæring. Departementet har i løpet av året drøfta dette med ulike instansar. Eit forslag om moglege endringar i fagtilbodet i mellom anna studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag vil bli sendt på høyring.

Entreprenørskap er ein reiskap for å fremje nyskapande skolar i nært samarbeid med lokal samfunn og næringsliv. Utdanningskontora rapporterer om at fleire fylkeskommunar er godt i gang med arbeidet på dette feltet. Fleire fylkeskommunar har entreprenørskap innarbeidd i planverket sitt. I Hedmark, Nordland og Østfold er det sett i gang eit 3-årig prosjekt kalla «Entreprenørskap på timeplanen» Prosjektet går fram til 2001 og omfattar både grunnskolar og vidaregåande skolar. Nordlandsforskning, som evaluerer prosjektet, peiker i den første rapporten sin m.a. på at skolane kan vere med på å auke den generelle motivasjonen og kompetansen for entreprenørskap ved å leggje til rette for meningsfull og aktiv læring knytt til lokalt arbeids- og næringsliv.

I det siste tiåret har ein stor del av dei vidaregåande skolane arbeidd med ressursenterviksemnd, for å stimulere til utvikling av kompetanse i det lokale samfunns- og næringslivet. I dette arbeidet har ein prioritert små verksemnder, med sikte på å styrkje næringsutviklinga og busetjinga i distrikta. Røynslene så langt viser at mange skolar i dag tek aktivt del i dette arbeidet, men kompetansereforma krev ei raskare utvikling i dette omstillingsarbeidet. Departementet vil arbeide for at den einskilde skolen får større fridom til å organisere arbeidet og disponere arbeidstida, er mellom anna for å gi rom for meir lokalt utviklingsarbeid og meir plass til kreativitet for den einskilde læraren.

Strategiar og tiltak

Departementet vil:

- arbeide for å styrkje det tverretatlege samarbeidet om tilboda innanfor oppfølgingstenesta
- drøfte med partane i arbeidslivet eit forslag til prinsipp for avkorta løp til fagbrev for elevar som har studiekompetanse frå vidaregåande opplæring
- ferdigstille retningslinjer for inntak til vidaregåande opplæring, der realkompetanse er eitt av kriteria for inntak til, og avkorting av, opplæringsløpet
- arbeide vidare med utvikling og drift av fleksible, tilpassa opplæringstilbod for vaksne, og ferdigstille retningslinjer for yrkesprøving
- bidra til at lærarane i den vidaregåande opplæringa utviklar og styrkjer kompetansen sin til å bruke informasjons- og kommunikasjonsteknologi i opplæringa i fag
- stimulere til kompetanseutvikling i samband med utviklingsprosjekt i vidaregåande opplæring

- ring, blant anna gjennom PILOT og prosjekt differensiering og tilrettelegging
- ta initiativ til utviklingsarbeid som er knytt til skole- og bedriftsbasert vurdering
- opprette ein nasjonal, elektronisk ressursbank til støtte for arbeidet med skole- og bedriftsbasert vurdering og kvalitetsutvikling
- arbeide vidare med retningslinjer for læreplanarbeid med sikte på å få eit felles dokument for utvikling av læreplanar for både grunnskole og vidaregåande opplæring
- gjennom den løpande læreplanrevisjonen leggje vekt på å gjennomføre ei meir formålstenleg modulinnending
- vurdere eventuelle strukturelle tilpassingar i studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag der vurdering av kroppssøving er ein del
- stimulere til ei vidare omstilling av skolane til ressurscenter for kompetanseutvikling i lokalt arbeidsliv. Særleg vekt vil bli lagt på omstillinga som ledd i det distriktpolitiske arbeidet
- sørge for at gode eksempel frå prosjektet om entreprenørskap blir spreidde til andre fylkeskommunar

Elevar og lærlingar skal ha eit godt lærings- og arbeidsmiljø

Eit godt lærings- og arbeidsmiljø er ein viktig føresetnad for læring, trivsel og tryggleik i skolen og i lærebedriftene. Forbetring av lærings- og arbeidsmiljøet i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa er eit av satsingsområda til departementet, jf. omtale i kategori 07.20.

Tilstandsvurdering

Reglane i arbeidsmiljølova gjeld for lærlingar på same måte som for dei andre arbeidstakarane i ei lærebedrift. Forskrift om miljøretta helsevern for skolar og barnehagar har reglar om fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for elevar. Opplæringslova har òg reglar knytte til arbeids- og læringsmiljø. Stortinget har bedt Regjeringa fremme forslag om å lovfeste nye reglar om arbeidsmiljø for elevar og studentar.

Ei evaluering av forskrift om miljøretta helsevern i skolar på oppdrag frå Sosial- og helsedepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet viser at fylkeskommunane har komme langt i arbeidet, men at ikkje alle skolar enno oppfyller krava i forskrifta. Som eit ledd i arbeidet med nettverk for miljølære har departementet derfor starta opp eit

inneklimateprogram, der vekt blir lagt på energi og inneklimate i skolen. Ei rekkje skolar har teke del i programmet, der elevane sjølv prøver ut tiltak for å betre energibruken og inneklimate ved eigen skole. Programmet byggjer på tidlegare erfaringar frå MEIS-prosjektet (Miljø, energi og inneklimate i skolen).

Tilstandsrapportar frå utdanningskontora viser at fylkeskommunar og vidaregåande skolar har arbeidd meir aktivt og målretta for å førebygge og motverke uønskt åtferd i skolen. Konkrete tiltak er gjennomførte, og fleire fylkeskommunar og vidaregåande skolar har også i sine planar innarbeidd aktivitetar for å hindre bruk av rusmiddel, vald, mobbing og rasisme. Det er òg lagt større vekt på systemretta arbeid og tverretatleg samarbeid enn tidlegare. Dette er ei positiv utvikling, men det står enda igjen ein god del arbeid på dette området.

Departementet har gjennom arbeidet med prosjekt og handlingsplanar ønskt å styrkje innsatsen for eit positivt lærings- og oppvekstmiljø i den vidaregåande opplæringa. Tiltaka skal gjere elevane og lærlingane betre i stand til å ta ansvar for seg sjølv og andre, og har som hovudmål å styrkje trivsel, motivasjon og elevmedverknad. Vi viser her til omtale under kap. 238.

Som oppfølging av St.meld. nr. 17 (1999-2000) Handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet sette Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Barne- og familiedepartementet ned ei faggruppe. Denne gruppa vurderte ulike program og tiltak som har som formål å redusere problemåttferd og utvikle sosial kompetanse. Sjå kategori 07.20 for nærmare omtale.

Tilstandsrapportane frå statens utdanningskontor viser at nokre skolar gjennomfører relativt mange aktivitetar knytte til miljø og utvikling. Etter rapportane fungerer emnet godt som grunnlag for prosjektarbeid. Fleire utdanningskontor legg vekt på at skolen kan bli ein ressurs i den lokale miljøforvaltninga, og det synest å vere samanheng mellom utvikling av kommunale og fylkeskommunale miljølæreplanar, tverretatleg samarbeid og planar og oppfølging av miljøopplæring på skolane. Ein forskingsbasert rapport viser likevel store variasjonar i innsatsen mellom kommunar og fylkeskommunar og skolar.

Strategiar og tiltak

Departementet vil:

- komme med forslag til lov- og forskriftsendringar for betre å sikre eit godt arbeidsmiljø for elevane

- føre vidare og styrkje arbeidet med å førebyggje problemåtferd og styrkje den sosiale og etiske kompetansen
- halde fram med det førebyggjande arbeidet for å hindre bruk av rusmiddel, vald, mobbing, diskriminering og rasisme
- føre vidare arbeidet med miljø og utvikling

Utdanninga skal vere rettferdig og prega av solidaritet nasjonalt og internasjonalt

Utdanninga skal vere rettferdig. Det skal ikkje vere sosial bakgrunn, kjønn, etnisk tilknytning eller økonomisk evne som avgjer om det er mogleg for den enkelte å ta opplæring av høg kvalitet. Rettferd handlar òg om å gi tilbod om ein ny sjanse til dei som aldri fikk opplæring, og om jamstilling mellom kvinner og menn. Rettferd handlar vidare om solidaritet både nasjonalt og internasjonalt.

Tilstandsvurdering

Med lovfesta rett til vidaregåande opplæring får dei vaksne eit nytt og betre utgangspunkt for å heve kompetansen sin. Stortinget vedtok å auke rammetilskottet til fylkeskommunane med 44,55 mill. kroner i 2000 knytt til innføring av lovfesta rett for vaksne, utviding av uttaksramma for rett til vidaregåande opplæring og rett til punktskrift. Løyvinga i rammetilskottet for 2000 er vidareført i 2001. Finansiering av dei meirkostnadene fylkeskommunane har i samband med retten for dei vaksne, skal dekkjast av veksten i dei frie inntektene, jf. budsjettproposisjonen til Kommunal- og regionaldepartementet. Det er usikkert kor mange fleire vaksne som nå vil søkje vidaregåande opplæring. I Innst. O. nr. 89 (1999-2000) ber komiteen Regjeringa om å følgje utviklinga og leggje fram oversikter i dei årlege budsjetta.

Kompetansereforma gir òg nye sjansar for kvinner som ikkje har fått vidaregåande opplæring. Noreg har ein av dei mest kjønnsdelte arbeidsmarknadene i den vestlege verda. Dei systematiske skilnadene mellom jenter og gutar startar allereie i grunnskolen og blir forsterka i den vidaregåande opplæringa. Departementet arbeider med særskilde tiltak for å informere og rettlege gutar og jenter om utdanningsval på tvers av tradisjonelle kjønnsroller. Det treårige arbeidet for ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad gjennom prosjektet bevisste utdanningsval skal vere avslutta ved årsskiftet 2000-01. Det er òg nødvendig med tiltak for å sikre trivselen for dei som har

valt utradisjonelt, og samarbeide med arbeidslivet for å gi desse gode læreplassar.

Det er sett i gang ei ordning med utlån av lærebøker ved dei vidaregåande skolane. Ordninga skal redusere dei samla utgiftene til lærebøker for elevane. Samtidig vil ordninga kunne bidra til å bevisstgjere lærarar og elevar om den rolla læreboka har i læringsarbeidet sett i samanheng med måla i læreplanane. Ordninga skal også bidra til å fremme pedagogisk nytenking og kreativitet i tråd med generell del av læreplanen. Elevane skal delta aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av utlansordninga, jamfør omtale under kap. 239 post 60.

Utdanning, særleg for jenter, er eit av dei mest effektive verkemidla for å kunne bryte ut av fattigdom. Departementet har nå eit samarbeid med utdanningsdepartementa i Nepal og i Zambia om støtte til gjennomføring av reformer i grunnskolen.

Rapporteringa frå statens utdanningskontor tyder på at hovudinnsatsen når det gjeld internasjonalt arbeid i sektoren, er knytt til EU-programma LEONARDO DA VINCI og SOKRATES. Det blir understreka at det er behov for i større grad å leggje eit globalt perspektiv til grunn for arbeidet med internasjonalisering i vidaregåande opplæring.

Departementet legg vekt på samarbeidet innanfor UNESCO og Europarådet, der utdanning er eit sentralt ledd i demokrati- og samfunnsbygginga i ulike utviklings- og reformland. Gjennom UNESCO-nettverket ASP (Associated Schools Project), som får stønad frå departementet, jf. kap. 288 post 74, kan norske skolar få kontakt m.a. med skolar i ulike utviklingsland. Europarådet er ein viktig kanal m.a. for samarbeid med land i Sentral- og Aust-Europa. Europarådet og EU har saman erklært 2001 for Det europeiske språkåret for å framheve det språklege mangfaldet i Europa og synleggjere nytten av framandspråk i eit globalisert samfunn. Utvikling av utvekslingsordningar i den nordiske regionen står sentralt i skolesamarbeidet i Nordisk Ministerråd. Departementet er med i planlegging av ei utvekslingsordning for elevar i grunnskolen etter modellen frå Nordplus-junior, som allereie er i gang for vidaregåande skole. Ein viktig del av det nordiske samarbeidet er å styrkje kontaktar innanfor utdanning med land i nærområda, som Baltikum og Nordvest-Russland. Nasjonalt er dette følgt opp ved at samarbeid med Russland og på Nordkalotten generelt blir framheva som positivt i dei nordlegaste fylka. Departementet er òg engasjert i det arbeidet OECD gjer med utdanningspolitikk når det gjeld

livslang læring, overgang frå skole til arbeidsliv og utvikling av indikatorar på ulike område innanfor utdanning.

Læreplan i det nasjonale valfaget nord – sørkunnskap er fastsett. Faget gjeld alle studieretningar i den vidaregåande opplæringa. Målsettinga med faget er å gi elevane innblikk i den globale makt- og ressursfordelinga i eit nord – sørperspektiv.

Noreg deltek i ei undersøking om demokratiopplæring, Civic Education Study.(CIVIC), initiert av The International Assosiation for the Evaluation of Educational Achivement (IEA). Undersøkinga tek sikte på å avdekkje kva ungdom har av kunnskapar, dugleikar, haldningar og handlingspotensial som er viktige for demokratiet. Dette vil ein sjå mellom anna i forhold til nasjonal identitet og internasjonale institusjonar.

I Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000) bad komiteen departementet komme attende med eit opplegg for finansiering av skolar med særlege samarbeidsprosjekt, som til dømes den norsk-russiske vidaregåande skolen i Moskva. Utanriksdepartementet gav i 1995 støtte til ein skole i Moskva etter modell av Reform 94. Skolen har sidan blitt kalla den norsk-russiske skolen i Moskva. Skolen har russisk eigar og kan ta imot fem norske elevar kvart år. Føresetnaden for støtta var at prosjektet kunne førast vidare utan norsk støtte når Samarbeidsprogrammet for Sentral- og Aust-Europa blei avslutta i 1996. Akershus fylkeskommune og Skedsmo vidaregåande skole har hatt elevar på denne skolen, og har i søknad til departementet bedt om støtte til ordinær drift av skolen.

Departementet har avslått søknaden og grunngitt det med at staten ikkje bør ta økonomisk ansvar for samarbeidsprosjekt som fylkeskommunane sjølve initierer, og som inneber finansiering av ordinære driftskostnader for enkelte skolar som styresmaktene i andre land eig og driv. Dersom staten skal gi støtte til den norsk-russiske skolen i Moskva, vil dette skape presedens for andre søknader departementet får om liknande prosjekt og for dei fylkeskommunane som har samarbeidsprosjekt med andre land. Konklusjonen til departementet er derfor at staten ikkje skal gi støtte til drifta av den norsk-russiske skolen i Moskva.

Strategiar og tiltak

Departementet vil:

- sjå til at fylkeskommunane legg til rette for eit tilpassa opplæringstilbod til vaksne i tråd med den individuelle retten til slik opplæring
- følgje utviklinga i talet på vaksne i vidaregåande opplæring
- føre vidare ordninga med utlån av lærebøker
- arbeide for å styrkje internasjonal solidaritet i den vidaregåande opplæringa mellom anna gjennom å utvikle ein læreplan for eit valfag i demokrati, menneskerettar og konfliktforståing
- delta aktivt i dei internasjonale samarbeidsorganane som arbeider med opplæring
- forsterke samarbeidet med elev- og lærarorganisasjonane om ei internasjonal veke ved alle grunnskolar og vidaregåande skolar i samband med Operasjon Dagsverk

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på postgrupper:

		(i 1 000 kr)			
Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	308 406	306 999	334 240	8,9
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	3 251	4 707	4 789	1,7
60-69	Overføring til kommunesektoren	262 210	404 398	388 526	-3,9
70-89	Overføring til private	396 567	430 051	404 910	-5,8
	Sum kategori 07.30	970 434	1 146 155	1 132 465	-1,2

Kap. 0231 Tilskott til vidaregåande opplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
60	Tilskott til landslinjer	136 877	139 177	139 177
61	Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga	82 883	85 121	89 921
65	Tilskott til ekstra opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	25 000	38 400	29 428
66	Tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale		30 000	30 000
	Sum kap. 0231	244 760	292 698	288 526

Kapitlet gjeld tilskott til:

- landslinjer
- opplæring innanfor kriminalomsorga
- ekstra opplæring for språklege minoritetar i den vidaregåande opplæring
- tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale

Post 60 Tilskott til landslinjer

Målsetjinga med tilskottsordninga er å sikre elevar eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs. Det er Stortinget som har fastsett dei kursa som har status som landslinje.

Tilskottet går til innkjøp av utstyr og til drift av landslinjene. I skoleåret 2000-01 vil kapasiteten vere 1 406 heilårselevplassar. Kapasiteten for skoleåret 1999-2000 var 1 401 heilårselevplassar.

Departementet har inngått eit samarbeid med Kommunenes Sentralforbund (KS) om fordeling av midlane til utstyr til landslinjene.

Tilskottet til drift blir gitt på grunnlag av kor mange heilårselevplassar det er. I løpet av skoleåret 1999-2000 var det 367 vaksne som tok halvårig kurs i yrkessjåføraget og 146 lærlingar som tok 1/4-års opplæring i skole. Våren 2000 var det på landslinje innanfor yrkessjåføraget tolv elevar som i mangel av læreplass tok vidaregåande kurs II i skole. Elevlistene frå våren 2000 syner at i overkant av 76 pst. av elevane/lærlingane ved landslinjetilboda innanfor yrkessjåføraget kjem frå vertsfylkeskommunen. Våren 2000 gjekk det 868 elevar ved dei andre landslinjetilboda, dvs. anleggsmaskinførar, anleggsmaskinreparatør, flyfag, avionikk, flytekniske fag, romteknologi, folke-musikk, langrenn, alpint, telemark, kombinert, hopp og økologisk landbruk. Av desse kom 391 elevar frå vertsfylkeskommunen og 477 elevar frå andre fylkeskommunar. Kapasitetsutnyttinga

samla for alle landslinjene var om lag 78,5 pst. våren 2000 og 75 pst. våren 1999.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på samme nivå som i 2000.

Post 61 Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga

Formålet med tilskottsordninga er å gi undervisning på grunnskolenivå til innsette/frigitte som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til dei som ønskjer det. På grunn av at mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, eksisterer det ikkje eit reelt tilbod om opplæring som er bygd på kompetansegivande læreplanar. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike grupper av innsette skal ha eit reelt opplæringstilbod, er det også eit mål å gi kurs som ikkje er formelt kompetansegivande.

Det blir gitt opplæring i 35 av dei 43 anstaltane som finst i landet, og det er etablert oppfølgingsklassar elleve stader i landet. I 1999 var talet på elevplassar 811. Dette er ein liten oppgang frå 1998 som kjem av elevplassar i den nye varetektsavdelinga ved Bergen landsfengsel. Over halvparten (53 pst.) av undervisningstilboda innanfor vidaregåande opplæring er i studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag. Talet på elevar som har fått grunnskoleopplæring, har gått ned, og det har blitt oppretta fleire kurs som ikkje er formelt kompetansegivande. Det er også fleire som teiknar lærekontraktar og fleire som tek teoriundervisning for å få fagbrev som praksiskandidatar (opplæringslova § 3-5) enn tidlegare. Samla er kapasitetsutnyttinga om lag 75 pst., dvs. noko betre enn i føregåande år. I 1999 tok 460 elevar eksamen mot 504 i 1998. Men det var fleire elevar i 1999 som tok ikkje-kompetansegivande kurs samanlikna med året før. Nesten tre firedelar av elevane er i alderen 23-40 år. Aldersgruppa mel-

lom 41-50 år er aukande samanlikna med tidlegare år. Varetektsinnsette utgjer også ein stadig større del av dei innsette og av elevgruppa. Gjennomsnittskostnaden per elevplass er kr 135 000, men det er stor variasjon frå skole til skole. I 1999 var 278 lærarar heil- og deltidengasjerte i dette feltet.

For nærare omtale av den forskningsbaserte evalueringa av fengselsundervisninga og prosjekt med målsetjing om å styrkje oppfølgingsarbeidet etter avslutta soning, sjå kap. 238.

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2000 blei Regjeringa bedt om å setje ned eit representativt utval som skulle gjennomgå mellom anna tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga. Utvalet la fram innstillinga si sommaren 2000. Utvalet rår til at løyvinga framleis blir øymerkt, men at ho årleg blir justert for pris- og lønnsauke.

Løyvinga blir justert opp i 2001 for å ta omsyn til pris- og lønnsauke.

Post 65 Tilskott til ekstra opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring

Målsetjinga med tilskottsordninga er å stimulere skoleeigarane til å gi ekstra språkopplæring til språklege minoritetar i vidaregåande opplæring. Ordninga omfattar også samar og kvenar.

Tilskottsordninga er lagd om frå 1. januar 2000. Kriteria for utbetaling av tilskott for dei minoritetsspråklege er endra for å nå målgruppa betre. Kriteria for tilskott til samar og kvenar er ikkje endra.

Hausten 1999 utløyste 2 271 elevar/lærlingar tilskott frå denne tilskottsordninga. Av desse var 1 988 elevar ved fylkeskommunale og 42 ved private vidaregåande skolar. I tillegg var det 241 elevar ved Statens ressurs- og vaksenopplæringssenter. Det blei utbetalt tilskott for 241 samiske og 32 kvenske elevar.

Våren 2000 var det 3 738 elevar/lærlingar som utløyste tilskott frå ordninga. Dette er ein auke på vel 60 pst. frå hausten 1999. Auken skuldast at fleire minoritetsspråklege oppfylde kriteria for å utløyse tilskott som følgje av omlegginga av tilskottsordninga. Samstundes var det nedgang i talet på samiske og kvenske elevar/lærlingar som utløyste tilskott. 202 samiske og sju kvenske elevar/lærlingar utløyste tilskott i samisk og finsk som andrespråk. Samanlikna med hausten 1999 er dette stor nedgang for både samar og kvenar, men det er for tidleg å seie om dette er ein mellombels variasjon eller ein trend som vil halde fram. Tilskottsordninga vil bli evaluert etter at ho har vore operativ i eitt år, altså i 2001.

Som ledd i det samla finanspolitiske opplegget foreslår departementet at tilskottet på posten blir sett ned frå 38 400 000 kroner i 2000 til 29 428 000 kroner for 2001.

Post 66 Tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale

For 2000 blei det løyvd 30 mill. kroner i tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale i samband med etablering av dei to nye grunnkurser sal og service og medium og kommunikasjonsfag. Med tilpassing av lokale meiner departementet dei endringane av lokale som følgjer av nye og endra læreplanar, men ikkje påbygg og nybygg. Heile beløpet på 30 mill. kroner er fordelt til fylkeskommunane etter talet på elevar i grunnkurser hausten 1999.

Departementet foreslår å føre vidare tilskottet i 2001. Midlane skal gå til kjøp av undervisningsutstyr og tilpassing av lokale for vidaregåande kurs I som følgje av etablering av dei to nye grunnkurser.

Kap. 0232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 60</i>	127 873	126 050	136 058
21	Tryggleiksoplæring for fiskarar	23 864	14 562	14 999
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 251	4 707	4 789
60	Tilskott til fylkeskommunar	8 000	1 700	
75	Tilskott til stipend og kurs for tilsette	115	299	308
	Sum kap 0232	163 103	147 318	156 154

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 232 post 01 er oppjustert med 4,9 mill. kroner mot ein parallell oppjustering av kap. 3232 post 02.
- Kap. 232 post 01 er redusert med om lag 1,2 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Kap. 232 post 60 er redusert med 1,7 mill. kroner på bakgrunn av at midlar til Maskinførarskolen for landbruket er overført til rammetilskuddet til Nordland fylkeskommune, jf. kap. 572 post 60.

Kapitlet omfattar driftsløyvingar og tilskott til:

- Noregs brannskole
- Tryggleiksopplæring for fiskarar
- Statens dykkarskole, Bergen
- Statens trafikk lærarskole, Stjørdal
- Samisk vidaregåande skole, Karasjok
- Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole, Kautokeino
- Statens gartner- og blomsterdekoratørskole Veia, Moelv
- Ørland meieriskole, Brekstad

Dessutan omfattar kapitlet tilskott til fylkeskommunar som har overteke drifta av tidlegare statlege landbruksskolar, i ein 2-4-årsperiode etter overtakinga. Dei fire førstnemnde tiltaka er utanfor lov om vidaregåande opplæring.

Resultatrapport for 1999-2000

Felles for skolane under dette kapitlet er at dei har eit nasjonalt og landsdekkjande ansvar for å gi opplæring på sitt område. I skoleåret 1999-2000 har skolane gjennomført den kurs- og opplæringsverksemda som var føresett i planane. På nokre av kursa har det likevel ikkje vore full kapasitetsutnytting i denne perioden.

Tidlegare Statens navigasjonsskolefartøy M/S «Sjøveien»

Verksemda blei lagd ned frå 1. august 1998, jf. St.prp. nr. 1 (1996-97). Fylkeskommunane har ikkje vore interesserte i å overta fartøyet for å nytte det til utdanningsformål. Skipet blei sommaren 1999 derfor selt til private, slik Stortinget tidlegare hadde samtykt i.

Noregs brannskole

Talet på elevar på dei kvalifiserande kursa som vert gjennomførde ved Noregs brannskole, har stige med 74 pst. frå 520 elevar i 1994 til 924 elevar i 1999/2000.

Aktiviteten ved Brannskolen omfattar ei rekkje kurs av varierende lengd, frå vekeskurs til 5-9-vekers kurs og brevkurs. I 1999 omfatta verksemda i alt 2 229 deltakarar fordelt på nærmare 100 kurs, inkludert brevkurs. Skolen har i perioden komme godt i gang med planlegginga av opplæringa for deltidsbrannpersonell, m.a. utviklinga av det nødvendige læremateriellet.

Sentret i Borre blei våren 2000 overført frå staten til Vestfold fylkeskommune, som driv kursverksemd innanfor tryggingssopplæring ved sentret. Tryggingssentret i Haugesund er nedlagd som statleg verksemd, men vil bli søkt ført vidare som eit privat selskap, jf. omtale under kap. 274.

Statens dykkarskole

I 1999 omfatta verksemda ved Statens dykkarskole anleggsdykkarkurs, grunnkurs, inspeksjonskurs samt diverse kortare kurs. Kurs for klokkyddkarutdanning vart ikkje sett i gang i 1999. Det har vore ein monaleg auke i kursaktiviteten ved skolen sidan 1998. Talet på elevdagar har såleis stige med 51 pst. frå 2 847 i 1998 til 4 299 i 1999. I alt var det 143 deltakarar ved de ulike kursa.

Ei arbeidsgruppe har vurdert framtidige oppgåver og tilknytingsform for skolen. Forslaga frå arbeidsgruppa har vore på høring i vårhalvåret 2000, og er no til vidare handsaming i departementet.

Statens trafikk lærarskole

Ved skolen er det desse tre hovudkategoriane av kurs:

- eittårig grunnutdanning for trafikk lærarar – 72 elevar
- femtenvekers kurs for kjørelærarar for tungtransport – 33 elevar
- seksvekers kurs for fagleg leiar – 23 elevar

Det er full kapasitetsutnytting ved desse kursa. I 1999 var det i alt 394 elevar ved skolen sine kurs totalt.

Ei arbeidsgruppe har vurdert framtidige oppgåver og tilknytingsform for skolen. Forslaga frå arbeidsgruppa er sendt til høring hausten 2000.

Statens samiske vidaregåande skolar

Det ordinære omstillingsprogrammet for reindriftsnæringa i indre Finnmark blei avslutta i 1998, men skolane vil framleis spele ei aktiv rolle som ressurscenter overfor sjølve reindriftsnæringa og i utviklinga og styrkinga av det lokale samfunns- og næringslivet for øvrig.

Dei to skolane for samisk ungdom har i dei seinare åra merkt nedgangen i elevtalet. Det er sett i gang tiltak for å betre rekrutteringa, særleg til dei yrkesfaglege studietilboda ved skolane. I skoleåret 1999-2000 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 99 ordinære elevar og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i alt 89 ordinære elevar. Det er sett i gang tiltak for å betre gjennomstrøyminga av elevar ved dei to skolane.

Departementet har i perioden gjennomført ei evaluering av samisk vidaregåande opplæring

under Reform 94. Evalueringa vart avslutta våren 2000. Evalueringa er todelt og har omfatta læreplanverket, tilbodsstrukturen og arbeidsformene på den eine sida og dimensjonering av tilboda og organisering og samarbeid i samisk vidaregåande opplæring på den andre. Den vidare oppfølginga av evalueringa ligg nå til behandling i departementet.

Det er framleis behov for ei betre rekruttering av kvalifiserte lærarar til dei to skolane, særleg i samisk språk og kulturfag. Dei ekstra økonomiske tiltaka for lærarane blir ført vidare i 2001.

Statens vidaregåande skolar i landbruksfag og naturbruk

Talet på heilårselevar ved dei gjenverande to statlege skolane fordeler seg slik på dei ulike skolane og fylka per 1. oktober 1999:

Talet på heilårselevar fordelt på skolar og fylke

Skole	Fylke	Talet på heilårselevar totalt i 2000	Talet på heilårselevar frå heimfylket i 2000
Statens gartner- og blomsterdekoratørskole Veia	Hedmark	74	34
Ørland meieriskole	Sør-Trøndelag	12	2

I 1999 var gjennomsnittleg kostnad per elev kr 110 000 ved Statens gartner- og blomsterdekoratørskole og kr 137 000 ved Ørland meieriskole. For skoleåret 1999/2000 har det på grunn av dårleg søknad vore ei halvering av talet på elevar ved Ørland meieriskole.

For begge dei to skolane er dei framtidige oppgåvene og tilknytingsformene blitt vurderte av arbeidsgrupper. Forslaga frå arbeidsgruppene har i vårhalvåret 2000 vore til høring og ligg nå til vidare behandling i departementet.

Resultatmål for 2001

Tilknytingsforma for desse bransjeskolane vil bli nærmare vurdert etter at høringsrunden er avslutta. Dei prinsippa for organiseringa av utdanninga på mellomnivået som Berg-utvalet har skisert, jf. NOU 2000: 5, vil m.a. bli lagde til grunn i vurderinga.

Noregs brannskole

Noregs brannskole vil som følgje av betra kapasitet utvide omfanget av utdanningsverksemda for heiltdsbrannpersonell. Skolen vil i inneverande peri-

ode setje i gang med desentraliserte utdanningstilbod for deltidsbrannpersonell. For å dekkje det oppsamla utdanningsbehovet i brannvesena vil Noregs brannskole i ein overgangsperiode kjøpe opplæringstenester ved anlegga i Borre og Hauge-sund, om dei prismessig kan konkurrere.

I samband med at Luftfartsverkets trenings-senter skal lokalisert til Tjeldsund, vil Noregs brannskole delta i planlegginga av sambruk av funksjonar mellom dei to etatane i framtida. Dette gjeld bruk av felles lokale, teknisk utstyr o.l.

Styret for Noregs brannskole har tidlegare tilrådd å endre departementstilknyttinga for skolen. Departementet vil vurdere spørsmålet nærmare i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet.

Statens dykkarskole

Statens dykkarskole vil gjennomføre kurs etter det same opplegget som tidlegare år, når det gjeld både grunnutdanning og spesialkurs. Kurs for klokkekykkarutdanning vil bli sett i gang om det er behov for det. Skolen vil i stadig større grad selje kurs og tenester til det private næringslivet og kommunane.

Statens trafikklærarskole

Statens trafikklærarskole har som hovudoppgåve å gi landsdekkjande tilbod til køyreskolane, Statens vegvesen og det offentlege skoleverket om lærar- og sensorutdanning. Skolen tok hausten 1998 i bruk nye og meir tenlege lokale. Dette gjer det mogleg for Trafikkklærarskolen å kunne tilby meir spesialiserte tenester, samstundes som ein i 2001 vidarefører kursverksemda innanfor skolens hovudområde.

Departementet vil vurdere framtidige oppgåver og organisasjonsform for skolen etter at utgreiinga om desse spørsmåla har vore til høring, jf. ovanfor.

Statens samiske vidaregåande skolar

Dei samiske vidaregåande skolane står framleis overfor store oppgåver og utfordringar i samband med omstilling og rasjonalisering av reindriftsnæringa. Skolane vere i stand til å løyse desse oppgåvene, er det naudsynt med eit nært samarbeid mellom dei to skolane slik at ein kan gi tenlege opplæringstilbod, så vel til dei unge som til den vaksne delen av befolkninga.

Som oppfølging av evalueringa av samisk vidaregåande opplæring under Reform 94 vil departementet vurdere ulike tiltak for styrking av innhaldet i samisk vidaregåande opplæring.

Departementet vil i inneverande periode vurdere tilknytingsforma for dei to samiske vidaregåande skolane i nær kontakt med bl.a. Sametinget og regionale utdanningsinstansar i området.

Statens vidaregåande skolar i landbruksfag og naturbruk

Departementet vil i samråd med bransjen og fylkeskommunen der skolane ligg, sjå nærmare på alternative løysingar for vidare drift av desse skolane, eller om det er grunnlag for vidare statleg drift. Når det gjeld Ørland meieriskole, har departementet teke opp forhandlingar med Sør-Trøndelag fylkeskommune om ei overføring av skolen frå 1. august 2001.

Budsjettforslag for 2001

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 60

Løyvinga vert vidareført på om lag same nivå som i 2000. Det er lagt inn kompensasjon for dei to ekstra lønstrinna til lærarane i samband med den nye arbeidstidsavtalen. Løyvinga til statens vidaregåande skolar i landbruksfag og naturbruk er

reduisert samanlikna med 2000 som følgje av tidlegare overføring av Maskinførarskolen for landbruket til Nordland fylkeskommune. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3232 post 02 og post 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Tryggleiksopplæring for fiskarar

Sjøfartsdirektoratet har i forskrift av 10. februar 1989 gitt forskrifter om obligatorisk tryggleiksopplæring for fiskarar. Tryggleiksopplæringa omfattar eit grunnleggjande tryggleikskurs og repetisjonskurs. Repetisjonskurs skal gjennomførast mellom fem og åtte år etter grunn- eller repetisjonskurs. Tryggleiksopplæringa blir administrert av Tromsø maritime skole og blir driven på bakgrunn av avtale mellom departementet og Troms fylkeskommune.

I samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2000 vedtok Stortinget å innføre eigendel for deltakarar på repetisjonskurs. Vedtaket er gjennomført, og eigendelen er kr 2 200. Grunnleggjande tryggleikskurs er normalt gratis for fiskarane. Ved same høve bad komiteen departementet komme attende i statsbudsjettet for 2001 dersom innføring av eigendel fører til negativ utvikling i verksemda. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har bedt Tryggleiksopplæringa rapportere om utviklinga etter innføringa av eigendel. Departementet og Tryggleiksopplæringa for fiskarar vurderer det slik at dette ikkje har ført til negativ utvikling i verksemda. Endringar i talet på fiskarar på dei ulike kursa synest å skuldast mellom anna større utskifting i yrkesgruppa enn ein har rekna med tidlegare.

I 1999 gjennomførte i alt 1 333 fiskarar grunnleggjande tryggleiksopplæring. Dette svarer til 100 pst. av kapasiteten, og er ein auke på om lag 250 fiskarar samanlikna med året før. Av deltakarane var det 401 deltakarar på det kursfartøyet som tryggleiksopplæringa disponerer, resten ved tryggleikssenter på land. For repetisjonskurs var det budsjettert med 2 660 kursdeltakarar. 1 819 gjennomførte kursa, noko som er ein utnyttingsgrad på 68 pst. Dette er likevel ein liten stigning i talet samanlikna med året før. Vel halvparten av deltakarane fekk opplæring på kursfartøyet. Tryggleiksopplæringa reknar med at denne trenden vil halde seg i tida framover, slik at talet på fiskarar som treng grunnkurs i dei nærmaste åra vil auke, medan talet på fiskarar som treng repetisjonskurs vil gå ned. Dette heng saman med den utskiftinga i yrkesgruppa som er nemnd ovanfor.

Tryggleiksopplæringa rapporterer at det i femårsperioden 1995 til 1999 blei registrert 62 dødsulykker i fiskarflåten. Dette er 70 ulykker færre enn i perioden 1990 til 1995.

Departementet foreslår at løyvinga for 2001 blir ført vidare på same nivå som for 2000.

Post 45 Større nyinnkjøp og vedlikehald, kan overføres

Løyvinga skal gå til innkjøp av nødvendig utstyr til skolane på dette kapitlet.

Post 60 Tilskott til fylkeskommunar

Tilskottet gjeld øyremerkte midlar som følgje av fylkeskommunal overtaking av statlege skolar. Midlane er overførde frå post 01, og vert løyvde over post 60 i ein overgangsfase på 2–4 år, før dei vert lagde inn i rammetilskottet til fylkeskommunane.

Tilskottsordninga skal bidra til å gi fylkeskommunal vidaregåande opplæring ved dei tidlegare statlege skolane i landbruksfag og naturbruk, innanfor nærmare definerte område og innanfor eit nærmare avgrensa tidsrom.

Kven som skal motta tilskottet og kor lenge, er regulert i avtale mellom staten og den einskilde fylkeskommunen som har overteke ansvaret for

vidare drift av tidlegare statleg vidaregåande skole. Storleiken på tilskottet, tidspunkt for utbetaling og krav til rapportering av tilskottet går fram av den einskilde avtalen.

Post 75 Tilskott til stipend og kurs for tilsette

Formålet med denne tilskottsordninga er å bidra til ajourføring og fagleg utvikling for tilsette ved statlege vidaregåande skolar.

Tilskottet vert gitt til rektorar, lærarar og andre tilsette ved statlege vidaregåande skolar. Tilskott skal øyremerkjast til opplæringstiltak og kursverksemd som bidrar til ajourføring og fagleg utvikling i høve til dei bransjane skolane er sikta inn mot. Tilskott vert tildelt etter søknad og på grunnlag av skolens plan for etterutdanning i samband med omstillingsarbeidet ved skolane, jf. omtalen ovanfor.

Departementet forvaltar sjølv tilskottsordninga. Etter fullført kurs skal mottakarane av tilskott sende inn rapport til leiinga ved skolen om kva kurs som er gjennomførde. Skolen skal med utgangspunkt i tilskotta omtale kurs som er gjennomførde, i sin årlege rapport til departementet om verksemda.

Løyvinga på post 75 er på same nivå som i 2000.

Kap. 3232 Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
02	Salsinntekter o.a.	16 769	6 752	12 002
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	312		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	421		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	890	719	719
	Sum kap. 3232	18 392	7 471	12 721

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Kap. 3232 post 02 er oppjustert med 4,9 mill. kroner mot ein parallell oppjustering av kap 232 post 01.

Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved Statens gartnar- og blomsterdekoratørskole Vea.

Kap. 0234 Tilskott til lærebedrifter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	2 947	3 458	7 217
60	Tilskott til formidling av reformlæringer	9 450	10 000	
70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar	305 593	345 000	315 500
71	Tilskott til drift av opplæringsråd	6 472	7 578	7 805
73	Tilskott til lærlingar	6 210		
Sum kap. 0234		330 672	366 036	330 522

Kapitlet gjeld tilskott til:

- lærebedrifter, inkludert opplæringsringar og opplæringskontor
- opplæringsråd og Rådet for fagopplæring i arbeidslivet
- sekretariat for små og verneverdige fag

Post 01 Driftsutgifter

Departementet har ein avtale med Håndverksregisteret ved De Sandvigske Samlinger om drift av sekretariatet for små og verneverdige fag. Organisering av arbeidet med små fag og verneverdige teknikkar blei ført vidare i 2000. Sekretariatet har etablert samarbeidsforhold mellom dei ulike aktørane som er knytte til fag- og yrkesopplæringa. Sekretariatet for små og verneverdige fag vil føre vidare arbeidet med å ta vare på og utvikle små fag og verneverdige teknikkar i tråd med intensjonane frå Stortinget.

Departementet har teke del i prosessen med å utvikle systemet «Linda opplæring» for å sikre at dei nasjonale interessene på området blir tekne vare på.

Ein nasjonal vitnemålsbase blei teke i bruk sommaren 2000 ved opptaket til høgere utdanning. Basen vil bli utvikla vidare til også å ta inn årskursbevis på dei yrkesfaglege studieretningane og fag- og sveinebrev. Etter den nye forskrifta for opptak til høgere utdanning er no slik dokumentasjon også eit opptaksgrunnlag til denne utdanninga.

Posten kan bli brukt til å dekkje andre utgifter knytte til fagopplæringa.

Departementet foreslår for 2001 å overføre midlar til dekking av utgifter til Rådet for fagopplæring i arbeidslivet og aktivitetstilskott til 20 opplæringsråd frå kap. 200 post 21 til kap. 234 post 01. Årsaka er at ein ønskjer å unngå oppsplitting av utgiftene på fleire postar. Dette inneber ei styrking av kap. 234 post 01 med 5 690 250 kroner mot tilsvarende reduksjon av kap. 200 post 21. For 2001

foreslår departementet også å overføre 500 000 kroner frå kap. 234 post 01 til kap. 234 post 70 Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar. Midla skal brukast til å auke tilskottet for lærlingar i små og verneverdige fag. Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga for 2001 med 1,5 mill. kroner mellom anna som følgje av at hovuddelen av utviklinga av den nasjonale vitnemålsdatabasen er gjennomført.

Post 60 Tilskott til formidling av reformlæringer

Målsetjinga med det ekstra stimuleringstilskottet har i 1999 og 2000 vore å styrkje den innsatsen fylkeskommunane har gjort for å formidle søkjarar med stort fråvær og svake karakterar til læreplass. Rapportane frå fylkeskommunane for 1999 viser at det meste av midlane er brukt til tilsetjing av fleire personar ved fagopplæringskontora som har fått i oppgåve å ha kontakt med rådgivarar i skolen, partane i arbeidslivet, gjennomføre kurs av søkjarar og effektivisere formidlingsarbeidet.

Fylkeskommunane synast å vere godt i gang med dette arbeidet. Departementet foreslår derfor å avvikle det ekstra stimuleringstilskottet til formidling av reformlæringer.

Post 70 Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar

Formålet med tilskottsordninga er å stimulere verksemder til å ta inn vaksne lærlingar som teiknar kontrakt etter forskrift til opplæringslova § 11-12 første ledd, stimulere verksemder til å ta inn søkjarar som treng særskilt tilrettelagd opplæring, og til teikning av lærekontraktar i verneverdige fag. Formålet med kvalitetssikringstilskottet er å gjere den einskilde verksemda betre i stand til å ta på seg ansvar for opplæringa av lærlingen.

*Rapport for 1999-2000**Post 70 Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar*

	(i 1000 kr)		
Tilskott	1997	1998	1999
Lærlingstilskott – enkelt (inkl. ekstra tilskott)	131 800	131 400	116 500
Driftstilskott til opplæringsringar og opplæringskontor	8 300	9 200	8 800
Etableringstilskott til opplæringsringar og opplæringskontor	23 900	13 600	7 300
Tilskott til fag- og sveineprøver	19 300	16 100	9 000
Instruktørtilskott	31 200	18 900	11 000
Stimuleringstilskott	175 000	110 500	0
Kvalitetssikringstilskott		25 100	130 100
Tilskott til verksemdar som tek inn elevar med stort fråvær og svake karakterar		10 000	14 900
Etterbetaling av stimuleringstilskott til fylkeskommunane			8 000
Sum post 70	389 500	334 800	305 600

Det er fleire typar tilskott som inngår i det som i tabellen over blir kalla lærlingstilskott (inkl. ekstra tilskott). Dette er tilskott for vaksne lærlingar, ekstra tilskott for lærlingar i små og verneverdige fag, ekstra tilskott for lærlingar med behov for særskilt tilrettelagd opplæring og etterbetalingar til fylkeskommunane. Rekneskapstala for 1999 viser at utbetalingane av desse tilskotta har gått ned samanlikna med 1998. Nedgangen kan hovudsakleg forklarast med at systemet med etterbetalingar nå er ajourført. Vidare har utbetalingane av tilskott for vaksne lærlingar gått ned med i underkant av 5 mill. kroner. Utbetalingane av ekstra tilskott for lærlingar med behov for særskild tilrettelagt opplæring og ekstra tilskott for lærlingar i små og verneverdige fag har auka frå 1998 til 1999 med om lag 2,5 mill. kroner.

Første året kvalitetssikringstilskott kom til utbetaling, var i 1998. Rekneskapstala for 1999 viser at utbetalingane av kvalitetssikringstilskott nå har komme opp på eit normalt nivå.

Ekstra stimuleringstilskott til bruk i arbeidslivet for å skaffe elevar med stort fråvær og svake karakterar læreplass har i hovudsak gått til å dekkje utgifter i samband med særskilt oppfølging av denne gruppa ute i verksemdene. Rapportane frå fylkeskommunane viser at det meste av midlane er brukte til å skape betre kommunikasjon mellom verksemdene og skolane. Det er også brukt mykje midlar til ekstra undervisning og opplæring i dei teoretiske faga.

Budsjettforslag 2001

Departementet foreslår å avvikle ordninga med ekstra stimuleringstilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med stort fråvær og svake karakterar. Grunngevinga for dette er at arbeidet synest å ha kome godt i gang. Løyvinga til dette formålet var 10 mill. kroner i 2000. Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga på denne posten med 20 mill. kroner som følgje av at utbetalingane av tilskott for vaksne lærlingar som staten har ansvar for, er forventa å gå ned i 2001.

Departementet foreslår òg å overføre 500 000 kroner frå kap. 234 post 01 til kap. 234 post 70. Midlane skal brukast til å auke tilskottet for lærlingar i små og verneverdige fag.

Post 71 Tilskott til drift av opplæringsråd

Opplæringsråda skal gi departementet råd i faglege spørsmål om lærefag under opplæringslova. Opplæringsråda er klageinstans for faglege fatta vedtak i yrkesopplæringsnemndene.

Opplæringsråda har i 2000 gitt departementet råd i faglege spørsmål når det gjeld fagopplæring i arbeidslivet. I tillegg medverkar opplæringsråda kontinuerleg i det arbeidet departementet gjer med læreplanar i nye og gamle lærefag.

Departementet foreslår at tilskottet blir ført vidare på same nivå som i 2000.

Kap. 0238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	81 909	82 898	94 163
	Sum kap. 0238	81 909	82 898	94 163

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Kap. 238 post 21 er redusert med 60 000 kroner som følge av at midlar til Det europeiske språksenteret i Graz er overført til kap. 281 post 21.

Kapitlet gjeld mellom anna:

- utvikling av tilbudsstruktur
- sentraltinitiert FoU-arbeid og forskning
- etterutdanning for lærarar og opplæringsansvarlege i bedrift
- leiarutvikling
- utvikling av nye læreplanar, revisjon av eksisterande læreplanar og vidareutvikling av elev- og lærlingvurdering
- miljø og utvikling

Kapitlet finansierer óg lønsutgifter i departementet til medarbeidarar på avgrensa utviklingsprosjekt knytt til dette arbeidet.

Kap. 238 er i hovudsak knytt til tiltak som heng saman med kvalitetsutvikling i den vidaregåande opplæringa og oppfølging av Stortinget si handsaminga av St.meld. nr. 32 (1998-99) og Innst. S. nr. 246 (1998-99). Det er gitt ei samla rapportering om dette i innleiinga til programkategori 07.30. Nedanfor følgjer omtale av tiltak som er finansierte over kap. 238. Omtalen er organisert etter dei fire hovudmåla for vidaregåande opplæring.

Resultatrapportar, strategiar og tiltak

Vidaregåande opplæring skal bli tilbydd i tråd med ønska til søkjarane og behova i samfunnet og arbeidslivet

Sjå kategoriinnleiinga for nærare omtale av tilstandsvurdering og strategiar på dette punktet.

Elevar og lærlingar skal få vidaregåande opplæring av høg kvalitet tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte

Resultatrapport

Hovudmålet med prosjekt Differensiering og tilrettelegging i vidaregåande opplæring er ei opplæring som i større grad er tilpassa føresetnadene og behova til den enkelte eleven og lærlingen. Prosjektet er eit samarbeid mellom departementet, statens utdanningskontor, fylkeskommunane, Kommunenes Sentralforbund og lærar- og elevorganisasjonane. I løpet av hausten vil alle fylkeskommunar og vidaregåande skolar vere med i prosjektet. Det er gjennomført førebauende arbeid som har resultert i fylkeskommunale planar for tilrettelegging for prosjektet og prosjektplanar for gjennomføring av prosjektet på den ein skilde skolen. Departementet meiner at ein gjennom det førebauende arbeidet har lagt eit godt grunnlag for gjennomføringa av prosjektet. Prosjektet er operativt i alle fylkeskommunar og i alle vidaregåande skolar frå hausten 2000. Statens utdanningskontor har følgd nøye med i planarbeidet i fylkeskommunane. No når prosjektet er i gang, er oppgåva til statens utdanningskontor å fordele dei statlege midlane som er sett av til prosjektet, og å følgje opp arbeidet i fylkeskommunane.

I 1999 blei eit treårig utviklingsprosjekt i grunnskole og vidaregåande opplæring, PILOT (Prosjekt: Innovasjon i Læring, Organisasjon og Teknologi), starta opp. Prosjektet legg vekt på at bruk av IKT i opplæringa kan gi pedagogiske og organisatoriske gevinstar. Prosjektet er no godt i gang i dei ni utvalde deltakarfylka. Forskings- og kompetansenettverk for IT i utdanninga, ITU, som har fått i oppdrag å koordinere aksjonsforskning i samband med PILOT, har inngått avtalar med regionale forskingsmiljø som skal skaffe til vegar resultat frå arbeidet i PILOT. Forsøka med bruk av IKT ved vurdering og eksamen skal først vidare. Dette arbeidet er knytt nærare til skolane i PILOT. IKT har fått ein sentral plass i kompetanseutviklingsarbeidet i samband med dei to nye grunnkursar, medium og kommunikasjon og sal og service.

Departementet har starta eit arbeid med struktur og innhald i studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag. I dette ligg ei vurdering av kroppsøvingsfaget og konsekvensen av R97 for vidaregåande opplæring. Tiltak for å betre elevkompetansen i realfag, spesielt matematikk, blir vurdert. Dette er for å betre rekrutteringa til studium som krev realfagskompetanse. Departementet har i samband med dette arbeidet gitt stønad til oppretting av eit nasjonalt senter for rekruttering til realfag ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim, NTNU. Dette sentret kan mellom anna vere med på å betre rekruttering til realfag i skolen. Vidare tek departementet del i eit prosjekt NORDLAB i Nordisk Ministerråd. Samstundes er departementet i gang med ei vurdering av eksisterande modulstruktur i læreplanane. Formålet med dette er å få større fleksibilitet i læreplanane og gjere trongen til endringar i dei mindre, slik at dei blir meir stabile over tid. Vidare har departementet i gang eit arbeid for å utvikle vidare kvaliteten på elev- og lærlingvurderinga med særleg vekt på alternative fag- og sveineprøver.

Departementet har i 2000 arbeidd systematisk med kompetanseutvikling på fleire område i den vidaregåande opplæringa. Kompetanseutviklings tiltak for personell som skal undervise i studieretningsfaga i dei to nye grunnkursane medium og kommunikasjon og sal og service er utvikla, og er sette i verk frå hausten 2000. Departementet vil hausten 2000 etablere ei stipendordning for å støtte fylkeskommunane i arbeidet med kompetanseutviklingstiltak for personell som står for opplæringa i små fag.

Prosjekt mot studie- og yrkeskompetanse for ungdom med funksjonshemming er i gang i tre fylkeskommunar. Prosjektfylka arbeider med å utvikle og prøve ut strategiar og tiltak som kan bidra til at ein større del av ungdommar med funksjonshemming fullfører vidaregåande opplæring med studie- eller yrkeskompetanse saman med elevar i ordinære klassar. Fylka arbeider òg for å bevisstgjere desse elevane om val av studieretning.

Skoleleiarprogrammet LUIS blir avslutta hausten 2000. Departementet vil deretter knytte leiarutvikling til nye utviklingsprosjekt, jf. prosjektet differensiering og tilrettelegging.

Resultatmål for 2001

Departementet vil:

- gjennom statens utdanningskontor følgje prosjekt differensiering og tilrettelegging

- revidere nødvendige læreplanar i aktuelle felles allmenne fag og studieretningsfag
- fastsetje læreplanar i nye VKI og nye lærefag, mellom anna i dei to nye studieretningane sal og service og medium og kommunikasjon
- føre vidare arbeidet med kvalitetsutvikling av elev- og lærlingvurderinga
- føre vidare og setje i verk nye tiltak for å betre rekrutteringa til realfag
- ha gjennomført kompetanseutvikling i samband med dei to nye grunnkursane sal og service og medium og kommunikasjon
- styrkje arbeidet med IKT i opplæringa gjennom tiltak knytte til handlingsplanen IKT i norsk utdanning – Plan for 2000-2001, jf. omtale under kap. 249
- utvikle gode modellar for nettbasert kompetanseutvikling for personell i vidaregåande opplæring
- skaffe fram relevant kunnskap om bruk av IKT i vurderings- og eksamensarbeidet
- ha slutført prosjektet mot studie- og yrkeskompetanse for ungdom med funksjonshemming i 2001

Elevar og lærlingar skal ha eit godt lærings- og arbeidsmiljø

Resultatrapport

Departementet har sett i gang eit inneklimateprogram der elevane er ressursar for å overvake inneklimate ved skolen, t.d. CO₂, støv, temperatur og lysstyrke. Norsk institutt for luftforskning (NILU) har fått i oppdrag å lage ein database på Internett der elevane kan leggje inn data og hente ut rapportar. Skolane får rettleiing frå NILU. Skolane vil utarbeide kvalitetskriterium for eit godt inneklimate og rett bruk av energi. Eit mål er at elevane blir gjorde ansvarlege. Dei skal lære å bruke IKT som reiskap. Det blir skipa eit samarbeid mellom reinhaldarar, vaktmeister, lærar, elev og føresette. Erfaringar viser at denne typen prosessar på skolane fører til auka trivsel for alle involverte partar. Det blir også etablert samarbeidsturnear på etatsnivå i kommunane: skoleetat, helseetat, drifts- og vedlikehaldsetat mfl.

For å motverke valdsbruk blant elevane og hjelpe dei med å løyse problem som kan oppstå, er det viktig at gryande konflikter kan takast opp så tidleg som mogleg. Skolemekling har vist seg å vere eit effektivt tiltak i grunnskolen, og erfaringar frå andre land viser at dette også er eit godt tiltak i den vidaregåande opplæringa. Planlegginga av arbeidet med å leggje til rette for at alle fylkes-

kommunar kan innføre skolemekling, blei sett i gang i 1999. Nokre fylkeskommunar arbeider alle-reie med å innføre skolemekling i vidaregåande opplæring. Hausten 2000 har departementet sette i gang eit nasjonalt prosjekt med mål å leggje til rette for at fylkeskommunane og dei vidaregåande skolane kan innføre skolemekling som eitt av fleire tiltak for å betre læringsmiljøet.

Prosjektet verdi- og samlivsoplæring i vidaregåande opplæring er sett i gang i dei fire fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Prosjektet omfattar elevar på ulike klassetrinn i den vidaregåande skolen. Det har vore lagt vekt på at elevane skal bli trekte aktivt inn i planlegginga og gjennomføringa. Hovudmålet med prosjektet er å gi dei unge opplæring i kva det inneber å vere ein del av eit sosialt fellesskap, slik at dei lettare kan utvikle verdiar og holdningar som gjer dei betre rusta til å fungere i familie- og samliv, og i andre mellommenneskelege relasjonar. Prosjektet starta opp hausten 1999 og skal gå over to skoleår, fram til sommaren 2001.

I samarbeid med Barne- og familiedepartementet er Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet med på ei skolesatsing i tre kommunar for å betre oppvekstmiljøet i skolen, fremme trivsel og førebyggje problemåtferd som vald, mobbing, kriminalitet, rasisme og bruk av rusmiddel. Ein viktig del av denne satsinga er å skape eit godt samarbeid mellom skolen og andre offentlege etatar og som har eit ansvar for barn og unge.

Departementet har i samarbeid med andre departement sett i verk rammeprogrammet Nettverk for miljølære, som gir skolane fagleg og metodisk støtte for ei tverrfagleg og handlingsretta miljøopplæring. Som del av miljøvernpolitikken til Regjeringa har departementet i 2000 utarbeidd ein miljøhandlingsplan. Nettverk for miljølære er eit av fundamenta i denne miljøhandlingsplanen.

Resultatmål for 2001

Departementet vil:

- føre vidare, avslutte og følgje opp prosjektet verdi- og samlivsoplæring i vidaregåande opplæring
- føre vidare prosjektet skolemekling i vidaregåande opplæring
- føre vidare og styrkje innsatsen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring for å førebyggje negativ åtferd som t.d. bruk av rusmiddel, vald,

mobbing, diskriminering og rasisme blant elevane

- følgje opp miljøhandlingsplanen som er utarbeidd av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i samarbeid med andre departement
- følgje opp internasjonalt miljør samarbeid gjennom OECD-programmet Environment and School Initiatives og det globale miljøprogrammet The Globe Program
- utvikle programmet for inn klima og arbeidsmiljø

Utdanninga skal vere rettferdig og prega av solidaritet nasjonalt og internasjonalt

Resultatrapport

Den inngåtte rammeavtalen mellom Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og NORAD legg eit godt grunnlag for å styrkje arbeidet med støtte til utdanningsreformer i samarbeidslanda til Noreg. Det vil bli lagt vekt på støtte til gjennomføring av heilheltelege reformer innanfor utdanningssektoren på grunnlag av prioriteringane til mottakarlanda. I Nepal har Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet inngått eit samarbeid med søsterdepartementet om eit følgjeforskingsprosjekt som skal følgje gjennomføringa av ei omfattande reformering av grunnskolen. Resultater av denne forskinga vil bli brukt i å utvikle vidare skolesystemet i Nepal. Med utdanningsdepartementet i Zambia blir det planlagt eit institusjonelt samarbeid som støtte for gjennomføring av reformer i grunnskolen.

Departementet har i 1999 og 2000 på europeisk plan og nasjonalt medverka i førebuingane av Det europeiske språkåret.

Stortinget har i dei seinare åra sterkt understreka behovet for å styrkje oppfølgingsarbeidet innanfor kriminalomsorga. Rapporten «Tilbake til samfunnet?» dokumenterer svikt på mange område når det gjeld samarbeid, ansvarsfordeling, nettverk, finansiering mv. Departementet har derfor gått inn for eit treårig utviklingsarbeid (2000–02), der måla er å tileigne seg erfaringar som skal føre til betre samordning, effektivisering og utnytting av ressursane innanfor oppfølgingsarbeidet. Prosjekta vil leggje vekt på å utvikle eit tettare nettverk mellom etatar og faggrupper, gjere forsøk med å mjuke opp regelverket for å unngå ein for sterk grad av klientifisering, styrkje oppfølginga av elevar som har starta yrkesopplæring i fengsel, m.a. i samarbeid med arbeidsmarknadsetaten, styrkje dataopplæringa for kvinne-

lege innsette/frigitte, betre livsmeistringskompetansen gjennom sterkare satsing på praktiske-estetiske fag m.m. og styrkje kontakten med det ordinære skoleverket.

Departementet følgjer opp vedtaket i Stortinget om ei forskingsbasert evaluering av fengselsundervisninga. Fire forskingsmiljø har fått tildelt midlar til å gjennomføre evalueringa, som vil bli avslutta i 2003.

Resultatmål 2001

Departementet vil:

- vidareføre samarbeidet med NORAD
- følgje Det europeiske språkåret
- følgje prosjekta innanfor fengselsundervisninga

Budsjettforslag 2001

Departementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner for å styrkje satsinga på kompetanseutvikling for bruk av IKT i skolen.

Kap. 3238 Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 238)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
05	Refusjon frå NORAD	180	2 000	2 060
	Sum kap. 3238	180	2 000	2 060

Post 05 gjeld refusjon frå NORAD i samband med den rammeavtalen som er inngådd mellom

NORAD og departementet. Rammeavtalen legg vekt på utdanning i norsk utviklingsbistand.

Kap. 0239 Andre formål i vidaregåande opplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 229 post 01</i>	71 813	80 031	81 803
60	Utlånsordning for skolebøker i vidaregåande skole		100 000	100 000
70	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	14 094	14 489	14 924
71	Tilskott til studieopphald i utlandet	6 449	6 640	6 839
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram (LEONARDO mfl.)	28 838	26 410	33 510
73	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	17 898	18 399	18 951
75	Tilskott	10 898	11 236	7 073
	Sum kap. 0239	149 990	257 205	263 100

I forhold til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 239 post 01 er redusert med 1,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 202 post 01 i samband med etablering av Læringsssenteret, jf. St.prp. nr. 38 (1999-2000).

Kapitlet gjeld mellom anna:

- førebuing og gjennomføring av eksamen i den vidaregåande opplæringa

- tilskott til utlånsordning for lærebøker i den vidaregåande opplæringa
- tilskott til studieopphald i utlandet for elevar og lærarar
- deltaking i internasjonale utdanningsprogram
- tilskott til Røde Kors United World College
- Skolefilmutvalet
- tiltak mot misbruk av rusmiddel m.m.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 229 post 01

Eksamen i vidaregåande opplæring

Resultatrapport

Tabellen nedanfor omfattar prøver med sentral sensur og talet på eksamensoppgåver som er utar-

beidde sentralt. Det finst ikkje statistikk over lokalt gitte prøver, dvs. prøver utarbeidde av den enkelte skole eller fylkeskommunen.

Talet på avlagde prøver, eksamensoppgåver og klager

	1994	1996	1997	1998	1999
Avlagde prøver	227 000	200 000	190 000	190 000	178 000
Talet på eksamensoppgåver	693	590	610	677	770
Talet på klager	7 750	7 000	6 500	8 000	5 200

Totalt blei det sentralt utarbeidd 770 oppgåver til vår- og hausteksamen i vidaregåande opplæring 1999. Auken i talet på oppgåver i dei to siste åra har sin grunn i utarbeiding av m.a. fag- og sveineprøver for praksiskandidatar. Talet på avlagde prøver har minka fordi elevtalet har gått ned. I tillegg har det vore utarbeidd sensor- og vurderingsrettleingar, og det er i nokre fag heldt skoleringskurs for sensorar.

Målsetjing

Målet med ordninga er å redusere kostnadene til lærebøker for elevar i den vidaregåande opplæringa. Ordninga skal òg gjere lærarar og elevar medvitne om tilhøvet mellom lærebok og måla i læreplanen, og hjelpe til å fremme pedagogisk nytenking og kreativitet i tråd med generell del av læreplanen.

Resultatmål

Eksamens- og vurderingsordningar er eit viktig styringsinstrument for å sikre kvalitet og utvikling i den vidaregåande opplæringa. I samråd med departementet skal Læringssenteret arbeide vidare med å utvikle kvaliteten i samband med elev- og lærlingvurderinga.

Alternative vurderings- og prøveformer i fagopplæringa vil vere eit viktig innsatsområde. Likeins vil endringar av tverrfaglege prøver for praksiskandidatar krevje ein stor innsats.

Tildelingskriterium

I skoleåret 2000-01 omfattar ordninga alle elevar på vidaregåande kurs I og II ved alle fylkeskommunale, statlege og private vidaregåande skolar. Lærebøker i felles allmenne fag skal prioriterast.

Departementet har fordelt midlane til fylkeskommunane etter talet på elevar på VKI og VKII i fylkeskommunale skolar per 1. oktober 1999. Dei statlege og private vidaregåande skolane vil få midlane etter at dei statlege utdanningskontora rapporterte om talet på elevar ved skolane i august 2000.

Budsjettforslag 2001

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til dette formålet på samme nivå som i 2000. Prøveavgifta for privatistar som melder seg til eksamen, og for kandidatar som melder seg til fag-/sveineprøve etter opplæringslova § 3-5, blir foreslått noko auka, sjå forslag til vedtak V nr. 1.

Post 60 Utlånsordning for lærebøker i vidaregåande skole

Ordninga er innført frå skoleåret 2000-01. Det er sett av 100 mill. kroner til ordninga for dette skoleåret.

Oppfølging og kontroll

Departementet har i brev til fylkeskommunane og dei private og statlege vidaregåande skolane gitt retningslinjer for gjennomføringa av ordninga. Det er den enkelte fylkeskommunen og statlege og private vidaregåande skolen som har ansvar for å gjennomføre utlånsordninga i tråd med retningslinjene.

Departementet har lagt vekt på at alle midlane skal komme elevane til gode, slik at dei samla utgiftene til lærebøker blir reduserte mest mogleg.

Departementet vil, gjennom statens utdanningskontor, be tilskottsmottakarane rapportere om bruken av midlane.

Rapportering

Dei statlege utdanningskontora skal evaluere og rapportere om korleis ordninga blir praktisert. Evalueringa vil i hovudsak skje hausten 2000.

Budsjettforslag 2001

Departementet vil også for 2001 forslå å løyve 100 mill. kroner til dette formålet. Sjå også omtale under kap. 249 om styrking av arbeidet med å utvikle av elektroniske læremiddel.

Post 70 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til drift av internatet ved Krokeide yrkesskole og til å oppretthalde det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen. Statens utdanningskontor i Hordaland har ansvar for forvaltninga av tilskottsordninga. Regjeringa foreslår å føre vidare løyvinga på same nivå som i 2000.

Post 71 Tilskott til studieopphald i utlandet

Tilskott til skolegang eller studieopphald i utlandet har i ei årrekke vore sentrale element i den internasjonale satsinga i den vidaregåande opplæringa.

Kvart år får norske ungdommar starte ved tre franske lycée for å ta treårig utdanning fram til fransk baccalauréat. Etter auka satsing på å spreie informasjon om tilbodet har søkjartala dei to siste åra vore svært gode. I 2000 var det 75 søkjarar, 57 jenter og 17 gutar. Innsatsen for å få enda fleire søkjarar, særleg gutar, vil halde fram.

Om lag 380 elevar og 34 lærarar har fått støtte til korte studieopphald eller har teke del i skoleutveksling i Frankrike i 2000, og 41 lærarar mottok støtte til å gjennomføre språkkurs i landet. Rapportane viser at opphalda er svært lærerike og inspirerande for undervisninga.

Til dei 36 plassane ved United World Colleges (utanfor Noreg, delt på ni land) kom det i 2000 inn 140 søknader. Tilbakemeldingane frå skolane vitnar om at det norske innslaget er verdifullt, og elevane er takknemlege for ei krevjande utdanning, som likevel gir dei mykje i eit internasjonalt miljø.

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2000.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram (LEONARDO mfl.)

Målsetjing

Løyvinga til internasjonale utdanningsprogram omfattar m.a. kontingent til norsk deltaking i internasjonale organisasjonar. Posten kan og nyttast til andre internasjonale prosjekt som departementet tek del i.

Etter EØS-avtalen tek Noreg del i alle EU-program og aktivitetar på området utdanning og opplæring, blant anna SOKRATES-programmet, LEONARDO DA VINCI-programmet, European Pathways og aktivitetar som er underlagde CEDEFOP. For nærare omtale av SOKRATES-programmet, sjå kap. 281 post 72. LEONARDO DA VINCI-programmet er EU sitt handlingsprogram for yrkes- og profesjonsutdanning på alle nivå (fag- og yrkesopplæring, vaksenopplæring, universitets- og høgskoleutdanning og opplæring i verksemd). European Pathways skal fremme mobilitet innanfor yrkesopplæring mellom land i Europa. Ordninga inneber ei dokumentasjon av praksis i utlandet som del av yrkesutdanninga. Noreg tek del frå 2000. CEDEFOP er EU sitt utviklings- og informasjonssenter for yrkesopplæring. Tilskottet skal gå til deltaking i program og aktivitetar med sikte på å

- bidra til å utvikle ny kunnskap og skape betre forståing mellom menneske frå ulike nasjonar og kulturar
- støtte opp om ei internasjonal orientering i fagmiljø som gir yrkes- og profesjonsutdanning
- stimulere til ein auke i utplassering og utveksling av lærlingar, unge arbeidstakarar med fleire, og til betre dokumentasjon av og kvalitet i opphalda

Rapport for 2000

Andre fase av LEONARDO DA VINCI-programmet starta 1.1.2000 og held fram i sju år. Det er ei vidareføring og fornying av det eksisterande LEONARDO DA VINCI-programmet. Tiltaka i LEONARDO DA VINCI-programmet er i tråd med norske interesser for å utvikle den internasjonale dimensjonen i yrkes- og profesjonsutdanninga. Den norske deltakinga i LEONARDO DA VINCI-programmet har vore god, og har stimulert til internasjonal aktivitet mellom eit breitt spekter av yrkesopplæringsmiljø.

I 1999 fekk ni prosjekt med norsk koordinator om lag 9 mill. kroner i støtte under LEONARDO DA VINCI-programmet. Noreg tek òg del i andre land sine prosjekt. Noreg mottok i tillegg om lag 8

mill. kroner frå EU-kommisjonen til utplasserings- og utvekslingsprosjekt. Nær 600 personar (unge som tek grunnleggjande utdanning, unge arbeidstakarar, instruktørar, planleggjarar og administratorar) fekk dermed støtte til opphald frå to veker til tolv månader. Potensialet for å trekkje med fleire, særleg lærlingar og verksemder, er framleis stort.

Noreg tek del i European Pathways og i CEDEFOP på linje med EU-landa. I CEDEFOP har arbeidet i European Forum for Transparency in Qualifications vore særleg viktig i 1999.

Budsjettforslag for 2001

Den økonomiske ramma for programma blir vedteke av dei styrande organa i EU. Budsjettforslaget frå EU for 2001 inneber ein auke i løyvingbehovet.

Post 73 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at Røde Kors Nordisk United World College (RKNUWC) kan gi eit tilbod om International Baccalaureate-eksamen (IB-eksamen). I 1999 hadde RKNUWC 199 elevar frå om lag 80 land. Elevane fordeler seg med om lag 30 pst. frå nor-

diske land, 30 pst. frå utviklingsland, 20 pst. frå Aust-Europa og 20. pst frå andre industriland. I 1999 ytte andre nordiske land om lag 7,8 mill. kroner til drift av skolen. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på same nivå som i 2000.

Post 75 Tilskott

Formålet med tilskottsordninga er å fremme ny kunnskap og nye holdningar i vidaregåande opplæring. Dette blir gjort ved å gi støtte til iverksetjing av landsomfattande tiltak i regi av dei offentlege og frivillige organisasjonane som på ulike måtar medverker til å nå dei måla som er sette for vidaregåande opplæring i lova, budsjettet og i læreplanverket.

I 2000 er det mellom anna gitt tilskott til informasjonstiltak, prosjektarbeid og ulike andre opplæringstiltak som har som formål å førebygge rusgiftmisbruk. Dette tilskottet blir fordelt av dei statlege utdanningskontora etter søknader frå kommunar, fylkeskommunar og vidaregåande skolar. Vidare er det mellom anna gitt tilskott til det nordiske samarbeidet om utveksling av lærlingar.

Som eit ledd i det samla finanspolitiske opplegget foreslår departementet at løyvinga blir redusert med 4,5 mill. kroner i 2001.

Programkategori 07.40 Andre tiltak i utdanninga

- Kategori 07.40 omfatter
- tilskott til private skolar
 - IKT i utdanninga
 - kompetansesentra for spesialundervisning
 - Diverse andre tilskott

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0240	Private skolar mv.	999 884	1 061 557	1 174 629	10,7
0243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)	771 319	756 245	786 556	4,0
0244	Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 3244)	103 548	81 596		-100,0
0249	Andre tiltak i utdanninga	53 283	130 229	186 926	43,5
	Sum kategori 07.40	1 928 034	2 029 627	2 148 111	5,8

I høve til budsjettet for 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 244 er innlemma i kap. 202 Læringssenteret.

Inntekter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243)	56 335	35 075	47 083	34,2
3244	Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 244)	21 049	15 229		-100,0
	Sum kategori 07.40	77 384	50 304	47 083	-6,4

I høve til budsjettet for 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Kap. 3244 er innlemma i kap. 3202 Læringssenteret.

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på postgrupper:

(i 1 000 kr)

Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	794 004	891 647	865 182	-3,0
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	7 016	6 238	6 347	1,7
60-69	Overføring til kommunesektoren	48 006	17 000	82 000	382,4

(i 1 000 kr)

Post- gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
70-89	Overføring til private	1 079 008	1 114 742	1 194 582	7,2
	Sum kategori 07.40	1 928 034	2 029 627	2 148 111	5,8

Budsjettkapitla under kategori 07.40 har ulik karakter. Departementet finn det derfor ikkje

føremålstenleg med ei felles programkategoriinnleiing.

Kap. 0240 Private skolar mv.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Tilskott, <i>overslagsløyving</i>	999 454	1 061 115	1 174 174
75	Tilskott til privatskoleorganisasjonar	430	442	455
	Sum kap. 0240	999 884	1 061 557	1 174 629

Kapitlet dekkjer tilskott til:

- private grunnskolar i Noreg og utlandet
- private vidaregåande skolar i Noreg og utlandet
- elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar og vidaregåande skolar i Noreg eller utlandet
- privatskoleorganisasjonar

eller eige livssyn, noko som blant anna må kunne skje gjennom å opprette private skolar. Konvensjonen gir likevel statlege styresmakter rett til å stille minstekrav til opplæringa, særleg når det gjeld kvalitet. Opplæring skal mellom anna fremme respekt for menneskerettane og setje barn i stand til å ta del i samfunnet. Dette går fram av FNs barnekonvensjon artikkel 29. Privatskolelova skal medverke til at det kan bli oppretta og drive privatskolar i Noreg, jf. privatskolelova § 1.

Post 70 Tilskott, *overslagsløyving*

Mål

Det går fram av menneskerettslova § 2 at blant anna FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar skal gjelde norsk lov. Denne konvensjonen har som føresetnad at foreldra skal kunne sikre barna sine undervisning i eiga tru

Rapport for 1999-2000

Tabellen viser korleis elevtal og talet på private skolar har endra seg frå skoleåret 1997/98 til skoleåret 1999/00:

Fordeling av elevar i private skolar med rett til tilskott

Tilskotts- regel		Tal på skolar 1997/98	Tal på skolar 1998/99	Tal på skolar 1999/00	Elevtal 1997/98	Elevtal 1998/99	Elevtal 1999/00
1 og 2	Skolar for funksjonshemma	10	10	10	351	384	403
3, 5 og 6	Andre private skolar	54	51	54	2 445	2 664	2 626
4	Vidaregåande skolar i Noreg	51	52	56	7 118	7 106	7 325
7	Grunnskolar i Noreg	70	72	83	8 625	8 975	9 435
8	Grunnskolar i utlandet	21	21	19	690	725	779
9	Vidaregåande opplæring i utlandet	3	3	3	71	96	98
Sum		209	209	225	19 300	19 950	20 666

Tilskottsregel 5 blei oppheva med verknad frå 1. januar 1999.

I skoleåret 1999-2000 gikk 1,6 pst. av grunnskoleelevane i private skolar. Det har vore ein svak, men jamn auke i talet på elevar som går i private skolar. I skoleåret 1990-91 utgjorde talet til samanlikning 1,3 pst. Tala viser at privat skoleverksemd har lite omfang i Noreg, og at offentleg skole har god oppslutning. Tilskottsordninga har likevel medverka til at grupper som ønskjer eit alternativ til den offentlege skolen, anten på religiøst grunnlag eller som eit fagleg/pedagogisk alternativ, har hatt sjanse til å velje skolar med tilbod om alternativ undervisning.

Departementet har som mål at sakshandsaming ved godkjenning av nye skolar ikkje skal ta særleg lengre tid enn eitt år når søknaden oppfyller dei fastsette krava om kvalitet og inneheld alle naudsynte opplysningar. Saker som gjeld endring i eller utviding av gjeldande opplæringstilbod, skal i dei fleste tilfella ta kortare tid.

I perioden 1. juli 1999 til 1. juli 2000 handsama departementet 26 søknader om godkjenning etter privatskolelova. Gjennomsnittleg handsamingstid for godkjenning av nye skolar var på ca. 12 månader. Saker om endring i eller utviding av eksisterande tilbod hadde ei gjennomsnittleg handsamingstid på i underkant av 10 månader.

Privatskolane står under tilsyn av statens utdanningskontor. Tilsynet omfattar fagleg, juridisk og økonomisk tilsyn.

Nye skolar med rett til tilskott frå hausten 2000

Skolar	Tilskottsregel	Maksimalt elevtal ¹
Urtehagen skole	7	500
Danielsen ungdomsskole, Sotra	7	180
Steinerskolen i Ringsaker	7	140
Drøbak Montessori Ungdomsskole	7	45
Misjonskirken Kristne Grunnskole	7	160
Jærtun Lutherske Friskole	7	105
Den norske skole Ouaninou	8	17
Sotra kristne barneskole	7	196
Farsund kristne grunnskole	7	200

¹ Maksimalt elevtal gjeld når skolen er fullt utbygd. Det kan vere sett eit lågare maksimalt elevtal for oppstartsåret.

Tilskotta blir rekna ut etter følgjande satsar:

Skolar for funksjonshemma elevar (tilskottsregel 1 og 2)

Satsar for tilskottsregel 1 og 2 (kr per elev)	2000	2001
Særleg ressurskrevjande elevar	289 360	297 900
Noko ressurskrevjande elevar	179 200	184 490

Dei private skolane som er parallelle tilbod til offentleg skole, skal gi ein likeverdig kompetanse med dei offentlege skolane. I forarbeidet til privatskolelova er det lagt til grunn at dei private skolane skal halde same standard på undervisninga, omfang og nivå som det offentlege skoleverket. Innføringa av Reform 97 inneber at skolane skal følgje Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) med justeringar til den religiøse/etiske grunnlag skolane har, eller som følgje av det fagleg/pedagogiske alternativet skolane har. I dei faga der skolen ønskjer å avvike frå L97, må dei søkje om ny godkjenning. Statens utdanningskontor har hatt ansvar for godkjenninga. Dei fleste skolane har fått nye godkjende læreplanar og har innført reforma på alle klassetrinn. Unntaket er steinerskolane, som er ein del av eit internasjonalt forbund, og derfor treng meir tid til gjennomarbeiding av sin eigen læreplan.

Budsjettforslag for 2001

Departementet følgjer den praksisen at godkjende skolar får tilskott frå det påfølgjande skoleåret, så sant det er dekning på budsjettet under tilskottsposen. Regjeringa vil om nødvendig foreslå tilleggsløyving i samband med revidert nasjonalbudsjett. Følgjande nye skolar er godkjende med rett til tilskott frå hausten 2000:

Skolar for funksjonshemma elevar mottar 100 pst. statstilskott etter eit fastlagt tilskotts-

grunnlag. I tillegg kan skolane etter søknad få tilskott til husleige.

Andre private skolar (tilskottsregel 3 og 6)

Satsar for tilskottsregel 6 (kr per elev)	2000	2001
Bibelstudium m.m.	49 400	50 020
Studietilbod utover vidaregåande opplæringsnivå	49 400	50 020
Reklameutdanning		
15 til 75 elevar	54 370	56 510
Over 75 elevar	49 400	50 020
Kunst-, medie- og musikkutdanning		
15 til 30 elevar	67 810	71 040
Over 30 elevar	54 370	56 510

Private sjøaspirantskolar og Noregs Byggskole (tilskottsregel 3) får dekt 85 pst. av tilskottsgrunnlaget i samsvar med godkjende budsjett. Vidaregåande skolar utan parallellar i det offentlege skoleverket (tilskottsregel 6) får 75 pst. av følgjande satsar gitt i tabell.

Satsane for tilskottsregel 6 er knytt til satsane for tilskottsregel 4. Under tilskottsregel 6 gjeld minimumstilskott, slik at skolar under satsen for bibelstudium m.m. med færre enn 20 elevar får tilskott som for 20 elevar. Same minimumstilskott

gjeld for studietilbod utover vidaregåande opplæringsnivå. Skolar med reklameutdanning og kunst-, medie- og musikkutdanning med færre enn 15 elevar får tilskott som for 15 elevar. Skolar under tilskottsregel 6 som over ein periode på tre år har eit gjennomsnittleg elevtal på mindre enn ti, mister statstilskottet. Godkjenninga av skolen blir likevel ikkje inndratt. Skolen kan derfor på nytt få rett til tilskott dersom skolen seinare har fleire enn ti elevar.

Vidaregåande skolar i Noreg (tilskottsregel 4)

Satsar for tilskottsregel 4 (kr per elev)	2000	2001
Allmenne, økonomiske og administrative fag	49 400	50 020
Idrettsfag	54 370	56 510
Musikk, dans, drama	67 810	71 040
Naturbruksfag	103 990	115 330
Yrkesfaglege studieretningar	83 140	87 910
Steinerskolar	56 890	58 400

Skolar med parallellar i den offentlege vidaregåande skolen (tilskottsregel 4) får 85 pst. satsar gitt i tabell.

Tilskottssatsane er fastsette på grunnlag av ei undersøking av kostnadene i offentlege vidaregåande skolar. I kostnadsundersøkinga inngår opplysningar frå rekneskapa til fylkeskommunane, vidaregåande skoles informasjonssystem (VSI) og Sentralt tjenestemannsregister for skoleverket (STS). Kostnadsundersøkinga er basert på tal frå 1998.

Grunnskolar i Noreg (tilskottsregel 7)

Tilskottet blir rekna ut etter ein regel som har grunnlag i ein statistisk utrekna samanheng mellom kostnader og elevtal i offentlege skolar. Det blir fastsett eit maksimalt tilskott per elev som er lik det gjennomsnittlege tilskottet for 20 elevar på barnetrinnet og 50 elevar på ungdomstrinnet. Tilskottsgrunnlaget blir rekna ut slik:

$$a + b \times \text{elevtal} + c \times \text{elevtal} \times \text{elevtal} + d \times \text{elevtal} \times \text{elevtal}$$

For 2001 gjeld følgjande faktorar:

	a	b	c	d
Barnetrinnet	534 308	39 383	-22,13	0,026
Ungdomstrinnet	597 794	47 528	-25,79	0,019

Tilskottet er 85 pst. av tilskottsgrunnlaget. Det blir gitt eit tillegg på 85 pst. av kr 128 310 per klasse med fleire enn 18 6-åringar. Regelen for å rekne ut tilskott gir høgre tilskott per elev til små skolar enn til større skolar. Til dømes blir satsen til ein skole med 20 elevar på barnetrinnet kr 65 670 per elev, og satsen for ein skole med 150 elevar blir kr 40 220. Ein ungdomsskole med 50 elevar får ein sats på kr 58 240 per elev, medan satsen for ein ungdomsskole med 150 elevar blir kr 48 030. Alle tilskott blir gitt med 85 pst. av satsen.

Faktorane er fastsette på grunnlag av ei undersøking av kostnadene i offentlege grunnskolar. I kostnadsundersøkinga inngår opplysningar frå kommunerekneskapa, Grunnskolens informasjonssystem (GSI) og Sentralt tjenestemannsregister for skoleverket (STS). Kostnadsundersøkinga er basert på tal frå 1998. I Innst. S. nr. 3 (1998-99) understrekar kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen at trekk for spesialundervisning «skal reknast ut etter reelt gjennomsnittleg forbruk i offentlege skolar». Departementet har endra Grunnskolens informasjonssystem, slik at dette systemet frå skoleåret 1999-2000 gir oversikt over totale ressursar, inkludert assistenttimar, og spesialundervisning etter enkeltvedtak. Når denne statistikken ligg føre, vil departementet på nytt gjennomgå retningslinjene for kostnadsundersøkinga.

Grunnskolar i utlandet (tilskottsregel 8)

Grunnskolar i utlandet får tilskott etter same metode for utrekning som for private grunnskolar i Noreg. Noreg har samarbeidsavtale med Sverige og Finland om dekning av utgifter for barn som får opplæring i skolar i utlandet som er drivne av dei andre landa.

Vidaregåande opplæring i utlandet (tilskottsregel 9)

Private vidaregåande skolar i utlandet (tilskottsregel 9) får 85 pst. statstilskott etter dei same satsane per elev som gjeld for tilskottsregel 4.

Tilskott til kompletterande undervisning og til delvis dekning av skolepengar (tilskottsregel 10)

Norske statsborgarar som er elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar, kan få tilskott til kompletterande undervisning i norsk, kunnskap om det norske samfunnet og kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering. Same tilskottet kan i visse tilfelle også bli gitt til EØS-borgarar. Tilskott blir gitt med 85 pst. av satsen.

Norske statsborgarar som er elevar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar, og som har rett til støtte frå Statens lånekasse for utdanning, kan få tilskott til delvis dekning av utgifter til skolepengar. Same tilskottet kan i visse tilfelle også bli gitt til EØS-borgarar.

Regjeringa foreslår å fjerne tilskottsordninga for kompletterande undervisning frå og med våsemesteret 2001, og for delvis dekning av skolepengar frå og med haustsemesteret 2001.

Tilskott til undervisningsutstyr

Skolar som får tilskott etter privatskolelova § 26 tilskottsregel 1, 2 og 4, kan få tilskott til undervisningsutstyr.

Regjeringa foreslår å fjerne ordninga.

Post 75 Tilskott til privatskoleorganisasjonar

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at privatskoleorganisasjonane kan utføre samordningsoppgåver på privatskolefeltet. Tilskott blir gitt til Steinerskolene i Norge, Norske Privatskolers Landsforbund, Kristne Friskolers Forbund, Private handelsskolers landsforbund og Norsk Montessori Forbund.

Løyvinga blir foreslått ført vidare på same nivå som i 2000.

Kap. 0243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 21 og 60</i>	684 820	712 852	660 179
21	Særskilde driftsutgifter	40 589	24 198	37 284
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	7 016	6 238	6 347
60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overførast</i>	36 200	10 000	80 000
75	Til disposisjon for departementet	2 694	2 957	2 746
	Sum kap. 0243	771 319	756 245	786 556

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 243 post 01 er nedjustert med 1,2 mill. kroner mot ein parallell nedjustering av kap. 3243 post 02.
- Kap. 243 post 01 er redusert med 70 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 243 post 60 i samband med styrking av kommunal og fylkeskommunal PP-tjeneste.
- Kap. 243 post 01 er redusert med om lag 2,2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 206 post 50 i samband med kompetansehevingstiltak og styrking av det spesialpedagogiske feltet innanfor det samiske området.
- Kap. 243 post 01 er redusert med 4,2 mill. kroner på bakgrunn av overføring av Logopedisk senter i Sømna til Nordland fylkeskommune i 1998. Frå år 2001 er summen lagd inn i inntektssystemet for fylkeskommunane under kap. 572 post 60.
- Post 01 er nedjustert med 7,5 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Kap. 243 post 21 er oppjustert med 12 mill. kroner mot ein parallell oppjustering av kap. 3243 post 01.

Kapitlet finansierer m.a.:

- drift av 15 statlege spesialpedagogiske kompetansesenter og to private senter, under dette drift av den statlege syns- og audiopedagogtenesta på fylkesplanet
- opplæring og kompetansesenterfunksjonar for seks sosiale og medisinske institusjonar
- drift av spesialpedagogiske tyngdepunkt og andre spesialpedagogiske tiltak i Nord-Noreg
- forskning og utvikling
- øyremerkte tilskott til kommunar og fylkeskommunar til styrking av PP-tenesta

- nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for lærarar og foreldre
- diverse andre spesialpedagogiske tiltak som gjeld barn i førskolealder, grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksne, under dette læremiddelproduksjon og -utvikling, internasjonalt samarbeid mv.

Ansvar for å gi elevane ei tilpassa opplæring ligg hos kommunar og fylkeskommunar. Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet har som overordna mål å gi rettleiing og støtte til dei opplæringsansvarlege instansane lokalt, slik at kvaliteten på tilbodet for barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov blir teke hand om. Hovudmåla for det statlege støttesystemet er:

- å utvikle vidare spesialpedagogisk kompetanse som skal komme elevar med store og særskilde behov, føresette, lærarar og andre fagfolk i skoleverket til nytte
- å gi støtte på individ- og systemnivå gjennom avtalefesta samarbeid med oppdragsgivarar i kommunar/fylkeskommunar, og spreie kompetanse gjennom rådgiving, rettleiing og andre tiltak
- å sikre heiltids skole- og miljøtilbod for teiknspråklege elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring etter avtale med oppdragsgivar, og leggje til rette for sosiale møteplassar for små grupper funksjonshemma med særskilde opplæringsbehov

Resultatrapport for 1999-2000*Statleg spesialpedagogisk støttesystem*

I St.meld. nr. 23 (1997-98) Om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilde behov blei det gitt brei omtale av det spesialpedagogiske støttesystemet på statleg og kommunalt nivå.

Av til saman 17 spesialpedagogiske kompetansesenter er det to senter for synsvanskar, seks senter for hørselsvanskar, eitt senter for språk/tale/kommunikasjonsvanskar, eitt senter for sosiale og emosjonelle vanskar og sju senter for samansette lærevanskar. Senter for åtferdsforskning og Senter for leseforskning ligg under Høgskolen i Stavanger (kap. 274), men inngår samstundes i støttesystemet. I samarbeid med Sosial- og helsedepartementet er dei fire regionsentra for døvblinde førde vidare under ein ny modell frå 1999.

Under støttesystemet er det oppretta samarbeidsfora med representasjon for brukarane.

Støttesystemet har arbeidd med å klargjere ansvars- og oppgåvefordelinga mot andre instansar og forvaltningsnivå, for i størst mogleg grad å unngå parallellitet og gråsoner.

For å sikre betre tilknytning mellom kompetansesentra og universitets-/høgskolesektoren er det inngått intensjonsavtalar om samarbeid mellom dei fleste kompetansesenter og ein høgskole/eit universitet om m.a. FoU-arbeid, jf. Innst. S. nr 228 (1997-98).

Kompetansesentra samarbeider med Nasjonalt læremiddelsenter/Læringssenteret om utvikling og produksjon av spesialpedagogiske læremiddel, jf. nærare omtale under kap. 202. Rett til opplæring i punktskrift for blinde og sterkt svaksynte er no lovfesta, jf. Innst. O. nr. 89 og Ot.prp. nr. 44 (1999-2000). Sjå også kap. 202.

Av sentrale tiltak i hørselssektoren vert nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for lærarar, hovudsakleg i vidaregåande opplæring, avslutta i år 2000. Foreldreopplæring i teiknspråk vert gjennomført etter planen. Støttesystemet tek del i utviklingsprosjekt om teiknordbok og bruk av bildetelefon i m.a. fjerntolking. Nordisk samarbeid på området cochlea implantat er etablert. Departementet samarbeider med Sosial- og helsedepartementet om å følgje opp rapport om modellar for organisering av skoletolking. Frå 1. august 2000 kan teiknspråklege elevar i vidaregåande opplæring velje teiknspråk som fag.

I samband med omstillingsprosessen ved kompetansesentra vart det oppretta ei omstillingseining for å hjelpe overtallig personale – om lag 250 personar. Eininga har m.a. administrert ei stipendordning som inneber at overtallige mottok stipend som alternativ til ventelønn i eitt år for å kunne gjennomføre utdanningstiltak. 58 personar har fått innvilga stipend. Per 31. august 2000 mottok 70 personar ventelønn eller stipend tilsvarende ventelønn, 29 personar mottok førtidspensjon, ti mottok full løn etter rettsvilkårsavtalen, og

30 personar var mellombels eller permanent ute av omstillingseininga som følgje av sjukmelding, uførepensjon, fordi dei ikkje hadde rett til ventelønn, o.a. 110 personar var i jobb med fast eller mellombels tilsetjing.

Styret for Statleg spesialpedagogisk støttesystem har økonomisk og fagleg ansvar for skoleverksemda og kompetansesenterfunksjonar ved seks sosiale og medisinske institusjonar med landsdekkjande oppgåver, medan vertskommunane har arbeidsgivaransvar (Geilomo, Berggård, Solberg, Frambu, Voksentoppen, Sunnaas).

Styret for Programmet for Nord-Noreg har lagt vekt på kompetanseheving i PP-tenesta og fagleg nettverkssamarbeid med utgangspunkt i faglege tyngdepunkt i landsdelen med spisskompetanse, under dette Sandfallet kompetansesenter. Programmet er frå 1. januar 2000 avvikla som eige program med eige styre. Det spesialpedagogiske nettverket i landsdelen er, med visse endringar, ført vidare under styret for Statleg spesialpedagogisk støttesystem, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 6 (1999-2000).

Andre tiltak finansierte med midlar frå kap. 243

I samarbeid med Sosial- og helsedepartementet er det bygd opp kompetansesystem for små grupper funksjonshemma:

- Autismeprogrammet vert administrert gjennom Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo. Programmet vert finansiert hovudsakleg av Sosial- og helsedepartementet, men også med midlar under kap. 243
- Nasjonal kompetanseining for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi har arbeidd med kompetanseoppbygging for fagpersonar og brukarar. Eininga vert finansiert av Sosial- og helsedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet med om lag 50 pst. kvar. Eininga er vurdert overført til eit medisinsk fagmiljø, men vert administrert av styret for Statleg spesialpedagogisk støttesystem inntil permanent lokalisering og tilknytning er bestemt.

Det er avslutta eitt forskingsprosjekt om kunnskapsstatus når det gjeld dei registrerte kjønnsforskjellane i spesialundervisninga, og eitt om alvorlege åtferdsproblem i grunnskolen. Ei faggruppe som er sett ned i samarbeid mellom Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet og Barne- og familiedepartementet, har lagt fram ei utgreiing om ulike tiltak mot problemåtferd i skolen, jf. kat. 07.20.

Fagleg eining for PP-tenesta har hjelpt departementet med diverse utgreiingar og analysearbeid etc.

Noreg er med i nettverksprosjekt omkring små grupper funksjonshemma i regi av Nordisk Ministerråd, eit prosjekt om integrering i regi av OECD og i European Agency on Special Education.

Som ei oppfølging av Innst. S. nr. 228 og St.meld. nr. 23 (1997-98) blei vel 240 fagårsverk i kommunal/fylkeskommunal PP-teneste i Sør-Noreg utlyst med tilsetjing frå 1. august 1999 (fase 1). Rapportering viser at det har vore god rekruttering i dei aller fleste fylka. I samband med endringane i det spesialpedagogiske støttesystemet i Nord-Noreg er 36 fagårsverk i kommunal/fylkeskommunal PP-teneste utlyst med tilsetjing frå 1. august 2000. Midlar til dei 20 siste fagstillingane i Sør-Noreg (fase 2) vil bli frigjort med sikte på tilsetjing frå 1. august 2001.

Det treårige kompetanseutviklingsprogrammet for PP-tenesta og skoleleiarar (Samtak) vart starta opp i 2000, med særleg vekt på åtferdsproblematikk, lese- og skrivevanskar og samansette læreplansvanskar, samt systemretta arbeid. Senter for åtferdsforskning har samordningsansvar, med bistand frå Fagleg eining for PP-tenesta, Senter for leseforskning og Torshov kompetansesenter mfl. Utdanningskontora har oppretta fylkesvise fagteam som skal hjelpe med å gjennomføre programmet på fylkesnivå. Det er utarbeidd ein overordna plan for gjennomføringa av programmet. Det er sett i verk ei evaluering av Samtak og styrkinga av PP-tenesta.

Vidare er det som oppfølging av meldinga oppretta to arbeidsgrupper for

- utgreiing av framtidig organisering og struktur mv. for kompetansesentra for hørsel, sett i samband med opplæringstiltak for døve og hørselshemma i kommunal/ fylkeskommunal regi. Utvalet skal komme med innstilling i løpet av 2000
- utgreiing av ansvarsforhold knytte til tilboda til personar med språk- og talevanskar. Utgreiinga omfattar ansvarsforhold og rettar, organisering og struktur i hjelpeapparatet, tilbod og etterspurnad etter logopediske tenester. Utvalet skal kome med innstilling innan utgangen av 2000.

Resultatmål for 2001

Den utoverretta og systemretta verksemda til støttesystemet skal først vidare, med ein meir fleksibel ressursbruk og tenestedekning sentra

imellom og betre geografisk og aldersmessig fordeling av tenestetilbodet. Styret skal sørge for å oppnå ein god balanse i ressursbruken mellom sektorane i kompetansesentersystemet.

Dei individretta tilboda frå støttesystemet må spissast mot brukarar med dei største og mest samansette behova, der det ikkje er rimeleg å forvente at lokalsamfunnet skal ha kompetanse. Arbeidet for å klargjere og avgrense ansvars- og oppgåvefordelinga i høve til andre tenesteleverandørar i og utanfor utdanningssystemet må først vidare, m.a. i form av samarbeidsavtalar. Kompetansesentra må i samarbeid med lokale etatar og brukarorganisasjonar leggje til rette for tiltak som gir rom for sosiale nettverk, kulturmedverknad og likemannssamlingar, særleg for små grupper funksjonshemma.

Det skal arbeidast vidare med å knyte tettare band på ulike felt mellom det einskilde kompetansesenteret og ein høgskole/eit universitet, både for å sikre sentra nær kontakt med kunnskapsformidlarane og for å sikre universitet/høgskolar betre kontakt med praksisfeltet, jf. kap. 274.

Aktuelle senter skal delta i gjennomføring av Samtak.

Utvikling og produksjon av spesialpedagogiske læremiddel ved kompetansesentra skal skje i samarbeid med Læringscenteret, som har eit overordna koordineringsansvar på feltet, jf. kap. 202.

Hørselshemma teiknspråkbrukarar skal framleis få heilårstilbod i skoleavdelingane ved aktuelle senter. For dei som ønskjer det, skal det leggjast til rette for lokale undervisningstilbod med tilbod om korttidsopphald ved sentra. Foreldreopplæring i teiknspråk skal først vidare etter fastsett plan. Særskilde prosjekt om utvikling av teiknordbok, utprøving av bilettelefon, mv. skal gjennomførast. Arbeidet med pedagogisk oppfølging av barn og unge med cochleaimplantat skal først vidare, i nært samarbeid med Rikshospitalet.

Felles nasjonalt kompetansesystem for døvblindfødde og døvblindblitte frå 1999 blir ført vidare i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet, jf. omtale under kap. 673 i St.prp. nr. 1 (2000-2001) frå Sosial- og helsedepartementet.

Skolane ved dei seks sosiale og medisinske institusjonane skal fortsette samarbeidet med lokalmiljøa og heimeskolen i oppfølginga etter institusjonsopphaldet.

Departementet vil vurdere permanent sekretariatsløsning for Statleg spesialpedagogisk støttesystem i samråd med styret, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 10 (1998-99). Samtidig vil spørsmålet om fram-

tidig organisering og lokalisering av Fagleg eining for PP-tenesta bli vurdert.

Statens utdanningskontor skal følgje opp det spesialpedagogiske tilbodet i fylka, med fokus på målet om inkludering og tilhøvet mellom spesialundervisning etter einskildvedtak og generell tilrettelegging og differensiering av opplæringa. Dette er omtala nærare under kat. 07.20.

Fagleg eining for PP-tenesta blir ført vidare på dagens nivå, og skal m.a. hjelpe departementet med utgreiings- og analysearbeid og i gjennomføringa av Samtak. Fagleg eining skal elles hjelpe utdanningskontora i rettleiinga deira overfor kommunar/fylkeskommunar i utviklinga av PP-tenesta.

Arbeidet i Sentralt brukarforum vert ført vidare. Støttesystemet skal framleis leggje til rette for brukarmedverknad i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak.

Autismeprogrammet og Nasjonal kompetanseinnging for ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi vert ført vidare.

Internasjonalt samarbeid vert ført vidare.

Budsjettforslag for 2001

Forslag til løyving på post 01 skal hovudsakleg dekkje lønns- og driftsutgifter ved kompetansesentra og kjøp av tenester ved spesialpedagogiske tyngdepunkt i Nord-Noreg og ved sosiale og medisinske institusjonar. Det er lagt inn kompensasjon for dei to ekstra lønstrinna til lærarane i samband med den nye arbeidstidsavtalen. Løyvinga tilsvaerar vidareføring av aktivitetsnivået frå 2000, men med ei omfordeling av ressursar til post 60, jf. tekniske endringar. Post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3243 postane 02, 11 og 60, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Forslaget på post 21 gjeld midlar til lønn og drift knytte til oppdrag av ulik art ved sentra. Som

ein følgje av utvida oppdragsverksemd ved dei statlege kompetansesentra er løyvinga er foreslått heva med 12 mill. kroner, jf. tilsvarende auke på kap. 3243 post 01. Post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Forslaget på post 45 gjeld midlar til kjøp av utstyr.

Post 60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, *kan overførast*

Forslaget til løyving gjeld øyremerkte tilskott som blir overført til aktuelle kommunar og fylkeskommunar i samsvar med fordelinga av nye personalressursar til PP-tenesta lokalt, og vert utbetalt som eit fast beløp per årsverk. Kontrollen som er knytt til utbetaling av tilskott, er todelt. Før utbetaling av tilskott vil det m.a. bli gjort ei kvantitativ rapportering om bemanninga ved dei aktuelle PP-kontora for å sikre at det skjer ein reell styrking av tenesta. Vidare vil det vere ei noko meir omfattande rapportering om PP-tenesta i samband med den generelle tilstandsrapporteringa om skoleverket frå dei statlege utdanningskontora. Løyvinga er foreslått auka med 70 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på post 01.

Post 75 Til disposisjon for departementet

Forslaget til løyving gjeld i hovudsak tilskott til organisasjonane for funksjonshemma og Sentralt brukarforum. Formålet er å fremme ny kunnskap og holdningar på det spesialpedagogiske området. Storleiken på tilskottet vert fastsett skjønnsmessig ut frå det omfanget og formålet prosjektet har, og det blir gjort greie for bruken av midlane gjennom årsrapport. Posten er foreslått redusert med 0,3 mill. kroner.

Kap. 3243 Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	39 712	24 048	37 129
02	Salsinntekter o.a.	4 249	5 429	4 356
11	Kursavgift ved vaksenopplæring og etterutdanning	2 333	2 055	2 055
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	1 753		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	4 569		

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
17	Refusjon for lærlingar	224		
60	Betaling frå kommunar og fylkeskommunar	3 495	3 543	3 543
	Sum kap. 3243	56 335	35 075	47 083

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 3243 post 02 er nedjustert med 1,2 mill. kroner mot ein parallell nedjustering av kap. 243 post 01.
- Kap. 3243 post 01 er oppjustert med 12 mill. kroner mot ein parallell oppjustering av kap. 243 post 21.

Post 01 gjeld oppdrag som kompetansesentra utfører for kommunar, fylkeskommunar og andre. Løyvinga er foreslått auka med 12 mill. kroner

mot ein parallell auke i utgiftsløyvinga, jf. kap. 243 post 21.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale og inntekter frå hjelpemiddeltilpassing. Løyvinga er foreslått redusert med 1,2 mill. kroner mot ein parallell reduksjon i utgiftsløyvinga, jf. kap. 243 post 01.

Post 11 gjeld kursavgifter, sal av kursmateriell til kursa, sal frå kantine og opphaldsutgifter i samband med kurs.

Post 60 gjeld betaling frå kommunar og fylkeskommunar for tenester som ikkje fell inn under post 01.

Kap. 0244 Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 3244)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	39 421	35 074	
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	7 556	13 000	
70	Tilskott til lærebøker o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	56 571	33 522	
	Sum kap. 0244	103 548	81 596	

Som ledd i oppfølginga av Innst. S. nr. 214 og St.meld. nr. 28 (1998-99) Mot rikare mål, jf. Innst. S. nr. 156 og St.prp. nr. 38 (1999-2000), blei Læringssenteret oppretta 1. september 2000, jf. kap 202. Som følge av dette blei Nasjonalt læremiddelsenter (NLS) og Eksamenstetariatet ved Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus

(SUE) nedlagde som eigne forvaltningseiningar og innlemma i Læringssenteret, sjå kap. 202 og 3202.

- Kap. 244 er fullt ut innlemma i kap. 202 i samband med opprettelse av Læringssenteret, sjå tabell over utrekna heilårseffekt i St.prp. nr. 38 (1999-2000).

Kap. 3244 Nasjonalt læremiddelsenter (jf. kap. 244)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	7 307	5 000	
02	Salsinntekter o.a.	13 131	10 229	
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	349		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	262		
	Sum kap. 3244	21 049	15 229	

Kap. 3244 er fullt ut innlemma i kap. 3202 i samband med opprettelse av Læringssenteret, sjå

tabell over utrekna heilårseffekt i St.prp. nr. 38 (1999-2000).

Kap. 0249 Andre tiltak i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 60 og 70</i>	21 618	106 523	167 719
60	Tilskott til IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	9 699	5 000	
61	Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 107	2 000	2 000
70	Tilskott til IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	7 214	2 729	2 811
71	Tilskott til fotokopiering	3 275	3 367	3 468
75	Særskilt tilskott til toppidrettsgymnas	9 370	10 610	10 928
	Sum kap. 0249	53 283	130 229	186 926

Kapitlet omfattar:

- IKT i utdanninga
- tilskott til Nordland kunst- og filmskole
- fotokopiering
- særskilt tilskott til toppidrettsgymnas

Post 21 finansierer også lønnsutgifter i departementet til medarbeidarar på avgernsa utviklingsprosjekt knytt til budsjettkapitlet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under postane 60 og 70*

Resultatrapport for 1999-2000

IKT kan medverke til at skolen kan komme behova og interessene til den einskilde eleven betre i møte. IKT fører òg til endra roller og endra organisering av skole og skolearbeidet. Departementet la i januar 2000 fram planen «IKT i norsk utdanning. Plan for 2000-2003». Nasjonalt læremiddelsenter/Læringssenteret, dei statlege utdanningskontora og Forskings- og kompetansenettverk for IT i utdanninga (ITU) er saman med andre aktørar sentrale i arbeidet med å gjennomføre planen.

Resultatrapport for 1999-2000

For å nå målet om at elevane skal lære og nytte IKT, er lærarane sentrale. Både gjennom skolereformene og på anna måte har lærarane fått tilbod om opplæring. Nasjonale og internasjonale undersøkingar visar at det likevel er eit godt stykke igjen før lærarane tek i bruk IKT i undervisninga på ein god og omfattande måte. Behovet for meir

opplæring er framleis stort, særleg innanfor pedagogisk bruk. I lærarutdanninga er det i gang ei fireårig satsing for å utvide bruken av og styrkje den pedagogiske kompetansen innanfor IKT i utdanninga, sjå programkategori 07.60.

Når det gjeld elektroniske læremiddel er det framleis stort behov for utviklingsarbeid. 22 elektroniske læremiddel har fått støtte i 2000. Arbeidsgruppa for digitale læremiddel i høgre utdanning har i 2000 fullført prosjekt innanfor mellom anna språkfag og teknologiske fag.

Ei undersøking som har sett på kor langt Noreg har komme i bruk av IKT jamført med andre land, viser at Noreg er blant dei fremste landa når det gjeld utstyr, men at vi ikkje ligg heilt i fremste rekkje når det gjeld å nytte nye moglegheiter. Undersøkinga blei utført i regi av International Association for the Evaluation of Educational Achievement (IEA). I 2000 er det lansert ei ordning for overføring av brukt utstyr frå næringsliv til skole. Målet er overføring av 6000-8000 brukte PC-ar i 2000. Dette målet blir nådd. Nasjonalt læremiddelsenter/Læringssenteret har tidlegare vore ansvarleg for å forhandle fram avtalen om programvare og utstyr for skoleverket, men samarbeider no med Forvaltningsnettet om dette. Alle skolar med ungdomstrinn får i løpet av hausten 2000 økonomisk støtte til bruk av Internett.

Innanfor forskning og utvikling har det vore ein stor auke i satsinga i inneverande år. Nettverket for IT i utdanninga (ITU) har utvida verksemda si, og er no involvert i og samarbeider med både nasjonale og sentrale internasjonale aktørar. I eitt av prosjekta er ein i ferd med å byggje opp omfattande kunnskap om innføring av IKT i vidaregå-

ande opplæring og bruk av berbare PC-ar for lærarar og elevar (Nesodden-prosjektet).

Lokalt arbeid med forsøk og utvikling er styrkt. Skolar i ni fylke har vore med i PILOT (Prosjekt Innovasjon i Læring, Organisasjon og Teknologi), ein auke på tre fylke frå i fjor. Målet med prosjektet er å få meir systematisk kunnskap og erfaring om korleis IKT kan brukast i skolen, og i måten skolen blir organisert på.

Fleire tiltak har vore retta mot jenter og IKT. Forsøk med eigne halvårseiningar i IKT for kvinnelege lærarar har vore godt mottekne. Framleis er det store utfordringar knytte til mellom anna rekruttering av jenter til IKT-fag.

Utdanningskapasiteten innanfor IKT ved universitet og høgskolar er utvida, og det har vore arbeidd med opprettinga av nye tilbod innanfor IKT i vidaregåande opplæring, sjå programkategori 07.60 og 07.30.

Departementet sett i gang eit prosjekt om sør-samisk opplæring med sikte på å utvikle alternative opplæringsformer til internatskolar, basert på bruk av IKT. Statens utdanningskontor i Nordland har fått i oppdrag å gjennomføre utviklingsarbeidet. Prosjektet vil bli gjennomført i samarbeid med dei berørte utdanningskontora, Sametinget, heimstadskolane og dei eksisterande internatskolane. Utdanningskontoret i Finnmark har fått i oppdrag å utvikle fjernundervisning i nordsamisk språk.

Departementet, NLS og ITU har vore med på fleire internasjonale prosjekt som gir kunnskap og kontaktar som er svært nyttige for den nasjonale satsinga på IKT, mellom anna SITES, European Schoolnet, School of tomorrow, Netd@ys 1999. Dei same institusjonane tek del i nordisk samarbeid knytt til elektroniske læremiddel og framtidens Internett-tenester. Det er viktig for eit lite land som Noreg å ta del i og vere synleg i det internasjonale IKT-landskapet. Stadig fleire skolar og høgre utdanningsinstitusjonar tek del i internasjonalt samarbeid.

Tiltak som gjeld IKT i utdanninga, blir òg omtalte under programkategoriane 07.20, 07.30 og 07.60.

Resultatmål for 2001

IKT og Internett er sentrale element i arbeidet med å førebu ein meir fleksibel skole og gjere morgandagens skole betre. Regjeringa satsar på ei styrking av denne utviklinga og foreslår å løyve 100 mill. kroner ekstra til satsing på IKT i opplæringa. Dette inneber ein auke på 50 pst frå 2000 og ei åttedobling i høve til 1999-nivået.

Det finst ikkje noko einskild grep som løyser alle IKT-utfordringane. Den ekstra satsinga på IKT skal derfor nyttast til ei rekkje verkemidlar som heng saman: kompetanseutvikling for lærarane, IKT i lærarutdanninga, infrastruktur og breiband, utvikling av læremiddel og nettinnhald, forsøk, forskning og utvikling og internasjonalt samarbeid. Satsinga er derfor fordelt på tre ulike budsjettkapittel under departementet sitt ansvarsområde, med 60 mill. kroner på kap. 249, 30 mill. kroner på kap. 228 og 10 mill. kroner på kap. 238.

Målet i den nye IKT-planen, som gjeld frå 2000 til 2003, er å ta i bruk og nytte dei moglegheitene IKT gir i undervisning og læring slik at kompetansebehova til den einskilde og samfunnet blir tekne i vare. Den nye planen byggjar vidare på satsinga i perioden 1996-99, men inneheld samstundes ei rad nye element som heng saman med Regjeringa si auka satsing på IKT i utdanninga. IKT-planen inneheld følgjande seks område: pedagogisk tilrettelegging, IKT som fag og IKT i faga, kompetanseutvikling til lærarane, forskings- og utviklingsarbeid, organisatorisk tilrettelegging og infrastruktur og samarbeid. Resultatmåla på desse områda blir nærmare omtalt nedanfor.

Pedagogisk tilrettelegging

Det er utvikla ei rad læringsnett for delar av utdanninga, mellom anna Skolenettet for grunnskolen og vidaregåande opplæring, Tunet for vaksenopplæring og Norgesuniversitetet for høgre utdanning. Det er behov for å sjå på desse læringsnetta i ein samanheng som sikrar samspel og rasjonelle løysingar. Det er derfor sett i verk ei utgreiing for å leggje grunnlag for eit nasjonalt læringsnett. Målet med det nasjonale læringsnettet er å samordne og auke tilbodet på nettet, og å utvikle tenester og læremiddel knytte til det nasjonale læringsnettet.

Støtta til elektroniske læremiddel på grunnskolens og vidaregåande opplærings nivå vil bli ytterlegare utvida som følgje av Regjeringas ekstra IKT-satsing. Med vaksnes individuelle rett til vidaregåande opplæring vil også deira behov bli inkluderte i satsinga. Tilbod til funksjonshemma og tilbod innanfor det spesialpedagogiske området vil vere ein del av dette. Haldningsskapande arbeid knytt til uønskt innhald på Internett er eit anna område som vil bli prioritert.

Arbeidet med nye formar for eksamen og vurdering først vidare, mellom anna i prosjektet PILOT.

Innanfor ramma av kompetansereforma skal det utviklast IKT-baserte tilbod. Sentralorganet

for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF) har fått eit klarare mandat innanfor fleksibel læring. Som følgje av dette er det i 2001 foreslått å auke løyvinga til organet, sjå programkategori 07.60.

IKT som fag og IKT i faga

Det er behov for å sjå nærare på kva som vil vere framtidens behov for kompetanse innanfor IKT, og dei konsekvensane framtidens krav til kompetanse bør få for utviklinga i IKT-fag og i andre fag der IKT blir teken i bruk. Departementet tek initiativ til ei utgreiing der ein også vil sjå på rekruttering og korleis ein i IKT-studia kan sikre ein betre balanse mellom kjønna. Ein vil òg sjå nærare på behova til funksjonshemma.

Kompetanse til lærarane

IKT opnar for nye og meir fleksible arbeidsformer. Lærarane må kunne nytte desse moglegheitene i eiga utvikling og for å kunne rettleie elevar som stadig oftare er vane med å bruke IKT heime og i fritida. Lærarutdanninga står overfor store utfordringar med omsyn til å gi kommande lærarar eit grunnlag for å nytte IKT i læring og undervisning i alle fag. Departementet ønskjer å halde opp den utvida støtta til etterutdanning i kommunane. I tillegg skal det satsast ekstra på tilbod for lærarane på Internett knytte til mellom anna det nasjonale læringsnett. Departementet vil syte for utvikling og utprøving av modellar for IKT-basert etter- og vidareutdanning. Tilboda skal vera fleksible og hengje nært saman med praksis. Arbeidet med å integrere IKT i lærarutdanninga blir ført vidare, og vil omfatte kompetanseutvikling for personalet, innføring av IKT-baserte undervisningsformer og forsøk, forskning og utvikling, sjå programkategori 07.60.

Forsking og utvikling

Det er auka behov for systematisk og omfattande forsking om korleis IKT kan nyttast i utviklinga av framtidens utdanning. Oppgåver som Forskings- og kompetansenettverk for IT i utdanninga (ITU) er ansvarleg for, førast vidare. I tillegg kjem satsinga på lokalt utviklingsarbeid til å halde fram. Tiltaka her er mellom anna knytte til prosjekta Kvalitetsutvikling i grunnskulen og Differensiering og tilrettelegging i vidaregåande skule, sjå programkategori 07.20 og 07.30. Ved sida av prosjektet PILOT skal det gjerast ytterlegare forsking og forsøk med kva for rolle IKT skal spele i framtidens utdanning og i utvikling av skolar med sær-

lege sosiale og kulturelle utfordringar. Tiltak som er retta inn mot jenter og IKT, skal førast vidare.

Organisatorisk tilrettelegging

Utdanning og utvikling av kompetanse står for tida høgt på dagsordenen i næringsliv og forvaltning. Mange ønskjer å engasjere seg i IKT i utdanninga og ønskjer kontakt. Dette er ei positiv utvikling som departementet vill å dra nytte av gjennom å etablere møteplassar der representantar frå ulike sektorar kan møtast og drøfte dei utfordringane som IKT gir utdanninga. IKT er eit internasjonalt utviklingsområde som stiller utdanninga overfor nye internasjonale utfordringar som krev ein medveten og målretta strategi. Internasjonalt samarbeid blir viktigare og viktigare i arbeidet med IKT i utdanninga. Departementet og utdanningsinstitusjonar er i større grad engasjert i internasjonale samarbeidsprosjekt. Dette arbeidet vil bli styrkt gjennom utarbeiding av ein strategi for internasjonalt arbeid og samarbeid på IKT-området.

Infrastruktur og samarbeid

Arbeidet med partnerskapsordningar mellom utdanning og næringsliv vil bli utvikla vidare, mellom anna avtalar og ordningar for utstyr og programvare. Forsøk med og utgreiing om ordningar for drift av maskiner og nettverk vil bli sette i verk. I tillegg kjem arbeidet med utvikling av framtidens Internett og nye breibandstenestar som er tilpassa utdanninga, til å bli trappa opp. Departementet vil mellom anna syte for utprøving av breibandstilgang for grunnskolar og vidaregåande opplæring i nokre fylke.

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga er foreslått auka med 60 mill. kroner i forhold til 2000 som ledd i Regjeringa si styrkte satsing på IKT i utdanninga. Dette er ein auke på 57 pst på posten i høve til 2000.

Post 60 Tilskott til IKT-tiltak, kan nyttast under post 21

Formålet med tilskottsordninga har vore å stimulere grunnskolar og vidaregåande opplæring til å ta del i utviklingsarbeid slik at dei kan utvikle kunnskap og erfaring om bruk av IKT. Midlane er frå 2001 innlemma i rammetilskottet til kommunane og fylkeskommunane.

Post 61 Tilskott til Nordland kunst- og filmskole

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at det blir gitt eit tilbod om kunst- og filmutdanning i Nord-Noreg. Nordland kunst- og filmskole er toårig, og er det einaste tilbodet i sitt slag i Nord-Noreg. Fram til 1995-96 blei skolen driven av Nordland fylkeskommune. Skolen får tilskott for inntil 24 elevar per årskull. Tilskottet blir rekna ut etter dei reglane som gjeld for private skolar med kunst-, medie- og musikkutdanning, og som får tilskott etter privatskolelova § 26 tilskottsregel nr. 6. Skolen hadde 47 heilårselevar per 1. april 2000, fordelte på tre linjer: biletkunst, kunsthåndverk og film.

Løyvinga blir foreslått ført vidare på same nivå som i 2000.

Post 70 Tilskott til IKT-tiltak, *kan nyttast under post 21*

Formålet med tilskottsordninga er å stimulere private institusjonar og andre til å samarbeide med og utvikle produkt og tenester for utdanninga. Ordninga skal mellom anna opne for partnerskapsordningar, sjå omtale under post 21. Det er i 2000 gitt tilskott til internasjonale prosjekt og ei rad tilbod på nettet, til dømes Kidlink, Viking Network og Sarepta.

Løyvinga er foreslått ført vidare på om lag same nivå som i 2000.

Post 71 Tilskott til fotokopiering

Tilskottsordninga har som formål å redusere utgifter til kopiering for statlege og private skolar. Det er inngått ein ny avtale med Kopinor i 2000 om bruk og vederlag for fotokopiering o.l. av opphavsrettsleg verna materiale.

Forslaget til budsjett for 2001 er ført vidare på same nivå som for 2000.

Post 75 Særskilt tilskott til toppidrettsgymnas

Formålet med tilskottsordninga er å leggje til rette for at mottakarane kan gi tilbod om toppidrett ut over læreplanane for studieretning for idrettsfag.

Ordninga gjeld skolar som er godkjende etter privatskolelova, og som dessutan har særskild godkjenning for å drive med toppidrettstilbod. Departementet gir tilskott for maksimalt 810 elevar til saman ved dei skolane som får tilskott. Det bestemte maksimale elevtalet som kan utløyse toppidrettsstilskott, er ikkje til hinder for at skolane kan få eit høgre elevtal over kap. 240 post 70 etter ordinær sats for idrettsfag.

Skolane står under tilsyn av statens utdanningskontor. Rapportering av elevtal med rett til tilskott følgjer dei retningslinjene som er bestemte for tilskott etter privatskolelova.

Tilskottssatsen for 2001 er kr 13 740 per elev.

Programkategori 07.50 Vaksenopplæring

Programkategori 07.50 omfattar mellom anna:

- tilskott til opplæring i norsk med samfunns-kunnskap for vaksne innvandrarak
- tilskott til grunnskoleopplæring for innvandra-rar i alderen 16-20 år
- tilskott til studiearbeid i regi av studieforbunda
- tilskott til opplæring for særlege målgrupper (personar med ulike opplæringshindringar)
- tilskott til fjernundervisning i regi av frittståan-de fjernundervisningsinstitusjonar
- tilskott til kurs i folkehøgskolen
- tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar
- midlar til drift av VOX - Vaksenopplæringsinsti-tuttet
- midlar til forskning, utviklingsarbeid og ulike fellestiltak i vaksenopplæringa
- midlar til kompetanseutviklingsprogrammet

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0250	Statens ressurs- og vaksenopplærings-senter og opplæring for vaksne innvan-drarak (jf. kap. 3250)	536 663			
0251	Vaksenopplæring i studieforbunda	208 995			
0252	Fjernundervisning (jf. kap. 3252)	40 146			
0253	Folkehøgskolar	355 113	370 303	395 950	6,9
0254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)		622 825	719 700	15,6
0255	Forskning, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 3255)	44 448			
0256	VOX – Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)		65 635	65 028	-0,9
0258	Forskning, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa		89 035	91 646	2,9
0259	Kompetanseutviklingsprogrammet		50 000	100 000	100,0
Sum kategori 07.50		1 185 365	1 197 798	1 372 324	14,6

Løyvingar under kap. 250, 251, 252 og 255 er inn-lemma i kap. 254, 256 og 258, sjå St.prp. nr. 1 (1999-2000).

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3250	Statens ressurs- og vaksenopplærings- senter og opplæring for vaksne innvan- drarar (jf. kap. 250)	43 599			
3252	Fjernundervisning (jf. kap. 252)	2 060			
3254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)		28 568	57 112	99,9
3255	Forskning, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 255)	3 324			
3256	VOX – Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)		19 744	17 658	-10,6
Sum kategori 07.50		48 983	48 312	74 770	54,8

Løyvinga under kap. 3250, 3252 og 3255 er innlemma i kap. 3254 og 3256, sjå St.prp. nr. 1 (1999-2000).

Vaksenopplæring blir óg dekt innanfor følgjande budsjettkategoriar:

- programkategori 07.10 Administrasjon
- programkategori 07.20 Grunnskolen
- programkategori 07.30 Vidaregåande opplæring
- programkategori 07.40 Andre tiltak i utdanninga
- programkategori 07.60 Høgre utdanning
- programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering
- programområde 19 Arbeidsmarknaden i Arbeids- og administrasjonsdepartementets budsjettproposisjon

Kommunale og fylkeskommunale tilbod blir dekte av midlar som kommunane og fylkeskommunane sjølve disponerer.


Budsjettforslag for 2001 – prioriteringar

Vaksenopplæring og etter- og vidareutdanning har fått auka merksemd i dei seinare åra, både politisk og elles i samfunnet. Kompetanseutvikling er vesentleg for å betre konkurranseevna og fleksibiliteten i eit arbeidsliv i omstilling, og for å gi det einskilde individet større valfridom og høve til å realisere egne ønske og behov. Grunnlaget for Kompetansereforma er nettopp behovet for oppdatert kunnskap og ny kompetanse i samfunnet, i arbeidslivet og hos den einskilde. Reforma byggjer på samhandling mellom fleire aktørar. Regjeringa er oppteken av at både arbeidsgivarar, arbeidstakarar, utdanningstilbydarar, frivillige

organisasjonar og det offentlege må samarbeide for at reforma skal kunne realiserast. For å nå måla om kompetanseutvikling for vaksne og ein fleksibel arbeidsstyrke ønskjer Regjeringa å føre vidare og styrkje dette arbeidet i 2001.

Regjeringa ønskjer å styrke kompetanseutviklingsprogrammet for vidareutvikling av marknaden for etter-, og vidareutdanning med 50 mill. kroner, slik at løyvinga i 2001 blir på 100 mill. kroner. Dessutan foreslår ein å føre vidare andre tiltak knytt til Kompetansereforma med samla 50 mill. kroner. Satsingsområda er mellom anna knytte til prosjekt som dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse og utvikling av fleksible undervisningsmodellar. Ein vil også i større grad rette innsatsen mot vaksne med lese- og skrivevanskar. Det samla forslaget til tiltak i høve til Kompetansereforma på kategori 07.50 i 2001 er såleis 150 mill. kroner. I tillegg blir det foreslått å føre vidare tiltaka som gjeld tilpassing av regelverket til vaksne i Statens lånekasse for utdanning, jf. omtale under programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering.

Som eit ledd i satsinga på Kompetansereforma har Regjeringa i St.prp. nr. 63 (1999-2000) fremma forslag om å slå saman dei tre vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk fjernundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplærings-senter. Stortinget har slutta seg til dette, jf. Innst. S. nr. 225 (1999-2000). Den nye institusjonen vil bli etablert 1. januar 2001 under namnet VOX – Vaksenopplæringsinstituttet. Regjeringa ser på etableringa av instituttet som eit viktig ledd i satsinga på vaksenopplæring og Kompetansereforma, og vil leggje til rette for at etableringa og oppfølginga kan skje på best mogleg måte.



Figur 8.5 Dei ulike elementa i Kompetansereforma

Mål for politikken i sektoren er

- å leggje til rette for gjennomføring av Kompetansereforma for å møte behova for oppdatert kunnskap og ny kompetanse i samfunnet, i arbeidslivet og hos den einskilde
- å leggje til rette for omstilling av utdanningssystemet slik at det blir utvikla tilrettelagde og fleksible tilbod av god kvalitet for vaksne på alle utdanningsnivå
- å vidareutvikle vaksenopplæringa gjennom forskning og utviklingsarbeid

Politikken i sektoren skal leggje til rette for gjennomføring av Kompetansereforma for å møte behova for oppdatert kunnskap og ny kompetanse i samfunnet, i arbeidslivet og hos den einskilde

Tilstandsvurdering

Det er eit overordna mål for Kompetansereforma å medverke til å dekkje samfunnets, arbeidslivets og den einskildes behov for kompetanse.

Ein nasjonal handlingsplan for Kompetansereforma er utforma i samarbeid med partane i arbeidslivet, og blei lagd fram våren 2000. Hovudsatsingsområda i planen er m.a. å tilpasse opplæringstilboda betre til dei behova som vaksne har, å leggje rammevilkåra best mogleg til rette for kompetanseutvikling for den einskilde, å etablere eit nasjonalt system for dokumentasjon og verdsetjing av den realkompetansen vaksne har og å gi tilbod om grunnskole og vidaregåande

opplæring til vaksne som har behov for slik opplæring.

Arbeidet med Kompetansereforma har vore omfattande i 2000. Fleire større prosjekt har funne si form, og på fleire område ser ein no resultat av arbeidet. Departementet har lagt vekt på arbeidsprosessane i dei einskilde prosjekta, og har samarbeidd nært med andre departement, partane i arbeidslivet, kommunar og fylkeskommunar og ulike organisasjonar.

I samband med inntektsoppgjæret i 1999 signaliserte den førre regjeringa at ho ville foreslå å løyve 400 mill. kroner over 2-3 år til eit kompetanseutviklingsprogram for utvikling av marknaden for etter- og vidareutdanning. Hausten 1999 samarbeidde departementet med partane i arbeidslivet og Nærings- og handelsdepartementet om planlegging av innretning og styring av kompetanseutviklingsprogrammet. Den første løyvinga til programmet blei gjort i statsbudsjettet for 2000 med 50 mill. kroner. Sjå omtale under kapittel 259.

Arbeidet med dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse knytt til vidaregåande opplæring er organisert som eit prosjekt over tre år (1999-2002). Partane i arbeidslivet, fylkeskommunar og offentlege og andre utdanningstilbydarar medverkar i gjennomføringa av prosjektet. Kvar fylkeskommune har fått prosjektmidlar for å etablere ordningar for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse knytt til vidaregåande opplæring. Våren 2000 fikk om lag 1000 vaksne vurdert sin realkompetanse som ein del av vidaregåande opplæring.

I Ot.prp. nr. 58 (1999-2000) fremmar Regjeringa forslag om at dei høgre utdanningsinstitusjonane kan gi søkjarar som er 25 år eller eldre, opptak til enkelte studium dersom dei på grunnlag av realkompetanse har dei naudsynte kvalifikasjonane for vedkommande studium, jf. omtale under kategori 07.60 Høgre utdanning.

Strategiar og tiltak

Stortinget slutta seg i Innst. S. nr. 225 (1999-2000) til forslaga i St.prp. nr. 63 (1999-2000) om å samorganisere vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk fjernundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter frå 1. januar 2001. Samanslåinga av desse institusjonane vil gi eit meir samla og heilskapleg fokus på vaksenopplæringa i Noreg. Den nye institusjonen, VOX – Vaksenopplæringsinstituttet, skal ha særskilde oppgåver innanfor forskning og utviklingsarbeid, og vil også få overført oppgåver frå departementet. VOX skal m.a. drive kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling, utviklingsprogram og nettverksbygging mellom ulike organisasjonar, og skal vere ein ressurs for alle som driv med vaksenopplæring. Institusjonen vil få eit særleg ansvar for vaksne som har mangelfull grunnutdanning og særskilde opplæringsbehov.

Handlingsplanen for Kompetansereforma gjeld fram til 2003. Departementet tek sikte på at planen blir rullert kvart år. Når planperioden er gjennomført, vil det bli gjort ein samla gjennomgang av i kva grad ein har nådd måla under kvart satsingsområde.

Kompetanseutviklingsprogrammet har som målsetjing å medverke til nyskaping i og vidareutvikling av marknaden for etter- og vidareutdanning. Regjeringa foreslår at løyvinga til kompetanseutviklingsprogrammet blir auka med 50 mill. kroner i 2001, jf. omtale under kap. 259.

Regjeringa tek sikte på å føre vidare realkompetanseprosjektet på same nivå som i 2000. Med ei vidareføring i 2001 vil den samla løyvinga til prosjektet i dei siste tre åra vere på 50 mill. kroner.

Sentrale tiltak i 2001 vil vere

- å medverke til å klarleggje rammevilkåra og prøve ut ordningar for dokumentasjon av realkompetanse i arbeidslivet, studieforbunda, fjernundervisningsinstitusjonane, folkehøgskolane og i frivillige organisasjonar
- å medverke til vidare utprøving av modellar for yrkesprøving

- å analysere ordningar for dokumentasjonen frå aktuelle land, og å få vurdert konsekvensane for dei norske ordningane
- å ferdigstille forslag til metodar og modellar for kartlegging, vurdering, dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse i høve til vidaregåande opplæring

På grunnlag av kunnskapar og erfaringar som er tileigna gjennom realkompetanseprosjektet, vil det i løpet av hausten 2000 bli sendt ytterlegare retningslinjer til fylkeskommunane til hjelp i kartlegging og vurdering av realkompetanse. Nye forskrifter til opplæringslova vil vere på plass ved nyttår 2001, og desse opnar for å gi formell dokumentasjon i vidaregåande opplæring på grunnlag av realkompetanse.

Politikken i sektoren skal leggje til rette for omstilling av utdanningssystemet slik at det blir utvikla tilrettelagde og fleksible tilbod av god kvalitet for vaksne på alle utdanningsnivå

Tilstandsvurdering

Ved handsaminga av Ot.prp. nr. 44 (1999-2000) om endringar i opplæringslova slutta Stortinget seg til forslaga som gir vaksne ein individuell rett til grunnskole og vidaregåande opplæring, jf. Besl. O. nr. 106 (1999-2000). Endringane i opplæringslova gir vaksne som treng det, rett til grunnskoleopplæring og vaksne fødte før 1978 rett til vidaregåande opplæring dersom dei ikkje tidlegare har fullført slik opplæring. Retten til vidaregåande opplæring blei gjort gjeldande 1. august 2000, medan ein tek sikte på å setje retten til grunnskoleopplæring i verk 1. august 2002.

Det har vore uvisst kor mange vaksne som vil nytte seg av retten til grunnskoleopplæring. For å førebu innføringa av retten har departementet i 2000 sett i gang eit prosjekt for å kartlegge behovet for grunnskoleopplæring for vaksne og å utvikle undervisningsmodellar tilpassa målgruppa. Til saman 37 kommunar er med i prosjektet.

Forslag til forskrifter, som i hovudsak gjeld vidaregåande opplæring, er send på høring, og departementet tek sikte på at dei skal tre i kraft 1. januar 2001. Undervisninga skal leie fram til full kompetanse, det vil seie vitnemål eller fag/sveinebrev, og vere organisert slik at ho gir eit forsvarleg grunnlag for å setje standpunktarakter. Tilbodet skal vidare byggje på den formal- og realkompetansen som den einskilde vaksne har. For utvikling av undervisningsmodellar som er tilpassa behova og livssituasjonen til vaksne, har departementet i 2000 nytta løyvinga på 10 mill.

kroner til prosjektmidlar til kvar fylkeskommune og dei tre opplæringsregionane. Departementet har sendt ut rundskriv til fylkeskommunane om endringane i opplæringslova og privatskolelova, og peiker mellom anna på det ansvaret fylkeskommunane har for å gi vaksne ei opplæring som er tilpassa deira behov og livssituasjon.

I 2000 blei det løyvd 10 mill. kroner til å auke statstilskottet til kurs som fører fram til eksamen i vidaregåande opplæring eller fagprøve i regi av studieforbund og fjernundervisningsinstitusjonar for å redusere eigendelen til deltakarane på desse kursa. Tilboda er et supplement til den opplæringa fylket har ansvar for. Aktørane har gitt opplæringstilbod som dekkjer mange fagområde og målgrupper. Deler av løyvinga har vore nytta til samarbeidsprosjekt om kombinert undervisning og til å utvikle nye opplæringsmetodar og bruk av ny teknologi.

Eit offentleg utval, Berg-utvalet, har vurdert opplæring som ikkje går inn under opplæringslova, universitets- og høgskolelova eller privathøgskolelova, og leverte si utgreiing våren 2000 i NOU 2000: 5 Mellom barken og veden – om fagskoleutdanningar. Utvalet foreslår mellom anna at det blir definert eit eige utdanningsnivå som får nemninga fagskoleutdanning, og at det blir organisert under ei eiga lov med utgangspunkt i lov om teknisk fagskole. Utvalet foreslår vidare at det blir oppretta eit nasjonalt råd som skal vere eit strategisk rådgjevande organ for Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, og fagråd innanfor dei enkelte fagområda.

Lovendringa om rett til utdanningspermisjon blei vedteken i Stortinget hausten 1999 på grunnlag av Innst. O. nr. 7 (1999-2000), Ot.prp. nr. 68 (1998-99) og NOU 1998:20 Utdanningspermisjon. Lovendringa vil tre i kraft 1. januar 2001 som ny § 33d i Arbeidsmiljølova.

Utdanningsnivået i innvandrarbefolkninga er i snitt lågare enn i befolkninga elles, og det er til dels store skilnader mellom ulike innvandrargrupper. Departementet har teke omsyn til dette i ny opplæringsplan i norsk med samfunnskunnskap, der kartlegging av utdanningsbakgrunnen til deltakarane og bruk av modulprøver er viktige for å tilpasse opplæringa etter behov. Sjå omtale under kap. 254.

Utdanningsnivået blant funksjonshemma generelt har blitt betre, men er framleis lågare enn for gjennomsnittet av innbyggjarane. Endringane i opplæringslova vil gi den einskilde betre høve til å kunne få opplæring tilpassa særskilde behov.

Strategiar og tiltak

Utvikling og utprøving av modellar for grunnsko-leopplæring for vaksne vil halde fram i 2001. Gjennom prosjektet vil ein leggje vekt på å finne fram til opplæringsmodellar som er tilpassa behovet til den einskilde vaksne når det gjeld tid, stad og lengd på opplæringa.

Det blir foreslått å føre vidare løyvingane til utvikling av fleksible undervisningsmodellar for vaksne. For 2001 vil det bli lagt særskild vekt på prosjekt som rettar seg mot vaksne med skrive- og lesevanskar. Dette vil mellom anna vere ei utfordring for fylkeskommunane, studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane, jf. omtale under kap. 258.

Departementet vil følgje opp utgreiinga frå Berg-utvalet i ei stortingsmelding våren 2001. Stortingsmeldinga vil bli sett i samanheng med oppfølginga av NOU 2000: 14 Frihet med ansvar – om høgere utdanning og forskning i Norge (Mjøs-utvalet) og NOU 1999: 33 Nyttige lærepenger – om utdanningsfinansieringen gjennom Lånekassen (Aamodt-utvalet).

Folkehøgskolane har kvart år 10-12 pst. av årskullet av 19-åringar som elevlar på hovudkurs. På bakgrunn av reformer i utdanningssystemet i dei siste åra blei det våren 2000 oppnemnt eit offentleg utval som skal vurdere rolla til folkehøgskolen i utdanningssamfunnet. Utvalet skal leggje fram utgreiinga si 1. mai 2001.

Norskopplæring og anna kvalifisering av innvandrarar er viktig i asyl- og innvandrarpolitikken til Regjeringa. Eit elektronisk nettverk for lærarar i innvandrarpplæringa er under utvikling og vil bli oppretta hausten 2000.

Personar som treng spesialundervisning på grunn av sjukdom eller skade, vil kunne få opplæring på mange ulike arenaer i samarbeid mellom ulike faggrupper. Spesialundervisning og tilpassa opplæring vil ofte inngå som delar i eit samansett tilbod. For at alle skal kunne ta del i utdanning, arbeid og fritid uavhengig av evner og føresetnader, er det viktig å føre vidare og styrkje samarbeidet mellom ulike fag og sektorar i tenesteapparatet. For å auke deltakinga frå brukarane i plan- og tilrettelegging vil det bli sett i gang informasjons- og rettleiingsverksemd som m.a. klargjer ansvar og rettar. Tiltaka skal m.a. medverke til at brukarane lettare kan nytte dei tilboda som finst i eit samla tenesteapparat.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, Sosial- og helsedepartementet, Kommunenes Sentralforbund, brukarorganisasjonane og ulike

faglege instansar skal vurdere tilbod for personar med språk- og talevanskar. Arbeidsgruppa vil levere ein sluttrapport innan årsskiftet 2000-01. Rapporten skal klarleggje ansvarstilhøve og rettar og vurdere ulike sider av kompetansenettverket for denne målgruppa.

Arbeidet med å styrkje rettstryggleiken for vaksne med særlege behov vil vere ei prioritert oppgåve. Ei arbeidsgruppe arbeider med ei rettleiing om ansvar og rettar knytte til vaksne med særlege opplæringsbehov.

Politikken i sektoren skal medverke til å vidareutvikle vaksenopplæringa gjennom forskning og utviklingsarbeid

Tilstandsvurdering

For å nå fram til alle med tilbod om kompetanseutvikling og informasjon om retten til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne og om retten til utdanningspermisjon, må alle partar informere, rettleie og motivere for læring. Ein må i dette arbeidet finne fram til nye og utradisjonelle metodar for å nå dei gruppene som er minst motiverte for utdanning. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet starta på denne bakgrunnen prosjektet «Motivasjon, rettleiing og informasjon» i 2000.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet finansierer store delar av forskingsprogrammet «Kompetanse, utvikling og verdiskaping» under Noregs forskingsråd. Det er sett i gang fleire prosjekt med hovudfokus på vaksenopplæring både innanfor temaområda «Relasjonar mellom utdanning og arbeidsliv» og «Ekskludering og inkludering i utdanning og arbeidsliv».

I 2000 har Noreg saman med ni andre OECD-land vore med i ein gjennomgang av vaksenopplæring (Thematic Review on Adult Learning). På grunnlag av ein bakgrunnsrapport og besøk av ei ekspertgruppe vil OECD utarbeide ein komparativ rapport der ein mellom anna vil gi ei vurdering av vaksenopplæringa i Noreg og gjennomføringa av Kompetansereforma. OECD gjennomfører i 2000 også ei evaluering av det norske utdannings-systemet i eit livslangt læring-perspektiv.

I den internasjonale kartlegginga av lese-dugleik hos vaksne (SIALS) kartla ein dugleik på tre ulike område/skalaer:

- Prosa (samanhengande tekst som i avisartiklar, brosjyrar, bruksanvisningar og liknande)

- Dokument (ulike typar skjema, kart, tabellar og liknande)
- Kvantitativt (bruk av aritmetiske operasjonar i såkalla «lesestykke», og liknande)

Av figur 8.6 går det fram at rundt 70 pst. av den norske befolkninga mellom 16 og 65 år har kunnskap på dei to øvste nivåa (3 og 4/5), medan om lag 30 pst. er på dei to lågaste nivåa. OECD reknar med at personar med eit dugleiksnivå på 1 og 2 ikkje fungerer tilfredsstillande i høve til dei lesekrava som arbeids- og samfunnsliv stiller i dei vestlege landa i dag.

Gruppa som ligg på dei to lågaste nivå på dugleiksskalaen er ei viktig målgruppe i Kompetansereforma. Regjeringa er oppteken av at dei ulike tiltaka og tilboda i samband med reforma også når denne gruppa.


Strategiar og tiltak

Innanfor dei midlane departementet disponerer til forskning og utviklingstiltak, vil prosjekt som støttar opp under satsingsområda i Kompetansereforma slik dei kjem til uttrykk i handlingsplanen, bli prioriterte.

Departementet vil utarbeide ein informasjonsplan for Kompetansereforma med tiltak retta inn mot behova i ulike grupper. Som ein del av grunnskoleprosjektet tek departementet m.a. sikte på å utarbeide eit idehefte om motivering av deltakarar som har vanskar med å søkje opplæring på eige initiativ. Hftet må i første rekkje ta utgangspunkt i dei erfaringane ein hentar gjennom prosjektet om kartlegging av behov og utvikling/utprøving av opplæringsmodellar for grunnskoleopplæring for vaksne. Ein tek sikte på å nytte nokre av dei midlane Regjeringa foreslår til vidareføring av grunnskoleprosjektet til eit slikt ide-/motivasjonshefte.

Prosjektet «Motivasjon, rettleiing og informasjon» som departementet har sett i gang i 2000, vil bli ført vidare i 2001.

Satsinga på forskingsprogrammet «Kompetanse, utdanning og verdiskaping» under Noregs forskingsråd held fram i 2001. Regjeringa vil sjå relevante prosjekt innanfor programmet i samanheng med utvikling og evaluering av Kompetansereforma. Forskingsprogrammet er berekna avslutta i 2003.



Figur 8.6 Fordeling av lesedugleiken på alle tre leseskalaer i prosent

Regjeringa er oppteken av å nå fram til den gruppa som ligg på dei to lågaste nivå når det gjeld lesedugleik, jf. resultatane frå SIALS-undersøkinga ovanfor. Ein vil i samband med dette prioritere midlar innanfor Kompetansereforma i større grad til prosjekt som har vaksne med lese- og skrivemanskar som målgruppe. I tillegg har OECD sett i gang eit prosjekt, Adult Literacy and Life

Skills Survey, som oppfølging og utviding av prosjektet om lesedugleik hos vaksne. Noreg vil gå med i denne kartlegginga med eit pilotprosjekt i 2001.

Det er vedtatt å etablere eit nasjonalt læringsnett for utdanningssektoren som m.a. skal gi ein einsarta tilgang til informasjon om kva for utdanningsvegane som finst.

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på postgrupper:

		(i 1 000 kr)			
Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	96 230	206 886	258 956	25,2
60-69	Overføring til kommunesektoren	518 007	413 374	505 100	22,2
70-89	Overføring til private	571 128	577 538	608 268	5,3
Sum kategori 07.50		1 185 365	1 197 798	1 372 324	14,6

Kap. 0250 Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter og opplæring for vaksne innvandrere (jf. kap. 3250)

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	38 351		
21	Særskilte driftsutgifter	18 311		
60	Tilskott til opplæring for vaksne innvandrere	424 322		
62	Tilskott til grunnskoleopplæring for innvandrere i alderen 16-20 år	55 679		
Sum kap. 0250		536 663		

Sjå omtale under tabell for programkategori 07.50 ovanfor.

Kap. 3250 Statens ressurs- og vaksenopplæringsssenter og opplæring for vaksne innvandrere (jf. kap. 250)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	5 497		
02	Salsinntekter o.a.	5 410		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	32 100		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	207		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	385		
Sum kap. 3250		43 599		

Sjå omtale under tabell for programkategori 07.50
ovanfor.

Kap. 0251 Vaksenopplæring i studieforbunda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Studiearbeid	127 034		
71	Administrasjon, utviklingsarbeid og pedagogiske tiltak i studieforbunda	47 255		
72	Tiltak for særlege målgrupper	24 080		
73	Tilskudd til studieringar på høgre nivå	10 626		
Sum kap. 0251		208 995		

Sjå omtale under tabell for programkategori 07.50
ovanfor.

Kap. 0252 Fjernundervisning (jf. kap. 3252)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	4 588		
21	Særskilde driftsutgifter	5 145		
70	Tilskott til fjernundervisning, <i>kan overførast</i>	27 758		
71	Tilskott til ICDE og NFF	2 655		
Sum kap. 0252		40 146		

Sjå omtale under tabell for programkategori 07.50
ovanfor.

Kap. 3252 Fjernundervisning (jf. kap. 252)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	572		
02	Salsinntekter o.a.	1 488		
	Sum kap. 3252	2 060		

Sjå omtale under tabell for programkategori 07.50
ovanfor.

Kap. 0253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
21	Særskilde driftsutgifter	2 374	2 216	2 282
60	Tilskott til fylkeskommunale folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 70</i>	38 006	38 838	41 138
70	Tilskott til andre folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 60</i>	290 352	329 249	352 530
72	Tilskott til til folkehøgskolar der ein stor del av elevane er funksjonshemma	21 653		
75	Tilskott	2 728		
	Sum kap. 0253	355 113	370 303	395 950

Kapitlet omfattar tilskott til:

- fylkeskommunale og andre folkehøgskolar
- tre folkehøgskoleliknande tiltak
- meirutgifter til fire folkehøgskolar med høg del av funksjonshemma elevar
- felles pedagogiske utviklingstiltak og prosjekt
- nordiske samarbeidstiltak
- Folkehøgskolerådet og to folkehøgskoleorganisasjonar

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar midlar til felles pedagogiske utviklingstiltak, forsøksverksemd, prosjekt, kurs, seminar, utgreiingar, reisestipend og ulike ein-skildtiltak. Folkehøgskolerådet fordeler ein del av desse midlane etter retningslinjer frå departementet. Ein del av reiseverksemda til tilsynsmannen blir dekt over posten.

Post 60 Tilskott til fylkeskommunale folkehøgskolar, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til andre folkehøgskolar, kan nyttast under post 60*Mål*

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at folkehøgskolen kan oppfylle målsetjinga si om å fremme allmenndanning på ulike alders- og utdanningstrinn. I arbeidet med Kompetansereforma er det eit mål at den erfaringa og kompetansen folkehøgskolen har, kjem til uttrykk i breidde og aktualitet på tilboda.

Rapport for 1999-2000

Hausten 2000 er 79 folkehøgskolar i drift, inkludert Varna folkehøgskole, som fekk driftstilskott frå 1. august 2000. Tre skolar har mellombels driftsstans skoleåret 2000-01. Østerdal folkehøgskole er godkjend for driftstilskott frå 1. august 2001.

Med unntak av dei to pensjonistkolane har alle folkehøgskolane minst eitt hovudkurs på 16,5

veker. Dei aller fleste har 33 vekers hovudkurs. Om lag 90 pst. av verksemda skjer på hovudkurs og 10 pst. på kortkurs (3 dagar-16 veker). Tilboda spenner over eit vidt spekter av fag- og emneområde og varierer frå skole til skole.

Det er til dels store skilnader mellom ulike delar av landet og mellom einskildskolar når det gjeld søkinga til folkehøgskolen. I høve til året før

er den samla søkinga redusert med om lag 4 pst. i skoleåret 1999-2000. Dei vel 6 000 elevane på hovudkursera 1999-2000 utgjorde nær 12 pst. av årskullet av 19-åringar. Dette var ein nedgang på om lag 1,5 pst. i høve til 1997-98, då stortingsvedtaket om konkurransepoeng og auka stipend førte til sterk stigning i elevtalet.

Elevtal i folkehøgskolane

År	1995	1996	1997	1998	1999
Elevar hovudkurs (vår og haust)	11 808	10 914	12 259	13 494	12 907
Elevar kortkurs	19 153	16 964	17 215	14 830	16 685
Sum elevar	30 961	27 878	29 474	28 324	29 592
Årselevar hovudkurs	6 248	5 726	6 354	6 966	6 608
Årselevar kortkurs	827	750	743	611	693
Sum årselevar	7 075	6 476	7 097	7 577	7 301
Sum godkjende årselevar	7 037	6 421	7 089	7 507	7 247
Tilskottselevar	7 835	7 753	7 383	7 022	6 969

Kilde: Departementets informasjonssystem for folkehøgskolen (DIFF).

Det er stor spreiding på folkehøgskoleelevane når det gjeld alder og utdanningsbakgrunn. Det er ein gjennomgåande tendens til at alderen på elevane blir høgare, og delen av 16- og 17-åringar er redusert. Fleire skolar har innført nedre aldersgrense på 18 år.

Skoledokumentasjonen som blei gjennomført i 1998 i samband med innføring av konkurransepoeng for fullført folkehøgskoleår, blir vidareført gjennom tilsyn frå departementet, og skolane rapporterer om endringar i undervisningsopplegg.

Eit offentleg utval som skal vurdere rolla til folkehøgskolen i utdanningssamfunnet, starta arbeidet våren 2000, og skal innan 1. mai 2001 leggje fram ei utgreiing. Departementet vil vurdere revisjon av lov og forskrifter når utgreiinga ligg føre.

Budsjettforslag for 2001

Budsjettforslaget for 2001 inneber ei vidareføring av løyvningsnivået for 2000. Det er lagt inn kom-

pensasjon for dei to ekstra lønstrinna til lærarane i samband med den nye arbeidstidsavtalen.

Postane 60 og 70 må sjåast i samanheng. Dei dekkjer m.a. staten sin del av det offentlege driftstilskottet etter §§ 3 og 17 i lov om folkehøgskolar. Forslaget til løyving på post 70 er justert på grunnlag av endringar knytte til mellombels driftsstans ved tre folkehøgskolar og tilskott til Østerdal folkehøgskole frå 1. august 2001.

Tilskottet til folkehøgskolar er fordelt med 5/6 på staten og 1/6 på fylka, og inneheld tre element: kapitaltilskott (ca. 10 pst.), basistilskott (ca. 20 pst.) og tilskott på grunnlag av elevtal (ca. 70 pst.).

Det blir foreslått at den særskilde stipendordninga i Statens lånekasse for utdanning der 19-åringar som tek folkehøgskole som siste år i eit fireårig løp får stipend som elevar under aldersskiljet, fell bort frå hausten 2001, jf. omtale under kategori 07.80 Utdanningsfinansiering.

Kap. 0254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
60	Tilskott til norskopplæring for innvandrarak		319 211	405 314
62	Tilskott til grunnskoleopplæring for innvandrarak 16-20 år		55 325	58 648
70	Tilskott til studieforbund		206 784	212 988
71	Tilskott til fjernundervisning		26 877	27 683
72	Tilskott til kvinneuniversiteta, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes		6 394	6 586
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar		8 234	8 481
	Sum kap. 0254		622 825	719 700

Kapitlet omfattar tilskott til:

- norskopplæring for vaksne innvandrarak
- grunnskoleopplæring for innvandrarak i alderen 16-20 år
- studieforbund
- frittståande fjernundervisningsinstitusjonar
- vaksenopplæringsorganisasjonar og -institusjonar

Post 60 Tilskott til norskopplæring for innvandrarak og post 62 Tilskott til grunnskoleopplæring for innvandrarak 16-20 år

Mål

Formålet med tilskottet er å gi vaksne innvandrarak norskopplæring opp til eit nivå som gir grunnlag for å ta vidare utdanning og ta del i yrkes- og samfunnsliv.

Formålet med tilskottet til grunnskoleopplæring for innvandrarak i alderen 16-20 år som ikkje har kunnskapar som svarar til norsk grunnskole, er at dei skal få grunnskoleeksamen og dermed rett til vidaregåande opplæring.

Rapport frå 1999-2000

Norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak 1997-99

Opplæring	1997	1998	1999
Undervisningstimar	556 776	673 653	916 120
Deltakarak (gjennom året)	22 040	28 957	37 574
Deltakarak (per 1.12.)	11 252	17 345	22 796

Kjelde: FRES

Det er om lag like mange menn og kvinner som tek del i norskopplæringa totalt sett. I dei opplæringstilboda som er lagde til rette for dei som har svak grunnutdanning, var det om lag 13 000 deltakarak i 1999. Av desse var om lag 7 500 kvinner og 5 500 menn.

Tilskottet til grunnskoleopplæring for innvandrarak i alderen 16-20 år blei innført 1. januar 1998. Hausten 1999 tok 841 personar del i opplæringa. Av desse var om lag 60 pst. menn og 40 pst.

kvinner. Av dei som til no har fått opplæring etter denne ordninga, hadde 97 fått vitnemål frå grunnskolen, og 136 byrja i vidaregåande opplæring hausten 1999.

Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt følgjer omlegginga frå timebasert til nivåbasert opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Sluttrapport frå oppfølginga kjem våren 2002.

Budsjettforslag for 2001

Ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2000 blei det vedteke å auke satsane i norskopplæring for innvandrarar frå kr 16 til kr 18 per deltakartime og frå kr 346 til kr 380 per undervisningstime. Satsauken gjeld frå 1. august 2000. Budsjettforslaget for 2001 inneber at tilskottsordningane blir vidareførte med den vedtekte satsauken, jf. Innst. S. nr. 220 (1999-2000), og med ein ytterlegare auke som følgje av prisomrekning av tilskottssatsane. Tilskottet til norskopplæring er med i forsøket med å tildele øyremerkt tilskott som rammetilskott til 20 kommunar. Desse 20 kommunane får også i 2001 tilskott over kap. 571 post 68 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet, jf. omtale der.

Studieforbund. Deltakarar etter alder 1996-99

	I alt	29 år og yngre	30-49 år	50 år og eldre	Uoppgitt
1996	743 808	194 056	194 783	111 810	243 159
1997	711 531	206 587	233 957	139 766	131 221
1998	681 359	187 893	234 112	147 823	111 531
1999	681 845	187 626	240 783	158 793	94 643

Kjelde: SSB

Om lag 35 pst. av deltakarane tok kurs på vidaregåande opplærings nivå. Av desse fikk om lag 24 000 deltakarar tilbod om eksamen på vidaregåande opplærings nivå eller fagprøve. Snautt 42 000 deltakarar fekk opplæring på høgre nivå. Av desse fikk nær 10 000 deltakarar tilbod om offentleg eksamen. Vel 56 pst. av kursdeltakarane var kvinner, og det var eit fleirtal av kvinner i alle aldersgruppene. Flest deltakarar tok kurs i hovudemna estetiske fag og handverksfag og organisasjons- og leiingsfag.

Studieforbunda driv omfattande opplæring for funksjonshemma, personar med svak første-gongsutdanning, innvandrarar og personar med omsorgsplikter. I 1999 var det nesten 29 000 deltakarar på kurs for særlege målgrupper. Dei fleste av desse tok kurs i estetiske fag og handverksfag.

Budsjettforslag for 2001

Post 70 omfattar tilskott til studieforbund, herunder tilskott til opplæring, administrasjon, tiltak for særskilde målgrupper og tilskott til studierin-

Post 70 Tilskott til studieforbund*Mål*

Formålet med tilskottet til studieforbund er å medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby opplæring for vaksne. Studieforbunda kan med si erfaring og organisasjonsform medverke til utvikling av fleksible og brukartilpassa opplæringstilbod.

Rapport frå 1999-2000

I 1999 var det nesten 682 000 deltakarar på i alt 61 000 kurs med statstilskott i dei 22 godkjende studieforbunda. Dette er om lag same nivå som i 1998.

gar på høgre nivå. Budsjettforslaget for 2001 inneber at løyvingnivået blir ført vidare.

Post 71 Tilskott til fjernundervisning*Mål*

Formålet med tilskottet til dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonane er å gi vaksne høve til å skaffe seg grunnutdanning eller etter- og vidareutdanning som er tilpassa livssituasjonen deira gjennom tilrettelagd undervisning og tovegs kommunikasjon med lærar. Tilskottsordninga skal medverke til at frittstående fjernundervisningsinstitusjonar kan gi eit breitt, variert og landsomfattande tilbod som er tilgjengeleg og fleksibelt, og som har høg fagleg og pedagogisk kvalitet.

Rapport frå 1999-2000

I 1999 var det 14 frittstående fjernundervisningsinstitusjonar som var godkjende med rett til statstilskott. Institusjonane rapporterte om lag 39 000 fullførte kurs som grunnlag for tilskott. Flest kurs blei gjennomførte i regi av NKI og NKS.

Frittstående fjernundervisningsinstitusjonar. Fullførte kurs etter alderen på deltakarane 1993-99

	I alt	29 år og yngre	30-59 år	60 år og eldre	Uoppgitt
1993	65 346	21 464	33 821	458	9 603
1995	61 248	14 528	31 823	247	14 650
1997	52 207	10 719	27 575	257	13 656
1998	44 731	8 828	29 141	200	6 562
1999	39 394	7 926	19 738	238	1 492

Kjelde: 1993-1997: KUF, 1998-99: SSB. På grunn av omlegging av rapporteringa til SSB omfattar tala frå 1998 om lag 95 pst. av totale kursfullføringer. Tala for 1998 er derfor ikkje direkte samanliknbare med andre år.

Talet på fullførte kurs har gått ned med om lag 14 pst. i høve til 1998, og med nesten 40 pst. sidan 1993.

Om lag 60 pst. av dei fullførte kursa i 1999 var på vidaregåande opplærings nivå, og delen var stabil samanlikna med 1998. Delen av fullførte kurs på universitet- og høgskolenivå gikk ned frå 30 pst. til 26 pst. Av deltakarane som fullførte kurs på vidaregåande opplærings og universitets- og høgskolenivå, fekk 86 pst. tilbod om offentleg eksamen. Det er flest fullførte kurs i økonomi- og EDB-fag, samfunnsfag og realfag, industri- og tekniske fag. Det var deltakarar i alle fylka, og 54 pst. av deltakarane i 1999 var kvinner.

Budsjettforslag for 2001

Budsjettforslaget for 2001 inneber at løyvingnivået blir ført vidare.

Post 72 Tilskott til kvinneuniversiteta, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes

Formålet med tilskottet er å medverke til å sikre drifta av Kvinneuniversitetet på Løten, Kvinneuniversitetet Nord, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnsnes, slik at desse institusjonane kan tilby kurs og andre vaksenopplæringstiltak som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar.

Kvinneuniversitetet Nord har i 1999 hatt tilbod på vidaregåande opplærings nivå, desentralisert lærarutdanning og norskopplæring for innvandra, og har gjennomført fleire kurs og prosjekt med kvinneperspektiv. Kvinneuniversitetet på Løten har i 1999 hatt kurs på grunnskolen og vidaregåande opplærings nivå. Høgskolestudiet er konsentrert om leiaropplæring for kvinner. Kvinneuniversitetet på Løten gjennomførte i 1999 eit forstudium i bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i vaksenopplæringa.

Norsk fredssenter samarbeider med organisasjonar, institusjonar og personar for å fremme arbeidet for fred og menneskerettar. Norsk fredssenter har i 1999 hatt fleire kurs i konfliktløysing og menneskerettar, m.a. retta mot å fremme fred og demokrati på Balkan og i Russland.

Studiesenteret Finnsnes blei etablert hausten 1996 som eit femårig prøveprosjekt og skal forvalte kurs og utdanningstilbod på ulike nivå retta inn mot behova til industri og næringsliv i regionen. Departementet tek sikte på å setje i gang evaluering av verksemda ved studiesenteret i 2000.

Budsjettforslaget for 2001 inneber at løyvingnivået blir ført vidare.

Post 73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar

Formålet med tilskottet er å sikre drift av fellesorganane for studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane, Vaksenopplæringsforbundet (Vofo), Norsk forbund for fjernundervisning (NFF) og International Council for Open and Distance Education (ICDE), slik at desse kan ta i vare fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane i høve til departementet og fremme kunnskap om og utvikling innanfor fagområda.

Vofo har i 1999 m.a. hatt ansvaret for «Nasjonal uke for voksnes læring». Gjennom prosjektet «Læring for demokrati» er det utvikla samarbeid med andre prosjekt som er relevante for området. Vofo arbeider også med å utvikle modellar for å nivåplassere kursa til studieforbunda etter systemet for skoleverket. I 1999 hadde tidsskriftet for folkeopplysning og læring for vaksne, CV, sitt første ordinære driftsår.

Samarbeidsavtalen mellom Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og NFF om forvaltning av tilskottsordninga og andre saker som gjeld fjernundervisning, er ført vidare i 1999. NFF driv informasjonsarbeid, m.a. gjennom «Tunet»,

som er ein elektronisk møteplass for vaksenopplæring.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå Vofo og NFF gjennomgår regelverket for tilskottsordningane til studieforbund og fjernundervisning med tanke på forenkling og samordning. Arbeidsgruppa skal leggje fram rapport om saka hausten 2000.

ICDE har sitt hovudkontor i Noreg, og er ein internasjonal organisasjon for samarbeid, kommunikasjon og utvikling innanfor fjernundervisning og virtuell læring. ICDE hadde m.a. koordineringsansvaret for verdskonferansen om fjernundervisning i 1999.

Budsjettforslaget for 2001 inneber at løyvningsnivået blir ført vidare.

Kap. 3254 Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter		28 568	57 112
	Sum kap. 3254		28 568	57 112

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til OECDs statistikkdirektiv definerast som offentleg utviklingshjelp. Ein legg til grunn at 57,1

mill. kroner på kap. 254 post 60 blir innrapportert som utviklingshjelp. Det blir derfor foreslått å løyve 57,1 mill. kroner på kap. 3254 post 04.

Kap. 0255 Forsking, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 3255)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	5 551		
21	Særskilde driftsutgifter	21 910		
70	Tilskott, <i>kan nyttast under post 21</i>	16 987		
	Sum kap. 0255	44 448		

Sjå omtale under tabell for programkategori 07.50 ovanfor.

Kap. 3255 Forsking, utvikling og diverse tilskott (jf. kap. 255)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	3 151		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	173		
	Sum kap. 3255	3 324		

Sjå omtale under tabell for programkategori 07.50 ovanfor.

Kap. 0256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter		47 835	49 372
21	Særskilde driftsutgifter		17 800	15 656
	Sum kap. 0256		65 635	65 028

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er nedjustert med 0,9 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Kap. 256 post 21 er nedjustert med 2,6 mill. kroner mot ein parallell nedjustering av kap. 3256 post 01.

Kapitlet omfattar midlar til drift av VOX – Vaksenopplæringsinstituttet, som frå 1. januar 2001 blir oppretta ved ei samanslåing av dei noverande institusjonane Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter (SRV), Norsk fjernundervisning (NFU) og Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt (NVI).

Resultatrapport for 1999-2000*Norsk fjernundervisning*

NFU er eit statleg kompetansesenter for fleksibel læring og fjernundervisning. Institusjonen utviklar i hovudsak undervisningsopplegg for vaksne med opplæringsbehov som ikkje blir dekte på andre måtar, til dømes funksjonshemma, innvandrarak og andre som treng tilpassa læremiddel.

I 1999 lanserte NFU tre nye prosjekt. «Dus med data i biblioteket» skal gi grunnleggjande innføring i bruk av datamaskin, slik at bibliotekbrukarar sjølve kan bruke dei IT-baserte søkesystema i biblioteka. Prosjektet «Fengselsbetjent: kompetanse – kontakt – framtid» skal medverke til å setje dei tilsette i norske fengsel betre i stand til å løyse oppgåvene sine. «Klar for Noreg – norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak» er basert på ny opplæringsplan og har som mål at deltakarane på kurset skal kunne fungere best mogleg i samfunnet. NFU har fått ansvaret for arbeidet med kompetanseutviklingsprogrammet, jf. omtale under kap. 259.

Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt

NVI har medverka til å vidareutvikle kunnskap om vaksenopplæring og folkeopplysning basert på forskning. Instituttet hadde i 1999 auke i oppdragsverksemda og høg fagleg aktivitet. NVI har ansvar for ei rekkje forskingsprosjekt, som til dømes Norskopplæring for vaksne innvandrarak og Motivasjon og barrierar mot deltaking i vaksenopplæring. Verksemda på området oppdrag auka frå 22,5 pst. av inntekta i 1998 til 39,2 pst. i 1999. Oppdragsgivarane er m.a. ulike departement, andre offentlege institusjonar og studieforbund.

Verksemda ved instituttet omfattar m.a. ulike evalueringar, til dømes av Reform 94, avgangsprøva i matematikk for grunnskoleopplæring for vaksne, stønadsordning for nordisk folkeopplysning og vaksenopplæring. Informasjon og samfunnskontakt er ein viktig del av oppgåvene til instituttet.

Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter

SRV gir vidaregåande opplæring til vaksne gjennom opne tilbod til søkjarar frå heile landet og gjennom oppdragsundervisning. Det blei gitt flest veketimar i allmenne fag, og vel 1/3 av desse blei gitt som spesielt tilrettelagd undervisning. På grunn av lite søking blei det ikkje gitt undervisning i helse- og sosialfag i skoleåret 1999-2000. SRV gir vidare undervisning i allmenne fag etter oppdrag. Etter oppdrag blei det òg gitt eigne kurs i kontorlag for innvandrarak og flyktningar, kurs for deltakarar med lese- og skrivevanskar og eigne kurs for innvandrarkvinner. Det blei òg gitt motivasjonskurs for kvinner på overgangsstønad. Senteret har i 1999-2000 ført vidare ordninga med elevevaluering minst ein gang per år, og alle kurs og klassar tek del i denne. Ved inntak i 1999 hadde senteret i overkant av 4 000 kurselevar. I dei siste åra har om lag 70 pst. av deltakarane komme frå Oslo og Akershus.

Det har m.a. vore gjennomført forsøks- og utviklingsarbeid med utvikling av læremiddel og

studieopplegg for tilrettelagd undervisning for innvandrarar og flyktningar. Det har òg blitt gitt tilrettelagd opplegg for vaksne med lese- og skrivevanskar, og kursopplegg for lærarar som underviser innvandrarar og flyktningar etter ny opplæringsplan i norsk med samfunnskunnskap. Fleire IKT-prosjekt har vore samarbeidsprosjekt i tilknytning til utdanningsprogram i EU.

SRV har hatt ansvaret for Dysnett, som er det nasjonale elektroniske nettverket innanfor dysleksi, og for FoU-forum, som er eit forum for forskning og utviklingsarbeid i vaksenopplæringa. Vidare har senteret breitt samarbeid med institusjonar og organisasjonar nasjonalt og internasjonalt om vaksenopplæring. SRV har fått ansvaret for arbeidet med realkompetanseprosjektet, jf. omtale under kap. 258.

Etablering av ny statleg verksemd for vaksenopplæring

Stortinget gjorde våren 2000 vedtak om å slå saman dei tre statlege vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk fjernundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter frå 1. januar 2001, jf. Innst. S. nr. 225 (1999-2000) og St.prp. nr. 63 (1999-2000). Vedtaket inneber at verksemda ved dei tre institusjonane blir overført til VOX – Vaksenopplæringsinstituttet frå 1. januar 2001. Verksemda skal vere lokalisert både i Oslo og i Trondheim.

Resultatmål for 2001

Hovudsiktemålet for VOX skal vere vaksenopplæring innanfor alle sektorar, det vil seie arbeidslivet, vaksenopplæringsorganisasjonane og utdanningsinstitusjonane. Instituttet skal ikkje konkurrere med andre miljø, men vere ein ressurs for alle som driv med vaksenopplæring.

VOX vil få eit særskilt ansvar for vaksne med mangelfull grunnutdanning og for vaksne med særskilde opplæringsbehov. Oppgåvene til VOX kan ein dele i

- kunnskapsutvikling i form av forskning, utvikling av læremiddel og pedagogisk og metodisk utviklingsarbeid
- kunnskapsformidling gjennom undervisning/opplæring, kurs og konferansar, rådgiving og rettleiing, publisering av m.a. forskingsresultat
- initiativ til og drift av utviklingsprosjekt og -program og oppstart og drift av nettverk mellom ulike organisasjonar

VOX skal utvikle samarbeid med andre aktørar i utdanningssystemet og med arbeidslivet. Instituttet skal også samarbeide med nasjonale og internasjonale institusjonar på området, særleg med det nye Læringscenteret. I tråd med Innst. S. nr. 225 (1999-2000) skal undervisningsverksemda i 2000-2001 reduserast med 30 pst., og dei frigjorde ressursane skal overførast til arbeidet med forskning, utvikling og analyse innanfor området vaksenpedagogikk, jf. og innføring av rett til vidaregåande opplæring for vaksne i Besl. O. nr. 106 (1999-2000) og Ot.prp. nr. 44 (1999-2000).

Budsjettforslag for 2001

Forslag til løyving på post 01 gjeld drift av VOX, og er ført vidare på same nivå som den samla løyvinga til NFU, NVI og SRV i 2000. Det er lagt inn kompensasjon for dei to ekstra lønstrinna til lærarane i samband med den nye arbeidstidsavtalen. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Forslaget på post 21 gjeld oppdrag ved VOX. Løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3256 VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag		14 412	12 166
02	Salsinntekter o.a.		5 332	5 492
	Sum kap. 3256		19 744	17 658

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Kap. 3256 post 01 er redusert med 2,6 mill. kroner mot ein parallell reduksjon av kap. 256 post 21.

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved VOX.

Inntektene på post 02 kjem frå elevservice og kantine, eksamen for privatistar, og sal av læreremateriell og publikasjonar.

Kap. 0258 Forsking, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
21	Særskilde driftsutgifter		89 035	91 646
	Sum kap. 0258		89 035	91 646

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Kap. 258 post 21 er redusert med kr 60 000 som følgje av at midlar til Det europeiske språksenteret i Graz er overført til kap. 281 post 21.

Kapitlet omfattar midlar til:

- forskning, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa
- prosjektet «Motivasjon, rettleiing og informasjon»
- prosjektet «Dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse»
- prosjektet for utvikling og utprøving av opplæringsmodellar tilpassa vaksne som vil nytte retten til grunnskoleopplæring
- utvikling av undervisningsmodellar tilpassa behov hos vaksne med særskild vekt på lese- og skrivevanskar
- finansiering av forskingsprogrammet «Kompetanse, utdanning og verdiskaping» under Noregs forskingsråd
- pedagogisk utviklingsarbeid og tiltak for særlege målgrupper i studieforbunda
- pedagogisk utviklingsarbeid og tiltak for prioriterte målgrupper i fjernundervisninga
- vidareutvikling av nivåbasert norskopplæring for vaksne innvandrarar
- prosjekt og tiltak som er initiert av departementet og som er retta mot satsingsområda i Kompetansereforma

Resultatrapport for 1999-2000

Frå realkompetanseprosjektet er det gitt eit grunntilskott til alle fylkeskommunane for å etablere ordningar for kartlegging og vurdering av realkompetansen til vaksne. Det er i tillegg gitt tilskott til 23 prosjekt for utvikling av metodar for dokumentasjon og verdsetjing av realkompe-

tanse. Dette er prosjekt i regi av fylkeskommunar, arbeidslivet, studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar, folkehøgskolar og frivillige organisasjonar.

Våren 2000 blei det sett i gang eit prosjekt i 37 kommunar for å kartlegge kor mange vaksne som er interesserte i å ta grunnskoleopplæring. Departementet vil få rapport frå kartlegginga hausten 2000. Rapporten skal m.a. gi eit grunnlag for å vurdere dei ekstrautgiftene kommunane vil få ved at det blir innført rett til grunnskole for vaksne.

For å utvikle undervisningsmodellar i vidaregåande opplæring som er tilpassa behova og livssituasjonen til vaksne, har alle fylkeskommunane fått eit grunntilskott. Vidare har kvar av dei tre fylkeskommunale opplæringsregionane fått tilskott til inter-fylkeskommunale prosjekt og til særlege prosjekt med arbeidslivsperspektiv.

For 2000 blei det løyvd 10 mill. kroner til å redusere eigendelen for deltakarar som tek vidaregåande opplæring eller fagbrev i regi av studieforbund og fjernundervisningsinstitusjonar. Aktørane har gitt opplæringstilbod som dekkjer mange fagområde og målgrupper. Delar av løyvinga har vore nytta til samarbeidsprosjekt om kombinert undervisning og til å utvikle nye opplæringsmetodar og bruk av ny teknologi.

Departementet etablerte i 2000 prosjektet «Motivasjon, rettleiing og informasjon» i samband med gjennomføringa av Kompetansereforma. Prosjektet er treårig og vil bli sluttevaluert. Sjå også kategoriomtale.

Det blei gitt tilskott til om lag 10 prosjekt i pedagogisk utviklingsarbeid og særtilskott til prioriterte målgrupper i fjernundervisninga. Delar av løyvinga blei gitt som tilskott til pedagogisk utviklingsarbeid i studieforbund samt til forsøks- og utviklingsarbeid for særlege målgrupper. I

2000 fekk studieforbunda tilskott til rundt 60 utviklingsprosjekt.

Ein del av løyvinga blei nytta til gjennomføring av Språkprøva i norsk for vaksne innvandrarakar, som er avslutninga på den nivåbaserte norskopplæringa. Ein legg til grunn at bestått språkprøve gir grunnlag for vidare utdanning og deltaking i arbeids- og samfunnsliv. I 1999 var om lag 2 300 kandidatar oppe til prøva. Dette talet kan synast lågt sett i samanheng med alle som er i opplæring, men på grunn av utvida timeramme er den einkilde lenger i opplæringa.

Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter gjennomførte i 1999 eit kursprogram for lærarakar som underviser innvandrarakar, slik at dei kan gi opplæring av lærarakar i eigne regionar. 174 kommande kursleiarar deltok i programmet.

Statens utdanningskontor i Oslo og Akershus har kartlagt behovet for tilrettelagt opplæring for innvandrarkvinner med barn som ikkje har fått nivåbasert norskopplæring.

Noreg har teke del i SIALS-prosjektet for kartlegging av lese- og skriveferdigheit hos vaksne, sjå omtale i kategoriinnleiinga.

Resultatmål for 2001

Løyvinga skal medverke til å fremme forskning og utviklingsarbeid og til å finansiere ulike fellestiltak på vaksenopplæringsfeltet. Prosjekt som støttar opp under satsingsområda i Kompetanse-reforma slik desse kjem til uttrykk i handlingsplanen, vil bli prioriterte.

Budsjettforslag for 2001

Det blir foreslått å føre vidare løyvinga til prosjektet som gjeld kartlegging av behov for og utprøving av opplæringsmodellar som er tilpassa dei personane/gruppene som vil nytte retten til grunnskoleopplæring for vaksne. Departementet vil også føre vidare prosjektet som gjeld dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse knytt til vidaregåande opplæring.

Også satsinga på å utvikle undervisningsmodellar som er tilpassa vaksne i vidaregåande opplæring, vil halde fram i 2001. Dette vil mellom anna vere ei utfordring for fylkeskommunane, studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane til vidare utvikling av fleksible modellar med omsyn til tid, stad, lengd og pedagogikk. Spesielt vil ein auke innsatsen til utvikling av tilbod for vaksne med lese- og skrivevanskar. Det er sett av om lag 20 mill. kroner til desse prosjekta i 2001.

Deler av løyvinga på posten vil bli nytta til å gjennomføre Språkprøva i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar. Det vil bli sett i gang evaluering av dei administrative ordningane knytte til gjennomføringa av Språkprøva.

Departementet tek sikte på å følge opp prosjektet med kartlegging av behovet for tilrettelagt opplæring for innvandrarkvinner med barn som ikkje har fått nivåbasert norskopplæring.

Departementet tek sikte på at ulike forskingsinstitutt skal analysere resultatane frå SIALS nærare, m.a. med tanke på korleis ein eventuelt kan setje i gang tiltak for å motivere personar med svak leseferdigheit. Det er viktig å få meir kunnskap om kvifor ein del manglar grunnleggjande dugleik. Noreg vil delta i eit nytt OECD-prosjekt, Adult Literacy and Life Skills Survey, der ein går vidare med kartlegging av lese-, skrive- og reknedugleik, og i tillegg omfattar undersøkinga problemløysing, «team»-arbeid m.m.

I samband med samorganiseringa av dei tre vaksenopplæringsinstitusjonane, jf. kategoriomtale og omtale under kap. 256, vil det vere behov for midlar i etableringsfasen i samband med m.a. omstilling og kompetanseheving av fagpersonalet, investeringar i lokale, kursing av personale og etablering av felles administrative system. Delar av løyvinga på kap. 258 vil bli nytta til dette i 2001.

Vidare skal løyvinga dekkje ymse informasjonstiltak i samsvar med handlingsplan for Kompetansereforma, sjå omtale i kategoriinnleiinga.

Kapitlet finansierer også lønsutgifter i departementet til medarbeidarar på avgrensa utviklingsprosjekt knytt til budsjettkapitlet.

Kap. 0259 Kompetanseutviklingsprogrammet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		50 000	100 000
	Sum kap. 0259		50 000	100 000

Kapitlet omfattar midlar til drift og gjennomføring av kompetanseutviklingsprogrammet.

Resultatrapport for 1999-2000

I samband med inntektsoppgjeret i 1999 foreslo den førre regjeringa å løyve 400 mill. kroner over ein 2-3-årsperiode til delfinansiering av eit kompetanseutviklingsprogram for vidareutvikling av marknaden for etter- og vidareutdanning. Det blei løyvd 50 mill. kroner til formålet i 2000.

Hausten 1999 utarbeidde staten saman med partane i arbeidslivet sentrale mål og vilkår for å få tilskott frå programmet. Det overordna styrings- og informasjonsdokumentet for programmet blei fastsett av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i januar 2000.

Det er oppnemnt eit styre som skal avgjere kva for prosjekt som skal få tilskott frå programmet. Programstyret er sett saman med utgangspunkt i samansetjinga av Arntsen-utvalet, og har ein representant frå kvar av følgjande partar: Næringslivets hovedorganisasjon, Landsorganisasjonen i Noreg, Kommunenes Sentralforbund, Akademikernes fellesorganisasjon, Akademikerne, Yrkesorganisasjonenes sentralforbund, Handels- og Servicenæringenes Hovedorganisasjon, Arbeids- og administrasjonsdepartementet og ein felles representant frå landbruksorganisasjonane. I tillegg har Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet ein representant kvar. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har oppnemnt styreleiar for programstyret.

Våren 2000 blei det etablert eit prosjektsekretariat for kompetanseutviklingsprogrammet ved Norsk fjernundervisning, som er operatør for programmet. Midlane i programmet blei lyste ut før-

ste gang våren 2000. Det kom inn over 250 søknader. Søknadene representerer eit breitt spekter av kompetanseutviklingstiltak innanfor ulike bransjar og sektorar, og i høve til geografisk fordeling og storleik på verksemdene. Tiltaka omfattar både formelle utdanningsnivå og anna opplæring.

Departementet vil i løpet av året setje i verk evaluering av programmet.

Resultatmål for 2001

Formålet med kompetanseutviklingsprogrammet er å medverke til nyskaping i og vidareutvikling av marknaden for etter- og vidareutdanning. Programmet skal medverke til å:

- gjere private og offentlege verksemder betre i stand til å identifisere, uttrykkje og oppfylle sine kompetansebehov
- vidareutvikle arenaer for samarbeid mellom aktørar på arbeidslivssida og utdanningssida
- utvikle etter- og vidareutdanningstilbod som i større grad er tilpassa behova i arbeidslivet

Både enkeltverksemder, kommunar, utdanningstilbydarar, nettverk av verksemder, bransjeorganisasjonar, tariffpartar mv. kan ta initiativ til prosjekt innanfor programmet. Målgruppa er heile arbeidslivet, dvs. små og store private og offentlege verksemder, einmannsforetak og sjølvstendig næringsdrivande, både på sentralt og på lokalt nivå.

Budsjettforslag for 2001

Det blir gjort forslag om å auke budsjettposten med 50 mill. kroner til totalt 100 mill. kroner i 2001.

Programkategori 07.60 Høgre utdanning

- Kategori 07.60 omfattar
- universitet og høgskolar under Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
 - ulike fellestiltak innanfor sektoren
 - tilskott til private høgskolar
 - studiar i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0260	Universitetet i Oslo	2 826 084	2 652 513	2 196 746	-17,2
0261	Universitetet i Bergen	1 780 173	1 567 824	1 326 705	-15,4
0262	Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	1 867 581	2 082 080	1 719 349	-17,4
0263	Universitetet i Tromsø	885 381	873 592	764 076	-12,5
0264	Noregs handelshøgskole (jf. kap. 3264)	179 112	179 319	185 206	3,3
0265	Arkitektthøgskolen i Oslo (jf. kap. 3265)	42 200	44 928	60 207	34,0
0268	Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 3268)	93 609	87 187	90 660	4,0
0269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)	86 081	89 385	92 202	3,2
0270	Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar		343 753	394 065	14,6
0273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)	140 865	143 075	155 464	8,7
0274	Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)	5 557 159	5 565 044	5 852 048	5,2
0278	Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 3278)	502 617	498 685	507 381	1,7
0279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)	216 661	205 402	212 318	3,4
0281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)	675 558	717 298	691 724	-3,6
0282	Privat høgskoleutdanning	344 081	359 581	365 094	1,5
	Sum kategori 07.60	15 197 162	15 409 666	14 613 245	-5,2

I høve til budsjettet for 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- I samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta er utgifts- og inntektsløyvinga på kap. 260-263 redusert med 1 512 mill. kroner.
- Løyvinga på utgiftskapitla 260-263 er auka med 379,9 mill. kroner som følgje av at universiteta ved overgang til nettobudsjettering sjølve vil få
- ansvaret for innbetaling til Statens pensjonskasse.
- Budsjettramma på utgiftskapitla 260-281, med unntak av kap. 270, er redusert med 129,8 mill. kroner i samband med innføringa av direkte refusjon av sjukepengar i statlege verksemder frå 2000.
- Som følgje av auke i etterspørselen etter tenester innanfor forskning, utgreiing og undervis-

ning er utgiftskapitla 264-281 auka med til saman 38,5 mill. kroner, mot tilsvarende auke i inntekter på dei tilhørande inntektskapitla i 2001.

Dersom ein ser bort frå parallelle opp- og nedjusteringar i inntekts- og utgiftskapitla, reduksjonar i samband med overgang til direkte refusjon av sjukepengar og overgang til nettobudsjettering av universiteta, er det ein nominell auke på om lag

2,8 pst. under kategori 07.60 i forslaget til budsjett for 2001, samanlikna med saldert budsjett for 2000.

Forslag til løyvingar til byggeprosjekt ved universiteta og høgskolane blir lagt fram i budsjettproposisjonen under Arbeids- og administrasjonsdepartementet, men blir omtala under dei einskilde institusjonskapitla. Framlegg til løyvingar til utstyr i nye bygg blir lagt fram under dei einskilde institusjonskapitla.

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3260	Universitetet i Oslo (jf. kap. 260)	719 905	602 864		-100,0
3261	Universitetet i Bergen (jf. kap. 261)	654 934	375 789		-100,0
3262	Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (jf. kap. 262)	398 716	352 445		-100,0
3263	Universitetet i Tromsø (jf. kap. 263)	219 020	176 547		-100,0
3264	Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)	36 186	19 387	19 609	1,1
3265	Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)	2 442	4 661	4 666	0,1
3268	Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)	18 779	12 505	13 760	10,0
3269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)	2 780	1 483	1 491	0,5
3273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)	6 108	3 042	4 665	53,4
3274	Statlege høgskolar (jf. kap. 274)	506 556	384 911	419 991	9,1
3278	Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 278)	188 777	185 563	177 642	-4,3
3279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)	89 436	74 685	77 332	3,5
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)	13 766	2 836	277	-90,2
Sum kategori 07.60		2 857 405	2 196 718	719 433	-67,2

I høve til budsjettet for 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- I samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta er utgifts- og inntektsløyvinga på kap. 260-263 redusert med 1,5 mrd. kroner i budsjettframlegget for 2001.
- Som følgje av auke i etterspørselen etter tenester innanfor forskning, utgreiing og undervisning er inntektskapitla 3264-3281 auka med til saman ca. 38,5 mill. kroner, mot tilsvarende auke utgifter på dei tilhørande utgiftskapitla i 2001.

Budsjettforslag for 2001 – prioriteringar

Regjeringa legg vekt på å halde oppe ein høg kapasitet i høgare utdanning slik at befolkninga

blir sikra lik rett til utdanning og arbeidsmarknaden blir sikra tilgang på høgt utdanna arbeidskraft. Regjeringa vil likevel understreke at nedgang i talet på søkjarar til høgare utdanning og endra behov hos brukarane gjer omstilling innanfor universitets- og høgskolesektoren naudsynt.

Kapasiteten ved dei høgare utdanningsinstitusjonane er som følgje av nedgang i talet på søkjarar foreslått redusert med netto 2 160 studieplassar ved universiteta, vitenskaplege høgskolar og statlege høgskolar i budsjettframlegget for 2001. I tillegg er tilskottet til private høgskolar foreslått redusert med om lag 10 mill. kroner. Aktivitetsreduksjonen blir fordelt med 1 020 studieplassar ved universiteta og dei vitenskaplege høgskolane og 1 140 studieplassar ved dei statlege høgskolane. Ved inndraging av studieplassar er det lagt til

grunn ein budsjetteffekt på kr 30 000 per plass. Vidare er reduksjonen i talet på studieplassar frå 1999 og 2000 ført vidare med kr 30 000 per plass.

For å komme i møte samfunnet sitt behov for arbeidskraft, har Regjeringa prioritert å føre vidare studieplassar og opptaksnivå på utdanningar der det er registrert mangel på høgt utdanna personell. For å halde opp opptaksnivået på fleirårige utdanningar innanfor helsefag og IKT-utdanningar blir det oppretta til saman 387 nye studieplassar i 2001. Det er vidare prioritert å opprette 16 nye studieplassar til auka opptak i psykologi i samband med Regjeringas opptrappingsplan for psykiatri. For å betre tilgangen av sjukepleiarar og IKT-utdanna personell vil departementet vidare opprette 135 nye studieplassar til auka opptak i sjukepleiarutdanninga og 60 nye studieplassar til auka opptak innanfor IKT-utdanningar i 2001. Budsjettforslaget omfattar også 30 nye studieplassar til ei ny allmennlærerutdanning ved Høgskolen i Buskerud. Departementet legg vidare til grunn at høgskolen i tillegg omdisponerer 30 studieplassar internt, slik at den samla opptakskapasiteten ved allmennlærerutdanninga blir sett til 60 studieplassar i 2001.

Regjeringa føreset auka grad av omstilling ved institusjonane. Universitet og høgskolar har gjennom delegert mynde fått auka fridom slik at dei enklare og raskare kan svare på nye behov i samfunnet. I budsjettforslaget legg Regjeringa opp til at universiteta blir nettobudsjetterte institusjonar frå og med 2001. Dette vil mellom anna gi universiteta større mynde og fleksibilitet til omstilling av verksemda. I tillegg fremmer Regjeringa forslag om 20 mill. kroner til særskilde omstillingstiltak for høgskolane i budsjettet for 2001.

Regjeringa satsar på forskning og foreslår auka løyvingar til grunnforskning på 82 mill. kroner på programkategori 07.60 i 2001, jf. omtale under programkategori 07.70. Forsking. Løyvinga vil i hovudsak bli nytta til å betre rekrutteringa til forskarstillingar ved universitet og høgskolar, og betre utstyrssituasjonen ved universiteta. Regjeringa vil mellom anna opprette 100 doktorgradstipendiatstillingar og 40 postdoktorstillingar i 2001, jf. omtale under kap. 281. For å betre rekrutteringa av kvinner til vitenskaplege stillingar på høgt nivå vil departementet øymerkje dei nye postdoktorstillingane for kvinner. Budsjettforslaget omfattar også midlar til 20 nye professorat øymerkte kvinner i 2001. Av satsinga på grunnforskning er det sett av 25 mill. kroner til vitenskapleg utstyr.

Regjeringa går i budsjettforslaget for 2001 inn for å auke løyvinga til bygging av studentbustader

med om lag 44 mill. kroner. Ein slik auke vil gi rom for å realisere om lag 1 000 nye studentbustader i 2001.

I samband med Regjeringas satsing på IT og breibandsnett foreslår Regjeringa ei løyving på 10 mill. kroner for å oppgradere det elektroniske forskingsnettet for universitet og høgskolar, jf. omtale under kap 281.

Satsinga som er retta mot utvikling av kompetanse innanfor pedagogisk bruk av IKT ved lærarutdanningsinstitusjonane, vil bli ført vidare i 2001, sjå omtale under kap 281. Regjeringa vil vidare styrkje satsinga på IKT retta mot skoleverket i 2001, sjå omtale under hovudinnleinga.

Kompetansereforma fører til nye grupper studentar ved universitet og høgskolar. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2001 å føre vidare løyvinga til å delfinansiere kompetanseutviklingsprogram for å utvikle marknaden for etter- og vidareutdanning, sjå omtale under kategori 07.50 Vaksenopplæring. For komme behovet for høgt utdanna arbeidskraft i distrikta i møte er det òg prioritert å sette av midlar til desentraliserte studietilbod.

Mål for politikken i sektoren

Hovuddelen av den langsiktige grunnleggjande forskinga i Noreg går føre seg ved universiteta og høgskolane. Vidare utdannar universiteta og høgskolane høgt kvalifisert personell og driv omfattande formidling. Kvaliteten på utdanning, forskning og formidling av resultat frå forskning skal vere på eit høgt internasjonalt nivå, og tilboda skal vere godt tilgjengelege.

Sentrale mål for politikken i sektoren er:

- leggje til rette for lik rett til utdanning, og at befolkninga sine evne og anlegg blir brukt på ein måte som tek vare på interessene til det einskilte individ og er tilpassa behovet i samfunnet og i næringslivet for høgt utdanna arbeidskraft
- sikre høg kvalitet i høgre utdanning og forskning gjennom å skape gode vilkår ved lærestadene for utvikling og formidling av ny kunnskap
- utnytte ressursane i sektoren betre ved mellom anna å omstille verksemda
- utvikle vidare grunnlaget for samarbeid og arbeidsdeling innanfor høgre utdanning og forskning
- leggje til rette for omfattande internasjonalt samarbeid innanfor høgre utdanning og forskning

Utvalet for høgre utdanning la våren 2000 fram NOU 2000: 14 Frihet med ansvar – Om høgre utdanning og forskning i Norge. Utgreiinga understrekar behov for endringar i universitets- og høgskolesektoren som følgje av nye krav frå samfunns- og næringsliv og frå studentane. Departementet vil følgje opp utgreiinga i ei stortingsmelding i 2001, sjå omtale under hovudinnleiinga. For ytterlegare omtale av utgreiinga, sjå kap. 281.

Leggje til rette for lik rett til utdanning, og at befolkninga sine evne og anlegg blir brukt på ein måte som tek vare på interessene til det einskilde individet og er tilpassa behovet i samfunnet og i næringslivet for høgt utdanna arbeidskraft

Tilstandsvurdering

Lik rett til utdanning og studietilbod i samsvar med interessene hos søkjarane

Utdanningsnivået i OECD-området har auka monaleg på 1990-talet, og opptaket til høgre

utdanning har for ei rekkje OECD-land auka med 20-80 pst. i perioden. I Noreg auka opptaket til høgre utdanning med over 40 pst. i den same perioden. Som vist i tabellen nedanfor har ein stor del av befolkninga i Noreg utdanning på universitets- og høgskolenivå samanlikna med gjennomsnittet for OECD-land. Av dei nordiske landa har likevel ein større del av folketalet både i Sverige og Finland høgre utdanning enn Noreg. Internasjonal statistikk viser at fleire tek lengre høgre utdanning enn tilfellet var i 1990. I Noreg er fleirtalet av studentane knytt til studieløp med over tre års lengd.

Del av befolkninga i aldersgruppa 25-64 år med høgre utdanning, 1998¹

Land	Kortare utdanning	Lengre utdanning	Sum
Noreg	2,1	23,7	25,8 pst.
Sverige	15,4	12,6	28,0 pst.
Danmark	19,8	5,4	25,2 pst.
Finland	16,7	12,8	29,5 pst.
OECD	8,4	12,5	20,9 pst.

¹Kortare utdanning er i statistikken definert som avsluttande studietilbod med inntil tre års lengde. I Noreg tek ei rekkje studantar vidareutdanning i samband med treårige studium. I statistikken er desse studia handterte som lengre utdanningar.

Kjelde: «Education at a Glance – OECD Indicators», OECD, 2000.

Talet på studieplassar i Noreg har stige frå 112 000 i 1990 til nærare 156 000 i 2000 ved dei statlege utdanningsinstitusjonane. Studiekapasiteten i Noreg er no så høg at meir enn halvdel av årskulla kan ta høgre utdanning. Samstundes er det ei auka interesse for etter- og vidareutdanning ved

universitet og høgskolar. Studietilbodet ved private høgskolar utgjer eit supplement og alternativ til det utdanningstilbodet dei statlege institusjonane tilbyr, og hausten 2000 blir det gitt støtte til nærare 12 500 studieplassar ved private høgskolar.

Utviklinga i studentmåltal frå 1990 til 2000¹

1990	1992	1994	1996	1997	1998	1999	2000
123 855	144 996	161 698	168 158	169 842	170 070	171 118	169 370

¹ Inkluderer studieplassar det blir gitt tilskott til ved private høgskolalar. Studieplassar ved Noregs landbrukshøgskole og Noregs veterinærhøgskole inngår i tala for heile perioden, sjølv om desse blei overførte til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet med verknad frå og med 1997. I tillegg til studentmåltala i tabellen kjem måltal for eksternt finansierte studentar. I perioden frå 1990 var dette om lag 3 000 studieplassar. For 1999 blei målalet heva til 5 000 studieplassar, og frå 2000 til 6 500 studieplassar.

Etter ei monaleg auke i søkinga til høgere utdanning frå siste del av 1980-talet har talet på søkjarar gått ned frå midten av 1990-talet. Talet på søkjarar til det samordna studentopptaket til universiteta og høgskolane viser ein nedgang på omkring 4,5 pst. frå 1998 til 1999. Førebels tal for 2000 viser ein nedgang i søkinga på om lag 2 pst.

frå 1999 til 2000. Dette kan tyde på at reduksjonen har flata ut. Veksten i talet på studieplassar har, i kombinasjon med redusert søking i dei siste åra, gjort at det hausten 2000 er godt samsvar mellom kvalifiserte søkjarar og tilbod om studieplass. Av dei kvalifiserte søkjarane får totalt 68 pst. oppfylt sitt primære studieønske.

Nøkkeltal for søking og opptak ved universitet og høgskolalar¹

	1994	1995	1996	1997	1998	1999
Tal for søkjarar	109 054	101 255	101 288	93 172	86 644	82 818
Tal søkjarar 19-24 år i prosent av totalt tal for søkjarar	71,7	73,4	74,4	73,0	71,8	71,1
Tal for kvalifiserte søkjarar	97 116	83 884	82 294	75 656	70 043	66 581
Av desse kvinner (i prosent)	60,0	60,0	60,2	60,8	60,2	60,0
Tal for kvalifiserte søkjarar utan tilbod	25 514	14 841	12 433	5 272	3 473	2 262
Tal for personar møtt til studiestart	41 907	45 624	45 501	43 651	43 836	43 684
Av desse kvinner (i prosent)	56,3	57,7	58,9	59,8	61,0	61,0

¹ I søkjarstatistikken frå SO inngår ikkje Kunsthøgskolen i Bergen, Noregs musikkhøgskole eller høgskolalar under andre departement. Fleire av dei private høgskolane er heller ikkje med i statistikken, men eit klart fleirtal av søkjarane til private høgskolalar inngår. Frå 1999 er tal for søkjarar til Kunsthøgskolen i Oslo inkluderte.

Kjelde: Samordna opptak (SO).

Desentralisert institusjonsstruktur har saman med høg studiekapasitet gitt sterke utdanningsmiljø med god breidd i studietilboda i alle delar av landet. Samstundes er tendensen til å ta høgere utdanning jamt fordelt geografisk i landet, jf. Innst. S. nr. 54 (1999-2000) og St.meld. nr. 36 (1998-99) Om prinsipper for dimensjonering av høgere utdanning. Den auka studiekapasiteten på 90-talet har ført til fleire studentar med ulik sosial bakgrunn ved universitet og høgskolalar. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det, trass i dette, framleis er ein samanheng mellom val av høgere utdanning og høgere utdanningsinstitusjon og den høgste utdanninga til foreldra.

Rekruttering av innvandrarakar til høgere utdanning har auka i perioden 1990 til 1997, men framleis er tendensen til å ta høgere utdanning noko

lågare for innvandrarakar enn for befolkninga elles. Dette gjeld særleg førstegenerasjon innvandrarakar, der delen av personar mellom 19 og 24 år som ikkje er i utdanning, ligg over 70 pst. mot 57 pst. av befolkninga elles, jf. Aktuell utdanningsstatistikk 4/99 frå Statistisk sentralbyrå.

For å nå målgrupper som vanskeleg kan nytte utdanningstilbod ved ordinære studiestader, og for å heve kompetansen i regionar som manglar kvalifisert fagpersonell, er det i dei seinare åra fordelte midlar til dekking av meirkostnader ved desentraliserte og/eller fjernundervisningstilbod i distrikta. I 2000 vil om lag 4 000 studentar vere knytte til desentraliserte studietilbod eller studietilbod som er organiserte som fjernundervisning ved dei statlege høgskolane. Dette er ein auke i høve til tidlegare år. Ved universiteta var om lag

100 studietilbod organiserte som fjernundervisningstilbod i 1999. Med støtte frå mellom anna Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF) og Arbeidsgruppa for digitale læremiddel er det no utvikla fleksible studietilbod på høgre nivå innanfor ei rekkje ulike fagområde, sjå omtale under kap. 281.

I samband med oppfølginga av Innst. S. nr. 78 (1998-99) og St.meld. nr. 42 (1997-98) Kompetansereformen har departementet lagt vekt på å leggje forholda til rette for at utdanningstilbod innanfor høgre utdanning skal nå nye grupper og dekkje nye kompetansebehov. Departementet har i 1999/2000:

- delegert mynde til å etablere og leggje ned (mellombels og permanent) studietilbod av eit omfang på 30 vektall på lågare grad og å etablere desentraliserte studium av same omfang. Samarbeid om hovudfag trengst ikkje lenger å bli godkjent av departementet
- lagt fram forslag om endring av opptaksparagrafane i universitets- og høgskolelova slik at alle institusjonar under lova frå hausten 2001 skal kunne ta opp søkjarar til eit studium ut frå realkompetansen deira for studiet, jf. Ot.prp. nr. 58 (1999-2000)
- fastsett retningslinjer for eigenbetaling av kursdeltakarar i tråd med Stortingets vedtak, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12. (1998-99), sjå forslag til vedtak V nr. 3.

I 2000 er det gitt dispensasjon for tidsavgrensa forsøksordningar med opptak etter realkompetanse til om lag 60 studietilbod ved dei statlege høgskolane, jf. Innst. O. nr. 80 (1998-99) og Ot.prp. nr. 75 (1998-99).

Behovet i samfunnet og i næringslivet for høgt utdanna arbeidskraft

Teknologisk nyskaping og utvikling og spreining av ny kunnskap er ei sentral drivkraft bak økonomisk vekst. Det høge utdanningsnivået i Noreg har gitt eit godt grunnlag for overgangen til ein kunnskapsbasert økonomi og har gitt Noreg eit konkurranseføremon.

Dimensjonering av høgre utdanning er bestemt av preferansar til søkjarane og behov i arbeidslivet, jf. Innst. S. nr. 54 (1999-2000) og St.meld. nr. 36 (1998-99) om prinsipper for dimensjonering av høgere utdanning. Det er lagt vekt på at høgre utdanning gir ein generell og fleksibel kompetanse som gir eit godt grunnlag for ulike delar av arbeidsmarknaden. For utdanningar som kvalifiserer til svært spesialiserte arbeidsoppgå-

ver, til dømes innanfor helse- og sosialfag, lærarutdanningar og teknologifag, er opptakskapasiteten vurdert i høve til behova i samfunnet for arbeidskraft. I dei seinare åra gjeld dette også for IKT-utdanningar.

Kapasiteten innanfor helse- og omsorgsfaga, lærarutdanningane og IKT-utdanningane har auka monaleg gjennom 1990-tallet. I allmennlærer-, sjukepleiar- og praktisk-pedagogisk utdanning og samla for ulike IKT-utdanningar var opptaket i 1999 høgre enn nokon gong tidlegare. I statsbudsjettet for 2000 blei det oppretta 175 nye studieplassar i medisin, 32 i psykologi, 315 i sjukepleie, 277 i vernepleie, 40 i radiografi, 15 i farmasi og 28 i reseptarutdanninga for å halde oppe den høge opptakskapasiteten. Vidare er det oppretta 105 nye studieplassar i IKT-utdanningar for å føre vidare opptakskapasiteten på fleirårige utdanningar. Om lag 300 av dei ovannemnde studieplassane blei oppretta ved interne omdisponeringar ved institusjonane. I tillegg blei det omdisponert ei rekkje studieplassar innanfor ingeniørutdanninga til linje for data.

Kapasitetsauken i dei seinare åra vil på sikt betre tilgangen på kvalifisert arbeidskraft. Prognosar innanfor einskilde utdanningsgrupper tyder likevel på at behovet for legar, psykologar, farmasøytar, tannlegar og sjukepleiarar vil overstige tilgangen på arbeidskraft. Der er vidare registrert behov for IKT-utdanna personell i offentlege og private verksemdar. Å utvide kapasiteten ytterlegare på desse fagområda er ei utfordring på grunn av avgrensa tilgang på vitenskapleg personell og praksisplassar.

Nedgang i søkinga til førskolelærerutdanninga har ført til omdisponering av kapasitet til allmennlærerutdanning, faglærerutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning. Ein rekkje institusjonar har òg etablert desentraliserte tilbod for å betre rekrutteringsgrunnlaget til førskolelærerutdanninga. Trass i desse tiltaka er det registrert ledig kapasitet i førskolelærerutdanninga i dei siste åra. Kapasiteten for lærarutdanningane har vore på eit nivå som svarar til behova i skolen, jf. Innst. S. nr. 120 (1999-2000) og St.meld. nr. 12 (1999-2000) «...og yrke skal båten bera...». For grunnskolen og vidaregåande opplæring har det vore vanskeleg å rekruttere lærarar med realfagleg bakgrunn. Også for tekniske og naturvitenskaplege fag ved universitet og høgskolar har rekrutteringa i dei seinare åra vore sviktande. Det har mellom anna lenge vore registrert ledig kapasitet ved ingeniørutdanningane.

Rekrutteringa til fiskerifag og akvakulturstudia har òg vore sviktande. Ei arbeidsgruppe med

representantar frå vidaregåande opplæring og høgre utdanning, fangstleddet, oppdrettsnæringa og fiskeindustrien har lagt fram ein handlingsplan for rekruttering til fiskerifag og akvakulturstudia for å betre tilgangen på kvalifisert personell innanfor denne næringa.

Etter- og vidareutdanningsverksemda ved dei høgre utdanningsinstitusjonane har i siste del av 90-talet auka, mellom anna som følgje av større etterspørsel etter slike tilbod frå arbeids- og næringsliv.

I tråd med Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000) har departementet nytta delar av løyvinga til desentraliserte studietilbod til å utvikle fleksible studietilbod for arbeidrarar som er sagte opp eller permitterte ved offshoreverfta og i leverandøriindustrien.

For å få betre oversikt over behova i arbeidslivet for etter- og vidareutdanning og over tilboda til utdanningsinstitusjonane blei det i juni 2000 formelt stifta eit avtalefesta samarbeid mellom Universitets- og høgskolerådet og seks av organisasjonane i arbeidslivet om Noregsuniversitetet. Noregsuniversitetet omfattar mellom anna ein database med meir enn 700 arbeidslivsretta høgere utdanningstilbod og eit elektronisk kurstorg.

Strategiar og tiltak

Lik rett til utdanning og studietilbod i samsvar med interessa hos søkjarane

Sentrale verkemiddel for å leggje til rette for lik rett til utdanning har vore å heve talet på studie-plassar i periodar med vekst i talet på søkjarar, yte studiefinansiering (sjå kategori 07.80), samt sørge for ei målretta regional fordeling av studieplassar. I dei siste åra er det i tillegg lagt større vekt på desentralisering og andre former for fleksibel organisering av studietilbod.

Storleiken på årskulla av 19-åringar frå 1994 til 2000 er redusert frå om lag 62 000 til om lag 53 000. Det vil framleis vere relativt små årskull i dei næraste åra, før storleiken igjen aukar til same nivå som på midten av 1990-tallet. Utdanningskapasiteten innanfor høgre utdanning er på bakgrunn av dette redusert i budsjettforslaget for 2001, sjå omtale tidlegare. Departementet har ved reduksjonen i talet på studieplassar lagt vekt på å halde oppe ei geografisk fordeling av studiekapasiteten, samstundes som det er teke omsyn til preferansane til studentane og til det behovet samfunnet og næringslivet har for høgt utdanna arbeidskraft.

Endringar i studentmåltala frå 2000 til 2001 framgår av tabellen nedanfor.

Oversikt over studenttal 1998-2001

	Registrert 1998	Registrert 1999	Måltal 1999	Måltal 2000	Måltal 2001
Universitet	74 727 ¹	74 135 ²	75 367	73 617	72 624
Vitskaplege høgskolar	7 095 ³	7 282 ⁴	6 960	6 930	6 903
Kunsthøgskolar	751	760	707	707	707
Statlege høgskolar ⁵	74 298	74 145	75 629	75 712 ⁷	74 572
Sum universitet og høgskolar	156 871	156 322	158 663	156 966	154 806
Private høgskolar, kap. 282	16 518	17 639	12 455	12 432	11 704
Sum	173 389	173 961	171 118	169 398	166 510
Eksternt finansierte studentar ⁶	4 890	5 302	5 000	6 500	7 000

¹ Det var i tillegg registrert 2 175 personar utan studierett ved universiteta.

² Det var i tillegg registrert 1 593 personar utan studierett ved universiteta.

³ Det var i tillegg registrert 57 personar utan studierett ved dei vitskaplege høgskolane.

⁴ Det var i tillegg registrert 46 personar utan studierett ved dei vitskaplege høgskolane.

⁵ Studentar på ulike forkurs inngår ikkje i tala.

⁶ Eksternt finansierte heiltidsekvivalentar ved statlege høgskolar.

⁷ Måltalet for dei statlege høgskolane blei ved eit mistak oppgitt uriktig i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Talet er her retta opp.

Kjelde: registrerte studentar, DBH.

For å nå målet om lik rett til utdanning, uavhengig av alder, kjønn og sosiale, økonomiske eller geografiske forhold, vil Regjeringa i budsjettforslaget for 2001 føre vidare eit høgt tal på studie-plassar. Vidare vil Regjeringa føre vidare satsinga på fleksible studietilbod, i form av fjernundervisning, desentraliserte opplegg og studietilbod på deltid. Departementet vil i 2001:

- støtte utvikling av fjernundervisning og fleksible studieopplegg baserte på IKT ved utdanningsinstitusjonane, sjå omtale under kap 281
- setje av 30 mill. kroner til å dekkje meirkostnader ved desentralisert undervisning og fjernundervisning ved fleksible utdanningstilbod i 2001.

For å styrkje Regjeringa si satsing på fleksibel utdanning er mandat og styresamansetjing for Sentralorganet for fleksibel læring (SOFF) endra i 2000. Departementet vil vidare styrkje dei økonomiske rammene for SOFF i 2001, jf. omtale under kap. 281.

Ved opptak til høgre utdanning legg departementet til grunn som hovudprinsipp at dei best kvalifiserte søkjarane skal bli prioriterte. Fastsetjing av kvotar ut over primærvitnemålskvoten, som inneber at 40 pst. av studieplassane blir avsette til søkjarar under 22 år i opptaksåret, har derfor vore restriktiv. Det er likevel gjort visse unntak frå primærvitnemålskvoten for visse studium. Til desentraliserte studietilbod og studietilbod på deltid som berre blir tilbydde ein gong, kan ein halde av alle studieplassane for eit geografisk område. Slike studietilbod er normalt også unnateke for primærvitnemålskvoten. Elles er det fastsett eigne kvotar for søkjarar frå Nordland, Troms og Finnmark til studium der det er mangel på særskild kompetanse i området. Det er også sett av kvotar for søkjarar med samisk bakgrunn til bestemte studium.

For å leggje forholde til rette for innvandrarar i høgre utdanning har Høgskolen i Oslo sidan 1996 arrangert kurs i norsk fagspråk for minoritets-språklege studentar innanfor einskilde yrkesutdanningar. Ordninga blei evaluert i 2000, og departementet legg opp til å føre tiltaket vidare på permanent basis.

Det er sett ned eit brukarforum for funksjonshemma i høgre utdanning, som skal leggje til rette for at brukargrupper får høve til å leggje fram synspunkta sine for sektoren. I mars 2000 blei det vidare sett ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere tiltak i høve til studentar med spesifikke lese-, skrive- og/eller matematikkvanskar.

Departementet vil vurdere ulike tiltak når tilrådinga frå arbeidsgruppa ligg føre.

Kravet om at universiteta og høgskolane skal nytte minst 5 pst. av vedlikehaldsbudsjettet for å leggje til rette for funksjonshemma studentar, blir ført vidare i 2001.

Stortinget har bedt Regjeringa vurdere å opprette eit IKT-studium for sterkt rørslehemma studentar ved ein av høgskolane våre, jf. Innst. S. nr. 85 (1998-99) og St.meld. nr. 8 (1998-99). Saka har vore utgreidd av ei interdepartemental arbeidsgruppe, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Studiet vil vere særskild kostnadskrevjande. I ein situasjon der det er naudsynt å gjere strenge prioriteringar innanfor høgre utdanning, har Regjeringa ikkje funne rom for å realisere tiltaket. Høgskolen i Hedmark er ikkje lenger aktuell som ansvarleg for slik utdanning basert på dei planleggingsføre-setnadene den interdepartementale arbeidsgruppa la til grunn. Regjeringa legg vekt på at høgre utdanning skal byggje på prinsippet om universell utforming, slik at utdanning skal vere tilgjengeleg for alle. Arbeidet for å lette studietilhøva for funksjonshemma studentar må skje som ledd i normal tilrettelegging ved alle studiestader i staden for at ei einskild gruppe funksjonshemma skal få tilbod om eitt studium.

Behovet i samfunnet og i næringslivet for høgt utdanna arbeidskraft

Kapasiteten i høgre utdanning blir fastsett i skjæringsfeltet mellom det behovet samfunnet og næringslivet har for høgt utdanna personell, og preferansane til søkerane. Regjeringa har i samband med reduksjonen i talet på studieplassar lagt vekt på å skjerme utdanningar for kutt der samfunnet har behov for høgt utdanna personell. Det er vidare prioritert å opprette 387 nye studieplassar innanfor medisinske, farmasi, psykologi, radiografi, tannteknikar- og IKT-utdanningar for å halde oppe opptaksnivået frå tidlegare år.

Regjeringa går i budsjettforslaget aktivt inn for ein omstilling av aktiviteten ved institusjonane slik at utdanningskapasiteten betre kan svare til endra behov i samfunns- og næringsliv. Nedgang i talet på søkjarar til førskolelærer og ingeniørutdanninga har gitt ledig kapasitet innanfor desse utdanningane. Regjeringa vil derfor redusere opptakskapasiteten innanfor førskolelærer- og ingeniørutdanninga, slik at ein får eit betre samsvar mellom faktisk studenttal og måltal, sjå omtale av strategiar for å utnytte ressursane betre. For å møte behova for høgt utdanna personell vil departementet vidare auke kapasiteten med 16 nye stu-

dieplassar i psykologi ved Universitet i Oslo, finansiert over psykiatriplanen og 195 nye studie-plassar i sjukepleiar- og IKT- utdanningar ved dei statlege høgskolane. Det vil og bli oppretta 30 nye studie-plassar i samband med etablering av ei ny allmennlærerutdanning ved Høgskolen i Buskerud, sjå omtale under budsjettforslaget for 2001.

For å betre tilgangen på personell med realfagleg kompetanse er det oppretta eit Nasjonalt senter for rekruttering til naturvitenskaplege og teknologiske fag ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Universitets- og høgskolerådet vil setje ned eit råd med representantar frå universitets- og høgskolesektoren, interesseorganisasjonar og næringslivet for senteret, sjå omtale under kap. 262. Eit av dei overordna måla departementet har lagt til grunn for det nasjonale arbeidet med rekruttering, er å betre tilgangen på lærarar med undervisningskompetanse i realfag. Departementet ser også behovet for å styrkje den didaktiske sida i arbeidet med å rekruttere til realfag, og har mellom anna godkjent tidsavgrensa pedagogiske forsøk med teknologi i skolen i allmennlærerutdanninga ved Høgskolen i Østfold. Departementet vil vurdere fleire tiltak for å betre tilgangen på lærarar med realfag i samband med vidare oppfølging av St.meld. nr. 12 (1999-2000) og Innst. S. nr. 120 (1999-2000). Departementet vil mellom anna vurdere å styrkje særskilt gode miljø i matematikk didaktikk.

Medisinutdanninga er under oppbygging ved alle dei fire universiteta, jf. omtale under institusjonsskapitla. Ein ytterlegare auke i opptakskapasiteten i medisin er ei utfordring på grunn av avgrensa tilgang på praksisplassar og mangel på vitenskapleg personell. Kjøp av studie-plassar i utlandet vil derfor bli ført vidare i 2001. Dette blir vurdert som ei gunstig ordning så lenge det er vanskeleg å utvide kapasiteten meir ved dei norske lærestadene. Innanfor medisin er det i budsjettforslaget for 2001 lagt opp til å føre vidare 45 studie-plassar som er kjøpt i utlandet. Det er vidare lagt inn midlar til vidare oppbygging av medisinutdanninga ved Sentralsjukehuset i Akershus.

I samband med oppfølginga av Innst. S. nr. 165 (1994-95) og St.meld. nr. 50 (1993-1994) Om samarbeid og styring-mål og verkemiddel for ein betre helseteneste har Universitetet i Tromsø, etter oppmoding frå Sosial- og helsedepartementet, utgreidd om det er mogleg å opprette eit tannlegestudium i Tromsø. Utgreiinga inneheld forslag om å opprette eit tannlegestudium ved Universitetet i Tromsø. Utgreiinga har vore på høring, og departementet vil i samråd med Sosial-

og helsedepartementet vurdere høringsfråseg-nene før ein tek stilling til ev. vidare oppfølging.

Handlingsplanen for rekruttering til fiskerifag og akvakulturstudia fremmer forslag av kort- og langsiktig karakter og rettar seg både mot sentrale styresmakter, utdanningsinstitusjonar, bransjeorganisasjonar og mot nærings sjølv. Departementet har oppfordra partane til å setje i verk tiltak innanfor deira ansvarsområde og vil følgje opp tilrådingane til sentrale styresmakter i samarbeid med andre departement. Rekrutteringsinnsatsen må bli meir intensiv på dette fagområdet. Landet treng ei sterk oppbygging av kompetansen og forskninga innanfor fiskeri og akvakultur.

I samband med oppfølging av Innst. S. nr. 78 og St.meld. nr. 42 (1997-98) Kompetansereformen legg departementet vekt på at utdanningstilbodet innanfor høgre utdanning skal dekkje nye kompetansebehov i samfunnet. For å auke etter- og vidareutdanningsverksemda i sektoren må institusjonane utvikle praktiske ordningar for vurdering av realkompetanse som grunnlag for opptak i høgre utdanning, jf. Ot.prp. nr. 58 (1999-2000). Departementet vil vidare vurdere behov for endringar av dei organisatoriske og personalmessige rammevilkåra for institusjonane i samband med oppfølginga av NOU 2000: 14. Ein viser òg til forslaget om å auke løyvinga til delfinansiering av kompetanseutviklingsprogram, sjå omtale under kap. 259.

Etter endring av lov av 12. mai 1995 nr. 22 om universitet og høgskolar i 1999, jf. Ot.prp. nr. 75 (1998-99), er det Kongen som skal gjere vedtak om eventuell regulering av opptak til studium ved alle høgre utdanningsinstitusjonar. Reguleringa for universiteta skal skje i tråd med retningslinjer som er lagde fram for Stortinget. Lovendringa har òg ført til at det ikkje lenger er krav om at ei slik regulering må skje kvart år.

Ved regulering av studium ved universiteta og høgskolane vil departementet arbeide ut frå følgjande retningslinjer:

1. Vedtak om regulering er ei direkte oppfølging av budsjettvedtak og politiske føringar som blir gitte i St.prp. nr. 1. Opptaksrammene skal vere så høge at institusjonane kan nå dei resultatmåla som er gitte i statsbudsjettet for den enkelte institusjonen, jf. måltal for samla studenttal, kandidattal osv. under institusjonsskapitla.
2. Regulering av opptaket til enkelte studium eller studiestader kan vere eit middel til å nytte utdanningskapasiteten i heile landet.
3. Det vil vere behov for å regulere opptaket til ei rekkje fagstudium og profesjonsutdanningar, sjølv om nedgangen i søkinga held fram. Insti-

tusjonane kan ha avgrensa kapasitet på mellom anna undervisningslokale, laboratorium, feltkurs, praksisplassar, utstyr, eller rettleiarar for å ta i vare kvalitetskrav i utdanninga. Dei utdanningsområda dette gjeld særleg for, er medisin, psykologi og andre helsefag, andre profesjonsutdanningar, IKT-utdanningar, fleire realfagstudium, kunstutdanningar og lærarutdanningar. For fleire av desse studia vil ein prioritere å oppretthalde, og i nokre tilfelle auke, kapasiteten over tid.

4. Ved regulering av studium vil departementet halde oppe høge opptaksrammer i prioriterte studium og der samfunnet har behov for arbeidskraft. Dette gjeld mellom anna studium i helsefag, lærarutdanning, ingeniør- og IKT-utdanningar. Departementet kan likevel gi løyve til mellombels omdisponering av studieplassar frå prioriterte studium med låg søking, til studium med god søking, for å komme ønskje frå studentane i møte.

Departementet vil også vurdere spørsmål om dimensjonering og gradsstruktur i samband med oppfølginga av NOU 2000: 14 Frihet med ansvar. Noregsnettrådet har til oppgåve å gi råd til departementet om dimensjonering og fordeling av fag. Departementet vil føre vidare samarbeidet med andre fagdepartement om vurdering av personellbehov innanfor ansvarsområdet deira. Departementet vil òg føre vidare samarbeidet med Statistisk sentralbyrå om vidareutvikling av modellar for framskrivning av tilgang og behov for ulike typar arbeidskraft.

Sikre høg kvalitet i høgere utdanning og forskning gjennom å skape gode vilkår ved lærestadene for utvikling og formidling av ny kunnskap

Tilstandsvurdering

Kvalitet i høgere utdanning

Institusjonane er pålagde å evaluere og utvikle kvaliteten i studium, samt å etablere rutinar for kvalitetssikring. Fagleg og pedagogisk utvikling som fører til endring i fagleg innhald og undervisningsformer, er ein kontinuerleg og naturleg del av verksemda ved universiteta og høgskolane. Dei fleste universitet og høgskolar har nå innarbeidd tiltak for styrking av studiekvalitet i planverket sitt. Institusjonane legg i stigande grad vekt på kvalifikasjonar i pedagogikk hos dei vitenskaplege tilsette, og det blir ved enkelte høgskolar og universitet etablert egne senter med ansvar for pedagogisk utvikling.

Internasjonalt fagleg samarbeid er viktig for å utvikle kvaliteten i høgere utdanning. Dette gjeld alle former for samarbeid, frå student- og lærarutveksling til studieplanutvikling og forskning. Våren 2000 vart det skipa eit nettverk for kvalitetssikring av høgere utdanning innanfor EU (ENQA), som Noreg tek del i.

Direkte evaluering av kvalitet blir rutinemessig utført av institusjonane gjennom studentevalueringar. Departementet har i dei seinare åra tildelt ein pris for gode opplegg for studentevalueringar ved institusjonane. Prisen gjekk i 1999 til Det medisinske fakultet ved Universitetet i Oslo.

Noregsnettrådet arbeider med å utvikle ei heilskapleg ordning for kvalitetsvurdering i høgere utdanning og har sett i gang eit fleirårig program for evalueringar av dei fire universiteta, av systemet med faglege knutepunktfunksjonar, av dei hovudfaga i høgskolesektoren som byggjer på lærarutdanning, og dessutan starta eit pilotprosjekt for utvikling av eit kvalitetssikringssystem for institusjonane. Evalueringa av Universitetet i Tromsø er avslutta, og departementet føreset at denne blir følgt opp vidare ved institusjonen, jf. omtale under kap. 263.

Eit heilskapleg læringsmiljø er viktig for kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning. Utdanningsinstitusjonane har fått det overordna ansvaret for læringsmiljøet, medan student-samskipnadene har fått det operative ansvaret for studentvelferda. Studentsamskipnaden får, i tillegg til tilskott til drift, tilskott til bygging av studentbustader, barnehageplassar, sosial rådgivingsteneste og helsetiltak, sjå omtale under kap. 270. Den kraftige veksten i høgere utdanning har skapt eit press på velferdsapparatet. I dei større byane har mellom anna prisstiginga på den private utleigemarknaden ført til auka etterspørsel og behov for studentbustader.

Kvalitet i forskning

Universiteta og høgskolane etablerer ny kunnskap som er avgjerande både for å utvide innsikta vår, for å løyse felles oppgåver og for å leggje til rette for eit meir kunnskapsintensivt næringsliv. Forskingsresultat frå universitets- og høgskolesektoren blir formidla til eit breiare samfunns- og næringsliv både gjennom utdanning av kvalifisert personell og ved direkte formidling av forskingsresultat. Universiteta og dei vitenskaplege høgskolane skal ta hand om den langsiktige kunnskapsoppbygginga, med eit særskilt ansvar for grunnforskninga, samstundes med at miljøa i universitets- og høgskolesektoren òg produserer

forskning til direkte nytte i utviklinga av produkt, prosessar, tenester og organisasjonsformer i offentlig sektor og bedrifter.

Som ein del av oppfølginga av Innst. S. nr. 110 (1999-2000) og St.meld. nr. 39 (1998-99) Forsking ved eit tidsskille sette departementet ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere ein ny finansieringsmodell for forskning som sikrar stabilitet, fleksibilitet og strategisk styring av forskingsressursane i sektoren betre enn finansieringssystemet i dag. Ein ny finansieringsmodell skulle òg leggje grunnlag for fagleg utvikling uavhengig av endringar i studenttal og betre rapporteringa av forskingsverksemda ved institusjonane. For å få ei meir aktiv satsing på å utvikle vidare forskingsaktiviteten ved institusjonane, har arbeidsgruppa

gått inn for ei auka synleggjering av innsatsen knytt til forskning og utviklingsarbeidet (FoU) ved universitet og høøgskolar. Vidare har arbeidsgruppa vurdert innfasing av ein incentivbasert utrekningsmodell for forskingsressursar og innføring av eit skilje mellom tildelingar til undervisning og forskning.

Departementet legg i tråd med tilrådingane frå arbeidsgruppa opp til å synleggjere FoU-innsatsen i sektoren i større grad enn tidlegare, men understrekar at datatilfanget gjer det vanskeleg å gi ei fullstendig oversikt over aktiviteten. Ei synleggjering er derfor førebels basert på einskilde kriterium som tal for vitenskapleg tilsette, tal på avslutta doktorgradar, utgifter til FoU og eksternt finansiert verksemd.

Tal på årsverk i vitenskaplege stillingar 1999 (pst. kvinner i parentes)

	Universitet		Vitenskaplege høgskolar		Statlege høgskolar		Kunst- høgskolar		Sum alle institusjonar	
Professor/høgskoledosent	1 749	(12)	234	(7)	188	(8)	23	(49)	2 137	(12)
Førsteamanuensis/førstelektor	1 424	(29)	258	(25)	1 165	(22)	26	(26)	2 873	(26)
Aman./høgsk.lektor/ univ.lektor	459	(36)	103	(39)	2 851	(49)	50	(55)	3 462	(47)
Bistillingar	124	(8)	5	(4)	22	(6)	1	(33)	152	(8)
Stipendiatar	1 762	(41)	225	(46)	114	(40)			2 101	(42)
Andre vitenskaplege stillingar ¹	401	(39)	98	(42)	11	(36)			510	(40)
Sum	5 919	(29)	923	(29)	4 351	(44)	100	(45)	11 235	(33)

¹Andre vitenskaplege stillingar omfattar stillingsnemninga «forskar», og postdoktor. Kategorien omfattar ikkje reine undervisningsstillingar ved dei statlege høgskolane som til dømes høgskolelestrarar. I St.prp. nr. 1. (1999-2000) var tal for høgskolelestrarar inkludert i tilsvarende tabell.

Kjelde: DBH. Data pr. 30.9. 99.

Gjennom 1990-talet har det vore ein sterk vekst i talet på tilsette i vitenskaplege stillingar ved universitet og høgskolar, og dermed ein auke i forskingsaktiviteten ved institusjonane. Tabellen ovanfor viser korleis det vitenskaplege personalet er fordelt på typar av institusjonar, stillingskategoriar og kjønn. Ei samanlikning av tal for vitenskapleg tilsette i perioden 1997-99 viser at forholdet mellom tilsette i ulike stillingskategoriar har vore relativt stabilt. For dei statlege høgskolane har det vore ein vekst i talet på tilsette i førsteamanuensis- og førstelektorstillingar mot ein tilsvarende reduksjon i talet på tilsette i amanuensis-, høgskolelektor- og universitetslektorstillingar. Talet på kvinner i faste vitenskaplege stillingar ligg framleis lågt, særleg gjeld dette tilsette i førstestillingar som førsteamanuensis/førstelektor og professorstillin-

gar. Ved universiteta har talet på kvinnelege professorar auka frå 10 pst. til 12 pst. i perioden 1993 til 1999, medan det for førstestillingar har vore ein vekst frå 22 pst. til 29 pst. i same periode. Det er likevel store variasjonar mellom fagområde når det gjeld kvinnerepresentasjon.

I dei seinare åra er det registrert større konkurranse frå andre institusjonar og sektorar i samfunnet om tilsette ved dei høgare utdanningsinstitusjonane med vitenskapleg kompetanse. Ved dei sentrale justeringsoppgjera i statleg sektor er det derfor blitt øyremærkt lønnsmidlar for å rekruttere og behalde særleg kvalifisert personale innanfor fagområda medisin, psykologi, jus og informatikk.

I Norden er talet på avslutta doktorgradar meir enn dobla i løpet av 1990-talet, med ein gjen-

nomsnittleg årleg vekst på om lag 9 pst. Talet på avslutta doktorgradar har auka mest i Danmark og Finland, medan Noreg og Sverige har hatt ein noko lågare vekst. I Noreg er det på 1990-talet avslutta færre doktorgradar enn i dei andre nor-

diske landa sett i høve til folketalet, sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking. Tabellen nedanfor gir ein oversikt over avslutta doktorgradar per institusjon i Noreg i perioden 1993-99.

Tal på avslutta doktorgradar per institusjon 1993-99

Institusjon	Avslutta doktorgrader						
	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999
Universitetet i Oslo	153	155	192	218	242	224	269
Universitetet i Bergen	91	113	136	116	100	129	132
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	174	181	173	172	185	186	207
Universitetet i Tromsø	20	42	45	46	39	59	48
Noregs handelshøgskole	8	10	12	11	10	19	9
Noregs idrettshøgskole	2	2	1	1	4	5	3
Arkitektthøgskolen i Oslo	0	1	1	2	0	2	1
Noregs landbrukshøgskole	28	32	27	24	35	41	28
Noregs veterinærhøgskole	15	12	14	11	9	7	7
Det teologiske menighetsfakultet	0	3	1	1	1	5	2
Sum	491	551	602	602	625	677	706
Prosentdel kvinner	25	28	31	34	32	32	38

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU. DBH for 1998 og 1999.

Av tabellen nedanfor framgår det korleis dei avslutta doktorgradane er fordelte på dei ulike fagområda, og kva for ei kjønnsfordeling det er mellom kandidatane. Tabellen viser at det har vore ein vekst i talet på kvinner som avsluttar dok-

torgrader frå 1993 til 1999. Veksten har vore særleg stor innanfor fagområda humaniora og samfunnsvitenskap, medan kvinnerepresentasjonen innanfor fagområda matematikk/naturfag og medisin og teknologi har vore stabil.

Avslutta doktorgradar per fagområde og kjønn i 1993/1999

	Pst. av alle gradar		Pst. kvinner	
	1993	1999	1993	1999
Humaniora	8	8	26	53
Samfunnsvitenskap	13	17	25	45
Matematikk/naturfag	30	26	21	37
Medisin	21	26	38	39
Teknologi	28	18	15	21
Landbruksfag og veterinærmedisin	0	5	0	45
Totalt	100	100	25	38

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU.

Trass i den sterke veksten i avslutta doktorgradar på 90-talet vil det på sikt bli mangel på vit-

skapleg personell ved universitet og høgskolar. Naturleg aldersavgang vil saman med auka kon-

kurransse om vitskapleg tilsette gi eit erstatningsbehov som overstig talet på avslutta doktorgrader, jf. Innst. S. nr. 78 (1998-99) og St.meld. nr. 39 (1998-99).

I 2000 blei tre statlege høgskolar gitt rett til å tildele doktorgrad. Høgskolen i Agder fekk rett til å tildele graden doctor på fagområdet nordisk språk og litteratur, Høgskolen i Stavanger graden doctor på fagområdet petroleumsteknologi og off-shoreteknologi og Høgskolen i Bodø graden doctor i bedriftsøkonomi. Høgskolen i Bodø fekk ret-

ten avgrensa i tid og under føresetnad om at den kompetansen som høgskolen manglar i økonomisk analyse, blir kompensert gjennom samarbeidsavtalar med lærestader med rett til å tildele doktorgrad i faget.

Statistikken frå Norsk institutt for studier av forskning og utdanning NiFU) viser at totale FoU-utgifter i universitets- og høgskolesektoren er bort imot dobla i perioden frå 1981 til 1999. Tabellen nedanfor viser ressursane som blei nytta til FoU-verksemd i sektoren i 1999.

Totalt utgifter til forskning og utviklingsarbeid (FoU) 1999

Institusjon	FoU-kostnader (i mill. kroner) 1999
Universitetet i Oslo	1 750
Universitetet i Bergen	970
NTNU	1 270
Universitetet i Tromsø	500
Noregs handelshøgskole	80
Noregs landbrukshøgskole	250
Noregs veterinærhøgskole	100
Andre vitskaplege høgskolar ¹	50
Statlege høgskolar og kunsthøgskolar	500
Totalt	5 470
Av dette driftsutgifter	4 570
Av dette kapitalutgifter	900

¹ Omfattar Arkitektshøgskolen i Oslo, Noregs idrettshøgskole og Noregs musikkhøgskole

Kjelde: Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU). Tala er baserte på anslag.

Som vist ovanfor er det relativt store variasjonar i utgiftene til FoU ved dei høgare utdanningsinstitusjonane. Utgiftsnivået viser at størstedelen av

forskinga finn stad ved universitet og vitskaplege høgskolar. Dette har samanheng med aktivitetsprofil og ansvarsområde for institusjonane.

Totalt utgifter til forskning og utvikling (FoU) 1997, 1999 etter lærestadgruppe, faste 1999-kroner¹

	1997	1999
Universitet ²	4 210	4 490
Vitenskaplege høgskolar	475	480
Statlege høgskolar og kunsthøgskolar	475	500
SUM	5 160	5 470

¹ Tal for 1997 er henta frå FoU-statistikken for samme år. Tal for 1999 er baserte på overslag. Omrekning til faste prisar er basert på førebels indekser for FoU-arbeid.

² Omfattar og universitetssjukhus

Kjelde: NIFU

Tabellen ovafor viser at utgiftene til forskning og utvikling ved dei høgere utdanningsinstitusjonane har vakse med om lag 6 pst. i perioden 1997-99.

Ein stor del av FoU-arbeidet ved institusjonane er eksternt finansiert, mellom anna gjennom Noregs forskingsråd, oppdragsverksemd og internasjonalt forskingssamarbeid som til dømes EUs rammeprogram. Finansiering gjennom Noregs forskingsråd er svært viktig for universitet og høøgskolar. Institusjonane skal i samvirke med Forskringsrådet bidra til å sikre kvalitet og fornying i grunnforskning og anna forskning, tilstrekkeleg og effektiv forskarrekruitering og kunnskaps-spreiing. For omtale av Noregs forskingsråd og internasjonalt forskingssamarbeid, sjå kategori 07.70.

Det er framleis store variasjonar mellom dei statlege høøgskolane når det gjeld talet på prosjekt som blir finansierte av Noregs forskingsråd og EUs rammeprogram. Dette indikerer skilnad i omfang og kvalitet på forskingsverksemda mellom ulike institusjonar og miljø, og heng mellom anna saman med forskingskompetansen ved personalet.

Som vist i tabellen nedanfor har det i dei seinare åra vore ein auke i omfanget av eksternt finansiert verksemd ved dei høgere utdanningsinstitusjonane. Tabellen viser omfanget av ekstern finansiering (både til FoU og anna verksemd) som vart rekneskapsført under post 01 på inntektskapitla til institusjonane i 1997-99.

Ekstern finansiering

	Rekneskap (i 1000 kr)			Ekstern finansiering i pst. av totale driftsutgifter ¹		
	1997	1998	1999	1997	1998	1999
Universitetet i Oslo	460 514	483 162	526 266	19,8	20,5	20,0
Universitetet i Bergen	334 270	348 273	579 232	24,8	25,1	34,4
NTNU	275 980	289 278	319 251	16,8	17,2	17,7
Universitetet i Tromsø	137 257	144 470	161 764	17,8	18,2	18,9
Noregs handelshøgskole	12 001	11 513	12 606	8,4	6,9	7,5
Arkitekthøgskolen i Oslo	3 255	5 383	2 219	8,3	13,2	5,5
Noregs idrettshøgskole	4 204	5 052	8 629	5,8	6,6	10,1
Noregs musikkhøgskole	1 432	1 282	1 181	1,8	1,6	1,4
Noregs landbrukshøgskole	141 127	151 395	158 581	31,9	31,9	32,4
Noregs veterinærhøgskole	50 295	53 697	64 993	26,7	26	30,0
Statlege høøgskolar	222 076	226 547	261 092	4,8	4,6	4,8

¹Postane 01 og 21.

Kjelde: Statsrekneskapen

Tabellen nedanfor viser omfanget av ekstern finansiering fordelt på ulike finansieringskjelder.

Fordeling (i pst.) av ekstern finansiering på finansieringskjelde (1999)¹

Institusjon	Statlege etatar	Kommunar	Noregs forskingsråd	Organisasjonar	Næringsliv/ privat (Noreg)	EU	Andre utanlandske	Stiftelsar i tilknytning til institusjonane	Sum (pst.)
Universitet	24,4	2,1	43,3	3,4	12,2	6,6	4,0	3,8	100
Vitskaplege høgskolar	27,8	2,6	37,2	3,4	21,8	3,4	3,5	0,2	100
Statlege høgskolar	31,4	23,3	9,9	3,6	26,7	2,6	1,8	0,7	100
Totalt	25,8	5,2	37,8	3,5	15,5	5,6	3,7	2,9	100

¹ Fordelinga er basert på overslag frå institusjonane.

Kjelde: DBH

Fleire naturvitskaplege forskingsmiljø har vore gjenstand for evaluering, sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking. Evalueringane syner at kvaliteten på forskinga varierar mellom ulike miljø og institusjonar.

Forskningsformidling

Resultat av forskingsverksemda ved universitet og høgskolar blir formidla gjennom produksjon av bøker og artiklar i internasjonale og nasjonale vitenskaplege tidsskrift. I tillegg deltek ei rekkje av dei vitenskapleg tilsette, i den offentlege debatten gjennom aviser, radio og fjernsyn. Universiteta har òg ansvar for å drive og halde ved like museum med vitenskaplege samlingar og publikumsutstillingar. Gjennom utstillingane blir kunnskap og innsikt formidla til allmenta. Musea forvaltar 60 000 kunstgjenstandar, 1,7 mill. kulturhistoriske objekt og 10,2 mill. naturhistoriske objekt-inventarnummer. Eit stort tal besøkjande og skoleklassar vitjar faste og mellombels utstillingar i universitetsmusea kvart år.

Strategiar og tiltak

Kvalitet i høgre utdanning

Gode system for kvalitetssikring er ein naudsynt føresetnad for å gi større fridom til institusjonane i faglege spørsmål. I samband med delegering av mynde frå departement til utdanningsinstitusjonar i fagsaker har Noregsnettrådet fått i oppdrag å gjennomføre ei årleg oppsummering og vurdering for departementet av generelle utviklingstrekk med omsyn til etablering og nedlegging av studium.

Studentevalueringar av den faglege verksemda er viktige element i kvalitetsutviklinga ved

institusjonane. Det er likevel viktig også å leggje vekt på andre tiltak. Departementet har derfor bedt Noregsnettrådet om å lyse ut ein pris for å fremme kvalitet i norsk høgre utdanning.

Noregsnettrådet gjennomfører etter oppdrag frå departementet ei rekkje evalueringstiltak i 1999/2000 som departementet vil følgje opp etter kvart som dei blir ferdige, sjå omtale tidlegare. Noregsnettrådet har elles fått eit systemansvar for å sjå til at institusjonane utviklar ordningar for kvalitetssikring. Dette arbeidet er basert på rapporten «Basert på det fremste ...?», som gir tilrådingar om eit opplegg for vurdering av institusjonane sitt arbeid med kvalitetssikring. Med utgangspunkt i rapporten er det sett i gang eit pilotprosjekt der ulike institusjonstypar er representerte (NTNU, Høgskolen i Sogn og Fjordane, Noregs landbrukshøgskole og Menighetsfakultetet er med i prosjektet), for å prøve ut eit system for kvalitetssikring som kan overførast til heile sektoren. Departementet føreset at alle institusjonane prioriterer å utvikle rutinar for kvalitetssikring i alle ledd.

Nasjonale rammeplanar blir brukte for visse utdanningar for å sikre ein felles nasjonal standard, mellom anna for utdanningar som fører fram til yrke med autorisasjons- eller sertifiseringsordningar. Departementet vil mellom anna i samråd med andre departement som er ansvarlege for autorisasjon av utdanningar, vurdere om det er mogleg å forenkla systemet med rammeplanar utan at ein mistar viktige kvalitetssikringsfunksjonar.

For å betre kvaliteten i praksisundervisninga i sjukepleiarutdanninga og betre integrasjonen mellom teori- og praksisundervisning er det innført ny rammeplan med pasientretta praksis i sjukepleiarutdanninga frå hausten 2000, jf. Innst. S. nr. 54 (1999-2000), sjå omtale under kap. 274.

I samband med etableringa av ein ny yrkesfag-lærerutdanning frå hausten 2000 er det fastsett mellombels rammeplan for 3-årig yrkesfaglærerutdanning i fem studieretningar i 2000, sjå omtale under kap. 274.

Departementet har teke initiativ til eigne høringsmøter om lærerutdanninga hausten 2000. På desse møtene vil departementet, på politisk og administrativt nivå, og på eit breitt grunnlag, diskutere sterke og svake sider ved allmenn- og førskolelærerutdanninga med representantar frå sektoren.

To arbeidsgrupper nedsette av departementet la i 1999 fram utgreiingar om den faglege organiseringa av norsk kunst- og musikkutdanning, sjå omtale under kap. 273 og kap. 269. Utgreiinga har vore på høring, og departementet vil etter ei vurdering av høringsfråsegnene ta stilling til korleis forslaga i utgreiinga skal følgjast opp.

Departementet sette hausten 1998 ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere kva for utdanningar ein skal krevje politiattest for ved opptak, jf. Innst. O. nr. 99 (1996-97). Arbeidsgruppa la fram rapporten våren 1999, og departementet vil følgje opp rapporten med ei eiga forskrift.

Som ein del av oppfølginga av Innst. S. nr. 120 (1999-2000) og St.meld. nr. 12 (1999-2000) og departementet sin plan for IKT i norsk utdanning (2000-03) er det sett av 30 mill. kroner årleg til ei satsing på IKT i lærerutdanninga. Tiltaket er retta både mot utvikling av nasjonal spisskompetanse ved utvalde miljø og kompetanseheving og fagleg utvikling ved alle lærerutdanningsinstitusjonar. I tillegg inkluderer satsinga ei styrking av etter- og vidareutdanning og andre støttetiltak mot skolen. Målet er å utvikle betre forståing av IKT som fagleg, didaktisk og pedagogisk hjelpemiddel, modernisere form og innhald i utdanninga når det gjeld IKT-baserte læremiddel, og å leggje til rette for alternative og varierte arbeids- og undervisningsformer, sjå omtale kap. 281.

Mange institusjonar har vore opptekne av oppfølging av studentane i arbeidet med kvalitetsutvikling. Eit viktig tiltak har vore å setje søkjelyset på den pedagogiske kompetansen til dei vitenskapleg tilsette. Departementet legg vekt på at institusjonane utviklar vidare ordningar som premierer tilsette som kan dokumentere god undervisning. Det er òg viktig at institusjonane arbeider systematisk for å betre det pedagogiske innhaldet og tilrettelegginga av studietilboda.

Kvaliteten i høgre utdanning har for studentane samanheng med det heilskaplege læringsmiljøet. Departementet vil vurdere spørsmål om arbeids- og læringsmiljø for studentar i samband

med oppfølginga av NOU 2000: 14 Frihet med ansvar, jf. Stortingets anmodningsvedtak nr. 335 (1999-2000).

Regjeringa vil vidare auke satsinga på bygging av studentbustader i 2001. Det er utarbeidd ein handlingsplan for studentbustader mellom anna på bakgrunn av innspel frå Samarbeidsorganet for Studentsamskipnadene i Norge, Samskipnadsrådet, sjå omtale under kap. 270. Handlingsplanen vil bli lagt fram for studentsamskipnadene i løpet av hausten 2000, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (1998-99).

Ei arbeidsgruppe sett ned av departementet, vil hausten 2000 leggje frem ein rapport om verts-kommuneproblematikken. Departementet vil vurdere oppfølging av denne rapporten i 2001.

Kvalitet i forskning

For å fremme kvalitet må institusjonane profilere og prioritere FoU-innsatsen, og gjere strategiske val for forskingsverksemda. Dei strategiske vala må ta omsyn til det særskilde hovudansvaret universiteta og dei vitenskaplege høgskolane for grunnforskning og forskarutdanning. Tilsvarende må satsinga ved dei statlege høgskolane ta utgangspunkt i dei særlege føresetnadene institusjonane har for å styrkje forskning og nasjonal kunnskapsutvikling innanfor profesjonsutdanningar og innanfor område der dei har knutepunktfunksjonar. Dei statlege høgskolane har òg eit særskilt ansvar for FoU-aktivitet som er retta mot regionalt arbeids- og næringsliv.

Departementet ser det som ei høgt prioritert oppgåve å rekruttere vitenskapleg personell og behalde tilsette i undervisnings- og forskingsstillingar innanfor særleg konkurranseutsette område. I samband med fordelinga av Stortingets løyving til særskilde omstillingstiltak, rekrutteringsstillingar og forskning ved universiteta, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000), er det oppretta 75 nye stipendiatstillingar og 62 nye postdoktorstillingar ved universiteta i 2000. Midlar til stipendiat- og postdoktorstillingar som vart oppretta ved universitet, vitenskaplege høgskolar og statlege høgskolar i 1998, 1999 og 2000, blir førte vidare i budsjettet for 2001.

Departementet vil vidare fordele midlar for 100 nye stipendiatstillingar og 40 nye postdoktorstillingar i 2001. For å betre rekrutteringa av kvinner til vitenskaplege stillingar på høgt nivå legg departementet opp til å øyremerkje dei nye postdoktorstillingane for kvinner. Budsjettforslaget omfattar også midlar til 20 nye professorat øyremerkte kvinner i 2001.

Universitet og høgsckolar har gjennom fleire år vore oppfordra til å lage handlingsplanar for likestilling, særleg for å auke talet på kvinner i vitenskaplege stillingar. Mange institusjonar har utarbeidd slike planar, men det er enno særst langt igjen før likestillingsmåla er nådde. Det må setjast inn kraftfulle tiltak på mange område for å sikre resultatet, sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Universitetet og høgsckolar må ha ein medveten personalpolitikk for å rekruttere og vidarekvalifisere kvinnlege tilsette. Måler må vere at det skjer ein monaleg auke totalt, men særleg i visse fag og i dei øvste faglege og administrative stillingskategoriane. Det er til dømes særleg få kvinner i professor-II-gruppa. Institusjonane må difor sjå kritisk på prosedyrane for tilsetjing i desse stillingane.

Departementet ber alle institusjonar lage handlingsplanar for likestilling. I planane skal det setjast måltal for kvinner i alle stillingskategoriar, og det må vere strategiar og tiltak for å nå desse måla. Institusjonane vil bli bedne om å gjere greie for gjennomførte tiltak og måloppfylling i sine rapportar til departementet og i etatstyringsmøta. I tillegg til dei nye stipendiat- og postdoktorstillingane ventar departementet at institusjonane sjølve aktivt nyttar rekrutteringsstillingar, tar likestillingsomsyn ved tilsetjing, slik lov om universitet og høgsckolar fastset, vurderer å øymerke stillingar og sikrar kvinner i faglege stillingar arbeidsvilkår som gir høve til kvalifisere seg for opprykk.

For å halde på og rekruttere personell ber departementet lærestadene vurdere om dei moglegheitene lønssystemet gir, er godt nok utnytta. I samband med lønnsoppgjeret for 2000 blei det sett av ein pott på 6 mill. kroner for å rekruttere og behalde særleg kvalifisert vitenskapleg personale ved universiteta. Midlane er førte vidare i budsjettet for 2001.

Departementet vil følgje opp arbeidsgruppa som har vurdert innføring av ein ny modell for finansiering av forskning ved universitet og høgsckolar, med innføring av ein incentivbasert berekningsmodell. Departementet ser det som formålstenleg at ein del av dei totale forskingsressursane til utdanningsinstitusjonane blir fordelte gjennom ein slik modell. For å oppnå ei sterkare merksemd på resultat og kvalitet er talet på hovedfagskandidatar og doktorgradskandidatar, avslutta vektal, talet for tilsette i førstestillingar og tildelte midlar gjennom EU og Noregs forskingsråd førebels vurderte som aktuelle indikatorar i ein slik modell. Departementet vil vurdere

omfang og vekting av indikatorane i samband med ei ev. omlegging av finansieringssystemet i universitets- og høgsckolesektoren, jf. forslag om nytt system for finansiering av høgre utdanning i NOU 2000: 14.

Departementet vil vurdere korleis datagrunnlaget for å synleggjere FoU-innsatsen i sektoren kan bli betre i samband med oppfølginga av forslaga om nye system for styring, finansiering og kvalitetssikring i NOU 2000:14.

Departementet føreset at universiteta følgjer opp tilrådingane i evalueringsrapportane om naturvitenskapleg forskning. Evalueringane vil mellom anna gi nyttige innspel til arbeidet med å betre rekrutteringa til naturvitenskaplege fag.

Forskingsformidling

Departementet føreset at institusjonane har forskingspolitiske strategiar som fangar opp omsynet til forskingsformidling.

Miljøverndepartementet har i samråd med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Kulturdepartementet gjort endringar i forskrifter til fagleg ansvarsdeling etter kulturminnelova, mellom anna når det gjeld inngrep i automatisk freda kulturminne. Endringane inneber at mynde til å dispensere frå automatisk freda kulturminne er flytta frå dei arkeologiske landsdelsmusea til Riksantikvaren. Endringa trer i kraft frå 1. januar 2001.

Departementet vil i samband med ein eigen miljøhandlingsplan bidra til at informasjon knytt til samlingane ved dei naturhistoriske musea ved universiteta blir gjorde elektronisk tilgjengelege, og at tiltaket blir utvikla vidare til ein eigen artsdatabank slik det er foreslått i St.meld. nr. 33 (1999-2000) Tilleggsmelding til St.meld. nr. 8 (1999-2000).

Utnytte ressursane i sektoren betre ved mellom anna å omstille verksemda

Tilstandsvurdering

Utnytting av kapasitet

For universiteta og høgsckolane samla har det vore eit godt samsvar mellom faktisk tal på studentar og det talet sektoren er dimensjonert for, sjå tabell med oversikt over studenttal 1998-2001. Det er likevel registrert ledig kapasitet ved fleire institusjonar og utdanningar i dei seinare åra. Dette har samanheng med redusert søking til høgre utdanning og endra søkjarmønster blant studentane. I dei seinare åra har redusert søking, først og fremst ved førskolelærer- og ingeniøruddanninga,

gitt ledig kapasitet ved dei statlege høgskolane. For universiteta er det registrert ledig kapasitet på historisk-filosofiske fag og realfag.

Tabellen nedanfor viser talet på avlagte årseksamener på lågare grad og kandidatar med hovudfags- eller profesjonseksamen.

Vekttal og kandidattal for universitet og høgskolar i 1997, 1998 og 1999

Institusjon	Årseksamener lågare grad ¹			Profesjonsstudium			Hovudfagsstudium		
	1997	1998	1999	1997	1998	1999	1997	1998	1999
Universitet	24 575 ²	23 515 ³	21 783 ⁴	2 839	2 833	3 000	2 442	2 400	2 418
Vitskaplege høgskolar				890	830	887	248	249	240
Kunsthøgskolar				171	156	170	69	78	60
Statlege høgskolar ⁵	9 120	8 170	7 994	16 333	16 306	16 703	157	122	98
Sum universitet og høgskolar	33 695	31 685	29 777	20 233	20 125	20 760	2 916	2 849	2 816

¹ Avlagde årseksamener (ulike einskildeksamenar er omrekna til heilårsekvivalentar på 20 vekttal) på lågare grad, eksklusive gjentak.

² I tillegg er det avlagt 1 300 årseksamener av personar utan studierett.

³ I tillegg er det avlagt 1 034 årseksamener av personar utan studierett.

⁴ I tillegg er det avlagt 752 årseksamener av personar utan studierett.

⁵ Ulike forkurs inngår ikkje i tala.

Kjelde: DBH

Kandidattala for hovudfagsstudia har vore tilnærma stabile i dei seinare åra, medan kandidattala for profesjonsutdanningane har auka noko frå 1998 til 1999. Det har vore ein reduksjon i talet på avslutta årseksamener på studium på lågare grad

sidan 1997. Nedgangen i talet på avslutta årseksamener på lågare grad skuldast dels den sterke etterspørselen etter arbeidskraft. Tabellen nedanfor viser at det òg har vore ein reduksjon i avlagde vekttal per student for tre av dei fire universiteta.

Tal på avslutta vekttal per student¹

Institusjon	Vekttal per student 1997	Vekttal per student 1998	Vekttal per student 1999
Universitetet i Oslo	11,09	10,45	10,79
Universitetet i Bergen	11,99	11,71	11,18
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	13,05	13,29	11,88
Universitetet i Tromsø	12,25	11,23	11,30

¹ 20 vekttal svarer til eit års normert studietid. Det er tatt utgangspunkt i talet på studentar i haustsemesteret og vekttalsproduksjonen på årsbasis. Doktorgradsstudentar er ikkje med i berekningsgrunnlaget.

Kjelde: DBH

Vekttalsproduksjon avheng av ei rekkje faktorar, bl.a. forholda på arbeidsmarknaden, undervisningsform og kvalitetsfremmande tiltak ved utdanningsinstitusjonen og motivasjon hos studentane. Utviklinga i talet på avlagde vekttal per student ved universiteta er ikkje tilfredsstillande. Tal for avlagde vekttal per student i den statlege høgskolesektoren viser ein vekttalsproduksjon som er langt betre enn vekttalsproduksjonen ved universiteta. I gjennomsnitt blei det avlagt 16,5

vekttal per student ved dei statlege høgskolane i 1999. Forskjellen kan delvis forklarast ved at universiteta har ei rekkje deltidsstudentar på vidareutdanningstilbod, og at det er eit større studenttal på dei ordinære studieløpa som ikkje legg opp studieløpet som fulltidsstudentar, enn det er ved dei statlege høgskolane. Departementet understreker likevel at universiteta må arbeide vidare med å utvikle undervisningstilbod som gir betre gjennomstrøyming.

Omstilling av verksemda ved institusjonane

Nedgang i talet på søkjarar til høgre utdanning har, saman med endra behov frå brukarane, forsterka krava om omstilling ved dei høgre utdanningsinstitusjonane. Departementet har i dei seinare åra lagt vekt på å betre omstillingsevna til institusjonane gjennom større fridom i faglege, økonomiske, personalmessige og organisatoriske spørsmål. Institusjonane har fått delegert mynde til å opprette og leggje ned fag, sjå omtale tidlegare. Vidare er det med heimel i § 2a i universitets- og høgskolelova gitt dispensasjon for tidsavgrensa forsøksordningar av pedagogisk og organisatorisk karakter. Departementet har frå og med 2000 delegert fullmakt til å fastsetje årsverksramme til styra sjølve ved institusjonane.

Prinsippet om rammebudsjettering og lov om universitet og høgskolar gir institusjonane stort rom for sjølvstyre, innanfor ramma av dei krava til verksemda som er definerte av Stortinget og departementet gjennom mellom anna løyvingar, resultatmål og andre pålegg i budsjettet. Institusjonane har i ulik grad nytta mogleghetene til omstilling som graden av fridom gir og det er grunn til å tru at omstillingsaktiviteten kan aukast innanfor dei rammene som regulerer verksemda i dag.

I samsvar med Stortingets løyving til særskilde omstillingstiltak, rekruttering og forskning, jf. Budsjett-innst. S.nr. 12 (1999-2000), er det fordelt totalt 90 mill. kroner til universiteta for rekrutteringsstillingar, vitenskapleg utstyr og omstillingstiltak i 2000. Midlane er nytta til tiltak som tek sikte på å justere studieprofil, meir hensiktsmessig arbeidsdeling og fagleg samordning mellom universiteta og styrking av fagleg leiing på instituttnivå, sjå omtale av samarbeid og arbeidsdeling innanfor høgre utdanning og forskning. For dei vitenskaplege og statlege høgskolane er det fordelt 25 mill. kroner for personalmessige tiltak knytte til omstilling av den faglege verksemda ved institusjonane.

Strategiar og tiltak

Utnytting av kapasitet

Med utgangspunkt i nedgangen i talet på søkjarar til høgre utdanning foreslår Regjeringa i budsjettframlegget for 2001 at kapasiteten ved universitet og høgskolar blir redusert med om lag 2 200 studie plassar, sjå omtale tidlegare. I tillegg er talet på studentar ved primære høgskolar som det gis tilskott for, redusert med om lag 680 studie plassar

sjå omtale under kap. 282. Departementet har ved reduksjonen i aktiviteten lagt vekt på søkjar tilgang og ledig kapasitet ved dei statlege høgre utdanningsinstitusjonane. Opptakskapasiteten på førskolelærer- og ingeniøruddanninga er i tråd med dette foreslått redusert med respektive 590 og 320 studie plassar ved dei statlege høgskolane. Reduksjonen i opptakskapasitet inneber at utdanningskapasiteten innanfor ingeniøruddanninga i større grad enn tidlegare må koordinerast mellom institusjonane. Vidare inneber forslaget ei nedlegging av ingeniøruddanninga ved Høgskolen i Nord-Trøndelag, sjå omtale under kap. 274.

For å betre gjennomstrøyminga av studentar ved dei høgre utdanningsinstitusjonane har det i dei seinare åra vore ein auke i omfanget av resultatbaserte løyvingar for universiteta, basert på avlagde vektal og uteksaminerte hovudfags- og doktorgradskandidatar. Dei vitenskaplege høgskolane er inkluderte i ordninga med løyvingar på bakgrunn av uteksaminerte doktorgradskandidatar. I begrensa omfang er det og gitt resultatbaserte tildelingar til dei statlege høgskolane på grunnlag av uteksaminerte kandidatar innanfor allmennlærer- og sjukepleiarutdanninga. Departementet legg i framlegget til statsbudsjettet for 2001 opp til å utvide omfanget av dei resultatbaserte løyvingane og tildelingane i sektoren. For universiteta og dei vitenskaplege høgskolane blir ordninga med løyving etter uteksaminerte hovudfags- og doktorgradskandidatar ført vidare, medan vektalspotten for universiteta er foreslått heve frå 650 mill. kroner i 2000 til 800 mill. kroner i 2001, sjå omtale under kap. 281. For dei statlege høgskolane vil ordninga med tildeling etter kandidatar innanfor allmennlærer- og sjukepleiarutdanninga bli erstatta av ei ny ordning der 100 mill. kroner av løyvinga blir fordelte etter avlagte vektal, sjå omtale under kap. 274.

Som ei oppfølging av St.meld. nr. 26 (1998-99) og Innst. S. nr. 136 (1998-99) har departementet gitt Frischsenteret for samfunnsøkonomisk analyse i oppdrag å gjennomføre ei effektivitets- og produktivitetsundersøking av den statlege høgskolesektoren. Det blir lagt opp til å ferdigstille utgreiinga innan utgangen av 2000, og departementet vil vurdere oppfølging av analysen i 2001, sjå omtale under kap. 274.

Omstilling av verksemda ved institusjonane

Regjeringa legg vekt på at institusjonane har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere omstilling av verksemda, slik at endra behov hos brukarane blir teke i vare. Institusjonane må tilpasse studie-

tilboda til endringar i søkjarmønster og skiftande behov i samfunns- og arbeidsliv og nytte høvet til justering av studieprofil i samanheng med den utvida fullmakta til oppretting og nedlegging av studietilbod. Departementet understrekar at styret ved institusjonane må sikre at det blir gjort disposisjonar som legg grunnlag for omstilling av verksemda. Med dei endringane som blir foreslåtte for disponering av studieplassar i 2001, kan det i enkelte tilfelle bli aktuelt å seie opp personale. Departementet vil derfor understreke at institusjonane må etablere planar for bemanning som tek omsyn til behovet for omstilling i framtida.

For å intensivere omstillingsprosessane i sektoren har departementet prioritert å sette av 20 mill. kroner til særskilde omstillingstiltak i 2001.

For å betre omstillingsevna ved universiteta er det i budsjettframlegget for 2001 lagt opp til at desse institusjonane blir omdanna til nettobudsjetterte institusjonar frå og med 2001, sjå forslag til vedtak V nr. 4 og nr. 5. Universiteta får økonomisk sjølvstyre. Innføring av nettobudsjettering vil gi universiteta større fridom og fleksibilitet til å disponere midlar. Drifts- og investeringsmidlar over statsbudsjettet kan i større grad enn i dag sjåast i samanheng. Dette legg til rette for betre nytting av ressursane innanfor gitte mål frå departementet. Nettobudsjettering vil vidare medverke til ei effektivisering av økonomiforvaltninga ved institusjonane og forenkle rekneskap og rapportering. Nettobudsjettering vil leggje til rette for betre intern styring og planlegging. Universiteta si organisatoriske tilknytning til staten blir ikkje endra med denne omlegginga, men dei blir skilde ut frå den ordinære statsforvaltninga ved at dei ikkje lenger blir direkte driftsbudsjetterte i statsbudsjettet. Dei resultatkrava som blir stilte til universiteta, vil formelt vere vilkår for den årlege nettoløyvinga. Leiinga ved universiteta skal sørgje for at drifta blir gjennomført innanfor den gitte nettoløyvinga. Økonomireglementet for staten med tilhørande funksjonelle krav vil gjelde for økonomiforvaltninga ved universiteta, med dei unntaka som gjeld for nettobudsjettering. Universiteta blir sjølve ansvarlege for å betale inn pensjonsutgifter til Statens pensjonskasse og setje av feriepengar for dei tilsette. Departementet vil i samband med revidert nasjonalbudsjett 2001 komme tilbake til ei eingongsløyving for feriepengar som blir opprente i 2000, arbeidsgivaravgift for siste termin i 2000 og endelege tal for pensjonsutgifter for universiteta.

Utvikle vidare grunnlaget for samarbeid og arbeidsdeling innanfor høgre utdanning og forskning

Tilstandsvurdering

Under ekspansjonen i siste del av 1980-tallet og på 1990-tallet har det vore lagt avgjerande vekt på ei bevisst regional institusjonsutbygging. Det har likevel vore eit mål å etablere arbeidsdeling mellom institusjonane, og nasjonale planar for oppbygging av kapasiteten på bestemte fagområde har tatt utgangspunkt i samarbeid og arbeidsdeling innanfor Noregsnettet.

I ein situasjon der talet på søkjarar til høgre utdanning går ned, er det særskilt viktig at nye studietilbod blir utvikla slik at dei passar inn i fagprofilen til institusjonane og støttar opp om knutepunktfunksjonane og institusjonane sin plass i Noregsnettet. Nedgang i talet på søkjarar og endra behov hos brukarane av høgre utdanning gjer det også naudsynt å vurdere arbeidsdelinga mellom institusjonane i større grad enn tidlegare. Fleire av universiteta har sett i verk særskilde omstillingstiltak som tek sikte på større arbeidsdeling og fagleg samordning mellom institusjonane, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000).

Det er tidlegare fastsett tid-for-tid-godkjenning av utdanning frå institusjonar under universitets- og høgskolelova. Måla om samarbeid, arbeidsdeling og studentmobilitet i sektoren er nå ført vidare i ei felles forskrift om krav til breidd og fordjuping for gradar og yrkesutdanningar.

Det norske universitetsråd og Det norske høgskolerådet gjekk saman i eit felles sektorovergripande råd for høgre utdanning i 2000. Det nye rådet blir kalla Universitets- og høgskolerådet.

Strategiar og tiltak

Departementet legg vekt på at nasjonale samarbeidsarenaer, som nasjonale fakultetsmøte og andre underorgan under Universitets- og høgskolerådet, fungerer som faglege samarbeidsorgan i samband med at institusjonane har fått større mynde til å opprette og leggje ned studietilbod. I tråd med dette har departementet fastsett retningslinjer for oppretting og nedlegging av studietilbod som inneheld rutinar for innhenting av fråsegn frå andre institusjonar og organ.

Noregsnettrådet skal framleis spele ei vesentleg rolle med å gi råd om samarbeid og arbeidsdeling innanfor Noregsnettet. I tillegg skal rådet kvart år gi ei oppsummering og vurdering for departementet av generelle utviklingstrekk for etablering og nedlegging av studietilbod. Ord-

ninga med knutepunktfunksjonar blir evaluert av Noregsnettrådet, og evalueringa skal vere ferdig hausten 2000. Etter det vil departementet vurdere om ordninga skal halde fram, og i så fall korleis systemet for tildeling og ivaretaking av knutepunktansvar skal vere i framtida. Departementet vil derfor vente med å tildele nye knutepunktfunksjonar til ein har komme lenger i dette vurderingsarbeidet.

Fleire av universiteta har i dei seinare åra vurdert ei arbeidsdeling for små fag. Departementet ser slikt samarbeid som særst positivt og legg vekt på at institusjonane fører vidare arbeidet med koordinering og arbeidsdeling av studietilbod. Dette er viktig for alle institusjonar i universitets- og høgskolesektoren som i dei siste åra har opplevd ein klar svikt i søkinga. Departementet understrekar at institusjonane har eit sjølvstendig ansvar for å finne fram til løysingar som tek i vare gode fagmiljø. Dette kan omfatte samordning av små og særleg utsette fag, men også betre arbeidsdeling innanfor utstyrskrevjande utdanningar. Departementet vil i særskilde høve gå i dialog med institusjonane for å finne fram til best tenlege løysingar for å ta hand om nasjonale behov.

For å leggje forholda best mogleg til rette for fagleg samarbeid mellom dei høgare utdanningsinstitusjonane har departementet i 2000 endra rap-

porteringsrutinene ved faglege samarbeidsavtaler.

Leggje til rette for omfattande internasjonalt samarbeid innanfor høgare utdanning og forskning

Tilstandsvurdering

I tillegg til å vere eit tiltak for å sikre at kvaliteten på norsk høgare utdanning og forskning er på eit konkurransedyktig nivå, er internasjonalt utdanningssamarbeid viktig for å betre forståinga av andre språk og kulturar. Gjennom 1990-tallet har det vore ein auke i norsk deltaking i internasjonale utdannings- og forskingsprogram, spesielt innanfor EU. EU sitt femte rammeprogram (1999-2003) er omtala under kap. 288.

Innanfor det formelle utdanningssamarbeidet er dei viktigaste samarbeidsprogramma EUs SOKRATES- og LEONARDO-program, NORD-PLUS og mindre program som Det norske universitetsråds utval for utviklingsrelatert forskning og utdanning (NUFU), Samarbeidsprogrammet med Sentral- og Aust-Europa, samt Fulbright-programmet. Innanfor nærrområdesamarbeidet kan òg nemnast Nordisk Ministerråds nettverksprogram for Baltikum og Nordvest-Russland.

Totalt tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 1999¹

	ERASMUS/ SOKRATES	NORDPLUS	Bilaterale avtalar	Andre program	Totalt
Innreisande:					
Universitetet i Oslo	229	109	4	624	966
Universitetet i Bergen	202	42	38	145	427
NTNU	334	53		100	487
Universitetet i Tromsø	29	19	13	61	122
Vit. høgskolar	176	60	31	16	283
Statlege høgskolar	222	147	61	83	513
Kunsthøgskolar	41	8		8	57
Sum innreisande	1 233	438	147	1 037	2 855
Utreisande:					
Universitetet i Oslo	204		26	440	670
Universitetet i Bergen	281	34	124	137	576
NTNU	267	42		304	613
Universitetet i Tromsø	31	14	10	7	62
Vit. høgskolar	155	59	61	99	374
Statlege høgskolar	414	146	265	216	1041
Kunsthøgskolar	42	9		13	64
Sum utreisande	1 394	304	486	1 216	3 400

¹ Kvotestudentar, som alle er innreisande studentar, er ikkje tekne med i tala. Dette utgjer 872 studentar, av dei 304 kvinner.
Kjelde: DBH

Det er ein lang tradisjon for at ein stor del av dei norske studentane tek heile eller delar av utdanninga i utlandet. For studium i utlandet som gir kompetanse for yrkesutøving eller vidare studium i Noreg, har studentane studiestøtte gjennom Statens lånekasse for utdanning, sjå omtale

under programkategori 07.80. Det framgår av tabellen nedanfor at det har vore ein relativt jevn vekst i talet på norske studentar ved utanlandske lærestader som mottok støtte gjennom Lånekassen.

Tal for norske studentar i utlandet som mottok støtte gjennom Statens lånekasse for utdanning

	1993/94	1994/95	1995/96	1996/97	1997/98	1998/99	1999/00
Europa	5 601	5 999	7 042	8 513	8 704	10 012	10 218
USA/Canada	2 283	2 126	2 099	2 137	2 209	2 120	1 972
Andre land	53	95	168	396	717	1 221 ¹	2 245 ²
Sum	7 937	8 220	9 309	11 046	11 630	13 353	14 435

¹ Av desse er det 41 studentar i Sør-Amerika, 71 i Asia, 47 i Afrika og 1 062 i Oceania.

² Av desse er det 53 studentar i Sør- og Mellom-Amerika, 87 i Asia, 50 i Afrika og 2 055 i Oceania.

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

Det er òg omfattande utveksling og samarbeid mellom norske og utanlandske institusjonar, både når det gjeld forskarar, doktorgradsstipendiatar,

undervisningspersonale og studentar, på sida av etablerte program.

Strategiar og tiltak

Departementet legg vekt på forskningssamarbeidet med EU innanfor EØS og anna internasjonalt forskningssamarbeid, sjå omtale under kategori 07.70. I tillegg er det viktig at samarbeidet i regi av internasjonale utdanningsprogram aukar, og at det blir lagt betre til rette for deltaking i slike program.

I tråd med erklæringa om eit europeisk rom for høgre utdanning (Bologna-erklæringa) vil departementet arbeide for å fremme europeisk samarbeid i høgre utdanning ved å leggje til rette for betre mobilitet for studentar og vitskapleg tilsette på tvers av landegrensene. Departementet vil mellom anna vurdere ei omlegging av gradssystemet i høgre utdanning i samband med oppfølginga av NOU 2000: 14.

Som ledd i det nordiske samarbeidet er det inngått ein avtale mellom dei nordiske landa om tilgang til høgre utdanning, sjå omtale under kap. 281. Avtalen inneber at søkjarar som er busette i eit anna nordisk land, skal ha tilgang til all offent-

leg høgre utdanning på same eller likeverdige vilkår som landets egne søkjarar. Partane skal betale ei viss godtgjering for egne studentar i eit anna nordisk land. Betalinga foregår ved avrekning over det årlege budsjettet for det nordiske samarbeidet. Avtalen gjeld ut året 2001. Det vil bli vurdert av partane om avtalen skal først vidare.

Arbeidet med å godkjenne utanlandsk høgre utdanning skal effektiviserast og forenklast ved at ein etablerer ein nasjonal database for godkjenning av høgre utanlandsk utdanning. Noregsnett-rådet skal vere ansvarleg for databasen.

Som ledd i oppfølginga av Lisboakonvensjonen om godkjenning av kvalifikasjonar frå høgre utdanning i Europaregionen arbeider departementet med å leggje til rette for at alle dei høgre utdanningsinstitusjonane skal ta i bruk eit eige vitnemålstillegg, Diploma supplement. Det er vidare eit mål at institusjonane i sterkare grad tek i bruk ECTS, det europeiske systemet for overføring av vektal og eksamensresultat, sjå omtale under kap. 281.

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på postgrupper:

		(i 1 000 kr)			
Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	14 102 367	13 727 965	7 256 501	-47,1
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	609 963	682 797	368 906	-46,0
50-59	Overføringer til andre statsrekneskappar			6 006 876	
60-69	Overføring til kommunesektoren	77 622	146 907	111 050	-24,4
70-89	Overføring til private	404 149	851 789	869 704	2,1
90-99	Utlån, avdrag o.a.	3 061	208	208	0,0
Sum kategori 07.60		15 197 162	15 409 666	14 613 245	-5,2

Kap. 0260 Universitetet i Oslo

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	2 099 259	2 009 415	
21	Særskilde driftsutgifter	528 769	497 573	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	176 212	91 196	
49	Kjøp av eigedommar, <i>kan overførast</i>	7 525	10	
50	Statstilskott			2 196 746
61	Refusjon for bruk av sjukehus	14 319	14 319	
70	Tilskott til Senter for studium av Holocaust og livs-synsminoritetane si stilling i Noreg		40 000	
Sum kap. 0260		2 826 084	2 652 513	2 196 746

I høve til 2000 er desse tekniske endringane gjort:

- I samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta er utgiftsløyvingane samla på ny post 50. Inntektsløyvingane under kap. 3260 er trekte ut, og utgiftsløyvinga er redusert tilsvarende. I tillegg er løyvinga på post 50 auka med 142,1 mill. kroner som følgje av at universiteta ved overgang til nettobudsjettering sjølve vil få

ansvaret for innbetaling til Statens pensjonskasse.

- Budsjettramma er redusert med 23,5 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Det er overført 0,7 mill. kroner frå kap. 285 post 55 til kap. 260 post 50 i samband med sommarskolane ved universiteta.

Resultatrapport for 1999-2000

Opptaks- og studenttal 1999

	Opptak 1999	Måltal studentar 1999	Registrerte studentar 1999 ¹
Det medisinske fakultet	345	1 400	1 727
(Av desse profesjonsstudium medisin)	(177)	(1 050)	(1 036)
Det odontologiske fakultet	90	365	390
(Av desse profesjonsstudium odontologi)	(65)	(325)	(270)
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	1 738	6 218	5 564
(Av desse farmasi)	(61)	(276)	(277)
Det historisk-filosofiske fakultet	2 224	6 626	6 885
Det samfunnsvitskaplege fakultet	2 044	6 293	5 688
(Av desse profesjonsutdanning psykologi)	(68)	(400)	(464)
Det juridiske fakultet	1 157	4 125	4 564
Det utdanningsvitskaplege fakultet	1 311	2 496	2 126
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(441)	(510)	(345)
Det teologiske fakultet	124	430	358
Examen philosophicum	711	5 000	5 219
Anna	59	676	526
Sum	9 803	33 629	33 047²

¹ Tala for registrerte studentar gjeld haustsemesteret. I tala inngår berre studentar med studierett. I tillegg er det registrert 937 personar utan studierett, samt 86 «Andre» studentar.

² Av desse er 58 pst. kvinner. På doktorgradsnivå er 46 pst. av studentane kvinner.

Kjelde: opptak og registrerte studentar: DBH.

Det totale studenttalet er mindre enn 2 pst. under studentmålalet. Dei spesifiserte måltala for psykologi og farmasi er oppnådde. For medisin, odontologi og praktisk-pedagogisk utdanning er måltala ikkje oppfylte.

Tabellen nedanfor syner at talet på årseksamenar på lågare grad ligg under målalet. Registrerte eksamenar på lågare grad gir ikkje eit fullstendig bilete av situasjonen. Årsaka er at studentar ofte

først blir registrerte som kandidatar på høgre nivå/profesjonsnivå. Dermed vil det vere fleire som har avlagt eksamen på lågare grad enn statistikken syner. Kandidatmåltala for profesjonsstudia medisin, psykologi og farmasi er oppfylte, medan for odontologi ligg talet på registrerte kandidatar noko under målalet. Totalt sett er målalet for hovudfags- og profesjonsutdanningane overoppfylte, det same gjeld doktorgradar.

Kandidatar i 1999

	Måltal kandidatar 1999			Uteksaminerte kandidatar 1999		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad ¹	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet		200	62	65	245	118
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(160)			(168)	
Det odontologiske fakultet		54	5		52	6
(Av desse profesjonsstudium odontologi)		(54)			(52)	
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	2 250	480	100	1 503	410	78
(Av desse farmasi)		(50)			(54)	
Det historisk-filosofiske fakultet	3 120	320	23	2 687	354	21
Det samfunnsvitskaplege fakultet	2 300	317	24	1 860	406	21
(Av desse profesjonsstudiet psykologi)		(70)			(84)	
Det juridiske fakultet	1 900	530	6	1 185	677	7
Det utdanningsvitskaplege fakultet	870	140	6	697	130	13
(Av desse praktisk-ped. utdanning)				(268)		
Det teologiske fakultet	170	30	3	79	32	5
Examen philosophicum	2 900			1 704		
Anna				12		
Sum	13 510	2 071	229	9 792²	2 306	269

¹ Avlagde årseksamenar (20-vektttalseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

² I tillegg er det avlagt 420 årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad.

Kjelde: uteksaminerte kandidatar: DBH.

Forsking

Universitetet i Oslo er den største grunnforskningsinstitusjonen i landet, med ein variert for-

skingsaktivitet som strekkjer seg over mange område.

Vitskaplege publikasjonar frå 1995 til 1999

Kap. 260 Universitetet i Oslo	1995	1996	1997	1998	1999
Det teologiske fakultet	63	42	53	61	39
Det juridiske fakultet	276	222	219	237	254
Det medisinske fakultet	1 559	1 884	1 683	1 494	1256
Det historisk-filosofiske fakultet	799	534	727	655	547
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	1 227	1 051	1 189	1 305	813
Det odontologiske fakultet	131	173	104	90	85
Det samfunnsvitskaplege fakultet	536	399	402	327	362
ILS/ISP ¹	89				
Det utdanningsvitskaplege fakultet		151	121	141	135
Andre ²	168	89	191	106	76
Sum	4 848	4 554	4 689	4 416	3 567

¹ Institutt for lærarutdanning og skoleutvikling/Institutt for spesialpedagogikk er frå 1. januar 1996 ein del av Det utdanningsvitskaplege fakultet.

² Einingar direkte under kollegiet

Talet på vitskaplege publikasjonar, jf. tabellen ovanfor, syner stor forskingsinnsats, sjølv om den framleis bør kunne betrast om ein samanliknar med tilsvarande institusjonar i utlandet. Innsatsen fordeler seg på ei rekkje forskingsprosjekt, innanfor både grunnforskning og anvend forskning. Sidan 1993 har talet på doktorgradar auka med 76 pst., jf. tabell under kategori 07.60. I 1999 var det ein auke på 20 pst. i høve til i 1998.

Ved fleire fagmiljø ved universitetet er det gjennomført evalueringar av forskarutdanninga, og det er sett i gang tiltak for å følgje opp desse evalueringane. Både Institutt for menneskerettar (IMR) og Senter for miljø og utvikling (SUM) er evaluerte i 1999. Evalueringane syner at fagmiljøa er inne i ei positiv utvikling, og kollegiet har vedteke at aktiviteten ved dei to einingane skal førast vidare. Evalueringa av naturvitskaplege område viser varierende kvalitet og behov for samordning, fornying og styrkt forskingsleiing. Departementet meiner at dette viser utfordringar som gjeld all høgre utdanning, og oppfordrar institusjonane til å møte utfordringane gjennom større vekt på samarbeid og arbeidsdeling.

Eksterne forskingsinntekter finansierte 726 årsverk ved universitetet i 1999. Universitetet i Oslo førte 526,3 mill. kroner over eige rekneskap i samband med eksternt finansierte verksemd. Dette var ca. 43 mill. kroner meir enn året før.

Universitetet i Oslo kan vise til eit breitt internasjonalt engasjement innanfor forskinga. Ved

utgangen av 1999 deltok forskarar ved universitetet i 131 EU-finansierte forskingsprosjekt, noko som er ein auke på 22 prosjekt i høve til i 1998. Den største delen av desse prosjekta er knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet. Totalt er det rekneskapsført ei inntekt på 34,6 mill. kroner for EU-finansierte forskingsprosjekt, ein nedgang på 5 mill. kroner samanlikna med året før.

Departementet ser omfanget av den eksternt finansierte verksemda som uttrykk for at kompetansen til universitetet er etterspurd i nærings- og samfunnsliv.

Undervisning

Universitetet i Oslo har i dei seinare åra hatt omfattande undervisningsoppgåver på grunn av den store studenttilstrøyminga. Kollegiet slutta seg i januar 1999 til ei innstilling om studiekvalitet, som dannar grunnlaget for det vidare arbeidet i ein treårsperiode. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som består av prorektor, studentrepresentantar og faglege representantar. Arbeidsgruppa prioriterte i 1999 å arbeide med spørsmål kring eksamen og relasjonane til undervisning, studium og læring. Det er særleg lagt vekt på tilrettelegging for nye studentar og for studentar som er i slutfasen av studia. Det medisinske fakultetet har i 1999 fått den nasjonale evalueringprisen på bakgrunn av opplegg med studentevaluering.

I 1998 og 1999 var søkinga ved dei andre fakulteta mindre enn kapasiteten. Det er sett i gang fire nye studietilbod over 30 vekttall i 1999: hovudfag sjukepleievitskap, arkeologi, vikingtid og nordisk mellomalder.

Universitetet hadde i 1999 totalt 24 studietilbod organiserte heilt eller delvis som fjernundervisningstilbod, noko som er ein auke på fire i høve til året før. Talet på personar som har nytta tilboda, har òg auka sidan 1998. Innanfor etter- og vidareutdanning var det til saman 236 tilbod i 1999. Dette er ein nedgang frå 1998 på 76 tilbod. Det er verksemda innanfor etterutdanning som står for nedgangen. Størstedelen av denne verksemda er eksternt finansiert. Talet på kursdeltakarar har likevel halde seg stabilt.

I Budsjett-innst. S. nr. 12 (1989-99) merkte kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen seg dei vanskelege plasstilhøva for Institutt for informatikk ved Universitetet i Oslo. Komiteen bad om fortgang i arbeidet med å skaffe meir plass. Noregs forskingsråd har i samarbeid med Universitetet i Oslo, Statsbygg og andre interessentar arbeidd fram ein plan for disponering av området i Gaustadbekkdalen og eit førebels prosjekt for eit tilbygg. Prosjekt- og kostnadsoverslag er sendt Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Forslaget er å samle det meste av Institutt for informatikk i eit nybygg, medan Norsk Regnesentral og andre funksjonar ved Universitetet i Oslo tek over det gamle informatikkbygget. Departementet vil vurdere den vidare oppfølginga av prosjektet.

Formidling

Universitetet i Oslo legg vekt på å formidle verksemda si til ulike interessegrupper og til publikum. Dette skjer gjennom ymse populærvitskaplege forelesningar og arrangement, gjennom dagspressa og etermedia og gjennom museumsverksemd og utstillingar.

I 1999 var universitetet engasjert i ei rekkje arrangement, som Forskingsdagane, Humanioradagane og Fagleg-pedagogisk dag, i tillegg til ulike populærvitskaplege forelesningar og seminar.

Ei rekkje av musea i Oslo hører inn under universitetet. Frå 1. august 1999 er musea samla i to organisatoriske einingar: Universitetets kulturhistoriske museer (UKM) og Universitetets naturhistoriske museer (UNM). Desse musea hadde til saman 699 482 besøkjande i 1999. Vikingskipshuset var i 1999 det mest besøkte museet i Noreg, og hadde ein svak oppgang i besøkstal frå året før.

Historisk museum hadde ein nedgang på heile 22 pst. i talet på besøkjande frå året før. Dei naturhistoriske musea kan vise til høge besøkstal i 1999 på grunn av diverse arrangement, mellom anna den internasjonale vandretstillinga «Missing links-Alive!».

Endring i studieplassar i 2000

I statsbudsjettet for 2000 blei det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 007 for å tilpasse kapasiteten til reduksjonen i søkinga til høgere utdanning. Reduksjonen ved Universitetet i Oslo var på 837 studieplassar, fordelt med 290 på HF-, 275 på SV-/UV- og 272 på MN-fakultetet.

Vidare blei det vedteke å føre vidare det auka opptaket i medisin, farmasi og informasjonsteknologi.

Resultatmål for 2001

Universitetet må tilpasse opptaket av studentar slik at det totale studentmåltalet blir nådd. Spesielt gjeld dette måltala for profesjonsutdanningane i medisin og odontologi, og praktisk-pedagogisk utdanning.

Universitetet må prioritere arbeidet med å rekruttere og utdanne lærarar langt høgere. Dette gjeld særleg lærarar i realfaga, der situasjonen kan bli alvorleg om få år.

Departementet har godkjent at det blir oppretta eit femårig profesjonsstudium i informatikk som skal bidra til auka rekruttering til Det naturvitskaplege fakultet og til større utdanningskapasitet i informatikk.

Universitetet må prioritere tiltak som kan betre studiegjennomføringa. Departementet har merkt seg at Universitetet i Oslo arbeider med eit opplegg for auka studieintensitet. Dette bør ha høg prioritet.

Universitetet i Oslo er den største grunnforskningsinstitusjonen i landet og har eit breitt fagtilbod. Det er ei utfordring for universitetet å sette i verk tiltak som kan styrkje den langsiktige forskinga.

Universitetet i Oslo må, saman med dei andre universiteta, finne fram til hensiktsmessig arbeidsdeling for å sikre kvalitet og effektivitet i forskning og utdanning.

På bakgrunn av at Universitetet i Oslo er det største universitetet i landet og ligg i ein region med omfattande næringsverksemd og ein stor offentleg sektor, bør universitetet halde fram med å forsterke FoU-innsatsen overfor nærings- og

samfunnsliv i regionen. Universitetet bør utvikle konkrete strategiar for å utvide omfanget av eksterne midlar frå næringslivet.

Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte, til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Universitetet må prioritere arbeidet med å videreutvikle rutiner knytt til overgangen til nettobudsjettering.

Universitetet må utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne oppfylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med Kompetanse-reformen.

den etter slike tilbod i samband med Kompetanse-reformen.

Institusjonen må ta sikte på eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid.

Det faglege samarbeidet med dei statlege høgskolane og andre høgskolar, mellom anna gjennom professor II-stillingar, samarbeid om studietilbod og doktorgradsutdanning, må først vidare i 2001.

Departementet har fastsett følgjande måltal for studentar i 2000 og 2001:

Måltal registrerte studentar

	2000	2001
Det medisinske fakultet	1 445	1 490
(Av desse profesjonsstudium medisin)	(1 095)	(1 140)
Det odontologiske fakultet	365	440
(Av desse profesjonsstudium odontologi)	(325)	(325)
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	5 954	5 962
(Av desse farmasi)	(284)	(292)
Det historisk-filosofiske fakultet	6 336	6 336
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	6 018	6 077
(Av desse profesjonsutdanning psykologi)	(400)	(416)
Det juridiske fakultet	4 125	4 066
Det utdanningsvitenskaplege fakultet	2 496	2 453
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(510)	(510)
Det teologiske fakultet	430	430
Examen philosophicum	5 000	5 000
Anna	676	660
Reduksjon i talet på studieplassar		494
Sum	32 845	32 420

Departementet har fastsett følgjande måltal for talet på uteksaminerte kandidatar og årseksamenar på lågare grad i 2000 og 2001:

Måltal kandidatar

	Måltal kandidatar 2000			Måltal kandidatar 2001		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet	60	275	62	70	285	70
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(165)			(170)	
Det odontologiske fakultet		59	5		60	7
(Av desse profesjonsstudium odontologi)		(59)			(55)	
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	2 200	460	90	1 900	460	90
(Av desse farmasi)		(50)			(55)	
Det historisk-filosofiske fakultet	3 035	320	20	2 700	350	25
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	2 200	335	35	1 800	370	30
(Av desse profesjonsstudiet psykologi)		(70)			(70)	
Det juridiske fakultet	1 700	530	5	1 300	530	7
Det utdanningsvitenskaplege fakultet	1 350	130	5	870	130	10
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(450)			(450)		
Det teologiske fakultet	150	30	3	120	35	4
Examen philosophicum	2 700			2 000		
Anna				10		
Sum	13 395	2 139	223	10 770	2 220	243

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga under posten skal dekkje driftsutgifter, større utstyrsinnkjøp, vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus.

For å tilpasse studiekapasiteten til reduksjonen i søking til høgre utdanning foreslår Regjeringa at talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta ved dei fire universiteta blir redusert med 1 326, sjå omtale under kategori 07.60.

Reduksjonen ved Universitetet i Oslo utgjer 494 studieplassar. Etter dialog mellom departementet og universitetet vil reduksjonen i talet på studieplassar bli fordelt mellom fakulteta. Departementet føreset at reduksjonen blir fordelt på allmennfakulteta. I 1999 og 2000 blei talet på studieplassar ved universitetet redusert med respektive 115 og 837 plassar. Det blei lagt til grunn at midlane knytte til studieplassane skulle takast ut over fleire år. I statsbudsjettet for 2001 er budsjetteffekten kr 30 000 per plass.

I budsjettramma er det lagt inn midlar til videreføring av utvida opptak innanfor medisin og farmasi ved universitetet, med respektive 45 og åtte

plassar. Det er lagt inn 1,8 mill. kroner til større opptak på psykologi med 16 nye studieplassar finansierte over psykiatriplanen, sjå omtale under kategori 07.60. Departementet kjem attende til lokalsituasjonen i samband statsbudsjettet for 2002.

I budsjettramma til universitetet er det òg lagt inn midlar til heilårseffekten av 33 stipendiatar og 28 postdoktorstillingar som blei oppretta i samband med statsbudsjettet for 2000.

I budsjettramma er det lagt inn midlar som er fordelte på bakgrunn av talet på avslutta hovudfag og doktorgradar, sjå omtale under kap. 281. Det er fordelt 800 mill. kroner til dei fire universiteta basert på talet på avlagde vektal. Midlane er lagde inn i ramma på dei enkelte kapitla, jf. tabell under kap. 281.

Det er sett av midlar til nye stipendiatstillingar, nye professorat og nye postdoktorstillingar i 2001, jf. omtale under kap. 281. Vidare er det sett av midlar til vitenskapleg utstyr på kap. 281 post 45.

Det blei i 2000 gitt ei eingongsløyving på 40 mill. kroner på kap. 281 post 70 til oppretting og drift av eit senter for Holocaust og stillinga til livsynsminoritetar i Noreg. Villa Grande er lansert

som plassering av dette senteret. Regjeringa vurderer den framtidige bruken av Villa Grande og vil eventuelt komme med forslag til Stortinget seinare.

Budsjettforslaget omfattar 26,25 mill. kroner til vidare oppbygging av medisinstudiet ved Sentralsjukehuset i Akershus. Av dette er 15,55 mill. kroner knytte til bygg og utstyr.

Det er på kap. 1580 foreslått 20 mill. kroner til vidareføring av byggjeprojekt ved sentrumsbygningane i 2001. Endeleg kostnadsramme for heile

prosjektet er ikkje utarbeidd, jf. omtale under kap. 1580 post 31 i budsjettproposisjonen til Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Løyvinga er redusert med 1,56 mill. kroner som følge av at sluttløyving til utstyrsinnkjøp til ny driftssentral for universitetet blei gitt i 2000. Løyvinga er auka med 2 mill. kroner til utstyrsinnkjøp for Urbygningen og Midtbygningen.

Budsjetttramma er auka med kr 500 000 til Institutt for menneskerettigheter. Vidare er det lagt inn 1 mill. kroner til Humboldt-universitetet.

Kap. 3260 Universitetet i Oslo (jf. kap. 260)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	526 266	482 936	
02	Salsinntekter o.a.	128 670	84 379	
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	14 352	11 506	
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	6 688		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	18 855		
49	Sal av eigedom		10	
50	Tilskott til Institutt for farmakoterapi	3 708	3 300	
51	Inntekter under Observatoriefondet og Tøyenfondet	16 866	20 733	
82	Tilskott	4 500		
Sum kap. 3260		719 905	602 864	

Sjå omtale av tekniske endringar i samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta under kap. 260.

Kap. 0261 Universitetet i Bergen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	1 109 952	1 144 644	
21	Særskilde driftsutgifter	571 028	341 262	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	80 792	79 033	
49	Kjøp av eigedommar, <i>kan overførast</i>	15 526	10	
50	Statstilskott			1 326 705
61	Refusjon for bruk av sjukehus	2 875	2 875	
Sum kap. 0261		1 780 173	1 567 824	1 326 705

I høve til 2000 er desse tekniske endringane gjorde:

– I samband med overgang til nettobudsjettering

av universiteta er utgiftsløyvingane samla på ny post 50. Inntektsløyvingane under kap. 3261 er trekte ut, og utgiftsløyvinga er redusert tilsva-

- rande. I tillegg er løyvinga på post 50 auka med 83 mill. kroner som følgje av at universiteta ved overgang til nettobudsjettering sjølve vil få ansvaret for innbetaling til Statens pensjonskasse.
- Budsjettramma er redusert med 14,2 mill. kroner i samband med innføring av direkte refu-

- sjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Det er overført 0,1 mill. kroner frå kap. 285 post 55 til kap. 261 post 50 i samband med sommarskolane ved universiteta.

Resultatrapport for 1999-2000

Opptaks- og studenttal 1999

	Opptak 1999	Måltal studentar 1999	Registrerte studentar 1999 ¹
Det medisinske fakultet)	267	1 235	1 358
(Av desse profesjonsstudium medisin)	(163)	(840)	(928)
Det odontologiske fakultet	69	320	322
(Av desse profesjonsstudium odontologi)	(44)	(240)	(238)
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	875	2 654	2 852
Det historisk-filosofiske fakultet	1 296	4 274	4 056
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	1 067	2 855	3 033
Det psykologiske fakultet	1 062	1 272	1 669
(Av desse profesjonsutdanning psykologi)	(72)	(320)	(333)
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(277)	(190)	(96)
Det juridiske fakultet	516	2 531	2 056
Examen philosophicum	179	1 787	684
Anna		196	79
Sum	5 331	17 127	16 109 ²

¹ Tala for registrerte studentar gjeld haustsemesteret. I tillegg er det registrert 642 personar utan studierett, samt 64 «andre» studentar.

² Av desse er 56 pst. kvinner. På doktorgradsstudiet er 21 pst. av studentane kvinner.

Kjelde: opptak og registrerte studentar: DBH.

Tabellen ovanfor syner at det totale studentmåltalet ikkje er nådd. Dei spesifiserte måltala for medisin og psykologi er oppfylte med god margin. For praktisk-pedagogisk utdanning er måltala ikkje nådde.

Tabellen nedanfor syner at talet på årseksamenar på lågare grad ligg under måltalet. Registrerte eksamenar på lågare grad gir ikkje eit fullstendig bilete av situasjonen. Årsaka er at studentar ofte

først blir registrerte som kandidatar på høgre nivå/profesjonsnivå. Dermed vil det vere fleire som har avlagt eksamen på lågare grad enn statistikken syner. Kandidatmåltala for profesjonsstudia psykologi og odontologi er oppfylde. Talet på uteksaminerte kandidatar frå praktisk-pedagogisk utdanning ligg under måltalet. Totalt sett ligg talet på uteksaminerte kandidatar på høgre nivå/profesjonsnivå under måltalet.

Kandidatar i 1999

	Måltal kandidatar 1999			Uteksaminerte kandidatar 1999		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad ¹	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet		113	31	23	134	28
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(108)			(103)	
Det odontologiske fakultet	10	44	4	28	43	3
(Av desse profesjonsstudium odontologi)		(38)			(38)	
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	1 010	215	52	896	199	53
Det historisk-filosofiske fakultet	1 960	235	18	1 695	176	22
Det samfunnsvitskaplege fakultet	1 250	185	18	1 213	191	15
Det psykologiske fakultet	650	54	10	675	64	8
(Av desse profesjonsutdanning psykologi)		(48)			(60)	
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(160)			(125)		
Det juridiske fakultet	400	160	3	303	185	3
Examen philosophicum	850			393		
Anna	75					
Sum	6 205	1 006	136	5 226²	992	132

¹ Avlagde årseksamenar (20-vektttalseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

² I tillegg er det avlagt 327 årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad, samt 13 årseksamenar av «andre» studenter.

Kjelde: uteksaminerte kandidatar: DBH.

Forsking

Forskingsaktiviteten ved Universitet i Bergen er omfattande og prega av mangfald.

Vitskaplege publikasjonar frå 1995 til 1999

Kap. 261 Universitetet i Bergen	1995	1996 ¹	1997 ¹	1998	1999
Det medisinske fakultet	856	721	893	830	723
Det historisk-filosofiske fakultet	344	327	357	397	266
Det odontologiske fakultet	77	73	84	53	41
Det samfunnsvitskaplege fakultet	196	172	227	183	200
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	401	513	530	530	486
Det psykologiske fakultet	155	175	175	137	115
Det juridiske fakultet	51	96	47	73	13
Andre			5	13	4
Sum	2 080	2 077	2 318	2 216	1 848

¹Tala for 1996 og 1997 er endra i forhold til St.prp. nr. 1 (1998-99), da vitskaplege avhandlingar (233 i 1996 og 407 i 1997) ikkje lenger blir rekna med.

Talet på vitskaplege publikasjonar, jf. tabellen ovanfor, syner stor forskingsinnsats sjølv om ned-

gangen i 1999 i høve til tidlegare år burde gi universitetet grunn for medvete arbeid med vidare

auke av innsatsen. Innsatsen fordeler seg på ei rekkje forskingsprosjekt, innanfor både grunnforskning og anvend forskning. Sidan 1993 har talet på doktorgradar auka med 45 pst., sjå tabell under kategori 07.60. I 1999 var det ein auke på 2 pst. i høve til i 1998, medan auken i høve til 1997 var på 32 pst.

Mykje av forskinga ved Universitetet i Bergen byggjer på naturgitte føresetnader og faglege tradisjonar som er spesielle for Bergen (molekylærbiologi og marin forskning/- klimaforskning). Andre tyngdepunkt, med kortare historie, er til dømes internasjonale forskning med fokus på land i «den tredje verda».

Den omfattande eksternt finansierte forskinga er uttrykk for at kompetansen ved universitetet i stor grad er etterspurd i nærings- og samfunnsliv.

Eksterne forskingsinntekter finansierte 421 årsverk ved universitetet i 1999, ein auke på 75 årsverk frå 1998. Universitetet i Bergen førte ca. 579 mill. kroner over eige rekneskap knytt til eksternt finansierte verksemd. Dette var ca. 230 mill. kroner meir enn året før. Auken kjem i stor grad av tekniske omleggingar for føring av eksternt finansierte verksemd, og ca. 30 mill. kan tilskrivast ein reell auke i eksternt finansierte verksemd.

Ved utgangen av 1999 deltok forskarar ved universitetet i 67 EU-finansierte forskingsprosjekt, noko som er ein nedgang i talet på prosjekt i høve til i 1998. Rekneskapsførte inntekter for EU-finansierte forskingsprosjekt er på nærare 64 mill. kroner, ein auke på rundt 38 mill. kroner samanlikna med året før. Departementet ser positivt på den sterke deltakinga i EU-finansierte forskingsprosjekt ved universitetet.

Universitetet i Bergen har eit nært samarbeid med forskingsstiftelsen UNIFOB. Verksemda ved forskingsstiftelsen hadde i 1999 eit samla volum på om lag 160 mill. kroner. Dette er ein auke på vel 10 mill. kroner i høve til i 1998.

Undervisning

Universitetet i Bergen arbeider kontinuerleg for å heve kvaliteten på studia, mellom anna for å betre studentgjennomstrøyminga. På hovudfagsnivå held ein fram med arbeidet når det gjeld å betre kvaliteten på mottaket av nye studentar og rettleiingsmønsteret.

Det skjer ei kontinuerleg endring og betring i studietilbodet. Universitetet har mellom anna etablert fire Master of Philosophy-studium på ulike fagområde, eit tverrfagleg hovudfagsstudium i

informatikk/matematikk, storfag i russisk og grunnfag i språkfilosofi.

Gjennom Nordunet-prosjektet har mediesenter ved universitetet (UMS) etablert samarbeid med ei rekkje utdanningsinstitusjonar og fylkeskommunar om utnytting av eit nasjonalt system for satellittformidling av undervisning til geografisk spreidde studiegrupper.

Innanfor etter- og vidareutdanning var det i 1999 nær 90 tilbod ved universitetet, mot rundt 100 tilbod året før. Studietilbod som er organiserte heilt eller delvis som fjernundervisning, utgjer i 1999 16 kurs i ulike fag, noko som er ein auke i høve til 1998.

Formidling

Bergen museum og mediesenteret ved universitetet er dei viktigaste institusjonane i formidlingsverksemda til universitetet.

Tilsette ved Universitetet i Bergen medverkar på fleire vis i populærvitenskapleg formidling. Universitetets mediesenter har eit særleg ansvar her òg har medverka i fleire TV-produksjonar. Bergen museum har, i tillegg til permanente utstillingar, og vore aktør i fleire skiftande utstillingar. I 1999 fullførte museet arbeidet med eit digitalisert topografisk arkiv, som er det første i landet. Bergen museum gir ut Bergen museum sine skrifter og Årboka for Bergen museum. Det populærvitenskaplege tidsskriftet *Naturen* har hovudgrunnlaget sitt i verksemda ved Universitetet i Bergen.

Talet på besøkjande til utstillingar og omsyningar er gått tilbake i 1999 og ligg på rundt 45 000 i høve til nærare 98 000 i 1998. Variasjonen i besøkstal kjem i hovudsak av ei stor utstilling, *Opplev din hjerne*, som blei leigd inn av universitetet i 1998 og avslutta same året.

Endring i studieplassar i 2000

I statsbudsjettet for 2000 blei det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 007 for å tilpasse kapasiteten til reduksjonen i søkinga til høgre utdanning. Reduksjonen for Universitetet i Bergen var på 620 studieplassar, fordelt med 271 på HF-, 181 på SV, og 168 på MN-fakultetet.

Vidare blei det vedteke å føre vidare det auka opptaket i medisin og psykologi ved universitetet.

Resultatmål for 2001

Universitetet må tilpasse opptaket av studentar slik at det totale studentmålalet blir nådd. Spesi-

elt gjeld dette måltala for profesjonsutdanningane i medisin, odontologi og psykologi. Departementet legg til grunn at utdanningskapasiteten i praktisk-pedagogisk utdanning og informasjonsteknologi blir ført vidare på same nivå hausten 2001 som hausten 2000, og at universitetet legg vekt på tiltak for å utnytte kapasiteten.

Universitetet må prioritere arbeidet med å rekruttere og utdanne lærarar langt høgre. I særleg grad gjeld dette lærarar i realfaga, der situasjonen kan bli alvorleg i skolen om få år.

Universitetet i Bergen må, saman med dei andre universiteta, finne fram til hensiktsmessig arbeidsdeling for å sikre kvalitet og effektivitet i forskning og utdanning.

Universitetet må setje i verk tiltak som kan styrkje den langsiktige strategiske forskinga. Universitetet bør satse vidare på å utvikle ein forskingsstrategi som fremmer spesialisering og konsentrasjon. Ein slik strategi medverkar til å styrkje kvaliteten i norsk forskning. Universitetet i Bergen vil ha særskilde føresetnader for å bidra til kunnskapsutviklinga innanfor marin forskning.

Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte, til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid

der konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Universitetet må prioritere arbeidet med å vidareutvikle rutiner knytt til overgangen til nettobudsjettering.

Universitetet må utvikle gode tilbod om etter- og vidareutdanning for å kunne oppfylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med Kompetansereformen.

Desentralisert medisnutdanning i Helseregion vest skal først vidare på same nivå i 2001.

Samarbeidet mellom Universitetet i Bergen og høgskolane på Sør- og Vestlandet om forskarutdanning er svært positivt og bør først vidare.

Det er viktig at institusjonen held oppe det høge aktivitetsnivået når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid.

Det faglege samarbeidet med dei statlege høgskolane og andre høgskolar, mellom anna gjennom professor II-stillingar, samarbeid om studietilbod og doktorgradsutdanning, må først vidare i 2001.

Departementet har fastsett følgjande måltal for studentar i 2000 og 2001:

Måltal registrerte studentar

	Måltal registrerte studentar	
	2000	2001
Det medisinske fakultet	1 265	1 295
(Av desse profesjonsstudium medisin)	(870)	(900)
Det odontologiske fakultet	320	320
(Av desse profesjonsstudium odontologi)	(240)	(240)
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	2 486	2 486
Det historisk-filosofiske fakultet	4 003	4 003
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	2 674	2 674
Det psykologiske fakultet	1 291	1 307
(Av desse profesjonsstudium psykologi)	(336)	(352)
(Av desse praktisk-pedagogisk utdanning)	(190)	(190)
Det juridiske fakultet	2 531	2 531
Examen philosophicum	1 787	1 787
Anna	196	196
Reduksjon i studieplassar		408
Sum	16 553	16 191

Departementet har fastsett følgjande måltall for uteksaminerte kandidatar og årseksamenar på

lågare grad i 2000 og 2001:

Måltal kandidatar

	Måltal kandidatar 2000			Måltal kandidatar 2001		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad	Hovud-fag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet	25	156	17	25	150	18
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(120)			(120)	
Det odontologiske fakultet	15	39	4	15	48	4
(Av desse profesjonsstudium odontologi)		(42)			(42)	
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	950	215	45	860	215	50
Det historisk-filosofiske fakultet	1 800	215	18	1 650	215	15
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	1 230	200	12	1 200	200	15
Det psykologiske fakultet	600	65	8	670	65	8
(Av desse profesjonsstudium psykologi)		(60)			(60)	
(Av desse praktisk-pedagogisk utdanning)	(160)			(160)		
Det juridiske fakultet	420	170	1	320	170	1
Examen philosophicum	450			400		
Sum	5 490	1 060	105	5 140	1 063	111

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga under posten skal dekkje driftsutgifter, større utstyrsinnkjøp, vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus.

For å tilpasse studiekapasiteten til reduksjonen i søking til høgre utdanning foreslår Regjeringa at talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta ved dei fire universiteta blir redusert med 1 326 plassar, sjå omtale under kategori 07.60.

Reduksjonen ved Universitetet i Bergen er 408 studieplassar. Etter dialog mellom departementet og universitetet vil reduksjon i studieplassar bli fordelt mellom fakulteta. Departementet føreset at reduksjonen blir fordelt på allmennfakulteta. I 1999 og 2000 blei talet på studieplassar ved universitetet redusert med respektive 61 og 620 plassar. Det blei lagt til grunn at midlane knytte til studieplassane skulle takast ut over fleire år. I statsbudsjettet for 2001 er budsjetteffekten kr 30 000 per plass.

I budsjettramma er det lagt inn midlar til videreføring av auka opptak innanfor medisin og psykologi ved universitetet, med respektive 30 og 16 plassar.

I budsjettramma til universitetet er det òg lagt inn midlar til heilårseffekten av 17 stipendiatstillingar og 14 postdoktorstillingar som blei oppretta i samband med statsbudsjettet for 2000.

I budsjettramma er det lagt inn midlar som er fordelte på bakgrunn av talet på avslutta hovudfag og doktorgradar, sjå omtale under kap. 281. Det er fordelt 800 mill. kroner til dei fire universiteta basert på talet på avlagde vektta. Midlane er lagde inn i ramma på dei enkelte kapitla, jf. tabell under kap. 281.

Det er sett av midlar til nye stipendiatstillingar, nye professorat og nye postdoktorstillingar i 2001, jf. omtale under kap. 281. Vidare er det sett av midlar til vitenskapleg utstyr på kap. 281 post 45.

I St.prp. nr. 67 (1998-99) blei kostnadsramma for forprosjektet til nytt havforskningsfartøy for Havforskningsinstituttet og Universitetet i Bergen berekna til 5 mill. kroner. Av dette blei det tildelt 1,5 mill. kroner over kap. 281. Etter anbud syner det seg at kostnadene til eit nytt, felles fartøy blir vesentleg høgare enn det var rekna med. Regjeringa vil derfor komme attende til Stortinget med kostnadsramme og framdriftsplan i samband med revidert budsjett 2001. Sjå også omtale i kap. 1021 under Fiskeridepartementet.

For å føre vidare satsinga innanfor marin forskning, er det lagt inn 5 mill. kroner øyremerka Sars-senteret i budsjettramma til universitetet. Midlane er tidlegare tildelt over kap. 281.

Det er lagt inn 50 mill. kroner som er øyremerkte utstyr til bygg for biologiske basalfag. Regjeringa har vedteke ein kontrollert stans i prosjektet Bygg for biologiske basalfag, jf. kap. 1580 post 31 under Arbeids- og administrasjonsdepar-

temenet. Dette inneber at Statsbygg vil fullføre byggearbeida som må til for å få eit tett bygg, med tette ytterveggar og tak. Avgjersla er teken etter råd frå Statsbygg på bakgrunn av uvisse når det gjeld å halde prosjektet innanfor vedteken kostnadsramme. Statsbygg forklarar denne uvisse med fleire forhold. I ein tidleg fase blei prosjektet kuttet og utvida i fleire omgangar. Ein endra då ikkje heile kostnadsramma, men kalkulerte endringane kvar for seg. Etter Statsbygg var marknaden god for utbyggjar på dette tidspunktet, og ein prisa kuttet for høgt og endringane for lågt. Både byggherre og entreprenørar har, etter Statsbygg,

undervurdert dei spesielle vanskaner i prosjektet. Tomta har vist seg å vere svært vanskeleg, og sprenggearbeida har vore meir kompliserte å gjennomføre enn forventa. Marknadstilhøva i Bergen har vore vanskelege å føreseie. I tillegg kjem krav i samband med ny plan- og bygningslov og krav til «reint bygg» som etter Statsbygg har gitt ein kostnadsdrivande effekt. Statsbygg har fått i oppdrag å gå gjennom prosjektet på nytt, og leggje fram eit grunnlag for å avgjere ny kostnadsramme for prosjektet. Regjeringa vil komme attende til Stortinget med saka når dette arbeidet er avslutta.

Kap. 3261 Universitetet i Bergen (jf. kap. 261)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert	
			budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	579 232	349 410	
02	Salsinntekter o.a.	40 354	26 087	
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	1 033	282	
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	9 971		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	8 818		
49	Sal av eigedom	15 526	10	
Sum kap. 3261		654 934	375 789	

Sjå omtale av tekniske endringar i samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta under kap. 261.

Kap. 0262 Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert	
			budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	1 480 815	1 546 765	
21	Særskilde driftsutgifter	314 223	293 862	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	57 591	233 145	
49	Kjøp av eigedommar, <i>kan overførast</i>	6 654	10	
50	Statstilskott			1 719 349
61	Refusjon for bruk av sjukehus	8 298	8 298	
Sum kap. 0262		1 867 581	2 082 080	1 719 349

I høve til 2000 er desse tekniske endringane gjorde:

- I samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta er utgiftsløyvingane samla på ny post 50. Inntektsløyvingane under kap. 3262 er

trekte ut, og utgiftsløyvinga er redusert tilsvarende. I tillegg er løyvinga på post 50 auka med 106,2 mill. kroner som følgje av at universiteta ved overgang til nettobudsjettering sjølve vil få

- ansvaret for innbetaling til Statens pensjonskasse.
- Budsjettramma er redusert med 21 mill. kroner i samband med innføring av direkte refu-

sjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Resultatrapport for 1999-2000

Opptaks- og studenttal 1999

	Opptak 1999	Måltal studentar 1999	Registrerte studentar 1999 ¹
Det medisinske fakultet	171	719	779
(Av desse profesjonsstudium medisin) ²	(171)	(719)	(693)
Det historisk-filosofiske fakultet	788	2 795	2 789
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing ³	1 377	3 9352)	5 213
(Av desse profesjonsutdanning psykologi)	(49)	(208)	(213)
(Av desse siv.ing.)			(466)
Fakultet for arkitektur, plan og biletkunst	91	410	463
(Av desse siv.ark.)	(91)	(315)	(382)
Fakultet med realfag/teknologi ⁴	1 902	9 045)	8 700
(Av desse siv.in.g)	(1372)	(6 380)	(5 562)
Examen philosophicum	251	700	601
Anna	319	259	393
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(319)	(135)	(393)
Sum	4 899	17 863	18 938 ⁵

¹Tala for registrerte studentar gjeld haustsemesteret. I tillegg er det registrert sju personar utan studieret.

² Av desse profesjonsstudiet i medisin i utlandet: Opptak 1999: 72. Registrerte studentar hausten 1999: 203.

³ Måltalet for sivilingeniørutdanninga på SVT-fakultetet er ført samla under Fakultet med realfag/teknologi. Talet for registrerte siv.ing.-studentar totalt blir 6 028.

⁴ Her inngår følgjande fakultet: Bygg og miljøteknikk, Elektroteknikk og telekommunikasjon, Fysikk, informatikk og matematikk, Kjemi og biologi, Marin teknikk, Maskinteknikk, Geofag og petroleumsteknologi.

⁵ Av desse er 46 pst. kvinner. Av studentar på doktorgradsstudiet er 27 pst. kvinner.

Kjelde: Kjelde opptak og registrerte studentar: DBH.

Det totale studentmåltalet er oppfylt med god margin. Dei spesifiserte måltala for profesjonsutdanninga i psykologi og praktisk-pedagogisk utdanning er oppfylte. Måltala for profesjonsutdanninga i medisin og sivilingeniørutdanninga er ikkje oppfylte. Universitetet må leggje vekt på å oppfylle måltalet for desse utdanningane.

Tabellen nedanfor syner at talet på årseksamenar på lågare grad ligg under måltalet. Registrerte eksamenar på lågare grad gir ikkje eit fullstendig

bilete av situasjonen. Årsaka er at studentar ofte først blir registrerte som kandidatar på høgre nivå/profesjonsnivå. Dermed vil det vere fleire som har avlagt eksamen på lågare grad enn statistikken syner. Kandidatmåltala for profesjonsutdanninga i psykologi, sivilingeniør og sivilarkitekt er ikkje oppfylte. Det totale kandidatmåltalet for hovudfags- og profesjonsstudia er heller ikkje oppfylte.

Kandidatar i 1999

	Måltal kandidatar 1999			Uteksaminerte kandidatar 1999		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad ¹	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet		45	12		50	17
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(45)			(50)	
Det historisk-filosofiske fakultet	1 850	110	10	1 381	147	8
Fakultet for samfunnsvitskap og teknologileiing	1 930	210	10	2 158	291	26
(Av desse profesjonsstudium psykologi)		(25)			(13)	
(Av desse siv.ing.) ²					(81)	
Fakultet for arkitektur, plan og biletkunst		75	5		59	1
(Av desse siv.ark.)		(60)			(39)	
Fakultet med realfag/teknologi	740	1 325	166	886	1 138	155
(Av desse siv.ing./dr.ing.)		(1 215)	(141)		(1 003)	(128)
Examen philosophicum	500			535		
Anna				139		
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(140)			(139)		
Sum	5 160	1 765	203	5 099 ³	1 685	207

¹ Avlagde årseksamenar (20-vektttalseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

² Måltalet for sivilingeniørkandidatar på SVT-fakultetet er ført samla under Fakultet med realfag/teknologi. Talet for registrerte siving.-kandidatar totalt blir 1 084.

³ I tillegg er det avlagt tre årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad.

Kjelde: uteksaminerte kandidatar: DBH.

Forsking

Universitetet driv omfattande samarbeid med næringslivet innanfor både forsking, undervis-

ning og utvikling. Norsk næringsliv finansierer i dag ein stor del av forskinga, mellom anna gjennom oppdragsfinansierte dr.ing-kandidatar og professorat.

Vitskaplege publikasjonar frå 1995 til 1999

Kap. 262 Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	1995	1996	1997	1998 ¹	1999
Det medisinske fakultet			398	271	356
Det historisk-filosofiske fakultet	235	235	129	151	154
Fak. for samfunnsvitskap og tekn. ledelse			205	181	213
Matematisk-naturvitskaplege fag	282	280	206	362	386
Teknologiske fag	714	711	190	260	169
Arkitektur			49	8	4
Vitskapsmuseet			68	46	56
Anna			51	45	34
Sum	1 231	1 226	1 296	1 324	1 372

¹ Innrapportering frå til saman seks institutt manglar.

Talet på vitenskaplege publikasjonar, jf. tabellen ovanfor, syner stor forskingsinnsats, og departementet føreset at universitetet arbeider vidare med å heve kvaliteten og omfanget av forskinga. Innsatsen fordeler seg på ei rekkje forskingsprosjekt, innanfor både grunnforskning og anvend forskning.

Sidan 1993 har talet på doktorgradar stige med 19 pst., sjå tabell under kategori 07.60. I 1999 var det ein auke på 11 pst. i høve til i 1998. Forskingsverksemda ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet dekkjer alle fagområda ved universitetet, og omfattar både grunnforskning og anvend forskning. Universitetet har særskilde føresetnader for tverrfagleg forskning. I programmet til universitetet for tverrfagleg forskning er desse fire områda valde ut som satsingsområde: bærekraftig produksjon og forbruk, infrastruktur og livskvalitet, teknologi, kunst og kulturendring, og til sist informasjon, kommunikasjon og kompetanse. Innanfor dei einskilde områda er ei rekkje forskingsprosjekt sett i gang.

Omfanget av eksternt finansiert verksemd ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet er uttrykk for at kompetansen ved universitetet i stor grad blir etterspurd i nærings- og samfunnsliv.

Eksterne forskingsinntekter finansierte 497 årsverk ved universitetet i 1999. Universitetet førte i same periode 319 mill. kroner over eige rekneskap knytt til eksternt finansiert verksemd.

Universitetet samarbeider aktivt med mange universitet og forskingsmiljø i utlandet. Ved utgangen av 1999 deltok forskarar ved universitetet i 41 EU-finansierte forskingsprosjekt. Universitetet har 42 prosjekt under forhandling, eller med kontrakt innanfor det femte rammeprogrammet. Totalt er det rekneskapsført inntekter frå EU-finansierte forskingsprosjekt på 18,1 mill. kroner, ein auke på vel 1 mill. kroner samanlikna med året før. Universitetet kan vise til høg tilslagsprosent på søknader mot EU-finansierte forskingsprosjekt.

I grenseflata mellom Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og SINTEF går det føre seg anvend forskning som er av stor verd for begge partar.

Sosial- og helsedepartementet tek i samråd med Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet sikte på å føre over forskingssenteret i Verdal og administrasjonen av Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (HUNT) til universitetet. Sosial- og helsedepartementet skal halde fram med å finansiere denne aktiviteten, jf. omtale under kap. 719 i budsjettproposisjonen til Sosial- og helsedepartementet.

Undervisning

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet arbeider aktivt for å fremme utvikling av tverrfaglege studietilbod, spesielt mellom teknologi/naturvitenskap og humaniora/samfunnsvitenskap. Undervisningsstrategiutvalet la fram utgreiinga si våren 2000, og ho har no blitt behandla. Utgreiinga set søkjelyset på tiltak for å heve kvaliteten på den utdanninga studentane ved universitetet får.

Universitetet har sett i gang ei rekkje tiltak for å auke rekrutteringa av kvinner til mannsdominerte fag som teknologi og naturvitenskap. Universitetet fekk i 1997 høve til å kvotere inn kvinner til 30 studieplassar i datateknikk. Ordninga blei i 1999 utvida til òg å gjelde kommunikasjonsteknologi, der 13 plassar blei reservert for kvinner. Ordninga har òg medført ein generell auke av kvinner til IKT-faga, og kvinner utgjer no om lag 33 pst. av studentane i desse faga.

Departementet har gitt tilsegn om ei løyving på 4,5 mill. kroner fordelt over tre år for etablering av Nasjonalt senter for rekruttering til naturvitenskaplege og teknologiske fag, sjå omtale under kategori 07.60. Det nasjonale senteret er lagt til Noregs tekniske-naturvitenskaplege universitet.

I sivilingeniørutdanninga er det oppretta to nye studieprogram i 1999: Kommunikasjonsteknologi og Produktutvikling og produksjon. Det er òg starta opp eit tverrfagleg studietilbod i industriell økologi. Dette studieprogrammet gir ei spesialisering innanfor industriell økologi som ein del av sivilingeniør-, samfunnsvitenskapleg- eller matematisk-naturvitenskapleg utdanning. Studiet tek sikte på å gi ei heilskapleg forståing av teknologiske, økonomiske og samfunnsmessige aspekt ved miljøutfordringane til industrien. I løpet av 1999 har hovudfagstilbodet i medievitenskap komme i gang. Funksjonelle nevralt system er starta opp som eit nytt tverrfagleg emneområde for studentar i realfag, medisin, psykologi og filosofi.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet satsar på etter- og vidareutdanning og har omorganisert denne verksemda mellom anna ved å opprette seksjonen NTNU Videre. Universitetet hadde i 1999 totalt 23 studietilbod organiserte heilt eller delvis som fjernundervisning. Innanfor etter- og vidareutdanning var det 69 kurstilbod innanfor ei rekkje ulike fagområde. Dette er ei dobling samanlikna med talet på tilbod året før.

Formidling

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet legg vekt på å gjere forskingsverksemda synleg gjennom formidling til publikum og ulike brukargrupper. Universitetet vedtok i 1998 ein strategi for allmennretta forskingsformidling, der målet er å styrkje formidlinga både i kvalitet og i omfang. Det er oppretta ein eigen seksjon for samfunnskontakt, som mellom anna skal følgje opp formidlingsstrategien til universitetet.

Tilsette ved universitetet medverkar til populærvitenskapleg formidling gjennom ulike kanalar, som TV-program, artiklar i aviser og tidsskrift og deltaking i ulike arrangement som Trondheimbiennalen, som blei arrangert av Nettverk for kunst og estetikk for andre gong i 1999. Det populærvitenskaplege tidsskriftet Gemini blir utgitt ved universitetet i samarbeid med SINTEF og er det største i sitt slag i landet.

Vitskapsmuseet hadde i 1999 eit samla besøkstal på nær 53 000 til utstillingane på Kalvskinnet, Botaniske hagar, Ringve og Svinvik. Dette er ein auke på om lag 6 000.

Endring i studieplassar i 2000

I statsbudsjettet for 2000 blei det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 007 for å tilpasse kapasiteten til reduksjonen i søkinga til høgre utdanning. Reduksjonen for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet var på 350 studieplassar, fordelte med 120 på HF-, 181 på SVT-fakultetet og 62 på fakultetet for fysikk, informatikk og matematikk.

Vidare blei det vedteke å føre vidare det auka opptaket i medisin, psykologi og sivilingeniørutdanninga ved universitetet.

Resultatmål for 2001

Universitetet må halde fram med å tilpasse opptaket av studentar slik at det totale studentmålalet blir nådd. Universitetet må framleis prioritere tiltak som kan betre studiegjennomføringa.

Departementet legg til grunn at utdanningskapasiteten i praktisk-pedagogisk utdanning og informasjonsteknologi blir ført vidare på same

nivå hausten 2001 som hausten 2000, og at universitetet legg vekt på tiltak for å utnytte kapasiteten.

Universitetet må vidareføre det vellukka arbeidet med å rekruttere og utdanne lærarar. I særleg grad gjeld dette lærarar i realfaga, der situasjonen i skolen kan bli alvorleg om få år. Departementet ser positivt på arbeidet universitetet gjer for å auke rekrutteringa av kvinner til teknologiske fag.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet må, saman med dei andre universiteta, finne fram til ei hensiktsmessig arbeidsfordeling for å sikre kvalitet og effektivitet i forskning og utdanning.

Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte, til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskingsområdet blir stadig sterkare, både nasjonalt og internasjonalt.

Universitetet må prioritere arbeidet med å vidareutvikle rutiner knytt til overgangen til nettobudsjettering.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har eit generelt ansvar for grunnforskninga, og eit spesielt ansvar for teknologisk grunnforskning. Dette gir institusjonen eit særleg ansvar for forskarutdanninga i teknologiske fag.

Universitetet må utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne oppfylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med Kompetanse-reforma.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet er det universitetet som har komme lengst i å profilere og prioritere FoU-satsing for å oppnå auka fagleg spesialisering og konsentrasjon, og har mellom anna i tråd med NTNU-konseptet utvikla fire tverrfaglege satsingsområde. Universitetet må leggje til rette for ei vidare utvikling av den tverrfaglege forskninga og det tverrfaglege samarbeidet ved institusjonen.

Universitetet må halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid.

Det faglege samarbeidet med dei statlege høgskolane og andre høgskolar, mellom anna gjennom professor II-stillingar, samarbeid om studietilbod og doktorgradsutdanning, må førast vidare i 2001.

Departementet har fastsett følgjande måltal for talet på studentar i 2000 og 2001:

Måltal registrerte studentar

	Måltal registrerte studentar	
	2000	2001
Det medisinske fakultet	804	954
(Av desse profesjonsstudium medisin)	(804)	(889)
Det historisk-filosofiske fakultet	2 663	2 566
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologistyring ¹	3 766	4 351
(Av desse profesjonsutdanning psykologi)	(224)	(240)
(Av desse siv.ing.)		(460)
Fakultet for arkitektur, plan og biletkunst	410	435
(Av desse siv.ark.)	(315)	(340)
Fakultet med realfag/teknologi	9 047	8 739
(Av desse siv.ing.)	(6 450)	(5 915)
Examen philosophicum	700	560
Anna	259	245
(Av desse praktisk-pedagogisk utdanning)	(135)	(200)
Reduksjon i talet på studieplassar		231
Sum	17 649	17 614

¹ I målalet for 2000 blei sivilingeniørar førte samla under Fakultet med realfag/teknologi. I målalet for 2001 er dei førte under fakultetet der dei hører heime.

Departementet har fastsett følgjande måltal for uteksaminerte kandidatar og årseksamenar på lågare grad i 2000 og 2001:

Måltal kandidatar

	Måltal kandidatar 2000			Måltal kandidatar 2001		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet		60	10		60	12
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(60)			(60)	
Det historisk-filosofiske fakultet	1 400	110	10	1 350	112	10
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing ¹	2 000	220	10	1 950	315	22
(Av desse profesjonsstudiet psykologi)		(35)			(35)	
(Av desse siv.ing.)					(95)	(10)
Fakultet for arkitektur, plan og biletkunst		75	3		75	3
(Av desse siv.ark.)		(60)			(60)	
Fakultet med realfag/teknologi	740	1 325	152	850	1 230	147
(Av desse siv.ing./dr.ing.)		(1 215)	(137)		(1 120)	(127)

	Måltal kandidatar 2000			Måltal kandidatar 2001		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Examen philosophicum	500			500		
Praktisk-ped. utdanning	140			180		
Sum	4 780	1 790	185	4 830	1 792	194

¹ I måltalet for 2000 blei talet på sivilingeniørar førte samla under Fakultet med realfag/teknologi. I måltalet for 2001 er dei førte under det fakultetet der dei høyrer heime.

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga under posten skal dekkje driftsutgifter, større utstyrsinnkjøp, vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus.

For å tilpasse studiekapasiteten til reduksjonen i søkinga til høgre utdanning foreslår Regjeringa at talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta ved dei fire universiteta blir redusert med 1 326 plassar, sjå omtale under kategori 07.60.

Reduksjonen ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet er 231 studieplassar. Etter dialog mellom departementet og universitetet vil reduksjonen i studieplassar bli fordelt mellom fakulteta. Departementet føreset at reduksjonen blir fordelt på allmennfakulteta. I 1999 og 2000 blei talet på studieplassar ved universitetet redusert med respektive 53 og 350 plassar. Det blei lagt til grunn at midlane knytte til studieplassane skulle takast ut over fleire år. I statsbudsjettet for 2001 er budsjetteffekten kr 30 000 per plass.

I budsjettramma er det lagt inn midlar til videreføring av auka opptak innanfor medisin med 85

plassar, psykologi med 16 plassar, høgre grads informasjonsteknologiutdanning med 80 plassar og sivilingeniørutdanning med 15 plassar. Av studieplassane i medisin blir 45 kjøpt i utlandet.

I budsjettramma til universitetet er det lagt inn midlar til heilårseffekten av 18 stipendiatstillingar og 15 postdoktorstillingar som blei oppretta i samband med statsbudsjettet for 2000.

I budsjettramma er det lagt inn midlar som er fordelte på bakgrunn av talet på avslutta hovudfag og doktorgradar, sjå omtale under kap. 281. Det er fordelt 800 mill. kroner til dei fire universiteta basert på talet på avlagde vektal. Midlane er lagde inn i ramma på dei enkelte kapitla, jf. tabell under kap. 281.

Det er sett av midlar til nye stipendiatstillingar, nye professorat og nye postdoktorstillingar i 2001, jf. omtale under kap. 281. Vidare er det sett av midlar til vitenskapleg utstyr på kap. 281 post 45.

Siste del av løyvinga til utstyr til Real FAGbygget, kr 171 800 000, blei løyvd over budsjettet for 2000. Posten er derfor redusert med tilsvarande beløp.

Kap. 3262 Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (jf. kap. 262)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	319 251	300 810	
02	Salsinntekter o.a.	33 547	35 557	
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	2 273	2 427	
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	1 538		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	6 960		
49	Sal av eigedom	17 004	10	
80	Refusjon frå SINTEF o.a.	18 077	13 450	
81	Renter av innskott i burettslag m.m.	66	191	
	Sum kap 3262	398 716	352 445	

Sjå omtale av tekniske endringar i samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta under kap. 262

Kap. 0263 Universitetet i Tromsø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	693 440	709 966	
21	Særskilde driftsutgifter	159 253	141 647	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	32 358	20 254	
49	Kjøp av eigedommar, <i>kan overførast</i>		10	
50	Statstilskott			764 076
61	Refusjon for bruk av sjukehus	330	1 715	
	Sum kap. 0263	885 381	873 592	764 076

I høve til 2000 er desse endringane gjorde:

- I samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta er utgiftsløyvingane samla på ny post 50. Inntektsløyvingane under kap. 3263 er trekte ut, og utgiftsløyvinga er redusert tilsvarende. I tillegg er løyvinga på post 50 auka med 48,6 mill. kroner som følgje av at universiteta

ved overgang til nettobudsjettering sjølv vil få ansvaret for innbetaling til Statens pensjonskasse.

- Budsjettramma er redusert med 5,7 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Resultatrapport for 1999-2000

Opptaks- og studenttal 1999

	Opptak 1999	Måltal studentar 1999	Registrerte studentar 1999 ¹
Det medisinske fakultet	259	1 044	985
(Av desse profesjonsstudium medisin)	(89)	(441)	(448)
(Av desse farmasi)	(30)	(114)	(117)
Noregs fiskerihøgskole	123	547	557
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	308	862	683
Det humanistiske fakultet	325	663	694
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	553	1 987	1 626
(Av desse profesjonsutdanning psykologi)	(25)	(116)	(123)
Det juridiske fakultet	174	450	534
Examen philosophicum	584	650	359
Anna ²	524	545	603
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(106)	(120)	(121)
Sum	2 850	6 748	6 041 ³

¹Tala for registrerte studentar gjeld haustsemesteret. I tillegg er det registrert sju personar utan studierett.

² «Anna» består av studentar som er registrerte ved institusjonen, og studentar på UNIKOM.

³ Av desse er 55 pst. kvinner. På doktorgradsstudiet er 51 pst. av studentane kvinner.

Kjelde: opptak og registrerte studentar: DBH.

Dei spesifiserte måltala for medisin, psykologi, farmasi og praktisk-pedagogisk utdanning er oppfylte, medan det totale studentmåtalet ikkje er oppfylt. Det totale studenttalet er høgre om våren enn om hausten, slik at gjennomsnittet ligg nærare måtalet enn tabellen gir inntrykk av.

Tabellen nedanfor syner at talet på årseksamenar på lågare grad ligg under måtalet. Registrerte eksamenar på lågare grad gir ikkje eit fullstendig bilete av situasjonen. Årsaka er at studentar ofte

først blir registrerte som kandidatar på høgre nivå/profesjonsnivå. Dermed vil det vere fleire som har avlagt eksamen på lågare grad enn statistikken syner. Måtalet for uteksaminerte kandidatar i profesjonsutdanninga i farmasi og psykologi er ikkje nådd, medan måtalet for profesjonsutdanninga i medisin er nådd. Totalt sett ligg talet på uteksaminerte kandidatar for hovudfags- og profesjonsstudia over måtalet, medan talet på doktorgradar ligg noe under måtalet.

Kandidatar i 1999

	Måltal kandidatar 1999			Uteksaminerte kandidatar 1999		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad ¹	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet	320	117	20	135	133	15
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(70)			(74)	
(Av desse farmasi)		(20)			(16)	
Noregs fiskerihøgskole	200	60	5	84	38	2
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	500	57	25	276	52	12
Det humanistiske fakultet	440	25	5	283	43	3
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	880	85	5	505	114	13
(Av desse profesjonsstudiet psykologi)		(20)			(17)	
Det juridiske fakultet	90	61	1	94	55	3
Examen philosophicum	300			179		
Anna	290			111		
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(100)			(68)		
Sum	3 020	405	61	1 667²	435	48

¹ Avlagde årseksamenar (20-vekttløseiningar) på lågare grad. Personar som har bestått same eksamen tidlegare (gjentak), og personar utan studierett er ikkje med.

² I tillegg er det avlagt to årseksamenar av personar utan studierett på lågare grad.

Kjelde: uteksaminerte kandidatar: DBH.

Forsking

Universitetet i Tromsø har ein fagprofil som famnar om kultur, natur og næringsliv i landsdelen.

Vitskaplege publikasjonar frå 1995 til 1999¹

Kap. 263 Universitetet i Tromsø	1995	1996	1997	1998	1999
Tromsø museum – Universitetsmuseet	73	80	45	19	24
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	379	253	141	86	79
Det samfunnsvitskaplege fakultet	91	267	135	157	167
Det humanistiske fakultet	71	65	59	72	95
Det juridiske fakultet	12	10	27	8	8
Det medisinske fakultet	761	788	489	393	351
UNIKOM	39	28	22	8	26
Noregs fiskerihøgskole	174	111	88	94	102
UB					12
Sum	1 600 ²	1 602 ²	1 006	837	864

¹ Universitetet i Tromsø har hatt organisasjonsendringar i 1997, bl.a. har det gått over til å bruke fakultetsnemninga. Dei nye nemningane blir nytta i denne tabellen.

² I 1995 og 1996 blei det tatt med «abstracts/konferansebidrag» og eigenutgitte forskingsrapportar. Desse er ikkje tatt med frå og med 1997.

Talet på vitskaplege publikasjonar, jf. tabellen ovanfor, syner stor forskingsinnsats. Det er likevel grunn til medvete arbeid framover for ytterlegare å betre kvalitet og omfang av forskingsinnsatsen. Innsatsen fordeler seg på ei rekkje forskingsprosjekt, innanfor både grunnforskning og anvend forskning. Sidan 1992 har talet på doktorgradar blitt meir enn fordobla, sjå omtale under kategori 07.60. I 1999 var det ein nedgang på om lag 19 pst. i høve til i 1998.

Innanfor marin forskning er Universitetet i Tromsø eit nasjonalt tyngdepunkt og medverkar til den satsinga Regjeringa har på marin forskning. Satsinga er varsla i St.meld. nr. 39 (1998-99) Forskning ved et tidsskille. Universitetet er også ein viktig aktør i polarforskinga og har eit særskilt ansvar ovanfor nordområde-/arktisk forskning, bl.a. som resultat av geografiske forhold og aktiviteten i Barentsregionen. Universitetet samarbeider med Nord-Russland om undervisning og forskning og er sentral innanfor nordområdeforskninga.

Universitetet legg dessutan vekt på forskning om fleirkulturelle og fleirspråklege forhold og forskning om samiske forhold. I tillegg legg universitetet vekt på samfunnsmedisinsk forskning og forskning innanfor kosmisk fysikk.

Omfanget av eksternt finansiert verksemd ved Universitetet i Tromsø er eit uttrykk for at kompetansen ved universitetet blir etterspurd i nærings- og samfunnsliv.

Det er finansiert 223 årsverk med eksterne midlar i 1999. Det er i same periode ført 161,8

mill. kroner over eige rekneskap knytt til eksternt finansiert verksemd. Universitetet i Tromsø deltok i 1999 i 23 EU-finansierte forskingsprosjekt. I 1999 blei det rekneskapsført ei inntekt på 5,9 mill. kroner for EU-finansierte forskingsprosjekt, ein svak auke samanlikna med året før.

Undervisning

Universitetet i Tromsø satsar mykje på å betre kvaliteten på undervisninga. Studiekvalitetsarbeidet i 1999 har i hovudsak vore konsentrert rundt skriveopplæring og problem- og prosjektbasert undervisning.

Universitetet hadde i 1999 totalt 30 kurstilbod som var organiserte heilt eller delvis som fjernundervisning, og 27 kurstilbod innanfor etter- og vidareutdanning.

Ei utgreiing foreslår at det blir oppretta eit tannlegestudium ved Universitetet i Tromsø, jf. omtale under kategoriomtalen 07.60. Utgreiinga har vore på høring, og departementet vil i samråd med Sosial- og helsedepartementet vurdere høringsfråsegnene før ein tek stilling til vidare oppfølging.

For Universitetet i Tromsø har departementet godkjend ei forsøksordning med aldersbestemt opptak til vidareutdanning som ikkje er ein del av det ordinære tilbodet. Kravet om generell studiekompetanse er erstatta med krav om at søkjaren har fylt 30 år i søknadsåret og har fått rettleiing om nivå og omfang på det enkelte tilbodet. Prøveordninga omfattar studietilbod som er særleg

retta mot arbeids- og næringslivet, og gjeld frå og med hausten 1999 og til og med opptaket hausten 2000.

Universitetet i Tromsø har forhandla fram ein avtale om forlenging av leigeperioden for FF «Jan Mayen» for 10 år.

Formidling

Universitetet i Tromsø gav i 1999 ut 26 ulike tidskrift og skriftseriar. I løpet av 1999 er det arrangert ei rekkje konferansar, seminarar m.m. av vitenskapleg og populærvitenskapleg karakter.

Forskningsverksemda er i tillegg synt fram på Forskningsdagane og ulike utstillingar, og har vore representert i media både nasjonalt og regionalt.

Tromsø Museum er landsdelsmuseum for Nord-Noreg og universitetsmuseum ved Universitetet i Tromsø. Tromsø Museum hadde i 1999 besøk av ca. 87 000 personar. I tillegg kjem besøk til Botanisk Hage på ca. 8 000 personar. Tromsø har permanente utstillingar i faga geologi, botanikk, zoologi, arkeologi, samisk etnografi og nyare kulturhistorie, og i tillegg fleire mellombels utstillingar. Museet driv aktiv innsats for å gjere dei naturhistoriske og kulturhistoriske vitenskaplege samlingane tilgjengelege i elektronisk form. Universitetsbiblioteket har også i 1999 arbeidd med kultur- og forskningsformidling.

Endring i talet på studieplassar i 2000

I statsbudsjettet blei det vedteke å redusere talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta med 2 007 for å tilpasse kapasiteten til reduksjonen i søkinga til høgere utdanning. Reduksjonen for Universitetet i Tromsø var på 200 studieplassar, fordelte med 38 på HF-, 113 på SV, og 49 på MN-fakultetet.

Vidare blei det vedteke å føre vidare det auka opptaket i medisin og farmasi ved universitetet.

Resultatmål for 2001

Universitetet i Tromsø blei evaluert av ein ekstern evalueringskomité i 1999. Departementet føreset at universitetet følgjer opp tilrådingane som kom fram i evalueringa. Det er viktig å følgje opp arbeidet med å utvikle eit kvalitetssikrings-system.

Universitetet i Tromsø må arbeide for å framheve og prioritere fagområda der det har særlege fortrinn, bl.a. som eit ledd i rekrutteringa av nye studentar, slik at måltalet kan bli nådd. Dette vil

øg vere viktig for å kunne tilby forskning og undervisning av høg kvalitet.

Universitetet i Tromsø må, saman med dei andre universiteta, finne fram til hensiktsmessig arbeidsdeling for å sikre kvalitet og effektivitet i forskning og utdanning.

Departementet føreset at utdanningskapasiteten i praktisk-pedagogisk utdanning og informasjonsteknologi blir ført vidare på same nivå hausten 2001 som hausten 2000, og at universitetet legg vekt på tiltak for å utnytte kapasiteten.

Universitetet har ansvar for å utdanne lærarar. Det er særleg viktig å leggje vekt på utdanninga av realfagslærarar. Universitetet må intensivere arbeidet med å rekruttere fleire til lærarutdanningane, bl.a. ved å integrere praktisk-pedagogisk utdanning i fagstudia. Det er også viktig at universitetet prioriterer IKT i lærarutdanninga. Universitetet skal medverke i det treårige kompetanseutviklingsprogrammet for PP-tenesta og skoleleiarar, jf. Innst. S. nr. 228 (1997-98) og St.meld. nr. 23 (1997-98) Om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilte behov.

Universitetet må gjere seg nytte av dei fullmaktene som er delegerte, til å møte krav til fagleg kvalitet, fleksibilitet og omstilling i ei tid da konkurransen på utdannings- og forskningsområdet blir stadig sterkare.

Det er særleg viktig at Universitetet i Tromsø satsar på tiltak for å rekruttere vitenskapleg personell og for å halde på tilsette i undervisnings- og forskningsstillingar innanfor særleg konkurranseutsette område.

Universitetet må prioritere arbeidet med å videreutvikle rutiner knytt til overgangen til nettobudsjettering.

Universitetet må utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne oppfylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med Kompetanse-reforma.

Institusjonen må ta sikte på framleis å halde eit høgt aktivitetsnivå når det gjeld student- og forskarutveksling og anna internasjonalt samarbeid, særleg på Nordkalotten.

Nord-Noreg er eit føregangsområde når det gjeld å utnytte IKT innanfor helse- og sosialsektoren. I St.meld. nr. 39 (1998-99) Forsking ved et tidsskille er IKT og medisin og helse særleg prioriterte område. Universitetet i Tromsø bør derfor utvikle vidare satsinga på telemedisin.

Det faglege samarbeidet med dei statlege høgskolane og andre høgskolar, bl.a. gjennom professor II-stillingar, samarbeid om studietilbod og doktorgradsutdanning, må førast vidare i 2001. Departementet vil understreke den store tydinga

Universitetet i Tromsø har for høgre utdanning, forskning og næringsliv i Nord-Noreg. Universitetet har vidare ei avgjerande rolle i arbeidet med å dekkje behova for høgt utdanna helsepersonell i

landsdelen, sjå Regjeringas handlingsplan for helse- og omsorgspersonell.

Departementet har følgjande måltal for studantar i 2000 og 2001:

Måltal registrerte studentar

	Måltal registrerte studentar	
	2000	2001
Det medisinske fakultet	1 066	1 088
(Av desse profesjonsstudium medisin)	(456)	(471)
(Av desse farmasi)	(121)	(128)
Noregs fiskerihøgskole	547	547
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	813	813
Det humanistiske fakultet	625	625
Det samfunnsvitskaplege fakultet	1 874	1 874
(Av desse profesjonsstudium psykologi)	(116)	(116)
Det juridiske fakultet	450	450
Examen philosophicum	650	650
Anna	545	545
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(120)	(120)
Reduksjon i talet på studieplassar		193
Sum	6 570	6 399

Departementet har følgjande måltal for uteksaminerte kandidatar og årseksamenar på lågare grad i 2000 og 2001:

Måltal kandidatar

	Måltal kandidatar 2000			Måltal kandidatar 2001		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Det medisinske fakultet	320	117	20	320	117	20
(Av desse profesjonsstudium medisin)		(70)			(70)	
(Av desse farmasi)		(20)			(20)	
Noregs fiskerihøgskole	200	60	5	200	60	5
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet	500	57	25	500	57	20
Det humanistiske fakultet	440	25	5	440	25	5
Det samfunnsvitskaplege fakultet	880	85	5	880	89	8
(Av desse profesjonsstudiumt psykologi)		(20)			(24)	
Det juridiske fakultet	90	61	1	90	55	1
Examen philosophicum	300			300		

	Måltal kandidatar 2000			Måltal kandidatar 2001		
	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad	Lågare grad	Hovudfag/profesjon	Doktorgrad
Anna	290			290		
(Av desse praktisk-ped. utdanning)	(100)			(100)		
Sum	3 020	405	61	3 020	403	59

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga under posten skal dekkje driftsutgifter, større utstyrsinnkjøp, vedlikehald, kjøp av eigedom og refusjon for bruk av sjukehus.

For å tilpasse studiekapasiteten til reduksjonen i søkinga til høgre utdanning foreslår Regjeringa at talet på studieplassar på lågare grad ved allmennfakulteta ved dei fire universiteta blir redusert med 1 326, sjå omtale under kategori 07.60.

Reduksjonen ved Universitetet i Tromsø er 193 studieplassar. Etter dialog med universitetet vil reduksjonen i studieplassar bli fordelt mellom fakulteta. Departementet føreset at reduksjonen blir fordelt på allmennfakulteta. I 1999 og 2000 blei talet på studieplassar ved universitetet redusert med respektive 21 og 200 plassar. Det blei lagt til grunn at midlane knytte til studieplassane skulle takast ut over fleire år. I statsbudsjettet for 2001 er budsjetteffekten kr 30 000 per plass.

I budsjetttramma er det lagt inn midlar til videreføring av eit auka opptak innanfor medisin og farmasi med respektive 15 og sju plassar.

I budsjetttramma til universitetet er det òg lagt inn midlar til heilårseffekten av sju stipendiatstillingar og fem postdoktorstillingar som blei oppretta i samband med statsbudsjettet for 2000.

Løyvinga er auka med 10 mill. kroner til utstyr for Teorifagbygget.

I budsjetttramma er det lagt inn midlar som er fordelte på bakgrunn av talet på avslutta hovudfag og doktorgradar, sjå omtale under kap. 281. Det er fordelt 800 mill. kroner til dei fire universiteta basert på talet på avlagte vekttall. Midlane er lagt inn i ramma på dei enkelte kapitla, jf. tabell under kap. 281.

Det er sett av midlar til nye stipendiatstillingar, nye professorat og nye post.doc.-stillingar i 2001, jf. omtale under kap. 281. Vidare er det sett av midlar til vitskapleg utstyr på kap. 281 post 45.

Kap. 3263 Universitetet i Tromsø (jf. kap. 263)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	161 764	144 400	
02	Salsinntekter o.a.	42 653	31 698	
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak		16	
15	Refusjon frå arbeidsmarknadstiltak	3 380		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	5 127		
17	Refusjon for lærlingar	122		
49	Sal av eigedom		10	
81	Renter av innskott i burettslag	471	423	
82	Refusjon frå Sosial- og helsedepartementet	5 503		
	Sum kap. 3263	219 020	176 547	

Sjå omtale av tekniske endringar i samband med overgang til nettobudsjettering av universiteta under kap. 263.

Kap. 0264 Noregs handelshøgskole (jf. kap. 3264)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	154 627	155 442	161 102
21	Særskilde driftsutgifter	11 635	10 918	10 918
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 850	12 959	13 186
	Sum kap. 0264	179 112	179 319	185 206

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Post 01 er redusert med 0,7 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Resultatrapport for 1999-2000

Studenttalet hausten 1999 for dei ulike studietilboda ved høgskolen går fram av følgjande tabell:

Studenttal i 1999

Studium	Opptak	Måltal studentar	Registrerte studentar
Siviløkonomstudiet	481	1 940	2 087
Høgre avdelings studium	49	210	114
Høgre revisorstudium	160	210	419
Master of International Business	30	60	46
Doktorgrad	11	45	43
Prakt.ped.utdanning og eittårige studium i språk	74	120	77
Sum	805	2 585	2 786 ¹

¹ I tillegg er det registrert 32 personar utan studierett.

Kjelde: for opptak og registrerte studentar: DBH.

Målalet for registrerte studentar blei overoppylt med 201 studentar i 1999. På siviløkonomstudiet var det registrert 147 fleire studentar enn målalet, og på høgre revisorstudium var talet på registrerte studentar nær dobbelt så høgt som målalet. Det høge talet på registrerte studentar på høgre revisorstudium skuldast at studentane tek eksamen opp att dersom dei ikkje får ein laudabel karakter første gong, da dette er kravet for autorisasjon. Ved praktisk-pedagogisk utdanning og høgre avdelingsstudium er rekrutteringa framleis svak.

Noregs handelshøgskole har det nasjonale ansvaret for translatøreksamen. Totalt bestod 53 personar translatøreksamen i 1999, 51 fleire enn året før. Løyve som statsautorisert translatør blir gitt av departementet på grunnlag av translatøreksamen ved Noregs handelshøgskole. I 1999 blei det innført ny ordning som inneber at kandidatanne kan oppnå einvegs autorisasjon, frå norsk til framandspråk eller frå framandspråk til norsk, i tillegg til tovegs autorisasjon. Det er årsaka til at det har vore stor auke i talet på uteksaminerte kandidatar som har fått løyve som translatør.

Kandidatar i 1999

Studium	Måltal kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
Siviløkonom	400	369
Høgre avdelings studium	45	26
Høgre revisorstudium	100	94
Master of International Business	15	14
Dr.oecon.	12	9
Prakt.ped. utdanning og eittårige studium i språk	65	70
Sum	637	582

Kjelde: For uteksaminerte kandidatar: DBH.

På høgre revisorstudium er det gjort gode erfaringar med omlegginga til tre semester. Måltalet for kandidatar ved høgre avdelings studium og talet på doktorgradar blei ikkje fylte i 1999. Dette kan forklarast med lav søking til studia, noko som skuldast den gode arbeidsmarknaden for siviløkonomar.

Kvinnelege studentar ved høgskolen utgjorde i 1999 om lag 37 pst. av det totale studenttalet. Dette er ein auke frå 1998, men talet er framleis lågt, og høgskolen må halde fram med tiltak for å auke andelen kvinner.

Integrasjonen av aktivitetar innanfor etter- og vidareutdanning har vore vellykka. Aktiviteten er høg ved at ein fører vidare dei etablerte studietilboda og set i gang nye. Høgskolen samarbeider med Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen om etter- og vidareutdanning.

Noregs handelshøgskole gir kvart år ut ein oversikt over forskingsprosjekt og publikasjonar ved høgskolen. Katalogen dokumenterer den omfattande forskingsinnsatsen ved institusjonen.

Vitskaplege publikasjonar i 1996-99

Kap. 264 Noregs handelshøgskole	1996	1997 ¹	1998 ²	1999
Artiklar i internasjonale vit. tidsskrift	75	59	52	65
Artiklar i nasjonale vit. tidsskrift	73	44	37	14
Rapportar, kompendium utgitt av inst.	44	98	126	
Faglege bøker/lærebøker	31	25	23	35
Kapittel i faglege bøker/lærebøker			35	55
Sum	223	226	273	169

¹ I tillegg kjem 42 kapittel eller artiklar som tidlegare blei fordelt på høvesvis internasjonale og nasjonale publikasjonar, og 69 vitskaplege arbeid som blei presenterte på nasjonale fagkonferansar.

² I tillegg kjem 54 vitskaplege arbeid som blei presenterte på fagkonferansar, og 25 leiarar, kommentarar publiserte i tidsskrift, dagspresse.

Det går føre seg ei omfattande studentutveksling, mellom anna gjennom NORDPLUS- og SOKRATES-programma. Høgskolen har som mål at 50 pst. av studentane skal ta del i studentutveksling. Totalt har høgskolen samarbeid med om lag 70 lærestader i utlandet.

Resultatmål for 2001

I Noregsnettet har Noregs handelshøgskole eit nasjonalt ansvar for høgre økonomisk-administrativ utdanning og særskilt grunnforskning og forskarutdanning. Departementet føreset at høgskolen framleis tilpassar opptaket av studentar slik at ein når det totale studentmåltalet som no. Høgskolen må halde fram arbeidet med å auke rekrut-

teringa av kvinner til studia, særskilt til høgrevdeling og doktorgradsstudiet.

Det er viktig at Noregs handelshøgskole framleis legg vekt på studentutveksling og anna internasjonalt samarbeid.

Det faglege samarbeidet mellom Noregs handelshøgskole, universitet, statlege høgskolar og andre, mellom anna om professor II-stillingar, samarbeid om studietilbod og doktorgradsutdanning, må førast vidare i 2001.

Departementet føreset at høgskolen held oppe nivået på den oppdragsverksemda som blir rekneskapsført over statsrekneskapa for 1999. Høgskolen må leggje vekt på å utvikle vidare gode etter- og vidareutdanningstilbod for å fylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med kompetansereforma.

Departementet fastset følgjande måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar i 2000 og 2001:

Måltal studentar og uteksaminerte kandidatar

Studium	Måltal studentar		Måltal kandidatar	
	2000	2001	2000	2001
Siviløkonom	1 940	1 940	400	400
Høgre avdelings studium	210	210	45	45
Høgre revisorstudium	210	210	100	100
Master of International Business	60	60	15	15
Doktorgrad	45	45	12	12
Prakt.ped. utdanning og eittårige studium i språk	120	120	65	65
Sum	2 585	2 585	637	637

Budsjettforslag for 2001

Det er ved fordelinga av budsjetttramma lagt vekt på å tilpasse kapasiteten ved høgskolen til utdanningskapasiteten nasjonalt. Det er vidare lagt vekt på at verksemda skal ha god kvalitet.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3264 postane 02 og 11, sjå forslag til vedtak II nr. 1. Midlar til å auke gjennomstrøyinga på doktorgradsstudiet er lagde inn i ramma på post 01.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under kap. 3264 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3264 post 01, sjå forslag til vedtak II nr 2.

Post 45 gjeld løyving til vitskapleg utstyr, kjøp av utstyr og inventar til nybygg, og større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid.

Kap. 3264 Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	12 606	12 000	12 000
02	Salsinntekter o.a.	9 358	7 387	7 609
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	13 231		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	233		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	758		
	Sum kap. 3264	36 186	19 387	19 609

På post 02 skal det, forutan salsinntekter frå sal av materiell til studentar m.m., òg førast leigeinntekter som skal dekkje reingjering, vakthald

og andre utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan førast på post 02.

Kap. 0265 Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 3265)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	37 865	38 988	40 099
21	Særskilde driftsutgifter	2 366	4 478	4 478
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 969	1 462	15 630
	Sum kap. 0265	42 200	44 928	60 207

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Post 01 er redusert med 0,5 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet omfattar drift av Arkitekthøgskolen i Oslo.

Resultatrapport for 1999-2000

Studenttalet hausten 1999 for dei ulike studietilboda ved høgskolen går fram av følgjande tabell:

Studenttal i 1999

Studium	Opptak	Måltal studentar	Registrerte studentar
Sivilarkitektstudiet	36	235	282
Sivilindustridesignstudiet	16	60	53
Master of Art			25
Doktorgrad	7	30	43
Sum	59	325	403

Kjelde: For opptak og registrerte studentar: DBH.

I 1999 blei det registrert 403 studentar ved Arkitekthøgskolen. Det totale måltalet for registrerte studentar blei overoppfyllt med 78 studen-

tar. På sivilarkitektstudiet var det 47 fleire registrerte studentar enn måltalet.

Kandidatar i 1999

Studium/grad	Måltal kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
Sivilarkitekt	41	43
Sivilindustridesign	12	12
Doktorgrad	6	1
Sum	59	56 ¹

¹ I tillegg kjem to Master of Art-kandidatar.

Kjelde: For uteksaminerte kandidatar: DBH.

På sivilindustridesignstudiet er talet på uteksaminerte kandidatar fordobla sidan 1998, og Arki-

tekthøgskolen oppfyller måltalet. Måltalet for doktorgradskandidatar er ikkje oppfylt. Høgskolen

har sett i gang tiltak for å betre gjennomstrøyminga i doktorgradsstudiet. Måлтаlet for doktorgradskandidatar er justert ned slik at måлтаlet i 2001 er fire kandidatar mot seks kandidatar i 2000.

Arkitektthøgskolen har samarbeidsavtalar med Universitetet i Oslo og Noregs landbrukshøgskole om doktorgradsutdanninga. Høgskolen har lagt stor vekt på internasjonalisering og tek del i SOKRATES, NORDPLUS og LEONARDO DA VINCI.

Den eksternt finansierte verksemda som blir rekneskapsført i statsrekneskapen, hadde eit omfang på om lag 2,7 mill. kroner i 1999 mot 5,4 mill. kroner i 1998.

Resultatmål for 2001

Det er eit mål å halde oppe ei gjennomføring på høgt nivå på sivilarkitektstudiet. Gjennomførings-

graden på sivilindustridesignstudiet er fordobla sidan 1998, og dette er vurdert positivt av departementet. Ein forventar at gjennomstrøyminga for doktogradsstudentar blir betra.

Eksternt finansiert verksemd ved Arkitektthøgskolen gikk ned frå 1998 til 1999. Departementet ber Arkitektthøgskolen vurdere tiltak for å auke den eksternt finansierte verksemda.

Høgskolen har eit høgt aktivitetsnivå i internasjonalt samarbeid, og dette må først vidare. Høgskolen må leggje vekt på å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne fylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med Kompetansereforma.

Departementet har fastsett følgjande måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar i 2000 og 2001:

Måltal studentar og uteksaminerte kandidatar

Studium	Måltal registrerte studentar		Måltal kandidatar	
	2000	2001	2000	2001
Sivilarkitekt	235	235	41	41
Industridesign	60	60	12	12
Doktorgrad	30	30	6	4
Sum	325	325	59	57

Budsjettforslag for 2001

Grunnsteinen til det nye bygget til Arkitektthøgskolen blei lagt ned 1. september 2000. Bygget skal vere klart til innflytting ved semesterstart hausten 2001.

Med bakgrunn i nedgangen i talet på studie-plassar i Noreg er det ikkje prioritert å auke opp-taket på industridesignstudiet i budsjettet for 2001. Midlar til auka husleige i nytt bygg er satt av på kapittel 281.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot til-svarande meirinntekter under kap. 3265 postane 02 og 11, sjå forslag til vedtak II nr. 1. Midlar til å

stimulere gjennomstrøyminga på doktorgradsstudiet er lagde inn i ramma på post 01.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under kap. 3265 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3265 post 01, sjå forslag til vedtak II nr 2.

Post 45 gjeld løyving til vitskapleg utstyr, og til kjøp av utstyr og inventar til nybygg, samt større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid. Post 45 er auka med 13,95 mill. kroner til utstyr i det nye bygget.

Kap. 3265 Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	2 219	4 500	4 500
02	Salsinntekter o.a.	161	161	166
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	8		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	52		
17	Refusjon for lærlingar	2		
Sum kap. 3265		2 442	4 661	4 666

På post 02 skal det, forutan salsinntekter frå sal av materiell til studentar m.m, og først leigeinntekter som skal dekkje reingjering, vakthald og

andre utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan først på post 02.

Kap. 0268 Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 3268)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	76 720	77 354	80 741
21	Særskilde driftsutgifter	8 636	4 908	4 908
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	8 253	4 925	5 011
Sum kap. 0268		93 609	87 187	90 660

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er redusert med 1 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Utgiftspost 01 er oppjustert med 1 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av inntektspost 02 under kap. 3268.

Kapitlet omfattar drift av Noregs idrettshøgskole.

Resultatrapport for 1999-2000

Studenttalet hausten 1999 for dei ulike studietilboda ved høgskolen går fram av tabellen nedanfor:

Studenttal i 1999

Studium	Opptak	Måltal studentar	Registrerte studentar
Lågare grad	435	475	468
Hovudfag	75	140	216
Doktorgrad	7	15	35
Sum	517	630	719 ¹

¹ I tillegg er det registrert elleve personar utan studierett.

Kjelde: For opptak og registrerte studentar: DBH.

Det totale måltalet for studentar ved Noregs idrettshøgskole blei meir enn oppfylt i 1999. Måltalet på lågare grad er ikkje oppfylt.

Kandidatar i 1999

Studium	Måltal kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
Lågare grad	330	327 ¹
Hovudfag	40	31
Doktorgrad	3	3
Sum	373	361

¹ Avlagde årseksamenar (20-vekttalsetningar) på lågare grad. I tillegg kjem tre årseksamenar av personar utan studierett. NIH uteksaminerte 35 faglærarar i kroppsøving og 55 cand.mag.-kandidatar.

Kjelde: for uteksaminerte kandidatar: DBH.

Talet for uteksaminerte kandidatar ved Noregs idrettshøgskole låg lavt i 1999 samanlikna

med måлтаlet. Talet for avslutta doktorgradar samsvarte med måltala.

Vitskapelege publikasjonar i 1996-99

Kap. 268 Noregs idrettshøgskole	1996	1997	1998	1999
Artiklar i vitskapelege tidsskrift	13	34	32	24
Faglege bøker/lærebøker	2	4	13	14
Kapittel i faglege bøker og lærebøker	7	7	18	35
Sum	22 ¹	45 ²	63 ³	73

¹ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert åtte vitskapelege publikasjonar.

² I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert totalt ni vitskapelege publikasjonar.

³ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert totalt 16 vitskapelege publikasjonar.

Noregs idrettshøgskole er tek del i SOKRATES-ERASMUS-programmet og i NORDPLUS-samarbeidet. Samarbeidsprosjektet med Dar-es-Salaam held fram, mellom anna ved at studentar frå Tanzania følgjer undervisninga på hovudfag ved NIH.

Den eksternt finansierte verksemda som blir rekneskapsført i statsrekneskapen, var i 1999 på 8,6 mill. kroner mot 5,1 mill. kroner i 1998. Departementet vurderer denne auken som positiv.

Resultatmål for 2001

Talet på uteksaminerte kandidatar på lågare grad har gått ned sidan 1998. Noregs idrettshøgskole må arbeide med å auke gjennomstrøyminga særleg på lågare grad. Departementet har godkjent at Noregs idrettshøgskole avviklar faglærarutdan-

ninga i kroppsøving. NIH vil i staden tilby praktisk-pedagogisk utdanning.

NIH har eit nasjonalt ansvar for høgre idrettsfagleg utdanning og må arbeide aktivt med å utvikle vidare samarbeidet med andre institusjonar som har høgre utdanningstilbod innanfor idrettsfag. Det er viktig at høgskolen legg forholde til rette for at studentar og forskarar tek del i internasjonale samarbeidsprogram. Høgskolen må føre vidare den positive utviklinga innanfor forskning og publisering.

Noregs idrettshøgskole må leggje vekt på å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å fylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med kompetansereforma.

Departementet har fastsett følgjande måltal for studentar og uteksaminerte kandidatar i 2000 og 2001:

Måltal studentar og uteksaminerte kandidatar

Studium	Måltal studentar		Måltal kandidatar	
	2000	2001	2000	2001
Lågare grad	475	475	330	330
Hovudfag	140	140	40	40
Doktorgrad	15	15	3	5
Sum	630	630	373	375

Budsjettforslag 2001

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3264 postane 02, 04 og 05, sjå forslag til vedtak II nr. 1. Midlar til å stimulere gjennomstrøyminga på doktorgradstudiet er lagde inn i ramma på post 01.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under

kap. 3268 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3268 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 gjeld løyving til vitskapleg utstyr, og til kjøp av utstyr og inventar til nybygg, samt større vedlikehalds- og ombyggingarbeid.

Kap. 3268 Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	8 629	5 000	5 000
02	Salsinntekter o.a.	7 496	5 226	6 413
05	Refusjon frå Forsvarsdepartementet	2 363	2 279	2 347
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	246		
17	Refusjon for lærlingar	45		
	Sum kap. 3268	18 779	12 505	13 760

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Inntektspost 02 er oppjustert med 1 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av utgiftspost 01 under kap. 268.

På post 02 skal det, forutan slasinntekter fra sal av materiell til studentar m.m, først leigeinntekter som skal dekkje reingjøring, vakthald og andre utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan først på post 02. Post 05 gjelder refusjon for tenester høgskolen yter Forsvarsdepartementet.

Kap. 0269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	83 075	86 404	89 190
21	Særskilde driftsutgifter	1 097	1 200	1 200
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 909	1 781	1 812
Sum kap. 0269		86 081	89 385	92 202

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Post 01 er redusert med 0,8 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet omfattar drift av Noregs musikkhøgskole.

Resultatrapport for 1999-2000

Noregs musikkhøgskole gir undervisningstilbod innanfor utøvande musikk, musikkteori, komposisjon og pedagogikk. På lågare grads nivå tilbyr

høgskolen fem ulike 4-årige kandidatstudium. Høgskolen har òg fleire vidareutdanningstilbod, mellom anna musikkterapi og praktisk-pedagogisk utdanning. På høgre grads nivå tilbyr høgskolen ei rekkje 2-årige diplom- og hovudfagsstudium. Departementet har våren 2000 fastsett at det blir oppretta hovudfag i kyrkjemusikk ved Noregs musikkhøgskole. Høgskolen har òg doktorgradsprogram.

Studenttalet hausten 1999 for dei ulike studietilboda ved høgskolen går fram av tabellen nedanfor:

Studenttal i 1999

Studium	Opptak	Måltal studentar ¹	Registrerte studentar
Kandidatstudiet	89		289
Hovudfags-/diplomstudiet	47		93
Dr.grad	2		4
Praktisk-pedagogisk utdanning	12		12
Faglærerstudiet			11
Vidareutdanning	63		74
Sum	213	465	483

¹ Fordelinga av måltal studentar er avhengig av søkinga til dei ulike studia.

Kjelde: For opptak og registrerte studentar: DBH.

Noregs musikkhøgskole oppfyller målalet for studentar.

Kandidattalet innanfor dei ulike studietilboda ved Noregs musikkhøgskole i 1999 går fram av tabellen nedanfor:

Kandidatar i 1999

Studium	Måltal kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
Kandidateksamen	53	44
Hovudfags-/diplomstudiet	40	18
Praktisk-pedagogisk utdanning	10	9
Faglærareksamen	31	27
Vidareutdanning	40	49
Sum	174	147

Kjelde: For uteksaminerte kandidatar: DBH.

Det samla måлтаlet for kandidatar blei ikkje nådd i 1999. Oppfyltingsgraden er spesielt låg på hovudfags- og diplomstudium. Mykje av svikten i gjennomstrøyminga skuldast permisjonar blant studentane.

Doktorgradsprogrammet ved Noregs musikkhøgskole blei sett i gang i 1999, og hausten 1999 var fire studentar inne i doktorgradsstudiet.

Det siste opptaket til 3-årig faglærerstudium blei gjort hausten 1997. Dei siste ordinære faglærerstudentane avslutta dermed sitt studium våren 2000. Etter kvart som faglærerstudia har blitt fasa ut, har talet på studentar som tek vidareutdanningseiningar i forlenging av eit faglærerstudium, gått ned.

Samarbeidet med Høgskolen i Tromsø om hovudfagsstudium i musikkpedagogikk er ført vidare i 1999. Det blei ikkje uteksaminert kandidatar i 1999. Noregs musikkhøgskole har inngått ein avtale med Høgskolen i Sogn og Fjordane om samarbeid om hovudfagsstudium i musikkterapi med oppstart hausten 2000. Begge desse hovudfagsstudia har innslag av fjernundervisning.

I samband med Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 39 (1998-99) Forsking ved et tidsskille foreslo Kunsthøgskolen i Oslo, Kunsthøgskolen i Bergen og Noregs musikkhøgskole eit program for FoU-midlar til kunstnarleg utviklingsarbeid ved kunstutdanningsinstitusjonane. Stortinget bad departementet vurdere forslaget under arbeidet med den langsiktige strategien for høgre kunstutdanning i Noreg. Ei arbeidsgruppe i regi av dei tre institusjonane vil hausten 2000 konkretisere forslaget om eit program for kunstnerisk utviklingsarbeid. Departementet vil ta stilling til spørsmålet om tildeling av stipendiatstillingar til kunstnarleg utviklingsarbeid når innstillinga frå arbeidsgruppa ligg føre.

Noregs musikkhøgskole har i dei siste åra styrkt sitt internasjonale engasjement. Høgskolen tek del i ei rekkje internasjonale nettverk og utvekslar studentar og lærarar mellom anna gjennom NORDPLUS og SOKRATES.

Den eksternt finansierte verksemda ved Noregs musikkhøgskole hadde i 1999 eit volum på 1,2 mill. kroner, om lag det same som i 1998.

Resultatmål for 2001

Noregs musikkhøgskole har eit nasjonalt ansvar for å gi utdanning på høgre nivå innanfor skapande og utøvande musikk og musikkpedagogikk. FoU-arbeidet og arbeidet med å utvikle doktorgradsstudium av høg kvalitet må derfor stå i fokus.

Høgskolen må leggje vekt på å utvikle gode vidare- og etterutdanningstilbod for å kunne fylle etterspurnaden etter slike tilbod i samband med kompetansereforma.

Det er viktig at høgskolen legg forholda til rette for at fleire studentar og forskarar tek del i internasjonale program.

Høgskolen må leggje til rette for god kontakt mellom ulike lærarar og mellom studentar og lærarar, slik at studiemiljøet utviklast vidare. Fellesfag og fellesaktivitetar vil kunne medverke til dette.

Departementet legg til grunn at studiekvalitetsarbeidet ved høgskolen blir styrkt.

Departementet føreset at høgskolen held oppe nivået på den oppdragsverksemda som blir rekneskapsført i statsrekneskapen.

Departementet legg følgjande måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar til grunn for 2000 og 2001:

Måltal studentar og uteksaminerte kandidatar

Studium	Måltal studentar ¹		Måltal kandidatar	
	2000	2001	2000	2001
Kandidatstudiet			53	76
Hovudfags-/diplomstudiet			40	40
Prakt-ped. utdanning			10	10
Faglærerstudiet			31	
Vidareutdanning			40	40
Sum	465	465	174	166

¹Fordelinga av målalet for registrerte studentar er avhengig av søkinga til de ulike studia.

Departementet legg til grunn at målalet for studentar blir oppfylt også i 2001. Departementet forventar at det samla målalet for kandidatar blir fylt i 2001, og legg til grunn at oppfyllingsgraden på hovudfags- og diplomstudium blir minst 100 pst. Målalet for uteksaminerte studentar frå kandidatstudia er heva i 2001 som eit resultat av det utvida opptaket til kandidatstudia etter at det ikkje lenger vart teke opp studentar til faglærerstudia.

Budsjettforslag 2001

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3269 postane 02 og 06, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Midlar til å stimulere gjennomstrøyminga på doktorgradsstudiet er lagde inn i ramma på post 01.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under kap. 3269 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3269 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 gjeld løyving til vitskapleg utstyr, og til kjøp av utstyr og inventar til nybygg, samt større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid.

Statsbygg har fått i oppdrag frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet å greie ut dei resterande uvisse momenta knytte til eit tilbygg for NMH ved den såkalla trafo-tomta som ligg attmed det eksisterande bygget, jf. omtale i St.prp. nr. 61 (1999-2000). Det er nå utarbeidd byggeprogram for dette bygget basert på romprogram som er godkjend av departementet. Ei endeleg avklaring av kor vidt NMHs romprogram let seg realisere på tomta, krev at det blir utarbeidd eit forprosjekt. Statsbygg har stipulert kostnadene ved dette til om lag 5 mill. kroner. Departementet vil komme attende til saka i samband med ein omgrupperingsproposisjon hausten 2000. Departementet vil òg sjå spørsmål om eventuell kompensasjon til Det teologiske menighetsfakultet for meirkostnader knytte til utsett vedlikehald i denne samanheng.

Kap. 3269 Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	1 181	1 200	1 200
02	Salsinntekter o.a.	927	283	291
06	Inntekter ved konsertar og tenester	497		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	175		
	Sum kap 3269	2 780	1 483	1 491

På post 02 skal det, forutan salsinntekter frå sal av materiell til studentar m.m., og først leigeinntekter som skal dekkje reingjøring, vakthald og

andre utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan først på post 02.

Kap. 0270 Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Tilskott til lengre reiser, <i>overslagsløyving</i>		72 606	74 784
71	Tilrettelegging av studium i utlandet		7 485	7 710
73	Tilskott til studentbarnehagar		69 275	71 353
74	Tilskott til velferdsarbeid		51 816	53 370
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>		142 571	186 848
Sum kap. 0270			343 753	394 065

Kapitlet omfattar:

- tiltak for norske studentar i utlandet
- student- og elevrabatt ved lengre reiser, til dømes med NSB
- tilskott til velferdsarbeid, mellom anna driftstilskott til studentsamskipnadene
- tilskott til studentbarnehageplassar
- tilskott til bygging av studentbustader

Post 70 Tilskott til lengre reiser, *overslagsløyving*

Løyvinga gjeld moderasjon ved lengre reiser for elevar og studentar som nyttar Noregs statsbaner, Hurtigruta og Nord-Noreg-Bussen. Formålet med tilskottsordninga er lågare prisar på lengre reiser for elevar og studentar. Avtalefesta tilskott til NSB BA var om lag 60 mill. kroner i 1999. Tilskottet til Troms Fylkes Dampskibsselskap AS og Nord-Noreg-Bussen er rekna ut som ein del av vanleg billettpris per reisande student eller elev. Det vart totalt utbetalt nærare 70 mill. kroner over post 70 i 1999. For 2001 gjer departementet framlegg om ei vidareføring av løyvingsnivået for 2000.

Post 71 Tilrettelegging av studium i utlandet

Tilskottsordninga skal sikre drifta av studiesentra i utlandet som gir kurs- og velferdstilbod til utlandsstuderande. Det blir gitt tilskott til dei norske studiesentra i Caen, York, Kiel og til Noregs Hus i Paris. I tillegg gir ein midlar til eit samarbeidsprogram med USA (Fulbright-programmet) for at særleg kvalifiserte søkjarar skal kunne stu-

dere ved ein utdanningsinstitusjon i USA. Stipend som Fulbright-programmet gir, skal leggje til rette for studium ved universitet i USA på master- og doktorgradsnivå. Dei norske studiesentra i utlandet skal leggje til rette for at nordmenn kan studere i utlandet. Ordninga må sjåast i samheng med andre tiltak for studium i utlandet, jf. St.meld. nr. 19 (1996-97) og Innst. S. nr. 295 (1996-97). Det blir mellom anna gitt tilbod om språkkurs på studiesentra der studentane kan få støtte av Statens lånekasse for utdanning, jf. omtale under programkategori 07.80. For 2001 gjer departementet framlegg om ei vidareføring av løyvingsnivået for 2000.

Post 73 Tilskott til studentbarnehagar

Direkte statstilskott til drift av studentbarnehagar i regi av studentsamskipnadene blei innført frå budsjettåret 1990. Studentbarnehagane mottek òg tilskott frå Barne- og familiedepartementet som andre barnehagar. Studentbarnehagane skal leggje til rette for betre studiekvalitet for studentar med barn og gjere det mogleg å halde normal studieprogresjon. Dei skal samstundes vere eit supplement til tilbodet i kommunal og privat sektor. I 1999 blei det utbetalt tilskott til om lag 2 350 studentbarnehageplassar. Innan utgangen av 1999 hadde alle samskipnadene etablert studentbarnehage. For 2001 gjer departementet framlegg om ei vidareføring av løyvingsnivået for 2000, og held oppe tilskottet til om lag 2 350 studentbarnehageplassar.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Velferdsarbeidet til studentsamskipnadane skal supplere det generelle velferdstilbodet elles i samfunnet. Det skal vere ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. Målet med tilskottsordninga er å leggje grunnlag for studentvelferd ved utdanningsinstitusjonane og fremme interesser til studentar og elevar. Samla blei det utbetalt om lag 50 mill. kroner i 1999. Av desse blei det utbetalt 1 mill. kroner til nye prosjekt i sosialfagleg rådgivningsteneste. Desse prosjekta vil gå over ein periode på tre år. 38,9 mill. kroner gjekk til 26 studentsamskipnader med om lag 175 000 medlemmer. I tillegg har landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar og elevar teke imot tilskott på om lag 3,5 mill. kroner. Grunntilskottet til studenthelsetenesta utgjorde i overkant av 6 mill. kroner i 1999. For 2001 gjer departementet framlegg om ei videreføring av løyvingnivået for 2000.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

Reglar for finansiering av studentbustader blei endra frå og med budsjetterminen 1999 i samsvar med merknader frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1998-99). Tilskottet utgjer 60 pst. av førehandsgod-

kjende byggjekostnader. Tilskottsordninga skal sikre at ein byggjer studentbustader, og den skal sikre ein rimeleg boligsituasjon for studentar. Ved utgangen av 1999 disponerte studentsamskipnadene om lag 25 500 hybeleiningar. Dette svarer til ein gjennomsnittleg dekningsgrad på om lag 15 pst. I 2000 gav departementet tilsegn om støtte til meir enn 800 nye hybeleiningar fordelt på følgjande stader: Oslo, Akershus, Trondheim, Bergen og Stord. 528 studentboligtilsegner blei i 2000 fordelt til Oslo. Departementet har frå og med 2000 opna for ei høgre øvre kostnadsramme for bygging av studentbustader i pressområder som Oslo, men innanfor tilskottsgrensa på 60 pst. Derfor blei det tildelt totalt 816 bustadtilsegner i 2000 og ikkje 1 000 tilsegner som ein opphavleg gjekk ut frå.

Regjeringa forslår for 2001 å auke løyvinga til studentbustader med om lag 44 mill. kroner. Dette gir ei ramme for nye tilsegn på nærare 246 mill. kroner og gjer rom for å kunne realisere om lag 1 000 studentbustadeiningar i 2001. Studentbustadprosjekter som er starta i Oslo, vil bli prioriterte i fordelinga av bustadtilsegner for 2001.

Det er utarbeida ein handlingsplan for studentbustader mellom anna på bakgrunn av innspel frå samarbeidsorganet for samskipnadene i Noreg, Samskipnadsrådet. Handlingsplanen vil bli lagt fram for studentsamskipnadene i løpet av hausten 2000.

Løyving, ramme og tilsegnfullmakter for studentbustader i 2000-2001

Tilsegnfullmakt per 31. desember 2000	136 000
Ramme for nye tilsegn i år 2001	245 848
Løyving	186 848
Tilsegnfullmakt per 31 desember 2001	196 000

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 196 mill. kroner, sjå forslag til vedtak III nr. 7.

Kap. 0273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	135 476	137 614	149 915
21	Særskilde driftsutgifter		407	407
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 389	5 054	5 142
	Sum kap. 0273	140 865	143 075	155 464

I høve til budsjettet for 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er redusert med 1,1 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Utgiftspost 01 er oppjustert med 1,5 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av inntektspost 02 under kap. 3273.

Kapitlet finansierer drift av:

- Kunsthøgskolen i Oslo
- Kunsthøgskolen i Bergen

Kunsthøgskolen i Oslo er inndelt i avdeling Statens kunstakademi, avdeling Statens handverks- og kunstindustriskole, avdeling Statens balletthøgskole, avdeling Statens operahøgskole og avdeling Statens teaterhøgskole, samt Fellessekretariatet ved Statens balletthøgskole og Statens operahøgskole. Kunsthøgskolen i Bergen er inn-

delt i Avdeling for design, Avdeling for spesialisert kunst og Avdeling kunstakademiet.

Resultatrapport for 1999-2000

Kunsthøgskolen i Oslo har studium innanfor farge, tekstil, klede og kostyme, metall, keramikk, innreiingsarkitektur og møbeldesign, visuell kommunikasjon, grafikk, maleri, skulptur, foto og elektroniske medium. Scenekunstavdelingane utdannar skodespelarar, sceneinstruktørar, dansarar, koreografar og pedagogar innanfor ballett, samt gir utdanning i operafag.

Kunsthøgskolen i Bergen gir undervisning innanfor fotografi, grafikk, keramikk, tekstil, visuell kommunikasjon, interiørarkitektur og møbeldesign, samt todimensjonal og tredimensjonal kunst.

Studenttal i 1999

Institusjon/avdeling	Opptak	Måltal studentar	Registrerte studentar ¹
<i>Kunsthøgskolen i Oslo</i> ²			
Avdeling Statens handverks- og kunstindustrihøgskole	124	265	319
Avdeling Statens kunstakademi	31	105	94
Avdeling Statens teaterhøgskole	8	30	31
Avdeling Statens balletthøgskole	18	40	46
Avdeling Statens operahøgskole	4	12	11
Sum Kunsthøgskolen i Oslo	185	452	501
<i>Kunsthøgskolen i Bergen</i>			
Avdeling for design	42	95	91
Avdeling for spesialisert kunst	46	100	109
Avdeling kunstakademiet	15	60	59
Sum Kunsthøgskolen i Bergen	103	255	259
Sum kunsthøgskolar	288 ³	707	760 ⁴

¹ Av dei registrerte studentane var 67 pst. ved Kunsthøgskolen i Oslo og 70 pst. ved Kunsthøgskolen i Bergen kvinner.

² I tillegg har høgskolen hospitanter.

³ Av desse er 93 tekne opp til hovudfag.

⁴ Av desse er 152 registrerte på hovudfag.

Kjelde: Kjelde for registrerte studentar og opptak: DBH.

Kunsthøgskolen i Oslo oppfylte i 1999 målalet for studentar samla sett. Målalet var oppfylt ved avdeling Statens handverks- og kunstindustri-

skole, avdeling Statens teaterhøgskole og avdeling Statens balletthøgskole.

Samla sett var målalet for studentar oppfylt ved Kunsthøgskolen i Bergen i 1999. På grunn av

for låge opptakstal gjennom ei årrekke ved tidlegare avdeling Statens høgskole for kunsthånd-

verk og design har kunsthøgskolen ikkje oppfylt målalet for Avdeling for design i 1999.

Kandidattal i 1999

Institusjon/avdeling	Måltal kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
<i>Kunsthøgskolen i Oslo</i>		
Avdeling Statens handverks- og kunstindustrihøgskole	106	102
Avdeling Statens kunstakademi	25	21
Avdeling Statens teaterhøgskole	10	10
Avdeling Statens balletthøgskole	13	17
Avdeling Statens operahøgskole	4	4
Sum Kunsthøgskolen i Oslo	158	154
<i>Kunsthøgskolen i Bergen</i>		
Avdeling for design	34	32
Avdeling for spesialisert kunst	36	31
Avdeling kunstakademiet	15	13
Sum Kunsthøgskolen i Bergen	85	76
Sum kunsthøgskolar	243	230 ¹

¹ Av desse er 60 hovudfagskandidatar.

Kjelde: for uteksaminerte kandidatar: DBH.

Kunsthøgskolen i Oslo oppfylte ikkje målalet samla sett for kandidatar i 1999. Målalet var ikkje oppfylt for avdeling Statens handverks- og kunstindustriskole og avdeling Statens kunstakademi. Kunsthøgskolen i Bergen oppfylte ikkje målalet for nokon av avdelingane.

Våren 2000 blei det laga ein rapport om økonomien ved kunsthøgskolane i perioden 1990 til 1999. Rapporten viste at begge kunsthøgskolane har hatt ein realvekst i budsjetttrammene i denne perioden. Rapporten viste i tillegg at Kunsthøgskolen i Oslo hadde større ressursar per student enn Kunsthøgskolen i Bergen i perioden.

Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen bad i Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000) Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet om å setje i verk ein gjennomgang av samanslåinga av dei to kunsthøgskolane sett i forhold til måla og intensjonane i reforma. Departementet har i 2000 henta inn fråsegn om erfaringane med samanslåinga frå dei to kunsthøgskolane. Fråsegna vil danne grunnlag for departementet si vidare vurdering.

Ei arbeidsgruppe nedsett av departementet la i 1999 fram ei utgreiing om den faglege organiseringa av norsk kunstutdanning. Arbeidsgruppa var bedt om å gjere ein heilskapleg analyse av

utdanningsløpa frå grunnskolenivå til høgre utdanning. I utgreiinga blei det foreslått at hovudstrukturen for kunstutdanningane blei 4 + 2 år med cand.mag.-grad etter avslutta 4-årig profesjonsutdanning og med 2-årig hovudfag. Utvalet tilrådde òg at det blir etablert ein eigen doktorgrad for kandidatar med profesjonsutdanning av kunstnarleg-estetisk karakter der sjølve kunstutøvinga står i sentrum. Etter høring vinteren 2000 vil departementet ta stilling til korleis dei mange forslaga i utgreiinga skal følgjast opp.

I samband med Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 39 (1998-99) Forsking ved et tidsskille foreslo Kunsthøgskolen i Oslo, Kunsthøgskolen i Bergen og Noregs musikkhøgskole eit program for FoU-midlar til kunstnarleg utviklingsarbeid ved kunstutdanningsinstitusjonane. Stortinget bad departementet vurdere forslaget under arbeidet med den langsiktige strategien for høgre kunstutdanning i Noreg. Ei arbeidsgruppe i regi av dei tre institusjonane vil hausten 2000 konkretisere forslaget om eit program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Departementet vil ta stilling til spørsmålet om tildeling av stipendiatstillingar til kunstnarleg utviklingsarbeid når innstillinga frå arbeidsgruppa ligg føre.

Kunsthøgskolen i Oslo

Kunsthøgskolen oppretta i 1999 eit eige FoU-utval som skal planleggje eit FoU-program for våren og hausten 2000. Til saman seks tilsette ved avdeling Statens handverks- og kunstindustriskole har teke del i organiserte doktorgradsstudium, fem ved Arkitekthøgskolen i Oslo og ein ved Universitetet i Oslo. To av desse stipenda er finansierte gjennom Noregs forskingsråd, dei andre er internt finansierte. Dei tilsette ved høgskolen har publisert 15 faglege avhandlingar og artiklar, delteke i produksjon av elleve lærebøker og delteke på 40 innlandske og ti utanlandske utstillingar. Av offentlege utsmykkingsoppdrag, kan nemnast utsmykking av Sentralsjukehuset i Akershus (Psykiatrisk avdeling), DMW-bygget på Aker Brygge, Tukthuskvartalet i Oslo, det nye Rikshospitalet, Utanriksdepartementet og ARD-Hauptstadtstudio i Berlin. Med støtte frå Utanriksdepartementet har kunsthøgskolen planlagt eit etterutdanningstilbod med siktemål å undersøkje kunsten og kulturen si rolle i førebygging av konflikhtar.

Kunsthøgskolen i Bergen

Kunsthøgskolen i Bergen starta i 1999 opp eit arbeid med klarare fokusering på FoU-arbeidet på tvers i institusjonen. Resultata av dei første forprosjekta blei publiserte våren 2000. Kunsthøgskolen har inngått ein intensjonsavtale med Universitetet

i Bergen om eit samarbeid innanfor dr.art.-programmet ved Det historisk-filosofiske fakultet. Avdeling for design og Avdeling for spesialisert kunst arrangerte i samarbeid med Vestlandske kunstindustrimuseum utstillinga «Take off», som presenterte arbeida til hovudfagskandidatane. Avdeling kunstakademiet viste diplomarbeid av avgangsstudentane i utstillinga «Buzzworld» i samarbeid med Bergen kunstforeining. Kunsthøgskolen sette i verk ny administrativ bemanningsplan frå 1. januar 1999 og har samla alle administrative ressursar på fellesnivået.

Resultatmål for 2001

Kunsthøgskolane skal vere i front på sine fagområde. Som ein følge av samorganiseringa av dei tidlegare kunstfaglege høgskolane er det forventa eit breiare og styrkt kunstfagleg miljø ved dei nye institusjonane. Departementet føreset dessutan at samorganiseringa skal gi effektiviseringsgevinstar.

Departementet ser det som viktig at kunsthøgskolane framleis styrkjer sitt internasjonale engasjement, mellom anna gjennom deltaking i samarbeidsprogram.

Departementet føreset at høgskolane held oppe nivået på den oppdragsverksemda som blir rekneskapsført over statsbudsjettet. Følgjande måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar vil bli lagde til grunn for 2000 og 2001:

Måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar

Institusjon/avdeling	Måltal studentar		Måltal kandidatar	
	2000	2001	2000	2001
<i>Kunsthøgskolen i Oslo</i>				
Avdeling Statens handverks- og kunstindustrihøgskole	265	265	106	106
Avdeling Statens kunstakademi	105	105	25	25
Avdeling Statens teaterhøgskole	30	30	10	10
Avdeling Statens balletthøgskole	40	40	13	13
Avdeling Statens operahøgskole	12	12	4	4
Sum Kunsthøgskolen i Oslo	452	452	158	158
<i>Kunsthøgskolen i Bergen</i>				
Avdeling for design	95	95	35	36
Avdeling for spesialisert kunst	100	100	37	38
Avdeling kunstakademiet	60	60	15	15
Sum Kunsthøgskolen i Bergen	255	255	87	89
Sum kunsthøgskolar	707	707	245	247

Budsjettforslag for 2001

Stortinget vedtok i Innst. S. nr. 220 (1999-2000) ein auke på 6,5 mill. kroner på kap. 273 post 01, fordelte med 3 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Oslo og 3,5 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Bergen. Desse midlane er førte vidare i budsjetta til høgskolane med same fordeling i 2001. Kunsthøg-

skolen i Oslo hadde i 1998 eit underskott som høgskolen blei pålagd å spare inn i 1999 og 2000. Da det ikkje lenger ligg føre noko krav om innsparring, er budsjettramma til høgskolen oppjustert med kr 936 000.

Budsjettramma til Kunsthøgskolen i Bergen er redusert med om lag 1,4 mill. kroner som følgje av lågare husleigeinnbetaling i 2001.

*Post 01 Driftsutgifter**Fordeling av driftsmidlar og inntektsbeløp*

Institusjon	Kap. 273, post 01	Kap. 273, post 21	Kap. 3273, post 01	Kap. 3273, post 02
Kunsthøgskolen i Oslo	101 263	205	218	2 903
Kunsthøgskolen i Bergen	48 652	202	212	1 332
Sum	149 915	407	430	4 235

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3273 postane 02 og 06, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsmidlar til oppdragsforskning som blir finansiert av inntekter under kap. 3273 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3273 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten gjeld løyving til vitskapleg utstyr og til kjøp av utstyr og inventar til bygg, samt større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid.

Sommaren 1999 blei det inngått ein avtale med ein privat utbyggjar om lokale til Kunsthøgskolen i Oslo på Seilduksfabrikken ved Akerselva. Avtalen inneber gjennomføring av byggetrinn 1, som skal romme dei tre scenekunstavdelingane. Avtalen inneheld også ein opsjon på byggetrinn 2, som skal romme avdeling Statens handverks- og kunstindustriskole og avdeling Statens kunstakademi. Departementet vil ikkje nytte seg av denne opsjonen.

Departementet arbeider med å finne løysingar for samlokalisering av Kunsthøgskolen i Bergen.

Kap. 3273 Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag		430	430
02	Salsinntekter o.a.	5 258	2 612	4 235
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	575		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	275		
	Sum kap. 3273	6 108	3 042	4 665

I høve til budsjettet for 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Inntektspost 02 er oppjustert med 1,5 mill. kroner, jf. parallell oppjustering av utgiftspost 01 under kap. 273.

På post 02 skal det, utanom salsinntekter frå sal av materiell til studentar m.m., først leigeinntekter som skal dekkje reingjering, vakthald og andre

utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan først på post 02.

Kap. 0274 Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	5 111 246	5 177 761	5 360 305
21	Særskilde driftsutgifter	253 575	217 361	237 361
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	185 617	163 013	247 266
70	Tilskott	6 721	6 909	7 116
Sum kap. 0274		5 557 159	5 565 044	5 852 048

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Utgiftsløyvingane på postane 01 og 21 er oppjusterte med respektive 10 mill. kroner og 20 mill. kroner, sjå ein parallell auke i inntektsløyvinga under kap. 3274 postane 01 og 02.
- Post 01 er nedjustert med 54 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemdar frå 2000.

Kapitlet omfattar:

- drift av 26 statlege høgskolar
- kurs i regi av Noregsnettrådet sekretariat
- tilskott til Ole Bull-akademiet på Voss
- tilskott til Høgskolestiftelsen på Kjeller
- tilskott til Det norske studiesenteret i Storbritannia

Resultatrapport 1999-2000

Hausten 1999 var det registrert totalt 74 844 studentar ved dei statlege høgskolane. I 1998 var tilsvarende tal 74 985. Tala for registrerte studentar viser ein god kapasitetsutnytting trass i ein ned-

gang i talet på søkjarar frå 1998 til 1999. Tabellen nedanfor gir ein oversikt over måltal og registrerte studentar ved dei enkelte institusjonane i 1999.

Samla blei det i 1999 teke opp 34 401 studentar til dei ulike tilboda ved høgskolane. I 1998 var det tilsvarende talet 34 396 studentar. Ved dei prioriterte helse- og sosialfaglege utdanningane samsvarer opptaket med måltalet for 1999. Opptaket til førskolelærerutdanninga er derimot redusert med om lag 670 studentar frå 1998 til 1999, som følgje av søkjarsvikt. Dette er mellom anna kompensert ved ei mellombels omdisponering av studieplassar til allmennlærerutdanning, faglærerutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning. Opptaket til ingeniøruddanningane ligg framleis lågt og er noko redusert i forhold til 1998. Tabellen nedanfor gir ein oversikt over kandidat- og opptakstall for dei ulike utdanningane.

Det er i 1999 registrert 17 259 kandidatar og til saman 7 994 årseksamenar innanfor dei ulike studia/faga ved høgskolane. Kandidatproduksjonen i 1999 har auka noko samanlikna med 1998.

Oversikt over kandidat- og opptakstal fordelte på kategoriar for utdanning¹

Kategoriar for utdanning	Registrert kandidattal 1999	Registrert opptakstal 1999 ²	Måltal opptak 1999	Måltal opptak 2000 ³
Sjukepleiarutdanning	2 837	3 617	3 459	3 459
Fysioterapiutdanning	246	324	303	303
Ergoterapiutdanning	159	201	178	178
Bioingeniøruddanning	208	257	239	239
Radiografutdanning	81	184	164	204 ¹⁰

Kategoriar for utdanning	Registrert kandidattal 1999	Registrert opptakstal 1999 ²	Måltal opptak 1999	Måltal opptak 2000 ³
Reseptarutdanning	22	65	60	60
Audiografutdanning	14	21	20	20
Vernepleiarutdanning	587	802	799	799
Sosionomutdanning	646	749	657	657
Døvetolkutdanning	11	17	32	32
Tannpleiarutdanning	8	14	12	12
Tannteknikarutdanning		24	30	30
Barneverns pedagogutdanning	603	695	648	640 ¹¹
Allmennlærerutdanning	1 902	3 066	2 645	2 645
Førskolelærerutdanning	2 253	1 766	2 710	2 680
Bibliotekutdanning	74	125 ⁹	136	136
Journalistutdanning ⁴	162	200	185	200 ¹²
Ingeniørutdanning	1 758	3 135	3 519	3 519
Maritim utdanning	83	185	245	245
Sivilingeniørutdanning	201	379	475	475
Siviløkonomutdanning	228	299	216	216
Ortopediingeniørutdanning ⁵	0			
Faglærerutdanning	259	331		
Praktisk-pedagogisk utdanning	744	698		
Høgskolekandidatutdanning ⁶	3 050	5 413		
Hovudfag	98	310		
Examen philosophicum	567	389		
Årseining/Grunnfag/Halvårseining/ Mellomfagstillegg/Vidareutdanning ⁷	7 994	10 443		
Anna ⁸	458	692		

¹ I tillegg er det registrert studentar ved enkelte av dei nemnde utdanningskategoriar på private høyskolar, universitet og vitenskaplege høyskolar.

² Tal for opptak er tal for heiltidsekvivalentar på heiltid og ikkje tal for personar.

³ Ved fastsetjing av måltal for opptak er det ikkje teke omsyn til løyve for mellombels omdisponering av studieplassar. Departementet fastset ikkje måltal for ortopediingeniørutdanning, faglærerutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning, høgskolekandidatutdanning, hovudfag, examen philosophicum, årseiningar, grunnfag, halvårseiningar, mellomfagstillegg og vidareutdanningar.

⁴ Tala inkluderer fotojournalistutdanninga med opptak annakvart år.

⁵ For ortopediingeniørutdanninga er det berre opptak kvart tredje år.

⁶ Høgskolekandidatutdanning er to- og treårige utdanningar som gir rett til tittelen høgskolekandidat, men denne kategorien omfattar også fleirårige grunnutdanningar som ikkje gir denne retten, og som elles ikkje er spesifisert som yrkesutdanningar eller tilhører kategorien vidareutdanning.

⁷ Kandidattal for kategorien årseining/grunnfag m.m. er rekna om til årseksamen (avlagde 20-vektlauseiningar).

⁸ Kategorien «anna» omfattar kurs som ikkje er på høyskolenivå.

⁹ Talet omfattar nye studentar til 1. år på det toårige påbyggingsstudiet på grunnfaget

¹⁰ Inkluderer opptak av 20 heiltidsekvivalentar i eit prøveprosjekt med radiografutdanning på Gjøvik.

¹¹ Målalet for opptak er redusert ved Høgskolen i Oslo.

¹² Inkluderer opptak av 15 studentar til toårig journalistutdanning som prøveprosjekt ved samisk høyskole.

Kjelde: For registrerte kandidattal og registrerte opptakstal: DBH

Oversikt over student- og kandidattal/årseksamenar

Høgskole	Måltal studentar 1999	Registrerte studentar 1999 ¹	Måltal studentar 2000 ²	Registrerte kandidattal 1999	Avlagte årseksamenar 1999
Sámi allaskuvla/ Samisk høgskole	165	122	165	10	50
Agder	6 099	6 194	6099	1 391	726
Akershus	2 008	2 142	1970	566	375
Bergen	4 674	4 833	4676	1 108	276
Bodø	3 293	3 546	3258	722	360
Buskerud	1 926	1 936	1941	343	238
Finnmark	1 927	1 716	1922	403	283
Gjøvik	1 382	1 280	1372	241	78
Harstad	1 114	860	1 154	196	123
Hedmark	3 782	3 801	3 787	715	345
Lillehammer	1 910	1 833	1 880	499	467
Molde	1 399	1 356	1 404	233	147
Narvik	882	934	882	155	12
Nesna	947	941	937	151	166
Nord-Trøndelag	2 943	2 707	2 995	601	326
Oslo	8 172	8 191	8 237	1 977	751
Sogn og Fjordane	2 453	2 263	2 463	436	267
Stavanger	6 182	5 966	6 177	1 536	664
Stord/Haugesund	2 066	1 974	2 041	495	78
Sør-Trøndelag	5 474	5 468	5 526	1 474	343
Telemark	4 297	4 067	4 287	901	597
Tromsø	2 289	2 268	2 325	485	176
Vestfold	2 647	2 769	2 642	472	260
Volda	2 191	2 184	2 176	473	453
Østfold	3 586	3 684	3 581	966	390
Ålesund	1 227	1 113	1 217	252	43
Delsum	75 035	74 145	75 114	16 801	7 994
Anna ³	594	699	598		458
Sum	75 629	74 844 ⁴	75 712	16 801	8 452

¹ Inkluderte i tala er 533 heiltidsekvivalentar som svarar til høgskolane sin del av eksternt finansierte studentar.

² Ved ein feil blei måltala for høgskolane i Oslo, Volda og Østfold for 2000 ikkje oppgitte riktig i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Tala er her retta opp.

³ Omfattar mellom anna etterutdanningsplassar for lærarar, enkelte plassar i desentralisert vernepleiarutdanning samt plassar i forkurs oppretta hausten 1993 som eit ledd i sysselsetjingspolitikken.

⁴ Dei statlege høgskolane hadde i tillegg 5 302 heiltidsekvivalentar som er 100 pst. eksternt finansierte i 1999. Desse er ikkje tekne med i tala.

Undervisning

Dei statlege høgskolane har ulike typar fleirårige yrkesretta utdanningar, fagstudium med ei lengd på eit halvt til eit og eit halvt år, og ei rekkje vidareutdanningstilbod. Nokre høgskolar har òg hovudfagstilbod på særskilde fagfelt, og enkelte har sivilingeniør- eller siviløkonomutdanning. I tillegg har tre høgskolar rett til å tildele doktorgrad innanfor bestemte fagområde.

I perioden 1997 til 1999 har tildeling av studieplassar innanfor helse- og sosialfag og IT-utdanningar vore prioriterte. For helse- og sosialfagutdanningar, som for eksempel vernepleiar-, sjukepleiar-, reseptar- og radiografutdanning har opptakskapasiteten auka med respektive 52 pst., 9 pst., 87 pst. og 32 pst. i perioden.

I 1999 blei det oppretta 600 nye studieplassar innanfor sjukepleiar-, vernepleiar-, radiograf- og reseptarutdanningane for å føre vidare det auka opptaket frå 1998, jf. Handlingsplanen for helse- og omsorgspersonell (1998-2001) og St.prp. nr. 61 (1997-98) Om den nasjonale kreftplanen. I tillegg blei det oppretta 30 studieplassar på tannteknikarutdanning ved Høgskolen i Oslo. For å føre vidare opptakskapasiteten vart det oppretta like mange nye studieplassar innanfor helse- og sosialfag i 2000. I tillegg blei kapasiteten på radiografutdanninga ved Høgskolen i Sør-Trøndelag utvida med 20 studieplassar i 2000. For å auke kapasiteten på radiografutdanninga ytterlegare har departementet i samarbeid med Sosial- og helsedepartementet etablert ei mellombels grunnutdanning i radiografi ved Høgskolen i Gjøvik med Høgskolen i Bergen som fagleg ansvarleg. Det vil bli teke opp to kull studentar i perioden 2000-2006.

Ny rammeplan for sjukepleiarutdanning med pasientretta praksis vil bli innført frå hausten 2000, jf. Innst. S. nr. 54 (1999-2000). Den nye rammeplanen inneber ein auke i omfanget av ekstern praksis frå 20 til 25 vektall. Vidare vil dei medisinsk-naturvitskaplege emna bli styrkte. Departementet viser til ytterlegare omtale under budsjettforslaget for 2001.

Som ei oppfølging av utgreiinga frå Noregsnettrådet av alternative modellar for framtidig utdanning av radiografar og stråleterapeutar blir det lagt opp til at dei bedriftsinterne vidareutdanningane i stråleterapi blir overførte til høgskolane i 2000/2001. Studiet blir organisert som eit oppdragsstudium og blir organisert i modular.

Reseptarutdanninga ved Høgskolen i Oslo er i 2000 utvida frå 2,5 til 3 år.

For å dekkje behovet i arbeidsmarknaden for IT-personell blei opptakskapasiteten ved ingeniør-

og sivilingeniørutdanninga auka med respektive 2 pst. og 14 pst. i perioden 1997 til 1999. Samstundes blei opptakskapasiteten innanfor 2- og 3-årige høgskolekandidatutdanningar i IT auka med 295 studieplassar.

I 1999 blei det oppretta 200 nye studieplassar innanfor IT-høgre grad, 105 studieplassar på 2- og 3-årige IT-utdanningar og 75 studieplassar på 3-årig dataingeniørutdanning for å føre vidare det auka opptaket frå 1998. I 2000 er det oppretta 105 nye studieplassar for å føre vidare opptakskapasiteten.

Det har i fleire år vore problem med å rekruttere studentar til ingeniørutdanninga. Høgskolane driv framleis aktiv rekruttering i samarbeid med arbeids- og næringslivet, og ei rekkje høgskolar tilbyr eigne forkurs for søkjarar som ikkje har god nok realfagleg bakgrunn for opptak. Det er likevel registrert ledig kapasitet ved ei rekkje ingeniørutdanningar.

Opptakskapasiteten innanfor allmennlærerutdanninga auka i 1999 som følgje av permanent omdisponering av studieplassar frå faglærerutdanning til linjeorganisert allmennlærerutdanning i naturfag ved Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Telemark. Vidare blei det omdisponert studieplassar frå førskolelærerutdanninga til ein ny faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag ved høgskolane i Tromsø, Telemark og Nesna i 1999. Høgskolen i Stord/Haugesund har omdisponert 30 studieplassar til etablering av faglærerutdanning i praktisk-estetiske fag hausten 2000. Departementet vil hausten 2000 arrangere eigne høringsmøte om allmennlærer- og førskolelærerutdanningane, sjå omtale under programkategori 07.60.

Våren 2000 fastsette departementet mellombels rammeplan for 3-årig yrkesfaglærerutdanning i fem fagretningar, sjå omtale tidlegare. Departementet vil leggje til rette for evaluering av utdanninga og vil vente med å etablere andre fagretningar til ei slik evaluering ligg føre. Den nye yrkesfaglærerutdanninga ved høgskolane i Akershus, Bergen, Finnmark og Narvik frå hausten 2000 er i hovudsak etablert ved omdisponering frå den tidlegare faglærerutdanninga i ernærings-, helse og miljøfag.

Praktisk-pedagogisk utdanning er mellombels etablert ved Høgskolen i Telemark frå hausten 2000, og allmennlærerutdanninga ved Høgskolen i Buskerud startar hausten 2001, sjå omtale under budsjettforslag for 2001.

I samsvar med St.meld. nr. 12 (1999-2000) «...og yrke skal båten bera...» har departementet lagt til rette for at høgskolane i Oslo og Nesna kan

gi oppfølgingstilbod for nyutdanna lærarar som ei forsøksordning. Som ein del av oppfølginga av St.meld. nr. 12 (1999-2000) har departementet sett av 30 mill. kroner årleg til ei 4-årig satsing på IKT i lærarutdanninga, sjå omtale under kap. 281.

NOU 2000: 3 Samisk lærarutdanning har vore på høring, og departementet vil på bakgrunn av høringsfråsegnene, mellom anna frå Sametinget, vurdere vidare oppfølging av utgreiinga.

Departementet har som i 1998 og 1999 lagt vekt på kompetanseheving av fagpersonalet ved lærarutdanningsinstitusjonane, mellom anna ved tiltak organiserte av Noregsnettrådet.

I 2000 er det etablert eit senter for kompetanseutvikling i den fleirkulturelle skolen ved Høgskolen i Oslo. Senteret skal leggje til rette for kompetanseutvikling knytt til opplæring for språklege minoritetar på alle nivå i skolen. Ordninga med kurs i norsk fagspråk for minoritetsspråklege studentar er evaluert i 2000 og vil bli ført vidare på permanent basis ved Høgskolen i Oslo.

Talet på fleksible studietilbod i form av fjernundervisnings- og desentraliserte studietilbod har auka monaleg frå 1998 til 1999, sjå omtale under programkategori 07.60. Dette har ført til ei geografisk spreiding av kapasiteten på ei rekkje prioriterte utdanningstilbod, samstundes som søkinga til studium med rekrutteringsproblem har blitt betre. I 2000 er det fordelt 30 mill. kroner på dei statlege høgskolane for å dekkje meirkostnadene ved desentraliserte og/eller fjernundervisningstilbod. Ein del av desse midlane har gått til utvikling av studietilbod for arbeidarar som er sagt opp eller permitterte ved offshoreverfta i leverandørindustrien. Yrkesutdanningar der det er mangel på personell i distrikta, har vore prioriterte ved fordeling av midlane.

Departementet har i 1999 og 2000 ført vidare arbeidet med å få lik gradsnemning på utdanningar som blir tilbydde på same faglege nivå. Det er godkjent at følgjande grader blir innførde ved dei statlege høgskolane: cand.scient. for hovudfag i informatikk ved Høgskolen i Østfold og cand.polit. for hovudfag i profesjonskunnskap ved Høgskolen i Bodø og cand.philol. for hovudfag i dramapedagogikk ved Høgskolen i Bergen. Høgskolane i Oslo og Hedmark har fått godkjenning for å tildele tittelen kommunalkandidat for treårig utdanning i kommunale fag. Høgskolen i Stavanger har fått godkjenning for å tildele tittelen cand.polit. for hovudfag i spesialpedagogikk.

Departementet godkjende i 1999 prøveordningar med opptak til treårig studieløp i økonomisk-administrative fag ved høgskolane i Finnmark, Hedmark, Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag.

Som eit ledd i prøveordninga skal høgskolane ha ei fortløpande evaluering av ordninga. Departementet har i 2000 godkjent at det blir sett i gang toårig journalistutdanning ved samisk høgskole som ei prøveordning. Studiet skal dekkje det store behovet for samiskspråklege journalistar. Prøveordninga omfattar opptak av eit kull studentar hausten 2000, og utdanninga vil bli evaluert etter at studentane har gjennomført studieløpet. Høgskolen i Telemark har fått godkjenning for å etablere nytt hovudfag i helse- og miljøvern frå 2000.

Fleire høgskolar har i 2000 fått dispensasjon for tidsavgrensa forsøksordningar med opptak etter realkompetanse, sjå omtale under programkategori 07.60. Ei rekkje institusjonar har òg fått dispensasjon for tidsavgrensa forsøksordningar av pedagogisk og organisatorisk karakter.

For framtidig organisering av kunst- og musikkutdanningane viser vi til omtale under programkategori 07.60.

Studiegjennomføring

Gjennomstrøyminga av studentar er generelt sett god ved dei statlege høgskolane. Oversikt over avlagde vektal viser at det gjennomsnittleg ble avlagt 16,5 vektal ved dei statlege høgskolane i 1999. Tilsvarende tal for universiteta låg på 11,3, sjå omtale under programkategori 07.60. Talet for uteksaminerte kandidatar på fagområde og tal for avlagde vektal viser likevel at studiegjennomføringa varierer mellom fag og institusjonar. Innanfor dei prioriterte profesjonsutdanningane samsvarer kandidatproduksjonen med måltalet, med unntak av ingeniørutdanningane og einskilde sosial- og helsefaglege utdanningar.

Omfordeling av ressursar

Sidan 1997 har departementet omfordelt midlar mellom dei statlege høgskolane for å jamne ut skilnader i løyving som ikkje er grunngitte i ulike utgiftsbehov, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (1996-1997) og St.prp. nr. 1 (1996-97). Departementet har lagt vekt på at omfordelinga av ressursar skal skje gradvis og over tid slik at institusjonane kan tilpasse seg endra budsjетtrammer. Dei årlege omfordelingane har derfor vore avgrensa til to pst. av driftsramma for dei aktuelle institusjonane.

I 2000 blei det omfordelt totalt 15 mill. kroner mellom dei statlege høgskolane etter kriterium omtalte i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Omfordelinga av midlar har ført til ei utjamning av løyvingsskilnadene i den statlege høgskolesektoren. Det er

framleis skilnader i løyving mellom institusjonane, men modellen som har vore nytta for omfordeling av midlar, viser at skilnadene som ikkje er grunngitte i ulike utgiftsbehov er blitt marginaliserte. Departementet finn derfor ikkje grunnlag for å halde fram med omfordelinga av midlar mellom dei statlege høgskolane i 2001.

Det blei vidare fordelt 5 mill. kroner mellom dei statlege høgskolane i samband med dei resultatbaserte tildelingane i 2000. Midlane vart fordelt på institusjonane etter talet på uteksaminerte kandidater ved sjukepleiar- og allmennlærerutdanninga.

Effektivitet og produktivitet i den statlege høgskolesektoren

Som ei oppfølging av St.meld. nr. 26 (1998-99) Om økonomien i den statlege høgskolesektoren har departementet lagt opp til å fortsette analysearbeidet av ulike økonomiske forhold i høgskolesektoren. Frischsenteret for samfunnsøkonomisk analyse har i samband med dette fått i oppdrag å gjennomføre ein effektivitets- og produktivitetsstudie av den statlege høgskolesektoren. Undersøkinga skal gi eit breiare datagrunnlag over ein lengre tidsperiode enn førre undersøking, jf. SNF-rapport 14/98. For ytterlegare omtale viser vi til programkategori 07.60.

FoU-verksemnd

Dei statlege høgskolane har ei særskild oppgåve i høve til kompetanseutvikling og nyskapinge verksemnd i regionane. På enkelte område har høgskolane i tillegg eit nasjonalt ansvar for å utvikle spesialkompetanse av høg standard, for eksempel knytt til yrkesutdanningar og tildelte knutepunkt-funksjonar. Dette kan også krevje grunnforskning. Det er ei målsetjing at alle landsdelane skal ha institusjonar som kan bidra med FoU og kunnskapsoppbygging.

Ei samanlikning av FoU-utgifter i sektoren viser at om lag 9 pst. av dei samla ressursane er knytte til FoU-verksemnd ved dei statlege høgskolane og kunsthøgskolane, sjå omtale under programkategori 07.60. Det er vidare store variasjonar i omfanget av FoU-verksemnda mellom høgskolar og mellom ulike fagområde. Det blir forska mest ved dei økonomisk-administrative faga og samfunnsfag, mens det blir forska minst innanfor ingeniørfaga. Dette har mellom anna samanheng med at dei forskjellige institusjonane har ulik aktivitetsprofil, og at kompetansenivået til dei fagleg tilsette er ulik. Fleirtalet av høgskolane har no

utarbeidd eigne FoU-strategiar for å utvikle ein profil på dette området. Høgskolane har også etablert særskilde kompetansehevingstiltak for personalet.

Noregs forskingsråd har ein strategi for FoU-verksemnda ved dei statlege høgskolane som bygger på deira rolle når det gjeld regional næringsutvikling og utvikling av profesjonsutdanningar. Forskringsrådet har som eit delprogram under BRO-programmet (Brobygging mellom næringsliv og forskning) etablert SMB, eit program der høgskolane medverkar med fagleg rettleiing av kandidatar i små og mellomstore bedrifter. Forskringsrådet vil frå 2001 etablere eit nytt delprogram under BRO-programmet- SMB-høgskole. SMB-høgskole skal vere ein ekstra stimulans og pådrivar for utviklinga til dei statlege høgskolane av nye næringsretta tiltak og samarbeidsmodellar overfor det regionale næringslivet – og særleg SMB. Prosjektet er primært retta mot ei institusjonell og strategisk endring i høgskolane.

Forskringsrådet etablerte i 1999 KUPP-programmet: Kompetanseutvikling i profesjonsutøvelse og profesjonsutdanning. Satsinga femner både helse- og sosialfag og skoleretta forskning, med særleg vekt på fag- og yrkesdidaktikk. Dette er område der høgskolane har særlege føresetnader. Eit hovudmål med satsinga er å styrkje kompetansegrunnlaget for kunnskapskrevjande tenesteyting. Det er derfor viktig å setje søkjelyset på praksisfeltet og samarbeid med den regionale helse- og skolesektoren.

Eksternt finansiert verksemnd

Statsrekneskapan for 1999 viser at om lag 4,8 pst. av dei totale driftsutgiftene ved høgskolane er knytte til eksternt finansiert verksemnd. Dette er ein liten auke frå 1998 og 1997.

For høgskolane under dette kapitlet var det hausten 1999 registrert i alt 5 302 eksternt finansierte kursstudentar, omrekna til heiltidsekvivalentar. Desse kursstudentane er ikkje inkluderte i tabellen med oversikt over student- og kandidat-tal/årseksamen ved dei statlege høgskolane.

Internasjonalisering

Alle dei statlege høgskolane er i ulik, men aukande grad engasjerte i internasjonalt samarbeid innanfor forskning og undervisning. Det har vore størst auke innanfor student- og lærarutveksling.

Ein viktig del av internasjonaliseringa ved dei statlege høgskolane er dei europeiske utdan-

ningsprogramma SOKRATES og LEONARDO DA VINCI i regi av EU og Nordisk Ministerråd NORPLUS. Også innanfor forskning er ein vesentleg del av det formelle samarbeidet retta mot europeiske institutt.

Bygg og lokale

Forslag til løyvingar til bygg for universitet og vitenskaplege høgskolar blei frå 1998 førte på kap. 1580 Bygg utanfor husleigeordninga over budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Bygg innanfor husleigeordninga blir førte på kap. 2445 Statsbygg.

Stortinget bad i Innst. S. nr. 220 (1999-2000) Regjeringa gi ein status for gjennomføring og finansiering av byggeprosjekta i høgskolesektoren.

I 1999 blei to byggeprosjekt i høgskolesektoren avslutta: lokale for lærar- og sjukepleiarutdanningane ved Høgskolen i Nord-Trøndelag og nytt høgskolebygg for Høgskolen i Ålesund.

Dei statlege høgskolane innanfor husleigeordninga betalar husleige til Statsbygg for lokala. Den årlege husleiga blir rekna til om lag 10 pst. av byggekostnadene. Byggeprosjekt må normalt bli fremma overfor Stortinget, men Statsbygg har likevel fullmakt til å setje i verk enkeltprosjekt innanfor gitte rammer. Mindre prosjekt innanfor hus-

leieordninga kallast «Kurantprosjekt» dersom departementet eller brukarinstitusjonen kan skaffe inndekning for husleigebeløpet.

I oversikta over byggeprosjekta i høgskolesektoren nedanfor, er prosjekta grupperte etter kor langt dei er komne i prosessen, samt om byggebehovet er grunna i samlokalisering, utviding/nybygg eller renovering/ombygging. Prosjekta er elles ordna alfabetisk. Byggeprosjekt med ei brutto arealramme lågare enn 1 000 m² er ikkje med i oversikta. Fleire av prosjekta er under behandling. Enkelte av prosjekta vil derfor kunne endre plassering i høve til grupperinga i det følgjande.

Nybygg ved Høgskolen i Telemark og Høgskolen i Agder samt ombyggingar ved Høgskolen i Sør-Trøndelag blir stilte ferdig i 2000. Nybygg ved Høgskolen i Agder, der verksemda ved høgskolen skal samlokalisert til Gimlemoen, er planlagt ferdigstilt i 2001.

Prosjekt der husleigekostnader skal dekkjast innanfor ordinær budsjettamme:

Følgjande prosjekt innanfor husleigeordninga er såkalla «kurante prosjekt», der departementet eller brukarinstitusjon dekkjer husleigekostnadene innanfor ordinær budsjettamme. Prosjekta er ordna alfabetisk.

Prosjekt	Brutto areal i m ² , anslag	Merknader
Høgskolen i Hedmark:		
Nybygg Hamar, undervisning, læringssenter, bibliotek og kontor	2 600	Evaluering av prosjektkonkurranse pågår. Prosjektet skal vere gjennomført sommaren 2002.
Hamar	3 500	Overtaking av Midtbyen skole sommaren 2002. Deretter rehabilitering av Midtbyen skole.
Høgskolen i Molde:		
Utviding, byggetrinn II	4 200	Sjukepleiarutdanninga skal flyttast til Kvam. Forprosjektet er gjennomført, og byggstart planlagt til april 2001.
Høgskolen i Lillehammer:		
Påbygg	1 000	Areal for film- og fjernsynsutdanninga er under utgreiing.
Høgskolen i Nord-Trøndelag:		
Nybygg saman med Ekne kompetansesenter på Røstad, Levanger	(1 200)	Høgskolen sin del av felles bygg på i alt 2 300 m ² . Prosjektering startar hausten 2000. Skal etter planen stå ferdig til skolestart 2002.
Høgskolen i Sogn og Fjordane:		
Fellesbygg i Førde, nybygg/ombygging	6 000	Konkurranse om tilbod er gjennomført. Usikker framdrift på grunn av rettstvist.

Prosjekt	Brutto areal i m ² , anslag	Merknader
Ombygging ved Studiesenter Sandane, HiSF sin del	1 500	Samlokalisering med Søreide kompetansesenter. Innflytting er planlagt til skolestart 2002.
Høgskolen Stord/Haugesund:		
Læringscenter på Stord	2 600	Rammeprogram er fastsett.
Høgskolen i Sør-Trøndelag:		
Samlokalisering av teknologi og radiografutdanning på Kalvskinnet	15 700	Undervisningslokale, laboratorium, kontor, kantine, studentsosiale aktiviteter. For Retorten (500 m ²) vil prosjektering starte hausten 2000 og overtaking er planlagt hausten 2002. Restprosjektet vil starta eitt år etter overtaking.
Høgskolen i Telemark:		
Utandørs idrettsanlegg, Bø		Oppdraget er sendt til Statsbygg.

Ferdig programmerte prosjekt utan startløyving:

Av tabellen nedanfor framgår dei prosjekta som ikkje har fått startløyving, men som er ferdig pro-

grammerte og dermed kan vurderast i høve til prosjekteringsløyving eller startløyving. Det ligg ikkje føre godkjende kostnadsrammer for alle prosjekta.

Prosjekt	Brutto areal i m ² (anslag i parentes)	Merknader
UTVIDING:		
Høgskolen i Nesna:		
Tilbygg og ombygging	(6 000)	Fellesareal (mellom anna kantine, bibliotek, undervisningsrom) og kontor. Romprogram ligg føre.
Høgskolen i Stavanger:		
Ny sentralbygning, nybygg	(13 700)	Felles undervisningsbygg, felles studentareal, administrasjon og spesialrom. Open prosjektkonkurranse er gjennomført, og vinnarprosjektet er under vurdering.
SAMLOKALISERING:		
Høgskolen i Akershus:		
Lillestrøm, nybygg	(20 200)	Funksjonsanalyse ligg føre. Konsekvensutgreiing, regulering og arkitektkonkurranse er sett i gang.
Høgskolen i Oslo:		
Pilestredet Park	(36 000)	Ombygging av gamle Rikshospitalet for samlokalisering av avdelingar.
Høgskolen i Østfold:		
Halden, nybygg/ombygging	(11 026)/ (14 306)	Leigekontrakt i noverande lokale går ut i 2004/05. Funksjonsanalyse og prosjektkonkurranse er gjennomførte. Statsbygg har inngått avtale med Østfold fylkeskommune og Halden kommune om overtaking av eigedommar. Skisseprosjekt blir innlevert i desember 2000.

Byggeprosjekt under utgreiing/programmering

Av tabellen nedanfor framgår byggeprosjekt som er under utgreiing/programmering.

Prosjekt	Brutto areal i m ² (anslag i parentes)	Merknader
SAMLOKALISERING:		
Høgskolen i Bodø:		
Mørkved, nybygg	(12 150)	Samlokalisering, flytting av lærarutdanninga. Prosjektet er føresett gjennomført i to trinn, der trinn I er eit kurant-prosjekt som skal gjennomførast innanfor eksisterande budsjettamme. Trinn II vil bli programmert hausten 2000 og blir fremd som ein ordinær byggesak.
Høgskolen i Vestfold:		
Lærarutdanninga frå Eik til Borre, nybygg	15 000	Arkitektkonkurranse er halden. Reguleringsplanarbeid pågår.

Prosjekt som ikkje kan vurderast for prosjekteringsløyving før tidlegast i 2002:

Av tabellen nedanfor framgår prosjekt som pga. stadium i planleggingsprosessen ikkje kan vurderast for prosjekteringsløyving før tidlegast i år 2002.

Prosjekt	Brutto areal i m ² , anslag	Merknader
UTVIDING:		
Høgskolen i Sogn og Fjordane:		
Akvakulturstasjon	1 650	Nytt landbasert anlegg ved akvakulturstasjonen. Utgreiing pågår.
Høgskolen i Telemark:		
Bø	4 000	Tilbygg. Høgskolen har utarbeidd forslag til rammeprogram. Statsbygg utgreier den delen av prosjektet som gjeld idrettsanlegg.
Høgskolen i Tromsø:	6 500	Utviding av lokale for lærarutdanninga og flytting av avdeling for ingeniør- og økonomifag. Programmering pågår.
SAMLOKALISERING:		
Høgskolen i Bergen:		
Samlokalisering, nybygg	70 000	Konsekvensutgreiing og lokaliseringsanalyse er gjennomførte.
Høgskolen i Sør-Trøndelag:		
Helsefag mv., nybygg/ombygging	19 500	Utkast til romprogram er utarbeidd.
Høgskolen i Østfold:		
Sarpsborg, ombygging og reduksjon	7 475	Tilpassing av lokala til dagens behov. Prosjektet følgjer planane for samlokalisering av verksemda til høgskolen. Avventar realisering av nybygg i Halden.

Det er vedteke å seie opp avtalen om leige av Bleivika i Haugesund, der Avdeling for tryggleiksopplæring ved Høgskolen i Stord/Haugesund held til. Det er etablert eit selskap som vil søkje å halde fram drifta av tryggleiksopplæringa. Departementet vil komme tilbake til saka.

Resultatmål for 2001

Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for yrkesretta utdanningar innanfor Noregsnettet. Høgskolane har òg eit nasjonalt ansvar for å gi studietilbod og å halde ved lag og utvikle kompetanseprofil i særskilde fag. Vidare skal høgsko-

lane drive forskning, utviklingsarbeid og anna fagleg verksemd som er særleg relevant for regionen dei høyrer til.

- Dei statlege høgskolane må tilpasse opptaket av studentar slik at dei totale studentmåltala blir nådde.
- Departementet føreset at institusjonsstyret prioriterer strategisk planlegging som ein del av det overordna ansvaret for utvikling av høgskolen. Omstilling av verksemda og fagleg koordinering med andre høgskolar er ein viktig del av den strategiske planlegginga.
- Dei statlege høgskolane må leggje vekt på å betre gjennomstrøyminga av studentar der denne er låg i dag.
- Dei statlege høgskolane må framleis leggje vekt på å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne oppfylle rolla i samband med kompetansereforma.
- Departementet føreset at arbeidet med å integrere informasjonsteknologi i ulike fag held fram i 2001.
- Dei statlege høgskolane med kompetanse innanfor skole- og utdanningsspørsmål må halde fram med eit aktivt samarbeid med statens utdanningskontor og kompetansesentra for spesialundervisning om opplegg for FoU-arbeid, etterutdanning av lærarar, PP-teneste, skoleleiarar m.m, i samband med reformene i utdanningssektoren og SAMTAK, jf. kap. 243.
- Dei statlege høgskolane skal leggje til rette for at dei fagleg tilsette kan utvikle kvalifikasjonane sine vidare gjennom forskning og anna utviklingsarbeid. Det er framleis behov for kompetanseheving av personale.
- Dei statlege høgskolane må leggje vekt på at det faglege samarbeidet i undervisnings- og forskingsverksemda blir utvikla og styrkt. Dette gjeld både mellom fagmiljøa ved høgskolane og med andre lærestader i Noreg og i utlandet.
- Det faglege samarbeidet med universitet og vitenskaplege høgskolar, mellom anna med professor II-stillingar, samarbeid om studietilbod og doktorgradsutdanning, må førast vidare i 2001.
- Kvar høgskole må utvikle ein FoU-strategi som tek utgangspunkt i satsingsområda til høgskolen og knutepunkt i Noregsnett. Departementet ser dei statlege høgskolane som viktige aktørar for regional utvikling innanfor område som kompetanseutvikling og forskning. Departementet føreset at høgskolane tek på seg oppgåver innanfor både kompetanseutvikling og forskings- og utviklingsverksemd for å styrkje regionane ytterlegare. Det er derfor viktig at FoU-strategiane ved høgskolane blir utvikla i kontakt med lokalt nærings- og samfunnsliv.
- Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for yrkesretta utdanningar og må arbeide for å styrkje og utvikle vidare forskning med relevans for desse utdanningane.
- Omfanget av eksternt finansierte verksemd varierer mellom dei ulike høgskolane, når det gjeld både kursverksemd og FoU-aktivitetar. Høgskolane må arbeide for å auke den eksternt finansierte verksemda.
- Det er viktig at høgskolane framleis tek sikte på å auke det internasjonale engasjementet i program som SOKRATES, LEONARDO DA VINCI og NORDPLUS.
- Det er viktig at høgskolane legg vekt på å formidle verksemda til ulike interessegrupper og til befolkninga elles.
- Styret må arbeide for å sikre kvalitet i alle delar av verksemda, mellom anna med å utvikle gode interne rutinar for styring og samarbeid for å nå dei faglege målsetjingane.
- Institusjonane må utarbeide handlingsplan for likestilling. I handlingsplanen skal det mellom anna setjast måltal for kvinnerepresentasjon i ulike stillingskategoriar og utarbeidast strategiar og tiltak for korleis måla blir oppnådde.
- Institusjonane skal ha handlingsplanar for funksjonshemma studentar.

For 2000 har departementet fastsett resultatmål for uteksaminerte kandidatar ved dei fleste yrkesretta utdanningane. Resultatmål for 2001 følgjer av tabellen nedanfor.

Oversikt over resultatmål for kandidattal fordelt på kategoriar for utdanning

Kategori for utdanning	Måltal kandidatar 1999	Registrerte kandidatar 1999	Måltal kandidatar 2000	Måltal kandidatar 2001
Sjukepleiarutdanning	2 857	2 837	2 857	3 149
Fysioterapiutdanning	273	246	288	288
Ergoterapiutdanning	170	159	170	170
Radiografutdanning	99	81	99	108

Kategori for utdanning	Måltal kandidatar 1999	Registrerte kandidatar 1999	Måltal kandidatar 2000	Måltal kandidatar 2001
Reseptarutdanning	31	22	31	45
Audiografutdanning	18	14	18	18
Vernepleiarutdanning	500	587	500	888
Sosionomutdanning	624	646	624	624
Barnevernspedagogutdanning	615	603	615	615
Allmennlærarutdanning	2 068	1 902	2 327	2 327
Førskolelærarutdanning	2 575	2 253	2 575	2 610
Bibliotekutdanning	122	74	122	122
Journalistutdanning	185	162	173	164
Ingeniørutdanning	2 662	1 758	2 722	2 639
Maritim utdanning	173	83	173	184
Sivilingeniørutdanning	390	201	390	336
Siviløkonomutdanning	216	228	216	216

Kjelde: For registrerte kandidatar: DBH

Budsjettforslag for 2001

Regjeringa foreslår å redusere talet på studieplassar ved universitet og høgskolar med netto 2 160 i budsjettframlegget for 2001, sjå omtale under programkategori 07.60. Talet på studieplassar blir redusert med netto 1 140 ved dei statlege høgskolane.

For å dekkje behova for høgt utdanna personell i samfunns- og næringsliv legg Regjeringa opp til å opprette 135 nye studieplassar i sjukepleie og 60 nye studieplassar på to-treårige kandidatutdanningar i IKT i 2001. Det er vidare lagt inn midlar til å halde oppe opptaket på helsefag og IKT-utdanningar i 2001. Budsjettforslaget omfattar også midlar til nye studieplassar i radiografi ved Høgskolen i Sør-Trøndelag og tannteknikarutdanninga ved Høgskolen i Oslo for å halde oppe opptaksnivået frå tidlegare år. Det er vidare prioritert å opprette 30 studieplassar til ein ny allmennlærarutdanning ved Høgskolen i Buskerud.

Departementet har vidare godkjent at Høgskolen i Gjøvik får etablere sivilingeniørstudium (toårig påbygging) i elektronisk publisering og multimedieteknikk med fagleg ansvar lagt til Kungliga Tekniska Högskolan, Stockholm. Høgskolen vil ta opp 30 studenter årleg frå hausten 2001. Ved fastsetjing av budsjetttramme for Høgskolen i Gjøvik har departementet lagt til grunn at studiet blir finansiert ved intern omdisponering frå utdanningar der høgskolen over lengre til har registrert søkjarsvikt og ledig kapasitet

Som følgje av nedgang i søkjarar er det registrert ledig kapasitet ved ingeniør- og førskolelærarutdanning. Regjeringa legg derfor opp til å redusere opptakskapasiteten på førskolelærarutdanninga og ingeniørutdanninga med respektive 590 og 320 studieplassar i budsjettforslaget for 2001. Dette inneber store krav til omstilling for høgskolane. Regjeringa legg mellom anna opp til å avvike ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Nord-Trøndelag. For å ta i vare fagmiljøa på best mogleg måte vil departementet ta initiativ til ein dialog med høgskolane for å få ei betre arbeidsdeling og samordning nasjonalt av utdanningskapasiteten på dei ulike linjene i ingeniørutdanninga.

Fordelinga av det totale talet på studieplassar ved institusjonane går fram av tabellen nedanfor. Tabellen viser også fordelinga av driftsmidlar, midlar til større utstyrsinnkjøp og inntektsbeløp for dei 26 høgskolane. Fordeling av opptakstal og kandidattal for 2001 ved dei einskilte institusjonane vil bli formidla til institusjonane i eit eige skriv.

I samband med innføringa av ny rammeplan for sjukepleiarutdanning med pasientretta praksis foreslår Regjeringa ein auke av budsjetttramma til dei statlege høgskolane med om lag 9 mill. kroner. Midlane skal dekkje meirkostnader ved utvida praksis.

Løyvinga på post 01 er heva med 1 mill. kroner i samband med Stortingets vedtak om 18 vekers praksis i allmennlærarutdanninga.

Budsjetttramma er auka som følgje av husleige til nybygg for Høgskolen i Agder. Vidare er

ramma auka som følgje av husleigeregulering for bygg som er førte over til Statens husleigebygg AS.

I budsjettframlegget for 2001 er det sett av 30 mill. kroner til å dekkje meirkostnader ved desentraliserte studietilbod på kap 274. Det er vidare sett av 5 mill. kroner til å dekkje meirkostnader ved desentralisert sjukepleiarutdanning på Sosial- og helsedepartementets budsjettkapittel 705.

Ved fordeling av forslaget til løyving på dei statlege høgskolane er det halde tilbake 100 mill. kroner for fordeling etter avlagde vekttal, sjå omtale nedanfor.

I samband med nedlegging av ingeniørutdanninga ved Høgskolen i Nord-Trøndelag vil ei forkursklasse bli omfordelt til Høgskolen i Agder frå hausten 2001.

Departementet har styrkt fokuset på resultatbaserte tildelingar i universitets- og høgskolesektoren og legg i budsjettframlegget for 2001 opp til å innføre ei ordning med fordeling av midlar etter

avlagde vekttal ved dei statlege høgskolane. Ordninga inneber at totalt 100 mill. kroner blir fordelte mellom institusjonane etter talet for avlagde vekttal i 1999. Midlar til å finansiere ordninga er trekte ut av budsjettamma til institusjonane på kap. 274 etter studentmåltal og vil bli fordelte på institusjonane så snart alle institusjonar har rapportert om tal for avlagde vekttal i 1999. Ordninga erstattar den resultatbaserte tildelinga av midlar etter uteksaminerte kandidatar innanfor sjukepleiar- og allmennlærarutdanninga. Departementet vil vidare vurdere behovet for å innføre ei ordning med tildeling av midlar etter uteksaminerte hovudfagskandidatar ved dei statlege høgskolane i samband med oppfølginga av Frischsenteres undersøking av effektivitet og produktivitet i høgskolesektoren.

Vi viser til omtale av bygg under kap. 2445 post 30 under budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Fordeling av utgifts- og inntektsløyving

Høgskole	Kap. 274 ramme post 01	Kap. 274 ramme post 21	Kap. 274 ramme post 45	Kap. 3274 ramme post 01	Kap. 3274 ramme post 02	Måltal studentar 2001
Sámi allaskuvla/ Samisk høgskole	18 611	2 950	743	2 969	574	165
Agder	412 283	15 544	90 858	16 104	15 581	6 016
Akershus	130 581	3 110	3 371	3 221	3 233	1 950
Bergen	308 379	5 890	7 267	6 100	10 670	4 596
Bodø	214 100	14 902	5 209	15 382	5 140	3 198
Buskerud	135 772	8 121	3 852	8 371	5 539	1 917
Finnmark	132 646	10 254	3 212	10 604	3 651	1 842
Gjøvik	96 156	2 758	2 505	2 848	3 088	1 362
Harstad	71 130	1 272	6 170	1 317	3 178	1 134
Hedmark	228 441	11 240	5 943	11 600	6 138	3 697
Lillehammer	132 621	19 380	5 209	20 030	2 589	1 840
Molde	76 356	1 665	2 530	1 725	1 607	1 379
Narvik	105 783	6 971	1 754	7 213	2 551	852
Nesna	62 424	712	1 832	742	2 046	905
Nord-Trøndelag	199 946	9 156	4 777	9 476	5 707	2 905
Oslo	596 157	17 886	12 638	18 548	33 452	8 244
Sogn og Fjordane	154 858	7 439	4 038	7 699	4 064	2 403
Stavanger	400 411	19 687	10 955	20 377	5 699	6 082
Stord/Haugesund	154 500	21 713	9 449	22 531	4 741	2 003
Sør-Trøndelag	356 039	6 546	8 622	6 846	15 797	5 516
Telemark	305 586	13 497	8 179	13 937	16 131	4 197
Tromsø	166 374	5 942	3 833	6 149	5 314	2 264
Vestfold	180 472	17 608	4 346	18 158	3 153	2 612
Volda	137 746	2 745	7 461	2 845	6 173	2 113
Østfold	225 148	7 424	5 728	7 704	4 247	3 551
Ålesund	93 097	2 969	2 233	3 069	4 362	1 177
Delsum						73 974
Anna						598
Sum						74 572

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3274 post 02, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Løyvinga til institusjonane på post 01 inkluderer midlar til studieplassar knytte til måltal for studentar for 2001 og til husleige. I tillegg til dei beløpa som er fordelte ovanfor, er det sett av midlar til tiltak som vil bli fordelte seinare. Dette gjeld

mellom anna midlar til vidareføring av kursverksemda i regi av Noregsnettrådet, midlar til rekrutteringsstillingar, tilskott til Det norske studiesenteret i Storbritannia (York) og husleigebetaling til Statsbygg for statlege bygg der det manglar godkjend kontrakt.

Departementet vil i førebels tildelingsbrev presisere vilkåra for disponering av ressursane.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under kap. 3274 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3274 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overført

Posten gjeld løyving til vitenskapleg utstyr, og til kjøp av utstyr og inventar til nybygg, samt større vedlikehald og ombyggingsarbeid.

Budsjettramma på post 45 er auka med 80 mill. kroner for å dekkje utstyr og inventar til nytt bygg for Høgskolen i Agder (Gimlemoen).

Ved fordeling av løyvinga på post 45 er det lagt inn ei grunnløyving til kvar institusjon for å dekkje kostnader som ikkje er knytte til storleiken på institusjonen. Vidare er midla fordelte proratisk etter studentmåltal. Det er teke omsyn til at ein skilde utdanningar er meir kostnadskrevjande enn andre, og det er og lagt inn særskilde midlar til utstyr og inventar til høgskolar med nye og/eller ombygde bygg, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000).

Det blir ikkje fremd forslag om startløyving til nye bygg ved institusjonane under kap. 274 i statsbudsjettet for 2001.

Følgjande bygg er planlagde ferdigstilt i 2001:

- nybygg for Høgskolen i Agder
- ombygging ved Høgskolen i Harstad
- ombygging ved Høgskolen i Volda

Post 70 Tilskott

Tilskott til Høgskolestiftelsen på Kjeller

Høgskolestiftelsen på Kjeller blei oppretta i 1988. Stiftelsen har ikkje sjølv eksamensrett, men tilbyr

studium og kurs i samarbeid med Høgskolen i Oslo, Høgskolen i Akershus eller eventuelt annan høgskole som fagleg ansvarleg. Dei fleste av studia ved høgskolestiftelsen er vidareutdanningar, grunnfag eller halvårseiningar som kan nyttast som ein del av ordinær grunnutdanning. I tillegg blei det etablert ei toårig kandidatutdanning i IKT med Høgskolen i Oslo som fagleg ansvarleg i 1999.

I 1999 blei Høgskolestiftelsen på Kjeller tildelt kr 5 481 000 over kap. 274 post 70. Av desse midla har høgskolestiftelsen prioritert studium i IKT, jf. Budsjett-innst. S. 12 (1999-2000), og har ikkje funne rom for å prioritere igangsetjing av studie-tilbodet i teknologi og samfunnsutvikling, jf. Budsjett-innst. S. 12 (1996-97).

Høgskolestiftelsen har inngått ein avtale med Høgskolen i Akershus som inneber at dei vekt-tallsgivande utdanningstilboda blir overførte til høgskolen innan utgangen av 2001, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (1999-2000). Stiftelsen vil bli ført vidare som ein ordinær oppdragsstiftelse i 2002.

Regjeringa foreslår ei løyving til Høgskolestiftelsen på Kjeller på kr 5 800 000 for 2001.

Tilskott til Stiftelsen Ole Bull-akademiet

Ole Bull-akademiet på Voss blei grunnlagt i 1976. Stiftelsen har sidan 1977 motteke årlege tilskott frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Tilskottet er nytta til kurs i norsk folkemusikk for studentar og tilsette ved høgskolar og universitet som gir musikkutdanning.

I 1999 vart det halde 32 vekekurs ved Ole Bull-akademiet. Av midlane som blei løyvde over kap. 274 post 70 i 1999, blei Ole Bull-akademiet tildelt kr 1 240 000.

Regjeringa foreslår ei løyving til Ole Bull-akademiet på kr 1 316 000 for 2001.

Kap. 3274 Statlege høgskolar (jf. kap. 274)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	261 092	225 565	245 565
02	Salsinntekter o.a.	173 263	159 346	174 426
03	Diverse inntekter	-20		
11	Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak	40 494		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	9 110		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	21 678		
17	Refusjon for lærlingar	939		
	Sum kap. 3274	506 556	384 911	419 991

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Inntektsløyvinga på postane 02 og 01 er justert opp med respektive 10 mill. kroner og 20 mill.

kroner, sjå ein parallell oppjustering av utgiftsløyvinga under kap. 3274 postane 01 og 21.

Kap. 0278 Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 3278)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	337 672	331 988	341 221
21	Særskilde driftsutgifter	151 455	150 869	150 869
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	10 490	15 818	15 281
49	Kjøp av eigedommar, <i>kan overførast</i>		10	10
90	Kjøp av aksjar	3 000		
	Sum kap. 0278	502 617	498 685	507 381

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Utgiftspost 01 er oppjustert med 4 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av inntektspost 02 under kap. 3278.
- Post 01 er redusert med 4,7 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet omfattar drift av Noregs landbrukshøgskole.

Resultatrapport for 1999-2000

Noregs landbrukshøgskole skal stå fram som eit leiande internasjonalt utdannings- og forskings-

miljø med vekt på samvirke mellom naturvitskap, teknologi og samfunnsfag. Dette skal medverke til å løyse utfordringar i dag og i framtida innanfor landbruksproduksjon, miljø- og arealforvaltning og næringsutvikling. Den primære oppgåva til høgskolen er å utvikle og formidle kunnskap, innsikt og evner som sikrar berekraftig utvikling av naturgrunnlaget og utvikling av levedyktige lokalsamfunn.

Det var hausten 1999 registrert totalt 2 460 studantar ved Noregs landbrukshøgskole mot 2 343 i 1998. Dette talet inkluderer Master of Science-studantar, sjå tabellen nedanfor.

Studenttal i 1999

Studium	Opptak	Måltall studentar	Registrerte studentar
Profesjon /hovudfag	434	2 234	2 154
Mastergrad	44	55	57
Doktorgrad	35	256	249
Sum	513	2 545	2 460 ¹

¹I tillegg er det registrert tre studentar utan studierett.

Kjelde: for opptak og registrerte studentar: DBH.

I 1999 var tal på registrerte studentar ved institusjonen 85 under målalet, mot om lag 200 under målalet i 1998.

Kandidatar i 1999

Studium/grad	Måltall kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
Cand.agric.	360 ¹	288
Sivilingeniør		49
Cand.scient.		22
Master of Science	30	35
Dr.scient./ dr.agric.	30	28
Totalsum	420	422

¹Inkludert sivilingeniør og cand.scient.

Kjelde: for uteksaminerte kandidatar: DBH.

Høgskolen oppfylde i 1999 målalet for uteksaminerte kandidatar. Dette er ei betring frå 1998, da høgskolen hadde ein lågare kandidatproduksjon enn målalet. Av det totale talet på kandidatar i 1999 var om lag 47 pst. kvinner, ein liten auke frå 1998.

Det blei avlagt 28 doktorgradar ved Noregs landbrukshøgskole i 1999, noko under målalet. Dette er færre enn i 1998, da det blei avlagt 41 doktorgradar. Om lag 39 pst. av dei som tok doktorgraden i 1999, var kvinner, ein auke i forhold til 1998, da om lag 29 pst. av kandidatane var kvinner.

Forskningsstrategien ved Noregs landbrukshøgskole tek sikte på å styrkje relevans og kvalitet i forskinga ved høgskolen. Strategien blir sett i samanheng med omstilling ved høgskolen. Det forskingspolitiske arbeidet ved høgskolen har i 1999 vore knytt til nasjonale forskingspolitiske føringar som er nedfelte i Forskningsmeldinga og meldinga frå Landbruksdepartementet «Om norsk landbruksproduksjon og matproduksjon». Det er eit sentralt mål for høgskolen å utvikle miljø for framifrå forskning innanfor Noregs land-

brukshøgskole sine tre satsingsområde mat, miljø og næringsutvikling. Strategiske alliansar og samarbeid med forskingsinstitusjonar i og utanfor Åsmiljøet er eit viktig verkemiddel. Høgskolen har hausten 1999 inngått ein strategisk allianse med MATFORSK. Alliansen er meint å bidra til å betre kvaliteten på forskinga. Noregs landbrukshøgskole har samarbeid med relevante statlege høgskolar og NOVA- universitetet (Nordisk skogbruks-, veterinær- og landbruksuniversitet), og tek del i EU- prosjekt. Noregs landbrukshøgskole har i 1999 delteke i 17 ulike EU- finansierte prosjekt. Dette er ein viss nedgang, på grunn av overgang til det femte rammeprogrammet til EU. I 1999 er det oppretta eit næringslivsnettverk i Oslo-regionen mellom Noregs landbrukshøgskole, Noregs veterinærhøgskole, MATFORSK, JORDFORSK, NISK, Forskingsparken i Ås, næringslivet representert ved Norsk Kjøtt og Tine og Landbruksdepartementet. Nettverket skal medverke til auka bruk av kompetanse og forskning ved Noregs landbrukshøgskole.

Noregs landbrukshøgskole har i 1999 teke del i eit pilotprosjekt med utarbeiding av eit system

for kvalitetssikring av høgre utdanning i regi av Noregsnettrådet, sjå omtale under kategori 07.60.

Noregs landbrukshøgskole tek del i miljøprosjektet Grøn stat.

Noregs landbrukshøgskoles avdeling Kongsberg, tidlegare Kongsberg skogskole, blei nedlagd hausten 1999.

Noregs landbrukshøgskole har våren 2000 teke del i prosjektet til Finansdepartementet om statlege verksemders røynsle med økonomiregelverket for staten.

Vitskaplege publikasjonar i 1998 og 1999

Noregs landbrukshøgskole	Vitskaplege publikasjonar	
	1998	1999
Artiklar i vitskaplege tidsskrift	289	279
Vitskaplege avhandlingar		
Faglege bøker	18	8
Kapittel i faglege bøker og lærebøker	56	50
Sum	363	337

Noregs landbrukshøgskole har lang tradisjon med å tilby første studieår desentralisert. Hausten 1999 var det slike tilbod ved høgskolane i Agder, Bergen, Nord-Trøndelag, Finnmark, Telemark og Hedmark. I tillegg har Noregs landbrukshøgskole eit samarbeid med Universitetet i Tromsø om 1. og 2. studieåret for tre av studieprogramma ved høgskolen.

Den eksternt finansierte verksemda som blir rekneskapsført i statsrekneskapen, var i 1999 på om lag 158,6 mill. kroner, mot om lag 151,4 mill. kroner i 1998. Dette er ein auke på om lag 4,8 pst. frå 1998 til 1999.

Resultatmål for 2001

Innanfor Noregsnettet skal Noregs landbrukshøgskole vere eit nasjonalt tyngdepunkt på spesialområda sine innanfor landbruksrelaterte emne,

natur- og arealforvaltning, med eit spesielt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning på desse områda.

Høgskolen må framleis prioritere tiltak som kan betre studiegjennomføringa. Det er eit mål at studentgjennomstrøyminga på alle studia og doktorgradsstudiet held eit høgt nivå, slik at flest mogleg kjem gjennom studiet på normert tid. Dessutan må tiltak med sikte på å rekruttere studantar halde fram.

Høgskolen må leggje vekt på å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å kunne oppfylle rolla si i samband med Kompetansereforma.

Det er viktig at høgskolen held ved lag og utviklar vidare det store internasjonale engasjementet sitt.

Departementet gir følgjande måltal for studantar og uteksaminerte kandidatar:

Måltal studantar og kandidatar

Studium	Måltall studantar		Måltall uteksaminerte kandidatar	
	2000	2001	2000	2001
Profesjon/ hovudfag	2 204	2 177	380	380
Master of Science	55	55	30	30
Doktorgrad	256	256	30	30
Sum	2 515	2 488	440	440

Departementet ser positivt på den høge eksternt finansierte aktiviteten ved høgskolen, og ser det som viktig at høgskolen held oppe nivået

på oppdragsverksemda som blir rekneskapsført over statsrekneskapen.

Budsjettforslag for 2001

Det er ved fordelinga av budsjetttramma lagt vekt på å tilpasse kapasiteten ved høgskolen til utdanningskapasiteten nasjonalt. Det er vidare lagt vekt på at verksemda skal ha god kvalitet. Som følgje av redusert søking til høgre utdanning er talet på studieplassar redusert, sjå omtale under kategori 07.60. For Noregs landbrukshøgskole er studentmåtalet redusert med 27 studieplassar. Budsjetttramma er òg redusert som følgje av vidareføring av kutt i studieplassar i 2000.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3278 post 02, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under kap. 3278 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga

på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3278 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 gjeld løyving til vitskapleg utstyr, kjøp av utstyr og inventar til nybygg og større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid. Løyvinga under posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3278 post 49, sjå forslag til vedtak II nr. 1. Det er lagt inn 8,2 mill. kroner til utstyrløyving i samband med prosjektet Tilbygg til meieribygget ved Noregs landbrukshøgskole, som er planlagt stilt ferdig i 2001.

Post 49 gjeld kjøp og vedlikehald av eigedommar til undervisnings- og forskingsformål ved høgskolen med inntekter frå sal av eigedom som blir inntektsført under kap. 3278 post 49. Løyvinga under posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3278 post 49, sjå forslag til vedtak II nr. 1 og vedtak IV nr. 1.

Kap. 3278 Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 278)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	158 581	150 869	150 869
02	Salsinntekter o.a.	26 889	21 815	26 589
03	Diverse inntekter	165	169	174
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 048		
17	Refusjon for lærlingar	130		
49	Sal av eigedom	964	12 710	10
	Sum kap. 3278	188 777	185 563	177 642

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Inntektspost 02 er oppjustert med 4 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av utgiftspost 01 under kap. 278.
- Post 49 er redusert med 12,7 mill. kroner, sjå parallell nedjustering av kap. 281 post 30.

På post 02 skal det, forutan salsinntekter frå sal av materiell til studentar m.m., førast leigeinntekter som skal dekkje reingjøring, vakthald og andre utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan førast på post 02.

Kap. 0279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	157 993	151 285	155 183
21	Særskilde driftsutgifter	58 504	53 099	55 099
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	164	1 018	2 036
Sum kap. 0279		216 661	205 402	212 318

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er redusert med 2,3 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Utgiftspost 21 er oppjustert med 2 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av inntektspost 01 under kap. 3279.
- Midlar til å fremme gjennomføringa på doktorgradsstudia er lagt inn under post 01.

Kapitlet omfattar

- drift av Noregs veterinærhøgskole
- finansiering av studieplassar i utlandet der studentane er inne i eit studieløp

Resultatrapport for 1999-2000

Formålet til Noregs veterinærhøgskole er å vere ein vitskapleg høgskole på høgt nivå som arbeider for å fremme eit etisk forsvarleg dyrehald, ein sunn dyrebestand og hygienisk og kvalitativt gode næringsmiddel for menneske og dyr. Verksemda til høgskolen omfattar utdanning av veterinærar, dyrepleiarar og forskarar, etter- og vidareutdanning, forskning, service, kunnskapsformidling og informasjon.

Det var hausten 1999 registrert totalt 431 studentar ved Noregs veterinærhøgskole, jf. tabellen nedanfor. Dette er ein reduksjon på sju studentar frå året før, men høgskolen oppfylde måltalet.

Studenttal i 1999

Studium	Opptak	Måltall studentar	Registrerte studentar
Veterinærstudiet (cand.med. vet)	56	336	342
Dyrepleiarstudiet	14	14	14
Doktorgrad	12	60	75
Sum	82	410	431
Veterinærstudentar i utlandet	15	75	75

Kjelde: For opptak og registrerte studentar: DBH

Sidan 1989 har høgskolen, i tillegg til det ordinære opptaket til veterinærstudiet ved Noregs veterinærhøgskole, tatt opp 15 studentar årleg til studium ved universitet og høgskolar i England,

Skottland og Sverige. Ordninga blei oppretta for å hjelpe på mangelen på veterinærar i Noreg. Frå og med hausten 2000 er det ikkje teke opp nye studentar, og ordninga vil bli utfasa over fem år.

Kandidatar i 1999

Studium/grad	Måltall kandidatar	Uteksaminerte kandidatar
Cand.med.vet.	56	55
Dyrepleiar	14	14
Doktorgrad ¹	10	7
Sum	80	76
Veterinærstudentar i utlandet	15	15

¹ Inkluderer titlane dr.med.vet., dr.Scient. og dr.philos.

Kjelde: For uteksaminerte kandidatar: DBH.

Eit fleirtal av kandidatane er kvinner. Utviklinga innanfor doktorgradsutdanninga har samanheng med redusert tilgang til eksterne prosjektmidlar. Måltalet for doktorgradsutdanninga blei i 1999 redusert frå 15 uteksaminerte kandidatar til ti. Talet på uteksaminerte kandidatar var det same i 1999 som i 1998.

Noregs veterinærhøgskole har ansvar for grunnforskning på det veterinærmedisinske fagområdet, men har òg viktige oppgåver innanfor anvend forsking og oppdragsverksemd. I dei seinare åra har matvaretryggleik, bioteknologi og havbruk vore satsingsområde for grunnforskninga. Forsking på desse områda omfattar også brukarretta forsking og oppdragsverksemd. NVH har i tillegg registrert stor interesse frå dyreeigarar for forskinga til høgskolen på familie- og sportsdyr,

og har registrert stor interesse for forskinga til høgskolen på effektar av miljøgifter og sjukdommar som skuldast næringsmiddel. Noregs veterinærhøgskole har i 1999 teke del i ni forskingsprosjekt heilt eller delvis finansierte over EUs fjerde rammeprogram. NVH har i tillegg delteke i eit forskingsprosjekt i EUs femte rammeprogram, der høgskolen har koordinatrolla.

Noregs veterinærhøgskole har eit omfattande samarbeid med utanlandske forskingsinstitusjonar og forskingsgrupper. Høgskolen tek del i NOVA-universitetet (Nordisk skogbruks-, veterinær- og landbruksuniversitet). Dei har regionale samarbeidsavtalar med utviklingsland i Afrika og samarbeidsavtalar innanfor SOKRATES og NORDPLUS.

Vitskaplege publikasjonar i 1998 og 1999

Noregs veterinærhøgskole	Vitskaplege publikasjonar	
	1998	1999
Artiklar i vitskaplege tidsskrift	182	177
Vitskaplege avhandlingar		
Faglege bøker	10	5
Kapittel i faglege bøker og lærebøker	19	12
Sum	211 ¹	194 ²

¹ I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert om lag 67 vitskaplege publikasjonar.

² I tillegg har stipendiatar og andre som er knytte til institusjonen, produsert om lag 35 vitskaplege publikasjonar.

Den eksternt finansierte verksemda, som blir rekneskapsført i statsrekneskapskapen, var i 1999 på 65 mill. kroner, mot 53,7 mill. kroner i 1998. Dette representerer ein auke på om lag 21 pst. frå 1998.

Resultatmål 2001

Noregs veterinærhøgskole skal ta i vare eit nasjonalt ansvar for utdanning av veterinærar og dyrepleiarar, med spesielt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning på området.

Det er eit mål at studentgjennomstrøyminga ved høgskolen framleis blir halden på eit høgt

nivå, slik at flest mogleg kjem gjennom studia på normert tid. Dette gjeld òg for doktorgradsstudentar.

Høgskolen må leggje vekt på å utvikle gode etter- og vidareutdanningstilbod for å oppfylle rolla si i kompetansereforma.

Høgskolen må halde oppe og utvikle vidare det gode internasjonale engasjementet sitt.

Høgskolen må sikre at økonomiforvaltninga er i samsvar med økonomiregelverket, og at rekneskapen blir avlagd til rett tid og er korrekt.

Departementet gir følgjande måltal for studentar og uteksaminerte kandidatar i 2000 og 2001:

Måltal studentar og kandidatar

Studium	Måltal studentar		Måltal uteksaminerte kandidatar	
	2000	2001	2000	2001
Dyrepleiar	14	14	14	14
Cand.med.vet.	336	336	56	56
Doktorgrad	60	60	10	10
Sum	410	410	80	80
Veterinær-studentar i utlandet	60	45	15	15

Måltalet for veterinærstudentar i utlandet blir redusert med 15 studentar årleg som følge av at ordninga blei avslutta i 2000.

Departementet ser positivt på den høgse eksternt finansierte verksemda ved høgskolen, og ser det som viktig at høgskolen føre vidare nivået på den oppdragsverksemda som blir rekneskapsført i statsrekneskapen.

Budsjettforslag for 2001

Ved fordeling av budsjetttramma er det lagt vekt på å tilpasse kapasiteten ved høgskolen til utdanningskapasiteten nasjonalt. Det er vidare lagt vekt på at verksemda skal ha god kvalitet. Innsparte midlar frå ordninga med kjøp av studieplassar i utlandet i 2001 skal nyttast til tilleggskurs for kan-

didatar med grunnutdanning frå utlandet, slik at dei kan få autorisasjon i Noreg.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3279 postane 02 og 04, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 gjeld lønn (inkl. trygd) og driftsutgifter til oppdragsforskning som blir finansiert under kap. 3279 post 01. Tilsetjing i slike stillingar skal berre gjelde for den perioden den eksterne finansieringskjelda dekkjer lønnsutgiftene. Løyvinga på post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3279 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 45 gjeld løyving til vitenskapleg utstyr, kjøp av utstyr og inventar til nybygg og større vedlikehalds- og ombyggingsarbeid. Løyvinga er auka med 1 mill. kroner samanlikna med 2000.

Kap. 3279 Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	64 993	53 099	55 099
02	Salsinntekter o.a.	20 569	20 447	21 060
04	Refusjon gebyrstipend	2 432	1 139	1 173
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 442		
	Sum kap. 3279	89 436	74 685	77 332

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Inntektspost 01 er oppjustert med 2 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av utgiftspost 21 under kap. 279.

På post 02 skal det, forutan salsinntekter frå sal av materiell til studentar m.m., og førast leigeinntekter som skal dekkje reingjøring, vakthald og

andre utgifter ved tilfeldig utleige av lokale. Også faste leigeinntekter kan førast på post 02.

Kap. 0281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	552 800	438 556	411 824
21	Særskilde driftsutgifter	10 886	4 199	1 681
30	Fellesmidlar, <i>kan overførast</i>		44 900	30 200
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 664	8 189	33 332
60	Tilskott til RiT 2000, <i>kan overførast</i>	36 800	119 700	111 050
61	Tilskott til utviding av RiTø, <i>kan overførast</i>	15 000		
70	Tilskott til utgiving av lærebøker	6 348	6 540	6 736
71	Tilskott til Stiftelsen for helsetenesteforskning ved Sentralsjkehuset i Akershus	4 435	4 559	4 696
72	Stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar	844	1 839	1 894
73	Tilskott til internasjonale program	41 650	37 140	45 091
74	Tilskott til Bibliothèque Nordique, Paris	70		
75	Tilskott til UNIK		12 000	12 360
76	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>		39 468	32 652
90	Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar	61	208	208
	Sum kap. 0281	675 558	717 298	691 724

I høve til budsjettet for 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- 1,1 mill. kroner er overført frå kap. 285 post 52 til kap. 281 post 01 i samband med at ansvaret for brukaroppfølginga av akademikarregisteret og undersøkinga av arbeidsmarknaden for nyutdanna akademikarar er overført frå Noregs forskingsråd til Noregsnettrådet.
- I alt kr 240 000 er overførte frå kapitla 228, 238, 258 og 288 i samband med at Noregsnettrådet får ansvar for språksenteret i Graz. I tillegg er kr 63 000 overført frå post 73 til post 01 på kap. 281.
- Post 21 er nedjustert med 2,6 mill. kroner som følgje av at Riksbibliotektenesta har endra praksis for føring av inntekter, jf. parallell nedjustering av inntektspost 01 under kap. 3281.
- Budsjettramma er redusert med 0,4 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Post 30 er nedjustert med 12,7 mill. kroner, jf. parallell nedjustering av kap. 3278 post 49.

- Løyvinga til eit senter for framifrå forskning innanfor IKT skal dekkjast av Forskningsrådet. Det er derfor overført 10 mill. kroner frå kap 281 post 01 til kap. 285 post 52.
- Det er overført 2,2 mill. kroner til kap. 282 for øvingslæreravtale.

Kapitlet finansierer mellom anna:

- midler til nye rekrutteringsstipend, nye postdoktorstillingar og nye professorat for kvinner
- informasjonsteknologisatsingar som mellom anna tungrekning, Uninett AS, Nordunet2, IKT i lærarutdanninga og Museumsprosjektet
- administrative system i universitets- og høgskolesektoren
- utvikling av nye fjernundervisningstiltak og drift av sekretariatet og styret for Sentralorganet for fleksibel læring i høgere utdanning (SOFF)
- Noregsnettrådet
- Riksbibliotektenesta
- driftsmidlar til Universitets- og høgskolerådet
- rekrutteringsstipend ved private høgskolar

- nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning
- statistikk om høgre utdanning
- utdanningsforskning
- Universitetsstudia på Svalbard (UNIS)
- Universitetsstudia på Kjeller (UNIK)
- omstillingstiltak ved høgskolar, jf. omtale under programkategori 07.60
- forskingsprosjekt, utgreiingar, konferansar og informasjonstiltak

Resultatrapport for 1999-2000

Post 01 Driftsutgifter

Rekrutteringsstipendprogrammet

Departementet finansierte i 1999 393 stipendiatstillingar og 66 postdoktorstillingar ved universiteta, 63 stipendiatstillingar ved dei vitenskaplege høgskolane, 96 stipendiatstillingar ved dei statlege høgskolane og ti stipendiatstillingar ved dei private høgskolane over kap. 281. Vidare er det i 2000 tildelt midlar til 75 nye stipendiatstillingar og 62 postdoktorstillingar, jf. Stortinget si løyving til omstilling, forskning og rekruttering.

Tiltak for å betre studiegjennomføringa

I 1999 og 2000 blei det tildelt midlar til tiltak som skal betre studiegjennomføringa. Ordninga med å tildele kr 10 000 per uteksaminert hovudfagskandidat, kr 20 000 per uteksaminert mannleg doktorgradskandidat og kr 30 000 per uteksaminert kvinneleg doktorgradskandidat for å stimulere institusjonane til å betre gjennomføringsgraden på hovudfags- og doktorgradsstudium, blei ført vidare i 1999 og 2000. I 2000 blei midlane til ordninga løyvd på dei aktuelle institusjonsskapitla.

Løyvinga som blir fordelt på grunnlag av avlagde vektal ved institusjonane, blei auka frå 500 mill. kroner i 1999 til 650 mill. kroner i 2000.

Informasjonsteknologisatsingar

I 1999 og 2000 blei det tildelt midlar til fleire IKT-tiltak innanfor høgre utdanning. Dette gjeld mellom anna tungrekneprogrammet, Uninett AS, Nordunet2, Arbeidsgruppa for digitale læremiddel, IKT i lærarutdanning og IT- og kunnskaps-senteret på Fornebu.

Tungrekneanlegget er ein kraftig datamaskin, som i hovudsak blir brukt av universiteta og Det norske meteorologiske institutt. Programmet for tungrekning blir administrert av Noregs forskingsråd.

Uninett er det norske landsomfattande forskingsnettet for forskning og høgre utdanning. Uninett AS leverer nett og ulike nett-tenester til universitets- og høgskolesektoren og andre ikkje-kommersielle forskingsinstitusjonar. Forskingsnettet knyter i tillegg det norske forskingsmiljøet saman med det internasjonale akademiske miljøet, mellom anna gjennom det nordiske samarbeidet NORDUnet. Institusjonane nyttar nettet til forskning på og utvikling av nett-teknologi og utvikling av nye nettbaserte løysingar, samt til vanleg Internett-bruk. Departementet har i 2000 gitt Uninett AS i oppdrag å utarbeide forslag til korleis forskingsnettet kan byggjast ut vidare.

Forskningsprogrammet Nordunet2, som er eit felles IKT-prosjekt mellom dei nordiske landa, heldt fram i 1999 og 2000.

Arbeidsgruppa for digitale læremiddel blei oppnemnd i 1996 som eit tidsavgrensa tiltak under departementet sin IT-plan (1996-99) for å initiere utvikling og utprøving av digitale læremiddel i høgre utdanning. Arbeidsgruppa har mellom anna gjennomført utgreiings- og informasjonstiltak, og gitt støtte til ei rekkje utviklingsprosjekt. I 2000 er prosjekt retta mot språkfag og problembasert læring i realfag/teknologiske fag, sluttførte. Arbeidsgruppa har i tillegg sett i gang nye prosjekt i lærarutdanninga. Ei evaluering og oppsummering av arbeidet med digitale læremiddel blir gjennomført hausten 2000, og arbeidsgruppa vil bli avvikla etter dette. Departementet legg til grunn at utviklinga arbeidsgruppa har initiert, vil bli følgt opp vidare i den ordinære verksemda ved institusjonane.

Som ein del av departementet sin plan for IKT i norsk utdanning (2000-03) er det i 2000 fordelt 30 mill. kroner for å styrkje IKT i praktisk-pedagogisk utdanning, og i allmennlærer-, faglærer- og yrkesfaglærarutdanningane. Satsinga finansierer kompetanseheving for fagpersonalet, samt utvikling av IKT-baserte undervisningsformer og læremiddel i lærarutdanninga. Midlane er dels tildelte institusjonane etter talet på lærarstudentar, dels tildelte institusjonar med knutepunkt i lærarutdanninga, og dels tildelte særlege utviklingsprosjekt. I samband med tildelinga er det gjennomført ei kompetansekartlegging hos fagpersonalet, og utvikla lokale planar for å integrere IKT i lærarutdanninga ved kvar einskild institusjon. Midlane vil òg nyttast til å byggje opp kompetanse ved institusjonane for å kunne utvikle nye etter- og vidareutdanningstilbod innanfor IKT retta mot lærarar i skolen.

I 2000 blei det over kap. 281 løyvd 7,5 mill. kroner til etablering av Senter for framifrå forskning

innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi på Fornebu. Etableringa er ei samfinansiering mellom Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Samferdsledepartementet. Noregs forskingsråd har fått ansvaret for å koordinere den vidare planlegginga, i samarbeid med forskings- og utdanningsinstitusjonane. Over budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet blei det i tillegg løyvd 7,5 mill. kroner til «Bedriftsuniversitetet» på Fornebu. Senteret er etablert av Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og SINTEF, og skal tilby bedriftsretta etter- og vidareutdanning, mellom anna ved bruk av ny teknologi.

Administrative system i universitets- og høgskolesektoren

Departementet har ført vidare arbeidet med å innføre nye administrative system i universitets- og høgskolesektoren i 1999 og 2000. Universiteta og fleire statlege høgskolar nyttar nå felles studieadministrativt system (FS). Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Universitetet i Bergen har tatt i bruk nytt økonomisystem. Tre av dei statlege høgskolane kjøper rekneskapstenester frå skattefogdetaten, medan dei resterande 23 har teke i bruk nytt rekneskapsystem på eiga dataanlegg. Kunsthøgskolane og dei vitskaplege høgskolane har teke i bruk nye rekneskapsystem på eigne dataanlegg. Arbeidet med innføring av felles system for lønns- og personaladministrasjonen ved dei statlege høgskolane har i 1999 vore i ein kartleggingsfase. Det er i 1999 òg gjort førebuingar for å kunne sende elektronisk kasserapport til Finansdepartementet. Arbeidet med administrative system er sentralt for å sikre rasjonell og effektiv forvaltning av ressursane til institusjonane.

Fjernundervisning

Sentralorganet for fjernundervisning på universitets- og høgskolenivå skifta i 1999 namn til Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF). Frå våren 2000 har organet i tillegg fått nytt mandat, som legg vekt på fleksible studieformer ved sidan av tradisjonell fjernundervisning. Samtidig er styret endra, og har no også medlemmer frå organisasjonane i arbeidslivet, jf. omtale under programkategori 07.60.

I 1999 blei om lag 8,6 mill. kroner av den samla løyvinga på 12 mill. kroner fordelt til utvikling av fjernundervisningsprosjekt ved universi-

teta og høgskolane, medan 3,4 mill. kroner gjekk til arbeidet til styret og sekretariatet, samt til andre mindre tiltak.

Noregsnettrådet

Noregsnettrådet har i 1999 behandla søknadene frå Høgskolen i Stavanger, Høgskolen i Agder og Høgskolen i Bodø om rett til å etablere doktorgradsutdanning, jf. omtale under kap. 274. Noregsnettrådet har vidare arbeidd med etablering av eit kvalitetssystem for norsk høgre utdanning og tilrettelegging for ulike typar evalueringar, jf. omtale under programkategori 07.60. NAIC, som er organisert innanfor Noregsnettrådet mottok søknader om godkjenning av utlandsk utdanning. Mengda søknader auka med 14 pst. frå 1998 til 1999. Mengda ferdigbehandla søknader auka også i 1999, men resultatet var likevel ein relativ nedgang på 9 pst. ferdigbehandla søknader i høve til 1998.

Riksbibliotektenesta

Riksbibliotektenesta har i 1999 prioritert oppgaver som medverkar til tettare integrering av både fagleg dokumentasjon og fagbiblioteka i eigarinstitusjonane. Ei anna prioritert oppgåve har vore å koordinere utvikling og effektiv nytting av dei samla ressursane i fag- og forskingsbiblioteka. Dette inneber mellom anna auka bruk av digitale faglege databasar, effektivt samarbeid om fjernlån mellom biblioteka, avklaring av bruksrett til opphavsrettsverna materiale og vidareutvikling av kompetanse i fag- og forskingsbiblioteka.

Nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning

Avtalen mellom dei nordiske landa om tilgang til høgre utdanning blei i 1999 forlengd med to år fram til utgangen av 2001. Avtalen inneber at søkjarar som er busette i eit anna nordisk land, skal ha tilgjenge til offentleg høgre utdanning på same eller likeverdige vilkår som landets eigne søkjarar. Partane skal betale ei viss godtgjering for eigne studentar i anna land. Avtalen blei inngått for å auke studentmobiliteten innanfor Norden. I absolutte tall har avtalen medført ein auke i studentmobiliteten, men den nordiske mobiliteten har likevel auka mindre enn mobiliteten til andre landa. Ein kan derfor ikkje sjå nokon direkte effekt av avtalen på studentmobiliteten mellom dei nordiske land. På grunn av det høge talet på norske studentar som søkte seg til enkelte lengre profesjonsutdanningar i Danmark, er det som tid-

legare sett avgrensing på opptaket av norske studenter i medisin, veterinærmedisin og odontologi ved danske institusjonar.

Statistikk om høgre utdanning

Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) er tilgjengeleg i world wide web-format. Institusjonane rapporterer opplysningar om studenttal, stillingar, areal, vektal og økonomi til databasen. Databasen omfattar alle universitet og høgskolar som mottok midlar frå departementet.

Utdanningsforskning

Prosjektet om rekruttering til realfag og teknologi og eit prosjekt som skal sjå nærare på forholdet mellom høgre utdanning og næringsliv, blei avslutta i 1999. Det internasjonale prosjektet «Lifelong learning: The Implications for the Universities» blei avslutta i 2000. Her blei mellom anna situasjonen til dei høgre utdanningsinstitusjonane i eit livslangt læringsperspektiv undersøkt. I tillegg blei eit større prosjekt om studentøkonomi og studiefinansiering, eit prosjekt om studentmobilitet mellom norske lærestader, ein studie av norske eksamens- og evalueringsformer i eit internasjonalt perspektiv og ei evaluering av doktorgradsreforma avslutta i 2000.

Forskningsprogrammet «Kompetanse, utdanning og verdiskaping» i regi av Noregs forskingsråd blei ført vidare som planlagt i 1999 og 2000. Vidare blei prosjektet som vurderer arbeidsmarknaden for kandidatar med høgre utdanning og programmet for å måle gjennomstrøyminga i utdanningssystemet, førte vidare. Arbeidet med å utvikle betre indikatorar og nøkkeltal for å måle gjennomstrøyminga blei intensivert. Det blei i 2000 starta opp ei rekkje prosjekt for å støtte opp om det arbeidet departementet driv med oppfølginga av Utvalet for høgre utdanning.

Utvalet for høgre utdanning (Mjøs-utvalet)

Utvalet for høgre utdanning leverte hovudutgreiinga NOU 2000: 14 «Frihet med ansvar – om høyere utdanning og forskning i Norge» i mai 2000. Utvalet har hatt i oppgave å gi ein samla framstilling og vurdering av universitet og høgskolar som utdannings- og forskingsinstitusjonar. Utgreiinga handsamar mellom anna spørsmål som er knytte til organisering av tilhøvet mellom universitet og høgskolar og sentrale styresmakter, intern organi-

sering og styring ved institusjonane, gradsstruktur og dimensjonering av høgre utdanning og finansiering av utdanning og forskning. Utgreiinga har vært på høring, med høringsfrist primo oktober. Departementet vil komme tilbake til Stortinget i samband med oppfølging av utgreiinga.

Universitetsstudia på Svalbard (UNIS)

Universitetsstudia på Svalbard (UNIS) har gitt gode resultat med omsyn til både undervisning, forskning og bidrag til lokalsamfunnet i Longyearbyen. UNIS har fire studieretningar: Arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi. Studentaktiviteten utgjorde i 1998 100 studentårsverk, og 45 pst. av studentane var utanlandske. I 1999 utgjorde studentaktiviteten 97 studentårsverk, og 51 pst. av studentane var utanlandske. I 1999 var det 49 studenter som arbeidde med hovudfagsoppgåve ved UNIS, og 19 studenter avslutta hovudfags- eller diplomoppgåve. To studenter som hadde gjennomført doktorgradsarbeid ved UNIS, avla doktorgraden i 1999.

På bakgrunn av ei utgreiing om ulike tilknytningsformer gjekk styret ved UNIS i sommar einstemmig inn for at UNIS blei omdanna til aksjeselskap. Vedtaket og utgreiinga blei oversendte departementet. Departementet har merkt seg fråsegna komiteen sitt fråsegn ved handsaminga av Svalbardmeldinga om at komiteen ikkje har sterke meiningar om organiseringa av UNIS, men at ein må sørge for at det forplikande samarbeidet mellom universiteta blir ført vidare i ein ny organisasjonsmodell. Det blir derfor teke sikte på å leggje utgreiinga fram for universiteta før departementet gir si vurdering i saka. Formelt er det styret for stiftelsen som må søkje Justisdepartementet om oppløysing av stiftelsen.

I Innst. S. nr. 196 (1999-2000) har utanrikskomiteen merkt seg planane som ligg føre for å samlokalisere fleire forskingsinstitusjonar i «Svalbard forskingspark». Departementet har fått eit romprogram for utviding av UNIS og arealbehov for dei andre institusjonane som etter planane skal samlokaliseras i bygget, og vil vurdere dette i samråd med andre aktuelle departement og institusjonar.

Bygg og lokale

Innanfor universitetssektoren blei det nye Realbygget ved Noregs teknisk-naturvitskaplege

universitet stilt ferdig i 2000. Sjå omtale av bygg i høgskolesektoren under kap. 274.

Budsjettforslag for 2001

Post 01 Driftsutgifter

Eit mindre beløp er avsett til bruk for departementet i samband med kalkulering av vederlag til Kopinor for bruk av opphavsrettsleg verna materiale.

Regjeringa gjer framlegg om ein løyving på 2 mill. kroner til Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM) ved Andøya Rakettskytefelt AS i 2001. Tiltaket vil bli evaluert etter tre års drift.

Posten finansierer også lønsutgifter i departementet til medarbeidarar på avgrensa utviklingsprosjekt knytt til budsjettkapitlet.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot svarande meirinntekter under kap. 3281 post 02, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Rekrutteringsstipendprogrammet

I samband med Regjeringa si opptrappingsplan for forskning gjer Regjeringa framlegg om å opprette 100 nye stipendiatstillingar og 40 nye postdoktorstillingar i 2001, jf. omtale under programkategori 07.60. Dei nye postdoktorstillingane er øyremerkte kvinner. Departementet vil med dette finansiere 737 stipendiatstillingar og 168 postdoktorstillingar. Rekrutteringsstillingar blir også finansierte gjennom Noregs forskingsråd, jf. kap. 285.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving til 20 nye professorstillingar øyremerkte kvinner for andre halvår i 2001. Departementet vil etter søknad frå institusjonane fordele professorstillingane til fagområde der mindre enn 10 pst. av professorane er kvinner. Departementet vil òg ta omsyn til talet på kvinnelege studentar på fagområda. Det vil vere ein føresetnad at institusjonane sjølv set i verk tiltak for å betre kvinnerepresentasjonen blant det faglege personalet på desse fagområda. Det vil derfor bli lagt vekt på at institusjonane prioriterer rekrutteringa av kvinner til faglege stillingar på slike fagområde ved å nytte

stipendiatstillingar og postdoktorstillingar til kvinner. Vi vil i den samanhengen vise til at Stortinget ved handsaminga av lov om universitet og høgskolar opna for å lyse ut stillingar særskilt for det underrepresenterte kjønn. Departementet er kjent med at EU-domstolen nyleg fatta ein dom om forståinga av likestillingsdirektivet til EU. Departementet vurderer ikkje dommen for å vere til hinder for at norske styresmakter kan nytte seg av øyremerking av stillingar for det underrepresenterte kjønn for å fremme likestilling.

Tiltak for å betre studiegjennomføringa

Regjeringa gjer framlegg om å føre vidare tiltaka for å betre studieforholda og for å leggje til rette for at studentane skal nå studiemåla på kortare tid.

Framlegget inneber at ordninga med økonomisk stimulans for å få hovudfags- og doktorgradsstudentane til å fullføre studiane raskare, ved å tildele midlar for kvar student som tek hovudfagseksamen og doktorgrad, blir ført vidare uendra i 2001. Midlar til ordninga blir løyvde over dei aktuelle institusjonskapitla.

Eit anna verkemiddel for å betre studiegjennomføringa ved universiteta er at løyvingane til institusjonane delvis er avhengige av mengda avlagde vekttal, jf. omtale under programkategori 07.60. For 2001 gjer Regjeringa framlegg om å auke løyvinga som blir fordelt på grunnlag av avlagde vekttal til 800 mill. kroner. Hovudformålet med ordninga er at den skal stimulere til betre gjennomstrøyming på dei studium som har færrest avlagde vekttal per student, og det er derfor lagt inn ulik vekting av studia ved fordeling av midlane.

I budsjettframlegget for 2001 er det lagt til grunn å føre vidare vektinga som blei nytta i 2000. Dette inneber at profesjonsstudia har vekta 1, lågare grads studium vekta 1,5 og studium på høgere grads nivå vekta 3. Framlegget på 800 mill. kroner er lagt inn i rammene på kapitla 260, 261, 262 og 263.

Avlagde vekttal (20-vektttalseiningar) ved dei enkelte institusjonane gir følgjande fordeling av midlane i 2000 og 2001:

Avlagde vektal og fordeling av midlar

Institusjon	Vektals- produksjon 1998	Beløp (i 1000 kr) 2000 ¹	Vektals- produksjon 1999 ²	Beløp (i 1000 kr) 2001 ³
Universitetet i Oslo	17 145	284 075	16 980	352 000
Universitetet i Bergen	8 816	153 973	8 489	188 000
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	10 844	158 398	10 529	196 000
Universitetet i Tromsø	3 275	53 554	3 212	64 000
Sum	40 081	650 000	39 210	800 000

¹ Over statsbudsjettet for 2000 blei det fordelt 650 mill. kroner på bakgrunn av mengda avlagde vektal for 1998.

² Gjelder den samla mengda avlagde vektal (20-vektaltalseininger) for lågare grad, høgre grad og profesjon rapportert til DBH. Tala kan ikkje direkte samanliknast med tala for 1998.

³ Over statsbudsjettet for 2001 er det foreslått fordelt 800 mill. kroner på bakgrunn av mengda avlagde vektal for 1999.

Departementet vurderer det som viktig å føre vidare ordningane med incentivbasert budsjettering.

Informasjonsteknologisatsingar

Programmet for tungrekning, som har programperiode frå 1999 til 2003, blir foreslått ført vidare med 22 mill. kroner i 2001.

I samband med Regjeringa si satsing på IKT og breiband gjer Regjeringa framlegg om auka satsing på Uninett AS med 10 mill. kroner i 2001 for å starte ei utbygging av forskingsnettet til gigabit-kapasitet. Auka kapasitet i forskingsnettet er nødvendig for at neste generasjon av nettbaserte løysingar (spesielt video- og lydbaserte løysingar) skal kunne bli utvikla. Dette vil komme samfunnet til gode på fleire område. Nye nettbaserte løysingar vil bli nytta i helsesektoren, kultursektoren, offentleg forvaltning, samt at kommersialisering av FoU-verksemnda vil kunne føre til ny næringsutvikling. Noreg har ligge langt framme når det gjeld utvikling av nettbaserte løysingar, og ei auka satsing på forskingsnettet vil vere viktig for å halde ein slik posisjon.

Det treårige pilotprosjektet Nordunet2, som starta opp i 1998, skal etter planen avsluttast mot slutten av 2001.

Regjeringa gjer framlegg om at satsinga for å integrere IKT i lærarutdanninga blir ført vidare med 30 mill. kroner, jf. omtale under programkategori 07.60.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving til «Bedriftsuniversitetet» på 5 mill. kroner. Senter for framifrå forskning innanfor IKT er omtalt under kap. 285 Noregs forskingsråd.

Arbeidsgruppa for digitale læremiddel blir avvika i 2000. Arbeidsgruppa sitt program i lærar-

utdanninga vil i 2001 bli ført vidare integrert som ein del av IKT-satsinga i lærarutdanninga. Programmet vil bli administrativt samordna med Forskings- og kompetansenettverk for IT i utdanning (ITU). Departementet vil samstundes følgje opp evalueringa av arbeidsgruppa og vurdere erfaringane frå verksemnda som grunnlag for arbeidet med IKT i høgre utdanning generelt.

Regjeringa foreslår å føre vidare Museumsprosjektet (det tidlegare Dokumentasjonsprosjektet) i 2001. Prosjektet skal gi ein samla og rasjonell tilgang til informasjon om kultur- og naturarven vår, gjennom å digitalisere vitenskaplege samlingar ved universiteta. I samband med miljøhandlingsplanen til departementet vil delar av midlane til prosjektet bli øyremerkte digitalisering av zoologiske materiale for å betre tilgangen på data om biologisk mangfald.

Administrative system i universitets- og høgskolesektoren

Departementet tek sikte på å føre vidare arbeidet med å innføre nye administrative system i universitets- og høgskolesektoren, nå spesielt retta mot felles system for lønns- og personaladministrasjon for dei statlege høgskolane.

Fjernundervisning

Departementet foreslår å auke løyvinga til Sentralorganet for fleksibel læring i høgre utdanning (SOFF) til 18 mill. kroner. Midlane skal i tillegg til å finansiere utvikling av fjernundervisning og fleksible læringstilbod i høgre utdanning også nyttast til ekstern analyse og evaluering av erfaringane frå tidlegare SOFF-støtta prosjekt, samt til arbeidet til styret og sekretariatet.

Noregsnettrådet

Mandatet for Noregsnettrådet er å vere eit rådgivande organ for departementet i saker som gjeld langsiktig utvikling av høgre utdanning i Noreg. Særleg er det rådet si oppgåve å gi tilråding om problemstillingar knytte til sektorovergripande og nasjonale tilhøve i Noregsnettet. Noregsnettrådet skal i 2001 særleg leggje vekt på utvikling av rammeplanar, utvikling av eit nasjonalt system for kvalitetssikring, samt evalueringsarbeid. Noregsnettrådet vil frå 2001 få ansvaret for brukaroppfølginga av akademikarregisteret og undersøkinga av arbeidsmarknaden for nyutdanna akademikarar. Midlane er overførte frå kap. 285. NAIC skal leggje til rette søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning og gi institusjonane råd når det gjeld vidare handsaming. NAIC skal vidare informere om systemet for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning, leggje forholda til rette for å innføre Diploma Supplement ved lærestadene og ha ansvaret for oppfølging av Nasjonal database for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning, eit delprosjekt i «Eit enklare Noreg», jf. omtale under programkategori 07.60 og kap. 260. Departementet gjer framlegg om ei løyving på om lag 31 mill. kroner til Noregsnettrådet i 2001.

Riksbibliotektenesta

Riksbibliotektenesta skal vere eit rådgivande og samordnande organ som fungerer som sakkunnig for staten i alle bibliotekspørsmål som gjeld dei vitenskaplege og faglege biblioteka. Riksbibliotektenesta skal sikre enkel tilgang til dokumentasjon og fagleg informasjon for alle brukarar i forskning, høgre utdanning, helsevesen, forvaltning, næringsliv og anna yrkesliv. Vidare skal Riksbibliotektenesta arbeide for å utvikle einskaplege effektive bibliotektenester og medverke til at dei vitenskaplege og faglege biblioteka og dokumentasjonssentralane går inn som eit ledd i eit rasjonelt, fagleg informasjonssystem. Departementet gjer framlegg om ei løyving på om lag 12 mill. kroner til Riksbibliotektenesta i 2001.

Nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning

Avtalen mellom dei nordiske landa om tilgang til høgre utdanning vil gjelde også i 2001. Det vil bli vurdert om avtalen skal førast vidare etter dette.

Utdanningsforskning

Prosjektet som vurderer arbeidsmarknaden for kandidatar med høgre utdanning og programmet for å måle gjennomstrøyminga i utdanningssystemet, vil bli ført vidare i 2001. Departementet vil kontinuerleg vurdere nye forskings- og utgreiingsprosjekt som er av særleg interesse for høgre utdanning. Løyvinga vil også bli nytta til konferansar og informasjonstiltak på dette området.

Universitetsstudia på Svalbard (UNIS)

UNIS skal gi studietilbod på universitetsnivå og drive forskning med utgangspunkt i at Svalbard er geografisk plassert i eit høgarktisk område. Departementet finansierer eit studenttal på 100 heiltidsstudentar ved UNIS. Studia skal ha ein internasjonal profil, og det blir teke sikte på at ein stor del av studentane skal vere utanlandske. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 35 mill. kroner til UNIS i 2001.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga gjeld lønn (inkl. trygd) til oppdragsforskning og oppdragsundervisning ved Riksbibliotektenesta og Noregsnettrådet, som blir finansiert av inntekter under kap. 3281 post 01. Vidare skal løyvinga dekkje tilskott til internasjonale kongressar som blir haldne her i landet, og tilskott til representantar frå utanlandske lærestader på besøk i Noreg som tek imot norske studentar. Utgifter til kurs som blir arrangerte av departementet for tilsette ved universitet og høgskolar, gaveprofessorat og ulike fellestiltak som mellom anna informasjonsbrosjyrar og kunngjeringsar som Informasjonstenesten ikkje tek seg av, skal òg bli dekte innanfor denne løyvinga. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3281 post 01, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Post 30 Fellesmidlar, kan overførast

Løyvinga vil bli nytta til utomhusarbeid og andre fellestiltak i samband med byggeprosjekt ved universiteta og dei vitenskaplege høgskolane.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på kr 33 332 000 til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald ved universiteta og høgskolane. Løyvinga inkluderer

rer ei særskild løyving på 25 mill. kroner til vitenskapleg utstyr ved universiteta som del av Regjeringa si opptrappingsplan for forskning.

Post 60 Tilskott til RiT 2000, kan overførast

RiT 2000 er eit utviklings- og utbyggingsprosjekt for Regionsjukehuset i Trondheim, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) og Høgskolen i Sør-Trøndelag. Denne budsjettposten dekkjer investeringstilskott frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til byggherren for ny Universitetsklinikk i Trondheim, Sør-Trøndelag fylkeskommune. I perioden t.o.m. 2000 er det totalt løyvd 167 mill. kroner frå departementet til Sør-Trøndelag fylkeskommune i samband med RiT 2000.

Fylkestinget i Sør-Trøndelag vedtok i juni 2000 eit økonomisk omfang på byggetrinn 1 som er større enn kva som kan sameinast med kostnadsoverslaget for heile utbygginga slik dette er fastsett i revidert avtale mellom staten og Sør-Trøndelag fylkeskommune, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (1999-2000). Etter dialog med fylkeskommunen om status i prosjektet er staten kommen til at det er naudsynt med ein ny gjennomgang av utbygginga. Ein viser til nærare omtale av status og framdrift under kap. 739 post 64 i St.prp. nr. 1 (2000-2001) frå Sosial- og helsedepartementet.

Løyvingsforslaget for 2001 er på 111,05 mill. kroner til å føre vidare byggetrinn 0, til igangsetting av byggetrinn 1 og til planlegging av byggetrinn 2.

Post 70 Tilskott til utgiving av lærebøker

Lærebokutvalet for høgre utdanning har til oppgave å fordele midlane som kvart år blir løyvd av Stortinget til utgiving av lærebøker for høgre utdanning. Utvalet skal medverke til å betre den språklege likestillinga for lærebøker innanfor høgre utdanning ved å prioritere søknader til lærebøker som dekkjer eit dokumentert mangelområde, lavopplagsbøker og basisutgåver på nynorsk og samisk. Tilskottsordninga blir forvalta av Noregsnettrådet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på kr 6 736 000 til utgiving av lærebøker i 2001.

Post 71 Tilskott til Stiftelsen for helsetenesteforskning ved Sentralsjukehuset i Akershus

Stiftelsen for helsetenesteforskning skal drive utgreiings-, forskings- og utviklingsverksemd i helsesektoren og medverke til å fremme kvaliteten i

pasientbehandlinga og rasjonell bruk av ressursar som nyttast til helsetenesten, med hovudvekt på drift av sjukehus. Vidare skal stiftelsen medverke til å bevare og utvikle vidare fagleg miljø og vitenskapleg kompetanse ved Sentralsjukehuset i Akershus. Departementet gjer framlegg om ei løyving på kr 4 696 000 til Stiftelsen for helsetenesteforskning i 2001.

Post 72 Stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar

Tilskottsordninga skal skape eit økonomisk grunnlag for eit systematisk etterutdanningstilbod for kunstnarar med forankring i kunsthøgskolane og andre aktuelle fagmiljø. Tilskottet kan bli tildelt kunstnarar som er tekne opp ved kunstfagleg etterutdanningstilbod som er organisert av Kunsthøgskolen i Bergen, Kunsthøgskolen i Oslo og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.

Kunsthøgskolen i Oslo fikk i 2000 ansvaret for å forvalte tilskottsordninga. Stipenda blir tildelte etter tilråding frå ein stipendkomite, som er oppnemnd for ein periode på tre år av styret for Kunsthøgskolen i Oslo, etter forslag frå kunstnarorganisasjonane og kunsthøgskolane. Departementet gjer framlegg om ei løyving på kr 1 894 000 til stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar.

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-program på utdanningsområdet. Utdanningsprogramma som Noreg blei med på i samband med at EØS-avtalen blei inngått (SOKRATES for allmennutdanning og LEONARDO DA VINCI for yrkesutdanning), utløp 31. desember 1999. Frå januar 2000 starta ein ny generasjon utdanningsprogram som førar vidare og utvider aktiviteten frå dei tidlegare programma.

Framlegget til budsjett på denne posten dekkjer deltaking i det nye SOKRATES-programmet (vedteke for perioden 2000-06, jf. St.prp. nr. 49 (1999-2000) om andre fase av EUs handlingsprogram for allmennutdanning SOKRATES, og Innst. S. nr. 182). I tillegg kan posten nyttast til mindre tiltak på utdanningsområdet, som t.d. EU-kontingent for Det europeiske språkåret 2001. For omtale av LEONARDO, jf. kap. 239 post 72.

Målsetjinga med tilskottet er å leggje til rette for norsk deltaking i forpliktande institusjonssamarbeid på tvers av landegrensene for å oppnå internasjonalisering av norsk utdanning, fagleg utvikling, kvalitetsheving og gjensidig læring.

Skolesamarbeidet innanfor SOKRATES-programmet hadde søknadsrekord i 1999, og i alt 841 utanlandske skolar samarbeidde med norske skolar. 70 pst. av dei norske skolane i partnerskapa er grunnskolar. 439 norske lærarar fekk individuelle stipend for språk- og skolesamarbeid, samt at det var 28 utanlandske språkassistentar ved norske skolar og 15 norske språkassistentar i utlandet.

I ERASMUS-delen av SOKRATES-programmet var det ein auke i talet på innreisande ERASMUS-studentar i 1998-99, som gav betre balanse i talet mellom utreisande og innreisande ERASMUS-studentar enn tidlegare. Tabellen nedanfor viser mengda inn- og utreisande studentar for perioden 1993-94 til 1998-99:

ERASMUS-studentar

År	Inn	Ut
1993-94	365	784
1994-95	554	980
1995-96	727	1 212
1996-97	776	1 165
1997-98	744	1 071
1998-99	983	1 101

I 1999-2000 tok 40 norske universitet og høgskolar del i ERASMUS-samarbeidet med student- og lærarutveksling. Dei norske institusjonane mottok i alt 4 mill. kroner for institusjonskontraktane med EU, 10 mill. kroner til studentstipend, og 27 institusjonar fekk støtte for heilt eller delvis å setje i verk ECTS (European Credit Transfer System), som er eit system for innpassing av utanlandsk utdanning og overføring av vektal og karakterar. Dei norske universiteta og høgskolane var vidare med på 31 prosjekt for fagplanutvikling.

For dei andre delane av programmet har Noreg relativt sett fått god utteljing på prosjektsøknadene. Departementet gjer framlegg om løyving på kr 45 091 000 i 2001.

Post 75 Tilskott til UNIK

Universitetsstudia på Kjeller (UNIK) blei etablert i 1987. Stiftelsen omfattar Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og dei tre store institutta på Kjeller: Forsvarets forskingsinstitutt, Institutt for energiteknikk og Telenor Forsking og Utvikling. UNIK er fagleg og undervisningsmessig underlagt Universitetet i

Oslo og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.

UNIK skal vere ein avansert studiestad innanfor norsk universitetsutdanning med fagleg og pedagogisk kvalitet på høgt internasjonalt nivå, og med tyngdepunkt i bruksretta informasjonsteknologi. Stiftelsen skal tilby undervisning og rettleiing på hovudfagsnivå for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet sin siv.ing.-grad og Universitetet i Oslo sin cand.scient.- og siv.ing.-grad, samt forskarutdanning til dr.ing.- og dr.scient.-gradane.

I 1999 fikk i alt 67 hovudfagsstudentar (52 cand.scient. og 15 siv.ing.) og 20 doktorgradsstudentar rettleiing ved UNIK. I tillegg var det 14 sivilingeniørstudentar frå Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet som utførte diplomoppgåva si ved UNIK. I alt fullførte 35 kandidatar siv.ing.-, cand.scient.- eller diplomstudiet ved UNIK i 1999. Vidare avla ein student som hadde gjennomført sitt doktorgradsarbeid ved UNIK, doktorgraden i 1999.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kr 12 360 000 til Universitetsstudia på Kjeller i 2001.

Post 76 Tilskott til NORDUnet, kan overførast

NORDUnet AS er ein nordisk nettverksorganisasjon som skal sikre ein felles nettinfrastruktur (NORDUnet) for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane og knytte dei til internasjonale nett og nett-tenester. Siktemålet er å gje nettbrukarane i dei nordiske landa høgare kvalitet og lågare pris på nett og nett-tenestene enn det dei nasjonale nettverksorganisasjonane kan realisere på eiga hand.

NORDUnet AS er organisert som eit dansk aksjeselskap eigd av dei nasjonale nettverksorganisasjonane. Uninett AS forvaltar dei norske interessene i selskapet.

I løpet av 1999 blei det gamle NORDUnet nettverkssystemet skifta ut og sambanda mellom Sverige, Danmark, Finland og Noreg fikk auka kapasiteten frå 155 Mbit/s til 310 Mbit/s. Sambanda til Europa har framleis ein kapasitet på 155 Mbit/s, medan kapasiteten til USA blei auka frå 155 Mbit/s til 465 Mbit/s i løpet av 1999. NORDUnet blei i 1999 tilslutta Internet2-nettverket Abilene i USA, som er eit høgkapasitets-nettverk for avansert nettverksbruk. Vidare blei NORDUnet tilslutta STARTAP som er eit globalt nettverkssamband kor NORDUnet-medlemmane kan samarbeide med ei rekkje amerikanske, canadiske, og asiatiske forskingsnettverk.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kr 32 652 000 til NORDUnet AS i 2001.

slik medverking frå universitet eller høgskolar i stiftelsar og aksjeselskap. Departementet meiner det berre unntaksvis er aktuelt å opprette nye institusjonar av denne typen.

Post 90 Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar

Løyvinga blir disponert til kapitalinnskott i stiftelsar eller til aksjekjøp dersom det er ønskeleg med

Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	9 661	2 730	168
02	Salsinntekter o.a.	3 424	106	109
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	681		
	Sum kap. 3281	13 766	2 836	277

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- Post 01 er nedjustert med 2,6 mill. kroner som følgje av at Riksbibliotektenesta har endra

praksis for føring av inntekter, jf. parallell nedjustering av utgiftspost 21 under kap. 281.

Kap. 0282 Privat høgskoleutdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Tilskott	344 081	359 581	365 094
	Sum kap. 282	344 081	359 581	365 094

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

- 2,2 mill. kroner er overført frå kap. 281 post 01 for øvingslæraravtale.

Kapitlet omfattar tilskott til private høgskolar.

Vilkår for eksamensrett og statstilskott

Lov av 11. juli 1986 nr. 53 om eksamensrett for og statstilskudd til private høyskoler (privathøyskoleloven) fastset dei vilkåra som må vere oppfylde for at private høgskolar skal kunne få tildelt eksamensrett og eventuelt statstilskott.

Høgskolar som i dag ikkje har eksamensrett, kan søkje om å få eksamenar godkjende etter lova. Dei må da gjere greie for styringsordning, undervisningspersonale, opptaks- og eksamensreglement, studieplanar m.m. Ved handsaming av søknad om eksamensrett hentar departementet inn fagleg vurdering frå Noregsnettrådet. Ei even-

tuell tildeling av eksamensrett gjeld det einskilde studiet og ikkje institusjonen.

For tildeling av statstilskott fastset lova, utover at krava for eksamensrett skal vere oppfylde, bl.a. følgjande vilkår: Høgskolen må enten a) vere oppretta av religiøse eller etiske grunnar, b) vere oppretta som eit fagleg-pedagogisk alternativ eller c) utfylle det offentlege utdanningstilbodet på felt der det er eit udekt behov. I tillegg vil budsjett-rammene vere avgjerande for om nye høgskolar/studium kan gis tilskott.

Tilskottsordninga

Privathøyskoleloven føreskriv at tilskottet skal reknast ut som produktet av ein normalsats per student fastsett av Stortinget og eit studenttal godkjent av Kongen. Normalsatsane blir fastsette med utgangspunkt i driftskostnad per student i statleg høgskoleutdanning (normalkostnad) og som ein prosentsats av denne. I tillegg blir det gitt

ikkje-studentbaserte tilskott til ein skilde institusjonar etter særskild vurdering, sjå avsnittet Budsjettforslag for 2001.

Rapport for 1999-2000

Handelshøyskolen BI blei i november 1999 tildelt internasjonal akkreditering. Dette er ein EQUIS-akkreditering (European Quality Improvement System) som blir gitt av stiftelsen European foundation for management development. Rapporten frå komiteén som har vurdert høyskolen, slår fast at Handelshøyskolen BI ligg klart over standarden i høve til andre europeiske institusjonar som er gitt akkreditering.

Handelshøyskolen BI fekk i februar 2000 eksamensrett for høgere revisorstudium.

Det teologiske menighetsfakultet fekk i juli 2000 godkjent graden Master of Philosophy. Diakonissehjemmets høyskole blei i juli 2000 tildelt eksamensrett for cand.mag.-graden.

Institusjonsendringar

Frå 1. januar 2000 er Norges Varehandelshøyskole ein del av Handelshøyskolen BI.

Tabellen viser aktiviteten ved private høyskolar som blei finansierte over kap. 282 i 1998 og i 1999:

Privat høyskoleutdanning – kandidat- og opptakstal

	Registrert kandidattal 1998	Registrert kandidattal 1999	Registrert opptakstal 1998	Registrert opptakstal 1999
Private høyskolar				
Sjukepleiar	363	354	521	495
Vernepleiar	55	52	90	92
Sosionom	85	90	91	88
Andre helse- og sosialrelaterte utd.	453	592	376	343
Cand.theol.	54	40	35	82
Allmennlærer	16	39	157	170
Førskolelærer	319	200	348	280
Annan teol./ped./kunst. utd.	1 070	1 249	896	1 416
Siviløkonom	315	284	320	320
Sivilmarkedsfører	105	94	185	237
Revisor	57	38	65	60
Ingeniør	24	8	87	79
Anna øk./journalist./teknisk utd.	3 884	3 314	8 158	8 768
Sum privat høyskoleutdanning	6 800	6 354	11 329	12 430

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over det økonomiske omfanget av verksemda ved dei ein-skilde private høgskolane med statstilskott i 1999:

Private høgskolar – statstilskott (kap. 282), totale driftsinntekter og driftskostnader i 1999 (i 1000 kr)

Institusjon	Tilskott frå kap. 282 1999	Totale driftsinntekter 1999 ¹	Driftskostnader 1999 ¹
Diakonhjemmets høgskolesenter	32 060	67 774	67 925
Menighetssøsterhjemmets høgskole	14 427	15 399	18 426
Betanien sykepleierhøgskole	11 446	14 485	15 586
Høgskolen for Diakoni og Sykepleie	29 625	34 067	35 135
Diakonissehjemmets høgskole	11 970	16 269	16 366
Rogaland vernepleierhøgskole	10 758	15 185	15 542
Det teologiske menighetsfakultet	26 084	37 116	38 316
Misjonshøgskolen	6 807	18 980	19 728
Norsk lærerakademi, lærarhøgskolen	18 744	24 000	23 645
Norsk lærerakademi, vitskapelig høgskole	19 458	24 014	24 888
Dronning Mauds Minne	36 180	43 558	41 070
Rudolf Steinerhøgskolen	5 059	5 923	6 075
Den norske eurytmihøgskole	1 557	1 860	1 805
Barratt Due	6 857	8 006	8 760
Den norske Balletthøyskole	1 839	3 331	3 493
Bergen Arkitekt Skole	6 017	7 875	7 796
Handelshøyskolen BI	73 754	588 607	582 039
Norges Varehandelshøyskole	5 980	32 235	28 558
Mediehøgskolen	5 670	12 845	14 113
Den Polytekniske Høgskolen	19 798	93 563	45 109

¹ Byggjar på tal rapportert av institusjonane

Budsjettforslag for 2001

Ot.prp. om lov om endringar i lov om private høgskolar vil ikkje bli fremma i høstsesjonen. Departementet vil komme tilbake til saka i samband med oppfølginga av utgreiinga om høgere utdanning som er sendt på høring.

Det blei i St.prp. nr. 1 (1998-99) varsla at det ville bli gjennomført ein gjennomgang av utrekninga av tilskott for private høgskolar. I St.prp. nr. 1 (1999-2000) blei status for arbeidet kort kommentert. På bakgrunn av dette arbeidet er det foreslått ein del justeringar av normalkostnadene for 2001, jf. omtale nedanfor. Det er grunnlag for å hevde at den praksisen som har vore følgd i ein del år med å endre normalkostnadene på bakgrunn

av ein kombinasjon av prisjustering og periodevis innhenting av oppdaterte kostnadstal frå statlege institusjonar, fungerer tilfredsstillande.

Departementet forventar at gjennomføringsprosenten for studium ved private høgskolar også frametter ligg på eit høgt nivå. Ved dei private høgskolane som i dei siste åra har fått auka studenttalet for tilskott, er det venta at kandidatproduksjonen stig tilsvarande etter kvart som desse kulla blir uteksaminerte.

Det er lagt inn 1,3 mill. kroner i samband med ny rammeplan for sjukepleiarutdanninga.

Departementet gjer framlegg om følgjande fordeling av tilskottet til private høgskolar for 2001:

Privat høgskoleutdanning – studenttal og framlegg om tilskott i 2001 (i 1000 kr)

	Registr. stud. 1998	Registr. stud. h. 1999	Studenttal for tilskott h. 2000	Studenttal for tilskott h. 2001	Statstilskott 2000 (endeleg til- sagnsbrev)	Forslag om statstil- skott 2001
Privat høgskoleutdanning						
Diakonhjemmets						
høgskolesenter					32 595	34 044
- sjukepleie	242	276	285	310		
- sosionom	572	278	270	240		
- andre studium	126	356	118	93		
Menighetssøsterhjemmets høgskole	247	266	275	260	15 103	15 363
Betanien sykepleierhøg-skole	218	215	215	215	11 619	12 247
Diakonissehjemmets høgskole	185	281	205	205	11 770	12 167
Høgskolen for Diakoni og Sykepleie	601	598	545	530	28 630	29 305
Rogaland verne-pleierhøgskole	210	296	270	270	11 897	14 257
Sum helse- /sosialrelatert utd.	2 401	2 566	2 183	2 123	111 614	117 383
Det teologiske						
menighetsfakultet					26 866	23 954
- lågare grad ¹	475	732	550	442		
- praktikum	145	60	40	40		
- andre høgre grad				108		
Misjonshøgskolen					7 208	6 670
- lågare grad ¹	134	145	155	124		
- praktikum	11	16	10	10		
- andre høgre grad				31		
Norsk lærerakademi, vitenskapelig høgskole	505	565	510		20 041	20 102
- lågare grad				382		
- høgare grad				128		
Norsk lærerakademi, lærerhøgskolen	294	354	450	480	23 089	26 682
Dronning Mauds Minne	761	718	734	689	36 993	39 262
Barratt Due	73	72	72	72	7 062	7 274
Rudolf Steinerhøgskolen	93	91	105	105	5 211	5 367
Den norske Eurytmihøgskole	20	22	24	24	1 603	1 797
Den norske Balletthøyskole	39	27	27	27	2 194	2 260
Sum teol.-/ped.-/kunstutd.	2 550	2 802	2 677	2 662	130 267	133 368
Bergen Arkitekt Skole	99	102	105	105	6 197	6 383
Handelshøyskolen BI						
- Master of Science	87	89	96	96	3 615	3 723
- siviløkonom	1 265	1 295	1 255	1 255	32 482	33 456
- sivilmarknadsfører	700	794	363	363	9 395	9 677

	Registr. stud. 1998	Registr. stud. h. 1999	Studenttal for tilskott h. 2000	Studenttal for tilskott h. 2001	Statstilskott 2000 (endeleg til- sagnsbrev)	Forslag om statstil- skott 2001
Privat høgskoleutdanning						
- revisor	215	190	225	225	5 823	5 998
- ordinære studium NMH	1 417	1468	712	534	8 123	7 727
- int. studium NMH	231	306	225	225	7 421	7 643
- andre utdanningar ²	5 291	4 885	3 286	2 886	7 685	7 366
Norges Varehandelshøgskole	345	283	210	210	5 798	5 598
Mediehøgskolen	92	120	125	125	6 347	5 769
Den Polytekniske Høgskolen						
- forkurs	156	169	200	150	4 260	3 839
- ingeniørutdanning	104	142	60	80	1 988	2 130
- datautdanning	1 439	1 799	710	710	14 596	15 034
Sum økon./journalist-/teknisk utd.	11 441	11 642	7 572	6 964	107 533	114 343
Sum	16 392	17 010	12 432	11 749	355 611	365 094
Refusjon av pensjonsinnskott					3 970	0
Sum totalt tilskott					359 581	365 094

¹ Studenttala frå 1998-2000 inkluderer studentar på høgre og lågare grad.

² Tidlegare er nemninga bedriftsøkonomutdanning nytta om denne kategorien.

Talet for registrerte studentar i 1998 er korrigert i summen for kategori teologi-/pedagogikk-/kunstutdanning og i summen for kategori økonomi-/journalist-/teknisk utdanning i samsvar med at Bergen Arkitekt Skole er flytta frå førstnemnde til sistnemnde kategori.

I tillegg til desse institusjonane har departementet motteke søknad om statsstøtte frå ein institusjon som oppfyller dei formelle krava til statsstøtte i høve til privathøgskoleloven, Oslo Merkantile Høgskole. Departementet finn ikkje å kunne komme søknaden i møte. Dette er delvis av finanspolitiske årsaker og delvis fordi departementet ikkje kan sjå at dimensjoneringsmessige omsyn skulle tilseie ein auke i talet på studieplasar med statsstøtte innanfor økonomisk-administrative fag.

Normalkostnader

På bakgrunn av gjennomgangen av tilskottsutrekninga for private høgskolar, jf. omtala ovanfor, er det gjort ei rekkje justeringar av normalkostnadene. For dei utdanningane der det ligg føre samanliknbare tal for driftskostnader per. student henta inn i samband med arbeidet med omfordeling ved statlege høgskolar, jf. omtale under kap. 274, er desse tala nytta som utgangspunkt. I gjennomsnitt viser tala at normalkostnadene som er lagde til grunn i statsbudsjettet for 1999, utgjorde ca. 95 pst. av driftskostnadene eksklusive husleige ved tilsvarende utdanningar i statleg sektor. Det var klare skilnader mellom dei ulike utdanningane.

Mens normalkostnaden for ingeniørutdanninga ved Den Polytekniske Høgskolen låg om lag 6 pst. over kostnadene i statleg sektor, låg normalkostnaden for vernepleiarutdanninga 12 pst. under.

Ein del av kostnadene ved statlege institusjonar blir dekt av inntekter institusjonane sjølve skaffar seg. Det ville vore urimeleg - og i strid med intensjonen bak privathøgskoleloven - om private høgskolar skulle få midlar frå staten som svarer til det statlege institusjonar må tene i marknaden. Rekneskap for 1999 viser at inntektene ved statlege høgskolar utgjer om lag 9 pst. av kostnadene. Dette inkluderer også store oppdragsinntekter. Samstundes vil det vere store variasjonar mellom ulike avdelingar og studium, slik at ein tilsvarende reduksjon i normalkostnaden i mange tilfelle ville vere for stor. Departementet finn at ein gjennomgåande reduksjon på 5 pst. i forhold til driftskostnadene ved statlege institusjonar bør gjennomførast ved fastsetjing av normalkostnadene. For dei utdanningane ved private høgskolar som det ikkje finst samanliknbare tal for i omfordelingsmodellen, er den gjennomsnittlege differansen på 5 pst. lagt til grunn. I tillegg er det gjennomgåande lagt inn ein indeksjustering på 3 pst. av alle normalkostnadene. Elles er desse normal-

kostnadene vidareførte frå 2000-budsjettet der ikkje anna er sagt.

Til dømes vil dette for vernepleiarstudiet seie at mens normalkostnaden for 2000 var kr 42 344, er den for 2001 kr 47 840 (utarbeidd i samband med omfordelingsmodellen) – 5 pst. (korreksjon for inntektskrav) + 3 pst. (prisjustering) = kr 46 811, dvs. ein auke på 10,5 pst. Som eksempel for eit studium der tal frå omfordelingsmodellen ikkje er nytta, kan ein sjå på siviløkonomutdanninga ved Handelshøgskolen BI. Her er normalkostnaden frå 2000-budsjettet på kr 43 136 berre prisjustert med 3 pst. da dei andre faktorane utliknar kvarandre. Dette gir ein normalkostnad for 2001 på kr 44 430.

Normalkostnadene for praktikumstudentane ved Det teologiske menighetsfakultet og Misjonshøgskolen må nemnast spesielt. Desse er justert ned frå kr 154 500 i 2000 til kr 82 400 i 2001. Bakgrunnen for dette er informasjon om driftskostnader per student ved Praktisk-teologisk seminar ved Universitetet i Oslo.

Med unntak av praktikum har tilskottet per student ved Menighetsfakultetet, Misjonshøgskolen og Norsk lærerakademi – vitenskapelig høgskole vore det same uavhengig av nivået studia har vore på. Ettersom ein hovudfagsstudent er meir kostnadskrevjande enn ein grunnfagsstudent, foreslår departementet å innføre differensierte satsar for studium på høgre og lågare grad. Fordelinga på ulike studium har så langt ikkje vore spesifisert. Det er derfor nødvendig å gjere ein forutsetning om kor stor del av studentmassen med støtte som er på høgre og lågare gradsstudium. Departementet har lagt til grunn at 25 pst. av studentane med statsstøtte er på høgre nivå (for Menighetsfakultetet og Misjonshøgskolen er praktikumsstudentane rekna med her). Normalkostnadene som er nytta, er hhv. kr 61 800 for høgre grad og kr 41 200 for lågare grad. Departementet legg til grunn at mindre eller kort-siktige variasjonar med omsyn til studenttal på ulike nivå, ikkje skal gi grunnlag for endringar i statsstøtta.

Departementet meiner med desse justeringane at normalkostnadene ligg på eit rimeleg nivå i forhold til krava i privathøgskoleloven, og finn at ein årleg prisjustering kombinert med periodiske gjennomgangar vil sikre eit akseptabelt presisjonsnivå på normalkostnadene. Det må understreke at det ikkje finst nokon objektivt sett uomtvisteleg riktig måte å rekne ut kostnadene per student ved studium ved statlege institusjonar på. Eit element av skjønn vil derfor alltid vere med i slike vurderingar.

Tilskottsprosentsatsar

Følgjande endringar blir foreslått med verknad frå hausten 2001: Den norske Eurytmihøgskole aukar frå 85 pst. til 100 pst., kategorien ordinære studium NMH ved Handelshøgskolen BI aukar frå 45 pst. til 50 pst., og Mediehøgskolen går ned frå 85 pst. til 65 pst. Alle desse endringane er gjorde ut frå eit ønske om å ha like tilskottsprosentsatsar for samanliknbare studium.

Husleigetilskott

Husleigetilskotta er vidareført på samme nominelle nivå som i 2000-budsjettet med to unntak. For Norsk lærerakademi – lærarhøgskolen blir det foreslått ein mindre auke i husleigetilskottet i tråd med auka studenttal for støtte. For Rogaland vernepleierhøgskole blir det foreslått ein auke i husleigetilskottet knytta til opprettinga av ergoterapistudiet. Ettersom det er usikkert kor store ekstra husleigekostnader dette vil føre til i 2001, aksepterer departementet at høgskolen nyttar ein eventuell rest av husleigetildelinga til utstyrskjøp i samband med ergoterapiutdanninga. Departementet har ikkje funne rom for å tildele husleigetilskott til dei andre private høgskolane.

Refusjon for del av pensjonsinnskott

Som med husleigetilskottet, jf. omtala ovanfor, er dette ei tilskottsordning som ikkje følgjer av ordlyden i privathøgskoleloven. I 1999 var det dei private helsefaghøgskolane samt Norsk lærerakademi – lærerhøgskolen og Dronning Mauds Minne som mottok dette tilskottet. Det har lange historiske tradisjonar. Etter stortingsvedtak i 1962 blei godkjende rektor- og lærarstillingar ved sjukepleiarsskolane ein del av Statens pensjonskasse, samtidig som staten tok på seg å dekkje utgiftene til lønn, arbeidsgivardelen til Statens pensjonskasse og folketrygdavgifta. Det er holdninga til departementet at denne refusjonsordninga som gjeld eit fåtal private høgskolar, ikkje bør halde fram. I statsbudsjettet for 2000 blei det beløpet som var sett av, vesentleg redusert i høve til 1999. Departementet foreslår å fjerne dette tilskottet heilt frå 2001.

Studenttal for tilskott

Ramma på kap. 282 er redusert med 7,2 mill. kroner for 2001 som ein del av det generelle studieplasskuttet i sektoren. I tillegg har vidareføringa

av studieplasskuttet frå 1999 og 2000 gitt ein rammereduksjon på til saman 2,75 mill. kroner.

Frå hausten 2000 til hausten 2001 er talet på studieplassar foreslått redusert med 683. Dette er verknaden av følgjande endringar:

Studenttalet for støtte ved Diakonhjemmets høgskolesenter er redusert med 55, 30 ved sosionomutdanninga og 25 ved vidareutdanning i diakoni, men høgskolen er tildelt 25 nye studieplassar i sjukepleie frå hausten 2001.

Menighetsøsterhjemmets høgskole: Studenttal med støtte er sett ned med 15 ved vidareutdanning i diakoni.

Ved Høgskolen for Diakoni og Sykepleie blir det foreslått å redusere studenttalet for støtte med 15 ved vidareutdanning i diakoni.

Ved Dronning Mauds Minne blir det foreslått å redusere talet på studieplassar med støtte ved diverse vidareutdanningar med 45.

Det blir foreslått å redusere studenttalet for støtte ved Handelshøyskolen BI med totalt 578. Dette er fordelt på 400 i gruppa andre utdanningar og 178 ved ordinære studium ved Norges Markedshøyskole.

Det er foreslått å starte opp ergoterapiutdanning ved Rogaland vernepleierhøgskole frå hausten 2001 med eit kull på 30 studentar. Dette blir gjort ved ein tilsvarande reduksjon i opptaket i vernepleiarstudiet hausten 2001.

Studenttalet ved forkurs i ingeniørutdanninga ved Den Polytekniske Høgskolen er redusert med 50, basert på søknaden til høgskolen. Studenttalet ved data ingeniørutdanninga er auka med 20.

Opptaket ved førskolelærerutdanninga ved Norsk lærerakademi først vidare med 30 studentar i 2001, mot 50 tidlegare.

Programkategori 07.70 Forsking

Kategori 07.70 femner om:	– forskingsinstitutt
– Noregs forskingsråd	– Det norske meteorologiske institutt
– Fondet for forskning og nyskaping	– internasjonalt forskningssamarbeid

Utgifter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0283	Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 3283)	333 047	318 130	345 013	8,5
0285	Noregs forskingsråd	770 914	782 249	812 797	3,9
0286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)	3 000 000	90 000	3 203 500	3 459,4
0287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	111 150	115 447	85 529	-25,9
0288	Internasjonale samarbeidstiltak	487 733	587 207	92 070	-84,3
Sum kategori 07.70		4 702 844	1 893 033	4 538 909	139,8

Inntekter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3283	Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 283)	143 318	123 767	142 928	15,5
3286	Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)		90 000	203 500	126,1
Sum kategori 07.70		143 318	213 767	346 428	62,1

Budsjettforslag 2001 – prioriteringar

Dei samla løyvingane under kategori 07.70 viser ein nominell auke på nesten 140 pst. samanlikna med 2000. Auken skriv seg i hovudsak frå at kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping er foreslått auka med 3 mrd. kroner, jf. kap. 286 post 90. Som følgje av auka avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping vil overføringane til Noregs forskingsråd over kap. 286 auke med 113,5 mill. kroner i høve til 2000. Nedgangen under kap. 287 og kap. 288 skriv seg frå at forskingsløyvingar for til saman kr 523 971 000 er flytta frå kategori 07.70

til kategori 17.20 under Nærings- og handelsdepartementet frå og med 1. juli 2000, jf. Innst. S. nr. 220 (1999–2000) og St.prp. nr. 61 (1999–2000). Auken på kap. 283 gjeld mellom anna 3 mill. kroner til utbygging av den tredje vèrradaren i Noreg. Korrigert for tekniske endringar og for auken i fondskapitalen viser budsjettforslaget for kategori 07.70 ein nominell auke på ca. 12,1 pst.

Overordna mål for forskning

Overordna mål for forskning innanfor ansvarsområdet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdeparte-

mentet blir omtalte her. For ein omtale av overordna mål for norsk forskning generelt, sjå under Del I, pkt. 3 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Mål for departementet er å

- sikre at den forskinga som departementet finansierer, er langsiktig og held god kvalitet
- medverke til eit velfungerande forskingssystem
- styrkje rekrutteringa av nye forskarar, og kvinners plass i akademia.

Desse måla byggjer på den forskingspolitikken som er nedfelt i St.meld. nr. 39 (1998–99) Forskning ved et tidsskille, og som Stortinget har slutta seg til, jf. Innst. S. nr. 110 (1999–2000).

Langsiktig og god forskning

Det er eit mål å styrkje den langsiktige, grunnleggjande forskinga og å forbetre kvaliteten i norsk forskning. Det generelle kvalitetsnivået skal hevast, og fleire norske miljø skal vere i den internasjonale forskingsfronten. Eit aktivt engasjement i internasjonalt samarbeid vil vere viktig for å fremme kvalitet og fagleg fornying og for å betre tilgangen på ny kunnskap.

Tilstandsvurdering

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet finansierer størsteparten av norsk grunnforskning. Denne forskinga skal medverke til å gi større innsikt i naturen, oss sjølve og samfunnet, og danne grunnlag for forskingsbasert undervisning. Den offentleg finansierte grunnforskinga sikrar landet ei langsiktig kunnskapsoppbygging, gir oss ein kunnskapsbank på område som vil kunne bli sentrale i framtida, og gjer bedrifter og institusjonar betre i stand til å hente inn ny kunnskap utanfrå. Norsk grunnforskning er dermed også avgjerande for utviklinga av næringsliv og velferd i Noreg.

Mange nye oppdagingar innanfor grunnforskning vil kunne gi praktiske resultat og økonomisk utbytte, men ofte først etter lang tid. Eit godt døme på dette er laserstrålar. Albert Einstein utvikla teorien bak laserstrålar så tidleg som i 1917. Det var likevel først på 1950-talet at folk begynte å ta denne oppdaginga i praktisk bruk, og først på 1980-talet at laserstrålar blei vanlege i bruk, og utvikla til nyttige instrument innanfor så ulike område som medisinsk teknologi, musikkindustri og kontorutstyr. Eit nyare døme er kartlegginga

av den menneskelege arvemassen. Denne forskinga gir oss grunnleggjande ny kunnskap om mennesket og den menneskelege utviklingshistoria, samtidig som den opnar for eit betre helsevesen i form av ny medisin og breiare næringsverksemd i form av nye legemiddel. På lengre sikt og i kombinasjon med annan teknologi kan ein tenkje seg at kunnskapen kan utnyttast på svært mange samfunnsområde.

Samanlikna med andre OECD-land har Noreg ein låg grunnforskningsprosent (16 pst. av total forskingsinnsats i 1997). Ein av forklaringane på dette er at det blir utført lite grunnforskning i foretakssektoren, fordi Noreg har få store foretak som investerer i forskning. Grunnforskinga i Noreg blir utført først og fremst ved universitet og vitenskaplege høgsckolar. Mesteparten av forskingsmidlane desse til institusjonane blir gitt via dei direkte løyvingane til universitet og høgsckolar, sjå kategori 07.60. Finansiering gjennom forskingsråd er ein tilleggskanal for finansiering av forskning ved universitet og høgsckolar, slik tilfellet er i dei fleste land. Den delen som forskingsrådsmidlane utgjer av institusjonsbudsjetta, går fram av oversikten over omfanget av ekstern finansiering omtalt under kategori 07.60 Høgre utdanning.

Tidleg på 1990-talet var det ein sterk auke i verksemda i universitets- og høgsckolesektoren i samband med at studenttalet i høgre utdanning steig. Løyvingane frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Noregs forskingsråd har ikkje auka tilsvarende. Dette inneber at konkurransen om forskingsmidlane har blitt hardare. I 1999 blei det oppretta eit fond for forskning og nyskaping. Hovudformålet med fondet er å sikre ei meir stabil, langsiktig og heilskapleg offentleg finansiering av forskning og utvikling. Ansvar for å fordele avkastninga er lagt til Noregs forskingsråd.

Tilgang til moderne vitenskapleg utstyr medverkar til å auke kompetansenivået og effektiviteten hos kandidatane, samtidig som det gjer at kvaliteten på forskingsresultata blir betre. Universitet og høgsckolar får midlar til vitenskapleg utstyr i hovudsak gjennom to kanalar. Størstedelen av midlane kjem direkte over grunnbudsjetta til institusjonane, medan ein noko mindre del blir finansiert gjennom Noregs forskingsråd. Forskningsrådet har dokumentert at det er eit akkumulert utstyrsbehov ved universiteta og dei vitenskaplege høgsckolane på fleire hundre millionar kroner. I samband med Revidert nasjonalbudsjett for 1997 blei det derfor løyvd ekstra midlar for å møte dette behovet. Budsjetta for 1998 til 2000 har derimot lege på om lag same nivå som før ekstraløyvinga i 1997.

Det er oppretta eit eige utstyrsutval i Forskingsrådet som har til oppgåve å sikre nasjonal koordinering og arbeidsdeling. Utvalet har medverka til at dei mest naudsynte investeringane blir prioriterte først. Frå og med 1996 har det vore sett av øyremerkte løyvingar til utstyr på budsjettet til Forskingsrådet, jf. kap. 285 post 52.

Internasjonalt forskningssamarbeid skjer i stor grad gjennom uformelle kontaktar og nettverk mellom personar og mellom miljø. I tillegg kjem eit omfattande samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellessatsingar og program, eller gjennom bilaterale avtaler. Noreg tek del i fleire internasjonale fellessatsingar innanfor grunnforskning, t.d. det europeiske senteret for kjernefysikk (CERN) og det internasjonale byrået for kreftforskning (IARC). På grunnlag av ein rapport frå Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) laga Noregs forskingsråd i 1998 ein analyse av norsk deltaking i desse satsingane. Stortinget har vurdert det som viktig å føre vidare den norske deltakinga, jf. Innst. S. nr. 110 (1999–2000) og St.meld. nr. 39 (1998–99). Samstundes er det behov for tiltak for å utnytte samarbeidet betre.

Mange land, også Noreg, har arbeidd med å utvikle kvalitative indikatorar for forskning. Publisering og sitering er døme på slike indikatorar. Det har vist seg å vere vanskeleg å komme fram til klare og eintydige målemetodar. Ulike sider ved kvaliteten i norsk forskning har blitt vurderte i dei seinare åra, og viser eit samansett bilete. Undersøkingar viser m.a. at norske forskarar publiserer mindre og blir mindre siterte enn nordiske fagfeller.

Noregs forskingsråd har starta opp ei systematisk evaluering av dei naturvitskaplege fagområda. Evalueringane nyttar internasjonal ekspertise. Evalueringar av geofaga, kjemi, fysikk og biologi ligg no føre, og saman med institusjonane legg Forskingsrådet opp til ei målretta oppfølging av desse. Evalueringane syner at kvaliteten er varierende, og at det er eit generelt behov for forskingsleing, konsentrasjon, arbeidsdeling og fornying. Departementet ser svært positivt på det evalueringsarbeidet som her er gjort.

Evalueringa av norsk deltaking i EUs rammeprogram viser at norske forskarar hevdar seg rimeleg bra. Seinare undersøkingar stadfestar at Noreg generelt har svært god uttelling i femte rammeprogram. Det er norsk koordinator i gjennomsnittleg 2,7 pst. av prosjekta, medan Noregs kontingent er 1,8 pst. av totalbudsjettet for rammeprogrammet. Fleire norske forskarar deltek her enn i det førre rammeprogrammet, og dette

gjeld særleg innanfor feltet miljø og energi, der norske forskarar er med i ein fjerdedel av prosjekta.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil følgje opp dei vedtaka som Stortinget gjorde i samband med handsaminga av St.meld. nr. 39 (1998–99) Forskning ved et tidskille. Forskingsinnsatsen skal styrkjast slik at Noreg etter fem år minst er på nivå med gjennomsnittet i OECD-landa, målt som del av BNP. Både offentleg og privat finansiering må styrkjast for at det skal bli mogleg å nå dette målet. I samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2000 er det lagt fram ein plan for kva for strategiar og tiltak som skal nyttast, jf. St.prp. nr. 61 (1999–2000). Auken i offentlege løyvingar skal komme på dei områda som er prioriterte i meldinga. Sjå under Del I, pkt. 3 Forsking og utvikling i statsbudsjettet for meir omtale.

Regjeringa foreslår å utvide kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 3 mrd. kroner frå 1. januar 2001. Fondskapitalen blir dermed på i alt 7 mrd. kroner. Fondet er ein viktig reiskap for å sikre ei auka og meir heilskapleg offentleg finansiering av norsk forskning. Avkastninga frå fondet skal særleg nyttast for å setje dei overordna forskingspolitiske prioriteringane ut i livet. Dette inneber at fondet skal støtte langsiktig, grunnleggjande forskning generelt og langsiktig forskning innanfor dei fire tematiske satsingsområda som er peika ut i Innst. S. nr. 110 (1999–2000) og St.meld. nr. 39 (1998–99). Desse områda er marin forskning, medisin og helse, informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og forskning i skjeringsfeltet mellom miljø og energi. Innanfor både fondsmidlane og dei ordinære løyvingane skal Forskingsrådet sørge for at tverrfaglege perspektiv er godt integrerte i dei tematiske satsingane.

Innanfor styrkinga av den langsiktige, grunnleggjande forskinga vil Regjeringa, i samsvar med vedtak i Stortinget, sørge for ein auke i talet på rekrutteringsstillingar, jf. omtale nedanfor under eige delmål. Regjeringa vil òg sørge for ein auke i grunnforskningsmidlane til universitet og høyskolar, mellom anna gjennom løyvingane til vitskapleg utstyr, jf. kap. 281. Det er ein føresetnad at institusjonane sjølve utarbeider langsiktige strategiar for fornying av eigen utstyrspark.

Regjeringa har som mål å utvikle fleire norske forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå. Kvalitetsvurderingar skal tilleggast enda større vekt enn før når Forskingsrådet fordeler dei faglege løyvingane. Stadig fleire land har teke i bruk ord-

ningar for å utvikle senter for framifrå forskning og har gode erfaringar med dette. På bakgrunn av forslag i St.meld. nr. 39 (1998–99) og handsaminga i Stortinget har Forskingsrådet lagt fram ei utgreiing om korleis ei norsk ordning med senter for framifrå forskning bør utformast. Forskingsrådet har vurdert tilsvarende ordningar i utlandet og har på grunnlag av dette skissert eit sett med prinsipp som ein norsk hovudmodell bør byggje på. Desse prinsippa gjeld mellom anna korleis slike senter bør vere organiserte, kven som bør vere vertskap, og prosess for utpeiking og eventuell avvikling. Departementet reknar med at ei ordning med senter for framifrå forskning gradvis kan setjast i verk frå 2001, m.a. gjennom midlar frå avkastninga frå Forskingsfondet, jf. kap. 286. Sjå også omtale av eit senter for informasjons- og kommunikasjonsteknologi på Fornebu under kap. 281 og 285.

Departementet føreset at Noregs forskingsråd, saman med dei institusjonane som er blitt evaluerte, arbeider vidare med å følgje opp dei evalueringane som no ligg føre på det naturvitenskaplege området. Departementet føreset vidare at Forskingsrådet i 2001 startar opp evalueringar av fagområda informatikk og matematikk.

Dei faglege løyvingane frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Noregs forskingsråd vil særleg bli nytta til å sikre kvalitet og fornying i grunnforskninga og til å sikre forskarrekuttering på eit høgt kvalitativt nivå. Dei sentrale verkemidla for å oppnå dette er bruk av frie, forskarinitierte prosjekt, grunnforskningsprogram og strategiske universitetsprogram. Departementet har eit særleg ansvar for den frie, forskarinitierte forskninga og vil derfor framleis prioritere dei frie prosjekta i løyvingane til Forskingsrådet.

Eit velfungerande forskningssystem

Det er eit mål at institusjonane i forskningssystemet blir innretta slik at dei fremmar kvalitet, synergi og effektivitet, og at overordna forskingspolitiske prioriteringar blir gjennomførde. Løyvingane over kategori 07.70 skal medverke til dette.

Tilstandsvurdering

Offentleg finansiering av norsk forskning byggjer på sektorprinsippet. Det er stor grad av ansvarsdeling mellom departementa, og kvart departement er ansvarleg for forskning på sin sektor. Alle departementa gir større eller mindre løyvingar til forskning. Samordning av forskingspolitikken blir sikra gjennom Regjeringas forskingsutval og eit

forskningsutval på departementsnivå, som drøftar overordna prioriteringar og større forskingspolitiske saker. Sekretariatet for desse utvala ligg i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, som også er forvaltningsdepartement for Forskingsrådet.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet er koordinerande departement for forskningssaker, men i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2000 blei nokre oppgåver av meir næringsretta karakter flytta til Nærings- og handelsdepartementet for å styrkje den næringsretta forskninga. Ansvaret for EUs rammeprogram for forskning, Teknologirådet og basisløyvingar til dei regionale forskingsinstitutta blei såleis overført frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet frå 1. juli 2000, jf. Innst. S. nr. 220 (1999–2000) og St.prp. nr. 61 (1999–2000). Midlane til Teknologirådet og dei regionale forskingsinstitutta blir sende gjennom Forskingsrådet.

Om lag 30 pst. av statlege midlar til forskning, eller til saman om lag 3 mrd. kroner, blir kanaliserte gjennom Forskingsrådet. Forskingsrådet er dermed ein viktig reiskap for å gjennomføre forskingspolitikken. Løyvingane frå departementa til rådet er både generelle faglege løyvingar, instituttløyvingar og særskilde midlar som er øyremerkte til einskilde program eller prosjekt, sjå også omtale under Del I, pkt. 3 Forsking og utvikling i statsbudsjettet. I tillegg kjem avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping. Det er framleis behov for forenkling og samordning av finansieringssystemet for rådet.

Noregs forskingsråd blei etablert for å betre koordineringa og forenkle styringsstrukturen i norsk forskning, samtidig som ein framleis skal ta vare på det faglege mangfaldet. Forskingsrådet skal også gi råd til Regjeringa i forskingspolitiske spørsmål. Ei førebels vurdering av forskingsrådsreformen viser at opprettinga av eitt råd har gitt ein ryddigare struktur, og at rådet har vore gjennom ei positiv utvikling i dei siste åra. Likevel ligg det eit potensial for forbetringar i dagens struktur, jf. St.meld. nr. 39 (1998–99). Gjennom vedtektene har Forskingsrådet fått eit særskilt strategisk ansvar for instituttsektoren, og arbeidet i rådet har medført at grunnlaget for ein meir heilskapleg instituttpolitikk no er lagt. Mellom anna har rådet innført eit systematisk evalueringsarbeid i denne sektoren som skal medverke til auka kvalitet.

Dei større institusjonane som får midlar direkte over kategori 07.70, er organiserte som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Unnataket er Det norske meteorologiske institutt (DNMI), som er eit ordinært statleg forvaltningsorgan. Verksemda ved DNMI blir i stadig større grad påverka av teknologiutviklinga, globaliseringa og kommersialiseringa innanfor meteorologi. Det er stor interesse for data og tenester frå instituttet, og ein aukande del av verksemda blir eksternt finansiert. Organiseringa av DNMI er i dag ikkje godt nok tilpassa til å møte desse utfordringane, og departementet vurderer endringar, sjå nedanfor.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil at sektorprinsippet skal først vidare og utviklast. Samtidig er det behov for betre samordning. Fondet for forskning og nyskaping er eit viktig tiltak for å oppnå dette. Ansvaret for fordeling av avkastninga vil gjere det lettare for Noregs forskingsråd å vere eit reelt forskingsstrategisk organ. Dette var eit mål da Forskingsrådet blei oppretta, jf. Innst. S. nr. 231 (1991–92) og St.meld. nr. 43 (1991–92). Samarbeidet mellom Forskingsrådet og departementa bør utviklast vidare. Forskingsrådet skal vere ein fagleg diskusjonspartnar når departementa vurderer bruk av forskingsmidlane sine. Føresetnaden er at Forskingsrådet kan utarbeide kunnskapsstatus på ulike felt, slik at den tilgjengelege kunnskapen kan bli vurdert mot behovet for ny forskning.

Regjeringa har sett i verk ei evaluering av Noregs forskingsråd. Eit opplegg for evalueringa blei presentert i St.meld. nr. 39 (1998–99). Evalueringa skal analysere samanhengen mellom hovudmåla for verksemda til Forskingsrådet og organiseringa av rådet, dei rammevilkåra rådet arbeider under, og dei verkemidla rådet har. Med bakgrunn i analysen skal evalueringa gi konkrete tilrådingar om eventuelle endringar i organisasjon eller rammevilkår og komme med forslag til korleis Forskingsrådet sjølv bør møte utfordringane til norsk forskning i framtida. Evalueringa skal vere slutført innan utgangen av 2001.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet vil framleis gi basisløyvingar til forskingsinstitutt via Noregs forskingsråd, jf. kap. 287 post 54. Løyvinga til forskingsstiftelsen FAFO er auka med 2 mill. kroner. Departementet føreset at Forskingsrådet legg stor vekt på kvalitet ved tildeling av basisløyvingar, og på å fremme samarbeid og arbeidsdeling mellom institutta. Forskingsrådet

skal framleis nytte evalueringar som reiskap for å måle kvalitet.

Departementet vil vurdere ulike modellar for organisering og tilknytingsform for DNMI. Det vil mellom anna vere behov for å gjere eit skilje mellom dei statsfinansierte tenestene og den brukarfinansierte verksemda. Utgreiingsarbeidet med sikte på ei omorganisering av DNMI har halde fram. Organiseringa av den brukarfinansierte verksemda kjem i første rekkje. Neste steget blir å komme fram til korleis kjernetenesta bør organiserast. Forvaltningsorgan med særskilde fullmakter er eitt av alternativa. Styret ved DNMI vil gi departementet ei tilråding om den samla organiseringa før årsskiftet.


Forskarar i universitets- og høgskolesektoren legg ikkje sjeldan fram resultat som kan utnyttast til ny næringsverksemd, nye produkt eller prosessar. Forskingsparkane og andre gjer eit viktig arbeid for å fremme kommersialisering av forskingsresultat. Likevel blir slike resultat i for liten grad omsette til nye foretak i dag. Eit utval som skal vurdere korleis ein kan leggje til rette for betre kommersialisering innanfor universitet og høgskolar, vil leggje fram innstillinga si før årsskiftet. På grunnlag av innstillinga vil departementet leggje fram forslag til endringar i lov eller regelverk eller eventuelt foreslå andre tiltak, slik at institusjonane i universitets- og høgskolesektoren kan engasjere seg sterkare i slikt arbeid, og slik at forskingsresultat i større grad kan kommersialiserast.

Fleire forskarrekruddar og kvinner i akademien

Det er eit mål å auke rekrutteringa til norsk forskning. Høgt kvalifisert personale er ein føresetnad for å møte utfordringar innanfor forskning og utdanning og på ei rekkje andre område i samfunnet. Målsetjinga om likestilling i norsk forskning er heller ikkje nådd, og det er eit viktig mål å auke talet på kvinner, både blant rekrutterar og det faste forskarpersonalet.

Tilstandsvurdering

I dei siste 15 åra har det vore ei sterk stigning i talet på rekrutterar i norsk forskning. Meir enn halvparten av alle doktorgradar gjennom alle tider blei avlagde på 1990-talet. Likevel er det avlagt færre doktorgradar i Noreg enn i dei andre nordiske landa på 1990-talet sett i høve til folketalet.



Figur 8.7 Tal på avlagde doktorgradar i dei nordiske landa 1989–99

Kjelde: NIFU

I dei siste åra har det derimot vore ein tendens til stagnasjon i talet på doktorgradsstipendiatar innanfor alle fagområde bortsett frå medisin og samfunnsfag, der det har vore ein auke. Større kostnader i samband med rekrutteringsstipend er ei viktig årsak til denne utviklinga, men også vanskar med rekrutteringa på einskilde område som naturvitskap og teknologi. I ein rapport frå 1998 har Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) analysert behovet for rekruttering til norsk forskning i høve til forventa utvikling av forskingsinnsatsen. I 1997 var det om lag 3 600 rekrutteringsstillingar i Noreg. Behovet for nye rekruttar har tre hovudårsaker: aldersavgang, mobilitet blant forskarane og ein eventuell auke i personalet. Analysen viser at dersom norsk FoU-innsats som del av BNP aukar til å bli lik OECD-gjennomsnittet, må talet på rekrutteringsstillingar doblast i løpet av få år. Dagens nivå på rekrutteringsstillingar vil berre halde tritt med erstatningsbehovet fram til 2005.

Gjennomsnittsalderen blant det faste vitenskaplege personalet ved fleire institusjonar er høg. I dei neste 10-15 åra vil meir enn halvparten av dei tilsette i toppstillingar ved universiteta gå av med pensjon. Dette fører til eit stort erstatningsbehov samstundes med at behovet for personar med høgare utdanning og forskarutdanning aukar i samfunnet elles. Vidare er det rekrutteringspro-

blem på visse fagområde som til dømes IKT, jus og medisin på grunn av mobilitet ut av forskings-systemet fordi lønns- og arbeidstilhøve er betre i andre sektorar.

Det er viktig at den organiserte forskarutdanninga fungerer godt. Fleire stipendiatar enn før fullfører doktorgraden og bruker kortare tid, men det er skilnader mellom fagområda. Generelt bruker menn noko kortare tid enn kvinner. Dette heng mellom anna saman med fødselspermisjon o.l. Innføring av eit nasjonalt doktorgradsreglement og obligatorisk tilknytning til organiserte doktorgradsprogram har vore viktig for å få betre gjennomstrøyming. Men det er framleis for stor skilnad mellom normert og faktisk tidsbruk. Dette er særleg ei utfordring for humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag.

Viktige målsetjingar når det gjeld kvinner i forskning, er å heve rekrutteringa til fag med få kvinner og auke kvinneprosenten i faste stillingar. Sjølv om talet på kvinner er stigande, er det framleis eit stykke igjen før det er like mange kvinner som menn som tek doktorgrad, og det er stor skilnad mellom fagområda. Blant alle som tek doktorgrad i Noreg, har kvinneprosenten stige frå 17 pst. i 1990 til 34 pst. i 1996 og 38 pst. i 1999. Blant doktorandar finansierte av Noregs forskingsråd er kvinneprosenten høgare, 36 pst. i 1996 og 42 pst. i 1999.

Norske doktorgradar 1990–99. Prosent kvinner per fagområde

	1990	1993	1996	1999
Humaniora	48	26	52	53
Samfunnsvitenskap	19	23	31	45
Matematikk/naturvitenskap	17	21	33	37
Teknologi	2	15	24	21
Medisin	20	38	35	39
Landbruksvitenskap/vet.medisin	24	46	55	46
Totalt	17	25	34	38

Kjelde: NIFU

Når det gjeld doktorgradsstipendiatar, utgjorde kvinner 43 pst. i 1999, jf. tal frå NIFU. Dette er ein auke frå 39 pst. i 1995. Blant doktorgradsstipendiatane som er finansierte av Forskingsrådet, var det 44 pst. kvinner i 1999 mot 42 pst. i 1995 (Kjelde: NIFU). I 1999 var det flest kvinner blant forskingsrådsstipendiatane i medisin og helse (59 pst.), mens det berre var 21 pst. innanfor industri og energi og 24 pst. innanfor naturvitenskap og teknologi. Innanfor IKT har Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) i samarbeid med Forskingsrådet sett i verk særskilde rekrutterings- og informasjonskampanjar for å få opp interessa blant kvinner. NTNU har også brukt kvotering til sivilingeniørutdanninga i datateknikk. Kvinneprosenten ved opptak til datateknikk gjekk såleis opp frå 6 pst. 1996 til 33 pst. i 1999. Dette har også ført til ein allmenn auke i interessa for teknologiske studiar blant kvinner ved NTNU.

Det er framleis langt færre kvinner enn menn i vitenskaplege stillingar ved universiteta, sjølv om det har vore ein auke på 1990-talet. Det er også stor skilnad mellom kjønna med omsyn til stillingsnivå. Såleis var kvinneprosenten blant professorane 12 pst. i 1999, mens den blant amanuensane var 29 pst. Sidan universiteta står føre eit monaleg generasjonsskifte blant dei vitenskapleg tilsette om vel ti år, bør denne perioden nyttast til å rekruttere fleire kvinner og dermed skape betre balanse mellom kjønna. Også i andre sektorar er kvinneprosenten blant forskarane langt lågare enn for menn. Sjå også omtale under kat. 07.60.

Gode tilhøve for vidare kvalifisering etter avlagt doktorgrad og fleksible ordningar for tilsetjing er viktig for å halde på gode doktorgradskandidatar og sikre rekruttering til faste stillingar. Postdoktorstillingar kan lette overgangen frå doktorgrad til fast stilling og sikre at gode forskarar

blir i systemet. Forskingsrådet hadde i 1999 195 postdoktorstipendiatar. Langt dei fleste var innanfor medisin og helse og naturvitenskap og teknologi (i alt 154). Totalt sett har kvinnedelen vore stabil på ca. 35 pst. i dei tre siste åra.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil følgje opp vedtaket som Stortinget gjorde i samband med handsaminga av St.meld. nr. 39 (1998–99) med omsyn til rekrutteringa til forskning: «Stortinget ber Regjeringen legge til grunn at veksten i antall rekrutteringsstillinger i en femårsperiode skal være minst 150 de første to årene og heves til minst 200 pr. år de neste årene.» Regjeringa foreslår derfor å opprette 100 nye stipendiatstillingar under kap. 281. I tillegg vil det komme midlar til stipendiatar gjennom den auka avkastninga frå Forskingsfondet og gjennom auka forskingsløyvingar på andre departement. Ein stor del av rekrutteringsstillingane blir i dag finansierte over dei faglege løyvingane frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Forskingsrådet. Desse løyvingane er førde vidare på same nivå som i 2000.

For å få til naudsynt auke av rekruttar er det framleis viktig med tiltak for å betre gjennomstrøyminga av kandidatar i rekrutteringsperioden. I 1999 tok Universitetsrådet og Forskingsrådet initiativ til ei evaluering av den organiserte doktorgradsutdanninga. Evalueringa skal sjå på den norske forskarutdanninga i eit internasjonalt perspektiv, med særskild vekt på kvalitet. Evalueringa skal også ta for seg problematikken knytt til gjennomstrøyming, regelverk, rettleiing m.m. Omsynet til «brukarar» av ferdige kandidatar vil òg bli vurdert. Ansvaret for oppfølging av evalueringa vil liggje hos ulike aktørar (departementet, Forskingsrådet og universitets- og høgskoleinsti-

tusjonane), som saman må setje i verk tiltak for å sikre ei kvalitetsmessig god og effektiv forskarutdanning.

Sidan einiskilde fagområde som til dømes medisin og naturvitskap slit med sviktande forskarrekuttering, har Forskingsrådet sett i verk ulike tiltak. Fordi det er ein generell nedgang i rekrutteringa til naturvitskap, blir det lagt stor vekt på formidlingstiltak som kan auke interessa for desse faga og for forskning. Forskingsrådet har mellom anna oppretta eit eige program for brukerretta formidling. Programmet støtter tiltak som spenner frå allmennretta formidling via TV til prosjekt som er retta mot skoleverket. Rådet arbeider òg med å opprette ein nasjonal nettstad for forskingsformidling under namnet «Forskning.no». Nettstaden skal fungere som ein interaktiv møtestad der forskarar kan formidle forskinga si til målgrupper utanfor forskingsmiljøa, som til dømes elevar, lærarar og journalistar. Nettstaden skal etter planen vere aktiv frå første halvdel av 2001.

Ulike typar stipend er eit sentralt verkemiddel for å auke rekrutteringa og for å fremme likestilling. Innanfor medisin og helsefag er studentstipend gjort meir attraktive, og Forskingsrådet har i 1999 introdusert «sommarestipend» for studentar i medisin, odontologi og psykologi for at dei skal få høve til å prøve seg på forskning i sommarjobb. Tiltaket har vekt stor interesse. Forskingsrådet bør halde fram arbeidet med å bruke varierte typar stipend for å auke rekrutteringa. Bruken av studentstipend og sommarstipend bør aukast på område som medisin, teknologi og matematikk/naturvitskap. Vidare bør det vurderast om spesielle rekrutteringstiltak som til dømes stipendprogrammet for kvinnelege miljøvernforskarar kan brukast også på andre fagområde. Dette programmet har vore effektivt for å få rekruttane til å gjennomføre stipendperioden.

Forskingsrådet skal medverke til at talet på kvinner i forskningssystemet aukar. Forskingsrå-

det skal derfor styrkje innsatsen både for å heve kvinneprosenten på fagområde med få kvinner, og for å kvalifisere kvinner til faste vitenskaplege stillingar, særleg toppstillingar. Dette bør mellom anna skje gjennom målretta bruk av postdoktorstillingar. Slike stillingar er ein nyttig reiskap for å vidarekvalifisere doktorgradskandidatar i påvente av faste stillingar og bør særleg nyttast for å halde kvinner i systemet. Regjeringa foreslår å opprette 40 nye postdoktorstillingar på kap. 281. Stillingane skal øyremerkjast kvinner. I ein periode der det kjem eit stort erstatningsbehov i faste vitenskaplege stillingar, bør Noregs forskingsråd opprette fleire postdoktorstillingar på alle fagområde for at særleg kvinner skal få høve til å kvalifisere seg vidare. For å få opp talet på kvinnelege professorar foreslår Regjeringa å øyremerkje 20 nye professorat for kvinner, jf. omtale under programkategori 07.60.

For å halde forskarane i systemet er det behov for å sjå nærare på korleis tilhøva kan bli betre innanfor gjeldande rammer. Meir fleksibel bruk av lønsspenn og utvikling av gode forskingsmiljø med tilstrekkeleg utstyr og ressursar til drift vil vere viktige tiltak.

Det er brei semje, både nasjonalt og internasjonalt, om at kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med likestilling i forskning er for dårleg. Mellom anna er det knytt store utfordringar til det å få fram eit kjønnsdelt statistikkgrunnlag som gjer det mogleg å samanlikne tilhøva for kvinner i forskning over landegrensene. På initiativ frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet arbeider Forskingsrådet med ei utgreiing for å kartleggje kva for kjønnsindikatorar som norske forskingsinstitusjonar nyttar. Utgreiinga ser nærare på tilhøva for kvinner og verknaden av likestillingstiltak som er sette i verk. Med bakgrunn i utgreiinga vil Regjeringa vurdere nye tiltak for å betre tilhøva for kvinner i norsk forskning.

Utgifter under programkategori 07.70 fordelt på postgrupper:

(i 1 000 kr)

Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	287 362	269 702	293 732	8,9
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	3 460	3 521	9 583	172,2
50-59	Overføringer til andre statsrekneskapar	869 754	974 961	1 084 035	11,2
70-89	Overføring til private	542 268	644 849	151 559	-76,5
90-99	Utlån, avdrag o.a.	3 000 000		3 000 000	
	Sum kategori 07.70	4 702 844	1 893 033	4 538 909	139,8

Kap. 0283 Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 3283)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	219 600	222 914	220 590
21	Særskilde driftsutgifter	67 762	46 788	68 642
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 460	3 521	9 583
70	Den meteorologiske verdsorganisasjonen	2 042	2 110	2 110
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt, <i>kan overførast</i>	40 183	42 797	44 088
	Sum kap. 0283	333 047	318 130	345 013

I høve til 2000 er det gjort desse tekniske endringane:

- Oppjustering av utgiftspost 21 med 20 mill. kroner, jf. ei tilsvarende oppjustering av inntektspost 01 under kap. 3283.
- Nedjustering av utgiftspost 01 med 5 mill. kroner, jf. ei tilsvarende nedjustering av inntektspost 02 under kap. 3283.
- Utgiftspost 01 er redusert med 3 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet femner om:

- drift av Det norske meteorologiske institutt (DNMI)
- tilskott til internasjonalt meteorologisk samarbeid

Tilskuddspostane 70 og 72 blir gitt eigne omtaler nedanfor.

Det norske meteorologiske institutt (DNMI) står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål. Instituttet skal også drive klimastudier og meteorologifagleg forskning og utvikling. Instituttet har ansvaret for å skaffe kjernedata som dannar grunnlaget for den vær-

varslinga samfunnet treng. Instituttet driv også ei omfattande kommersiell verksemd ved sal av meteorologiske tenester. Instituttet har om lag 500 tilsette. Dei er fordelt på hovudkontoret i Oslo, værvarslingsavdelingane i Bergen og Tromsø, og dessutan på værtenestekontor og observasjonsstasjonar spreidde over heile fastlandet og i Arktis.

Resultatrapport for 1999

DNMIs andre værradar blei installert i Hægebostad i Vest-Agder i august 1999 og sett i prøvedrift i november same året. Radaren blei sett i ordinær drift våren 2000. Dette er ein ny type radar, med dei best utvikla funksjonane for detektering av nedbør og vind. Radaren vil gi svært nøyte korttidsværvarsel innanfor eit område på 100 000 km².

I løpet av 1999 har instituttet forbetra prognosemodellane for atmosfære og hav, dels ved eigne prosjekt, dels saman med samarbeidspartnarar nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet med modelar med høg romleg oppløysing som gir varsel opptil to døger, har vore prioritert. Det er også teke i bruk ein ny prognosemodell for å betre lokalværvarslinga.

DNMI har starta eit prosjekt som i enno sterkare grad enn før byggjer produksjonen av varsel på moderne IT-system. Målet er å auke produksjonseffektiviteten og betre kvalitetssikringa av vêr- og havvarsel.

DNMI har halde fram arbeidet med å kvalitets-sikre alle varsla instituttet utarbeider. Evaluering er ei prioritert oppgåve på alle plan i vêrvarslinga. Alle modellprodukt blir verifiserte, og instituttet har innført kvalitetskontroll av dei varsla meteorologane sender til media. Instituttet har dessutan teke i bruk eit nytt og enklare system for å verifisere storm- og kulingvarsel.

Arbeidet med ein trygg overgang til år 2000 blei organisert som prosjekt hausten 1997 og slutført i 1999. Instituttet gjorde ein grundig risikoanalyse og laga ein sikringsplan for det tilfellet at det skulle oppstå problem. Instituttet hadde eit nært samarbeid med nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar. Heile prosjektet gjorde bruk av om lag 18 interne årsverk. Overgangen til år 2000 skjedde utan vanskar av noko slag.

DNMI har vore ein viktig aktør i det nasjonale klimaprojektet RegClim, som har til oppgåve å rekne ut effektar av ei eventuell global oppvarming. Det er funne statistisk samanheng mellom storskala (globale) vêrmønster og lokalt klima i Norden. Dei første resultatane er no publiserte. Dei syner mellom anna at årsmiddeltemperaturen truleg vil stige noko i tiåra framover.

Omsetninga i den kommersielle verksemda var i 1999 41,5 mill. kroner, ein auke på 10 pst. frå året før. Den største delen av auken skjer innanfor offshore, transport og polar verksemd. Det er sterk konkurranse om å levere vêrtjenester til media. I tillegg til den reine kommersielle verksemda kjem flyvêrtjenesta med 64 mill. kroner og andre typar oppdrag, mellom anna oppdragsforskning med 39 mill. kroner. Til saman hadde instituttet 143 mill. kroner i eksternt finansierte verksemd i 1999.

I november 1999 oppretta instituttet ei marknadsavdeling og tilsette marknadssjef. Instituttet har òg arbeidd med å tilpasse rekneskapsføringa slik at det blir lettare å skilje den kommersielle verksemda frå den statsfinansierte kjernetjenesta.

Instituttet har ført vidare det sterke engasjementet sitt i det internasjonale meteorologiske samarbeidet. Den 13. kongressen i Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO) prega mykje av 1999. Innanfor det europeiske samarbeidet har DNMI arbeidd vidare med å betre regelverket for utveksling av data og produkt mellom dei meteorologiske institutta i Europa. Innanfor Den europeiske organisasjonen for utnytting av europeiske

satellittar (EUMETSAT) har instituttet arbeidd for at nedlesing av data frå meteorologiske satellittar i polare banar skal lokaliserast til Svalbard (Svalsat).

Resultatmål for 2001

Instituttet skal i 2001 mellom anna ha som mål å:

- auke kvaliteten på regionale og lokale varsel om spesielle vêrtilhøve som sterk vind, sterk nedbør, høg vannstand og høge bølger
- betre framstillinga av dagens og framtidens klima i Noreg, Norden, Arktis og farvatna omkring
- modernisere det nasjonale observasjonsgrunnlaget, medrekna å føre vidare utbygginga av eit vêrradarnett i Noreg
- prioritere forskingsinnsatsen på områda varsling og klima. Oppnå auka synergieffektar av oppdragsforskninga innanfor desse satsingsområda
- utnytte internasjonale data og ressursar på ein slik måte at det fører til betre og meir kostnads-effektive meteorologiske tenester
- sikre at skiljet mellom kjernetjenesta og den kommersielle verksemda tilfredsstiller internasjonale og nasjonale konkurransereglar
- vere marknadsleiande og retningsgivande innanfor kommersielle meteorologiske tenester i Noreg, og såleis sikre god lønnssemd i den kommersielle verksemda.

Budsjettforslag for 2001

Departementet har lagt til rette for å føre vidare varslingsjenesta på dagens nivå. Tilgangen på tungrekneressursar blir førd vidare, jf. kap. 281. Løyvinga under post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3283 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Under post 01 er det lagt inn midlar til å kjøpe vêr- og miljøskipstenester frå vêrskipet «Polarfront» og til å dekkje dei oppgåvene instituttet har i samband med atomulykkeberedskap.

Under post 21 kan instituttet utføre spesialtenester og oppdrag for offentlege og private institusjonar mot betaling. Utgifter i samband med dei vesteuropeiske meteorologiske tenestene om kommersiell utnytting av data og produkt (ECOMET) vil også bli førde under post 21. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3283 postane 01 og 05, jf. forslag til vedtak II nr. 1 og 2. Instituttet kan berre tilsette i oppdragsfinansierte stillingar såframt

eksterne finansieringskjelder dekkjer lønnsutgiftene.

Post 45 gjeld utbygging og modernisering av utstyr. For 2001 er det lagt inn ei eingongs tilleggs-løyving på 3 mill. kroner til utbygging av den tredje værradaren i Noreg. Fordi DNMI har omfattande investeringsbehov, er det i tillegg omdisponert 3 mill. kroner frå post 01 til post 45. Posten kan over-skridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3283 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 70 Den meteorologiske verdensorganisasjonen

Løyvinga gjeld ordinære tilskott til World Meteorological Organization (WMO), tilskott til World Weather Watch (WWW), opplæring av meteorologar i utviklingsland, den internasjonale unionen for geodesi og geofysikk og særskilde fond med tilknytning til observasjonssystema i Nord-Atlantereen.

Målsetjinga med norsk deltaking i WMO er å dra nytte av WMOs arbeid med å koordinere innsamlinga av meteorologiske og relaterte data og produkt, standardisering av metodar og teknologi, fremme bruken av meteorologisk og relatert informasjon, koordinere forskingsinnsatsen og koordinere opplæring og teknologioverføring.

Budsjettforslaget byggjer på vedtekne budsjett frå organisasjonane. Forslaget inneber ei vidarefø-

ring av løyvingsnivået for 2000. Sjå også kap. 3283 post 04.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt, kan overførast

Løyvingsforslaget gjeld m.a. Noregs bidrag til EUMETSAT og Det europeiske værvvarslingssenteret i Reading (ECMWF). Desse bidraga byggjer på ein bruttonasjonalprodukt-nøkkel, og dei endelige budsjettvedtaka er ikkje klare før i desember 2000. Kontingentane blir også påverka av endringar i valutakursane fram til betalingstidspunktet.

Formålet med norsk deltaking i organisasjonane er følgjande: EUMETSAT: drive meteorologiske satellittsystem for værvvarslingsformål og for å overvake klima og klimaendringar, ECMWF: forskning og utvikling av modellar og metodar, og dessutan leggje til rette datagrunnlaget for midtels lange værvvarsel, EUMETNET: samarbeid mellom meteorologiske institutt innanfor EØS-området for å identifisere område der dei meteorologiske institutta kan utnytte ressursane på ein betre og meir kostnadseffektiv måte, EGOS: operasjonell drift av meteorologiske bøyer i Nord-Atlantereen, ECSN: Vesteuroppeisk samarbeid innanfor klima, og HIRLAM: utvikling av ein høgopp-løyseleg finskalamodel.

Budsjettforslaget inneber ei vidareføring av det samarbeidet vi no har.

Kap. 3283 Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 283)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	64 070	41 966	63 675
02	Salsinntekter o.a.	13 902	15 674	11 144
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	59	59	59
05	Refusjon for flyvêrtenester	64 268	66 068	68 050
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	874		
17	Refusjon for lærlingar	145		
Sum kap. 3283		143 318	123 767	142 928

I høve til 2000 er det gjort desse tekniske endringane:

- Oppjustering av inntektspost 01 med 20 mill. kroner, jf. ei tilsvarende oppjustering av utgiftspost 21 under kap. 283.
- Nedjustering av inntektspost 02 med 5 mill. kroner, jf. ei tilsvarende nedjustering av utgiftspost 01 under kap. 283.

Post 02 gjeld inntekter frå mindre, særskilde tenester og refusjonar for tenester instituttet utfører for andre institusjonar i Arktis. Tilskott frå andre land til kjøp av vær- og miljøskipstenester utført av værskipet «Polarfront» blir også førde på post 02.

Post 04 gjeld refusjon av ODA-godkjende utgifter (ODA: Official Development Aid), dvs.

utgifter som kan godkjennast som utviklingshjelp etter OECDs retningslinjer. Post 05 gjeld refusjon

frå Luftfartsverket for utgifter som Det norske meteorologiske institutt har til flyvêrtenesta.

Kap. 0285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
52	Forskingsformål	606 400	612 329	638 079
55	Administrasjon	164 514	169 920	174 718
	Sum kap. 0285	770 914	782 249	812 797

I høve til 2000 er det gjort desse tekniske endringane:

- Løyvinga til eit senter for framifrå forskning innanfor IKT skal dekkjast av Forskingsrådet. Derfor har 10 mill. kroner blitt overførde frå kap. 281 post 01 til kap. 285 post 52. Dette er ein auke frå 7,5 mill. kroner i 2000.
- Ansvaret for løyvinga til vitskapsråden i Washington er overført frå Noregs forskingsråd til Utanriksdepartementet. 1,7 mill. kroner har derfor blitt overførde frå kap. 285 post 52 til budsjettet til Utanriksdepartementet, fordelte med 1,1 mill. kroner på kap. 101 post 01 og 0,6 mill. kroner på kap. 102 post 01.
- Som ei følge av at brukaransvaret for og finansieringa av «Akademikerregisteret» og NIFUs kandidatundersøking f.o.m. 2001 skal dekkjast av Noregsnettrådet, har 1,1 mill. kroner blitt overførde frå kap. 285 post 52 til kap. 281 post 01.
- Løyvingane til sommarskolane ved universiteta i Oslo og Bergen skal f.o.m. 2001 liggje inne i rammeløyvingane til desse institusjonane, og blir ikkje lenger sende gjennom Noregs for-

skingsråd. Derfor har 0,7 mill. kroner blitt overførde frå kap. 285 post 52 til kap. 260 post 50 og 0,1 mill. kroner til kap. 261 post 50.

Kapitlet femner om:

- løyving til forskingsformål gjennom Noregs forskingsråd
- administrasjonskostnader for Noregs forskingsråd

Post 52 Forskingsformål

Løyvingane til Forskingsrådet over post 52 Forskingsformål blir nytta til å finansiere forskning innanfor humaniora, samfunnsvitenskap, medisin og helse, naturvitenskap og teknologi, miljø og utvikling, og forskarrekuttering innanfor bioproduksjon og foredling. Posten dekkjer òg midlar til vitenskapleg utstyr, forskning knytt til medlemskap i internasjonale program og institusjonar (følgjeforskning), strategiske fellesfunksjonar og informasjon. Formidling av kunnskap er eit sentralt krav til dei faglege løyvingane.

Faglege løyvingar til Noregs forskingsråd. Fordeling på fagområde (mill. kroner)

	1998	1999	2000
Humaniora	79,6	86,0	87,0
Samfunnsvitenskap	70,0	76,0	79,5
Medisin og helse	93,5	103,0	104,0
Miljø og utvikling	41,8	43,0	43,0
Naturvitenskap og teknologi	194,1	206,0	210,5
Diverse ¹	76,7	92,4	88,3
Sum	555,7	606,4	612,3

¹Omfattar strategiske fellesfunksjonar og informasjon, vitenskapleg utstyr og forskarrekuttering innanfor bioproduksjon og foredling.

Løyvingane på dei ulike fagområda blir fordelte på fleire verkemiddel. Dei viktigaste er støtte til frie prosjekt og program. Forskarinitiert

grunnforskning gjennom frie prosjekt skal vere eit hovudverkemiddel for å sikre kvalitet og fornying i grunnforskninga.

Program har som hovudformål å byggje opp kompetanse og utvikle kunnskap på tematisk avgrensa felt der Noreg har særskilde behov eller særskilde føresetnader. Løyvinga frå departementet går dels til grunnforskningsprogram og dels til delfinansiering av såkalla handlingsretta, eller anvende, program.

Basisløyvingar til forskingsinstitutt, strategiske universitetsprogram og støtta til avansert vitenskapleg utstyr er tiltak for å gi forskinga effektive rammevilkår. Forskningsrådet gir òg støtte til kontingentar, informasjon, formidling, evaluate-

ringsverksemd samt stimuleringstiltak og nettverksbygging.

Humanistisk forskning

Resultatrapport 1999–2000

Av løyvinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet gjekk 86 mill. kroner til humanistisk forskning i 1999, ein nominell auke på 8 pst. samanlikna med 1998. Frå 1999 til 2000 er det ein nominell auke på 1,2 pst.

Løyving til humanistisk forskning fordelt på verkemiddel (mill. kroner)

Verkemiddel	Budsjett 1997	Budsjett 1998	Budsjett 1999	Budsjett 2000
Frie prosjekt	34,9	38,0	44,5	43,4
Program	31,3	27,0	25,2	26,5
Diverse FoU	15,0	14,6	16,3	17,1
Sum	81,2	79,6	86,0	87,0

Fri prosjektstøtte auka med 17 pst. i 1999 samanlikna med 1998. Over halvparten av midlane frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet gjekk til fri prosjektstøtte. I fordelinga er det lagt vekt på rekruttering, støtte til utvikling og fornying av fag og fagmiljø, utanlandsopphald og internasjonalt samarbeid. Løyvinga gjekk mellom anna til satsinga Vitskapsstudiar, som ser på kva for rolle vitenskapen har i samfunnet, og til eit tiårig prosjekt for å gi ut ei komplett tekstkritisk utgåve av skriftene til Henrik Ibsen. Doktorgradsstipend var det viktigaste verkemidlet innanfor fri prosjektstøtte også i 1999. Gjennom fri prosjektstøtte finansierte Forskningsrådet 87 doktorgradsårverk i 1999, mot 93 i 1998. Over halvparten av stipendiatane var kvinner. Det blei samstundes sett i verk eit særskilt tiltak for å auke støtta til etablerte forskarar.

Om lag ein tredjedel av midlane frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet gjekk til humanistiske grunnforskningsprogram, mellom anna til Antikkprogrammet, Etikkprogrammet, Program for kulturstudiar, Kjønn i endring og Program for bibliotekforskning. Ramma til Program for kulturstudiar blei auka. Dei nye satsingane Verdinettet og KUPP (Kunnskapsutvikling i profesjonsutdanning og profesjonsutøving) blei også prioriterte. Verdinettet blei etablert i 1999 for å

synleggjere og ta i bruk forskning om verdspørsmål og byggje nettverk mellom forskarar på dette feltet. KUPP-programmet skal fremme forskning knytt til lærarutdanning og profesjonsutdanningar i helsefag. Fleire av programma inneheld både humanistisk og samfunnsvitenskapleg forskning, jf. omtale av samfunnsvitenskapleg forskning nedanfor.

Mange rekruttar får løyvingar gjennom dei humanistiske grunnforskningsprogramma. I 1999 blei det finansierte 38 doktorgradsårverk gjennom desse programma. Halvparten av doktorgradsstipendiatane var kvinner.

Midlane til Nord-Noreg-tiltak og samisk forskning blei i 1999 nytta til auka rekruttering og generell stimulering av samisk og kvensk forskning innanfor humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag. Det blei finansierte åtte doktorgradsstipend på samisk og fem på kvensk område, mens det til saman blei finansierte seks studentstipend.

I 1999 ferdigstilte Forskningsrådet eit fagnotat for humanistiske fag. Notatet gir ein status med omsyn til rekruttering, stillingssituasjon, forskingsprofil, område som er svakt dekte og behov for særskilde verkemiddel.

Det blei gitt støtte til 28 humanistiske tidskrift. Ei rekkje større forskingspublikasjonar mottok også midlar til publisering i 1999.

Resultatmål for 2001

Løyvinga til humanistisk forskning skal vere 89 mill. kroner. Departementet føreset at Forskringsrådet held oppe nivået på fri prosjektstøtte. Dei humanistiske grunnforskningsprogramma skal først vidare på same nivå som i 2000, med unntak av Etikprogrammet, som er under nedtrapping.

Samfunnsvitskapleg forskning

Resultatrapport 1999–2000

Midlane til samfunnsvitskapleg forskning utgjorde i 1999 76 mill. kroner, ein nominell auke på 8,6 pst. samanlikna med 1998. Frå 1999 til 2000 auka løyvinga nominelt med 4,6 pst.

Løyving til samfunnsvitskapleg forskning fordelt på verkemiddel (mill. kroner)

Verkemiddel	Budsjett 1997	Budsjett 1998	Budsjett 1999	Budsjett 2000
Frie prosjekt	22,5	25,3	28,9	29,6
Program	30,5	27,2	29,6	32,6
Diverse FoU	20,4	17,5	17,5	17,3
Sum	73,4	70,0	76,0	79,5

Fri prosjektstøtte er prioritert i dei seinare åra med ein vekst på nesten 32 pst. i perioden 1997–2000. 84 pst. av midlane til fri prosjektstøtte blei i 1999 brukt til doktorgradsstipend. Det resulterte i 57 doktorgradsårsverk, noko som var ein viss vekst samanlikna med året før. Litt under halvparten av stipendiatane var kvinner. Prosjektmidla gjekk i hovudsak til universiteta (64 pst.), noko som reflekterer storleiken på institusjonane og ansvaret deira for grunnforskning og disiplinutvikling. Den nye satsinga Vitskapsstudiar skal sjå på kva for rolle vitskapen har i samfunnet.

Støtta til program blei i 1999 i hovudsak brukt til å delfinansiere 13 program. Desse programma finansierte til saman 64 doktorgradsårsverk. Det viser at behovet for kompetanseoppbygging og rekruttering på prioriterte område blir ivareteke, og at dette i stor grad skjer med sektormidlar. Programmidla gjekk i hovudsak til instituttsektoren (54 pst.) og til universiteta (40 pst.). Programma Offentleg sektor i endring og Advanced Research on the Europeanisation of the Nation-State (ARENA) mottok mest midlar og har hovudfinansieringa si frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Programmet Samfunnsmessige og kulturelle føresetnader for informasjons- og kommunikasjonsteknologi blei særleg prioritert i 1999, saman med det nye KUPP-programmet, jf. omtale under humanistisk forskning. Forskringsrådet prioriterte sjølv ytterlegare å styrkje KUPP-programmet i 2000-budsjettet.

«Diverse FoU» dekkjer mellom anna eit strategisk universitetsprogram om barneforskning ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og grunnløyvinga til Norsk samfunnsvitskapleg data-teneste (NSD). NSD har hatt omfattande aktivitet

på ei rekkje område i 1999, mellom anna arbeidet med å utvikle eit nasjonalt system for forskingsdokumentasjon, jf. også omtale under «Strategiske fellesfunksjonar og informasjon». NSD har saman med fleire utanlandske institusjonar utvikla eit program (NESSTAR) som på ein enkel måte gjer det mogleg å søkje på tvers av informasjon og dokumentasjon frå ulike dataleverandørar. Programmet har blitt utvikla med midlar frå EU. I tillegg til at programmet vil vere svært viktig for forskingsmiljøa, kan det også ha kommersiell verdi. I samarbeid med utanlandske partnerar vurderer NSD no korleis NESSTAR kan bli testa ut med sikte på kommersiell verksemd. Satsinga på Verdinet var eit nytt tiltak frå 1999, jf. omtale under humanistisk forskning.

Resultatmål for 2001

Løyvinga til samfunnsvitskapleg forskning skal vere om lag 81 mill. kroner. Departementet føreset at Forskringsrådet held oppe nivået på fri prosjektstøtte. Grunnforskningsprogramma og grunnløyvinga til NSD skal òg først vidare på same nivå.

Medisinsk og helsefagleg forskning

Resultatrapport for 1999–2000

Av løyvinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet gjekk 103 mill. kroner til medisinsk og helsefagleg forskning i 1999, ein nominell auke på 10,2 pst. samanlikna med 1998. Frå 1999 til 2000 er det ein nominell auke på 1 pst. Midlane omfatta 12,4 mill. kroner til EU-følgjeforskning innanfor biomedisin.

Løyving til medisinsk og helsefagleg forskning fordelt på verkemiddel (mill. kroner)

Verkemiddel	Budsjett 1997	Budsjett 1998	Budsjett 1999	Budsjett 2000
Frie prosjekt	57,1	60,2	65,2	65,9
Program	25,6	20,6	23,7	23,1
Diverse FoU	13,2	12,7	14,1	15,0
Sum	95,9	93,5	103,0	104,0

Fri prosjektstøtte auka med 8,3 pst. i 1999 samanlikna med 1998 og utgjorde vel 63 pst. av midlane frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. I tildelinga er det lagt vekt på kvalitet, behov for rekruttering, internasjonalisering og konsentrasjon av midlar. Internasjonalt forskningssamarbeid blei høgt prioritert, både ved forskarutveksling og deltaking i EUs rammeprogram.

For å utnytte ressursane betre har Forskingsrådet i 1999 prioritert å konsentrere og reorganisere programverksemda. Fleire handlingsretta program tok i vare koplinga mellom medisinsk og helsefagleg grunnforskning og anvend forskning i høve til viktige helseproblem. Departementet fullfinansierte grunnforskningsprogrammet Celle- og genteknologi. Departementet delfinansierte program innanfor helsetenesteforskning, førebyggjande helsearbeid, informasjonsteknologi, mental helse og forskning knytt til miljøforureining og helse. Toppforskningsprogrammet, som blei sett i verk i 1997 og tek sikte på å gi yngre forskarar optimale arbeidsvilkår, har vore vellykka. I tillegg har rådet støtta elleve gode forskingsmiljø ved universiteta med ei rammeløyving kalla miljøstøtte.

«Diverse FoU» gjeld i hovudsak strategiske satsingar.

Stipend er delte ut gjennom både frie prosjekt og programverksemda. Den medisinske forskinga har framleis store problem med rekruttering av legar, men også av tannlegar og psykologar. Medisinstudentane utgjer 36 pst. av doktorgradsstipendiatane, og dette er same nivå som i 1998. Dei utgjer 32 pst. av postdoktorstipendiatane, og dette er ein nedgang frå 42 pst. For å bøte på denne tendensen har rådet sett i verk fleire tiltak for å gjere ordninga med studentstipend meir

attraktiv. Dei nye tiltaka har ført til at det i 1999 er delt ut nær fire gonger så mange studentstipend som året før. I 1999 finansierte løyvinga frå departementet 122 doktorgradsårsverk. 58 pst. av doktorgradsstipendiatane var kvinner. Departementet finansierte 34 årsverk postdoktorstipend. Forskingsrådet innførte i 1999 ei ordning med sommarstipend for studentar innanfor medisin, odontologi og psykologi. Interesse for stipenda har vore særstør.

Publikasjonen «Nøkkeltall for medisinsk og helsefagleg forskning», som måla og strategiane til området for medisin og helse byggjer på, blei gitt ut i 1999. Som eit ledd i arbeidet med den internasjonale strategien til Forskingsrådet gav rådet i 2000 ut publikasjonen «Medisin og helse – Strategier for internasjonalt samarbeid 2000–2002».

Resultatmål for 2001

Løyvinga til medisinsk og helsefagleg forskning skal vere 107 mill. kroner. Støtta til frie prosjekt skal først vidare på minst same nivå som i 2000. Forskingsrådet skal framleis prioritere grunnforskning og forskingsfelt som ikkje har alternative finansieringskjelder. Tiltak for auka rekruttering av forskarar, særleg innanfor områda medisin, odontologi og psykologi, skal først vidare.

*Miljø og utvikling**Resultatrapport for 1999–2000*

Midlar til miljø- og utviklingsforskning utgjorde 43 mill. kroner i 1999, ein nominell auke på 2,9 pst. samanlikna med 1998. Løyvinga for 2000 var òg 43 mill. kroner.

Løyving til miljø- og utviklingsforskning fordelt på verkemiddel (mill. kroner)

Verkemiddel	Budsjett 1997	Budsjett 1998	Budsjett 1999	Budsjett 2000
Frie prosjekt	22,2	23,7	25,0	27,0
Program	10,0	13,3	13,5	13,5
Diverse FoU	5,0	4,8	4,5	2,5
Sum	37,2	41,8	43,0	43,0

I tråd med prioriteringane frå departementet har støtta til frie prosjekt auka gradvis i dei seinare åra. Porteføljen femner fagleg vidt. Generelt er det lagt vekt på forskning i skjeringsfeltet mellom miljø og utvikling. Auken på 2 mill. kroner frå 1999 kjem av at Forskingsrådet ønskjer å sjå midlar til miljøstøtte til universiteta i samanheng med rekruttering, slik at midlar til dette er omdisponerte frå «Diverse FoU» til frie prosjekt frå 2000. Eit særskilt rekrutteringsprogram skal vere med på å sikre ei brei fagleg rekruttering av forskarar til miljø- og utviklingsrelatert forskning for å kunne ta i vare behovet for toppkompetanse på feltet.

Støtta til program er ført vidare på jamt nivå sidan 1998. I dette inngår vidareføring av ei økonomisk ramme på 5 mill. kroner til ProSus (Programme for Research and Documentation for a Sustainable Society). ProSus blei evaluert i 1998 og er for åra 2000–05 ført vidare som eit strategisk universitetsprogram ved Universitetet i Oslo. Forskingsrådet starta i 2000 og opp eit nytt forskingsprogram om styring, rammevilkår og verkemiddel for ei berekraftig utvikling og legg opp til eit tett samarbeid med ProSus om dette. Bortsett frå overføringa av midlar frå «diverse FoU» til frie prosjekt, jf. over, er budsjettet for «diverse FoU» ført vidare på same nivå og gjeld i hovudsak nettverksbygging og formidling, m.a. gjennom nasjonale konferansar som skal fremme ein strukturert debatt om berekraftig utvikling.

Talet på doktorgradsårsverk innanfor frie prosjekt og program viste ein nedgang frå 39 i 1998 til 37 i 1999. Blant doktorgradsstipendiatane var 41 pst. kvinner mot 38 pst. året før.

Grunnleggjande forskning, rekruttering, marinrelatert forskning og klima- og polarforskning blei prioritert i perioden. Arbeidet med å utvikle Svalbard som forskingsplattform held fram. Det gjeld m.a. oppfølging av koordinerings- og informasjonsutvalet Svalbard Science Forum og arbeidet for å utvikle informasjon og styrkje datagrunnla-

get om norsk og internasjonal polarforskning. Profilering av Svalbard som internasjonal møteplass og plattform for arktisk forskning er høgt prioritert, og Forskingsrådet har stått for fleire internasjonale samlingar på Svalbard. Av desse kan nemnast ein forskarkonferanse i samarbeid med USAs National Science Foundation i 1999 med sikte på nærare bilateralt forskarsamarbeid. Det er òg arrangert eit seminar i 2000 for forskarar og representantar frå EU-kommisjonen om europeisk samarbeid om polarforskning.

Resultatmål for 2001

Løyvinga til forskning på området miljø og utvikling skal vere 45 mill. kroner, og det er i hovudsak lagt opp til å føre vidare aktivitetane på same nivå som i 2000, med hovudvekt på grunnleggjande forskning. Prioriteringa av frie prosjekt held fram. Det er lagt inn 2 mill. kroner som er øyremerkte til oppfølging av arbeidet med ein bilateral avtale mellom Noreg og USA om polarforskning. Innanfor budsjetttramma til miljø- og utviklingsforskning vil det bli ei mindre omfordeling på 1 mill. kroner til ei forskargruppe om menneskerettar. Klima- og ozonforskning skal ha høg prioritet ved omfordeling av midlar. Miljø- og utviklingsforskninga er sektorovergripande. Utvikling av faglege nettverk og kontaktar på tvers av disiplinær vil derfor vere eit viktig mål for å sikre tverrfagleg kompetanse.

*Naturvitenskapleg og teknologisk forskning***Resultatrapport 1999–2000**

Midlane til naturvitenskapleg og teknologisk forskning utgjorde i 1999 206 mill. kroner. Det var ein nominell auke på 6,1 pst. samanlikna med 1998. Frå 1999 til 2000 auka løyvinga nominelt med 2,2 pst.

Løyving til naturvitenskapleg og teknologisk forskning fordelt på verkemiddel (mill. kroner)

Verkemiddel	Budsjett 1997	Budsjett 1998	Budsjett 1999	Budsjett 2000
Frie prosjekt	101,8	104,1	110,3	111,3
Program	40,9	38,9	41,3	41,3
Diverse FoU	53,1	51,1	54,4	57,9
Sum	195,8	194,1	206,0	210,5

Forskringsrådet har eit stort ansvar for å rekruttere forskarar til naturvitenskaplege og teknologiske fag. Størsteparten av støtta frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet går til forskarrekuttering. For desse midlane finansierte området for Naturvitenskap og teknologi i alt 222 doktorgradsårsverk og 67 årsverk postdoktorstipend i 1999. Samanlikna med 1998 har talet på doktorgradsårsverk gått ned med 8 pst. Samstundes har talet på årsverk postdoktorstipend auka med meir enn 25 pst. Om lag 26 pst. av doktorgrads- og postdoktorstipendiatane var kvinner, mot 25 pst. i 1998. Området for naturvitenskap og teknologi la i 1999 fram ein handlingsplan for rekruttering til naturvitenskaplege og teknologiske fag.

Innanfor frie prosjekt blei størsteparten av midlane nytta til forskarrekuttering og støtte til etablerte forskingsmiljø, deriblant ein auke av midlane til forskningsterminar i utlandet. Prosjektsøknader innanfor marin forskning blei prioriterte.

Programløyvingane for 1999 blei brukte til å støtte grunnforskningsprogramma Romforskning, Materialforskning, Marine ressurser og miljø samt eit knippe større prosjekt innanfor Kjerne- og partikkelfysikk. Til saman mottok desse programma 41,3 mill. kroner. Det er omtrent på same nivå som året før. Programma Materialforskning og Marine ressurser og miljø blei avslutta i 1999. Romforskningsprogrammet blir ført vidare i to år til gjennom programmet Romforsk II. Alle programma har nådd dei viktigaste måla for programperioden. Både Materialforskningsprogrammet og Romforskningsprogrammet har finansierte fleire doktorgradsårsverk enn forventta. I 1999 blei det gitt forprosjektmidlar til to nye program: eitt om berekningsorientert matematikk med vekt på matematisk modellering av marine system og eitt om katalyse og organisk syntetisk kjemi.

Midlane under «diverse FoU» gjekk i første rekkje til infrastrukturtiltak, strategiske instituttprogram og vitenskapleg utstyr. Den første fasen av Formidlingsprogrammet blei avslutta i 1999. Programmet har støtta ulike tiltak for å auke inter-

essa for realfag, mellom anna allmennformidling gjennom fjernsyn og tiltak retta mot skoleverket. I 1999 blei det finansierte fem nye strategiske instituttprogram med støtte frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. I tillegg gjekk 10 mill. kroner av midlane under «Diverse FoU» til vitenskapleg utstyr.

I 2000 blei det gitt ei oppstartsløyving over kap. 281 på 7,5 mill. kroner til eit senter for framifrå forskning innanfor IKT på Fornebu. Senteret skal drive forskning på høgt internasjonalt nivå. Forskinga vil bli retta mot programvare- og kommunikasjonsteknologiske utfordringar. Forskringsrådet har alt starta eit postdoktorprogram for å rekruttere forskarar til det nye senteret. Sjå også programkategori 07.60.

Resultatmål for 2001

Løyvinga til naturvitenskapleg og teknologisk forskning skal vere 227 mill. kroner. Av desse midlane skal minst 10 mill. kroner gå til vidare utbygging av eit senter for framifrå forskning innanfor IKT på Fornebu. Midlane til frie prosjekt skal vere minst på same nivå som i 2000. Grunnforskningsprogramma skal først vidare. Tiltak for å auke rekrutteringa til naturvitenskaplege og teknologiske fag skal også først vidare, og Forskringsrådet skal halde fram arbeidet med å rekruttere fleire kvinner til desse faga. Minst 10 mill. kroner skal nytast til avansert vitenskapleg utstyr.

Vitenskapleg utstyr

Forskringsrådet har etablert eit særskilt utstyrsutval med representantar frå universiteta, dei vitenskaplege høgskolane og dei statlege høgskolane. Utvalet gir råd om fordelinga av midlane til vitenskapleg utstyr. Utvalet skal mellom anna leggje opp ein nasjonal utstyrsstrategi, samordne innkjøp av utstyr mellom institusjonane og syte for at dei viktigaste investeringane blir prioriterte. I perioden 1996–2000 har utvalet fordelt i alt 242 mill. kroner til vitenskapleg utstyr.

Resultatrapport for 1999–2000

I 1999 var den samla løyvinga til avansert vitenskapleg utstyr 41,9 mill. kroner, inkludert 10 mill. kroner frå området Naturvitskap og teknologi. Midlane er fordelte med 50 pst. til naturvitskaplege og teknologiske fag, 38 pst. til medisin og 12 pst. til landbruksfag og veterinærmedisin. Frå og med 1999 blir søknadene frå dei statlege høgskolane handsama i ein eigen komité før dei kjem til utstyrsutvalet. I løpet av 1999 blei det gitt midlar til i alt 30 nye prosjekt. Forskingsrådet tek sikte på å evaluere utstyrssatsinga si i løpet av hausten 2000.

Resultatmål for 2001

Den øyremerkte løyvinga til avansert vitenskapleg utstyr skal vere 25 mill. kroner. I tillegg kjem utstyrsmidlar på minst 10 mill. kroner som er innbakte i løyvinga til området Naturvitskap og teknologi (sjå ovanfor).

Evalueringa av utstyrssatsinga skal leggje grunnlaget for den vidare satsinga på vitenskapleg utstyr gjennom Forskingsrådet. Arbeidet med å samordne innkjøp mellom institusjonar med likt utstyrsbehov skal førast vidare. I tillegg skal Forskingsrådet medverke til å betre innkjøpskompetansen ved institusjonane.

Rekruttering av forskarar innanfor bioproduksjon og foredling

Resultatrapport for 1999–2000

I 2000 gav departementet 18,5 mill. kroner til stipend for å få fleire forskarar til fagfelte fiskeri, havbruk og landbruk. Denne summen er om lag den same som året før. Frå 1998 har ikkje området Bioproduksjon og foredling gitt nye frie doktorgradsstipend, men det er framleis i 2000 knytt 3,5 mill. kroner til tidlegare stipend av denne

typen. Nye tildelingar av stipend skjer berre innanfor forskingsprogram og strategiske program, og for 2000 er det sett av 15 mill. kroner til dette. I 1999 finansierte Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet 52,2 årsverk doktorgradsstipend (29,2 innanfor fiskeri og havbruk, 23 innanfor landbruk). Prosentdelen av kvinnelege forskarar innanfor fiskeri og havbruk var 37 pst., medan den var 62 pst. innanfor landbruk. I snitt for sektorane var kvinneprosenten 50 pst., som er ein svak auke frå året før. I tillegg blei det gitt midlar til 8,4 årsverk postdoktorstipend, alle innanfor fiskeri og havbruk. Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) har begynt ei undersøking om rekrutteringa til desse felte, og første del av arbeidet tyder på at det er eit behov for auka rekruttering i åra som kjem. For omtale av handlingsplanen for rekruttering til fiskerifag og akvakulturstudia, sjå programkategori 07.60.

Resultatmål for 2001

Løyvinga til rådvelde for rekruttering av forskarar innanfor bioproduksjon og foredling skal i 2001 vere om lag 18 mill. kroner.

Strategiske fellesfunksjonar og informasjon

Resultatrapport for 1999–2000

Løyvinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til strategiske fellesfunksjonar og informasjon var i 1999 på 42 mill. kroner. Dette var ein nominell auke på 8,2 pst. i høve til 1998. Auken var ein kompensasjon som hadde samanheng med at renteinntekter som Forskingsrådet tidlegare hadde hatt, fall bort. I 2000 er beløpet på 44,8 mill. kroner, dvs. ein nominell auke på 6,7 pst. Auken har mellom anna samanheng med at budsjettet til dei nasjonale forskningsetiske komiteane har blitt styrkt.

Løyving til strategiske fellesfunksjonar og informasjon (mill. kroner)

Verkemiddel	Budsjett 1997	Budsjett 1998	Budsjett 1999	Budsjett 2000
Strategiske fellesfunksjonar	35,4	35,5	35,9	37,9
Informasjon	3,4	3,3	6,1	6,9
Sum	38,8	38,8	42,0	44,8

Forskingsrådet har ei sentral rolle som forskingspolitisk rådgivar. Midlar til strategiske fel-

lesfunksjonar skal dekkje utarbeiding og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for forskingspoli-

tikken. Midlane dekte i 1999 mellom anna dei nasjonale forskingsetiske komiteane, basisløyving og strategiske instituttprogram til Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU), informasjonstenesta KILDEN og vitskapsråden i Washington. I tillegg kjem ei rekkje internasjonale aktivitetar, inkludert informasjons- og stimuleringsstiltak til fremming av norsk deltaking i EUs forskingsprogram (EU Forskingsinfo) og internasjonal personutveksling.

I samarbeid med NIFU, Statistisk sentralbyrå og Stiftelsen for studier i teknologi, innovasjon og økonomisk politikk (STEP-gruppen) har Forskingsrådet i 1999 gitt ut ein ny rapport i serien «Det norske forskings- og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorer». Rapporten presenterer eit breitt faktagrunnlag om norsk forskning og innovasjon. Forskingsrådet arbeider for å få etablert ein nasjonal database med dokumentasjon av all offentleg finansierte forskning. Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) har fått operatøransvaret. Basen er no tilgjengeleg via Internett og inneheld førebels berre data frå prosjekt som er finansierte av Forskingsrådet.

Forskingsrådet har laga ei utgreiing om korleis ei norsk ordning med senter for framifrå forskning bør utformast. Utgreiinga blei lagt fram for departementet i juni 2000. Sjå også omtale under kategoriinnleiinga.

Forskingsrådet har i 1999 og 2000 hatt auka fokus på utfordringar for det norske forskningssystemet knytt til internasjonalisering. I 1999 gjorde Forskingsrådet eit omfattande kartleggings- og analysearbeid av globalisering og internasjonalisering av forskning. Forskingsrådet vil arbeide vidare med å konkretisere mål og tiltak.

Forskingsrådet finansierer og følgjer opp dei tre nasjonale forskingsetiske komiteane NEM, NENT og NESH, og finansierer også drift av sekretariatet for The Standing Committee on Responsibility and Ethics in Science (SCRES). I 1999 har komiteane halde eigne og felles konferansar og møte, mellom anna om etiske spørsmål ved kloning av dyr. Komiteane og Teknologirådet har blitt samlokaliserte med Bioteknologinemnda.

KILDEN er eit informasjons- og dokumentasjonssenter for kvinne- og kjønnsforskning i Noreg. KILDEN blei offisielt opna i 1999 og er samlokalisert med Likestillingssenteret. KILDEN er utgivar av tidsskriftet Kvinneforskning. Forskarbasen til KILDEN har fyldig informasjon både om kvinne- og kjønnsforskarar i Noreg og om kvinnelege forskarar og kompetansen deira.

Midlane til informasjon delfinansierer felles informasjons- og profileringstiltak i Forskingsrådet. Rådet gir mellom anna ut blada «Forskning» og «Tell'Us» og arrangerer kvart år ein festival (Forskingsdagane) i samarbeid med ei rekkje større og mindre institusjonar for å nå ut til publikum med informasjon om forskning. Nysgjerrigper-prosjektet er særleg retta mot å få barn i grunnskolen interesserte i forskning. Ved slutten av 1999 hadde Nysgjerrigper-klubben 100 000 medlemmer frå om lag 1400 skoleklassar. Det er utarbeidd eit gratis rettleiingshefte for lærarar, forutan at det har vore arrangert kurs i vitskapleg arbeidsmåte. Deltakinga i både Nysgjerrigper og «Unge forskere», som er ein konkurranse for ungdom, er stigande.

Resultatmål for 2001

Løyvinga til strategiske fellesfunksjonar og informasjon skal vere 46 mill. kroner i 2001. 1,7 mill. kroner er trekte ut av løyvinga til strategi i samband med at ansvaret for og midlane knytte til stillinga som vitskapsråd i Washington er overførde til budsjettet til Utanriksdepartementet. Som ei følgje av at brukaransvaret for og finansieringa av «Akademikerregisteret» og NIFUs kandidatundersøking f.o.m. 2001 skal dekkjast av Noregsnettrådet, har kr 1 063 000 blitt overførde til kap. 281 post 01. Løyvingane til sommarskolane ved universiteta i Oslo og Bergen skal f.o.m. 2001 liggje inne i rammeløyvingane til desse institusjonane. Derfor har til saman kr 857 000 blitt overførde til kap. 260 post 50 og kap. 261 post 50. Løyvinga er elles auka noko for å dekkje meirutgifter knytte til overføringa av vitskapsrådsstillinga til Utanriksdepartementet, og for å dekkje utgifter til informasjonstiltak som Forskingsrådet tidlegare har finansierte gjennom m.a. renteinntekter. Sidan Forskingsrådet kom over på konsernkontoordninga i staten, har ikkje rådet kunna disponere renteinntekter.

Som eit ledd i å styrkje kunnskapsgrunnlaget om arbeidet med likestilling i norsk forskning, jf. omtale under kategoriinnleiinga, skal Forskingsrådet betre statistikken om kjønnsfordelinga av forskingsløyvingane.

Det er eit mål å utvikle fleire forskarar og forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå. For å oppnå dette har det blitt foreslått å innføre ei ordning med senter for framifrå forskning. Forskingsrådet har laga ei utgreiing om dette. Rådet skal i 2001 følgje opp denne utgreiinga og administrere ei ordning med senter for framifrå forskning.

Forskringsrådet skal arbeide for å styrkje utbyttet av norsk innsats i internasjonalt forskingssamarbeid, mellom anna gjennom informasjon og arbeid for å sikre fleire norske prosjektleiarar. Rådet skal også medverke til eit betre datagrunnlag. Det er lagt inn ei styrking av løyvingane til personutveksling under kulturavtalene og til EU-ForskringsInfo på til saman 0,5 mill. kroner i høve til 2000. Det er dessutan lagt inn midlar til ein nasjonal ekspert i EU-kommisjonen, innanfor fagfeltet sosioøkonomi.

Det er viktig at forskinga og resultatane frå forskinga held høg etisk standard. Dei tre nasjonale forskingsetiske komiteane er sentrale verkemiddel i dette arbeidet. Budsjettet til komiteane blei styrkt i 2000, og det auka løyvningsnivået skal først vidare i 2001. Aktiviteten til SCRES skal først vidare i 2001.

Løyvinga til Eurobarometer som blei gitt i 1999- og 2000-budsjetta, er ført vidare i 2001. Eurobarometer er EU-baserte intervjuundersøkingar for å kartleggje haldningsendringar til politiske og samfunnsmessige spørsmål. Løyvinga skal dekkje ei undersøking. Basisløyvinga til NIFU skal først vidare i 2001.

Løyvinga til informasjon er auka noko i 2001, jf. over. Det er viktig at forskning og resultat frå forskning er kjende og blir verdsette i samfunnet. Forskringsrådet skal derfor arbeide vidare med mediekontakt, og med å vidareutvikle formidlingstiltak retta mot allmenta. Forskringsrådet skal òg leggje vekt på å utvikle gode elektroniske informasjonstilbod.

Budsjettforslag for 2001

Budsjettforslaget viser totalt ein auke på 3,5 pst., korrigert for tekniske endringar. I tillegg til løyvingane over post 52 blir tilsegnsmakta ført vidare på same nivå som i 2000, dvs. 37,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 8.

Post 55 Administrasjon

Resultatrapport for 1999–2000

Løyvinga på denne posten går til lønn for tilsette i Forskringsrådet, husleige og andre driftskostnader. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet finansierer administrasjonsbudsjettet på vegner av alle departementa. Forskringsrådet har fått ei rekkje tilleggsoppgåver dei seinaste åra. Løyvinga til administrasjon blei halden på same nivå i 2000 som i 1999. Dette inneber ei effektivisering av drifta.

Sidan 1993 har det vore ein kraftig reduksjon i talet på personar Forskringsrådet har arbeidsgivaransvar for (eigen administrasjon, randsoneverksemnd nokre forskarar). Årsaka til dette er at ansvaret for forskarpersonell er overført til FoU-institusjonane og at talet på tilsette i administrasjonen er redusert. Per 31. desember 1999 hadde rådet arbeidsgivaransvar for i alt 495,8 årsverk. Dette er ein nedgang på 12 pst. frå året før. 290 personar var tilsette i eigen administrasjon. Av desse er 59 pst. kvinner.

Forskringsrådet har halde fram arbeidet med å styrkje dei strategiske rådsfunksjonane, effektivisere dei FoU-administrative oppgåvene og med å heve kompetansen hos personalet. Rådgivarkapasiteten er auka. Det er teke i bruk nye IT-system, med mellom anna eit elektronisk søknadsskjema. Samtidig er eit klageutval for FoU-søknader sett i drift. I 1997 sette Forskringsrådet i gang eit utviklingsprosjekt for å få etablert eit mål- og resultatstyringssystem. Arbeidet har teke noko lengre tid enn planlagt, men utviklingsprosjektet er no avslutta, og systemet er i ferd med å bli teke i bruk som eit styringsverktøy i Forskringsrådet. I 1999 er det sett i gang eit statistikk- og analyseprosjekt som skal forbetre og utvide statistikkgrunnlaget for forskingsdata.

Forskringsrådet arbeider for å ha ein kvinnerepresentasjon i styre, råd og utval i samsvar med reglane i likestillingslova om samansetjing av offentlege utval. Kvinneprosenten var i 1999 50 pst. i hovudstyret, 45 pst. i områdestyra, 38 pst. i programstyra og 34 pst. i komitear og utval. Innanfor ein skilde fagområde (t.d. Naturvitskap og teknologi, Industri og energi) har det vist seg vanskeleg å rekruttere kvinner til styre- og utvalsarbeid.

Forskringsrådet administrerer ein stor del av den forskinga som rådet finansierer gjennom program. Administrative utgifter til drift av programma er integrerte i programbudsjetta og var på 80 mill. kroner i 1999. Etter 1994 har det vore ein kraftig reduksjon i talet på program og programstyre. Halvparten av programma har no ekstern koordinator, og Forskringsrådet arbeider med å setje ut fleire. Dette arbeidet blir sett i samanheng med utvikling av elektronisk handsaming av søknader, rapportering og informasjonsdeling med FoU-miljøa.

Resultatmål for 2001

Løyvinga til administrasjon skal dekkje den samla administrative verksemda til Forskringsrådet. Denne verksemda omfattar oppgåver for alle

departementa, og inkluderer forvaltning og fordeling av heile budsjettet til Forskingsrådet. Verksemda omfattar også ei rekkje nye oppgåver rådet har fått ansvaret for, m.a. løyvingansvar for fleire institutt og større vekt på forskingspolitisk rådgiving enn tidlegare. Frå og med 2000 dekkjer løyvinga også administrasjonskostnader knytte til forvaltning av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping. Forskingsrådsevalueringa, som skal vere slutført innan utgangen av 2001, vil føre

med seg oppgåver for Forskingsrådet. Frå og med 2001 får Forskingsrådet også oppgåver i samband med oppfølging av hovudforslaget frå Hervikutvalet, jf. omtale under budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Budsjettforslag for 2001

Forslag til løyving til administrasjon i 2001 er på same nivå som i 2000.

Kap. 0286 Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
50	Overføring til Noregs forskingsråd		90 000	203 500
90	Fondskapital	3 000 000		3 000 000
	Sum kap 0286	3 000 000	90 000	3 203 500

Fondet for forskning og nyskaping blei oppretta 1. juli 1999 og har frå juli 2000 ein fondskapital på 4 mrd. kroner. Kapitalen i fondet (jf. kap. 286 post 90) er plassert som kontolån til staten med rente tilsvarende renta på statsobligasjonar med 10 års bindingstid. Førre års avkastning frå fondskapitalen blir årleg førd inn på inntektssida i statsbudsjettet (jf. kap. 3286 post 80). Løyvingane til forskning og nyskaping blir førde med same beløp på utgiftssida i statsbudsjettet som overføring til Noregs forskingsråd (jf. kap. 286 post 50). Fondet er ein ny mekanisme for offentleg finansiering av forskning i Noreg. Fondet skal medverke til å auke den samla forskingsinnsatsen i Noreg og å verkeleggjere dei overordna forskingspolitiske prioriteringane. Midlane frå fondet kjem i tillegg til dei ordinære forskingsløyvingane over statsbudsjettet. Fondet skal i første rekkje nyttast til langsik-

tig, grunnleggjande forskning og forskning på tvers av sektorane, jf. Innst. S. nr. 110 (1999–2000). Avkastninga frå fondet blir fordelt av Forskingsrådet, jf. post 50.

Post 50 Overføring til Noregs forskingsråd

Resultatrapport for 1999–2000

Noregs forskingsråd har i 2000 fordelt den første avkastninga frå fondet på 90 mill. kroner. Forskingsrådet har lagt vekt på å nytte fondsmidlane til langsiktig og grunnleggjande forskning. I fordelinga av midlane har rådet prioritert dei tematiske satsingane i forskingsmeldinga, jf. vedtak i Stortinget 15. desember 1999. I tillegg er det fordelt midlar til generelle grunnforskningsformål. Midlane for 2000 er fordelte på prioriterte område som vist i tabellen under.

Midlar frå Fondet for forskning og nyskaping. Fordeling etter tematiske satsingar

Tema	i 1 000 kroner
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)	9 500
Forskning i skjeringfeltet mellom energi og miljø	14 000
Medisin og helse	16 500
Marin forskning /IKT	27 500
Annan grunnforskning	22 500
Sum	90 000

Innanfor desse områda har Forskingsrådet lagt vekt på kvalitet, mellom anna gjennom løyvin-

gar til toppforskningsmiljø og karrierestipend til unge, lovande forskarar. Ein stor del av midlane

går til tverrfaglege satsingar som involverer fleire av områda i Forskingsrådet. Til dømes er bortimot halvparten av løyvinga under marin forskning retta mot forskingsprogram som gjeld både marin forskning og IKT. I fordelinga av avkastninga er i alt 27,5 mill. kroner øyremerkte til vitskapleg utstyr innanfor dei fem prioriteringane.

Resultatmål for 2001

Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping skal i 2001 nyttast til å støtte langsiktig, grunnleggjande forskning generelt og langsiktig forskning innanfor dei fire tematiske satsingsområda. Dette er i samsvar med vedtaket i Stortinget i samband med handsaminga av forskingsmeldinga, jf. Innst. S. nr. 110 (1999–2000) og St.meld. nr. 39 (1998–99). I samsvar med stortingsvedtaket kan midlane frå fondet også nyttast til nye tiltak for kvalitet. Fondsmidlane skal derfor også nyttast til å etablere senter for framifrå forskning.

Budsjettforslag for 2001

Fondet for forskning og nyskaping vil i 2000 gi ei avkastning på om lag 203,5 mill. kroner, som blir førd som inntekt i 2001. Avkastninga frå fondet er auka med 113,5 mill. kroner i høve til 2000. Avkastninga vil bli overført til Noregs forskingsråd.

Post 90 Fondskapital

Då fondet blei oppretta i 1999, blei det løyvd 3 mrd. kroner i fondskapital, jf. Innst. S. nr. 236 (1998–99) og St.prp. nr. 67 (1998–99). I samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2000 blei kapitalen utvida med 1 mrd. kroner frå 1. juli 2000, jf. Innst. S. nr. 220 (1999–2000) og St.prp. nr. 61 (1999–2000). Regjeringa foreslår å utvide kapitalen i Forskingsfondet med 3 mrd. kroner frå 1. januar 2001, slik at den samla kapitalen blir 7 mrd. kroner.

Kap. 3286 Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 286)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
80	Avkastning		90 000	203 500
	Sum kap. 3286		90 000	203 500

Fondet for forskning og nyskaping vil i 2000 gi ei avkastning på om lag 203,5 mill. kroner, som blir førd som inntekt i 2001.

Kap. 0287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
21	Særskilde driftsutgifter			4 500
50	NOVA	18 912	19 335	19 393
52	Norsk Utanrikspolitisk Institutt	13 679	14 067	14 380
54	Forskingsstiftelsar	61 749	63 184	33 965
55	Teknologirådet	4 500	6 126	
71	Tilskott til andre private institusjonar	10 975	10 807	11 131
72	Til disposisjon for departementet	1 335	1 928	2 160
	Sum kap. 0287	111 150	115 447	85 529

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Kap. 287 post 21 blei oppretta i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2000 og omfattar midlar til m.a. utgreiingar.
- Utgiftspost 50 er redusert med 0,5 mill. kroner og post 52 er redusert med 0,1 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.
- Ansvar for regionale forskingsstiftelsar er overført til Nærings- og handelsdepartementet frå 1. juli 2000, og 32,2 mill. kroner er derfor overførde frå kap. 287 post 54 til kap. 920 post 50.
- Ansvar for Teknologirådet er overført til Nærings- og handelsdepartementet frå 1. juli 2000, og heile løyvinga på kap. 287 post 55, 6,1 mill. kroner, er derfor overført til Nærings- og handelsdepartementet, kap. 920 post 50.
- Løyvinga til husleiga til Nordisk forskarutdanningsakademi (NorFa) er overført frå kap. 288 post 74 til kap. 287 post 72.

Kapitlet femner om:

- utgifter til utgreiingar som aukar kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken
- Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)
- Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI)
- forskingsinstitutt som får basisløyvingar frå Noregs forskingsråd
- tilskott til andre institusjonar og tiltak
- disposisjonsløyvinga til departementet

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal brukast til å dekkje utgifter til utgreiingar som vil medverke til å betre kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken. I 2001 vil løyvinga primært bli nytta til å finansiere evalueringa av Noregs forskingsråd. Stortinget har slutta seg til at evalueringa skal finne stad under perioden for langtidsprogrammet for 1997–2001. Under handsaminga av St.meld. nr. 39 (1998–99) slutta Stortinget seg til det skisserte evalueringsopplegget. Stortinget har òg slutta seg til at Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet inngår kontrakt om evalueringa i løpet av hausten 2000. Sjølv evalueringa vil starte opp umiddelbart etter at kontrakten er underskriven, og vil vere slutført innan utgangen av 2001.

Post 50 NOVA

Resultatrapport for 1999

Forskinga og utviklingsarbeidet ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) skal føre til auka kunnskap om sosiale forhold og endringsprosessar. Instituttet skal fokusere på problemstillingar om livsløp, levekår og livskvalitet samt tenester og tiltak i velferds-samfunnet.

NOVA har eit særleg ansvar for å utføre forskning om sosiale problem, offentlege tenester og overføringsordningar. Instituttet skal ta i vare forskning om familien, barn og unge og oppvekstvilkåra deira. NOVA skal vidare drive forskning og utviklingsarbeid med særleg vekt på utsette grupper, og på ulike område knytte til barnevern samt vidareutvikle den gerontologiske forskinga.

I 1998 blei det fastsett tre strategiske instituttprogram for perioden 1999–2003: På terskelen til eit fleirkulturelt samfunn, Forsørgingskjelder i eit livsløps- og generasjonsperspektiv og Velferdstenester i endring. Programma er no godt etablerte og har mykje å seie for brukarane av forskings- og utviklingsarbeidet til NOVA. Instituttet har i 1999 halde fram arbeidet med å styrkje kvaliteten på forskingsverksemda.

I 1999 var talet på forskarårsverk 66. Av desse blei 36 utførde av kvinner og 30 av menn. 21 av forskarane i hovudstilling ved instituttet har doktorgrad. Ein av forskarane avla doktorgraden i 1999 mot fem i 1998. Basisløyvinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet stod for 36 pst. av dei samla inntektene til NOVA. Dette er om lag like mykje som året før.

Publiseringverksemda til forskarane ved NOVA hadde om lag same omfang i 1999 som i 1998.

Resultatmål for 2001

I tråd med den strategiske planen til NOVA skal instituttet bli eit leiande nasjonalt forskingsinstitutt på dei faglege kjerneområda sine. Instituttet bør òg ha gode føresetnader for å posisjonere seg internasjonalt på dei forskingsfelt der NOVA har høg kompetanse. På bakgrunn av dette bør den internasjonale finansieringa kunne aukast.

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga for 2001 blir ført vidare på same nivå som i 2000.

Post 52 Norsk Utanrikspolitisk Institutt

Resultatrapport 1999

Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI) har som formål å medverke til auka innsikt i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forskning og utgreiing og ved å spreie informasjon om internasjonale tilhøve. Instituttet skal formidle forskingsresultat og forskingsbasert informasjon til både særskilde brukargrupper og allmenta.

Det blei fastsett to strategiske instituttprogram i 1998. Kvart av dei går over fem år. Programma er: Kollektiv tryggleik og Europa – integrasjon og suverenitet. Mykje av forskinga i det første programmet har i 1999 dreidd seg om spørsmål som gjeld internasjonal intervensjon og maktbruk i interne konfliktar samt internasjonal hjelp til fredsprosessar etter krigar. Det andre programmet inneheld dei fire delane politisk integrasjon, internasjonal økonomi, geopolitikk og internasjonal kriminalitet. NUPI har eigne faglege seksjonar for internasjonal økonomi og for utviklingsstudiar. Innanfor utviklingsforskninga har NUPI i tråd med råda frå Noregs forskingsråd lagt vekt på bistandsanalysar. Instituttet har i 1999 ført vidare arbeidet med å sikre kvaliteten på forskingsverksemda og har styrkt informasjonsarbeidet. Nyhetsbrevet «Hvor hender det?» er mynta på undervisning i skolen og er utvikla og forbeta. Instituttet gir òg ut tidsskrifta «Internasjonal Politikk» og «Forum for Development Studies».

Forskarane til NUPI utførte om lag 36 årsverk i 1999, noko som gjer NUPI til det største utanrikspolitiske forskingsinstituttet i Norden. Kvinner stod for sju av årsverka. Ni av forskarane i hovudstilling ved instituttet har doktorgrad. Basisløyvinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet utgjorde 42 pst. av dei samla inntektene mot om lag 43 pst. året før. I dei seinare åra har NUPI auka den eksterne innteninga.

Publiseringsverksemda til forskarane ved NUPI var noko høgare i 1999 enn året før.

Resultatmål for 2001

Dei viktigaste oppgåvene i 2001 er:

- å vidareutvikle samarbeidet med nasjonale og internasjonale fagmiljø innanfor kjerneområda til instituttet
- å vidareutvikle kunnskapsbasen med sikte på å få fleire oppdrag for næringslivet
- å styrkje den eksterne finansieringa generelt og auke den internasjonale innteninga spesielt.

Budsjettforslag for 2001

Løyvinga for 2001 blir ført vidare på same nivå som i 2000.

Post 54 Forskingsstiftelsar

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har ansvaret for basisløyvingane til ei rekkje frittstående forskingsinstitutt. Den største gruppa er dei utanrikspolitiske institutta med unnatak av NUPI som får basisløyvinga si direkte frå departementet. Løyvinga på posten blir stilt til rådvelde for Noregs forskingsråd. Forskingsrådet har eit strategisk ansvar for instituttsektoren og har derfor fått ansvaret for å tildele desse løyvingane. Tildelinga skal skje i samsvar med «Retningslinjer for statlig finansiering av forskningsinstitutter». Retningslinjene blei fastsette av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i 1994. Finansieringsstrukturen for forskingsinstitutta er elles omtala i St.meld. nr. 39 (1998–99).

Frå 1980 er det oppretta ti regionale forskingsinstitutt som har fått basisløyving frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Dei ti forskingsinstitutta er Agderforskning, Finnmarksforskning, Nord-Trøndelagsforskning, Møreforskning, Nordlandforskning, Telemarksforskning-Bø, Telemarksforskning-Notodden, Vestlandforskning, Østfoldforskning og Østlandforskning. I tillegg finansierte departementet basisløyvinga til NORUT Samfunnsforskning i Tromsø og basisløyvinga til den samfunnsvitskaplege aktiviteten ved Rogalandforskning. Dei regionale forskingsinstitutta driv hovudsakleg samfunnsvitskapleg forskning. Somme av dei har også teknologisk-naturvitskaplege forskingsaktivitetar. Nærings- og handelsdepartementet overtok ansvaret for dei regionale forskingsinstitutta frå 1. juli 2000, jf. Innst. S. nr. 220 (1999–2000) og St.prp. nr. 61 (1999–2000). Sjå derfor kap. 920 post 50 for resultatmål og budsjettforslag for 2001.

Resultatrapport for 1999

Den årlege tildelinga av basisløyvingar gjer Forskingsrådet i stand til å følge utviklinga både i sektoren og ved kvart av institutta. Løpande kontakt med instituttleiarane, systematiske instituttevalueringar, årleg rapportering frå institutta og tildeling av strategiske instituttprogram er tiltak som gjer det mogleg for Forskingsrådet å fremme kvalitet i forskinga, rekruttering, samarbeidsrelasjonar og ei formålstenleg nasjonal arbeidsdeling. I 1999 har Forskingsrådet mellom anna på denne

måten lagt vekt på å styrkje oppfølginga av det instituttstrategiske ansvaret sitt.

Dei regionale institutta mottok 32,2 mill. kroner i basisløyvingar frå departementet i 1999. Dette er ein auke på 15 mill. kroner frå 1998. Det auka nivået er ført vidare i 2000. I samsvar med føresetnadene frå Stortinget har Noregs forskingsråd hovudsakleg nytta midlane til å tildele strategiske instituttprogram. Kvart institutt er tildelt eitt eller fleire program ut frå ei vurdering av kvaliteten og relevansen på programforslaga. Basisløyvingane stod for om lag 14 pst. av dei samla inntektene til institutta. Desse var på 235 mill. kroner i 1999. Dei samla prosjektløyvingane frå Forskingsrådet til dei regionale institutta var på 50,3 mill. kroner i 1999. Dei ulike institutta konkurrerer om prosjektmidlane.

Fire av institutta hadde eit negativt driftsresultat i 1999. Underskotta varierer frå 0,2 mill. kroner til 2,5 mill. kroner.

Dei regionale institutta utførte om lag 300 forskarårsverk i 1999. Dette er same talet som året før.

Dei utanrikspolitiske institutta utfører hovudsakleg forskning på følgjande område: utanriks- og tryggleikspolitikken til statane, etniske og nasjonalistiske konflikhtar, energi-, miljø- og klimapolitikken, ressursforvaltninga og polar- og djuphavsforskinga. I denne gruppa inngår tre institutt: Senter for klimaforsking (CICERO), Institutt for fredsforsking (PRIO) og Fridtjof Nansens Institutt (FNI). Det samla talet på forskarårsverk var 68. Forskingsrådet tildelte totalt 18,8 mill. kroner i basisløyvingar til desse institutta i 1999. Av denne summen blei 1,9 mill. kroner fordelte til strategiske samarbeidsprosjekt mellom desse institutta og NUPI, og 2,5 mill. kroner fordelte til europaforsking ved FNI, NUPI og PRIO. I tillegg til basisløyvingane hadde dei fire institutta prosjektinntekter på 16 mill. kroner frå Forskingsrådet i 1999.

Institutt for samfunnsforskning (ISF) og Forskingsstiftelsen FAFO driv hovudsakleg forskning om arbeidsmarknaden, arbeidslivet, velferda og internasjonale tilhøve. Den samla basisløyvinga til desse institutta var på 9,6 mill. kroner i 1999. I tillegg kjem støtte til prosjekt gjennom Forskingsrådet på 14 mill. kroner. Institutta utførte 98 forskarårsverk i 1999, noko som er ein auke på åtte frå året før.

Forskingsrådet sette i 1999 i verk ei evaluering av forskingsinstitutta FAFO, ISF, Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) og NOVA. Evalueringa skal vere ferdig i byrjinga av 2001.

Resultatmål for 2001

Den langsiktige kompetanseoppbygginga ved institutta skal framleis styrkjast. Vidareutvikling og kvalitetssikring av dei strategiske instituttprogramma er eit sentralt verkemiddel i denne samanhengen. Forskingsrådet skal fortsette arbeidet med instituttevalueringar, mellom anna med sikte på å skaffe data og kunnskap som gir grunnlag for samanlikning innanfor ulike grupper av institutt. Evalueringane er eit sentralt verkemiddel for å fremme kvalitet i sektoren, og evalueringane skal sjåast i samheng med kriteria for tildeling av basisløyvingar til forskingsinstitutta. Det er vidare eit mål å utvikle ei klarare arbeids- og oppgåvefordeling mellom dei ulike institutta og å intensivere samarbeidet mellom forskingsinstitutta og universiteta og høgskolane.

Budsjettforslag for 2001

Ansvaret for dei regionale forskingsinstitutta blei frå 1. juli 2000 ført over frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet. Korrigert for dette aukar løyvinga for 2001 til institutta under post 54 med 9,4 pst. i høve til 2000. Av denne auken skal 2 mill. kroner øyremerkjast FAFO. I tillegg til den ordinære løyvinga til Institutt for samfunnsforskning (ISF) skal kr 3 402 000 overførast til instituttet. Dette gjeld ISFs del av den løyvinga som gjekk til den tidlegare Instituttgruppa for samfunnsforskning, som blei avvikla frå 1. januar 1999, jf. St.prp. nr. 1 (1998–99).

Innanfor løyvinga til dei utanrikspolitiske institutta ønskjer departementet å stimulere til vidare strategiske satsingar. Desse bør organiserast som fleirårige strategiske instituttprogram. I satsingane må det leggjast vekt på samarbeid mellom institutta, bygging av europeiske nettverk og auka innsikt i europeiske spørsmål som har høg relevans for Noreg.

Post 55 Teknologirådet

Resultatrapport for 1999–2000

Teknologirådet blei oppnemnt ved kongeleg resolusjon 30. april 1999, med funksjonstid fram til 30. april 2003. Det første virkeåret har rådet brukt til å drøfte strategi og metodar, forutan at det har lagt planar for ei rekkje kommande prosjekt. Våren 2000 har rådet mellom anna arrangert eit ope møte om idrett og prestasjonsteknologi og ein lekfolkskonferanse om bruk av IKT og tryggleiks-

teknologi i eldreomsorgen. I samarbeid med Bio-teknologinemnda og dei nasjonale forskningsetiske komiteane er det planlagt ei oppfølging av lekfolk-skonferansen om genmodifisert mat som blei hal-den i 1996. Den nasjonale forskningsetiske komité for naturvitskap og teknologi (NENT) har fungert som mellombels sekretariat for rådet i perioden. Frå 1. juli 2000 overtok Nærings- og handelsde-partementet ansvaret for Teknologirådet, jf. Innst. S. nr. 220 (1999–2000) og St.prp. nr. 61 (1999–2000). Sjå derfor kap. 920 post 50 for resultatmål og budsjettforslag for 2001.

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Målsetjing

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at forskning og forskingsrelatert verksemd blir førde vidare ved institusjonane. Tilskottet til Senter for høgere studier, som får hovuddelen av mid-lane på posten, skal vere med på å heve kvaliteten i grunnforskninga og skape eit godt miljø for post-doktoral utdanning.

Rapport for 1999

Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo (DNVA) og Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim (DKNVS) har til oppgåve å fremme norsk vitskap, m.a. ved å gi ut vitskapleg litteratur, forvalte vitskaplege fond og skape kontakt med utanlandske miljø og organisasjonar. Som året før hadde DNVA og DKNVS i 1999 stor aktivitet i form av konferansar og fagseminar, dei større med internasjonal deltaking. Akademiet i Oslo administrerte dessutan norsk medlemskap i 40 internasjonale organisasjonar mot 35 i 1998.

Senter for høgere studier (SHS) skal vere eit felles miljø for særskild dyktige norske og utanland-ske forskarar, og er eit tiltak for å heve kvaliteten i grunnforskninga. Etter tilråding av utvalet for eva-lueringa av sentret fekk SHS ein monaleg budsjett-

tauke i 1999. Auken gav m.a. rom for tilsetjing av ein vitskapleg leiar i full stilling og ei styrking av den faglege verksemda. I tråd med tilrådinga er også samarbeidet med dei fire universiteta styrkt. Til saman seks internasjonalt samansette forskar-grupper var i arbeid ved SHS i 1999, tre om våren og tre om hausten. Gruppene forska m.a. på pan-arktisk botanikk, historisk demografi, klassisk kinesisk språkvitskap og problemløysing gjen-nom internasjonalt samarbeid. SHS har søkt å rekruttere forskarar som kan vise til faglege resultat på særskild høgt internasjonalt nivå.

Vitskaplege fond gjeld Nansenfondet, Det vitenskapelige forskningsfond av 1919 og Institutt for sammenlignende kulturforskning.

Egede Instituttet har til oppgåve å drive misjonsforskning og fremme misjonskunnskap. Insti-tuttet gir ut Norsk tidsskrift for misjon.

Tilskottet til Christian Michelsens Institutt (CMI) går til menneskerettsforskninga ved institut-tet, som har eit anvendt siktemål og ein klar u-landsprofil. I 1999 heil- eller delfinansierte depar-temetet m. a. følgjande prosjekt: redigering av Menneskerettsårboka, ein studie av ILO, studiar av overgangen frå diktatoriske til demokratiske styreformar i Latin-Amerika og eit opplæringspro-gram i lokaldemokrati i Etiopia.

Vannakademiet er ein stiftelse som blei opp-retta i 1998. Formålet er m.a. forskning for å føre-byggje nasjonale og internasjonale vannkonfliktar. Tilskottet i 1999 gjaldt oppstart av verksemda. I samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2000 fekk akademiet eit tilskott på 2 mill. kroner. Mid-lane går til generell støtte til verksemda og opp-bygging av eit internasjonalt universitets- og for-skingssamarbeid.

Budsjettforslag for 2001

Løyvingane til institusjonane blir førde vidare på same nivå som i saldert budsjett 2000.

Løyvingar til private vitenskaplege institusjonar og tiltak (i 1 000 kroner).

Institusjon	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo	1 020	1 050	1 081
Senter for høyere studier	7 900	8 123	8 367
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim	100	104	107
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse	120	125	129
Vitenskaplege fond	108	113	116
Egede Instituttet	250	259	267
Christian Michelsens Institutt	1 002	1 033	1 064
Vannakademiet	475		
Sum	10 975	10 807	11 131

Post 72 Til disposisjon for departementet

Formålet med tilskottsordninga er å støtte arrangement av og deltaking i forskjellige nasjonale og internasjonale forskingskonferansar, og å støtte andre forskingsrelevante tiltak. Av denne løyvinga blei det i 1999 gitt tilskott til m. a. tiltak i samband med det internasjonale verdsmatematikkåret og 200-årsjubileet for Niels Henrik Abel, Hervik-utvalets utgreiingsarbeid og eit svensk-

norsk bokprosjekt i samband med 100-årsjubileet for unionsoppløysinga i 1905.

Løyvinga skal i 2001 gå til forskning og forskingspolitikk i Noreg eller internasjonalt. Meir enn halvparten av løyvinga vil bli brukt til det svensk-norske bokprosjektet og til å dekkje husleiga til Nordisk forskarutdanningsakademi (NorFa). Løyvinga til NorFas husleige er overført frå kap. 288 post 74.

Kap. 0288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	95 902	98 815	90 026
73	EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>	389 217	485 695	
74	Til disposisjon for internasjonalt utdanningssamarbeid	2 614	2 697	2 044
	Sum kap. 0288	487 733	587 207	92 070

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Nærings- og handelsdepartementet overtok ansvaret for EUs rammeprogram for forskning og utvikling frå 1. juli 2000. Heile løyvinga på kap. 288 post 73 er derfor overført til kap. 924 post 71.
- Løyvinga til NorFas husleige er flytta frå kap. 288 post 74 til kap. 287 post 72.
- Løyvinga på kr 60 000 til det europeiske språksenteret i Graz er flytta frå kap. 288 post 74 til kap. 281 post 01.
- EMBL (European Molecular Biology Labora-

Kapitlet femner om:

- kontingentar til norsk medlemskap i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar
- disposisjonsløyving for departementet

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Tildelinga dekkjer den norske kontingenten for deltaking i:

- CERN (Organisation européenne pour la recherche nucléaire)
- tory)

- EMBC (European Molecular Biology Conference)
- ESRF (European Synchrotron Radiation Facility)
- IARC (International Agency for Research on Cancer)

CERN er ein av dei største installasjonane i verda for eksperimentelle studiar innanfor kjerne- og elementærpartikkelfysikk. Noreg dekkjer i 2000 1,55 pst. av budsjettet. Kontingenten for 2001 blir fastlagd hausten 2000.

EMBL driv forskning innanfor molekylærbiologi og bioteknologi. Den norske kontingenten i 2001 er 1,54 pst. av budsjettet.

EMBC gir, i samråd med EMBL, støtte til program for utveksling av forskarar innanfor molekylærbiologi. Noreg står for 1,45 pst. av budsjettet for 2001.

ESRF er eit laboratorium for forskning der ein nyttar synkrotronstråling innanfor ei rekkje disiplinær, med vekt på forskning for å utvikle nye materiale. Noreg tek del gjennom det nordiske konsortiet NORDSYNC. Noreg dekkjer 0,56 pst. av budsjettet til ESRF.

IARC er ein organisasjon for kreftforskning knytt til Verdas helseorganisasjon (WHO). Den norske kontingenten utgjer om lag 5 pst. av budsjettet.

Det er ei viktig oppgåve for Forskingsrådet å syte for best mogleg fagleg utbyte av medlemskapen i desse grunnforskningsorganisasjonane. Forskingsrådet gir midlar til norsk forskning i samband med medlemskapen i CERN, EMBL og ESRF, såkalla følgjeforskning. Desse midlane går inn i løyvingane til Forskingsrådet på kap. 285 post 52.

Målsetjing

Medlemskapen i organisasjonane gir Noreg høve til å drive forskning som krev så store ressursar at det ikkje ville ha vore mogleg utan internasjonalt samarbeid. Den norske deltakinga skal òg vere med på å styrkje kvaliteten på norsk forskning. Det skal satsast på auka utnytting og formidling av samarbeidet, mellom anna for at deltakinga òg kan medverke til verdiskaping i norsk nærings- og samfunnsliv. Arbeidet med å få norsk næringsliv til å konkurrere om å levere varer og tenester til dei store forskingslaboratoria vil stå sentralt. Det skal satsast vidare på å rekruttere fleire nordmenn til dei internasjonale laboratoria. Deltakinga i dei internasjonale organisasjonane

skal sjåast i samanheng med den nasjonale satsinga på tilsvarande område.

Rapport for 1999–2000

Arbeidet ved CERN var i 1999–2000 framleis prega av bygginga av den nye partikkelakseleratoren som blir kalla Large Hadron Collider (LHC). Anlegget skal vere ferdig til bruk i 2005 og vil gjere det mogleg for vitskapen å bringe fram grunnleggjande ny kunnskap om dei grunnpartiklane og fundamentale kreftene som formar materien og universet.

Den norske vitskaplege verksemda som følger av norsk CERN-medlemskap, blir finansiert gjennom forskingsrådsprogrammet Kjerne- og partikkelfysikk. Programmet hadde i 1999 eit budsjett på 12,5 mill. kroner. Ein stor del av midlane går til dei to eksperimentoppsetta som Noreg har valt å ta del i ved LHC-akseleratoren (ALICE og ATLAS). Noreg løyvde både i 1999 og i 2000 eit ekstra bidrag på kr 850 000 for å oppgradere og forlengje brukstida for den akseleratoren som til no har vore brukt.

Interessa og deltakinga frå norsk industri for leveransar til CERN har gått ned i dei seinare åra og bør kunne auke. Forskingsrådet oppretta derfor i 1998 ei stilling med det formålet å betre kontakten mellom CERN og norsk industri og auke mengda av oppdrag for og leveransar til CERN. CERN har på si side etablert eit program for å styrkje overføringa av teknologi som blir utvikla ved CERN, til medlems- og samarbeidslanda.

I 1999 var 19 nordmenn tilsette ved CERN. I tillegg har mange norske studentar, teknikarar og forskarar delteke ved eksperimenta. CERN har sjølv registrert 46 norske brukarar. Programmet under Forskingsrådet har i 1999 finansiert fire doktorgradsstipendiatar og tre postdoktorstipendiatar. I tillegg er fleire doktorgradsstipendiatar finansierte av dei universiteta som tek del i CERN-eksperimenta, og det er avlagt fire doktorgradar i 1999. Norsk CERN-tilknytta verksemd har i 1999 ført til 126 artiklar i vitskaplege tidsskrift og eit tilsvarande tal populærvitskaplege artiklar.

EMBL har ein vitskapleg infrastruktur som gir norske forskarar tilgang til framifrå utstyr og kontakt med den fremste forskinga i verda på fagfelt i sterk vekst. Utestasjonen som EMBL har i Cambridge/Hinxton, «European Bioinformatics Institute» (EBI), er av særleg interesse i samband med utforskinga av mennesket sine gen. Arbeidet ved EBI er av stor verdi for utviklinga av bioinformatikk.

EMBL oppretta i 1999 eit eige selskap, EMBLEM, med det formålet å leggje til rette for overføring av teknologi til brukarar og for kommersialisering av forskingsresultat frå EMBL. Selskapet hadde i 1999 inntekter på 1,1 mill. tyske mark, i hovudsak frå lisensiering. Fram til første halvår av 2000 hadde EMBLEM fått 34 søknader om patentar. EMBLEM vil opprette eit investeringsfond for nye etableringar.

Innanfor programmet Grunnleggjande bioteknologi i Forskingsrådet er ei av målsetjingane å auke bruken av fasilitetane ved EMBL og støtte opp under den norske følgjeforskninga knytt til organisasjonen. Programbudsjettet var 8 mill. kroner i 1999. Same året gjekk om lag 7,2 mill. kroner til EMBL-følgjeforskning. Totalt blei det satsa ca. 70 mill. kroner på bioteknologi- og EMBL-relatert forskning.

I 1999 hadde om lag 20 nordmenn opphald ved EMBL. Seks nordmenn tek for tida del i dei prestisjetunge doktorgradsprogramma. Det er eit aktivt samarbeid mellom EMBL og universiteta i Oslo, Bergen og Tromsø.

Installasjonane ved ESRF blei ferdig utbygde i 1998, og er av dei mest avanserte i sitt slag. For Noreg er deltaking i ESRF naudsynt for å følgje med i nyutviklinga innanfor materialforskning. Noreg treng tilgang til ei synkrotronkjelde og samarbeider med Sveits om ei eige strålelinje. Som del av handlingsplanen for synkrotronrelatert forskning i Noreg (1998) har forskingsmiljøa i Oslo, Trondheim, Tromsø og Stavanger fått støtte for tre år for å dekkje utgifter knytte til besøk og bruk av fasilitetane ved ESRF. Etter den siste offisielle ESRF-statistikken (1997) utgjer den norske brukargruppa 40 norske forskarar og stipendiatar. Etter dette har talet auka noko.

Materialforskningsprogrammet i Forskingsrådet har finansiert den norske aktiviteten ved

ESRF, men dette programmet blei avslutta i 1999. Frå 2000 er det etablert ei lita programgruppe for å styre pengane som er til rådvelde for ESRF-relaterte oppgåver. Programgruppa vil, i samarbeid med Norsk synkrotronforskning A/S, ta initiativ til årlege brukarmøte. Norsk synkrotronforskning arbeider for å stimulere til auka bruk av ESRF i norske forskingsmiljø.

Saman med dei andre nordiske partnarane i NORDSYNC har Noreg høg utnytting av ESRF-medlemskapen. NORDSYNC har over fleire år brukt meir stråletid enn det kontingenten dekkjer. Dette vil truleg innebere at ESRF vil påleggje NORDSYNC å auke kontingentinnbetalinga frå 2002. Alternativt må dei nordiske landa redusere bruken av synkrotronkjelda.

Medlemskapen i IARC er særskild viktig for det kreftforebyggjande arbeidet og er eit verkemiddel for å heve kompetansen på området. I fokus står forskning og informasjon om kreft, med vekt på studiar av omfanget av kreft, årsaker til sjukdomen og korleis ein kan minske talet på sjuke. Med tilknyttinga si til Verdas helseorganisasjon har IARC tilgang til globale oversikter og kan gi bakgrunn og kunnskap for helsepolitiske avgjerder i landa. I Noreg er det i første rekkje Kreftregisteret, Folkehelsa og Radiumhospitalet som tek del i samarbeidet. Det er norske forskarar i dei fleste av faggruppene ved IARC og eit norsk medlem i det vitenskaplege rådet og i styret. I tillegg til at det er ein nordmann i administrasjonen har det i 1999–2000 vore fleire norske forskarar på opphald og kurs ved IARC.

Budsjettforslag for 2001

Under er ei oversikt over budsjetterte kontingentar og faktiske utbetalingar for 1999–2000:

Fordeling av norske kontingentar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar (i 1 000 kroner)

Organisasjon	Løyving 1999	Utbetalt 1999	Løyving 2000	Utbetalt 2000 ¹	Forslag 2001
CERN	82 355	80 612	81 927	73 455	72 831
EMBL	5 496	5 404	5 457	5 688	5 418
EMBC	1 228	1 227	1 207	1 167	1 203
ESRF	2 925	1 449 ²	2 912	4 201	2 808
IARC	7 210	7 210	7 312	7 938	7 766
Sum	99 214	95 902	98 815	92 449	90 026

¹ Alle kontingentane er utbetalte, med unntak av kontingenten til ESRF. Den samla kontingenten til ESRF er berekna på grunnlag av valutakursar pr. 15. august 2000.

² Ein del av kontingenten til ESRF for 1999 blei først utbetalt i 2000.

Kontingentane for 2001 er rekna ut på grunnlag av dei kontingentane som er vedtekne for 2000 multiplisert med valutakursar per 15. mars 2000 (for USD og EUR per 1. august). Den faktiske storleiken på kontingentane vil avhenge av valutakursen på dei tidspunkta utbetalingane blir gjorde. Det er òg slik at dei endelege budsjetta for 2001 for dei fleste av organisasjonane blir vedtekne hausten 2000.

Post 73 EUs rammeprogram for forskning

Noreg har sidan EØS-avtalen trådde i kraft 1. januar 1994, til fulle teke del i EUs rammeprogram for forskning. Frå 1999 inneber avtalen deltaking i femte rammeprogram (1999–2002), jf. Innst. S. nr. 113 (1998–99). I samsvar med forslag til Revidert nasjonalbudsjett frå regjeringa blei det i år fatta vedtak om å overføre koordineringsansvaret for norsk deltaking i EUs rammeprogram frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet frå 1. juli. Ein nærare omtale av målsetjing og budsjettforslag i samband med vidare norsk deltaking i rammeprogrammet vil vere å finne i budsjettproposisjonen frå Nærings- og handelsdepartementet, jf. kap. 924 post 71.

Rapport for 1999–2000

Det norske engasjementet i EU-forskinga har auka frå fjerde til femte rammeprogram. Tal frå Noregs forskingsråd frå juli 2000 viser at norske forskarar har teke del i 1389 søknader i samband med dei første kunngjeringane for særprogramma i femte rammeprogram. Om lag 28 pst. av desse søknadene har til no blitt godkjende for støtte frå EU. Dette er eit positivt resultat for Noreg, særleg på bakgrunn av at søknadsmassen frå EU-land og nye søkjarland til EU generelt har vore større enn i fjerde rammeprogram. Til samanlikning er det europeiske gjennomsnittet for godkjende søknader førebels om lag 23 pst. Over ein femdel av søknadene med norsk deltaking har norsk prosjektleiar. Dette er ei positiv utvikling som er i tråd med norske målsetjingar, jf. St.meld. nr. 39 (1998–99).

Styrkinga av det norske engasjementet skriv seg m.a. frå ei medviten satsing på løyvingar til ulike forprosjekt og tiltak for å stimulere norske bedrifter og sentrale forskingsmiljø til å fremje søknader. Det står likevel att fleire søknadsrundar i programperioden fram til 2002 før ein kan få full oversikt over deltakinga i femte rammeprogram.

I den første fasen har norske søkjarar hevda seg særst godt innanfor miljøforskning, marin forskning, olje- og gassforskning og industriteknologi, medan einskilde andre program bør kunne utnytast betre. I miljøprogrammet er norske forskarar med i over ein fjerdedel av alle EU-prosjekta som har fått midlar. Ein stor del av desse har òg norsk prosjektleiing. Seks store forskingsinstallasjonar (tidlegare såkalla Large Scale Facilities) får støtte frå mobilitetsprogrammet i femte rammeprogram. Det gjeld m.a. dei ulike sentra for marin forskning, arktisk forskning og petroleumsforskning, som på dette viset er verdsette på europeisk nivå. Vidare er førebels fire universitetsinstitutt godkjende som lærestader («training sites») under mobilitetsprogrammet. Desse får støtte til utveksling av unge forskarar. For å styrkje den norske deltakinga i rammeprogrammet er det frå norsk side og gjennom EFTA/EØS-systemet i løpet av det siste året òg sett i gang eit arbeid for å skipe til ei ordning for rekruttering av nasjonale ekspertar til Kommisjonen.

Post 74 Til disposisjon for internasjonalt utdanningsamarbeid

Løyvinga skal nyttast til ulike tiltak innanfor nordisk og anna internasjonalt utdanningssamarbeid. Midlane skal mellom anna dekkje kontingenten til senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD, norsk deltaking i den årlege teikne- og stilkonkurransen Europa i skolen i samband med Europarådet, tilskott til Foreningen Norden og nettverk for skoleutvikling (ASP) under UNESCO. Løyvinga skal først vidare på same nivå som i 2000. Løyvinga til husleiga til Nordisk forskarutdanningsakademi (NorFa) er flytta til kap. 287 post 72.

Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering

- Programkategori 07.80 omfattar
- stipend, rentestøtte og avskrivningar for elevar i vidaregåande opplæring og studentar i høgre utdanning
 - særskilde støtteordningar for norske studentar i utlandet
 - drift av Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen)

Utgifter under programkategori 07.80 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0291	Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar	226 421			
2410	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)	13 548 385	13 552 295	15 880 453	17,2
	Sum kategori 07.80	13 774 806	13 552 295	15 880 453	17,2

Kap. 291 er flytta til kategori 07.60 Høgre utdanning, nytt kapittel 270.

Inntekter under programkategori 07.80 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
5310	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	4 155 932	4 302 426	5 566 066	29,4
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)	4 519 120	3 583 000	4 941 000	37,9
	Sum kategori 07.80	8 675 052	7 885 426	10 507 066	33,2

Budsjettforslag 2001 - prioriteringar

I budsjettet for 2001 blir det foreslått følgjande:

- å føre vidare styrkinga av Lånekassen knytt til mellom anna administrasjon av fastrenteordninga og tilbakebetaling av lån
- å føre vidare arbeidet med å betre servicenivået og gjere Lånekassen meir tilgjengeleg for kundane
- å fjerne stipendet til elevar som har forsørging gjennom barnevernet

- å fjerne det særskilde stipendet til 19-åringar som tar eitt år på folkehøgskole som siste året i eit fireårig løp
- å redusere talet på fag i gebyrstipendlista

Mål for politikken er at utdanningsfinansieringa skal:

- medverke til å oppfylle målet om lik rett til utdanning, slik at utdanning kan skje uavhengig av sosiale eller økonomiske tilhøve, alder, kjønn eller geografiske avstandar
- medverke til å sikre god studieprogresjon og at

samfunnet har tilgang på utdanna arbeidskraft med høgt kunnskapsnivå og internasjonal orientering

- auke fleksibiliteten og servicenivået i Lånekassen

Utdanningsfinansieringa skal medverke til å oppfylle målet om lik rett til utdanning, slik at utdanning kan skje uavhengig av sosiale eller økonomiske tilhøve, alder, kjønn eller geografiske avstandar.

Tilstandsvurdering

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var i 1999-2000 på 11 448 mill. kroner. Av dette blei 4 780 mill. kroner utbetalt som stipend og 6 668 mill. kroner utbetalt som lån. Dette er ein auke på 516 mill. kroner frå året 1998-99. Stipenddelen auka med 266 mill. kroner, og lånedelen auka med 250 mill. kroner.

I undervisningsåret 1999-2000 er talet på elevar og studentar i utdanning med støtterett i Lånekassen om lag 389 000. Tal frå Lånekassen for studieåret 1999-2000 viser at om lag 228 000 av desse mottok støtte.

For å tilpasse utdanningsfinansieringa til vaksne elevar og studentar i samband med Kompetansereforma, jf. St.meld. nr. 42 (1997-98), blei den øvre grensa for avkorting mot eiga inntekt auka til kr 5000 i månaden. Den øvre grensa for avkorting i beløpet på støtte til forsørging av barn mot den inntekta ektefellen har, auka til kr 16 700 i månaden. Desse tiltaka gjeld frå studieåret 2000-01.

Det blei frå 1. januar 2000 etablert ei ny ordning med nedskrivning av studiegjeld for tidlegare studentar som bur og arbeider i seks kommunar i Indre Namdal. Ordninga er ei 3-årig prøveordning.

Strategiar og tiltak

Departementet arbeider med oppfølging av utgreiinga til Aamodt-utvalet, jf. NOU 1999: 33 Nyttige lærepenger – om utdanningsfinansieringen gjennom Lånekassen. Utvalet fremmer ei rekkje forslag for å gjere utdanningsfinansieringa enklare og meir effektiv. Alle forslaga frå utvalet er forankra i eit ønske om at det framleis skal vere eit høgt offentleg aktivitetsnivå når det gjeld støtte til utdanning, høve til kontroll og oversikt over dei totale kostnadene ved utdanningsstøtteordningane, jf. hovudinnleiinga.

Regjeringa foreslår å fjerne stipendet til elevar som har forsørging gjennom barnevernet. Regje-

ringa foreslår også å fjerne det særskilde stipendet til 19-åringar som tar eitt år på folkehøgskole som siste året i eit fireårig løp.

Departementet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal evaluere kvoteordninga for støtte til utanlandske statsborgarar. Arbeidsgruppa er sett saman av representantar frå Utanriksdepartementet, NORAD, Justisdepartementet, Universitets- og høgskolerådet, Lånekassen og studentorganisasjonane. Arbeidsgruppa skal levere rapport våren 2001. Departementet vil komme nærare tilbake til Stortinget med denne saka.

Politikken i sektoren skal medverke til å sikre god studieprogresjon, og at samfunnet har tilgang på utdanna arbeidskraft med høgt kunnskapsnivå og internasjonal orientering.

Tilstandsvurdering

I studieåret 1998-99 studerte om lag 13 200 norske studentar i utlandet med støtte frå Lånekassen. Det var også om lag 2 800 studentar som tok delutdanningar i utlandet. For studieåret 1999-2000 tek om lag 14 900 studentar heile utdanninga i utlandet, og om lag 3 400 studentar tek ein del av utdanninga i utlandet. Delen av kvinner har i denne perioden auka frå 53,6 pst. til 56,9 pst.

Ved handsaming av revidert nasjonalbudsjett for 2000 blei det gjort vedtak om ein ekstraordinær valutakompensasjon for studentar som studerer i utlandet.

Modellen som Lånekassen nyttar til valutafastsetjinga, er endra ved at ein tek omsyn til valutaendringar oftare enn før. Ein kan no justere valutaføresetnadene to gongar i året mot ein gong før. Dette vil redusere valutarisikoen som studentane blir utsette for når dei studerer i utlandet og får utbetalt støtta i norske kroner. Det er ein føresetnad at studentane vekslar om straks støtten frå Lånekassen er utbetalt.

Departementet sette hausten 1998 ned eit rådgivande utval, Lykke-utvalet, som skal gi departementet faglege råd om korleis ordninga med gebyr- og tilleggsstipend for studiar i land utanfor Norden best skal innrettast og administrerast.

Utvalet skal dels gjere kontinuerlege vurderingar med omsyn til kva for utdanningar og lærestader som skal kunne kvalifisere for stipend til skolepengar, dels gjere utgreiingar på oppdrag frå departementet. Utvalet har hittil levert utgreiingar om kunstfaglege utdanningar i Storbritannia, gebyrstipend til humanistiske fag, ein alternativ modell for tildeling av gebyrstipend, tilleggsstipend til medisintidanning samt eit forslag om

revisjon av lista over godkjende utdanningar som gir studentane rett til å søkje om gebyrstipend frå studieåret 2001-02, jf. omtale under post 71.

Som ei oppfølging av vedtak i Stortinget ved handsaming av Innst. S. nr. 173 (1996-97) ba departementet Lykke-utvalet om å utarbeide ein modell for prosentvis stipendiering av skolepengar i utlandet. Utvalet har komme med ei utgreiing der det blir foreslått å gi stipend på tre forskjellige nivå som erstatning for dagens ordning med gebyr- og tilleggsstipend. Avhengig av fagområde og lærestad vil studenten etter forslaget kunne få eit lågt, middels eller høgt stipend til skolepengar. Utvalet er no bedt om å lage simuleringar slik at det blir mogleg å samanlikne utgiftene i den nye modellen med dagens system for tildeling av gebyr- og tilleggsstipend.

Strategiar og tiltak

Regjeringa foreslår å redusere talet på fag i gebyrstipendlista. Forslaget skuldast den store auken på denne posten dei seinare åra, jf. omtale på kap. 2410 post 71.

Politikken i sektoren skal medverke til å auke fleksibiliteten og servicenivået i Lånekassen.

Tilstandsvurdering

Frå 1. juli 1999 blei det gitt tilbod om fastrente med bindingstid på tre år til kundane i Lånekassen. Lånekassen arbeider med utvikling og tilpassing av ordninga.

Lånekassen har ansvaret for ei omfattande økonomiforvaltning med om lag 700 000 kundar. Lånekassen har lagt vekt på å auke effektiviteten i rutine for økonomiforvaltninga gjennom utstrekt bruk av teknologi. Det er framleis behov for ytterlegare heving av nivået og kvaliteten på dette området. Raskare handsaming av førespurnader, søknader, betre informasjon og auka fleksibilitet er sentrale moment.

År 2000-arbeidet i Lånekassen var omfattande og var organisert som eit eige prosjekt. Overgangen til 2000 var problemfri.

For å setje Lånekassen i stand til å møte utfordringane med omsyn til rask handsaming av førespurnader og ulike administrative oppgåver blei

administrasjonsbudsjettet i Lånekassen styrka i 2000. Departementet foreslår å føre vidare denne styrkinga i 2001.

Departementet har i samarbeid med Lånekassen teke initiativ til ein organisasjonsgjennomgang i Lånekassen. Bakgrunnen er at det er komme mange nye pålegg utan at Lånekassen har hatt tid eller ressursar til å tilpasse dei organisatoriske rammene. Planarbeidet for ei modernisering av dei teknologiske løysingane er starta opp.

Det blei våren 1999 lagt fram ein rapport om inkassostrategien i Lånekassen frå ei arbeidsgruppe i departementet. Denne arbeidsgruppa foreslo mellom anna å gi Lånekassen høve til å ta del i utanomrettslege gjeldsordningar. Departementet følgjer opp denne rapporten, og det vil bli lagt fram ei eiga sak for Stortinget om oppfølging av desse forslaga hausten 2000.

Strategiar og tiltak

Aamodt-utvalet la fram utgreiinga NOU 1999: 33 Nyttige lærepenger hausten 1999. Endringane i regelverket som det er gjort framlegg om, vil i sterk grad påverke rammeverket til Lånekassen. Departementet tek sikte på å følgje opp forslaga frå utvalet i ei stortingsmelding våren 2001. Denne meldinga skal sjå utdanningsfinansieringa i nær samheng med oppfølginga av utgreiingane frå Mjøs- og Berg-utvala. Det er ein klar samheng mellom dei tre utgreiingane, og Regjeringa har som mål å oppnå eit heilskapleg oversyn over det norske systemet for utdanning. Behov for eit forenkla og stabilt regelverk for kundane i Lånekassen, større vekt på universelle løysingar, utvida bruk av skjønn, større fleksibilitet i fasen for tilbakebetaling og eit regelverk som er i tråd med den alminnelege oppfatninga av kva som er rett, gjer at dette er ei prioritert oppgåve for Regjeringa.

Departementet tek sikte på å føre vidare organisasjonsgjennomgangen i Lånekassen og å arbeide for betring av informasjonen til kundane, særleg ved hjelp av Internett.

Departementet fører også vidare satsinga på inkassostrategien i Lånekassen for å redusere talet på misleghaldne lån. Bemanninga er utvida, og utvikling av eigne edb-rutinar for inkassokundane er starta opp.

Utgifter under programkategori 07.80 fordelte på postgrupper:

(i 1 000 kr)					
Post- gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	215 823	229 027	234 657	2,5
70-89	Overføring til private	6 618 690	6 537 268	7 576 796	15,9
90-99	Utlån, avdrag o.a.	6 940 293	6 786 000	8 069 000	18,9
Sum kategori 07.80		13 774 806	13 552 295	15 880 453	17,2

Kap. 0291 Studium i utlandet og sosiale formål for elever og studentar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Tilskott til lengre reiser, <i>overslagsløyving</i>	77 258		
71	Tilrettelegging for studium i utlandet	7 282		
73	Tilskott til studentbarnehageplassar	65 070		
74	Tilskott til velferdsarbeid	55 566		
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	21 245		
Sum kap. 0291		226 421		

Kap. 291 er flytta til kategori 07.60 Høgre utdanning, kap. 270.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	215 823	229 027	234 657
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 966 812	4 227 400	4 396 700
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	688 819	703 100	797 000
72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 330 540	1 044 500	1 498 000
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	402 045	403 000	428 700
74	Tap på utlån		155 000	452 000
75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	4 053	4 268	4 396
90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	6 940 293	6 786 000	8 069 000
Sum kap. 2410		13 548 385	13 552 295	15 880 453

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endring:

– Post 01 er nedjustert med 1,9 mill. kroner i

samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

- Kapitlet omfattar midlar til:
- administrasjon av utdanningsstøtteordninga m.m.
 - utdanningsstipend og andre stipend til elevar og studentar
 - rentestøtte for å dekkje forskjellen mellom faktiske renteutgifter og renteinntekter for Lånekassen
- avskrivning av utdanningslån
 - tap på utlån
 - tiltak for å leggje til rette for utdanning i utlandet
 - lån til Lånekassen

*Resultatrapport for 1999-2000**Hovudtal for støttetildelinga dei fire siste åra*

Frå støttetildelinga	1996-97	1997-98	1998-99	1999-2000
Tal på elevar/studentar i utdanning med høve til å søkje støtte	389 400	387 100	385 900	389 200
Tal på stipendmottakarar	207 145	209 585	208 448	208 853
Tal på støttemottakarar	228 384	230 278	228 562	228 065
Tal på stipendsøkjarar	260 059	259 287	255 831	253 639
Tal på lånesøkjarar	165 289	166 981	168 171	168 834
Gjennomsnittsstipend (kroner)	18 615	20 313	21 657	22 942
Totalt utbetalt stipend og lån (mill. kroner)	10 039	10 579	10 932	11 460
Tal på låntakarar	158 619	160 717	161 592	162 011
Sum stipend (mill. kroner)	3 856	4 257	4 514	4 780
Sum lån (mill. kroner)	6 183	6 322	6 418	6 667
Gjennomsnittslån (kroner)	38 978	39 337	39 715	41 160

Fordeling av ulike stipendformer i 1999-2000 samanlikna med 1998-99

Stipendform	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	1999-99	1999-2000	1998-99	1999-2000
Utdanningsstipend	202 250	202 783	3 685	3 836
Reisestipend, innland og Norden	70 083	69 995	163	169
Gebyrstipend	9 113	10 527	367	434
Tilleggsstipend	598	655	25	25
Reisestipend utanfor Norden	13 693	15786	51	89
Flyktningsstipend	198	219	10	11
Kunstfagsstipend	1 654	1 474	45	40
Fødselsstipend	3 086	3 044	124	135
Tiltaksstipend	2 647	2 689	15	15
Reisestipend, kvoteprogram	763	791	3	3
Reisestipend i Noreg	5 874	10 217	10	10
Omgjering av lån til stipend ved sjukdom	757	773	7	8

Stipendform	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	1999-99	1999-2000	1998-99	1999-2000
Andre stipend	75	16	2	0,5
Språkstipend	83	273	1	4
Totalt	310 874	319 242	4 508	4 780

Hovudtal for tilbakebetaling av lån

Frå tilbakebetalinga	1995	1996 ¹	1997 ²	1998 ³	1999 ⁴
Tal på tilbakebetalande låntakarar	435 000	427 000	427 000	439 000	443 500
Rentebærande lån (i mill. kroner)	34 614	37 191	39 500	42 365	44 460
Renter (i mill. kroner)	2 402	2 625	2 499	2 300	2 765
Avdrag (i mill. kroner)	3 119	3 332	3 546	3 096	3 666
Ettergitt/avskriven (i mill. kroner)	334	371	365	377	402
Frå driftsrekneskapen (i mill. kroner)					
Administrasjonsutgifter	145	160	180	183	216
Rentestønad	2 475	2 522	2 280	1 999	1331
Uteståande lån	50 054	52 602	55 003	57 957	60 462
Uteståande renter	3 724	3 303	2 954	2 585	3 028

¹Talet på tilbakebetalarar har gått ned fordi 15 000 kundar er overførte til Statens innkrevjingssentral for permanent innkrevjing.

²2 058 kundar blei overførte til Statens innkrevjingssentral for permanent innkrevjing.

³1 436 kundar blei overførte til Statens innkrevjingssentral for permanent innkrevjing.

⁴2 949 kundar blei overførte til Statens innkrevjingssentral for permanent innkrevjing.

I 1999 blei det ettergitt 123,7 mill. kroner i samband med uførleik, langvarig sjukdom og død. 5 381 låntakarar fekk ettergitt lån etter fullførte langvarige studiar. I alt blei det ettergitt 193,7 mill. kroner. Samanlikna med 1998 er dette ein auke i både talet på låntakarar og ettergitt beløp, då 4 913 fekk ettergitt rundt 170,1 mill. kroner. I tillegg blei det i 1999 ettergitt 73,8 mill. kroner til 7 257 kundar under Finnmarksordninga.

I 1999 fekk om lag 2 800 kundar innvilga søknad om tilbakebetaling avhengig av inntekta, og totalt nedsett beløp var på om lag 25 mill. kroner. Dette var ein auke i høve til året før, då 2 460 kundar fekk innvilga søknad på utsetjing av om lag 18 mill. kroner.

Ved slutten av 1999 var det 43 100 kundar under inkassohandsaming mot 38 300 ved utgangen av 1998, jf. omtale under post 74.

I samsvar med vedtak ved handsaminga av Innst. S. nr. 173 (1996-97), jf. St.meld. nr. 19 (1996-97) Om studier i utlandet, blei det opna for at elevar som er i vidaregåande opplæring frå studieåret 1999-2000, kan få støtte frå Lånekassen når dei tek eitt av åra i det treårige løpet som utveks-

lingsselev i utlandet. Ordninga er ei forsøksordning som skal gå over tre år. I 1999-2000 omfatta ordninga berre elevar som blei utveksla gjennom American Field Service (AFS) og Youth for understanding (YFU). For 2000-01 er ordninga utvida slik at ho gjeld elevar som blir utveksla også gjennom andre organisasjonar, jf. omtale i St.prp. nr. 61 (1999-2000). Ordninga blir evaluert undervegs og etter at dei tre åra er omme våren 2002.

Prøveordninga med støtte frå Lånekassen til elevar i vidaregåande opplæring som tek eitt år i utlandet saman med ein heil klasse, som ein del av det treårige løpet, blei evaluert hausten 1999, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Evalueringa var positiv, og då to nye skolar søkte om å få vere med i denne ordninga, blei dei innlemma frå studieåret 2000-01. Departementet vil vurdere ordninga i samband med oppfølginga av Aamodt-utvalet, jf. NOU 1999: 33.

Budsjettforslag for 2001

Budsjettforslaget gjeld for budsjettåret 2001, men Lånekassen må gi tilsegn om støtte for undervis-

ningsåret 2001-02. Det er såleis ein føresetnad at Stortinget ved handsaminga av budsjettet for 2001 tek stilling til heile undervisningsåret 2001-02, og at Lånekassen kan gi tilsegn om slik støtte, jf. forslag til vedtak III nr. 9.

Ungdom som får sitt livsopphald finansiert av barnevernet, kan søkje om stipend i Statens lånekasse for utdanning. Dette er ei dobbeltfinansiering frå staten si side, og regjeringa foreslår derfor å fjerne denne ordninga.

19-åringar som tek folkehøgskole som siste år i eit fireårig løp, får i dag stipend som om dei var under aldersgrensa på 19 år. Regjeringa foreslår å fjerne denne særordninga.

I dei seinare åra har talet på norske studentar som tek utdanning i utlandet, gått opp. Tala for studieåret 1999-2000 viser at om lag 14 900 fekk støtte frå Lånekassen. Dette er ein auke på ca. 1 700 frå året før. Då mesteparten av auken har

komme i land der studentane må betale skolepengar, og innanfor fag som gir rett til å søkje på gebyrstipend, har kostnadene ved gebyrstipend auka frå 154 mill. kroner i 1993-94 til 434 mill. kroner i 1999-2000. Frå 1998-99 til 1999-2000 har utbetalinga av gebyrstipend auka med heile 70 mill. kroner. Gebyrstipendet skal komme i tillegg til utdanningsstipendet for å dekkje skolepengar. På oppdrag frå departementet kom Lykke-utvalet med rapport om moglege reduksjonar i gebyrstipendlista i juli 2000. Regjeringa foreslår å fjerne nokre fag frå gebyrstipendlista for å dempe veksten i desse utgiftene, jf. omtale under post 71.

Kostnadsnormen skal i utgangspunktet følgje den reelle utviklinga i kostnadene, jf. St.meld. nr. 14 (1993-94) Studiefinansiering og studentvelferd. Regjeringa legg i undervisningsåret 2001-02 til grunn ein auke i kostnadsnormen på 2,8 pst.

Dei maksimale satsane per månad for støtte til livsopphald

	Støtte til livsopphald (i kr)	Auke frå 2000-01 (i kr)
Grunnbeløp for søkjarar over aldersgrensa	4 210	115
Grunnbeløp for søkjarar under aldersgrensa	3 480	95
Butillegg	2 190	60

Departementet legg til grunn at det i undervisningsåret 2001-02 er om lag 395 000 studentar og elevar i dei skoleslaga som blir omfatta av stipend- og låneordninga. Det er såleis rekna med at det vil bli innvilga nye lån frå Lånekassen i 2001 på om lag 7 151 mill. kroner.

Departementet foreslår å halde fram ordninga med ettergiving av lån ved lange utdanningar på same nivå som i 2000-01. Ordninga med ekstra lån til studentar som tek eit sommarsemester, blir ført vidare i 2001, jf. forslag til vedtak III nr. 10.

Ein låntakar kan på visse vilkår søkje om å få sett ned terminbeløpa dersom terminbeløpa samla sett er høgre enn 6 pst. av bruttoinntekta. Departementet foreslår å føre vidare ordninga i 2001.

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår at midlar som var knytte til innføringa av fastrenta, blir førde vidare i undervisningsåret 2001-02.

Lånekassen arbeider med eit prosjekt som tek sikte på å modernisere dei teknologiske løysin-

gane. Lånekassen arbeider også med organisasjonsgjennomgang, jf. kategori-omtalen.

Innsatsen i samband med innkrevjing av misleghaldne lån blir foreslått ført vidare, jf. omtale på post 74 og i kategoriomtalen.

Departementet foreslår ei vidareføring av styrkinga av administrasjonen i Lånekassen, jf. omtalen i kategori i 07.80.

Ein legg opp til at nokre av midlane på posten skal disponerast av departementet og nyttast til arbeid i samband med oppfølging av ulike utgreiingar om utdanningsfinansiering. Posten finansierer også lønsutgifter i departementet til medarbeidarar på avgrensa utviklingsprosjekt knytt til budsjettkapitlet.

Post 70 Utdanningsstipend, *overslagsløyving*

Løyvinga på post 70 skal dekkje utgifter til utdanningsstipend til elevar og studentar.

Utrekning av utdanningsstipendet

Stipenda blir rekna ut som ein nærare fastsett prosent (stipendprosent) av den delen av grunnlaget

som overstig ei nedre og opp til ei øvre grense. Departementet foreslår at denne nedre og øvre grensa skal justerast i takt med kostnadsnormen.

Stipendprosent og grenser for beløp

Utdanningsstipend	Fastsett per måned 2000-01 (i kr)	Forslag per måned 2001-02 (i kr)
<i>Under aldersgrensa for behovsprøving</i>		
Nedre grense (kr)	2 385	2 455
Øvre grense (kr)	6 325	6 505
Stipendprosent	93	93
Minstestipend for bortebruarar	3 290	3 385
<i>Over aldersgrensa for behovsprøving</i>		
Nedre grense (kr)	4 675	4 810
Øvre grense (kr)	10 265	10 555
Stipendprosent	97,2	97,2

Andre utdanningsstipend

Utdanningsstipend til særlege grupper	Fastsett per måned 2000-01 (i kr)	Forslag per måned 2001-02 (i kr)
Tiltaksstipend (kr) ¹	640	660
<i>Flyktningstipend:</i>		
Nedre grense (kr)	0	0
Øvre grense (kr)	8060	8 285
Stipendprosent	100	100

¹Tillegg i utdanningsstipendet for bortebruarande elevar frå Finnmark og Nord-Troms i vidaregåande opplæring.

Til flyktningar som tek vidaregåande opplæring, blir det gitt flyktningstipend for inntil tre år.

Løyvinga skal også dekkje utgifter til stipend for kvinnelege elevar og studentar som får barn, eller som adopterer barn under 15 år i løpet av utdanninga.

Post 71 Andre stipend, *overslagsløyving*

Reisestipend

Løyvinga under posten skal mellom anna dekkje utgifter til reisestipend til og frå heimstad og for elevar og studentar som tek utdanning i eit anna nordisk land. For undervisningsåret 2001-02 foreslår Regjeringa at det blir gitt stipend til tre tur-retur-reiser mellom lærestad og heim i eit undervisningsår, utover ein eigendel på kr 945.

Løyvinga dekkjer også stipenddelen av utgiftene til ei årleg heimreise, samt til reise ved star-

ten og slutten av studiet for studentar som kjem inn under kvoteordninga for utdanningsstøtte til studentar frå Sentral- og Aust-Europa og utviklingsland. Heimreise blir dekt med 70 pst. i stipend og 30 pst. i lån.

For undervisningsåret 1999-2000 blei støtta til norske studentar som studerer i utlandet gitt som 30 pst. lån og 70 pst. stipend for to tur-retur-reiser frå registrert bustad i Noreg til studiestad i utlandet. For undervisningsåret 2001-02 er stipenddelen for reiser innanlands 100 pst., jf. Innst. S. nr. 220 (1999-2000).

Gebyrstipend og tilleggsstipend

Løyvinga på posten dekkjer gebyrstipend og tilleggsstipend til norske studentar i land utanfor Norden.

Regjeringa foreslår å ta ut følgjande fag frå gebyrstipendlista: mediefag med unntak for journalistikk, hotellfag og reiselivfag, teknologiske fag på lågare grad med unntak av IKT-fag og nokre mindre fagområde, fysioterapi, samfunnsøkonomi og scenefaga opera og dans. Som grunnlag for å velje ut dei faga som er foreslått fjerna, ligg vurderingar av talet på studenter som tek utdanninga i utlandet, behov i arbeidsmarknaden og kapasitet i

det norske utdanningssystemet. For hotellfag og reiselivsfag og teknologiske utdanningar på lågare grad blir det foreslått at ordninga med gebyrstipend blir halden oppe for land som kvalifiserer for språkstipend. For mediefag, samfunnsøkonomi og scenefaga opera og dans vil gebyrstipendordninga bli oppretthalden på utvalde lærestader. Desse endringane vil ikkje gjelde for studenter som er i gang med eit studium.

Gebyrstipend (i kr)

	Fastsatt 2000-01	Forslag 2001-02
Gebyrstipend til studenter som studerer i land utanfor Norden	49 940	51 340

Gebyrstipend kan òg bli gitt til høgre utdanning i land utanfor Norden der tilhøva er særleg godt tilrettelagde for studenter med funksjonshemming, og når slike tilbod på tilsvarende fagområde ikkje finst på norske lærestader.

Departementet foreslår at ein held fram med ordninga med eingongsstipend til førebunde språkkurs til studenter som vel ei fagutdanning der det ikkje blir undervist på engelsk.

Post 72 Rentestønad, *overslagsløyving*

I motsetning til i dei fleste andre europeiske land er studielån i Lånekassen rentefrie i utdanningstida. Dette rentefritaket inneber ei subsidiering av låneopptak til elevar og studenter.

Løyvinga på posten blir justert i samband med endringar i rentesatsar.

Regjeringa foreslår å føre vidare ein rentemargin på eitt prosentpoeng.

Post 73 Avskrivningar, *overslagsløyving*

Etter lov om utdanningsstøtte blir gjelda ettergitt når låntakaren døyr. Lånet kan også bli ettergitt heilt eller delvis når låntakar er blitt ufør med uføregrad på minst 50 pst., eller langvarig sjuk.

Vidare kan heile gjelda bli ettergitt på visse vilkår for låntakarar frå utviklingsland og Sentral- og Aust-Europa som har hatt støtte frå Lånekassen som deltakar i kvoteordninga, og som seinare buset seg i heimlanda sine.

Løyvinga skal også dekkje utgifter i samband med ordninga med ettergjeving av utdanningslån for låntakarar som er busette i og som utøver eit yrke i Finnmark eller i ein av dei sju virkemiddelkommunane i Nord-Troms. Låntakarar som er yrkesaktive legar i utvalde kommunar utanfor Finnmark og Nord-Troms, blir også omfatta av ordninga med ettergiving av utdanningslån. Det er for desse ikkje eit vilkår at dei er busette i kommunen. I tillegg kjem frå 2000-01 ordninga med delvis ettergiving av utdanningslån i seks kommunar i Indre Namdal. Denne ordninga gjeld for tre år.

Løyvinga skal også dekkje utgiftene til ettergiving av lån for kandidatar som har avslutta utdanninga og avlagt eksamen i enkelte lange studium. Ordninga vil i 2001 gjelde kandidatar som har avslutta utdanninga og avlagt eksamen i haustsemesteret 2000 eller vårsemesteret 2001.

Regjeringa foreslår at det beløpet som kan bli ettergitt per kandidat i 2001, skal vere:

Beløp som kan ettergivast per kandidat

Normert tid	Fastsett 2000 (i kr)	Forslag 2001 (i kr)
10 semester	21 920	22 535
11 semester	33 940	34 890
12 semester	45 730	47 010
13 semester eller meir	51 715	53 165

Post 74 Tap på utlån

Stortinget vedtok ved handsaming av Ot.prp. nr. 31 (1994-95) at lån som er grovt og vedvarande misleghaldne, kan overførast til Statens Innkrevjingsssentral (SI) for innkrevjing etter tvangsfullbyrdelseslova. I 2000 blei det løyvd 155 mill. kroner på denne posten. I 2001 blir det foreslått løyvd 452 mill. kroner på posten.

Ved utgangen av 1999 var det 43 100 kundar under inkassohandsaming mot 38 300 ved utgangen av 1998. Uteståande inkassogjeld var 4,2 mrd. kroner mot 3,8 mrd. ved utgangen av 1998. Dette er ein auke på om lag 11 pst. Innkrevjingsresultatet blei betra frå 296 mill. kroner til 349 mill. kroner, som er ein auke på om lag 18 pst. Regjeringa vil hausten 2000 fremme ei sak om lovending i høve til inkassostrategien i Lånekassen.

Ekstraordinære innbetalingar til Lånekassen auka frå om lag 1 210 mill. kroner i 1998 til om lag 1 570 mill. kroner i 1999.

Post 75 Særskilde tiltak for tilrettelegging for utdanning i utlandet

Løyvinga blir nytta til informasjonsarbeid retta mot nye studentar. Dette omhandlar informasjon om norsk utdanning som grunnlag for opptak og særskilde ordningar ved utanlandske lærestader der det er norske studentar. Løyvinga skal også dekkje diverse utgifter knytte til tilrettelegging for studium i utlandet.

Post 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer behovet som Lånekassen har for innlån frå staten.

Lånekassen har frå 1. januar 2000 gått over til bruttoføring av rentegjelda til kundane i Lånekassen. Dette er ei teknisk endring. Endringa inneber at i månader med auke i rentegjelda til kundane vil denne bli akkumulert på kap. 2410 post 90, medan ein nedgang i rentegjelda vil bli akkumulert på kap. 5310 post 90.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
03	Diverse inntekter	38	50	52
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	5 000	6 876	7 014
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	99		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 689		
17	Refusjon for lærlingar	37		
72	Gebyr	106 169	115 500	128 000
90	Avdrag	3 668 535	3 715 000	4 768 000
91	Tap og avskrivningar	374 365	465 000	663 000
	Sum kap 5310	4 155 932	4 302 426	5 566 066

Post 03 gjeld refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder. Oppdrag gjeld m.a. utsending av materiell til kundegrupper i Lånekassen på vegner av desse verksemdene.

Visse innanlandske kostnader til flyktningar kan etter OECD sine statistikkdirektiv definerast som offentleg utviklingshjelp. Post 04 er knytt til

ettergiving av studielån for kvotestudentar frå utviklingsland i samband med tilbakevending til heimlandet.

Post 72 gjeld gebyr i Lånekassen, m.a. gebyr per førstegongsvarsel for terminbeløp med forfall per 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
80	Renter	4 519 120	3 583 000	4 941 000
	Sum kap. 5617	4 519 120	3 583 000	4 941 000

Budsjettframlegget gjeld renter frå Lånekassen.

Programkategori 07.90 Den norske kyrkja

Kategori 07.90 omfattar:

- dei regionale og sentralkyrkjelege møte og råd
- preste- og katekettenesta og Det praktisk-teologiske seminar
- tilskott til kyrkjelege formål
- antikvarisk vedlikehald av Nidaros domkyrkje og forvaltning av Erkebispergarden
- overføringer frå Opplysningsvesenets fond

Utgifter under programkategori 07.90 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
0294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)	281 007	269 105	255 249	-5,1
0295	Presteskapet (jf. kap. 3295)	542 966	564 161	557 462	-1,2
0297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)	27 908	23 136	26 988	16,6
0299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 3299)	28 657	37 445	41 500	10,8
Sum kategori 07.90		880 538	893 847	881 199	-1,4

Det er ikkje gjort endringar i kapittel- eller poststrukturen i høve til 2000. Den prosentvise nedgangen har mellom anna samanheng med inn-

føring av direkte refusjon av sjukepengar til statlege verksemder frå 2000, sjå under dei einskilde kapitla.

Inntekter under programkategori 07.90 fordelte på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
3294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)	22 785	5 836	9 835	68,5
3295	Presteskapet (jf. kap. 295)	24 758	17 531	2 057	-88,3
3297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)	10 941	7 389	10 713	45,0
3299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)	28 657	37 445	41 500	10,8
Sum kategori 07.90		87 141	68 201	64 105	-6,0

Budsjettforslag for 2001 – prioriteringar

Satsinga i kyrkjebudsjettet for 2001 er retta mot prestetenesta og nye prestestillingar. Budsjettforslaget for neste år gir rom for 35 nye prestestillingar. Område som er prioriterte for auka bemanning, vil danne grunnlaget for plasseringa av stillingane, som elles vil bli nytta for å styrkje arbeidet med ei nyorganisering av prestetenesta

og for å halde oppe betjeninga under avtalefesta fritid for prestane.

Deltakinga under valet til nye sokneråd har tradisjonelt vore låg. Det skal vere val i 2001. Departementet meiner det bør gjennomførast tiltak som kan stimulere valdeltakinga, og vil frå Opplysningsvesenets fond finansiere forsøk med å leggje soknerådvalet til same tid og stad som stortingsvalet for dei sokneråda som ønskjer det. Spørsmålet vil bli drøfta med organa i kyrkja, da

det er Kyrkjemøtet som fastset reglar for sokne-rådsvalet.

Staten har i dag det finansielle ansvaret for dei kommunale prestebustadene. Det er kommunane som eig eller stiller prestebustad til rådvelde for presten, mot at kommunen får utgiftsrefusjon frå staten. Andre prestebustader hører til Opplysningsvesenets fond. Departementet meiner det bør skje ei samordning av finansieringa og forvaltningsordningane på dette feltet, og legg til grunn at Opplysningsvesenets fond skal ha det finansielle ansvaret for dei kommunale prestebustadene frå 2001.

Det er budsjettert med 3 mill. kroner til drifta av det kyrkjelege medlemsregisteret, sjå kap. 294, og 3 mill. kroner til forprosjektet som er knytt til den langsiktige restaureringsplanen for Nidaros domkyrkje, sjå kap. 297. Desse utgiftene vil bli finansierte av Opplysningsvesenets fond.

Det generelle tilskottet til dei kyrkjelege fellesråda er ført opp med 85 mill. kroner, sjå kap. 294 post 72. Løyvinga her var 110 mill. kroner i 2000. Reduksjonen har samanheng med at overgangsperioden med nytt kyrkjeleg lovverk no må reknast som ferdig. Tilskottet til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk er budsjettert med 29,3 mill. kroner. Dette er ei vidareføring av løyvinga i 2000. Statstilskottet til Den norske Sjømannsmisjon er for 2001 ført opp med 38,6 mill. kroner, mot 37,5 mill. kroner i 2000.

Departementet legg til grunn at tilskottet frå Opplysningsvesenets fond til felleskyrkjelege tiltak for 2001 skal vere 25 mill. kroner, dvs. same summen som i 2000. Departementet føreset at bidraget til økumeniske organisasjonar, som tidlegare har vore løyvt over statsbudsjettet, for framtida går av dette tilskottet.

For kategorien samla er det budsjettert med 64 mill. kroner som inntekt. Det meste av inntektene gjeld overføringar frå Opplysningsvesenets fond.

Med verknad frå 1. januar 2001 vil det bli oppretta eit forvaltningsorgan for Opplysningsvesenets fond med eit eige styre. Departementet viser til omtalen av denne saka i St.prp. nr. 61 (1999-2000), sjå Innst. S. nr. 220 (1999-2000), og til omtalen under kap. 299.

Mål for Den norske kyrkja

- Den norske kyrkja skal vere ei open, tolerant folkekyrkje, og ho skal – som kyrkje – vere vedkjennande, tenande og misjonierende.

Delmål

- Menneske i alle aldrar og livssituasjonar, kvinner og menn, barn og unge, skal kunne oppleve at dei hører til i kyrkja og blir respekterte der, slik at alle kan ta del i det lokale kyrkjelivet og i dei kyrkjelege vala.
- Som del av den kulturarven vi har, skal det kristne verdigrunnlaget haldast levande i lokalsamfunnet og i samfunnet elles.
- Dei tilsette i kyrkja skal ha gode arbeidsvilkår, og det skal vere eit godt samvirke mellom dei tilsette, dei kyrkjelege rådsorgana, frivillige medarbeidarar og kristelege organisasjonar.

Menneske i alle aldrar og livssituasjonar, kvinner og menn, barn og unge, skal kunne oppleve at dei hører til i kyrkja og blir respekterte der, slik at alle kan ta del i det lokale kyrkjelivet og i dei kyrkjelege vala

Tilstandsvurdering

Den folkekyrkjelege situasjonen kan karakteriserast som stabil. Såleis viser ikkje kyrkjestatistikken store svingingar frå det eine året til det neste. Eit medlemstal på over 85 pst. av folket er uttrykk for at det framleis er nære relasjonar mellom kyrkje og folk i landet vårt. Det var fleire som melde seg inn og færre som melde seg ut av Den norske kyrkja i 1999 enn i 1998. Mens talet på innmelde i 1999 var 943, mot 871 i 1998, var det 4 416 som melde seg ut i 1999 og 4 830 i 1998. Til samanlikning var det 517 som melde seg inn og 9 793 som melde seg ut i 1980. Om lag 25 pst. av dei som melder seg ut av Den norske kyrkja, sluttar seg til eit anna kristent trudomssamfunn.

Møtet mellom folk og kyrkje gjennom deltaking ved dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd konstituerer og stadfester relasjonane mellom kyrkje og folk. Av dei som døydde, blei 95 pst. gravlagde ved kyrkjeleg gravferd i 1999. Vigslene i Den norske kyrkje var på om lag 60 pst. av dei som vart vigde. Det har ikkje vore endringar i desse tala i det siste tiåret.

Talet på barn som blir døypte i Den norske kyrkja, ligg stabilt på vel 80 pst. Talet på døypte som let seg konfirmere, held seg òg relativt stabilt på om lag 90 pst. Ei samanlikning mellom Noreg, Danmark og Sverige viser at oppslutninga blant kyrkjemedlemmene om kyrkjeleg konfirmasjon er lågare i Sverige enn i Danmark og Noreg. Av dei som var 15 år og medlem av Svenska Kyrkan i 1999, var det vel 50 pst. som lot seg konfirmere, medan prosenten i Danmark var om lag 95 og i Noreg om lag 90. I tabellen nedanfor er vist end-

ringar og variasjonar dei tre landa imellom med omsyn til medlemstal og oppslutninga om kyrkjelege handlingar.

Medlemskap i pst. av innbyggjartalet og oppslutning om kyrkjelege handlingar (dåp i pst. av fødde, kyrkjeleg vigsel i pst. av dei som blir vigde, kyrkjeleg gravferd i pst. av dei som døydde) i Noreg, Sverige og Danmark, 1990-99:

	Noreg		Sverige		Danmark	
	1990	1999	1990	1999	1990	1999
Kyrkjemedlemskap	88	86	89	83	89	85
Dåp	82	83	71	75	84	84
Vigsel	59	59	64	62	55	48
Gravferd	95	95	93	89	93	92

Kjelde: Årbok for Den norske kyrkja, Danmarks Statistik, Svenska Kyrkan.

Deltakinga ved gudstenestene i kyrkjene våre er generelt sett låg når deltakinga blir sett i høve til medlemstalet. I 1999 var det gjennomsnittleg 98 deltakarar ved kvar gudsteneste. Talet på gudstenester i 1999 var 71 175. Dette er om lag 1 000 færre enn året før. Det er elles variasjon i gudstenedeltakinga både bispedømma imellom og mellom kyrkjelydane. Regionale og lokale skilnader er eit typisk trekk ved situasjonen i kyrkja og den kyrkjelege verksemda i det heile.

Bispedømmeråda melder gjennomgåande om engasjement og aktivitet i kyrkjelydane, men det er variasjon i aktivitetsnivået mellom kyrkjelydane. Dette heng saman med fleire faktorar. Vanskar med å rekruttere til råd og utval og å halde oppe ei jamn gruppe frivillige medarbeidarar er ei årsak. Generelle samfunnstrekk og lokale skilnader i dei kulturelle og sosiale mønster spelar òg inn. Deltakinga ved soknerådsvala er låg. Ved dei siste vala har deltakinga ikkje vore høgare enn om lag tre pst. Det skal vere val til nye sokneråd i 2001. Departementet meiner det er grunn til å gjennomføre tiltak som kan stimulere valdeltakinga, sjå omtalen under kap. 294.

Det arbeidet kyrkja driv blant barn og unge, er mange stader prega av stagnasjon eller nedgang. Mange kyrkjelydar strevar med å få dei unge med i arbeidet. Den same tendensen pregar òg ungdomsarbeidet i dei frivillige kristelege organisasjonane, som er ein viktig del av barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja. Organisasjonane melder om økonomiske vanskar, og om vanskar med å få med frivillige medarbeidarar. Det er i denne samanhengen eit positivt teikn at oppslutninga om kyrkjeleg konfirmasjon framleis er relativt høg og stabil.

«Kirkens møte med den åndelige lengsel i vår tid» var eit hovudtema på Kyrkjemøtet 1999. Med dette temaet reiste Kyrkjemøtet spørsmål om kyrkja på ein betre måte kan spegle og komme i møte dei religiøse erfaringane og lengslene som finst blant folk. At dette temaet blei sett på dagsordenen, må tolkast som eit signal frå kyrkja si side om at det i vår tid er viktig å finne nye vegar for korleis kyrkja kan møte det einskilde mennesket.

Det økumeniske tiåret «Kirker i solidaritet med kvinner» blei avslutta i 1999. Kyrkjemøtet 1999 hadde til handsaming ein samla rapport for det arbeidet som har gått føre seg i dette tiåret. Rapporten konkluderer med at Den norske kyrkja i løpet av 1990-talet har endra seg i retning av å vere meir open for kvinner og deira situasjon, men at det enno er eit stykke fram før ein kan tale om full likestilling mellom menn og kvinner i kyrkja.

Det er ei viktig sak å leggje til rette for at alle menneske kan bli integrerte på ein god måte i kyrkjelivet, ikkje minst fordi menneske med ulike eigenskapar og evner gir ulike impulsar og dimensjonar kring trua og det kristne livet.

Det diakonale arbeidet har ein relativt sterk posisjon i kyrkja, sjølv om aktiviteten på området varierer mellom kyrkjelydane. Forutan fast tilsette soknediakonar, er det innanfor diakonien relativt mange frivillige medarbeidarar. På bispedømmeplan er det i gang fleire diakonale tiltak, mellom anna dei kyrkjelege familievernkontora. Diakonale institusjonar som Kirkens SOS, Kirkens Bymisjon mfl. utgjer òg ein viktig del av den diakonale innsatsen.

Fordi kyrkja lever sitt liv i lokalmiljøet, vil situasjonen i kyrkja og måten ho evnar å nå måla sine

på, vere prega av dei lokale tilhøva. Sosiokulturelle og demografiske faktorar, bemanningssituasjonen og den lokale ressursituasjonen i kyrkja vil såleis virke inn og bidra til variasjonar. Utfordringane er mange, men i det store og heile ser det ut til at folkekyrkja framleis har ein sterk posisjon i folket vårt.

Strategiar og tiltak

Kyrkjelege strategiar må i dag særleg bli utforma i lys av utfordringane frå eit samfunn med aukande mangfald av livssyn, nye livsmønster og fellesskapsformer. Målet om at alle som er medlemmer i kyrkja skal kunne kjenne at dei blir respekterte og hører til i kyrkja, inneheld mange utfordringar. Ei side ved dette vart teken opp under Kyrkjemøtet 1999, der det kom fram at det må vere eit mål at tru og tvil, bønner og håp skal få komme til uttrykk og bli nytta som ein ressurs i gudstenesta og kyrkjelivet i det heile. Elles vil det vere viktig å vurdere å fornye dei tradisjonelle arbeidsformene, og fornye eller utvikle eit språk som kan kommunisere med folk i vår tid. I ein balanse mellom tradisjon og fornying vil det òg vere viktig å halde fram med å utvikle og vitalisere gudstenestelivet. Den strategiske satsinga på dette området føreset òg eit samvirke mellom presten, organisten og andre tilsette – og med frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden. Meir bruk av lekfolk i gudstenesta er òg eit viktig tiltak, noko fleire bispedømme satsar på. Det same gjeld ulike former for kursopplegg som er retta mot vaksne, og andre tiltak som kan bidra til at fleire frivillige tek på seg ansvar og oppgåver. Det er dei ulike organa i kyrkja, både sentralt, regionalt og lokalt, som her må utforme adekvate strategiar og tiltak.

Strategiar og tiltak som siktar mot å gi barn og unge ein meir sentral plass i kyrkjelydane og i gudstenestelivet, er høgt prioriterte av bispedømmma. Mange bispedømme melder om at dei prøver å leggje til rette for at barn og unge får ta meir aktiv del i å planleggje og gjennomføre gudstenester. Fleire stader gjer kyrkjelydane òg gode erfaringar med ungdomsgudstenester, der dei unge får setje sitt preg på form og innhald. Målmedviten prioritering av ressursane mot dette området, utvikling av tenlege kommunikasjons- og arbeidsformer, og integrering av unge som fullverdige medlemmer av kyrkja, er sentrale strategiar her.

Eit viktig strategisk område som departementet særskilt vil peike på, er utviklinga av prestetenesta. Departementet viser her til satsinga i 2001 med 35 nye prestestillingar. Dette er etter måten

ei stor satsing – til fordel ikkje berre for prestetenesta, men òg for betjeninga av kyrkjelydane. Ei godt organisert og vel fungerande presteteneste som syter for gudstenesteliv og kyrkjelege handlingar av høg kvalitet, og som gjer at dei kyrkjelege tenestene er nærverande og tilgjengelege i alle lokalsamfunn, er avgjerande for at menneske skal oppleve at dei hører til og har del i kyrkja. Ulike tiltak retta mot ei stadig kvalitetsutvikling av prestetenesta, slik som kompetanseutvikling, organisasjonsutvikling og utvikling av prosterolla og andre leiarroller innanfor prestetenesta, er òg viktige innanfor dette området, sjå nærare omtale under kap. 295.

I samsvar med den strategiplanen som Kyrkjemøtet har gjort vedtak om som oppfølging av det økumeniske tiåret «Kirker i solidaritet med kvinner», vil det vere ei sentral oppgåve i åra framover å styrkje deltakinga frå kvinner på alle plan i kyrkja. Planen peiker på at Den norske kyrkja skal gjere synleg og styrkje det arbeidet kvinner gjer med teologiske spørsmål, leggje vekt på den kompetansen kvinner har i internasjonalt arbeid, intensivere innsatsen i kyrkja mot vold og overgrep og integrere og spesialisere arbeidet med kvinnespørsmål og likestilling.

Arbeidet med å leggje til rette for at alle medlemmer med ulike utgangspunkt skal kunne ta aktiv del i gudstenester og i kyrkjelivet elles, vil halde fram. I nokre bispedømme er det tilsett prest eller diakon med særskilt ansvar for å gi kyrkjelydane bistand i høve til menneske med ekstra behov for støtte og hjelp. Kyrkjerådet har dessutan sett i gang eit sentralt og koordinerande arbeid som siktar mot å leggje tilhøva til rette for integrering og full deltaking frå alle grupper av medlemmer i kyrkja.

Kyrkjemøtet har i strategidokumentet sitt peikt på verdien av det diakonale engasjementet i kyrkja. Å ta vare på dette engasjementet er ei utfordring til samspel, mellom anna med den tradisjonelle institusjonsdiakonien, både for inspirasjon og samling av krefter.

Det er ei stor demokratisk utfordring for kyrkja å få fleire til å ta del under soknerådsvalla, sjå omtale om dette under kap. 294.

Som del av den kulturarven vi har, skal det kristne verdigrunnlaget haldast levande i lokalsamfunnet og i samfunnet elles

Tilstandsvurdering

Den norske kyrkja er den sentrale beraren av vår kristne kulturarv som eit fundament for felles identitet i samfunnet. Gjennom formidling av kris-

ten tru og kulturtradisjon har kyrkja sett sitt preg på livsnormer, førestellingar, språk og kunst. Det er i vår tid viktig å finne fram til korleis kristen tru og kristent verdigrunnlag kan haldast levande og bli formidla inn i ei tid med større mangfald når det gjeld livssyn.

Kristne verdier og tradisjonar som har vore og framleis er berande i samfunnet, har stått sentralt i den storstilte felleskyrkjelege markeringa 2000 år etter Kristi fødsel. Ønsket om å styrkje det kristne fellesskapet i kyrkjelydar og på tvers av grensene mellom ulike kristne trusretningar har stått i sentrum for gudstenester og andre arrangement gjennom jubileumsåret. Andre delar av norsk kultur- og samfunnsliv har òg retta søkjelyset mot den viktige rolla kristendommen har i historie og samtid. «Jesus – 2000 ansikter» var til dømes emnet for Humanioradagane ved Universitetet i Oslo våren 2000.

Dersom trudomsgrunnlaget i kyrkja og den kristne kulturarven skal først vidare, må barn og unge i kyrkja få kunnskap om kristendommen som tradisjon og som levande kjelde til tru. Den kateket- eller undervisningstenesta som kyrkja står for, er sentral i denne samanhengen. Konfirmasjonsopplæringa er ein del av dette.

På fleire område ser det ut til å vere ei aukande interesse for den kristne kulturarven. Eit uttrykk for dette finn ein i interessa for pilegrimstradisjonane våre, som er ein del av den kristne kulturhistoria vår. I dei siste åra er det mange som har gått delar av den nye pilegrimsleden frå Oslo til Trondheim.

Det er meir enn 1 600 kyrkjebygg i landet. Mange av desse har vore i kontinuerleg bruk gjennom fleire generasjonar. Bygningane har verdi som eit synleg uttrykk for den kristne kulturarven, og er samtidig i aktiv bruk som den sentrale samlingsstaden for det lokale kyrkjelivet. Kyrkjene og kyrkjegardane er viktige symbolberarar. Å halde kyrkjene og kyrkjegardane i god hevd er eit ansvar for lokalsamfunnet. Kommune har det økonomiske ansvaret, medan dei kyrkjelege fellestråda har forvaltningsansvaret, noko som inneber at kyrkja og kommunen har eit felles ansvar på desse områda. Her, men òg på andre område, er det ei tett tilknytning mellom kommune og kyrkje. Denne nærleiken har stor folkekyrkjeleg verdi. Eit samarbeid mellom kommune og kyrkje har vi lange tradisjonar for, og i det store og heile ser dette samarbeidet ut til å fungere bra. Mange stader går til dømes kyrkje og kommune saman om felles oppgåver innanfor diakonien, kulturlivet og barne- og ungdomsarbei-

det. Dei kristne organisasjonane har òg ei viktig rolle i dette samarbeidet.

Som offentleg forvaltningsorgan for kyrkjegardane i landet er dei kyrkjelege fellestråda i kontakt med heile folket, uavhengig av kyrkje-medlemskap eller ståstad i høve til livssyn. Generelt er inntrykket at fellestråda forvaltar denne oppgåva på ein god måte.

I Noreg er det gravlagt om lag 28 000 utanlandske statsborgarar som miste livet i Noreg i krigsåra 1940-45. Dei er gravlagde på eigne krigskyrkjegardar eller i eigne felt eller einskildgraver på dei regulære kyrkjegardane våre. Det er staten som har ansvaret for vedlikehaldet av krigsgravene i Noreg. Departementet legg stor vekt på at gravene blir tekne vare på i samsvar med dei internasjonale konvensjonane som gjeld.

På same måten som dei eldre kyrkjene er òg dei gamle prestegardane, som Opplysningsvesenets fond er eigar av, med på å føre ein viktig kyrkje- og kulturhistorisk arv vidare. Omsynet til den arven som prestegardane representerer, pregar forvaltninga av eigeidommane.

I ei tid der dei nye media utviklar seg som ein stadig viktigare kommunikasjonsform, står kyrkja overfor store utfordringar. Mykje skjer på dette området òg i kyrkja, og det vil vere viktig å setje kyrkjelege medarbeidarar i stadig betre stand til – gjennom ulike medium og i det offentlege rom – å formidle kva kyrkja står for.

Strategiar og tiltak

Ein av berebjelkane i folkekyrkja er formidling av kunnskap om kristendommen, kristen tru og tradisjon til slekta som veks opp. Utvikling av dåpsopplæringa og tiltak som kan styrkje arbeidet i kyrkja blant barn og unge, er ei av utfordringane folkekyrkja står overfor i vår tid. Eit offentleg utval fekk i 1999 i oppgåve å vurdere spørsmålet om lovfesting av dåpsopplæringa i kyrkja. Utgreininga frå utvalet skal vere ferdig hausten 2000.

Arbeidet med fornying og variasjon av gudstesteformene vil òg vere viktige tiltak for å formidle og ta vare på den kristne kultur- og trusarven for nye generasjonar. Satsing på kyrkjemusikalsk verksemd er ein del av dette.

Forvaltninga av dei eldre kyrkjene skal mellom anna skje på ein måte som tek vare på dei verdiane som ligg i byggverka som kulturminne. I samarbeid med Riksantikvaren har departementet nyleg utarbeidd eit rundskriv med retningslinjer for forvaltninga av kyrkjene og kyrkjegardane. Det er her streka under at vern om kyrkjebygg og kyrkjegardar skal gå føre seg ut frå fleire omsyn,

mellom anna at kyrkjebygget i seg sjølv er ei kjelde til tru for stadig nye generasjonar, at bygget har mykje å seie for det kristne truslivet som ramme for gudstenestene og dei kyrkjelege handlingane, og at det er ei kjelde til oppleving. Eit anna omsyn er at kyrkjene med inventaret og omgivnadene viser viktige sider ved norsk historie gjennom fleire hundre år. Mange kyrkjer som er bygde i dei seinare åra, har rom og lokale som kan nyttast til andre formål enn gudstener, til dømes for ungdom. Variert bruk av kyrkjene til andre tidspunkt og til andre formål enn gudstestefeiring og kyrkjelege handlingar er ei viktig utfordring ved forvaltninga av kyrkjene.

Departementet legg vekt på at dei eldre prestegardane blir forvalta med det målet for auge at dei skal representere ein kyrkje- og kulturhistorisk arv for nye generasjonar. Vedlikehald og restaurering av desse prestegardane har høg prioritet i disponeringa av vedlikehaldsmidlar.

I fleire kyrkjelege samanhengar blir det arbeidd med utfordringane frå dei nye elektroniske media, og særleg Kyrkjerådet arbeider med å utvikle strategiar for betre handtering og bruk av ulike medium i ein kyrkjeleg samanheng. Slike informasjonsstrategiar femner mellom anna om

ein målmedviten bruk av Internett. Kyrkjerådet er i gang med konkrete tiltak som kan styrkje det kyrkjelege informasjonsarbeidet gjennom bruk av dei nye media.

Dei tilsette i kyrkja skal ha gode arbeidsvilkår, og det skal vere eit godt samvirke mellom dei tilsette, dei kyrkjelege rådsorgana, frivillige medarbeidarar og kristelege organisasjonar

Tilstandsvurdering

Korleis dei økonomiske, rettslege og organisatoriske rammene er for kyrkja lokalt, har konsekvensar for arbeidssituasjonen til dei tilsette, for arbeidet i kyrkjelege råd og utval og for situasjonen til dei frivillige medarbeidarane. Det nye kyrkjelege lovverket, som no har vore gjeldande i vel tre år, har virka fornyande, og røynslene er gode på mange område. Særleg gjeld dette fornyinga av det rettslege og organisatoriske rammeverket for kyrkja lokalt. Den lokale kyrkjeforvaltninga har såleis i løpet av dei siste åra blitt styrkt med omsyn til både kompetanse og kapasitet. Tabellen nedanfor viser utviklinga i inntektene og utgiftene til dei kyrkjelege fellestråda i 1997 og 1998.

Inntektene og utgiftene til dei kyrkjelege fellestråda i 1997 og 1998, inklusive kommunal tenesteyting, eksklusive investeringar i bygg og anlegg (i 1000 kroner).

Inntekter 1997	Utgifter 1997	Inntekter 1998	Utgifter 1998
1 628 105	1 544 068	1 765 267	1 724 270

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå/KUF. I tala er rekna med netto utgifter til dei kyrkjegardana som er ført i kommunale rekneskap. Tala for fellestråda i 1999 ligg ikkje føre.

Det går fram av tabellen at inntektene til dei kyrkjelege fellestråda gjekk opp med 137 mill. kroner frå 1997 til 1998, medan utgiftene gjekk opp med 180 mill. kroner. Om lag 80 pst. av inntektene til fellestråda i 1997 og 1998 var bidrag frå kommunane. Overføringar frå staten, mellom anna stats-tilskott som er løyvd under kap. 294 postane 71 og 72, svarte til om lag 8 pst. av inntektene. Utgiftene til lønn representerer 60 pst. av driftsutgiftene. Departementet viser elles til St.prp. nr. 62 (1999-2000) Om kommuneøkonomien 2001 mv., der det er med ei breiare rapportering om utgiftene og inntektene til fellestråda i 1997 og 1998. Ein gjennomgang av den økonomiske situasjonen for dei kyrkjelege fellestråda vil vere med i stortingsmeldingane om økonomien i kyrkja, sjå nedanfor under «Strategiar og tiltak»

Nær 1 200 av dei om lag 5 000 årsverka i Den norske kyrkja er prestestillingar som staten har ansvaret for. Dei andre kyrkjelege årsverka femner om kateketar, diakonar, kyrkjetenarar, organistar, kyrkjevevjer og anna personale. Biskopane og bispedømmeråda melder at dei tilsette i kyrkja har ein sterk motivasjon for tenesta, men at arbeidspresset er stort. Rekrutteringa til fleire kyrkjelege stillingar er svak, og situasjonen varierer mellom ulike strok av landet. Innanfor kyrkja – som innanfor andre sektorar i samfunnet – er det behov for regelmessig og systematisk kompetanseoppygging. Dette gjeld dei fast tilsette, men opplæring er òg eit viktig felt for valde medlemmer av råd og utval.

Trass i ei positiv utvikling når det gjeld talet på kvinner som søker og blir tilsette i prestestillingar, er den samla mengda av kvinner i prestete-

nesta framleis låg, men tendensen over tid viser at talet er aukande. Kvinnerepresentasjonen i valde kyrkjelege organ er stort sett i samsvar med det målet Kyrkjemøtet har gjort vedtak om, dvs. at ikkje noko kjønn skal vere representert med mindre enn 40 pst. i alle kyrkjelege råd og utval.

Ansvarer i kyrkjelyden er fordelt mellom prestane, det kyrkjelege fellesrådet og soknerådet. Røynsleane med denne ansvarsdelinga er generelt sett gode, men stiller krav til samvirke mellom organa. I det store og heile er det eit godt samvirke mellom dei fast tilsette og dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelydane. Hovudutfordringa her er å rekruttere fleire til å ta frivillig del i arbeidet. Tenesta til prostane er under endring, særleg i samband med nyorganisering av prestenesta. Tilhøvet mellom biskopane og Kyrkjemøtet er under utgreiing av Kyrkjemøtet.

Strategiar og tiltak

Den økonomiske situasjonen for dei kyrkjelege fellesråda viser variasjon. Dette har bakgrunn i at

økonomien deira er sterkt knytt til den kommunale økonomien. Utviklinga av den lokale kyrkjeøkonomien heng derfor i stor grad saman med utviklinga av kommuneøkonomien. Ei stortingsmelding om økonomien i Den norske kyrkja, som departementet tek sikte på å leggje fram hausten 2000, vil ha med meir utfyllande opplysningar om utviklinga i den lokale kyrkjeøkonomien på 1990-talet, med særleg vekt på utviklinga i dei kommunale løyvingane til kyrkja og utgiftsutviklinga for dei kyrkjelege fellesråda. Dei statlege tilskottsordningane frå staten til dei kyrkjelege fellesråda vil òg bli drøfta i meldinga, forutan prinsipp og retningslinjer for forvaltninga av Opplysningsvesenets fond og bruken av avkastninga frå fondet.

Når det gjeld bemanningssituasjonen i kyrkja, arbeider Kyrkjerådet etter oppdrag frå departementet med å leggje fram eit materiale om dette, sjå Budsjett-innst. S. nr. 12 (1996-97), der komiteen bad om at det vart utarbeidd ein opptrappingsplan for den kyrkjelege bemanninga. Departementet viser i denne samanhengen til at det for 2001 er budsjettert med 35 nye prestestillingar.

Utgifter under programkategori 07.90 fordelte på postgrupper:

		(i 1 000 kr)			
Post-gruppe	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
01-29	Driftsutgifter	680 819	684 767	696 939	1,8
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	1 341			
70-89	Overføring til private	198 378	209 080	184 260	-11,9
	Sum kategori 07.90	880 538	893 847	881 199	-1,4

Kap. 0294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	89 269	81 972	92 844
21	Særskilde driftsutgifter	12 689	3 053	3 145
71	Tilskott til kyrkjelege formål	68 161	73 580	73 760
72	Tilskott til kyrkjeleg verksemd i kommunane	109 934	110 000	85 000
79	Til disposisjon for departementet, <i>kan overførast</i>	954	500	500
	Sum kap. 0294	281 007	269 105	255 249

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er oppjustert med 0,8 mill. kroner, sjå parallell oppjustering av inntektsløyvinga under kap. 3294 post 02.

- Post 01 er nedjustert med 1,1 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet omfattar:

- driftsutgifter til Kyrkjerådet, bispedømmeråda og biskopane
- tilskott til ulike kyrkjelege formål, mellom anna til Den norske Sjømannsmisjon, til undervisning og diakoni i kyrkja og til døvekyrkjelydane
- tilskott til dei kyrkjelege fellesråda

Resultatrapport for 1999-2000

Dei regionale og sentralkyrkjelege organa arbeider etter dei måla og satsingsområda som gjeld for kyrkja. Dei skal vere særleg merksame på tiltak av felleskyrkjeleg karakter. Bispedømmeråda og biskopane har ei viktig oppgåve i å gi råd og hjelp til sokneråd og fellesråd, og til tilsette i kyrkja. Tilsyn med kyrkjelydane og kyrkjeleg tilsette gjennom kurs, opplæringsverksemd, visitasar m.m. er dermed sentrale oppgåver. Ved sidan av denne verksemda har bispedømmeråda viktige forvaltningsoppgåver, mellom anna i samband med budsjettstyring og leiging av prestetenesta og forvaltning av tilskottsordningar. Bispedømmeråda har dessutan etter kyrkjelova visse oppgåver knytte til forvaltninga av kyrkjer og kyrkjegardar.

Verksemda til bispedømmeråda i 1999 har vore prega av dei lovregulerte og delegerte oppgåvene. Av viktige felleskyrkjelege tiltak i 1999 er det grunn til særleg å nemne tiltak blant barn og unge, og tiltak innanfor diakonien. Dessutan har 2000-årsfeiringa av Kristi fødsel vore i fokus i 1999-2000. Jubileet har vore markert mest gjennom lokale arrangement, og kyrkja har her hatt god kontakt med barnehagar og skolar. Rapporteringa frå bispedømmeråda tyder på at det generelt gode samarbeidet mellom kyrkje og barnehagar/skolar har blitt stadfesta ved jubileet. Bispedømmeråda har elles vore engasjerte i arbeidet med å utvikle lokale planar for diakoni, noko som mange stader har ført til ny gjennomgang og sterkare vektlegging av det diakonale arbeidet. Om lag 40 pst. av kyrkjelydane i landet har no utarbeidd planar for diakoni. Ein revidert rammeplan for diakonien i kyrkja blei vedteken av Kyrkjemøtet i 1997.

Kyrkjerådet har sekretariatsoppgåvene for Kyrkjemøtet, og verksemda her har i 1999-2000 mellom anna vore prega av dei sakene Kyrkjemøtet 1999 hadde til handsaming, og førebuing av saker til Kyrkjemøtet 2000. Kyrkjemøtet 1999 handsama m.a. spørsmålet om tilhøvet mellom

Kyrkjemøtet og biskopane. Dette spørsmålet skal greiast ut nærare. Etter oppdrag frå Kyrkjemøtet er Kyrkjerådet elles i gang med å evaluere reglane for val til bispedømmeråd og sokneråd. Kyrkjerådet har i 1999-2000 dessutan arbeidd med ein kyrkjeleg bemanningsplan. Utgreiinga her skal vere ferdig våren 2001. I samband med dette har Kyrkjerådet teke initiativ til eit prosjekt for å betre rekrutteringa til kyrkjelege stillingar i Nord-Noreg. Fleire store utgreiingar er elles under arbeid etter oppdrag frå Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet, mellom anna stat/kyrkje-spørsmålet og tilhøva mellom dei ulike kyrkjelege organa. Kyrkjerådet har i det siste året arbeidd med fleire tiltak av felleskyrkjeleg karakter. Mellom anna har Den norske kyrkja vore representert i komiteen «Jubileum 2000». Dessutan er det starta opp eit arbeid som siktar mot å utvikle ei felles salmebok for dei ulike kyrkjesamfunna i Noreg. Medlemsregisteret for Den norske kyrkja, som Kyrkjerådet har driftsansvaret for, var i ordinær drift frå februar 1999. 1999 var eit krevjande driftsår. Forskrift om medlemsregisteret blei fastsett våren 2000.

Mellomkyrkjeleg råd (MKR), som har eit særleg ansvar for internasjonale og økumeniske spørsmål, har mellom anna vore engasjert i internasjonalt arbeid for menneskerettar gjennom Det Lutherske Verdensforbund, Kirkenes Verdensråd og Konferansen av europeiske kyrkjer. Den norske kyrkja har heldt fram med den formaliserte kontakten ho har hatt med muslimar og jødar i Noreg gjennom to kontaktgrupper som er etablerte. Av viktige saker som MKR handsama i 1999, er det grunn til å nemne utsending av brev til alle kyrkjelydane i samband med krigen i Jugoslavia.

Samisk kyrkjeråd har i 1999 arbeidd med planlegging og gjennomføring av tiltak til beste for det kyrkjelege arbeidet blant den samiske befolkninga. Mellom anna har rådet vedteke ein plan for fire år for utvikling av materiell for den kyrkjelege undervisninga på samisk. Rådet har òg ferdigstilt ei utgreiing om engasjementet i Den norske kyrkja for urfolket.

Lærenemnda i Den norske kyrkja, som Kyrkjerådet er sekretariat for, var i arbeid i 1999-2000. Lærenemnda gav våren 2000 for første gong fråsegn i ei læresak.

Resultatmål for 2001

Ansvar og oppgåvene for bispedømmeråda og biskopane følgjer av det kyrkjelege lovverket og anna regelverk, og elles ved delegasjon frå departementet. Det same gjeld for Kyrkjerådet.

Oppgåvene er av felleskyrkjeleg karakter, og særleg i bispedømma er forvaltningsoppgåvene mange. Dei utfordringane, måla og innsatsområda som gjeld generelt for Den norske kyrkja i tida framover, vil vere retningsgivande òg for verksemda ved dei sentrale og regionale organa, sjå her kategoriomtalen, der viktige mål, kyrkjelege utviklingstrekk, strategiar og tiltak har fått brei omtale.

Biskopane har eit særskilt tilsynsansvar i høve til prestane, dei lokale kyrkjelege råda og dei kyrkjeleg tilsette. Biskopane leier prestenesta og vil i tida framover ha ei viktig oppgåve i å leggje til rette for nyutvikling av prestenesta, sjå omtalen under kap. 295. Særleg bispedømmeråda, men òg Kyrkjerådet, forvaltar større tilskottsmidlar. Forvaltninga av midlane skal gå føre seg i samsvar med dei måla og retningslinjene som gjeld for tilskottsordningane, og det er viktig at råda ser til at tilskottsmottakaren nyttar midlane etter føresetnadene. I seinare år, mellom anna i samband med den nye kyrkjelova, har dei sentrale og regionale kyrkjelege organa fått utvida ansvarsområde. Oppgåvene er mange, og krava til trygg og profesjonell sakshandsaming er store. Vedlikehald og utvikling av rett kompetanse i høve til oppgåvene er dermed viktig for utviklinga av ei kyrkjesforvaltning som er kostnadseffektiv og tilpassa oppgåvene.

Verksemda i 2001 vil for bispedømmeråda og Kyrkjerådet mellom anna bli prega av at det skal haldast val til nye sokneråd dette året. Gjennomføring av tiltak for å auke deltakinga under valet, sjå under «Budsjettforslag for 2001», og kursverksemd seinare for nye medlemmer, vil vere blant dei viktigaste oppgåvene her. Ei viktig oppgåve for Kyrkjerådet i 2001 vil elles vere drifta av det kyrkjelege medlemsregisteret. Fordi Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd er organ under Kyrkjemøtet, er det Kyrkjemøtet som i første rekkje må fastsetje konkrete resultatmål for verksemda ved desse organa.

Budsjettforslag for 2001

Post 01 Driftsutgifter

Driftsutgiftene til Kyrkjerådet/Kyrkjemøtet, bispedømmeråda og biskopane blir budsjetterte

under post 01. Forslaget til driftsløyving for desse er i hovudsak ei vidareføring av løyvinga i 2000. Det er budsjettert med 3 mill. kroner til drifta av det kyrkjelege medlemsregisteret, finansiert av Opplysningsvesenets fond, sjå kap. 3294. Elles er det innarbeidd utgifter til husleige for Oslo bispegard, som no er rehabilitert for 25 mill. kroner, og årsverknaden av dei tre stillingane som blei oppretta under dette kapitlet frå 1. august 2000.

Deltakinga under val til sokneråd har til vanleg ikkje vore høgare enn tre pst. Den låge valdeltakinga er ei utfordring for det kyrkjelege demokratiet. Departementet meiner det bør gjennomførast tiltak som kan stimulere valdeltakinga under soknerådsvalet i 2001. I ei spørjeundersøking blant medlemmer i Den norske kyrkje som stiftelsen Kyrkjeforskning gjorde i 2000, går det fram at 35 pst. av dei spurde ville ha stemt ved soknerådsvalet dersom dei fekk høve til å stemme samstundes med valet til kommunestyre og fylkesting. Mot denne bakgrunnen ser departementet ser det som viktig at det ved soknerådsvalet i 2001 blir gjort forsøk med å leggje valet til same tid og stad som stortingsvalet. Departementet vil finansiere slike forsøk med midlar frå Opplysningsvesenets fond der sokneråda ønskjer å prøve ut ei slik ordning. Fordi det er Kyrkjemøtet som gir reglar for valet, må Kyrkjemøtet 2000 vurdere spørsmålet.

Ved meirinntekter under kap. 3294 postane 02 og 04 kan løyvinga på posten bli overskriden, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Lønn og andre driftsutgifter til tiltak som blir finansierte frå eksterne kjelder, blir budsjetterte under denne posten. Ved meirinntekter under kap. 3294 postane 01, 60 og 70 kan løyvinga på posten bli overskriden, sjå forslag til vedtak II nr. 1 og 2.

Post 71 Tilskott til kyrkjelege formål

Det er føresetnaden at forslaget til løyving under post 71 vil bli nytta slik:

Post 71 Tilskott til kyrkjelege formål fordelt på underpostar

(i 1000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
71.11	Tilskott til Den norske Sjømannsmisjon	29 280	37 500	38 625
71.12	Tilskott til døvekyrkjene	4 350	4 450	4 585
71.14	Tilskott til Kristent Arbeid Blant Blinde	200	200	200
71.16	Tilskott til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk	30 431	27 030	29 350
71.17	Tilskott til samisk bibelomsetjing	1 000	1 000	1 000
71.18	Tilskott til økumeniske organisasjonar	2 900	3 400	
	Sum post 294.71	68 161	73 580	73 760

Tilskott til Den norske Sjømannsmisjon

Sjømannsmisjonen skal på vegner av Den norske kyrkja ta i vare kyrkjeleg betjening av nordmenn i utlandet. Det statlege tilskottet har bakgrunn i dette, sjå Innst. S. nr. 91 (1992-93) og St.meld. nr. 49 (1993-94) Om kirkelig betjening av nordmenn i utlandet. Tilskottet er elles basert på stortingsvedtak frå 1997, sjå Innst. S. nr. 295 (1996-97).

I tillegg til statstilskottet blir verksemda til Sjømannsmisjonen finansiert ved inntekter frå lotteri- verksemd, frå lag og foreiningar i Noreg, frå utestasjonane og ved tilskott frå oljeselskap og redelinæringa. Den samla omsetninga for Sjømannsmisjonen var i 1999 på 101 mill. kroner, inklusive verksemda i Noreg. Rekneskapen for utestasjonane var same året på 64 mill. kroner.

Forslaget til statstilskott for 2001 er ei vidareføring av tilskottet som blei løyvt for 2000, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Tilskottet i 2001 vil i samsvar med stortingsvedtaket frå 1997 gå til å dekkje lønn og andre personalkostnader for 38 prestestillingar, 59,5 andre årsverk, forutan åtte eittåringar. I budsjettforslaget frå Sjømannsmisjonen er det rekna inn ein auke i statstilskottet på 14,5 pst. frå 2000 til 2001. Forslaget til løyving er ikkje justert for ein slik stor auke, sjå her kommentarane til løyvinga til Sjømannsmisjonen i St.prp. nr. 1 (1999-2000).

Tilskott til døvekyrkjene

Arbeidet i dei fire døvekyrkjelydane i landet blir i hovudsak finansiert ved tilskottet frå staten. Prestetenesta blant dei døve har staten driftsansvaret for, sjå kap. 295. Målsetjinga med tilskottsordninga er å leggje til rette for eit aktivt kyrkjeleg arbeid blant døve. Statstilskottet var i 1999 om lag 70 pst. av dei samla inntektene for døvekyrkjene.

Av forslaget til løyving vil 3,6 mill. kroner vere driftstilskott til dei fire døvekyrkjelydane, og til fellesrådet for døvekyrkjene. Resterande del av løyvinga vil gå til dekning av renter og avdrag for døvekyrkjene i Bergen og Stavanger.

Tilskott til Kristent Arbeid Blant Blinde

Tilskottet her er driftsstøtte til organisasjonen Kristent Arbeid Blant Blinde (KABB). Organisasjonen er utgivar av kristen litteratur og materiell for blinde og svaksynte. Tilskottet frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet representerer om lag fire pst. av inntektene til KABB. Dei viktigaste inntektene for KABB er sals- og gåveinntekter, som i 1999 svarte til nær 70 pst. av inntektene.

Tilskott til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk

Tilskottsordninga skal stimulere kyrkjelydane til innsats innanfor kyrkjeleg undervisning og diakoni. Løyvinga er i hovudsak tilskott til dei kyrkjelege fellesråda til dekning av lønn for kateketar og diakonar. Det statlege tilskottet har i 1999 vore gitt til refusjon av lønnsutgifter for nær 140 diakonstillingar med om lag 50 pst. I tillegg er det gitt tilskott til om lag 20 kateketstillingar som er organiserte under dei kyrkjelege fellesråda. Ein del av tilskottet, vel 1 mill. kroner i 1999, blir nytta til kyrkjemusikalsk verksemd ved domkyrkjene.

Forslaget til løyving under posten for 2001 representerer i hovudsak ei vidareføring av tilskottet i 2000. Frå tidlegare har det vore eit mål at dei statlege kateketstillingane skal førast over og organiserast under dei kyrkjelege fellesråda. Etter drøftingar mellom Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon, tenestemannsorganisasjonar og departementet er siktemålet at alle dei statlege

kateketane ved årsskiftet 2000/2001 får tilbod om ny arbeidsavtale med det kyrkjelege fellesrådet. Dei statlege driftsmidlane til kateketstillingane som er budsjetterte under kap. 295, vil etter dette bli utbetalte som tilskott til fellesråda etter nærare regler. Kap. 295 post 01 har derfor i 2001 stikkordet «kan nyttast under kap. 294 post 71».

Tilskott til samisk bibelomsetjing

Det Norske Bibelselskap har frå 1998 arbeidd med å omsetje Det gamle testamente til nordsamisk. Forslaget til løyving for 2001 gjeld i hovudsak dette arbeidet, som er venta å vare i ti år, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (1998-99).

Tilskott til økumeniske organisasjonar

Målet for tilskottet under denne posten har vore å bidra til at Den norske kyrkja kan delta i økumenisk arbeid. Den norske kyrkja er medlem av fleire økumeniske organisasjonar, mellom anna Kirkenes Verdensråd og Det Lutherske Verdensforbund. Tilskottet frå posten gjeld mest kontingentbidrag til slike organisasjonar. Kontingentbidraga er ikkje regulerte i bindande avtaler, og det er Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet som avgjer spørsmålet om medlemskap. Det er elles Kyrkjerådet som rår over løyvinga. Departementet meiner finansieringa av kyrkja si deltaking i økumeniske organisasjonar bør vere ei oppgåve som Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet dekkjer av tildelinga frå Opplysningsvesenets fond, sjå omtalen under kap. 299 post 79. Det er etter dette ikkje ført opp løyving under kap. 294 post 71 til dette formålet i 2001. Det direkte statstilskottet på kr 400 000 til Norges Kristne Råd, som har vore løyvt frå denne posten, fell bort som følgje av dette. Departementet viser til at drifta av Norges Kristne Råd bør finansierast ved

bidrag frå dei som er medlemmer i rådet, mellom anna Den norske kyrkja/Kyrkjerådet.

Post 72 Tilskott til kyrkjeleg verksemd i kommunane

Målsetjinga med tilskottet er å styrkje den kyrkjelege verksemda i kommunane utover det som følger av dei utgiftspliktene kommunane har etter kyrkjelova, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (1997-98). Tilskottet blir utbetalt til dei kyrkjelege fellesråda, som har stor fridom ved disponeringa. Tilskottsordninga kom til i 1997 i samband med iverksetjinga av den nye kyrkjelova. Departementet foreslår at tilskottsordninga held fram i 2001 med 85 mill. kroner. Tilskottet var på 110 mill. kroner i 2000. Departementet viser til at det nye kyrkjelege lovverket no har vore gjeldande i snart fire år, og at overgangsperioden, som det har vore knytt visse kostnader til, må reknast som ferdig. Departementet legg førebels til grunn at tilskottet blir fordelt med eit grunntilskott på kr 130 000 til kvart fellesråd, dvs. kr 35 000 lågare enn i 2000, og at den resterande delen blir fordelt etter innbyggjartalet i kommunane, men departementet vil leggje fordelingsspørsmålet fram for Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon. Av løyvinga vil elles kr 750 000 bli avsett til kompetanseutvikling til beste for fellesråda, i regi av Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon.

Post 79 Til disposisjon for departementet, kan overførast

Løyvinga blir disponert til tiltak eller prosjekt som det gjennom året kan vere behov for å gi eit avgrensa tilskott til, og som ikkje er kjende ved budsjetteringstidspunktet.

Kap. 3294 Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	11 565	3 053	3 145
02	Salsinntekter o.a.	1 412	644	1 487
04	Refusjonar	8 798	2 139	5 203
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	3		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	221		
60	Tilskott frå kommunar	5		
70	Tilskott frå private	781		
Sum kap. 3294		22 785	5 836	9 835

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 02 er oppjustert med 0,8 mill. kroner, sjå parallell auke av utgiftsløyvinga under kap. 294.

Visse utgifter til drifta av det kyrkjelege medlemsregisteret er i 2000 finansiert frå Opplysningsvesenets fond. Under post 04 er det for 2001 budsjettet med ei overføring på 3 mill. kroner frå Opplysningsvesenets fond til drifta. Det er Kyrkjerådet som har ansvaret for registeret. Løy-

vinga til Kyrkjerådet under kap. 294 post 01 er justert i samsvar med dette.

Ofte kan tiltak eller prosjekt i regi av dei kyrkjelege råda bli delfinansierte av private eller offentlege institusjonar som har interesse i tiltaka. Slike inntekter skifter, og fordi dei er av frivillig karakter, blir dei berre i beskjeden grad budsjetterte i statsbudsjettet, sjå inntekstpostane 01, 04, 60 og 70. Sjå omtalen under kap. 294 postane 01 og 21 når det gjeld meirinntekter. Salsinntektene gjeld for det meste Kyrkjerådet. Denne posten er oppjustert med kr 800 000, som kap. 294 post 01 òg er oppjustert med.

Kap. 0295 Presteskapet (jf. kap. 3295)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 294 post 71</i>	542 780	564 041	557 338
21	Særskilde driftsutgifter	186	120	124
Sum kap. 0295		542 966	564 161	557 462

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er oppjustert med 0,5 mill. kroner til fengselspresttenesta, sjå kap. 430 post 01.
- Post 01 er nedjustert med 9,3 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet omfattar:

- drift av preste- og katekettenesta
- drift av Det praktisk-teologiske seminar

Resultatrapport for 1999-2000

Nær 1 200 av dei om lag 5 000 årsverka Den norske kyrkja disponerer, er prestestillingar. Det store fleirtalet av prestane er kyrkjelydsprestar. Desse er fordelte på meir enn 600 tenestedistrikt (prestegjeld). Fleire enn halvparten av prestane har aleine ansvaret for sitt tenestedistrikt. I tillegg til kyrkjelydsprestane kjem særskilde prestestillingar, mellom anna prestar med teneste blant døve, prestar med teneste i fengsla, og studentprestar. Ansvaret for den geistlege betjeninga i fengsla blei overført frå Justisdepartementet til

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet frå 1. januar 2000.

Oppgåvene til prestane er regulerte i tenesteordninga deira. Å forrette gudstenester og kyrkjelege handlingar er blant dei sentrale og mest tidkrevjande oppgåvene. I tillegg kjem anna forkynnarverksemd, konfirmasjonsundervisning, sjelesorg, deltaking i soknerådet og i arbeidet elles i kyrkjelyden. I dei siste åra har det vore ei svak nedgang i talet på gudstenester og kyrkjelege handlingar per prestestilling, dvs. frå 153 gudstenester og kyrkjelege handlingar per stilling i 1997 til 150 i 1999.

Stiftelsen Prest i Arbeid gjennomførte i 1999 ei undersøking om levekåra for kyrkjelydsprestane. Rapporten frå undersøkinga peiker på utfordringar knytte til prestegjerna, arbeidsmiljøet og dei økonomiske levekåra. Undersøkinga viser at den samla arbeidstida for prestane har gått ned, dei siste åra. Denne er likevel høgare enn normalarbeidstida i offentleg sektor. Mange prestar seier seg nøgde med val av yrke, men har kritiske kommentarar til arbeidstilhøve og lønn. Av undersøkinga går det elles fram at fleire ønskjer å vere tilsette i prestegjeld med fleire enn ein prest.

I 1999-2000 er det i dei fleste bispedømme sett i gang forsøk med ny organisering og leiing av prestetenesta. Målet med desse forsøka er å leggje til rette for betre personalforvaltning i presteskapa og betre kyrkjeleg betjening i kvart sokn. Gjennom ei betre regulering av arbeidstida og større fleksibilitet for samarbeid på tvers av prestegjeldsgrenser skal forsøka òg bidra til å betre arbeidstilhøva for prestane. Eit viktig mål er å leggje meir til rette for at den einskilde presten får nytte spesialkompetansen sin i tenesta. Røynslene frå forsøka til no tyder på at dei får fram viktige utfordringar i arbeidssituasjonen til prestane, og at det vil vere viktig å klargjere kva for konsekvensar nyorganiseringa kan få for andre kyrkjeleg tilsette i kyrkja lokalt. Stiftelsen Kyrkjeforskning (KIFO) er i gang med ei evaluering av forsøksprosjekta. KIFO leier òg eit forskingsprogram om presten, og det har i seinare tid regelmessig vore arrangert møte mellom forskarar som er engasjerte i ulike prosjekt med fokus på presterolla og prestetenesta.

19 kandidatar tok avsluttande eksamen ved Det praktisk-teologiske seminar i 1999. Av desse var det åtte kvinner. I 1998 var sju av dei 14 kandidatane kvinner. Ved sidan av undervisnings- og forskingsoppgåvene har seminaret ansvaret for verksemda ved Kyrkjeleg utdanningssenter i Nord, som er lokalisert i Tromsø. Utdanningssenteret er ikkje fast etablert, men er sett i gang for

ein prøveperiode fram til 2002. Det første studentopptaket ved utdanningssenteret var hausten 1999, som femna om 22 studentar. 19 nye studentar har søkt om opptak frå hausten 2000.

Rekrutteringa til ledige prestestillingar har tradisjonelt vore svak i dei nordlegaste bispedømme, og framleis er det færre søkjarar til prestestillingane her enn i andre delar av landet. Talet på kvinnelege prestar har auka jamt dei siste åra, men ligg kun på 13 pst. Den første kvinnelege prosten blei tilsett i 1988. Det er no seks kvinnelege prostar i Den norske kyrkja.

Resultatmål for 2001

Prestetenesta står sentralt i kyrkja, ikkje minst ved det ansvaret presten har for gudstenester og kyrkjelege handlingar. Møtet med presten er òg eit møte med kyrkja for dei kvinner og menn, barn og unge som søkjer til dei kyrkjelege tenestene. Eit sentralt mål for prestetenesta er å halde oppe eit stabilt, levande og inkluderande gudstesteliv i alle sokn. Prestetenesta skal dessutan ha høg kvalitet og skal utførast i lojalitet til dei reglane, måla og verdiane som gjeld for tenesta.

I åra framover vil arbeidet med å utvikle ei god organisering og leiing av prestetenesta vere særleg viktig. Dei 35 nye prestestillingane som er budsjetterte for 2001, vil vere viktige i denne samanhengen. Departementet ser ei målmedviten utvikling på dette området som ein sentral føresetnad for at Den norske kyrkja skal vere ei open folkekyrkje som alle medlemmer kan kjenne at dei høyrer til i. Å leggje til rette for ei god organisering og leiing av prestetenesta vil vere ein hovudstrategi i arbeidet for å betre kvaliteten på prestetenesta. Dei forsøka bispedømme har gjort med ei ny organisering av prestetenesta innanfor prostia, forskingsprosjekt om presterolla og prestetenesta, og ulike kompetanseutviklingstiltak, er sentrale tiltak knytte til denne strategien. Utvikling av prosten som mellomleiar i kyrkja står òg sentralt i arbeidet med nyorganisering av prestetenesta.

Spørsmålet om bemanning og nye prestestillingar vil seinare bli vurdert på bakgrunn av den kyrkjelege bemanningsplanen som Kyrkjerådet arbeider med, sjå kategoriomtalen og kap. 294. Departementet viser i denne samanhengen til dei 35 nye prestestillingane som er budsjetterte i 2001. I tida framover må òg rekrutteringa til prestestillingane og til presteutdanninga vurderast særskilt, ikkje minst fordi behovet for nye prestar vil auke i åra som kjem som følgje av at ein stor del vil gå av med alderspensjon. Tiltak som siktar

mot rekruttering til prestestillingane, må derfor ha høg prioritet i åra som kjem. Særleg biskopane og bispedømmeråda, men òg utdanningsinstitusjonane og dei sentralkyrkjelege organa, må ta ansvar for dette. I rekrutteringsarbeidet vil det elles vere viktig å finne fram til tiltak som fremmer omsynet til likestilling mellom kvinner og menn. Det er eit generelt mål å få fleire kvinner i kyrkjelege leiarstillingar, mellom anna som sokneprestar, prostar og biskopar.

Departementet legg til grunn at dei kateketane som no er tilsette i statlege stillingar, nær 100 i alt, blir førde over til dei kyrkjelege fellesråda i 2001, sjå omtale under kap. 294 post 71. Katekettenesta er ei sentral teneste for utvikling av dåpsopplæringa i kyrkja. Utviklinga av denne tenesta vil derfor henge nært saman med korleis rammer og innhald for dåpsopplæringa i kyrkja utviklar seg.

Den utdanningsverksemda som er i gong ved Kyrkjeleg utdanningssenter i Nord, vil bli evaluert når prøveperioden går mot slutten.

Budsjettforslag for 2001

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 294 post 71

Det er budsjettert med 35 nye prestestillingar i 2001. Stillingane vil bli plasserte i prioriterte område. Plasseringa vil òg bli sett i samanheng med ei ny organisering av prestetenesta. Tenestedistrikta vil dermed kunne vere prostiet, ikkje eit bestemt prestegjeld. Plasseringa av nye prestestillingar vil elles ha som mål at betjeninga ikkje blir skadelidande i samband med at prestane får regulert fritid på linje med andre arbeidstakarar. Avtale om eit nytt fritidsreglement for prestane er under arbeid.

Dei fleste prestane har tenestebustad og buplikt. Staten ved Opplysningsvesenets fond har ansvaret for 460 tenestebustader, medan kommunane har ansvaret for dei resterande ca. 600 bustadene. Etter kyrkelova § 33 kan staten påleggje ein kommune å halde prestebustad, mot at kommunen etter nærare reglar får refusjon av staten for sine utgifter til bustaden. For prestebustadene er det etter dette to ulike finansierings- og forvaltningsordningar. Departementet meiner det er gode grunnar for ei betre samordning av desse, og at det bør vere Opplysningsvesenets fond som for framtida har det finansielle ansvaret for dei kommunale prestebustadene. Det myndet departementet etter kyrkelova § 33 har til å påleggje ein kommune å halde tenestebustad for prest, vil dermed bli delegert til det nye forvaltningsorganet for Opplysningsvesenets fond, sjå kap. 299, og det vil vere fondet som dekkjer refusjonen til kommunane. Dei utgiftene staten har på dette området fell bort ved ordninga, og inntektene (husleiga frå prestane) vil vere ein inntekt for fondet. Departementet legg til grunn at nyordninga blir gjennomført frå 2001. Budsjettforslaget under kap. 295 post 01 og kap. 3295 post 04 er justert for denne endringa.

Departementet legg til grunn at dei statlege kateketane frå 2001 blir førde over til dei kyrkjelege fellesråda. Midlane til stillingane er likevel budsjetterte under post 01, sjå elles omtalen under kap. 294 post 71.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Post 21 gjeld lønn og driftsmidlar til tidsavgrensa stillingar som blir finansierte av andre enn staten, sjå kap. 3295. Løyvinga under posten kan bli overskriden mot meirinntekter, sjå forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3295 Presteskapet (jf. kap. 295)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Inntekter frå oppdrag	193	120	124
04	Husleigeinnbetalingar o.a.	19 187	17 411	1 933
05	Mekling	496		
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	440		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	4 442		
	Sum kap. 3295	24 758	17 531	2 057

Husleige frå dei prestane som har kommunal prestebustad, blei tidlegare ført som inntekt under post 04. Som følge av at Opplysningsvesenets fond i framtida skal ha det finansielle ansva-

ret for desse bustadene, sjå omtale under «Budsjettforslag for 2001», skal husleiga heretter betalast til fondet. Post 04 er justert for dette.

Kap. 0297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	26 567	23 136	26 988
30	Erkebispegarden, gjenreising, <i>kan overførast</i>	12		
31	Vestfrontplassen, <i>kan overførast</i>	184		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	26		
47	Andre mellomalderkyrkjer og -anlegg, <i>kan overførast</i>	1 119		
	Sum kap. 0297	27 908	23 136	26 988

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 01 er oppjustert med kr 100 000, sjå ein parallell oppjustering av inntektsløyvinga under kap. 3297 post 04.
- Post 01 er nedjustert med kr 111 000 mill. kroner i samband med innføring av direkte refusjon av sjukepengar for statlege verksemder frå 2000.

Kapitlet omfattar:

- antikvarisk vedlikehald av Nidaros domkyrkje, drift av Erkebispegarden og Nidaros domkirkes restaureringsarbeider (NDR)
- vedlikehald av krigsgraver og lønn mv. til rådgivande konsulentar departementet har innanfor kyrkjer og kyrkjegardar

Resultatrapport for 1999-2000

Etter at Nidaros domkirkes restaureringsarbeider (NDR) flytte til nye lokale i 1998, har det vore arbeidd med korleis dei tidlegare bygningane på Vestfrontplassen skal brukast. Det ligg no føre eit forslag til bygging av eit servicesenter for publikum.

I 1999 var det 412 000 personar som vitja domkyrkja. Dette er det same som i 1998. Det var 63 000 personar som vitja Museet i Erkebispegarden i 1999. I 1998 var talet 56 000.

Ei sentral oppgåve for NDR har vore å utvikle tilstandsrapportar og langsiktige planar for det antikvariske vedlikehaldet av domkyrkja. «Restau-

reringsplan for Nidarosdomen 1999-2019» låg føre ved årsskiftet 1998/99. Denne planen vil vere det viktigaste grunnlaget for restaureringa og det antikvariske vedlikehaldet av domkyrkja i åra framover. I samband med denne planen har det i 1999-2000 gått føre seg eit forprosjekt med tekniske undersøkingar, målingar med meir. Forprosjektet har i 1999-2000 vore delfinansiert med midlar frå Rafael-programmet i EU.

I 1999 avslutta NDR sitt fleirårige arbeid med restaureringa av Stavanger domkyrkje. I november same året blei den faste utstillinga av gamle gravplater opna i gravsteinkrypten under skipet i domkyrkja. Mange av gravplatene er frå middelalderen. Det store arbeidet med å katalogisere stein- og skulptursamlinga og det eldre arkivmaterialet blei ført vidare. Ved NDR ligg det no føre ein ny og systematisk opplæringsplan. Denne ligg til grunn for opplæringa av dei restaureringsassistentane som blei tilsette i 1999. Av dei nye assistentane er det to som har lærlingkontrakt som steinhoggarar.

I samsvar med internasjonale konvensjonar har staten ansvaret for vedlikehaldet av krigsgravene, som er varig freda og skal haldast ved like utan avgrensing i tid. Krigsgravene ligg spreidde over mesteparten av landet. Det er tilsett oppsynsmenn ved tre av krigskyrkjegardane. Elles er det inngått avtaler med lokale kyrkjegardsforvaltningar og privatpersonar som mot betaling tek seg av vedlikehaldet. Departementet fører regelmessig tilsyn med vedlikehaldet.

Resultatmål for 2001

Hovudoppgåva for NDR er å sjå til at Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden blir haldne ved like og utvikla som levande kulturminne og kyrkjelege byggverk. Forvaltninga skal gå føre seg i samarbeid med brukarane, og med dei kyrkjelege instansane. NDR skal òg vere eit nasjonalt kompetansesenter for restaurering av bygningar i stein. NDR har dessutan eit generelt ansvar for å formidle kunnskap om byggverka til ulike fagmiljø og til publikum. Drifts- og vedlikehaldsoppgåvene vil vere blant dei viktigaste innsatsområda for NDR i 2001, men forskning, utgreiing og formidling vil òg stå sentralt.

Elles vil restaureringsplanen for Nidaros domkyrkje vere ein viktig referanse for verksemda i åra framover. Forprosjektet til denne planen vil halde fram i 2001. Forprosjektet er viktig mellom anna for å kunne vurdere dei budsjettmessige konsekvensane av restaureringsplanen.

Departementet tek i 2001 sikte på å oppnemne eit styre for NDR.

Prosjektet for nybygg ved Vestfrontplassen, som har ei kostnadsramme på om lag 37 mill. kroner, skal vere eit servicesenter for publikum. Dei gamle bygningane på området må i tilfelle rivast.

Det er ikkje sett av midlar til byggeprosjektet i 2001.

Av viktige vedlikehaldsoppgåver neste år når det gjeld krigsgravene, er det grunn til særleg å nemne merking av gravene til nær 2 000 jugoslaviske falne. Desse har til no vore registrerte som ukjende, men forskning i seinare tid har ført til at namna på alle jugoslavlar som miste livet i Noreg, no er kjende.

Budsjettforslag for 2001

Utgifter til Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden, dvs. den verksemda som NDR har ansvaret for, blir førde under post 01. Her blir det òg ført utgifter til krigsgravtenesta og til to fagkonsulentar som departementet nyttar til rådgiving innanfor fagområdet kyrkjer og kyrkjegardar.

Budsjettforslaget er i hovudsak ei vidareføring av løyvinga frå 2001, men det er innarbeidd 3 mill. kroner til forprosjektet knytt til den langsiktige restaureringsplanen for Domkyrkja, sjå under «Resultatmål for 2001». Utgiftene til forprosjektet vil bli dekte av Opplysningsvesenets fond, sjå kap. 3297 post 04.

Løyvinga under post 01 kan bli overskriden mot meirinntekter under kap. 3297, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3297 Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
02	Salsinntekter o.a.	9 214	5 909	6 086
04	Leigeinntekter o.a.	1 714	1 480	4 627
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	13		
	Sum kap. 3297	10 941	7 389	10 713

I høve til 2000 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 04 er oppjustert med kr 100 000, sjå ein parallell oppjustering av utgiftsløyvinga under kap. 297 post 01.

Inntektene gjeld verksemda ved Nidaros domkyrkje og Erkebispegarden. Forslaget under post 04 gjeld mellom anna husleigeavtalar med leigetakarar i Erkebispegarden, og ei overføring på 3 mill. kroner frå Opplysningsvesenets fond til forprosjektet knytt til restaureringsplanen, sjå ovanfor under «Budsjettforslag for 2001».

Kap. 0299 Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 3299)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	9 328	12 445	16 500
79	Til disposisjon for felleskyrkjelege tiltak, <i>kan overførast</i>	19 329	25 000	25 000
	Sum kap. 0299	28 657	37 445	41 500

Kapitlet omfattar:

- driftsutgifter til forvaltninga av Opplysningsvesenets fond
- tilskott frå Opplysningsvesenets fond til felleskyrkjelege tiltak

Visse driftsutgifter knytte til forvaltninga av fondet, forutan pengetilskottet frå fondet til felleskyrkjelege tiltak, blir budsjetterte over kap. 299 postane 01 og 79, mot refusjon frå fondet under kap. 3299.

Opplysningsvesenets fond

Opplysningsvesenets fond blei danna ved lov 20. august 1821, sjå Grunnlova § 106, der det går fram at «det Geistligheden benefiserte Gods» skulle vere skild frå andre eigedommar som staten eig eller forvaltar. Ny lov om Opplysningsvesenets fond, sjå lov 7. juni 1996 om Opplysningsvesenets fond, tok til å gjelde 1. januar 1997.

Opplysningsvesenets fond er eigar av skog- og jordbrukseigedommar, tomter, bygningar og pengekapital. Ved årsskiftet 1999/2000 var fondet eigar av 600 eigedommar fordelte på 380 kommunar, med eit samla areal på meir enn 1 million dekar. 30 000 dekar er dyrka mark, og om lag 950 000 dekar er skog og utmark. Til fondet høyrer òg 13 000 festetomter. Ei primær oppgåve for fondet er å halde tenestebustader for prestane. Fondet eig i dag 460 prestebustader.

I samband med rekneskapa for fondet i 1999 rekna departementet ut at ein sannsynleg marknadsverdi av eigedommane vil vere om lag 2,4 mrd. kroner. Per 31. desember 1999 var den bokførte verdien av pengekapitalen 1,3 mrd. kroner. Marknadsverdien var 1,5 mrd. kroner. Pengekapitalen er i hovudsak plassert i norske og utanlandske verdipapir og utlånt til kyrkjelege formål. Den er elles for det meste plassert i aksjar og andre eigenkapitalinstrument og i obligasjonar og andre renteinstrument.

Av lova om Opplysningsvesenets fond § 2 går det fram at formålet med lova mellom anna er å

sikre at fondet kjem Den norske kyrkja til gode. Det går elles fram av § 5 i lova at eigedommar og kapital som høyrer til fondet, ikkje kan bli gitt bort eller bli brukt opp. Ved avhending av eigedelar skal vederlaget leggjast til kapitalen. Etter § 6 i lova skal avkastninga frå fondet først dekkje dei utgiftene fondet har eit direkte ansvar for, dvs. til forvaltninga og drifta av prestegardane, bygningane og andre eigedommar som fondet eig, og til administrasjonen av fondet. Utover dette kan avkastninga bli lagd til kapitalen eller bli gitt til kyrkjelege formål etter avgjerd av Kongen. Det er i lova fastsett at Kongen har forvaltningsansvaret for fondet. Det ansvaret som lova legg til Kongen, blei ved kongeleg resolusjon 7. juni 1996 delegert til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Frå 1. januar 2001 skal det skipast eit forvaltningsorgan for Opplysningsvesenets fond med eit eige styre, sjå Innst. S. nr. 220 (1999-2000) og St.prp. nr. 61 (1999-2000). Departementet viser ellers til omtale under «Budsjettforslag for 2001».

Mål og retningslinjer for forvaltninga av Opplysningsvesenets fond

Dei sentrale retningslinjene som gjeld for forvaltninga av Opplysningsvesenets fond, er omtalte i tidlegare stortingsdokument, sjå særleg Innst. S. nr. 222 (1984-85) og St.meld. nr. 64 (1984-85) og Innst. O. nr. 45 (1995-96) og Ot.prp. nr. 68 (1994-95). Ei viktig side ved den nye lova for fondet var å leggje til rette for at forvaltninga av eigedommane og finanskapitalen kunne gå for seg utan detaljerte legale bindingar, for dermed å få ei meir rasjonell forvaltning og betre utnytting av ressursane. Departementet legg til grunn at forretningsmessige omsyn skal vere retningsgivande for forvaltninga av fondet, men at desse omsyna ikkje kan vere avgjerande i alle spørsmål. Mellom anna må ein ta omsyn til at ein del av eigedommane (prestebustadene) skal tene kyrkjelege formål, og at særleg prestegardane representerer viktige antikvariske, kyrkje- og kulturhistoriske verdier som ein må ta vare på. Ved forvaltninga av finans-

kapitalen er det eit mål å få høg avkastning med ein rimeleg grad av risiko. Det er etiske retningslinjer for finansplasseringane. I stortingsmeldinga om økonomien i kyrkja, sjå kategoriomtalen, vil prinsipp og retningslinjer for forvaltninga av fondet, og om bruken av avkastninga, bli meir utførelig omtalt.

Resultatrapport for 1999

Som i 1998 har Statskog i 1999 hatt avtaleregulerte oppgåver knytte til forvaltninga av skog og utmark, eigedommar, festekontraktar mv. Frå 1. januar 2000 er det gjort avtale med NORSKOG om forvaltning av skog og utmark, medan Statskog vil ha oppgåver knytte til forvaltninga av eigedommane elles, med unntak av landbruks-eigedommane. Avtalene med Statskog og NORSKOG gjeld for fem år. For forvaltninga av pengekapitalen er det gjort avtaler med fleire kapitalforvaltarar.

Rekneskapan for Opplysningsvesenets fond viser at det i 1999 blei nytta 49 mill. kroner til dei 460 prestebustadene, mot 42 mill. kroner i 1998. Inntektene frå bustadene, som er husleige frå prestane, var vel 11 mill. kroner. Departementet har rekna ut at dersom leigeinntektene for prestebustadene var baserte på marknadspris, ville husleigeinntektene i 1999 ha vore om lag 14,5 mill. kroner høgare. Differansen mellom marknadsleige og den husleiga prestane betaler, som har bakgrunn i buplikta til prestane, blir i rekneskapan for fondet ført som ei indirekte overføring (eit tilskott) frå fondet til drifta av Den norske kyrkja.

Inntektene frå landbrukseigedommane (forpaktingskontraktar, jordleige og anna bygningsutleige) var i 1999 på 8,6 mill. kroner, medan utgiftene var på 4,1 mill. kroner. Det positive resultatet under dette forretningsområdet var dermed 4,5 mill. kroner, mot 3,1 mill. kroner i 1998.

Inntektene frå tomtfeste mv. var i 1999 på 25 mill. kroner, mot 22,4 mill. kroner i 1998. Resultatet for skogsdrifta i 1999 var 3,1 mill. kroner, mot 6 mill. kroner i 1998. Nedgangen hadde bakgrunn i lågare prisar på tømmer og auka utgifter i 1999 i samband med flytting av driftsansvaret frå Statskog til NORSKOG frå 1. januar 2000.

Nær 16 mill. kroner blei nytta til generell administrasjon av fondet i 1999. Dei utgiftene som går med til forvaltninga av fondet, skal frå 1999 heilt ut dekkjast av fondet, sjå St.prp. nr. 1 (1998-99). I generell administrasjon er rekna inn lønn og driftsutgifter for tilsette i departementet som

arbeider med forvaltninga av fondet og edb-utgifter, mellom anna utgifter til edb-tenester som Kyrkerådet, bispedømmeråda mfl. får frå fondet.

Finansplasseringane ga renteinntekter, vinstar frå obligasjonar og obligasjonsfond og aksjeutbytte med i alt 46,6 mill. kroner i 1999. Netto finansinntekter var 42,4 mill. kroner, mot 56,6 mill. kroner i 1998. Resultatet i 1999 hadde særleg samanheng med dei skiftande rentene i 1999. Fondet hadde i 1999 vinstar på 134 mill. kroner ved sal av verdipapir, mot 67 mill. kroner i 1998. Bakgrunnen for dette var den gode aksjemarknaden i 1999. Inntektene frå eigedomssalet (44,8 mill. kroner i 1999) og vinstane ved sal av verdipapir blei avsette til kapitalfondet. Per 31. desember 1999 var 1 131 mill. kroner av finanskapitalen plasserte i aksjar og obligasjonar, mot 950 mill. kroner året før. Den bokførte verdien av pengekapitalen var 1,1 mrd. kroner ved årsskiftet 1998/1999, medan marknadsverdien var 1,2 mrd. kroner. Per 31. desember 1999 hadde den bokførte verdien stige til 1,3 mrd. kroner, medan marknadsverdien hadde auka til 1,5 mrd. kroner.

Overskottet for Opplysningsvesenets fond var i 1999 på 42,6 mill. kroner, mot 78,9 mill. kroner i 1998. Nedgangen har mellom anna samanheng med nedgangen i finansinntektene. Av overskottet blei 17,5 mill. kroner disponerte som indirekte eller kalkulatorisk overføring til Den norske kyrkja, dvs. den estimerte verdien av det indirekte bidraget fondet gir til drifta av Den norske kyrkja ved å halde prestebustader, gi rimelege lån og edb-tenester. 19,3 mill. kroner av overskottet blei disponert som pengetilskott til felleskyrkjelege tiltak, sjå kap. 299 post 79, medan den resterande delen av overskottet, 5,8 mill. kroner, blei avsett til utjamningsfondet for drift. Per 31. desember 1999 var dette utjamningsfondet på om lag 45 mill. kroner. Formålet med utjamningsfondet for drift, sjå omtale i St.prp. nr. 1 (1999-2000), er å sikre at dei årlege utgiftene, særleg til prestebustadene og felleskyrkjelege tiltak, er stabile og skjerma mot svingingar i finansmarknaden. Av overskottet i 1999 blei det ikkje avsett midlar til kapitalfondet, slik det elles er høve til etter § 6 i lova om fondet. I samband med den omlegginga som no går føre seg med omsyn til forvaltninga av fondet, har det av avkastninga tidlegare vore avsett 14 mill. kroner til eit omstillingsfond.

Meir detaljert informasjon om årsrekneskapan for Opplysningsvesenets fond for 1999 er med i årsrapporten for fondet, som er send Riksrevisjonen.

Budsjettforslag for 2001

Spørsmålet om å skilje ut oppgåver i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet som gjeld Opplysningsvesenets fond og å leggje desse oppgåvene til eit forvaltningsorgan under departementet, blei omtalt i St.prp. nr. 61, (1999-2000), sjå Innst. S. nr. 220 (1999-2000). Som det går fram av St.prp. nr. 61 vil det nye forvaltningsorganet bli underordna eit eige styre. Vedtektene og samansetninga av styret vil bli regulerte i ein kongeleg resolusjon. Styret vil få ansvar for å forvalte egedelane til fondet i samsvar med dei overordna prinsippa og retningslinjene som gjeld for forvaltninga. Dette overordna instruksverket, som mellom anna vil femne om retningslinjer for finansforvaltninga og eigedomsforvaltninga, vil det vere departementet som fastset – i tråd med dei retningslinjene for forvaltninga av fondet som er omtalte i tidlegare stortingsdokument, sjå ovanfor under «Mål og retningslinjer for forvaltninga av Opplysningsvesenets fond». Den overordna styringa av forvaltningsorganet vil vere som for andre forvaltningsorgan, der mål og resultatkrav til styret vil bli formidla gjennom tildelingsbrev og i ein regelbunden styringsdialog, og elles ved vedlikehald av det overordna instruksverket. Det vil vere styret, med grunnlag i instruksverket og i rammer som departementet fastset i tildelingsbrevet, som utarbeider budsjettet for Opplysningsvesenets fond, årsrapporten og årsrekneskapen for fondet. Departementet vil treffe avgjerd om disponeringa av overskottet frå fondet. Den daglege forvaltninga av Opplysningsvesenets fond stiller krav om høg kompetanse i det nye forvaltningsorganet, og samansetjinga av styret må reflektere stor profesjonalitet.

Post 01 Driftsutgifter

Forslaget til løyvinga under post 01 gjeld lønn, reiser og andre utgifter knytte til drifta av det nye forvaltningsorganet for Opplysningsvesenets fond. Det er for 2001 budsjettert med ein auke i løyvinga under posten i samband med skipinga av forvaltningsorganet. Auken gjeld utgifter til husleige for forvaltningsorganet, etablering av interne servicefunksjonar, mv. Utgiftene skal dekkjast av fondet, sjå kap. 3299. Løyvinga under posten kan bli overskriden mot meirinntekter under kap. 3299 post 54, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Driftsløyvinga til forvaltningsorganet er ein del av dei administrasjonsutgiftene som går med til forvaltninga av Opplysningsvesenets fond. Andre administrasjonsutgifter, til dømes admi-

nistrasjonsvederlag til NORSKOG og Statskog for deira tenester, er ikkje budsjetterte under post 01. Desse og andre utgifter som vedkjem fondet, mellom anna utgiftene til prestebustadene, er med i budsjettet og rekneskapen for Opplysningsvesenets fond, sjå her St.prp. nr. 1 (1997-98) om endringa i tilknytninga mellom Opplysningsvesenets fond og statsbudsjettet/statsrekneskapen. Arbeidet med å utvikle budsjettet og rekneskapen for Opplysningsvesenets fond vil halde fram. Eventuelle endringar av prinsipiell karakter vil departementet komme tilbake til.

Post 79 Tilskott til felleskyrkjelege tiltak

Ein del av avkastninga frå fondet blir nytta som pengetilskott til felleskyrkjelege tiltak, etter retningslinjer fastsette av Kyrkjemøtet. Om lag 45 pst. av tilskottet blei i 1999 tildelt bispedømmesråda til regionale eller lokale tiltak og prosjekt. I underkant av 30 pst. blei tildelt landsomfattande tiltak og prosjekt i regi av eksterne tilskottsmottakarar, mellom anna kristelege organisasjonar, medan resten blei nytta til felleskyrkjelege tiltak i regi av Kyrkjerådet. Formålet for tiltaka har i hovudsak vore innanfor satsingsområda Barn og unge og prosjektorientert diakonal satsing. Ein stor del av det Kyrkjerådet har hatt til rådvelde, er nytta til samisk kyrkjeliv, utgreiinga om stat og kyrkje og rekrutteringsprosjekt i Nord-Noreg. Ein del av løyvinga under post 79 har i samråd med Kyrkjerådet vore disponert av departementet. Om lag 3 mill. kroner av denne delen blei i 1999 gitt som driftstilskott til Stiftelsen Kyrkjeforskning.

Forslaget til løyving for 2001 under post 79 er 25 mill. kroner, dvs. same summen som i 2000. Løyvinga auka med 5 mill. kroner frå 1999 til 2000. I samband med denne auken i 2000, sjå St.prp. nr. 1 (1999-2000), meinte departementet det kunne vere grunn til å vurdere om noko av tilskottet burde nyttast til andre formål. For 2001 legg departementet til grunn at Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet innanfor løyvinga på 25 mill. kroner skal dekkje utgiftene til økumeniske organisasjonar, sjå omtale under kap. 294 post 71. Løyvinga under posten kan bli overskriden mot meirinntekter under kap. 3299 post 54, sjå forslag til vedtak II nr. 1.

I tillegg til tilskottet på 25 mill. kroner til felleskyrkjelege tiltak er det for 2001 budsjettert med at fondet skal dekkje utgiftene til medlemsregisteret i kyrkja, sjå kap. 294, og ta over finansieringsansvaret for dei kommunale prestebustadene, sjå kap. 295. Dessutan skal fondet i 2001 finansiere forprosjektet knytt til restaureringsplanen for

Nidaros domkyrkje, sjå kap. 297. Departementet legg òg til grunn at tiltak for å betre deltakinga under valet til nye sokneråd i 2001, sjå kap. 294, skal finansierast av fondet.

Kap. 3299 Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
54	Overføring frå Opplysningsvesenets fond	28 657	37 445	41 500
	Sum kap. 3299	28 657	37 445	41 500

Kapitlet gjeld overføring frå Opplysningsvesenets fond til staten for å dekkje utgiftene under kap. 299 postane 01 og 79.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2001 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

Sum utgifter under kap. 200-299 og 2410	Kr	43 334 818 000
Sum inntekter under kap. 3200-3299, 5310 og 5617	Kr	11 829 614 000

Forslag

til vedtak for budsjetterminen 2001

Kapitla 200-299 og 2410, 3200-3299, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
0200	Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 3200)		
	01 Driftsutgifter	145 685 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	1 797 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 380 000	149 862 000
0202	Læringssenteret (jf. kap. 3202)		
	01 Driftsutgifter	72 236 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	6 545 000	
	70 Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overføres</i>	32 828 000	111 609 000
0203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 3203)		
	01 Driftsutgifter	114 401 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	1 200 000	115 601 000
0204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 3204)		
	01 Driftsutgifter	5 169 000	5 169 000
0206	Samisk utdanningsadministrasjon		
	50 Tilskott til Sametinget	27 954 000	27 954 000
0210	Tilskott til trdomssamfunn m.m. og privatåtte skole- og kyrkjebygg		
	70 Tilskott til trdomssamfunn og livssynssamfunn, <i>overslagsløyving</i>	106 796 000	
	76 Tilskott til råd for trdomssamfunn og livssynssamfunn	971 000	107 767 000
	Sum Administrasjon		517 962 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Grunnskolen			
0221	Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 3221)		
	01 Driftsutgifter	9 882 000	
	60 Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, <i>kan overførast</i>	19 058 000	
	61 Tilskott til institusjonar	32 734 000	
	62 Tilskott til Fjellheimen leirskole	3 682 000	
	63 Tilskott til skolefritidsordningar, <i>kan overførast</i>	398 619 000	
	64 Tilskott til undervisning i finsk	6 699 000	
	65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i grunnskolen	717 554 000	
	67 Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, <i>overslagsløyving</i>	83 500 000	
	68 Det samiske utdanningsområdet, <i>kan overførast</i>	27 133 000	
	70 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	7 095 000	1 305 956 000
0222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 3222)		
	01 Driftsutgifter	48 979 000	48 979 000
0228	Kvalitetsutvikling i grunnskolen (jf. kap. 3228)		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	291 873 000	291 873 000
0229	Andre formål i grunnskolen		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 239 post 01</i>	24 472 000	
	60 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	534 852 000	
	62 Kompensasjon for meirutgifter i samband med mellombels lokale, <i>kan overførast</i>	40 000 000	
	70 Tilskott	4 018 000	603 342 000
	Sum Grunnskolen		2 250 150 000
Vidaregåande opplæring			
0231	Tilskott til vidaregåande opplæring		
	60 Tilskott til landslinjer	139 177 000	
	61 Tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga	89 921 000	
	65 Tilskott til ekstra opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	29 428 000	
	66 Tilskott til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale	30 000 000	288 526 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
0232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 3232)		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 60</i>	136 058 000	
	21 Tryggleiksopplæring for fiskarar	14 999 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	4 789 000	
	75 Tilskott til stipend og kurs for tilsette	308 000	156 154 000
0234	Tilskott til lærebedrifter m.m.		
	01 Driftsutgifter	7 217 000	
	70 Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar	315 500 000	
	71 Tilskott til drift av opplæringsråd	7 805 000	330 522 000
0238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 3238)		
	01 Driftsutgifter	94 163 000	94 163 000
0239	Andre formål i vidaregåande opplæring		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 229 post 01</i>	81 803 000	
	60 Utlånsordning for skolebøker i vidaregåande skole	100 000 000	
	70 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	14 924 000	
	71 Tilskott til studieopphald i utlandet	6 839 000	
	72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram (LEONARDO mfl.)	33 510 000	
	73 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	18 951 000	
	75 Tilskott	7 073 000	263 100 000
	Sum Vidaregåande opplæring		1 132 465 000
	Andre tiltak i utdanninga		
0240	Private skolar mv.		
	70 Tilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 174 174 000	
	75 Tilskott til privatskoleorganisasjonar	455 000	1 174 629 000
0243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 3243)		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 21 og 60</i>	660 179 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	37 284 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 347 000	
	60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overførast</i>	80 000 000	
	75 Til disposisjon for departementet	2 746 000	786 556 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
0249	Andre tiltak i utdanninga		
	21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, <i>kan nyttast under postane 60 og 70</i>	167 719 000	
	61 Tilskott til Nordland kunst- og film-skole	2 000 000	
	70 Tilskott til IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	2 811 000	
	71 Tilskott til fotokopiering	3 468 000	
	75 Særskilt tilskott til toppidrettsgymnas	10 928 000	186 926 000
	Sum Andre tiltak i utdanninga		2 148 111 000
	Vaksenopplæring		
0253	Folkehøgskolar		
	21 Særskilde driftsutgifter	2 282 000	
	60 Tilskott til fylkeskommunale folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 70</i>	41 138 000	
	70 Tilskott til andre folkehøgskolar, <i>kan nyttast under post 60</i>	352 530 000	395 950 000
0254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 3254)		
	60 Tilskott til norskopplæring for innvandrarak	405 314 000	
	62 Tilskott til grunnskoleopplæring for innvandrarak 16-20 år	58 648 000	
	70 Tilskott til studieforbund	212 988 000	
	71 Tilskott til fjernundervisning	27 683 000	
	72 Tilskott til kvinneuniversiteta, Norsk fredssenter og Studiesenteret Finnes	6 586 000	
	73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	8 481 000	719 700 000
0256	VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 3256)		
	01 Driftsutgifter	49 372 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	15 656 000	65 028 000
0258	Forsking, utviklingsarbeid og fellestiltak i vaksenopplæringa		
	21 Særskilde driftsutgifter	91 646 000	91 646 000
0259	Kompetanseutviklingsprogrammet		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	100 000 000	100 000 000
	Sum Vaksenopplæring		1 372 324 000
	Høgre utdanning		
0260	Universitetet i Oslo		
	50 Statstilskott	2 196 746 000	2 196 746 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
0261		Universitetet i Bergen		
	50	Statstilskott	1 326 705 000	1 326 705 000
0262		Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet		
	50	Statstilskott	1 719 349 000	1 719 349 000
0263		Universitetet i Tromsø		
	50	Statstilskott	764 076 000	764 076 000
0264		Noregs handelshøgskole (jf. kap. 3264)		
	01	Driftsutgifter	161 102 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	10 918 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	13 186 000	185 206 000
0265		Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 3265)		
	01	Driftsutgifter	40 099 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	4 478 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	15 630 000	60 207 000
0268		Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 3268)		
	01	Driftsutgifter	80 741 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	4 908 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 011 000	90 660 000
0269		Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 3269)		
	01	Driftsutgifter	89 190 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	1 200 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 812 000	92 202 000
0270		Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar		
	70	Tilskott til lengre reiser, <i>overslagsløving</i>	74 784 000	
	71	Tilrettelegging av studium i utlandet	7 710 000	
	73	Tilskott til studentbarnehagar	71 353 000	
	74	Tilskott til velferdsarbeid	53 370 000	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	186 848 000	394 065 000
0273		Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 3273)		
	01	Driftsutgifter	149 915 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	407 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 142 000	155 464 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
0274	Statlege høgskolar (jf. kap. 3274)		
	01 Driftsutgifter	5 360 305 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	237 361 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	247 266 000	
	70 Tilskott	7 116 000	5 852 048 000
0278	Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 3278)		
	01 Driftsutgifter	341 221 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	150 869 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	15 281 000	
	49 Kjøp av eigedommar, <i>kan overførast</i>	10 000	507 381 000
0279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 3279)		
	01 Driftsutgifter	155 183 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	55 099 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 036 000	212 318 000
0281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 3281)		
	01 Driftsutgifter	411 824 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	1 681 000	
	30 Fellesmidlar, <i>kan overførast</i>	30 200 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	33 332 000	
	60 Tilskott til RiT 2000, <i>kan overførast</i>	111 050 000	
	70 Tilskott til utgiving av lærebøker	6 736 000	
	71 Tilskott til Stiftelsen for helsetenesteforskning ved Sentralsjukehuset i Akershus	4 696 000	
	72 Stipendmidlar for etterutdanning av kunstnarar	1 894 000	
	73 Tilskott til internasjonale program	45 091 000	
	75 Tilskott til UNIK	12 360 000	
	76 Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	32 652 000	
	90 Kapitalinnskott i forskingsstiftelsar	208 000	691 724 000
0282	Privat høgskoleutdanning		
	70 Tilskott	365 094 000	365 094 000
	Sum Høgre utdanning		14 613 245 000
	Forsking		
0283	Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 3283)		
	01 Driftsutgifter	220 590 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	21	Særskilde driftsutgifter	68 642 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	9 583 000	
	70	Den meteorologiske verdsorganisa- sjonen	2 110 000	
	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt, <i>kan overførast</i>	44 088 000	345 013 000
0285		Noregs forskingsråd		
	52	Forskingsformål	638 079 000	
	55	Administrasjon	174 718 000	812 797 000
0286		Fondet for forskning og nyskaping (jf. kap. 3286)		
	50	Overføring til Noregs forskingsråd	203 500 000	
	90	Fondskapital	3 000 000 000	3 203 500 000
0287		Forskingsinstitutt og andre tiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	4 500 000	
	50	NOVA	19 393 000	
	52	Norsk Utanrikspolitisk Institutt	14 380 000	
	54	Forskingsstiftelsar	33 965 000	
	71	Tilskott til andre private institusjonar	11 131 000	
	72	Til disposisjon for departementet	2 160 000	85 529 000
0288		Internasjonale samarbeidstiltak		
	72	Internasjonale grunnforskningsorgani- sasjonar	90 026 000	
	74	Til disposisjon for internasjonalt utdanningssamarbeid	2 044 000	92 070 000
		Sum Forsking		4 538 909 000
Den norske kyrkja				
0294		Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 3294)		
	01	Driftsutgifter	92 844 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	3 145 000	
	71	Tilskott til kyrkjelege formål	73 760 000	
	72	Tilskott til kyrkjeleg verksemd i kom- munane	85 000 000	
	79	Til disposisjon for departementet, <i>kan overførast</i>	500 000	255 249 000
0295		Presteskapet (jf. kap. 3295)		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 294 post 71</i>	557 338 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	124 000	557 462 000
0297		Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 3297)		
	01	Driftsutgifter	26 988 000	26 988 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
0299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 3299)		
	01 Driftsutgifter	16 500 000	
	79 Til disposisjon for felleskyrkjelege tiltak, <i>kan overførast</i>	25 000 000	41 500 000
	Sum Den norske kyrkja		881 199 000
	Statsbankane		
2410	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 5310)		
	01 Driftsutgifter	234 657 000	
	70 Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 396 700 000	
	71 Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	797 000 000	
	72 Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 498 000 000	
	73 Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	428 700 000	
	74 Tap på utlån	452 000 000	
	75 Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	4 396 000	
	90 Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	8 069 000 000	15 880 453 000
	Sum Statsbankane		15 880 453 000
	Sum departementets utgifter		43 334 818 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Administrasjon		
3200	Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (jf. kap. 200)		
	05 Refusjon frå NORAD	721 000	721 000
3202	Læringssenteret (jf. kap. 202)		
	01 Inntekter frå oppdrag	6 545 000	
	02 Salsinntekter o.a.	12 390 000	18 935 000
3203	Statens utdanningskontor (jf. kap. 203)		
	01 Inntekter frå oppdrag	1 200 000	
	02 Salsinntekter o.a.	3 581 000	
	11 Kursavgifter	6 570 000	11 351 000
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen (jf. kap. 204)		
	02 Salsinntekter o.a.	206 000	206 000
	Sum Administrasjon		31 213 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Grunnskolen			
3221	Tilskott til grunnskolen (jf. kap. 221)		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	24 395 000	24 395 000
3222	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat (jf. kap. 222)		
	02 Salsinntekter o.a.	340 000	340 000
	Sum Grunnskolen		24 735 000
Vidaregåande opplæring			
3232	Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå (jf. kap. 232)		
	02 Salsinntekter o.a.	12 002 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar	719 000	12 721 000
3238	Kvalitetsutvikling i vidaregåande opplæring (jf. kap. 238)		
	05 Refusjon frå NORAD	2 060 000	2 060 000
	Sum Vidaregåande opplæring		14 781 000
Andre tiltak i utdanninga			
3243	Kompetansesenter for spesialundervisning (jf. kap. 243)		
	01 Inntekter frå oppdrag	37 129 000	
	02 Salsinntekter o.a.	4 356 000	
	11 Kursavgift ved vaksenopplæring og etterutdanning	2 055 000	
	60 Betaling frå kommunar og fylkeskommunar	3 543 000	47 083 000
	Sum Andre tiltak i utdanninga		47 083 000
Vaksenopplæring			
3254	Tilskott til vaksenopplæring (jf. kap. 254)		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	57 112 000	57 112 000
3256	VOX - Vaksenopplæringsinstituttet (jf. kap. 256)		
	01 Inntekter frå oppdrag	12 166 000	
	02 Salsinntekter o.a.	5 492 000	17 658 000
	Sum Vaksenopplæring		74 770 000
Høgre utdanning			
3264	Noregs handelshøgskole (jf. kap. 264)		
	01 Inntekter frå oppdrag	12 000 000	
	02 Salsinntekter o.a.	7 609 000	19 609 000
3265	Arkitekthøgskolen i Oslo (jf. kap. 265)		
	01 Inntekter frå oppdrag	4 500 000	
	02 Salsinntekter o.a.	166 000	4 666 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
3268	Noregs idrettshøgskole (jf. kap. 268)		
	01	Inntekter frå oppdrag	5 000 000
	02	Salsinntekter o.a.	6 413 000
	05	Refusjon frå Forsvarsdepartementet	2 347 000
			13 760 000
3269	Noregs musikkhøgskole (jf. kap. 269)		
	01	Inntekter frå oppdrag	1 200 000
	02	Salsinntekter o.a.	291 000
			1 491 000
3273	Statlege kunsthøgskolar (jf. kap. 273)		
	01	Inntekter frå oppdrag	430 000
	02	Salsinntekter o.a.	4 235 000
			4 665 000
3274	Statlege høgskolar (jf. kap. 274)		
	01	Inntekter frå oppdrag	245 565 000
	02	Salsinntekter o.a.	174 426 000
			419 991 000
3278	Noregs landbrukshøgskole (jf. kap. 278)		
	01	Inntekter frå oppdrag	150 869 000
	02	Salsinntekter o.a.	26 589 000
	03	Diverse inntekter	174 000
	49	Sal av eigedom	10 000
			177 642 000
3279	Noregs veterinærhøgskole (jf. kap. 279)		
	01	Inntekter frå oppdrag	55 099 000
	02	Salsinntekter o.a.	21 060 000
	04	Refusjon gebyrstipend	1 173 000
			77 332 000
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar (jf. kap. 281)		
	01	Inntekter frå oppdrag	168 000
	02	Salsinntekter o.a.	109 000
			277 000
		Sum Høgre utdanning	719 433 000
		Forsking	
3283	Det norske meteorologiske institutt (jf. kap. 283)		
	01	Inntekter frå oppdrag	63 675 000
	02	Salsinntekter o.a.	11 144 000
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	59 000
	05	Refusjon for flyvêrtenester	68 050 000
			142 928 000
3286	Fondet for forsking og nyskaping (jf. kap. 286)		
	80	Avkastning	203 500 000
		Sum Forsking	346 428 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Den norske kyrkja				
3294	Kyrkjeleg administrasjon (jf. kap. 294)			
	01	Inntekter frå oppdrag	3 145 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 487 000	
	04	Refusjonar	5 203 000	9 835 000
3295	Presteskapet (jf. kap. 295)			
	01	Inntekter frå oppdrag	124 000	
	04	Husleigeinnbetalingar o.a.	1 933 000	2 057 000
3297	Nidaros domkyrkje m.m. (jf. kap. 297)			
	02	Salsinntekter o.a.	6 086 000	
	04	Leigeinntekter o.a.	4 627 000	10 713 000
3299	Opplysningsvesenets fond (jf. kap. 299)			
	54	Overføring frå Opplysningsvesenets fond	41 500 000	41 500 000
		Sum Den norske kyrkja		64 105 000
Statsbankane				
5310	Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)			
	03	Diverse inntekter	52 000	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	7 014 000	
	72	Gebyr	128 000 000	
	90	Avdrag	4 768 000 000	
	91	Tap og avskrivningar	663 000 000	5 566 066 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning (jf. kap. 2410)			
	80	Renter	4 941 000 000	4 941 000 000
		Sum Statsbankane		10 507 066 000
		Sum departementets inntekter		11 829 614 000

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i:

1. at Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i 2001 kan overskride løyvingar mot til-

svarande meirinntekter på kapittel og postar som viste i tabellen nedanfor:

Fullmakt til å overskride løyvingar på	mot tilsvarande meirinntekter på
Kap. 200 post 01	Kap. 3200 post 02
Kap. 202 post 01	Kap. 3202 post 02
Kap. 203 post 01	Kap. 3203 postane 02 og 11
Kap. 204 post 01	Kap. 3204 post 02

Fullmakt til å overskride løyvingar på	mot tilsvarende meirinntekter på
Kap. 222 post 01	Kap. 3222 post 02
Kap. 232 post 01	Kap. 3232 post 02 og 61
Kap. 243 post 01	Kap. 3243 postane 02, 11 og 60
Kap. 256 post 01	Kap. 3256 post 02
Kap. 264 post 01	Kap. 3264 postane 02 og 11
Kap. 265 post 01	Kap. 3265 postane 02 og 11
Kap. 268 post 01	Kap. 3268 postane 02, 04 og 05
Kap. 269 post 01	Kap. 3269 postane 02 og 06
Kap. 273 post 01	Kap. 3273 postane 02 og 06
Kap. 274 post 01	Kap. 3274 postane 02 og 11
Kap. 278 post 01	Kap. 3278 post 02
Kap. 278 postane 45 og 49	Kap. 3278 post 49
Kap. 279 post 01	Kap. 3279 post 02 og 04
Kap. 281 post 01	Kap. 3281 post 02
Kap. 283 post 01	Kap. 3283 post 02
Kap. 283 post 21	Kap. 3283 post 05
Kap. 283 post 45	Kap. 3283 post 02
Kap. 294 post 01	Kap. 3294 postane 02 og 04
Kap. 294 post 21	Kap. 3294 postane 60 og 70
Kap. 297 post 01	Kap. 3297 postane 02 og 04
Kap. 299 postane 01 og 79	Kap. 3299 post 54

1. at løyvingane til oppdragsverksemd på postane 21 i 2001 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter.

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i 2001 kan:

1. gi tilsegn om å utbetale inntil kr 20 000 000 i år 2002 for avtaler om produksjonsstøtte inngåtte med forlaga i 2001, jf. kap. 202.
2. gi tilsegn om å utbetale inntil kr 3 000 000 i 2002 for avtaler om produksjonsstøtte inngåtte med forlaga i 2001, jf. kap. 206.
3. gi tilsegn om tilskott til opplæring i finsk som andrespråk for 1. halvår 2002 (2. halvdel av skoleåret 2001-02) etter dei satsane som blir fastsette for 2. halvår 2001 (1. halvdel av skoleåret 2001-02), jf. kap. 221 post 64.
4. gi tilsegn om tilskott til vidareutdanning i finsk tilsvarende 2 studiepermisjonar for 1. halvår

2002 (2. halvdel av skoleåret 2001-02) etter gjeldande reglar, jf. kap. 221 post 64.

5. gi tilsegn om tilskott til opplæring for elevar med anna morsmål enn norsk og samisk i grunnskolen for 1. halvår 2002 (2. halvdel av skoleåret 2001-02) etter dei satsane som blir fastsette for 2. halvår 2001 (1. halvdel av skoleåret 2001-02), jf. kap. 221 post 65.
6. gi tilsegn for inntil kr 100 000 000 utover gitt løyving på kap. 228 Kvalitetsutvikling i grunnskolen, post 21.
7. gi tilsegn om tilskott til bygging av studentbusstader med inntil kroner 196 000 000 ut over løyving på kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for elevar og studentar, post 75.
8. gi tilsegn for inntil kr 37 500 000 til Noregs forskingsråd ut over den løyvinga som er gitt på kap. 285 Noregs forskingsråd, post 52.
9. gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å gi støtte for 1. halvår 2002 (2. halvdel av undervisningsåret 2001-02) etter dei satsane som blir fastsette 2. halvår 2001 (1. halvdel av undervisningsåret 2001-02), jf. kap. 240 og 2410.

10. gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å gi tilsegn om tillegg til lånet for 2001 med kr 3 505 per måned i opptil 2 månader for studen-
tar som tek del i undervisning som er omfatta
av ordninga med sommarundervisning.

IV

Fullmakter vedrørende fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Noregs landbrukshøg-
skole kan nytte inntekter ved sal av eigedommar
til kjøp og vedlikehald av andre eigedommar til
undervisnings- og forskingsformål.

V

Andre fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. Privatistar som melder seg til eksamen, og kan-
didatar som melder seg til fag-/sveineprøver
etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr
per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskom-
munen. Privatistar som melder seg til eksa-
men, skal betale kr 260 dersom privatisten
ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som priva-
tist eller elev, og kr 530 ved forbetningsprøver.
Kandidatar som melder seg til fag-/sveineprø-
ver etter opplæringslova § 3-5, skal betale kr
530 per prøve dersom kandidaten ikkje har gått
opp tidlegare, og kr 1 050 ved seinare forsøk.
 2. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartemen-
tet kan organisere innkrevjing av Kopinorav-
gift og utgifter til papir/kopiar frå studentar
ved underliggjande institusjonar.
 3. Institusjonar under lov om universitet og høg-
skolar kan etter nærmare retningslinjer frå
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartemen-
tet få løyve til å ta eigendelar av kursdeltakarar
for studiar.
 4. Kap. 260 Universitetet i Oslo, kap. 261 Univer-
sitetet i Bergen, kap. 262 Noregs teknisk-natur-
vitskaplege universitet og kap. 263 Universite-
tet i Tromsø får unntak frå Bevilgningsregle-
mentets § 4.
 5. Ubrukte løyvingar for 2000 under kap. 260 Uni-
versitetet i Oslo, kap. 261 Universitetet i Ber-
gen, kap. 262 Noregs teknisk-naturvitskaplege
universitet og kap. 263 Universitetet i Tromsø,
postane 01 Driftsutgifter, 21 Særskilde driftsut-
gifter, 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald
og 49 Kjøp av eigedom, kan overførast i sam-
svar med vanlege reglar til 2001 til post 50
Statstilskott under høvesvis kap. 260 Universi-
tetet i Oslo, kap. 261 Universitetet i Bergen,
kap. 262 Noregs teknisk-naturvitskaplege uni-
versitet og kap. 263 Universitetet i Tromsø.
-
-

